



DET KONGELEGE
UTDANNINGS- OG FORSKINGSDEPARTEMENT

St.prp. nr. 1

(2002–2003)

FOR BUDSJETTERMINEN 2003

Utgiftskapittel: 200–288 og 2410

Inntektskapittel: 3200–3288, 5310 og 5617

Innhald

Del I

Oversikt over budsjettforslaget frå Utdannings- og forskingsdepartementet	7
1 Hovudprioriteringar	9
1.1 Mål, utfordringar og ambisjonar i utdannings- og forskingspolitikken	9
1.2 Kvalitetsutvikling i utdanning og forskning	10
1.3 Større fridom – mangfald i skole og utdanning	11
1.4 Tydelegare ansvar – gode resultat i utdanning og forskning	12
1.5 Betre samarbeid og samspel med samfunns-, arbeids- og næringsliv ..	12
1.6 Budsjettprioriteringar	13
2 Forsking og utvikling i statsbudsjettet	14
3 Eit nytt forskingsråd	19
4 Miljø	23
5 Bruk av stikkordet «kan overførast»	23
6 Oversikt over forslaget til budsjett for Utdannings- og forskingsdepartementet	24

Del II

Nærare om budsjettforslaget	31
<i>Programkategori 07.10 Administrasjon</i>	<i>33</i>
Kap. 200 Utdannings- og forskingsdepartementet (jf. kap. 3200)	36
Kap. 3200 Utdannings- og forskingsdepartementet (jf. kap. 200)	40
Kap. 202 Læringssenteret (jf. kap. 3202)	40
Kap. 3202 Læringssenteret (jf. kap. 202)	44
Kap. 203 Statens utdanningskontor (jf. kap. 3203)	45
Kap. 3203 Statens utdanningskontor (jf. kap. 203)	46
Kap. 204 Foreldreutvalet for grunnskolen (jf. kap. 3204)	47

Kap. 3204 Foreldreutvalet for grunnskolen (jf. kap. 204)	47
Kap. 206 Samisk utdanningsadministrasjon ...	48
Kap. 210 Tilskott til trdomssamfunn m.m. og privatåtte skole- og kyrkjebygg	49
<i>Programkategori 07.20 Grunnskolen og vidaregåande opplæring</i>	<i>50</i>
Kap. 221 Grunnskolen (jf. kap. 3221)	60
Kap. 3221 Grunnskolen (jf. kap. 221)	64
Kap. 222 Statens grunnskolar og grunnskoleinternat (jf. kap. 3222) ..	64
Kap. 3222 Statens grunnskolar og grunnskoleinternat (jf. kap. 222)	65
Kap. 223 Vidaregåande opplæring	66
Kap. 224 Fellestiltak i grunnskolen og vidaregåande opplæring	69
Kap. 226 Kvalitetsutvikling i grunnskolen og vidaregåande opplæring	71
Kap. 228 Kvalitetsutvikling i grunnskolen	74
Kap. 229 Andre formål i grunnskolen	74
Kap. 232 Statlege skolar med opplæring på vidaregåande nivå (jf. kap. 3232)	74
Kap. 3232 Statlege skolar med opplæring på vidaregåande nivå (jf. kap. 232)	77
<i>Programkategori 07.30 Vidaregåande opplæring</i>	<i>78</i>
Kap. 231 Tilskott til vidaregåande opplæring ..	79
Kap. 232 Statlege skolar med opplæring på vidaregåande nivå (jf. kap. 3232)	79
Kap. 3232 Statlege skolar med opplæring på vidaregåande nivå (jf. kap. 232)	79
Kap. 234 Tilskott til lærebedrifter m.m.	80
Kap. 238 Kvalitetsutvikling i vidaregåande opplæring (jf. kap. 3238)	80
Kap. 3238 Kvalitetsutvikling i vidaregåande opplæring (jf. kap. 238)	80
Kap. 239 Andre formål i vidaregåande opplæring	81
<i>Programkategori 07.40 Andre tiltak i utdanninga</i>	<i>82</i>
Kap. 240 Private skolar mv.	83
Kap. 243 Kompetansesenter for spesialundervisning (jf. kap. 3243)	87
Kap. 3243 Kompetansesenter for spesialundervisning (jf. kap. 243)	90
Kap. 248 Særskilde IKT-tiltak i utdanninga	90
Kap. 249 Andre tiltak i utdanninga	94

<i>Programkategori 07.50 Vaksenopplæring, folkehøgskolar og fagskoleutdanning</i>	96	Kap. 3281 Fellesutgifter for universitet og høgskolar (jf. kap. 281)	193
Kap. 251 Fagskoleutdanning	99	Kap. 282 Privat høgskoleutdanning	194
Kap. 253 Folkehøgskolar	100	<i>Programkategori 07.70 Forsking</i>	204
Kap. 254 Tilskott til vaksenopplæring (jf. kap. 3254)	102	Kap. 283 Meteorologisk institutt (jf. kap. 3283)	209
Kap. 3254 Tilskott til vaksenopplæring (jf. kap. 254)	106	Kap. 3283 Meteorologisk institutt (jf. kap. 283)	211
Kap. 256 VOX - Vaksenopplæringsinstituttet (jf. kap. 3256)	106	Kap. 285 Noregs forskingsråd	211
Kap. 3256 VOX - Vaksenopplæringsinstituttet (jf. kap. 256)	108	Kap. 286 Fondet for forskning og nyskaping (jf. kap. 3286)	219
Kap. 258 Forsking, utviklingsarbeid og fellestiltak i vaksenopplæringa	108	Kap. 3286 Fondet for forskning og nyskaping (jf. kap. 286)	222
Kap. 259 Kompetanseutviklingsprogrammet ...	111	Kap. 287 Forskingsinstitutt og andre tiltak (jf. kap. 3287)	223
<i>Programkategori 07.60 Høgre utdanning</i>	113	Kap. 3287 Forskningsinstitutt og andre tiltak (jf. kap. 287)	228
Kap. 260 Universitetet i Oslo	132	Kap. 288 Internasjonale samarbeidstiltak (jf. kap. 3288)	228
Kap. 261 Universitetet i Bergen	137	Kap. 3288 Internasjonale samarbeidstiltak (jf. kap. 288)	231
Kap. 262 Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet	140	<i>Programkategori 07.80 Utdanningsfinansiering</i>	233
Kap. 263 Universitetet i Tromsø	144	Kap. 2410 Statens lånekasse for utdanning (jf. kap. 5310)	237
Kap. 264 Noregs handelshøgskole	148	Kap. 5310 Statens lånekasse for utdanning (jf. kap. 2410)	242
Kap. 3264 Noregs handelshøgskole (jf. kap. 264)	151	Kap. 5617 Renter frå Statens lånekasse for utdanning (jf. kap. 2410)	243
Kap. 265 Arkitekthøgskolen i Oslo	151	<i>Programkategori 07.90 Den norske kyrkja</i>	244
Kap. 3265 Arkitekthøgskolen i Oslo (jf. kap. 265)	153	Kap. 294 Kyrkjeleg administrasjon (jf. kap. 3294)	245
Kap. 268 Noregs idrettshøgskole	154	Kap. 3294 Kyrkjeleg administrasjon (jf. kap. 294)	245
Kap. 3268 Noregs idrettshøgskole (jf. kap. 268)	156	Kap. 295 Presteskapet (jf. kap. 3295)	246
Kap. 269 Noregs musikkhøgskole (jf. kap. 3269)	157	Kap. 3295 Presteskapet (jf. kap. 295)	246
Kap. 3269 Noregs musikkhøgskole (jf. kap. 269)	159	Kap. 297 Nidaros domkyrkje m.m. (jf. kap. 3297)	246
Kap. 270 Studium i utlandet og sosiale formål for elevar og studentar	160	Kap. 3297 Nidaros domkyrkje m.m. (jf. kap. 297)	247
Kap. 273 Statlege kunsthøgskolar (jf. kap. 3273)	162	Kap. 299 Opplysningsvesenets fond	247
Kap. 3273 Statlege kunsthøgskolar (jf. kap. 273)	166	Kap. 3299 Opplysningsvesenets fond (jf. kap. 299)	247
Kap. 274 Statlege høgskolar (jf. kap. 3274)	167	Forslag til vedtak for budsjetterminen 2003, kapitla 200-288 og 2410, 3200-3288, 5310 og 5617	249
Kap. 3274 Statlege høgskolar (jf. kap. 274)	178		
Kap. 278 Noregs landbrukshøgskole	178		
Kap. 3278 Noregs landsbrukshøgskole (jf. kap. 278)	181		
Kap. 279 Noregs veterinærhøgskole (jf. kap. 3279)	182		
Kap. 3279 Noregs veterinærhøgskole (jf. kap. 279)	185		
Kap. 281 Fellesutgifter for universitet og høgskolar (jf. kap. 3281)	185		



DET KONGELEGE
UTDANNINGS- OG FORSKINGSDEPARTEMENT

St.prp. nr. 1

(2002–2003)

FOR BUDSJETTERMINEN 2003

Utgiftskapitla: 200–288 og 2410

Inntektskapitla: 3200–3288, 5310 og 5617

*Tilråding frå Utdannings- og forskingsdepartementet av 13. september 2002,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

Del I
*Oversikt over budsjettforslaget fra Utdannings- og
forskningsdepartementet*

1 Hovudprioriteringar

1.1 Mål, utfordringar og ambisjonar i utdannings- og forskingspolitikken

Regjeringa har som mål at Noreg skal vere blant dei fremste nasjonane i verda innanfor ny teknologi, kompetanse og kunnskap. Eit utdannings- og forskingssystem av høg kvalitet er ein grunnleggjande føresetnad for å nå dette målet og sikre framtidig vekst og velferd i Noreg. Å nytte og vidareutvikle kunnskap og kompetanse blir stadig meir sentralt for verdiskapinga. Samstundes legg kunnskap og kompetanse grunnlaget for sosial og personleg utvikling hos den einskilde og støttar opp om grunnleggjande verdiar som samfunnet vårt er tufta på.

Utdanningssystemet vårt har som overordna mål å gi alle barn og unge opplæring av høg kvalitet, uavhengig av kjønn, bustad, funksjonsevne, etnisk bakgrunn og foreldreøkonomi. Lik rett til utdanning er eit kjernepunkt i velferdssamfunnet, og er ein viktig reiskap for å gjere den einskilde i stand til å forme si eiga framtid. Utdanningssystemet må derfor gjere det mogleg for alle å realisere sine evner og talent. Dette gjeld vaksne så vel som barn og unge. Læring er ein livslang prosess, og utdanningstilbod og læringsformer må vere tilpassa behova som kvar og ein har.

Regjeringa vil utforme ein politikk som tek omsyn til at vi lever i ei tid med teknologiske, sosiale og kulturelle endringar, og at samfunnet vårt i aukande grad er orientert mot verda rundt oss. Regjeringa legg vekt på at skole og opplæring skal ta vare på kristne og humanistiske verdiar og fremme menneskeleg likeverd og likestilling, åndsfridom og toleranse, økologisk forståing og internasjonalt medansvar. Utdanninga spelar ei viktig rolle i utviklinga av det fleirkulturelle samfunnet i Noreg. Utdanningsinstitusjonane må også vere gode arenaer for personleg forming og mogning. Regjeringa går inn for å styrkje verdiformidlinga og verdimedvitet i skolen.

Utdanningssystemet er vorte bygd ut og utvikla gjennom fleire generasjonar. På mange område er det oppnådd gode resultat, særleg når det gjeld tilgang til utdanning og utdanningsnivå i befolkninga. Den delen av folket som tek utdanning ut over grunnskolen, har stige i dei siste 30 åra. Samstundes har det skjedd ei utjamning mellom by og land og mellom gutar og jenter. Undersøkingar viser likevel at om lag ein femtedel av elevane som går ut av grunnskolen, ikkje har tileigna seg grunnleggjande kunnskap og dugleik. Det er relativt sett mykje uro og dårleg disiplin på ungdomssteget i den norske skolen. Fleire undersøkingar tyder på

at omfanget av problemåtferd i grunnskolen aukar. Regjeringa meiner derfor at grunnopplæringa bør betrast på fleire område. Dei sentrale utfordringane er knytte til:

- middels gode faglege prestasjonar i gjennomsnitt
- store skilnader mellom dei faglege resultatata til sterke og svake elevar
- for dårleg samsvar mellom ressursbruk og resultat
- lite handlingsrom på lokalt nivå
- uklare ansvarsforhold og liten tradisjon for leiing
- for dårleg utvikla brukarmedverknad

Regjeringa vil at Noreg skal bli ein leiande kunnskapsnasjon, og vil setje fokus på betre kvalitet og auka fleksibilitet i utdanningssystemet. For å nå måla om høgare kvalitet er det viktig å byggje opp under kunnskapen, engasjementet, kreativiteten og initiativa som finst i norsk utdanning. Menneska som arbeider i utdanning og forskning, utgjer sjølve grunnfjellet i desse sektorane. Regjeringa vil derfor utvikle nasjonale system og insentiv som fremmar den menneskelege kunnskapen og kreativiteten heller enn å hindre dei. Regjeringa vil arbeide for å auke handlingsrommet og fridommen til aktørane i utdanningssystemet. Med meir fridom følgjer også større ansvar. Utdanningsinstitusjonane har eit ansvar for å sikre solid fagleg kunnskap og kompetanse slik at dei norske elevane og studentane får eit godt læringsutbytte, også samanlikna med andre land.

Regjeringa har valt utdanning, med særleg vekt på grunnopplæringa, som eit av dei mest sentrale områda for modernisering og forenkling av offentleg sektor. Arbeidet med modernisering omfattar ei rekkje tiltak og prosessar som skal styrkje kvaliteten på tenestetilboda, gi større fridom lokalt, betre ressursutnyttinga og styrkje brukarmedverknad og sikre interessene til brukarane. Regjeringa har allereie sett i gang ei modernisering av høgare utdanning. Kvalitetsreforma for høgare utdanning er ein viktig del av moderniseringa av offentleg sektor, og er no i ein gjennomføringsfase. Universitet og høgskolar har fått auka fridom i organisatoriske, faglege og økonomiske spørsmål. Dette og ei meir resultatbasert finansiering skal styrkje kvaliteten på utdanninga og medverke til meir effektiv bruk av ressursane.

Forskning er med på å gi større innsikt i naturtilhøve, oss sjølve og samfunnet, og er ein føresetnad for utvikling av ny teknologi, velferd, demokrati og kulturell forståing. Den norske ressursinnsatsen til forskning og utvikling ligg framleis lågt samanlikna med andre OECD-land. Relativt sett blir det nytta

mindre ressursar på grunnforskning i Noreg, og norske verksemdar bruker samla sett ein mindre del av midlane sine på forskning og innovasjon enn det tilfellet er i dei fleste andre europeiske land. Det er behov for meir kunnskapsoverføring og betre samspel mellom aktørane i forskingssystemet.

Regjeringa vil auke ressursinnsatsen til forskning og utvikling ytterlegare og vil arbeide for eit meir velfungerande og framtidretta forskingssystem. Fleire miljø driv forskning på høgt internasjonalt nivå, men samla sett er kvaliteten i norsk forskning låg samanlikna med andre europeiske land. Hovudutfordringar for norsk forskning er knytte til:

- samla sett låg ressursinnsats
- få norske forskingsmiljø i internasjonal toppklasse

For å møte utfordringane innanfor forskning vil Regjeringa både satse på tiltak for å heve kvaliteten og auke ressursinnsatsen. Regjeringa går også inn for store endringar i dagens forskingsrådssystem innanfor ein struktur med eitt forskingsråd, og vil leggje tilhøva til rette for at universitet og høgskolar kan engasjere seg sterkare i arbeidet med å utnytte forskingsresultata økonomisk.

Kunnskapen om stoda i Noreg samanlikna med andre land er viktig ved utforming av den nasjonale politikken. Gjennom deltaking i internasjonale program vil ein kunne medverke til å nå nasjonale mål. Departementet vil både i utdanning og forskning satse på aktiv deltaking i internasjonale fora som OECD, EU-samarbeid, UNESCO og Nordisk Ministerråd. Noreg vil delta i undersøkingar og evalueringar, òg på område som gjeld internasjonal mobilitet. I dette ligg også profilering av norsk utdanning og forskning internasjonalt.

1.2 Kvalitetsutvikling i utdanning og forskning

Forandringar i samfunnet endrar etterspurnaden etter kunnskap og kompetanse og skjerper dei faglege og etiske krava til kvart individ og til arbeidsstyrken som heilskap. Krava til relevant kompetanse og fagleg nivå blir stadig redefinerte. I ein slik situasjon blir det viktig å styrkje ein kjerne av basiskompetanse og kunnskapar som støttar opp om grunnleggjande verdiar. God basiskompetanse legg grunnlaget for livslang læring hos den einskilde. Samstundes må vi sikre at institusjonane innanfor høgre utdanning og forskning held eit høgt internasjonalt nivå.

Kvalitetsutvikling i skole og utdanning inneber eit tydelegare fokus på kva som er relevant kunnskap og kompetanse for den einskilde, men handlar også om nye metodar og teknologi for kunn-

skaps- og kompetansetileigning og ei meir systematisk tilnærming til resultatvurderingar og evalueringar på ulike nivå.

Internasjonale samanlikningar viser at vi ikkje oppnår meir enn middels gode resultat i ulike målingar av kunnskap og kompetanse i skolen. Særleg er det urovekkjande at det er stor spreiding mellom resultata til dei svakaste og dei sterkaste elevane i norsk skole. I dag er arbeidet med kvalitetsutvikling i skole og opplæring i for stor grad prega av uklare mål og lite systematisert kunnskap på nasjonalt nivå. Etablering av nasjonale vurderingssystem vil vere ein føresetnad for å kunne seie noko om kvalitet i utdanninga, både mellom lærestader og skoleeigarar og over tid. Det er derfor ei viktig satsing for Regjeringa å skape eit betre vurderingssystem.

Det regjeringsoppnemnde utvalet for kvalitet i grunnopplæringa (Kvalitetsutvalet) har i delinnstillinga «Førsteklasses fra første klasse» lagt fram fleire forslag om korleis ein kan betre kvaliteten i skole og opplæring. Delinnstillinga har vore på høring og departementet vil sjå forslaga i samheng med andre forslag om modernisering av grunnopplæringa.

For å få meir informasjon om kvaliteten vil Regjeringa arbeide for å gi foreldre, lærarar, skoleleiing, skoleeigarar og sentrale styresmakter betre innsyn i tilhøvet i norsk skole og opplæring. Informasjon om læringsutbyttet til elevane i brei forstand vil gi kunnskap som vil danne grunnlag for forbetringar.

For å heve kvaliteten i skolen vil Regjeringa også arbeide for å styrkje den faglege opplæringa og forbetre læringsmiljøet. Regjeringa vil styrkje den faglege opplæringa i grunnskolen i basisfaga lesing, skrivning og matematikk. Dette skal skje dels gjennom auka timetal i begynnaropplæringa frå og med hausten 2002, dels gjennom omlegging av lærarutdanninga og etter-/vidareutdanning for lærarar, meir relevant bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi, og gjennom andre tiltak. Sjå nærare omtale under kategoriane 07.20 Grunnskolen og den vidaregåande opplæringa og 07.60 Høgre utdanning.

Departementet har utarbeidd ein strategi for styrking av realfaga i heile utdanningsløpet. Som eit ledd i dette arbeidet er det oppretta eit nasjonalt senter for matematikk i opplæringa, lagd til Noregs teknisk-naturvitskapleg universitet (NTNU). Senteret skal leie og koordinere utviklinga av nye og betre arbeidsmåtar og læringsformer i matematikkopplæringa.

For å betre læringsmiljøet ønskjer Regjeringa tiltak i skolen mot omfattande uro og alvorleg problemåferd som mobbing, rasisme, seksuell trakas-

sering, hærverk og rus. Læringscenteret har utarbeidd ein plan for å fremme lærings- og oppvekstmiljøet til elevane. Regjeringa har lagt fram ein handlingsplan mot rasisme og diskriminering som mellom anna skal sikre at skoleverket gir alle like vilkår og høve til aktivt å motverke rasisme og diskriminering. Vidare har departementet sett i gang fleire tiltak for å utvikle sosial kompetanse og redusere problemåtferd i opplæringa, sjå nærare omtale under kategori 07.20.

For å møte nye kompetansekrav må elevar og studentar meistre IKT og ha tilgang til digitale informasjonskjelder. IKT opnar for nye og meir fleksible læringsformer i utdanninga. Departementet har sett i gang ei rekkje tiltak for å styrkje IKT i utdanninga, sjå nærare omtale under kategoriane 07.20, 07.40 og 07.60.

Kvalitetsreforma for høgre utdanning skal på fleire måtar leggje til rette for ei kvalitetsutvikling ved universitet og høgskolar. Reforma skal gi nye studietilbod i tråd med ein internasjonal gradsstruktur og gi tettare oppfølging av studentane, meir gruppeundervisning og nye vurderingsformer. Regjeringa legg i St.meld. nr. 35 (2001–2002) om rekruttering til undervisnings- og forskerstillingar i universitets- og høgskolesektoren opp til å opprette 1 600 nye doktorgradsstillingar innan 2007. Ved tildeling av nye doktorgradsstipendiatstillingar skal resultatane til institusjonane bli lagt til grunn. Samstundes skal forskingsopptrappinga medverke til å betre arbeidsvilkåra for kvar forskar, sjå nærare omtale under kategori 07.60.

Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) blir ein sentral instans for å sikre høg kvalitet på utdanningane ved universitet og høgskolar. Organet vil vere i arbeid frå 1. januar 2003, og få vesentleg mynde i akkrediterings- og godkjenningsspørsmål. I arbeidet med ny lov om fagskoleutdanning vil Regjeringa leggje opp til at NOKUT også skal godkjenne nye fagskoleutdanningar.

Norske forskarar publiserer mindre og blir sjeldnare siterte enn forskarar frå dei andre nordiske landa. Men norsk forskning har òg miljø som hevdar seg internasjonalt, mellom anna innanfor EUs rammeprogram for forskning. Ordninga med senter for framifrå forskning har vist at vi har mange forskingsmiljø med kvalitet og ambisjonar. Frå juni 2002 er det oppretta 13 senter for framifrå forskning. Opptrappinga av forskingsinnsatsen skal i første rekkje gå til å styrkje kvaliteten i norsk forskning, både ved å få fleire forskarar og forskingsmiljø opp i internasjonal toppklasse og ved ei meir generell og brei kvalitetsheving, sjå nærare omtale under kategoriane 07.60 og 07.70.

1.3 Større fridom – mangfald i skole og utdanning

Erfaring viser at det er den einskilde skolen, opplærings- og utdanningsinstitusjonen som har innsikt i og kompetanse til å vurdere kva som er mest tenleg å gjere for å nå sentralt og lokalt fastsette mål. Regjeringa vil derfor gi større fridom til skole, opplærings- og utdanningsinstitusjonar slik at dei kan bli meir handlegraftige og kan nytte den menneskelege kreativiteten og innsatsviljen fullt ut. Vidare vil Regjeringa auke valfridommen for brukarane og sikre elevar, foreldre og studentar innverknad på utforming av utdanningstilboda. Større fridom og større medverknad frå brukarane vil gi meir mangfald i skole og utdanning. Det vil også kunne medverke til at opplæringa får meir mening for elevane og studentane.

For å auke handlingsrommet for skole og opplæringsinstitusjonar i grunnopplæringa har departementet sett i gang eit arbeid som vil vurdere korleis læreplanar, reglar og avtaleverk kan forenklast. Målet er færre og tydelegare sentrale mål. Departementet tek sikte på å fremme forslag om nødvendige endringar fortløpande for Stortinget. Som del av moderniseringsarbeidet vil ein også vurdere systemet for finansiering av grunnopplæringa.

For å auke valfridommen til foreldra ønskjer Regjeringa at det skal bli enklare å starte frittstående skolar i Noreg. Departementet har sendt forslag til ny lov om frittstående skolar på høring og tek sikte på å leggje fram ein odelstingsproposisjon for Stortinget om saka, sjå nærare omtale under kategori 07.40.

Universitet og høgskolar har i samband med Kvalitetsreforma for høgre utdanning fått overført fleire fullmakter på det faglege, organisatoriske og økonomiske området. I forslaget til budsjett for 2003 legg Regjeringa opp til at dei institusjonane som ikkje tidlegare har vore nettobudsjetterte, og som er førebudde på det, blir nettobudsjetterte. Departementet vurderer ytterlegare fristilling av institusjonane og vil sjå dette i samband med ei ny felles lov for universitet og høgskolar, sjå nærare omtale under kategori 07.60.

Regjeringa ønskjer mest mogleg lik handsaming mellom private og offentlege høgskolar. Dei private høgskolane vil no få ei utvida godkjenningssordning slik at dei får faglege fullmakter som er meir på linje med statlege utdanningsinstitusjonar. Departementet har starta arbeidet med ei ny felles lov for offentlege og private utdanningsinstitusjonar i høgre utdanning.

1.4 Tydelegare ansvar – gode resultat i utdanning og forskning

Med større fridom får skole, opplærings- og utdanningsinstitusjonar meir ansvar, og dei må i større grad innfri krav om gode resultat frå brukarane og frå sentrale og lokale styresmakter. Regjeringa vil arbeide for å ansvarleggjere alle ledd ved å fokusere sterkare på leiing på ulike nivå i institusjonane. Vidare ønskjer Regjeringa å stimulere til betre kvalitet i utdanning og forskning ved å premiere skolar, utdannings- og forskingsinstitusjonar som kan vise til gode resultat.

I grunnskolen og vidaregåande opplæring er kommunane og fylkeskommunane eigarar. Regjeringa ser det som viktig å leggje system og insentiv til rette for at kommunar og fylkeskommunar skal kunne utøve ein god eigarskap. Departementet har oppfordra alle aktørar i grunnskolen og i vidaregåande opplæring til å ta i bruk lokal handlingsfridom og har gått inn for ei liberal praktisering av forsøksheimelen i opplæringslova. For ytterlegare å stimulere til utviklingsarbeid og forsøk i grunnsopplæringa har departementet innført ei ordning med særskilt tilskott til utvalde demonstrasjons- og bonuskolar. Demonstrasjonsskolar og bonuskolar er skolar som m.a. har utmerkt seg ved å arbeide systematisk for å betre kvaliteten på utdanninga. Demonstrasjonsskolane har fått eit særskilt ansvar for å spreie erfaringane frå utviklingsarbeidet sitt til andre skolar. Læringscenteret har valt ut 22 demonstrasjonsskolar og 92 bonuskolar i 2002, sjå nærare omtale under 07.20. Ordninga vil bli utvida.

Nasjonale og internasjonale forsking viser at læraren er den faktoren som har mest å seie for resultatene til elevane på skolen, nest etter heimebakgrunn. Det er derfor viktig for Regjeringa å satse på tiltak som styrkjer og utviklar den viktige rolla som læraren har. I samsvar med intensjonserklæringa som vart inngått mellom staten og hovudsamanslutningane i 2000, skal departementet og lærarorganisasjonane forhandle om ny arbeidstidsavtale for undervisningspersonalet. Den nye avtalen får verknad frå 1. august 2003. Målsettinga er ein avtale som sørgjer for det profesjonelle handlingsrommet til læraren, samstundes som han medverkar til auka elevkontakt, auka fleksibilitet og betre ressursutnytting. Det er ei viktig utfordring å sørgje for eit breitt samansett lærarkollegium der også menn og minoritetar er godt representerte.

Skoleleiaren spelar ei nøkkelrolle i utviklinga av skolen som opplæringsarena. Skolane treng skoleleiarar som er kompetente og engasjerte når det gjeld innhald, organisering og drift av skolen.

Regjeringa vil medverke til å sikre at skoleleiaren får høve til å utøve leiarskap. For at skoleleiarane skal bli enda betre til å oppfylle høge kvalitetskrav og ta på seg nye leiaroppgåver, har departementet også teke initiativ til utvikling av nye tilbod om utdanning i skoleleiing heilt opp til mastergradsnivå.

For å styrkje leiinga og styringa av verksemda ved universitet og høgskolar er lova for universitet og høgskolar endra på sentrale område. Universitet og høgskolar kan no velje om ein leiar på avdelings- eller grunneiningsnivå skal veljast eller tilsetjast på åremål. Uavhengig av kva slags leiing institusjonane vel, føreset departementet at institusjonane formulerer mål, krav og forventningar til leiarane på alle nivå, og avklarar kva for verkemiddel dei kan nytte for å oppfylle mandatet for leiing.

Kvalitetsreforma for høgre utdanning skal stimulere både studentar og institusjonar til å oppnå betre resultat. Studentane vil få ein større del av utdanningsstøtta frå Lånekassen som stipend ved gjennomførte studium. Frå og med 1. november 2002 vil stipenddelen utgjere 40 pst. av kostnadsnormen, men berre 25 pst. blir utbetalt som stipend ved studiestart. Dei resterande 15 pst. blir omgjorde til stipend ved gjennomførte studium. Institusjonane vil få auka løyvingar dersom studentane ved institusjonen samla sett klarar å avlegge fleire vektal enn året før, eller dei kan vise til betre resultat frå forskingsverksemda enn andre institusjonar. Departementet vil arbeide vidare med forskingsdelen i nytt finansieringssystem for universitet og høgskolar. I framlegget til budsjett for 2003 er 38 pst. av det samla budsjettet for universitet og høgskolar fordelt etter resultat – både på undervisningssida og på forskningssida. Regjeringa gjer framlegg om eit nytt finansieringssystem for dei private høgskolane frå og med 1. januar 2003, sjå nærare omtale under kategori 07.60.

1.5 Betre samarbeid og samspel med samfunns-, arbeids- og næringsliv

Kunnskap og kompetanse er vår viktigaste konkurransefaktor i ein global kunnskapsøkonomi. Samstundes er kunnskap og kompetanse ein individuell føresetnad for deltaking i arbeids- og samfunnslev. Kunnskap og kompetanse er vorte den sentrale ressursen og livslang læring den fundamentale prosessen. Dette krev eit betre samarbeid og samspel mellom utdannings- og forskingsinstitusjonane og samfunns-, arbeids- og næringsliv. Krav om samarbeid med samfunns- og arbeidsliv er derfor teke inn i ny lov for universitet og høgskolar.

For å setje oss betre i stand til å nytte kompetanseformuen, vil departementet utvikle ein nasjo-

nal kompetanserapport. Rapporten vil skildre kva kompetanse har å seie for velferd, innovasjon og verdiskaping. Det vil òg bli drøfta kva for kompetansebehov enkeltmennesket vil ha i framtida.

Noreg vil ta del i OECD-undersøkinga Adult Literacy and Lifeskills Survey (ALL), som vil gi samanliknbar informasjon om lese- og talforståing og problemløysing i ei rekkje land, sjå omtale under kategori. 07.50 Vaksenopplæring, folkehøgskolar og fagskoleutdanning.

Regjeringa følgjer no opp tilrådingane etter at OECD har gjennomgått området livslang læring i Noreg. I evalueringa får Noreg positiv omtale for arbeidet med Kompetansereforma, men det blir mellom anna peikt på område der det er behov for meir samordning. Regjeringa har derfor våren 2002 oppretta Forum for kompetanse og arbeidsliv som eit strategisk samarbeidsorgan for kompetansespolitikken. Statsrådar, partane i arbeidslivet og representantar for utdanningsinstitusjonane er deltakarar i forumet, som skal drøfte faglege og politiske spørsmål som rører ved samspelet mellom kompetanse, arbeidsliv og verdiskaping, med særleg vekt på fornying og verdiskaping.

Noreg ligg i fremste rekkje i Europa når det gjeld å utvikle dokumentasjon og verdsetjing av realkompetanse i arbeidslivet og i utdanningssystemet. Det er vist stor interesse frå både EU og andre land for desse utviklingsprosessane. Regjeringa prioriterer internasjonalt samarbeid som medverkar til å byggje ned hindringar for mobilitet av kompetanse og arbeidskraft, mellom anna gjennom samarbeid om system for realkompetanse. Det vil bli etablert eit nasjonalt system for dokumentasjon og verdsetjing av realkompetanse i samarbeid om system for realkompetanse.

Innvandrarar utgjer i stor grad ein uutnytt arbeidskraftsressurs. Regjeringa har foreslått endringar i opplæringslova som skal betre høvet for innvandrarar til å presentere kompetansen sin gjennom yrkesprøving.

Undersøkingar viser at arbeidsplassen er den viktigaste læringsarenaen for vaksne. Regjeringa foreslår å løyve 20 mill. kroner i 2003 for å stimulere verksemdar til å kombinere norskopplæring og arbeid for innvandrarar. Yrkesprøving vil òg kunne medverke til å få fleire registrerte arbeidsøkjarar i jobb.

Regjeringa vil gjennom prosjektet «Ungt entreprenørskap» arbeide for å fremme kreativitet, etablerarkunnskap og kjennskap til arbeidslivet hos elevane, med sikte på eit systematisk og varig samarbeid mellom arbeids- og næringsliv og skole- og opplæringsinstitusjonar lokalt.

Regjeringa vil opne opp for alternative praktiske opplæringsløp som legg til rette for at mindre

motiverte elevar kan komme raskare ut i arbeidslivet.

Regjeringa ønskjer å medverke til å dekkje behova i arbeidslivet for yrkesretta, relativt kortvarige og fleksible utdanningar gjennom ei ny lov om fagskoleutdanning. Regjeringa vil leggje fram eit forslag til ny lov i tråd med Innst. S. nr. 177 (2000–2001) og St.meld. nr. 20 (2000 – 2001) Om korte yrkesretta utdanningar etter vidaregåande opplæring, sjå omtale under kategori 07.50.

Kvalitetsreforma for høgre utdanning skal gi ei meir effektiv overføring av kunnskap og kompetanse frå dei høgre utdanningsinstitusjonane til arbeidslivet. Med auka fridom til å opprette og leggje ned studietilbod kan universitet og høgskolar raskare utvikle studietilbod i tråd med ønske frå søkjarane og/eller behova i arbeidslivet. Kortare studieløp og betre gjennomstrøyming vil føre til at studentane raskare kjem ut i arbeidslivet.

Universitet og høgskolar vil få eit større ansvar for å sikre at forskingsresultat blir brukte i samfunns- og næringsliv. Regjeringa har fremma lovendringar som tek sikte på å leggje tilhøva betre til rette for at universitet og høgskolar skal engasjere seg sterkare i arbeidet med å utnytte forskingsresultat økonomisk, i form av patent. Såleis skal både samfunns- og næringsliv få eit større utbytte av investeringane i desse institusjonane.

Regjeringa legg opp til vesentlege endringar i styringa og organiseringa av Forskningsrådet. Regjeringa har særleg teke omsyn til grunnleggjande forskning og til næringsretta forskning og innovasjon når desse spørsmåla har blitt vurderte. Regjeringa foreslår at Forskningsrådet får færre avdelingar og blir organisert etter funksjon. Hovudstyret vil bli mindre og få ei tydelegare rolle enn tidlegare. Dei overordna prinsippa for eit nytt forskingsråd er nærare omtala i kapittel 3.

1.6 Budsjettprioriteringar

Regjeringa har som mål å heve kvaliteten i alle delar av utdanninga. Som ledd i ei slik satsing vil Regjeringa løyve om lag 380 mill. kroner til kvalitetsutvikling i grunnopplæringa. For å motivere den einskilde skolen til innsats, kvalitetsheving og nytenking vil Regjeringa utvide ordninga med bonus- og demonstrasjonsskolar. Ordninga blir i 2003 vurdert utvida til òg å omfatte lærebedrifter. Regjeringa vil vidare gjennomføre ei brei satsing for å betre opplæringa i basisfaga, mellom anna gjennom stipend til lærarar for vidareutdanning i norsk og matematikk og gjennom ein nasjonal strategi for styrking av realfaga. For å stimulere leseinteressa hos elevane vil departementet styrkje kom-

petansen i bruk av skolebiblioteka. Vidare blir tiltak mot uro og problemåtfærd i skolen prioritert.

Regjeringa satsar vidare på informasjons- og kommunikasjonsteknologi i utdanninga i 2003. IKT i lærarutdanninga og kompetanseutvikling i IKT for lærarar, infrastruktur, digitale læremidlar og nasjonal utdanningsportal er tiltak som blir prioriterte.

Eit godt arbeidsmiljø er ein føresetnad for at elevane skal få eit godt læringsutbytte. For å setje skoleeigarane i stand til å satse på opprusting av skoleanlegga vil Regjeringa føre vidare ordninga der staten dekkjer renter på lån til nybygg og rehabilitering av skoleanlegg. I 2003 er låneramma på 1 mrd. kroner. Rentekompensasjonen blir løyvd over budsjettet til Kommunal- og regionaldepartementet.

Regjeringa foreslår ei løyving på 8 mill. kroner til førebyggjande tiltak for å hindre fråfall i vidaregåande opplæring, mellom anna gjennom vidareutvikling av oppfølgingstenesta.

Av omsyn til det samla budsjettoplegget blir tilskottet til skolefritidsordningar foreslått redusert med 217 mill. kroner. Dette kan medføre auka brukarbetaling. Tilskottet blir vidare foreslått innlemma i rammetilskottet til kommunane frå 1. august 2003.

Det er frå undervisningsåret 2002–03 innført ei ny støtteordning for elevar og studentar, med unntak av unge elevar i vidaregåande opplæring. I den nye støtteordninga er kostnadsnormen auka med om lag kr 1 000 per måned til om lag kr 8 000 per måned. Samstundes er utdanningsstipendet auka til inntil 40 pst. av støttebeløpet. Auka stipenddel får verknad frå 1. november 2002. På heilårsbasis er kostnaden av det nye støttesystemet om lag 900 mill. kroner. Regjeringa foreslår å avvikle ordninga med stipend til reiser i Noreg og Norden.

Regjeringa foreslår å løyve 50 mill. kroner til å innføre ei ny støtteordning for unge elevar med rett til vidaregåande opplæring frå skoleåret 2003–04. Ordninga inneber at det blir innført ei ny og meir målretta stipendordning, der ein legg vekt på omsynet til familiar med svak økonomi. Ordninga vil òg omfatte eit behovsprøvd stipend til læremiddel, medan høvet til å få lån fell bort.

I løpet av 2003 skal hovudelementa i Kvalitetsreforma i høgre utdanning innførast. Regjeringa foreslår ei løyving på om lag 510 mill. kroner til reforma. Dette er ein auke på om lag 220 mill. kroner i høve til løyvinga i 2002. Løyvinga til universitet og høgskolar blir vidare foreslått styrkt med 187 mill. kroner i samband med opptrappinga av satsinga på forskning. For desse midlane vil Regjeringa mellom anna opprette 200 nye rekrutteringsstillingar frå hausten 2003. Løyvinga på 350 mill.

kroner til forskning i universitets- og høgskolesektoren frå 2002 blir i tillegg foreslått vidareført.

Regjeringa vil førebu etableringa av eit nytt studietilbod i odontologi ved Universitetet i Tromsø, med sikte på ei gradvis oppbygging av kapasiteten frå hausten 2004.

Endringar av kapasitet innanfor høgre utdanning er nærare omtala under kategori 07.60.

Regjeringa foreslår å auke løyvinga til dei private høgskolane med om lag 30 mill. kroner i 2003. Midlane skal dekkje rekrutteringsstillingar, forskingsmidlar i det nye finansieringssystemet for private høgskolar, styrking av undervisningsfinansieringa og midlar til gjennomføring av Kvalitetsreforma.

Budsjettforslaget inneber ei styrking av langsiktig grunnleggjande forskning gjennom Noregs forskingsråd med om lag 425 mill. kroner. Av dette er om lag 150 mill. kroner ei mellombels styrking i samsvar med endra fordeling av tippemidlane. Som ein del av satsinga for å heve kvaliteten i forskinga er det foreslått å løyve 20 mill. kroner til ei satsing på «Framifrå unge forskarar» og 93 mill. kroner til ei styrking av satsinga på vitenskapleg utstyr. Det blir vidare foreslått å løyve 30 mill. kroner til ei styrka satsing på forskning på nye materiale. Satsinga på funksjonell genomforskning blir utvida med 50 mill. kroner til 150 mill. kroner i 2003. Ein betydeleg del av veksten i 2003 vil òg gå til dei 13 sentra for framifrå forskning.

Regjeringa foreslår at kapitalen i Fondet for forskning og nyskaping blir auka med 3 mrd. kroner slik at den totale kapitalen i fondet blir på 30 mrd. kroner. Av dette er 14 mrd. kroner ein kompensasjon for bortfall av tippemidlar til forskinga. Auken på 3 mrd. kroner vil gi ei auka avkastning på om lag 180 mill. kroner i 2004. Avkastinga frå den ordinære delen av fondet aukar med om lag 268 mill. kroner til om lag 793 mill. kroner i 2003.

Regjeringa legg opp til ei samla opptrapping av forskingsinnsatsen med omlag 640 mill. kroner i 2003. Veksten vil i hovudsak komme på dei prioriterte områda i forskingspolitikken. Som ein del av forskingssatsinga foreslår Regjeringa å utvide ordninga med skattefrådrag for investeringar i FoU i næringslivet. Ei slik utviding av ordninga vil gi ein auka skattelette for næringslivet på om lag 400 mill. kroner per år.

2 Forsking og utvikling i statsbudsjettet

Innleiing

Forsking og utvikling (FoU) er eit av dei viktigaste satsingsområda til Regjeringa. Regjeringa foreslår

å auke løyvingane til prioriterte forskingsområde, særleg til grunnleggjande forskning. Kapitalen i Fondet for forskning og nyskaping er foreslått auka med 3 mrd. kroner. Det er ei hovudutfordring å få næringslivet til å finansiere meir FoU. For å medverke til dette foreslår Regjeringa å utvide ordninga med skattefrådrag for forskning til å gjelde alle verksemdar. Vidare vil Regjeringa finansiere nye tiltak for å fremme kvalitet i forskinga og arbeide for å betre forskingssystemet.

Mål og utfordringar

Regjeringa har som mål å trappe opp norsk forskingsinnsats til minst gjennomsnittleg OECD-nivå innan 2005. Dette er i tråd med opptrappingsplanen for forskingsløyvingane som vart lagd fram i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2001, jf. Innst. S. nr. 325 (2000–2001) og St.prp. nr. 84 (2000–2001). Opptrappingsplanen varsla behov for ei styrking av dei offentlege forskingsløyvingane på 1 mrd. kroner årleg for å nå målet om ein FoU-innsats på OECD-snittet, målt som prosent av BNP. Nyare anslag viser at behovet er høgre. Ei hovudutfordring i Noreg er å auke forskingsinnsatsen i næringslivet. Opptrappingsplanen føreset at næringslivet står for 60 pst. av auken.

I Noreg vart det brukt 20,3 mrd. kroner på forskning og utviklingsarbeid (FoU) i 1999, som er det siste året det finst offisiell statistikk for. FoU-utgiftene utgjorde da 1,65 pst. av bruttonasjonalproduktet (BNP). Til samanlikning var OECD-gjennomsnittet på om lag 2,2 pst., mens gjennomsnittet for dei nordiske landa var om lag 2,8 pst. FoU-statistikken for 1999 viser at offentlege kjelder finansierte vel 42 pst. av den samla FoU-innsatsen i Noreg, mens næringslivet stod for 49 pst. og utanlandske og andre kjelder stod for om lag 9 pst.

Prioriteringar i 2003-budsjettet

Langsiktig, grunnleggjande forskning

Hovudprioriteringa for Regjeringa er å styrkje den langsiktige, grunnleggjande forskinga, både gjennom dei direkte løyvingane til institusjonane i universitets- og høgskolesektoren og gjennom Noregs forskingsråd. Dei direkte forskingsløyvingane til universitet og høgskolar aukar med 187 mill. kroner. Dei auka løyvingane vil mellom anna gi rom for 200 nye rekrutteringsstillingar og ei monaleg styrking av dei strategiske forskingsløyvingane. Budsjetta til universitet og høgskolar vil bli styrkte i samband med gjennomføringa av Kvalitetsreforma. I alt er om lag 510 mill. kroner sett av til denne reforma i 2003.

Løyvingane frå Utdannings- og forskingsdepartementet til Noregs forskingsråd aukar med i alt om lag 425 mill. kroner, inkludert den delen av avkastninga frå Forskingsfondet som blir forvalta av Forskingsrådet. 93 mill. kroner av auken skal nyttast til vitskapleg utstyr. I tillegg til ei generell styrking av grunnforskinga gir den store auken i forskingsrådsløyvingane også rom for nye tiltak for kvalitet i forskinga og styrking av tverrfaglege satsingar, jf. eigen omtale nedanfor.

Tematiske satsingsområde

Dei tematiske satsingsområda marin forskning, medisinsk og helsefagleg forskning, informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) og forskning i skjeringsfeltet mellom miljø og energi er prioriterte, jf. St.meld. nr. 39 (1998–99).

Regjeringa satsar på marin forskning, og foreslår mellom anna å styrkje satsinga på genetikk og avl på torsk, med hovudtyngdepunkt i Tromsø. I tillegg foreslår Regjeringa å auke grunnløyvinga til Norsk institutt for fiskeri- og havbruksforskning AS (Fiskeriforskning) gjennom Forskingsrådet. Over budsjettet til Fiskeridepartementet er det i 2003 dessutan sett av midlar for å medverke til etablering av ein nasjonal marin biobank i Tromsø. Regjeringa vil auke løyvinga til Ernæringsinstituttet i Bergen for å dekkje kostnader knytte til utskiljing frå Fiskeridirektoratet og for å auke innsatsen knytt til trygg sjømat og fôr til fisk. Satsing på innovasjon, forskning og utvikling er ein føresetnad for å auke verdiskapinga i marin sektor. Regjeringa har starta opp eit tverrdepartementalt arbeid med marin verdiskaping, jf. omtale i budsjettproposisjonen til Fiskeridepartementet.

Som eit ledd i satsinga på medisinsk og helsefagleg forskning foreslår Regjeringa mellom anna å auke løyvingane til klinisk forskning ved regionsjukehusa med over 15 mill. kroner og å auke løyvinga til forskning på stamceller frå fødte menneske. Sjå omtale i budsjettproposisjonen til Helsedepartementet. I tillegg foreslår Regjeringa ei styrking av helsefagleg forskning om barn, vanskelegstilte barnegrupper og familiar samt forskning om barnehagen som førebyggjande arena over budsjettet til Barne- og familiedepartementet. Det er behov for forskning om biologiske og helsemessige verknader av ulike stoff i maten vår, og Regjeringa foreslår derfor å auke løyvingane til forskning om trygge matvarer og næringsmiddelforskning, jf. omtale i budsjettproposisjonane til Landbruksdepartementet og Nærings- og handelsdepartementet.

Innanfor satsinga på IKT-forskning foreslår Regjeringa å auke løyvingane til telekommunika-

sjonsforskning og forskning knytt til bruk av IKT i transportsektoren over budsjettet til Samferdslededepartementet. Vidare vil Regjeringa auke løyvingane til IKT-forskning gjennom Noregs forskingsråd over budsjettet til Nærings- og handelsdepartementet. Prioriterte felt er m.a. mikroteknologi, kommunikasjonsteknologi, programvareteknologi, informasjonssystem og tryggleik. Regjeringa foreslår dessutan å auke løyvinga til «Simula Research Laboratory» på Fornebu, jf. omtale under kap. 285 post 52.

Regjeringa foreslår å styrkje forskning i skjefningsfeltet mellom miljø og energi. Forsking på langtidverknadene av utslepp frå petroleumssektoren til sjøen er saman med anna petroleumsforskning eit prioritert område, og Regjeringa foreslår auka løyvingar til dette. Forsking på bruk av naturgass til energiformål, hydrogen og fornybare energikjelder samt forskning på effektane av miljøendringar er også prioriterte felt. Sjå omtale i budsjettproposisjonane til Olje- og energidepartementet og Miljøverndepartementet om desse satsingane. Over budsjettet til Landbruksdepartementet foreslår Regjeringa å styrkje forskingsinnsatsen om klimagassutslepp og -opptak frå skog- og jordbruk, og forskning om bruk av biomasse frå landbruket til energiformål.

FUGE og forskning på nye materialar

I 2002 vart det starta opp ei samla, nasjonal satsing på funksjonell genomforskning (FUGE). Regjeringa foreslår å auke løyvinga til FUGE med 50 mill. kroner i 2003. Satsinga er tverrsektoriell og vil styrkje biologisk grunnforskning så vel som marin og medisinsk forskning. Vidare vil Regjeringa gi 30 mill. kroner i løyving til ei tverrfagleg forskingssatsing innanfor nye materialar, med særleg vekt på funksjonelle materialar. Sjå omtale under kap. 285 post 52. Også denne satsinga vil vere viktig for både grunnforskning og fleire av dei tematiske satsingane. I tillegg foreslår Regjeringa ein auke i løyvinga til brukarstyrt materialforskning over budsjettet til Nærings- og handelsdepartementet.

Fondet for forskning og nyskaping

Regjeringa foreslår å auke kapitalen i Forskningsfondet med 3 mrd. kroner. Dette vil gi om lag 180 mill. kroner i auka avkastning frå 2004. Fondsavkastninga skal styrkje langsiktig, grunnleggjande forskning generelt og dei langsiktige delane av dei fire tematiske satsingane.

Kvalitet i forskinga

Tiltak for å styrkje kvaliteten i forskinga er eit høgt prioritert område. I 2003-budsjettet foreslår Regjeringa å løyve 20 mill. kroner til ei ny satsing på framifrå unge forskarar (FUF) innanfor alle fagområde. Løyvingane til dei 13 sentra for framifrå forskning aukar frå 70 mill. kroner i 2002 til 140 mill. kroner i 2003. Sentra er finansierte gjennom avkastninga frå Forskningsfondet. Auka løyvingar til vitskapleg utstyr er òg eit viktig kvalitetsfremmande tiltak.

Skattefrådrag for FoU-utgifter

For å stimulere til auka FoU-innsats i norsk næringsliv foreslår Regjeringa å utvide ordninga med skattefrådrag for forskning til å gjelde alle verksemder. Ordninga vart etablert frå 1. januar 2002 og har til no berre gjeldt små og mellomstore verksemder. Sjå meir omtale i skatte- og avgiftsproposisjonen til Finansdepartementet.

FoU-basert nyskaping

Regjeringa foreslår å løyve 10 mill. kroner til eit marint innovasjonsprogram som skal forvalta av Statens nærings- og distriktsutviklingsfond. Programmet skal medverke til utvikling av nyskapande og internasjonalt leiande produkt og produksjonsprosessar, med hovudvekt på marine artar i oppdrett. Torskeoppdrett vil bli prioritert. Sjå omtale i budsjettproposisjonen til Fiskeridepartementet. Vidare foreslår Regjeringa å auke løyvinga til samarbeidsprogrammet innanfor prosjekterte teknologiutvikling i petroleumssektoren (Demo 2000) frå 20 til 30 mill. kroner, jf. omtale i budsjettproposisjonen til Olje- og energidepartementet. Det er viktig at resultatane frå forskinga blir brukte. Regjeringa vil setje i verk tiltak for auka kommersialisering av forskingsresultat, mellom anna gjennom ein monaleg auke i løyvingane til program for forskingsbasert nyskaping (FORNY) i Forskningsrådet over budsjetta til Utdannings- og forskningsdepartementet og Nærings- og handelsdepartementet.

Overslag over FoU-løyvingar i statsbudsjettet

Kvart år utarbeider Norsk institutt for studiar av forskning og utdanning (NIFU) ein statsbudsjettanalyse. Statsbudsjettanalysen viser at meir enn 120 kapittel i statsbudsjettet i større eller mindre grad blir nytta til å finansiere forskning. Med utgangspunkt i NIFUs data, som seier kor stor del av løyvingane som blir nytta til FoU, er det mogleg

å rekne ut eit overslag over dei samla FoU-utgiftene på statsbudsjettet.

Eit slikt overslag viser at dei samla FoU-løyvingane i forslaget til statsbudsjett for 2003 er om lag 12,3 mrd. kroner, jf. tabellen nedanfor. Dette er

ein auke på om lag 640 mill. kroner, dvs. 5,5 pst. samanlikna med saldert budsjett for 2002. I tillegg til løyvingane over budsjettet kjem provenyverkna- den av skatteinsentivordninga for FoU i nærings- livet, jf. omtale ovanfor.

Overslag over løyvingane¹⁾ til forskning over statsbudsjettet

(i mill. kroner)

Departement	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003	Endring 2002/ 2003 (i pst.)
Utanriksdepartementet	378	380	0,5
Utdannings- og forskningsdepartementet	5 523	6 457	16,9
Kultur- og kyrkjedepartementet	71	77	8,5
Justisdepartementet	19	19	0,0
Kommunal- og regionaldepartementet	71	73 ²⁾	2,8
Sosialdepartementet	63	71	12,7
Helsedepartementet	637	672	5,5
Barne- og familiedepartementet	39	41	5,1
Nærings- og handelsdepartementet	1 685	1 514	-10,1 ³⁾
Fiskeridepartementet	794	615	-22,5 ⁴⁾
Landbruksdepartementet	402	423	5,2
Samferdsledepartementet	176	186	5,7
Miljøverndepartementet	382	382	0,0
Arbeids- og administrasjonsdepartementet	423	329	-22,2
Finansdepartementet	64	69	7,8
Forsvarsdepartementet	494	496	0,4
Olje- og energidepartementet	323	358	10,8
Statsbankane	101	125	23,8
Totalt	11 645	12 287	5,5⁵⁾

¹⁾ Tala er netttotal, dvs. korrigererte for bruttobudsjettering. Fordi universiteta f.o.m. 2001 er nettobudsjetterte, er det ikkje lenger meiningsfullt å ha separate tal for brutto- og nettoløyvingar, slik det sist vart gjort i St.prp. nr. 1 (1999–2000).

²⁾ 2003-talet er ei prisomrekning av 2002-talet. Regjeringa foreslår å delegere ansvaret for næringsutvikling i fylke og kommunar til regionalt folkevalt nivå. Fylkeskommunane får derfor frå 2003 ansvaret for hovudtyngda av løyvingane til regional næringsutvikling. Det er usikkert i kva grad denne omlegginga vil påverke kor stor del av midlane som blir nytta til FoU.

³⁾ Den store reduksjonen skriv seg mellom anna frå at budsjetteringsmåten for løyvinga til EUs rammeprogram for forskning er endra. Korrigert for endringa i løyvinga til rammeprogrammet på om lag 208 mill. kroner er det ein auke på 2,2 pst.

⁴⁾ Reduksjonen skriv seg frå at løyvinga til bygging av nytt havforskningsfartøy går ned med 252 mill. kroner, i samsvar med finanseringsplanen. FoU-delen av reduksjonen utgjer om lag 220 mill. kroner. Korrigert for dette, er det ein auke på 5,2 pst.

⁵⁾ Korrigert for dei endringane som er nemnte i fotnote 3 og 4 er det ein auke i FoU-løyvingane på 9,2 pst.

Det blir berekna FoU-delar av løyvingar til bygg som blir nytta til forskingsformål. Nedgangen i FoU over budsjettet til Arbeids- og administrasjonsdepartementet skriv seg frå at løyvingane til slike bygg er monaleg reduserte i høve til 2003.

Budsjettproposisjonane til dei ulike departementa inneheld meir detaljert omtale av dei forskjellige forskingssatsingane.

Forskarrekruttering

Det er ei stor utfordring å få fram tilstrekkeleg mange gode forskarar i dei næraste åra. Målet om å auke den norske forskingsinnsatsen til gjennomsnittleg OECD-nivå innan 2005 føreset nyrekruttering. Samstundes er gjennomsnittsalderen blant forskarar ved institusjonane høg, og på nokre fagområde er rekrutteringa sviktande. Det er òg aukande etterspurnad etter forskarkompetanse i både næringslivet og offentleg sektor. Doktorgradsprojekta er nybrottsarbeid som utvidar kunnskapsfronten og medverkar til nyskaping. Alle delar av norsk forskning er avhengige av at universitet og høgskolar blir vidareutvikla som spennande og utfordrande møtestader for nye forskargenerasjonar, og at tilgangen på personar med vitenskapleg skoloring og kompetanse er god.

For å medverke til auka forskarrekruttering vil Regjeringa prioritere å betre forskingsvilkåra for forskarane, noko som mellom anna krev at institusjonane legg større vekt på strategisk utvikling av forskingsmiljøa sine. Dette er nokre av hovudpunkta i stortingsmeldinga om rekruttering som Regjeringa la fram i mai i år (St.meld. nr. 35 (2001–2002)). Meldinga varslar vidare ei opptrapping av talet på doktorgradsstipendiatstillingar med 1 600 innan 2007, fordelt med 200 stillingar i 2003 og 350 i dei neste fire åra.

På bakgrunn av dette foreslår Regjeringa å opprette 200 doktorgradsstipendiatstillingar over kategori 07.60 Høgre utdanning frå hausten 2003. I tillegg vil det komme midlar til nye rekrutteringsstillingar gjennom den auka avkastninga frå Forskingsfondet på kap. 286 post 50, og gjennom auka løyvingar til Noregs forskingsråd frå fleire departement.

Eit betre forskingsystem

Offentleg finansiering av norsk forskning byggjer på sektorprinsippet. Det er stor grad av ansvarsdeling mellom departementa, og kvart departement er ansvarleg for forskning på sin sektor. Alle departementa gir større eller mindre løyvingar til forskning. Koordinering av forskingspolitikken blir sikra gjennom Regjeringas forskingsutval og eit forskingsutval på departementsnivå, som drøftar overordna prioriteringar og større forskingspolitiske saker. Sekretariatet for desse utvala ligg i Utdannings- og forskningsdepartementet. Departementet er også forvaltningsdepartement for Forskingsrådet, sjå nedanfor.

Regjeringa vil arbeide for eit betre forskingsystem. God koordinering av forskingspolitikken er viktig for å realisere ein heilskapleg forskingspolitikk og forskning på tvers av sektorane. I samband med dette vil Regjeringas forskingsutval bli nytta aktivt. Omorganiseringa av Noregs forskingsråd vil vere viktig for å oppnå eit betre forskingsystem. Sjå omtale i kap. 3 og under kategori 07.70.

Noregs forskingsråd

Forskingsrådet er ein viktig reiskap for å gjennomføre forskingspolitikken. I 2002 blir om lag 30 pst. av statlege midlar til forskning, eller til saman meir enn 3,5 mrd. kroner, kanaliserte gjennom Forskingsrådet. Løyvingane frå departementa til Forskingsrådet omfattar både generelle faglege løyvingar, instituttløyvingar og særskilde midlar som er øymerkte til einskilde program eller prosjekt. I tillegg kjem to tredjedelar av avkastninga frå den ordinære delen av Fondet for forskning og nyskaping. Forskingsrådet får løyvingar frå alle departementa, med unntak av Forsvarsdepartementet. Det er stor skilnad på storleiken på løyvingane frå dei ulike departementa. Dei fleste departementa gir løyvingar til fleire område i Forskingsrådet.

Tabellen nedanfor viser ei oversikt over løyvingforslag for dei største bidragsytande departementa i 2003-budsjettet.

Løyvingar til Noregs forskingsråd frå dei største bidragsytarane.

(i 1 000 kroner)

Kap./post	Departement	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
285/52 og 55	Utdannings- og forskningsdepartementet	884 413	1 149 486 ¹⁾
920/50	Nærings- og handelsdepartementet	799 000	844 535
1830/50	Olje- og energidepartementet	244 100	280 000
1023/50	Fiskeridepartementet	214 500	230 000
1137/50	Landbruksdepartementet	131 214	142 683
1410/51 og 52	Miljøverndepartementet	124 918	131 018
701/50 ²⁾	Helsedepartementet	99 700	110 500
1301/50 ³⁾	Samferdsledepartementet	84 000	104 800
286/50	Fondet for forskning og nyskaping	350 462	528 821
Sum		2 932 307	3 521 843

¹⁾ Av dette er 150 mill. kroner ei kortsiktig løyving som skriv seg frå omlegginga av tippinntektene til forskning, jf. omtale under kap. 285.

²⁾ I 2002-budsjettet var løyvinga fordelt på kap. 701, kap. 719 og kap. 739.

³⁾ Ein mindre del av løyvinga på posten gjeld forskning utanom Noregs forskingsråd.

Som tabellen viser, aukar løyvingane til Forskingsrådet frå dei største bidragsytande departementa med nær 600 mill. kroner. Dette er ein samla auke på om lag 20 pst. i høve til 2002. Avkastninga frå Forskingsfondet og dei ordinære faglege løyvingane over budsjettet til Utdannings- og forskningsdepartementet aukar mest. Dette er i tråd med prioriteringa av langsiktig, grunnleggjande forskning. Om lag 150 mill. kroner av auken er ei mellombels styrking i samsvar med endra fordeling av tippemiddeloverskottet. Auka løyvingar over budsjetta til dei andre departementa gjeld i hovudsak styrking av dei fire tematiske satsingsområda, jf. omtale ovanfor.

I tillegg får Noregs forskingsråd løyvingar frå ei rekkje andre departement. Desse løyvingane er øyremerkte spesielle forskingsprogram og institutt.

Sjå også nærare omtale av Noregs forskingsråd under kategori 07.70.

3 Eit nytt forskingsråd

Oppfølging av evalueringa av Noregs forskingsråd

Kort historikk

Noregs forskingsråd vart oppretta i 1993, jf. St.meld. nr. 43 (1991-92). Til grunn for den politiske behandlinga av saka låg innstillinga frå Grøholtutvalet (NOU 1991: 24 Organisering for helhet og mangfold i norsk forskning). Før reforma var det fem forskingsråd i Noreg (Norges teknisk-naturvitenskapelige forskningsråd, Norges allmennvitenskapelige forskningsråd, Norges landbruksvitenskapelige forskningsråd, Norges fiskeriforskningsråd og Norges råd for anvendt samfunnsforskning). Forslaget om å opprette eit system med eitt forskingsråd fekk brei tilslutning, både i høringa etter Grøholtutvalet si innstilling og i den politiske handsaminga av saka. Både den interne organiseringa av Forskingsrådet og systemet for forskingspolitisk rådgiving, vart i den endelege løysinga ulik den strukturen som vart tilrådd frå Grøholtutvalet.

Om Noregs forskingsråd

Noregs forskingsråd er eit nasjonalt utøvande og rådgivande forskingsstrategisk organ. Noregs for-

skingsråd har ansvar for å auke det allmenne kunnskapsgrunnlaget og skal medverke til å dekkje samfunnet sitt behov for forskning. Forskingsrådet fordeler om lag 30 pst. av dei statlege midlane til forskning og utvikling. Forskingsrådet mottek og fordeler midlar frå alle departementa med unntak av Forsvarsdepartementet. I 2002 har Forskingsrådet eit samla budsjett på 3,6 mrd. kroner.

Forskingsrådet er delt inn i seks ulike område. Dei seks områda er Kultur og samfunn, Medisin og helse, Miljø og utvikling, Bioproduksjon og for- edling, Naturvitskap og teknologi og Industri og energi. Kvart område har sitt eige styre.

Forskingsrådet har eit styringssystem med styre på tre ulike nivå. Hovudstyret er det øvste organet i Forskingsrådet og er ansvarleg for verksemda til Forskingsrådet. Hovudstyret blir oppnemnt av Regjeringa. Hovudstyret peiker ut områdestyra som representerer det andre styringsnivået. Administrerande direktør blir tilsett av hovudstyret. Det tredje styringsnivået er sett saman av ulike faglege komitear og programstyre. Den interne organiseringa av Forskingsrådet er fastsett i vedtektene. Endringar i vedtektene skjer ved kongeleg resolusjon.

Evalueringa av Noregs forskingsråd

Da Stortinget gjorde vedtak om å opprette Noregs forskingsråd, tok det samstundes til orde for ei framtidig evaluering av Forskingsrådet: «Fleirtalet ser behovet for å få evaluert den nye organiseringa når systemet har verka ei tid, gjerne av kunnige som står utanfor det norske miljøet.» (Innst. S. nr. 231 (1991–92)). Planane for evalueringa er lagde fram for Stortinget ved fleire høve, mellom anna Langtidsprogrammet for 1997–2001 og St.meld. nr. 39 (1998–99) Forskning ved et tidsskille. I St.meld. nr. 39 vart det skissert eit opplegg for evalueringa og ei førebels vurdering av reforma.

Etter ei internasjonal kunngjering av prosjektet vart Technopolis Ltd valt ut til å gjennomføre evalueringa. Technopolis er eit internasjonalt institutt som har hovudkontor i Storbritannia. Evalueringa vart utført i samarbeid med fagekspertise frå tyske Fraunhofer-ISI og Universitetet i Twente i Nederland. Eit fagleg tungt og breitt samansett internasjonalt evalueringspanel har stått for kvalitetssikringa av evalueringa og av sjølve prosessen.

Arbeidet med evalueringa vart avslutta i desember 2001.

Noregs forskingsråd vart evaluert opp mot eit sett av målsetjingar. I evalueringa vart desse knytte til seks hovudoppgåver. Nedanfor følgjer eit kort samandrag av hovudfunna i evalueringa.

1. Forskingsrådet skal gi nasjonale og sektorvise råd om forskingspolitikk. Råda skal byggjast på eit nasjonalt perspektiv.

Evalueringa syner at kvaliteten på rådgivinga er blitt betre over tid, samstundes har styresmaktene vorten meir mottakelege for råda. Evalueringa meiner at Forskingsrådet med fordel kunne vore spissare i si rådgiving.

2. Forskingsrådet skal finansiere forskning for å møte behova i samfunnet og næringslivet, og det skal formidle resultatata vidare.

Forskingsrådet har eit breitt nettverk i næringslivet og offentleg sektor. Sjølv om det er mange komitear og styringsorgan i Forskingsrådet, blir rådet oppfatta som lukka. Evalueringa meiner at Forskingsrådet bør bli ein meir open arena.

3. Forskingsrådet skal finansiere grunnforskning og brukarretta forskning.

Evalueringa syner at Forskingsrådet har fått på plass eit sett av prosedyrar som skal sikre at forskning som rådet finansierer, held høg kvalitet. Vidare nyttar Forskingsrådet store delar av budsjettet på samfunnsrelevant forskning. Evalueringa meiner det er rom for å fokusere meir av den grunnleggjande forskinga på strategiske område. Balansen mellom strategisk og fri forskning er eit politisk tema som ikkje har vore grundig nok diskutert i Noreg.

4. Forskingsrådet skal ha eit strategisk ansvar for instituttsektoren i Noreg.

Forskingsrådet har utarbeidd einsarta retningslinjer for finansiering av institutta. Det er laga formålstenlege reglar for evaluering og styring. Autoriteten til å utføre det strategiske ansvaret er for liten, samstundes som Forskingsrådet ikkje har hatt tilstrekkeleg fridom og ressursar til å utøve den strategiske rolla overfor institutta.

5. Forskingsrådet skal fremme samhandlinga mellom den norske og den internasjonale kunnskapsproduksjonen.

Forskingsrådet har gitt finansiell og praktisk støtte for å få norske forskingsmiljø med i forskingsprogram i EU, og har koordinert deltakinga i EU sitt rammeprogram for forskning på ein god måte. Evalueringa syner at Noregs forskingsråd har vore aktivt i å inngå bilaterale internasjonale avtalar, men at få av desse har noko særleg praktisk innhald. I det siste har rådet lagt inn ein internasjonal dimensjon i mange av aktivitetane, og dette blir vurdert som eit viktig framsteg.

6. Forskingsrådet skal nytte eigna og effektive verkemiddel og organisatoriske strukturar for å utføre oppgåvene sine.

Det er eit stort mangfald i oppgåver og oppgåveløysing i Forskingsrådet. I forhold til kompleksiteten i oppgåvene har ikkje Forskingsrådet store administrative kostnader, heller ikkje samanlikna med forskingsråd i andre land. Evalueringa peiker på problema med strukturen i styring og organisering av Forskingsrådet. Evalueringa meiner at hovudstyret og områda kan gi inntrykk av å leve i parallelle univers. Dei har kontakt med ulike miljø utanfor rådet og er opptekne av ulike saker innanfor. I dei siste åra har auka ressursar – mellom anna i samsvar med Fondet for forskning og nyskaping – ført med seg eit nærare samarbeid mellom dei ulike nivåa.

Evalueringa tilrår at ein går vidare med eit system med eitt forskingsråd. Skal ein lukkast, må Forskingsrådet få ein struktur som er tilpassa måla for organisasjonen, samt at koplinga til dei ulike sektorane ikkje blir for sterk. Evalueringa tek til orde for å organisere Forskingsrådet etter funksjon, mellom anna med ei eiga avdeling for grunnforskning og ei avdeling for innovasjon. Dette vil i større grad gjere det mogleg å handsame dei ulike forskingskategoriane ut frå eigne premisser. Evalueringa viser til at Forskingsrådet må få rammevilkår som gjer det mogleg for rådet å nå sine mål. Dette gjeld mellom anna nivået på løyvingane og departementa si styring og bruk av Forskingsrådet.

Regjeringa har lagt vekt på å ha ein open prosess i etterkant av evalueringa. Det vart arrangert ein stor konferanse om evalueringa og ei rekkje møte med ulike aktørar innanfor forskning og næringsliv. Utdannings- og forskningsdepartementet har vidare oppmoda til skriftlege innspel, og saka har vore debattert i media. På denne måten har det komme inn kommentarar og forslag som har vore nyttige i arbeidet med å følgje opp evalueringa.

Spørsmålet om overordna forskingsrådsstruktur har vorte møtt med stor interesse. Dei ulike aktørane var ikkje samde i dette spørsmålet. Ei rekkje av aktørane innanfor forskning ønskte eit system med eitt forskingsråd. Dette gjaldt mellom anna Universitets- og høgskolerådet, som representerer alle universitet og høgskolar, dei teknisk-industrielle institutta og delar av miljøinstitutta. Eit fleirtal av organisasjonane i næringslivet ønskte å skilje ut innovasjonsdelen i Forskingsrådet. Representantar for dei samfunnsfaglege institutta, samt enkeltpersonar innanfor grunnforskning, ønskte også ei deling. Det var ulike syn på korleis Forskingsrådet eventuelt skulle delast. Alle aktørane var samde om at ein står framfor ei rekkje utfordringar innanfor Forskingsrådet, og at desse ikkje

automatisk blir løyste ved ei deling av rådet. Mykje av kritikken som er kommen til syne gjennom evalueringa av Forskingsrådet og i høringa, heng saman med rammevilkåra for norsk forskning og med arbeidsformene i rådet.

Når det gjeld intern organisering av Forskingsrådet, er det også ulike syn. Både i grunnforskingmiljøa og i næringslivet er ein lite nøgd med korleis Forskingsrådet er organisert. Dei fleste legg vekt på at grunnforskning og innovasjon må bli meir synlege i organisasjonen, og at prosjekt innanfor dei ulike forskingskategoriane blir vurderte på sine eigne premisser. Samstundes er mange opptekne av at dei ulike faga og disiplinane kjem til syne i organisasjonen og at ein blir sikra ein god samheng mellom grunnforskning, brukerretra forskning og innovasjon.

Eit nytt forskingsråd

I arbeidet med oppfølginga av evalueringa har Regjeringa i første omgang prioritert spørsmålet om organisering og styring av Forskingsrådet. Når desse forholda er avklara, vil arbeidet med andre spørsmål som det er peikt på i evalueringa, bli teke opp. Dette gjeld mellom anna Forskingsrådet sine rammevilkår og finansiering av grunnforskning. Regjeringa vil føre vidare eit system med eitt forskingsråd. Dette er i tråd med tilrådingane frå evalueringa og med synet til eit fleirtal av dei som er hørte i etterkant av evalueringa. Norsk forskning står framfor ei rekkje store utfordringar, og det er Regjeringa sitt syn at desse best kan møtast innanfor eit system med eitt råd. Evalueringa og høringa har synt at det er naudsynt med omfattande endringar i styring, organisering og arbeidsform i Forskingsrådet. Evalueringa syner også at Forskingsrådet er inne i ei positiv utvikling, og at det er mykje som fungerer bra. Det er viktig at ein evnar å ta vare på dette framover.

Ei viktig oppgåve for Forskingsrådet er å finansiere grunnforskning. Søknader innanfor grunnforskning må handsamast på ein måte som skapar tillit og truverde i grunnforskingmiljøa. Både næringslivet og offentleg sektor sitt behov for forskning må ivaretakast på ein god måte. Forskingsrådet må ha effektive rutinar og prosedyrar. Forskingsrådet har eit breitt spekter av brukargrupper, og det er viktig at rådet sikrar prosedyrar som er tilpassa behova hos dei ulike gruppene.

Den tverrgåande koordineringa i Forskingsrådet må tilleggjast stor vekt. Behova for å sjå grunnforskning og brukerretra forskning i samheng er aukande. Samvirket mellom forskingsinstitusjonar og næringslivet må bli styrkt. Forholda internt i Forskingsrådet må leggjast til rette for koordine-

ring. Store tverrgående program vil vere eit viktig verkemiddel i denne samanhengen. På ei rekkje område innanfor forskingspolitikken er det store koordineringsbehov. Det gjeld mellom anna internasjonalt forskningssamarbeid, arbeid med budsjett-saker, i forhold til infrastruktur og større forskingspolitiske satsingar. Ein struktur med eitt forskingsråd gjer at mykje av koordineringa kan gjerast på forskingsrådsnivå. Dette føreset at Forskingsrådet får rammevilkår som gjer slik koordinering mogleg. Å delegere oppgåver til Forskingsrådet frittek ikkje departementa for eit overordna koordineringsansvar.

Styring og organisering av Forskingsrådet

Erfaringane med Forskingsrådet syner at ein ny styringsstruktur bør vere enklare og meir funksjonell. Det bør også i framtida vere fleire styringsnivå i Forskingsrådet, men det bør vere færre og mindre styre enn i dag. Det må leggjast vekt på ei klar arbeidsdeling mellom styringsnivåa. Det må vidare sikrast at det er god informasjonsflyt mellom dei ulike nivåa.

Hovudstyret er det øvste organet i Forskingsrådet. Det er brei oppslutning om at hovudstyret si rolle i Forskingsrådet bør vere sterkare, og at hovudstyret må ha eit tydeleg ansvar. Hovudstyret er i dag for stort til å fungere som eit godt kollegialt organ, og bør i framtida ha færre medlemmer. Hovudstyret skal ha eit overordna ansvar for verksemda i Forskingsrådet. Hovudstyret skal tilsetje administrerande direktør og oppnemne medlemmer til avdelingsstyra. Avdelingsstyra vil få mandata sine frå hovudstyret og vil rapportere tilbake til hovudstyret. Det vil bli lagt vekt på eit tett samarbeid og god kommunikasjon mellom styringsnivåa. Dette kan mellom anna gjerast ved gjennomgåande representasjon. Dette inneber at nokre av medlemmene i hovudstyret samstundes er leiarar i avdelingsstyra.

Det kan leggjast ulike prinsipp til grunn for den interne organiseringa av Forskingsrådet. Regjeringa har vurdert ulike modellar, og har særskilt drøfta organisering etter fag/disiplin og organisering etter funksjon. Modellane har forskjellige sterke og svake sider. Uavhengig av val av modell må eventuelle svake sider bli kompensert gjennom bruk av særskilde verkemiddel og arbeidsformer. Prinsippet for ei organisering etter fag/disiplin er at særpreget til faga er så sterkt at det bør vere retningsgjevande for hovudstrukturen i organisasjonen. Ei organisering etter fag er ein tradisjonell måte å organisere forskingsråd på. I ein slik organisasjon vil alle avdelingar ha alle type verkemiddel og programaktivitet. Ei fag-/disiplinindelning kan

gjerast etter ulike grenser. Ein slik modell vart foreslått i Grøholtutvalets innstilling (NOU 1991: 24), der ein la opp til følgjande inndeling: Naturvitenskap/teknologi, biologi/miljø/helse og samfunnsfag/kultur. Noregs forskingsråd har i si tilråding gått inn for ein modell basert på ei disiplinindelning, men med ei avdeling for innovasjon i tillegg. Forskingsrådet si tilråding ligg på nettsida www.forskingsradet.no.

Ei organisering etter funksjon byggjer på eit prinsipp om at krava og behova til dei ulike brukargruppene varierer, og at det må takast omsyn til dette i organiseringa av Forskingsrådet. Ein funksjonsdelt organisasjon kan utformast på ulike måtar. Regjeringa har arbeidd vidare med utgangspunkt i evalueringa si skisse til organisering av Forskingsrådet. Modellen byggjer på at forskingsaktivitet har ulike formål, og at dette vil vere førande for verksemda i dei ulike avdelingane. Ein funksjonsdelt organisasjon kan ha følgjande avdelingar: avdeling for fag- og disiplinutvikling, avdeling for innovasjon og brukarinitiert forskning og avdeling for strategiske satsingar. Avdeling for fag- og disiplinutvikling vil i hovudsak ha brukarar i forskingsmiljøa, medan avdeling for innovasjon og brukarinitiert forskning vil ha brukarar innanfor næringsliv og offentleg sektor. Avdelingane må kunne nytte ulike og fleksible arbeidsmåtar som er tilpassa dei ulike behova hos brukarane.

Regjeringa meiner at Forskingsrådet bør organiserast etter funksjon. Ei organisering etter funksjon vil kunne sikre at grunnforskning og innovasjon blir synleggjort i organisasjonen, og vil klargjere kva for vurderingskriterium som skal gjelde i dei ulike avdelingane. Ei funksjonsdeling legg også godt til rette for samarbeid på tvers av fag og disiplin. God intern samordning og bruk av tverrgående program vil vere viktig for at Forskingsrådet skal kunne møte dei utfordringane den nye organiseringa vil gi. Eit nytt forskingsråd må få høve til å utforme sin eigen organisasjon innanfor dei hovudlinjene som styresmaktene trekkjer opp. Dette vil vere ei viktig oppgåve for hovudstyret. Det er også viktig at ein legg opp til eit fleksibelt system som gjer det mogleg å vurdere og endre organisasjonen når det er naudsynt. Overordna retningslinjer for organisering og ansvarsdeling mellom dei ulike organa i Forskingsrådet vil bli fastsette i vedtekene.

Andre forhold

Forskingsrådet har i dag ei rekkje styre og fagkomitear på ulike nivå i organisasjonen. Ifølgje Forskingsrådet er meir enn 1 000 personar engasjerte i desse organa. Likevel blir Forskingsrådet opp-

fatta som lukka. Forskningsrådet må derfor leggje opp til ei meir ope arbeidsform, og vere i dialog med langt fleire enn i dag. Fleire må trekkjast med i utvikling av strategiar og forskingspolitiske prioriteringar.

Det har vore retta kritikk mot at Forskningsrådet skal spele ei særskilt rolle i å vere Regjeringa sin forskingspolitiske rådgivar. Forskningsrådet vil også framover vere ein viktig rådgivar, men Regjeringa vil i større grad også invitere andre aktørar innanfor forskning, næringsliv og offentleg sektor til å komme med innspel til forskingspolitikken.

Evalueringa er kritisk til den måten departementa handsamar sitt sektoransvar for forskning på. Dette heng dels saman med at sterk styring av forskingsmidlane gir Forskningsrådet liten fridom i disponeringa av forskingsmidlane, dels heng det saman med at for få departement tek ansvar for den langsiktige, grunnleggjande forskinga innanfor sin sektor. Regjeringa vil ta initiativ til ein gjennomgang av departementa si styring av forskning.

Evalueringa av Forskningsrådet peiker også på den manglande koordineringa av dei ulike næringsretta verkemidla. Dette gjeld mellom anna samarbeidet og arbeidsdelinga mellom Forskningsrådet og SND. Nærings- og handelsdepartementet er i ferd med å vurdere det næringsretta virkemiddelapparatet. I denne samanhengen vil arbeidsdelinga mellom Forskningsrådet og andre delar av verkemiddelapparatet bli vurdert. Målsetjinga er eit enkelt, effektivt og brukerreitta system.

4 Miljø

Utdannings- og forskningssystemet medverker i miljøpolitikken med å gi innsikt i komplekse

samanhengar i naturen, korleis menneske påverkar desse samanhengane, og korleis livskvalitet og helse er avhengig av miljøtilhøva. Departementet vil gjennom opplæring, høgre utdanning og forskning bidra til ei meir berekraftig utvikling.

Norsk skole har gått føre med å integrere miljølære i læreplanverka. Opplæringa skal gi mest mogleg heilskaplege kunskapar og forståing, samt vilje og evne til å arbeide for eit samfunn som er i samsvar med naturressursgrunnlaget, og skolen er tillagt ei viktig rolle i det lokale miljøarbeidet.

Departementet arbeider for å sikre god rekruttering til forskning, slik at behova for miljøkompetanse blir dekkja. Forskningsrådet er i denne samanhengen viktig. For 2003 tek departementet sikte på å oppretthalde nivået på støtta til eit rekrutteringsprogram innan miljø- og utviklingsforskning.

Det skal etablerast ein artsdatabank i 2002. Artsdatabanken skal lokalisert i Trondheim og vere knytt til Vitskapsmuseet ved Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet. Artsdatabanken er ei elektronisk oversikt over eigenskapar for og omfang av biologiske artar. Finansieringa kjem frå fleire departement. Over Utdannings- og forskningsdepartementet sitt budsjett blir det foreslått å løyve 6 mill. kroner til formålet. Artsdatabanken vil vere operativ i 2003.

5 Bruk av stikkordet «kan overførast»

Under Utdannings- og forskningsdepartementet blir stikkordet foreslått knytta til desse postane utanom postgruppe 30-49:

(i 1 000 kr)

Kap.	Post	Nemning	Overført til 2002	Forslag 2003
0202	70	Tilskott til læremiddel o.a.	2 217	35 132
0221	60	Tilskott til verkemiddeltiltak i Nord-Noreg	1 587	10 870
0221	63	Tilskott til skolefritidsordningar	3 763	153 203
0224	68	Det samiske utdanningsområdet	2 372	35 712
0226	21	Særskilde driftsutgifter	35 408	381 818
0243	60	Tilskott til kommunar og fylkeskommunar	5 610	129 056
0248	21	Særskilde driftsutgifter	15 000	166 218

(i 1 000 kr)

Kap.	Post	Nemning	Overført til 2002	Forslag 2003
0259	21	Særskilde driftsutgifter	53 592	60 718
0270	75	Tilskott til bygging av studentbustader	88 857	199 959
0281	76	Tilskott til NORDUnet	15 404	22 930
0281	79	Ny universitetsklinikk i Trondheim	40 192	236 589
0283	72	Internasjonale samarbeidsprosjekt	1 867	42 129

6 Oversikt over forslaget til budsjett for Utdannings- og forskingsdepartementet

Utgifter fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003	Pst. endr. 02/03
Administrasjon					
0200	Utdannings- og forskingsdepartementet (jf. kap. 3200)	152 990	143 563	156 766	9,2
0202	Læringscenteret (jf. kap. 3202)	109 081	109 015	115 477	5,9
0203	Statens utdanningskontor (jf. kap. 3203)	123 247	103 127	109 812	6,5
0204	Foreldreutvalet for grunnskolen (jf. kap. 3204)	5 465	5 395	5 600	3,8
0206	Samisk utdanningsadministrasjon	25 938	25 687	26 689	3,9
0210	Tilskott til trudemssamfunn m.m. og privatåtte skole- og kyrkjebygg	95 159			
<i>Sum kategori 07.10</i>		<i>511 880</i>	<i>386 787</i>	<i>414 344</i>	<i>7,1</i>
Grunnskolen og vidaregåande opplæring					
0221	Grunnskolen (jf. kap. 3221)	1 340 400	1 887 123	1 475 554	-21,8
0222	Statens grunnskolar og grunnskoleinternat (jf. kap. 3222)	52 484	41 767	43 381	3,9
0223	Vidaregåande opplæring		222 172	262 404	18,1
0224	Fellestiltak i grunnskolen og vidaregåande opplæring		323 906	266 819	-17,6
0226	Kvalitetsutvikling i grunnskolen og vidaregåande opplæring		360 268	381 818	6,0

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003	Pst. endr. 02/03
0228	Kvalitetsutvikling i grunnskolen	312 339			
0229	Andre formål i grunnskolen	617 064			
0232	Statlege skolar med opplæring på vidaregåande nivå (jf. kap. 3232)		103 121	107 697	4,4
	<i>Sum kategori 07.20</i>	<i>2 322 287</i>	<i>2 938 357</i>	<i>2 537 673</i>	<i>-13,6</i>
	Vidaregåande opplæring				
0231	Tilskott til vidaregåande opplæring	279 538			
0232	Statlege skolar med opplæring på vidaregåande nivå (jf. kap. 3232)	162 363			
0234	Tilskott til lærebedrifter m.m.	293 541			
0238	Kvalitetsutvikling i vidaregåande opplæring (jf. kap. 3238)	82 397			
0239	Andre formål i vidaregåande opplæring	260 967			
	<i>Sum kategori 07.30</i>	<i>1 078 806</i>			
	Andre tiltak i utdanninga				
0240	Private skolar mv.	1 193 193	1 319 663	1 775 633	34,6
0243	Kompetansesenter for spesialundervisning (jf. kap. 3243)	842 199	803 150	833 377	3,8
0248	Særskilde IKT-tiltak i utdanninga		182 604	169 226	-7,3
0249	Andre tiltak i utdanninga	146 258	52 349	44 646	-14,7
	<i>Sum kategori 07.40</i>	<i>2 181 650</i>	<i>2 357 766</i>	<i>2 822 882</i>	<i>19,7</i>
	Vaksenopplæring, folkehøgskolar og fagskoleutdanning				
0251	Fagskoleutdanning			110 648	
0253	Folkehøgskolar	398 854	406 993	509 100	25,1
0254	Tilskott til vaksenopplæring (jf. kap. 3254)	993 599	903 707	843 723	-6,6
0256	VOX - Vaksenopplæringsinstituttet (jf. kap. 3256)	63 124	65 260	60 360	-7,5
0258	Forsking, utviklingsarbeid og fellestiltak i vaksenopplæringa	87 039	80 063	80 585	0,7
0259	Kompetanseutviklingsprogrammet	90 576	100 718	60 718	-39,7
	<i>Sum kategori 07.50</i>	<i>1 633 192</i>	<i>1 556 741</i>	<i>1 665 134</i>	<i>7,0</i>

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003	Pst. endr. 02/03
Høgre utdanning					
0260	Universitetet i Oslo	2 645 907	2 554 665	2 778 775	8,8
0261	Universitetet i Bergen	1 544 076	1 552 737	1 623 346	4,5
0262	Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet	2 070 595	2 011 902	2 232 589	11,0
0263	Universitetet i Tromsø	891 935	867 846	984 309	13,4
0264	Noregs handelshøgskole	215 872	184 254	211 905	15,0
0265	Arkitektshøgskolen i Oslo	63 929	51 728	75 726	46,4
0268	Noregs idrettshøgskole	103 575	82 625	99 912	20,9
0269	Noregs musikkhøgskole (jf. kap. 3269)	96 832	98 242	113 617	15,7
0270	Studium i utlandet og sosiale formål for elevar og studentar	399 113	370 887	337 971	-8,9
0273	Statlege kunsthøgskolar (jf. kap. 3273)	164 736	198 804	223 016	12,2
0274	Statlege høgskolar (jf. kap. 3274)	6 292 731	6 111 811	6 575 053	7,6
0278	Noregs landbrukshøgskole	514 659	339 471	414 007	22,0
0279	Noregs veterinærhøgskole (jf. kap. 3279)	242 928	226 583	264 268	16,6
0281	Fellesutgifter for universitet og høgskolar (jf. kap. 3281)	827 489	650 630	830 258	27,6
0282	Privat høgskoleutdanning	398 976	436 021	503 785	15,5
<i>Sum kategori 07.60</i>		<i>16 473 353</i>	<i>15 738 206</i>	<i>17 268 537</i>	<i>9,7</i>
Forsking					
0283	Meteorologisk institutt (jf. kap. 3283)	364 606	355 882	371 718	4,4
0285	Noregs forskingsråd	812 207	884 413	1 149 486	30,0
0286	Fondet for forskning og nyskaping (jf. kap. 3286)	6 204 227	3 350 462	3 528 821	5,3
0287	Forskingsinstitutt og andre tiltak (jf. kap. 3287)	90 133	295 706	117 353	-60,3
0288	Internasjonale samarbeidstiltak (jf. kap. 3288)	99 987	130 005	151 819	16,8
<i>Sum kategori 07.70</i>		<i>7 571 160</i>	<i>5 016 468</i>	<i>5 319 197</i>	<i>6,0</i>

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003	Pst. endr. 02/03
Utdanningsfinansiering					
2410	Statens lånekasse for utdanning (jf. kap. 5310)	15 850 007	16 439 813	19 582 575	19,1
<i>Sum kategori 07.80</i>		<i>15 850 007</i>	<i>16 439 813</i>	<i>19 582 575</i>	<i>19,1</i>
Den norske kyrkja					
0294	Kyrkjeleg administrasjon (jf. kap. 3294)	346 866			
0295	Prestskapet (jf. kap. 3295)	591 439			
0297	Nidaros domkyrkje m.m. (jf. kap. 3297)	30 968			
0299	Opplysningsvesenets fond	52 142			
<i>Sum kategori 07.90</i>		<i>1 021 415</i>			
Sum programområde 07		48 643 750	44 434 138	49 610 342	11,6
Sum utgifter		48 643 750	44 434 138	49 610 342	11,6

Utgifter fordelt på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post- gruppe	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003	Pst. endr. 02/03
01-29	Driftsutgifter	11 464 244	7 701 557	3 782 832	-50,9
30-49	Nybygg, anlegg o.a.	392 245	229 767	121 465	-47,1
50-59	Overføringar til andre statsrekneskapar	8 223 096	10 732 391	18 156 170	69,2
60-69	Overføring til kommunesektoren	3 259 694	2 998 762	2 592 415	-13,6
70-89	Overføring til private	11 014 413	11 405 253	12 031 252	5,5
90-99	Utlån, avdrag o.a.	14 290 058	11 366 408	12 926 208	13,7
<i>Sum under departementet</i>		<i>48 643 750</i>	<i>44 434 138</i>	<i>49 610 342</i>	<i>11,6</i>

Inntekter fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003	Pst. endr. 02/03
Administrasjon					
3200	Utdannings- og forsknings- departementet (jf. kap. 200)	7 536	2 500	2 598	3,9
3202	Læringscenteret (jf. kap. 202)	17 076	19 503	17 564	-9,9
3203	Statens utdanningskontor (jf. kap. 203)	22 357	11 655	12 063	3,5
3204	Foreldreutvalet for grunnskolen (jf. kap. 204)	264	212	220	3,8
<i>Sum kategori 07.10</i>		<i>47 233</i>	<i>33 870</i>	<i>32 445</i>	<i>-4,2</i>
Grunnskolen og vidaregåande opplæring					
3221	Grunnskolen (jf. kap. 221)	30 095	46 388	41 243	-11,1
3222	Statens grunnskolar og grunn- skoleinternat (jf. kap. 222)	3 463	350	364	4,0
3232	Statlege skolar med opplæring på vidaregåande nivå (jf. kap. 232)		5 951	6 181	3,9
<i>Sum kategori 07.20</i>		<i>33 558</i>	<i>52 689</i>	<i>47 788</i>	<i>-9,3</i>
Vidaregåande opplæring					
3232	Statlege skolar med opplæring på vidaregåande nivå (jf. kap. 232)	21 296			
3238	Kvalitetsutvikling i vidaregåande opplæring (jf. kap. 238)	473			
<i>Sum kategori 07.30</i>		<i>21 769</i>			
Andre tiltak i utdanninga					
3243	Kompetansesenter for spesialunder- visning (jf. kap. 243)	92 485	48 505	45 289	-6,6
<i>Sum kategori 07.40</i>		<i>92 485</i>	<i>48 505</i>	<i>45 289</i>	<i>-6,6</i>
Vaksenopplæring, folkehøgskolar og fagskoleutdanning					
3254	Tilskott til vaksenopplæring (jf. kap. 254)	53 712	20 074	25 836	28,7
3256	VOX - Vaksenopplæringsinstituttet (jf. kap. 256)	14 362	18 188	10 548	-42,0
<i>Sum kategori 07.50</i>		<i>68 074</i>	<i>38 262</i>	<i>36 384</i>	<i>-4,9</i>

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003	Pst. endr. 02/03
Høgre utdanning					
3264	Noregs handelshøgskole (jf. kap. 264)	47 080			
3265	Arkitekthøgskolen i Oslo (jf. kap. 265)	7 305	4 671		-100,0
3268	Noregs idrettshøgskole (jf. kap. 268)	27 094			
3269	Noregs musikkhøgskole (jf. kap. 269)	4 442	1 500	1 512	0,8
3273	Statlege kunsthøgskolar (jf. kap. 273)	7 516	5 792	5 962	2,9
3274	Statlege høgskolar (jf. kap. 274)	784 604	325 453	4 081	-98,7
3278	Noregs landsbrukshøgskole (jf. kap. 278)	191 899			
3279	Noregs veterinærhøgskole (jf. kap. 279)	104 294	81 999	80 023	-2,4
3281	Fellesutgifter for universitet og høgskolar (jf. kap. 281)	16 679	1 285	1 335	3,9
<i>Sum kategori 07.60</i>		<i>1 190 913</i>	<i>420 700</i>	<i>92 913</i>	<i>-77,9</i>
Forskning					
3283	Meteorologisk institutt (jf. kap. 283)	163 011	147 214	160 954	9,3
3286	Fondet for forskning og nyskaping (jf. kap. 286)	204 227	525 462	1 251 740	138,2
3287	Forskningsinstitutt og andre tiltak (jf. kap. 287)			12 400	
3288	Internasjonale samarbeidstiltak (jf. kap. 288)			4 865	
<i>Sum kategori 07.70</i>		<i>367 238</i>	<i>672 676</i>	<i>1 429 959</i>	<i>112,6</i>
Utdanningsfinansiering					
5310	Statens lånekasse for utdanning (jf. kap. 2410)	5 629 752	5 448 554	6 713 856	23,2
5617	Renter frå Statens lånekasse for utdanning (jf. kap. 2410)	4 767 583	5 377 800	6 033 000	12,2
<i>Sum kategori 07.80</i>		<i>10 397 335</i>	<i>10 826 354</i>	<i>12 746 856</i>	<i>17,7</i>

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003	Pst. endr. 02/03
Den norske kyrkja					
3294	Kyrkjeleg administrasjon (jf. kap. 294)	30 258			
3295	Presteskapet (jf. kap. 295)	45 558			
3297	Nidaros domkyrkje m.m. (jf. kap. 297)	12 274			
3299	Opplysningsvesenets fond (jf. kap. 299)	52 142			
<i>Sum kategori 07.90</i>		<i>140 232</i>			
Sum programområde 07		12 358 837	12 093 056	14 431 634	19,3
Sum inntekter		12 358 837	12 093 056	14 431 634	19,3

Inntekter fordelte på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post- gruppe	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert bud- sjett 2002	Forslag 2003	Pst. endr. 02/03
01-29	Sal av varer og tenester o.a.	1 713 499	746 394	429 032	-42,5
30-49	Inntekter i samband med nybygg, anlegg o.a.	3 343			
50-89	Skatter, avgifter og andre overføringar	5 150 408	6 037 662	7 441 602	23,3
90-99	Utlån, avdrag o. a.	5 491 587	5 309 000	6 561 000	23,6
<i>Sum under departementet</i>		<i>12 358 837</i>	<i>12 093 056</i>	<i>14 431 634</i>	<i>19,3</i>

Del II
Nærare om budsjettforslaget

Programkategori 07.10 Administrasjon

Utgifter under programkategori 07.10 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003	Pst. endr. 02/03
0200	Utdannings- og forskningsdepartementet (jf. kap. 3200)	152 990	143 563	156 766	9,2
0202	Læringssenteret (jf. kap. 3202)	109 081	109 015	115 477	5,9
0203	Statens utdanningskontor (jf. kap. 3203)	123 247	103 127	109 812	6,5
0204	Foreldreutvalet for grunnskolen (jf. kap. 3204)	5 465	5 395	5 600	3,8
0206	Samisk utdanningsadministrasjon	25 938	25 687	26 689	3,9
0210	Tilskott til truomssamfunn m.m. og privatåtte skole- og kyrkjebygg	95 159			
	Sum kategori 07.10	511 880	386 787	414 344	7,1

Budsjettforslaget på programkategori 07.10 utgjør om lag 414,3 mill. kroner. Dette er ein auke på om lag 27,6 mill. kroner i høve til saldert bud-

sjett 2002. Av dette skriv om lag 7,2 mill. kroner seg frå tekniske endringar, jf. omtale under dei ein-skilde kapitla.

Inntekter under programkategori 07.10 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003	Pst. endr. 02/03
3200	Utdannings- og forskningsdepartementet (jf. kap. 200)	7 536	2 500	2 598	3,9
3202	Læringssenteret (jf. kap. 202)	17 076	19 503	17 564	-9,9
3203	Statens utdanningskontor (jf. kap. 203)	22 357	11 655	12 063	3,5
3204	Foreldreutvalet for grunnskolen (jf. kap. 204)	264	212	220	3,8
	Sum kategori 07.10	47 233	33 870	32 445	-4,2

Budsjettforslaget for programkategori 07.10 utgjør om lag 32,4 mill. kroner. Dette er ein reduksjon på om lag 1,4 mill. kroner i høve til saldert budsjett 2002. Tekniske endringar utgjør ein reduksjon på 2,7 mill. kroner.

Tilstandsvurdering, strategiar og tiltak

Mål: Utforme Regjeringa sin utdannings- og forskingspolitikk og sikre at denne blir gjennomført i sektorane

Utdannings- og forskningsdepartementet har det overordna ansvaret for utforminga og gjennomføringa av den nasjonale politikken innanfor kunnskapssektoren. Departementet har òg forvaltningsansvar for store delar av tenesteytinga i sektoren. Utdannings- og forskningsdepartementet skal arbeide for eit godt utdanningssystem på høgt fagleg nivå med brei rekruttering og produktive gode forskingsmiljø.

Departementet og verksemdene i utdannings- og forskingssektoren står framfor store oppgåver med tanke på å følgje opp dei måla Regjeringa og Stortinget har for sektoren.

Læringssenteret skal vere eit nasjonalt kompetansesenter for utdanningssektoren, med hovudvekt på informasjons-, evaluerings- og utviklingsoppgåver. Sjå omtale under kap. 202.

Læringssenteret har 1. september 2002 fungert i to år. Departementet har i den samanhengen sett i gang ei brukarundersøking og ein organisatorisk gjennomgang. Resultata frå denne gjennomgangen vil ligge føre ved årsskiftet 2002-03.

Foreldreutvalet for grunnskolen (FUG) er eit rådgivande organ for departementet og skal arbeide for å styrkje engasjementet til foreldra i grunnskolen gjennom informasjon, skolering og rettleiing. Sjå omtale under kap. 204.

Som oppfølging av St.meld. nr. 31 (2000–2001) «Kommune, fylke, stat – en bedre oppgavefordeling» vil dei statlege utdanningskontora bli innlemma i fylkesmannsembetet frå 1. januar 2003, jf. omtale under kap. 203.

Det pågår fleire utgreiingar og større arbeid i departementet som omhandlar og vil påverke den statlege utdanningsadministrasjonen. Departementet meiner det er svært viktig å sjå desse i samheng for å sikre ei heilskapleg vurdering av organiseringa av utdanningsadministrasjonen og av kva oppgåver som skal utførast av dei ulike einingane.

Departementet vil særleg trekkje fram følgjande utgreiingar og større arbeid ein må ta omsyn til i denne samanhengen:

- rapport hausten 2001 frå ei arbeidsgruppe nedsett av Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepar-

tementet om den statlege utdanningsadministrasjonen: «Helhet og sammenheng Om fornyelse av den statlige utdanningsadministrasjonen»

- NOU 2002:10 «Førsteklasses fra første klasse Forslag til rammeverk for et nasjonalt kvalitetsvurderingssystem av norsk grunnopplæring», delinnstilling frå «Kvalitetsutvalet for modernisering av rammevilkåra for grunnopplæringa» (Kvalitetsutvalet)
- gjennomgangen av Læringssenteret
- arbeidet med å utvikle eit nasjonalt system for kvalitetsvurdering

Kvalitetsutvalet har i delinnstillinga si i NOU 2002:10 mellom anna foreslått omfattande endringar når det gjeld styring og utvikling av skolesektoren. Forslaget inneber at statens utdanningskontor blir lagde ned, at oppgåver knytte til tilsyn og kontroll blir lagde til fylkesmannsembetet, at Læringssenteret byggjer opp kompetanse om rettleiing av grunnutdanningssektoren, og at det blir etablert ei eiga eining i Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) med ansvar for evaluering og utviklingsoppgåver. Innstillinga har nyleg vore på høring i sektoren.

Regjeringa har som mål at skolesektoren i Noreg skal få større handlefridom og ansvar når det gjeld både organiseringa av og innhaldet i opplæringa, og at mindre skal styrast frå statleg nivå. Dette tilseier at staten må ha eit tilstrekkeleg omfang av tilsyn og kontroll for å sikre at den enkelte eleven får oppfylt rettane sine. Med større lokal handlefridom og auka mangfald vil mange skoleeigarar ha behov for rettleiing i arbeidet med kvalitetsutvikling, mellom anna i høve til etablering av eit nasjonalt system for kvalitetsvurdering.

I arbeidet framover vil den statlege utdanningsadministrasjonen vere eit viktig verkemiddel for å nå målet om betre kvalitet i skolen. Departementet vil leggje vekt på å sikre at den kompetansen som finst i dei statlege utdanningskontora blir ført vidare.

Departementet ønskjer å vurdere gjennomgangen av Læringssenteret og høringsfråsegnene til Kvalitetsutvalet saman med ei vurdering av oppgåvene til utdanningskontora. Denne vurderinga vil òg bli sett i samheng med det arbeidet som pågår om modernisering av rammevilkåra for grunnopplæringa. Departementet tek sikte på å komme tilbake til oppgåvefordeling og budsjettverknader i Revidert nasjonalbudsjett for 2003.

Regjeringa har valt utdanning, med særleg vekt på grunnopplæringa, som eit av dei mest sentrale områda for modernisering og forenkling av offentleg sektor. Arbeidet med modernisering omfattar

ei rekkje tiltak og prosessar som skal styrkje kvaliteten på tenestetilboda, gi større fridom lokalt, betre ressursutnyttinga og styrkje brukarmedverknaden og sikre interessene til brukarane. Som ledd i dette arbeidet har Utdannings- og forskningsdepartementet starta opp eit arbeid med modernisering av grunnopplæringa. Det blir arbeidd innanfor fleire område:

- For å auke det lokale handlingsrommet søker ein å forenkle reglar i opplæringslova og læreplanverket som legg føringar på korleis skolen blir organisert og styrt.
- For å auke kvaliteten i grunnopplæringa vil ein vurdere tilrådingane frå Kvalitetsutvalet om å etablere eit nasjonalt system for kvalitetsvurdering av grunnopplæringa som gir styresmakten og skolen verktøy for å vurdere og utvikle kvaliteten på norsk skole.
- Departementet har starta arbeidet med å vurdere ein ny finansieringsmodell for grunnopplæringa som i større grad stimulerer til auka kvalitet og effektivitet i skolen, samt auka fleksibilitet for skoleeigaren, og som gir større valfridom for elevane.

I tillegg til moderniseringa av grunnopplæringa arbeider departementet med fleire andre sentrale oppgåver. Arbeidet med betring av tenestene i Statens lånekasse for utdanning tek utgangspunkt i rapporten som er lagd fram av ei arbeidsgruppe våren 2002: «Kvalitet og kostnad i organisering av utdanningsstøtta». Målet med dette arbeidet er auka kvalitet i sakshandsaminga og betre service for brukarane. Her blir det trekt opp to moglege hovudstrategiar: «Lånekassealternativet» inneber ei betring innanfor dagens struktur. «Bankalternativet» inneber stor grad av gjenbruk av system og tenester i bank- og finansnæringa. Strategi for endringar i Lånekassen vil bli valt når prosjektet er avslutta våren 2003. Sjå nærare omtale under kategori 07.80.

Regjeringa har alt sett i gang ei modernisering av høgre utdanning. Kvalitetsreforma for høgre utdanning er ein viktig del av moderniseringa av offentleg sektor, og er no i ein gjennomføringsfase. Universitet og høgskolar er gitt auka fridom i organisatoriske, faglege og økonomiske spørsmål. Dette og ei meir resultatbasert finansiering skal styrkje kvaliteten på utdanninga og bidra til meir effektiv bruk av ressursane. Kvalitetsreforma for høgre utdanning skal på fleire måtar leggje til rette for ei kvalitetsutvikling ved universitet og høgskolar. Mellom anna skal reforma gi nye studietilbod i tråd med ein internasjonal gradsstruktur og gi tettare oppfølging av studentane, meir gruppeundervisning og nye vurderingsformer.

Vidare vart evalueringa av Noregs forskingsråd slutført i desember 2001. Regjeringa vedtok i mai 2002 å følge tilrådinga i evalueringa om å satse på eitt forskingsråd. Sjå nærare omtale av endringane i Noregs forskingsråd under hovudinnleiinga.

Det internasjonale arbeidet i departementet omfattar aktiv deltaking i ulike fora og aktivitetar i Nordisk Ministerråd, EU/EØS, OECD, Europarådet og UNESCO. Det internasjonale samarbeidet skal mellom anna medverke til å styrkje kvaliteten og dekkje kompetansebehova i norsk utdanning og forskning. Det er viktig å utvikle gode system for godkjenning av kompetanse frå utlandet, å verdsetje realkompetanse, samt å byggje ned hindringar for arbeidsinnvandring og utveksling. Det same gjeld spørsmålet om å definere, vurdere, verdsetje og dokumentere kompetanse på grunnutdanningsnivå. Departementet legg stor vekt på å styrkje internasjonalt forskningssamarbeid. Dette blir også lagt til grunn i Forskringsrådet sin nye strategi for internasjonalisering.

Det overordna ansvaret for Noregs deltaking i UNESCO vart overført frå Kultur- og kyrkjedepartementet til Utdannings- og forskningsdepartementet 1. juli 2002. Den norske målsettinga i UNESCO-arbeidet er sterkare fokus på prioriterte område, betre samordning og meir effektiv bruk av ressursane. Sekretariatet til den norske UNESCO-kommisjonen vil bli innlemma i departementet 1. april 2003, jf. St.prp. nr. 63 (2001-2002) og Innst.S. nr. 255 (2001-2002). Sjå omtale under kap. 200 og 288.

I 2002 har Noreg formannskapet i Nordisk Ministerråd. Dette inneber mellom anna at Noreg leier dei nordiske komiteane som handsamar utdannings- og forskningssaker. Noreg har satt «Morgendagens Norden» som overskrift for formannsapsprogrammet i 2002, med barn og unge som eitt av tre innsatsområde. Departementet har følgd opp dette med eit særskilt sektorprogram for utdanning og forskning. Programmet er utforma med utgangspunkt i gjeldande strategiar og handlingsplanar for samarbeidet på utdannings- og forskingsområdet, og søker å nå ein balanse mellom kontinuitet og fornying. Sjå omtale under kap. 200.

I tråd med målet om auka satsing på utdanning i norsk bistandsarbeid vart det i april 2000 etablert ein rammeavtale med NORAD. Denne avtalen vart bygd ut i 2001 og 2002 og inneber at departementet fungerer som eit fagsenter når det gjeld samarbeid om drift og utvikling av utdanningssystem, samt gjennomføring av reformer.

Det direkte samarbeidet med utdanningsdepartementa i Zambia om bistand til grunnskolereform og i Nepal om bistand til forskning på reformarbeid blir òg utvikla vidare.

Mål: God sektor- og samfunnskontakt skal sikrast gjennom ei open og effektiv forvaltning som er tilgjengeleg og lett å kommunisere med

Departementet ser det som viktig å sørge for å etablere ei open og effektiv forvaltning som folk opplever at dei når fram til. Målet om god sektor- og samfunnskontakt vil framleis liggje til grunn for arbeidet i departementet.

I samband med arbeidet med modernisering av grunnopplæringa vil eit eige prosjekt sørge for god informasjon og kommunikasjon med sektoren og samfunnet elles om endringar i dagens organisering, finansiering og kvalitetsoppfølging av skolen.

Departementet satsar vidare på ei aktiv og open presseteneste og publikumsinformasjon på www.odin.dep.no, mellom anna med Faktablad, som er korte, lesarvennlege versjonar av stortingsmeldingar. Departementet og underliggjande etatar vil vere tilgjengelege med høg profil på Internett.

Mål: Målretta og heilskapleg styring skal setje sektorane og underliggjande verksemder i stand til å løyse oppgåvene sine på ein god og effektiv måte

Departementet satsar kontinuerleg på å utvikle etatsstyringa slik at politikken til Regjeringa blir gjennomført på ein god og effektiv måte. Sektorstyring av grunnskole og vidaregåande opplæring er ein del av oppgåvene til departementet.

Departementet legg vekt på å ha ein god dialog med kommunesektoren, som har ansvaret for grunnskolen og den vidaregåande opplæringa. Denne skjer gjennom dei statlege utdanningskontora. På grunnlag av rapportar frå utdanningskontora utarbeider Læringscenteret kvart år ei nasjo-

nal tilstandsvurdering for grunnskole, vidaregåande opplæring og vaksenopplæring. Denne tilstandsvurderinga er eit bidrag til departementet si styring av sektoren, jf. omtale under kategori 07.20.

Endring av lov om universitet og høgskeolar, og innføring av nettobudsjettering av institusjonane, er to sentrale tiltak for å auke graden av fristilling for universitet og høgskeolar.

I samband med gjennomføringa av Kvalitetsreforma vil det 1. januar 2003 bli etablert eit uavhengig organ for akkreditering og evaluering av kvalitetssikringssystemet ved institusjonane: Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT). Dette organet skal evaluere kvaliteten på studietilbod og vil få mynde til å trekkje tilbake akkreditering om dei skulle vurdere det naudsynt. Vidare skal NOKUT akkreditere nye statleg oppretta studietilbod. I arbeidet med ny lov om fagskoleutdanning legg Regjeringa opp til at NOKUT også skal godkjenne fagskoleutdanningar, jf. omtale under kategori 07.50. Sjå nærare omtale av NOKUT under kategori 07.60.

Departementet og lærarorganisasjonane har forhandla fram nye endringar i arbeidstids- og lesepaktavtalane til undervisningspersonalet. Avtalane (Skolepakke II) vart inngått i oktober 2001 og fekk verknad frå 1. januar og 1. august 2002. I samsvar med intensjonserklæringa vil departementet forhandle med lærarorganisasjonane om nye og meir fleksible arbeidstidsordningar frå 1. august 2003. Målet er å få til ein avtale som gir rom for større fleksibilitet for lærarar og skoleleiarar og medverkar til auka kontakt mellom lærar og elev. Ein ny og forenkla avtale er også eit viktig element i arbeidet med modernisering av grunnopplæringa, jf. tidlegare omtale av dette arbeidet.

Kap. 200 Utdannings- og forskningsdepartementet (jf. kap. 3200)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
01	Driftsutgifter	149 627	139 241	152 327
21	Særskilde driftsutgifter	779	2 065	2 146
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	2 584	2 257	2 293
	Sum kap. 200	152 990	143 563	156 766

I høve til 2002 er det gjort denne tekniske endringa:

- Post 01 er oppjustert med om lag 5,2 mill. kroner mot tilsvarende nedjustering av kap. 301 post 01, i samband med at sekretariatet til UNESCO i Noreg er overført frå Kultur- og kyrkjedepartementet til Utdannings- og forskningsdepartementet 1. juli 2002.

Kapitlet omfattar:

- lønn og drift i departementet
- Regjeringa sitt arbeid med forskingspolitikken
- kjøp av datautstyr og programvare som blir nytta til utviklinga av IKT-systemet i departementet

Resultatrapport for 2001–02

Nivået på driftsbudsjettet til departementet har blitt redusert i dei siste åra. Dette er ei utfordring når ein ser på dei store reformene sektorane arbeider med, jf. liste nedanfor over meldingar og proposisjonar som vart lagde fram for Stortinget i perioden 2001–02, og resultatmål for departementet i 2003.

Ved overføring av Kyrkjeavdelinga frå Utdannings- og forskningsdepartementet til Kultur- og kyrkjedepartementet 1. januar 2002 vart 17 medarbeidarar flytt ut av departementet. 1. januar 2002 var 245 stillingar lønna under kap. 200 over budsjettet til Utdannings- og forskningsdepartementet.

Talet på kvinner tilsett i departementet er aukande. Per 1. januar 2002 er 62 pst. av dei tilsette kvinner, ein auke på om lag 2 pst. i høve til 2000. Vidare er det 48 pst. kvinner på avdelingsdirektørnivå og 58 pst. kvinner på underdirektørnivå.

I perioden 2001–02 har departementet i tillegg til dei faste budsjettproposisjonane utarbeidd følgjande meldingar og proposisjonar som er lagde fram for Stortinget:

- St.meld. nr. 11 (2001–2002) Kvalitetsreformen Om vurdering av enkelte unntak fra ny gradsstruktur i høyere utdanning
- St.meld. nr. 16 (2001–2002) Kvalitetsreformen Om ny lærerutdanning Mangfoldig – krevende – relevant
- St.meld. nr. 18 (2001–2002) Kvalitetsreformen Om høyere kunstutdanning
- St.meld. nr. 34 (2001–2002) Kvalitetsreformen Om høyere samisk utdanning og forskning (finst òg i samisk utgåve)
- St.meld. nr. 35 (2001–2002) Kvalitetsreformen Om rekruttering til undervisnings- og forskerstillingar i universitets- og høyskolesektoren

- St.prp. nr. 41 (2001–2002) Eksamen i grunnskolen
- Ot.prp. nr. 30 (2001–2002) Om lov om endringer i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)
- Ot.prp. nr. 40 (2001–2002) Om lov om endringer i lov 12. mai 1995 nr. 22 om universiteter og høyskoler og lov 2. juli 1999 nr. 64 om helsepersonell
- Ot.prp. nr. 67 (2001–2002) Om lov om endringer i lov av 17. april 1970 nr. 21 om retten til oppfinnelser som er gjort av arbeidstakere
- Ot.prp. nr. 69 (2001–2002) Om lov om endringer i lov 11. juli 1986 nr. 53 om eksamensrett for og statstilskudd til private høyskoler
- Ot.prp. nr. 72 (2001–2002) Om lov om endringer i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) Om skolemiljøet til elevane
- Ot.prp. nr. 79 (2001–2002) Om lov om folkehøyskoler (folkehøyskoleloven)
- Ot.prp. nr. 94 (2001–2002) Om lov om endringer i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) Om gratisprinsippet i grunnskolen

Fleire av desse dokumenta er oppfølging av St.meld. nr. 27 (2000–2001) «Gjør din plikt – Krev din rett Kvalitetsreform av høyere utdanning», jf. Innst. S. nr. 337 (2000–2001).

Departementet har i same perioden arbeidd med fleire prosjekt som er skisserte under innleiinga til kategori 07.10. Prosjekt knytt til forenkling av rammevilkåra for grunnopplæringa og betring av tenestene i Statens lånekasse for utdanning har mellom anna stått sentralt i dette arbeidet, jf. resultatmål for 2003.

Det internasjonale arbeidet i departementet har involvert alle område i organisasjonen, og har vore retta mot både nordiske, europeiske og globale problemstillingar.

Nordisk Ministerråd gjennomførte i 2002 ein temakonferanse om utdanning som ledd i bistandspolitikken for dei nordiske statsrådene for utdanning og utvikling. Vidare har Noreg teke initiativ til eit scenarioprojekt om «Morgendagens skole i Norden». På forskingsområdet har ein mellom anna lagt vekt på implementering av eit pilotprosjekt om nordiske senter for framifrå forskning: «Nordic Centres of Excellence».

EU har vedteke ein eigen plattform for utdanningsområdet som oppfølging av den overordna Lisboa-strategien for å gjere Europa til «den mest konkurransedyktige kunnskapsbaserte økonomien i verden». Gjennom den opne koordineringsmetoden blir det utvikla indikatorar innanfor 13

vedtekne målområder på utdanningsområdet. Noreg er invitert til å ta aktiv del i dette arbeidet. Dette vil gi gode moglegheiter for å samanlikne norsk utdanning med utdanning i EU-medlemslanda.

Det overordna ansvaret for det norske UNESCO-arbeidet vart overført til Utdannings- og forskingsdepartementet 1. juli 2002. Driftsutgifter til UNESCO-sekretariatet er finansierte over dette kapitlet. Sjå kap. 288 for løyving til ulike tiltak innanfor nordisk og internasjonalt utdanningssamarbeid og norsk medlemskontingent til UNESCO.

Utdanning for alle (EFA) har stått sentralt i det norske UNESCO-arbeidet. I tråd med handlingsplanen frå EFA-konferansen i Dakar i 2000 er det arbeidd med dei funksjonshemma sin rett til utdanning. Gjennom UNESCO sitt skolenettverk (ASP-net) har norske skolar teke del i arbeidet med å fremme fleirkulturell forståing og dialog mellom sivilisasjonar og undervisning om verdsarven.

Utgangspunktet for kommisjonen sitt arbeid med kultur og utvikling var FN-året for dialog mellom sivilisasjonar. UNESCO-kommisjonen var medarrangør av ei rekkje aktivitetar. I arbeidet med vern av og tilgang til arkiv og bibliotek tok kommisjonen del i arbeidet med å fremme to kandidatar til UNESCO sitt internasjonale register for «Verdens hukommelse».

Departementet og lærarorganisasjonane har forhandla fram nye endringar i arbeidstids- og lesepliktavtalane til undervisningspersonalet. Avtalane (Skolepakke II) vart inngått i oktober 2001, med verknad frå 1. januar og 1. august 2002. I samband med endringane fekk lærarar og skoleleiarar tre trinn i lønnsauke. Desse lønnstrinna kjem i tillegg til dei ekstraordinære lønnstrinna i 2000, samt tillegg som var gitte ved hovudtariffoppgjeret.

Hausten 2001 vart det sett i gang 389 sentralt initierte forsøk med ulike modellar for organisering av arbeidstida til lærarane. SINTEF har fått oppdraget med å gjennomføre ei forskingsbasert evaluering av forsøka. Evalueringsrapporten skal leggjast fram i desember 2002, og skal vere ein viktig del av grunnlaget for forhandlingar om ny arbeidstidsavtale for undervisningspersonalet gjeldande frå 1. august 2003.

I 2001 vart det for andre gang gjennomført lokale førebels lønnsforhandlingar for tilsette i skoleverket i kommunar og fylkeskommunar. Resultatet av forhandlingane skal godkjennast av dei sentrale partane, det vil seie departementet og lærarorganisasjonane. I 63 kommunar og ein fylkeskommune vart det ikkje oppnådd semje, og forhandlingane vart derfor sluttførte sentralt. For fire kommunar enda forhandlingane med brot, i hovudsak fordi departementet ville gi lønnstillegg

på grunnlag av personvurdering. Lærarorganisasjonane brakte usemja inn for Statens Lønnsutval, som gav departementet medhald i at hovudregelen ved lokale forhandlingar er at lønnstillegg skal bli gitt etter individuell vurdering.

Satsingsområde for likestillingsarbeidet i utdannings- og forskingssektoren i 2002-03 er tiltak retta mot grunnopplæringa, jf. kategori 07.20, og rekruttering til vitskapelege stillingar i høgre utdanning og forskning, jf. kategoriane 07.60 og 07.70.

Det er mellom anna sett i gang tiltak for å auke talet på mannlege lærarar. Våren 2002 vart ei lærarrekrueringskampanje med fokus retta mot menn og minoritetsspråklege gjennomført. I 2002 er det om lag 34 pst. menn blant primærskolarar i allmennlærerutdanninga, ein auke på om lag 2 pst. frå 2001. Ein eigen nettstad for menn i skolen vart oppretta av departementet våren 2002: www.menniskolen.no. Departementet arbeider med rapporten «Hva skal vi med menn i skolen?». Denne vil bli lagd fram ved årsskiftet 2002-03 og vil danne grunnlaget for den vidare satsinga. Rapporten vil sjå på kva mannlege lærarar, og fråveret av menn, har å seie for skolekvardagen til barna.

Utdannings- og forskingsdepartementet samarbeider mellom anna med Barne- og familiedepartementet om tiltak retta mot elevar og foreldre i skolen. Sjå meir omtale av likestillingstiltak i grunnopplæringa under kategori 07.20.

Vidare har Læringssenteret ansvaret for oppfølging av prosjektet «Operasjon Minerva – jenter og matematikk», jf. kap. 248.

Som eit ledd i arbeidet med å betre informasjonflyten internt i departementet vart eit nytt intranett lansert hausten 2001. Intranettet skal vere eit verktøy for sakshandsaming, og ei støtte i det daglege arbeidet i departementet. Ei brukarundersøking viser at dei tilsette er godt nøgde med tenesta. Intranettet vil bli utvikla vidare i 2003 i tråd med tilrådingane som kom fram i denne undersøkinga.

I juli 2002 kom den første utgåva av det elektroniske nyheitsbrevet til departementet: @ktuelt. Dette vil bli gitt ut hyppigare og kunne nå fleire på ein raskare måte enn det tidlegare bladet «KUF-aktuelt».

Resultatmål for 2003

Utdannings- og forskingsdepartementet har det overordna ansvaret for utforminga og gjennomføringa av den nasjonale politikken innanfor kunnskapssektoren. Departementet har òg forvaltningsansvar for store delar av tenesteytinga i sektoren. Utdannings- og forskingsdepartementet skal

arbeide for eit godt utdanningssystem på høgt fagleg nivå med brei rekruttering og produktive gode forskingsmiljø.

Utdannings- og forskingsdepartementet er av dei departementa som har flest underliggjande verksemder. Kommunesektoren har dessutan ei sentral rolle innanfor departementet sitt område. Utdannings- og forskingsdepartementet forvaltar i dag om lag 90 tilskottsordningar, og arbeider kontinuerleg med å forsøkje å forenkle og forbetre tilskottsforvaltninga. Departementet handsamar mange saker frå underliggjande verksemder, organisasjonar, private og offentlege institusjonar og privatpersonar. I tillegg kjem oppgåver knytte til fastsetjing av lønns- og arbeidsvilkår for store grupper arbeidstakarar i staten, fylkeskommunane og kommunane.

Departementet og verksemdene i utdannings- og forskingssektoren står framfor store oppgåver med tanke på å følgje opp dei måla Regjeringa og Stortinget har for sektoren.

Utdannings- og forskingsdepartementet vil i 2003 mellom anna arbeide med følgjande prosjekt og større arbeid:

- føre vidare arbeidet knytt til modernisering av grunnopplæringa, jf. innleiinga til kategori 07.10
- gjennomgå den statlege sentrale og regionale utdanningsadministrasjonen, og eventuelt foreslå nye organisatoriske løysingar
- etablere utdanningsportalen www.utdanning.no, som skal samle alle nettressursane innanfor utdanning
- forhandle med lærarorganisasjonane om nye og meir fleksible arbeidstidsordningar gjeldande frå 1. august 2003
- starte opp ny lærarutdanning
- arbeide med felles lov for statlege og private høgre utdanningsinstitusjonar
- iverksetje ny lov om frittstående skolar dersom Stortinget vedtek slik lov
- følgje opp gjennomføring av Kvalitetsreforma for høgre utdanning, jf. kategori 07.60
- greie ut og velje løysing for å betre tenestene i Lånekassen
- gjennomføre ny støtteordning for elevar i ordinar vidaregåande opplæring
- utarbeide ny lov om utdanningsstøtte
- gjennomgå lov om vaksenopplæring
- undersøkje om tiltaka i Kompetansereforma har den tilsikta effekten, og kva for vilkår som må ligge til grunn for å nå målet om livslang læring for alle. Sjå omtale under kategori 07.50
- følgje opp lov om fagskoleutdanning med utarbeiding av forskrifter og etablering av tilskottsordning til tekniske fagskolar
- gjennomgå norskopplæring for vaksne innvandrarakar
- følgje opp evalueringa av Noregs forskingsråd
- følgje opp ei ny satsing på langsiktig utdanningsforskning under Noregs forskingsråd, jf. kap. 228, 259 og 281
- arbeide for å førebyggje og hindre vald, mobbing, rusmisbruk, rasisme, etnisk diskriminering og seksuell trakassering, mellom anna som ledd i oppfølginga av handlingsplanar knytt til barn og unge
- fremme likestilling gjennom å integrere kjønnspektivet i alt sektorarbeid. Retningslinjer, mål og tiltak for dette arbeidet er lagt i «Policynotat om likestilling for utdannings- og forskingsdepartementet 2002–2004»
- ta del i internasjonale undersøkingar av læringsutbytte i basisfaga. Denne satsinga gir verdifull informasjon om norske elevar sine prestasjonar, også i ein internasjonal målestokk. Det vil i denne samanheng også bli lagt vekt på vidare utvikling og meir systematisk bruk av nasjonale kartleggingsprøver
- rapportere til Eurydice, som er eit informasjonssystem for utdanningssystema i EU- og EØS-medlemslanda
- følgje opp Brugge-prosessen om å byggje ned hindringar knytte til ulike krav til yrkeskvalifikasjonar i dei ulike landa, for å medverke til auka mobilitet av arbeidskraft
- gi innspel og ta del i konsultasjonsprosessen og arbeidet med utvikling av indikatorar knytte til livslang læring
- følgje opp Bologna-prosessen der målet er å utvikle eit utdanningssystem for høgre utdanning med felles struktur, gradssystem, auka mobilitet, kvalitetssikring og fagleg samarbeid
- ta del i forskings- og utdanningsprogramma 6RP, Leonardo da Vinci og Sokrates. Dette inneber deltaking i programkomitear og underkomitear på både nasjonalt og europeisk nivå, samt rapporteringsverksemd knytt til programma
- ta del i arbeidsgrupper innanfor dei 13 definerte delmåla for utdanning, mellom anna utvikling av indikatorar, benchmarking og best practice
- sekretariatet til den norske UNESCO-kommisjonen vil bli innlemma i departementet 1. april 2003, jf. St.prp. nr. 63 (2001-2002) og Innst.S. nr. 255 (2001-2002)
- for å styrkje Noreg si rolle i UNESCO-arbeidet sentralt blir det i 2003 oppretta ei UNESCO-stilling ved ambassaden i Paris
- starte eit tverrdepartementalt strategiarbeid hausten 2002 der målet er å styrkje samordninga mellom departementa som arbeider på dei ulike saksområda til UNESCO. Den norske

målsettinga i UNESCO-arbeidet er sterkare fokus på prioriterte område, betre samordning og meir effektiv bruk av ressursane. Departementet vil arbeide for å få norske kandidatar til viktige styre i UNESCO sentralt, og det vil bli lagt vekt på å arbeide tettare opp mot dei viktige vedtaksorgana i organisasjonen

- innføre ei ny IT-løysing for elektronisk arkiv og sakshandsaming for å auke kvaliteten og effektiviteten på sakshandsaminga
- utarbeide ein nasjonal kompetanserapport. Rapporten vil skildre kva kompetanse har å seie for velferd, innovasjon og verdiskaping. Det vil òg bli drøfta kva for kompetansebehov enkeltmennesket vil ha i framtida. Sjå omtale under hovudinnleiinga

Budsjettforslag for 2003

Løyvinga på post 01 skal dekkje løn og drift i departementet. Løyvinga på posten kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter på kap. 3200 post 02, jf. forslag til vedtak III nr. 1. Post 01 er oppjustert i høve til 2002 i samband med overføring av midlar til UNESCO frå kap. 301.

Løyvinga på post 21 dekkjer utgifter knytte til arbeidet i Regjeringa med forskingspolitikken.

Løyvinga på post 45 gjeld kjøp av datautstyr og programvare som blir nytta til utviklinga av IKT-systemet i departementet.

Løyvingane på postane 21 og 45 blir førte vidare på same nivå som i 2002.

Kap. 3200 Utdannings- og forskningsdepartementet (jf. kap. 200)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
02	Salsinntekter o.a.	537		
05	Refusjon utdanningsbistand NORAD o.a.	1 045	2 500	2 598
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	3 703		
17	Refusjon for lærlingar	78		
18	Refusjon av sjukepengar	2 173		
	Sum kap. 3200	7 536	2 500	2 598

Kap. 202 Læringscenteret (jf. kap. 3202)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
01	Driftsutgifter	72 421	68 151	73 019
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 70</i>	5 089	7 051	7 326
70	Tilskott til læremiddel o.a., <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i>	31 571	33 813	35 132
	Sum kap. 202	109 081	109 015	115 477

I høve til 2002 er det gjort desse tekniske endringane:

- Post 01 er oppjustert med 2,5 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 243 post 01 i samband med at Fagleg eining for PP-tenesta er overført til Læringscenteret.

- Post 01 er oppjustert med 2,1 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 258 post 21 i samband med at ansvaret for språkprøva i norsk for vaksne innvandrare er overført til Læringscenteret.

- Post 01 er nedjustert med 2,7 mill. kroner mot ei parallell nedjustering av kap. 3202 post 02.

Læringscenteret skal i hovudsak ha sentrale oppgaver i tilknytning til kvalitetsutvikling i grunnskole og vidaregåande opplæring. Ein viktig del av arbeidet til Læringscenteret er å utvikle og styrkje relasjonar mellom ulike samarbeidspartnarar på opplæringsfeltet. Det er eit viktig siktemål å sørge for at det blir god fagleg og pedagogisk samanheng i det 13-årige opplæringsløpet. I 2003 skal Læringscenteret på oppdrag frå departementet gjennomføre oppgaver, utviklingsprosjekt og andre tiltak knytte til dette kapitlet og til kap. 224, 226, 243 og 248. Ein må av den grunn sjå omtalen her i samanheng med desse kapitla og omtalen av kategori 07.20. Tilskottspost 70 blir gitt eigen omtale nedanfor.

Læringscenteret har dessutan forvaltningsansvaret for:

- å gjennomføre avgangsprøver i grunnskolen og sentralt gitte prøver i vidaregåande opplæring
- å fordele statstilskott til læremiddelutvikling og -produksjon
- å sikre grunnskole, vidaregåande opplæring og vaksenopplæring eit breitt tilbud av læremiddel
- å utarbeide rettleiingar og anna pedagogisk støttmateriell til grunnskolen og vidaregåande opplæring
- å drive Skolenettet med ulike tilbod som læringsressurs for grunnskole og vidaregåande opplæring

Læringscenteret sin organisasjon og kompetanse er til ekstern vurdering. Det blir også gjennomført ei brukarundersøking. Resultata frå denne gjennomgangen vil liggje føre ved årsskiftet 2002-03. Departementet vil komme tilbake til eventuelle organisatoriske endringar i samband med den totale gjennomgangen av den statlege utdanningsadministrasjonen.

Resultatrapport for 2001–02

Utvikling av læreplanar og elev- og lærlingvurdering

Læringscenteret har hatt om lag 30 læreplanar for grunnskolen og vidaregåande opplæring under arbeid, og fastsette læreplanar er lagde ut på Skolenettet. Mange av planane er knytte til vidaregåande kurs I og II på studieretningane Sal og service og Media og kommunikasjon.

For grunnskolen er det utarbeidd læreplan for «Kristendom, religion og livssynskunnskap» og forslag til læreplanar for opplæring av elevar frå språklege minoritetar. Læreplanar for grunnskoleopplæring for vaksne er modulstrukturerte.

Prinsipp og retningslinjer for organisering og tilrettelegging av opplæringa av blinde og svaksynte er fastsette førebels.

Læringscenteret har samarbeidd med departementet om pedagogisk vurdering av læreplanar for private skolar. Senteret har gjennomført ei undersøking av korleis bruk av IKT i opplæringa er teke i vare i læreplanar for det 13-årige skoleløpet, og funne at dei stiller dels uklare krav.

Læringscenteret har utarbeidd oppgaver for, og administrert den eksterne verksemda knytt til arbeidet med elev- og lærlingvurdering i grunnskolen, vidaregåande opplæring og teknisk fagskole. Læringscenteret har lagt til rette for avvikling av sentral eksamen, sensur og klagesensur i vidaregåande opplæring, inklusive prøver for praksiskandidatar, skriftleg avgangsprøve i grunnskolen og eiga avgangsprøve for vaksne. Læringscenteret har også utarbeidd ei rettleiing for sensurering av praksiskandidatar. Det er vidare teke initiativ til eit forskingsprosjekt om samanhengar mellom eksamen og læring.

Læringscenteret har sett til at prosjektet «Alternative prøveformer i fagopplæringa» er ført vidare. Eit forsøk med bruk av IKT til eksamen i vidaregåande opplæring er avslutta.

Kompetanseutvikling, utviklingsarbeid og forsøk

I samarbeid med dei statlege utdanningskontora og skoleeigarane har Læringscenteret arbeidd aktivt for å føre vidare strategien for «Kvalitetsutvikling i grunnskolen 2000-2003», prosjektet «Differensiering og tilrettelegging i vidaregåande opplæring», «Kompetanseutviklingsprogrammet for pedagogisk-psykologisk teneste og skoleleiarar» (SAMTAK) og «Prosjekt Innovasjon i læring, organisering og teknologi» (PILOT), jf. kap. 226, 243 og 248.

Læringscenteret har sett til at det er utvikla og gjennomført kompetanseutvikling knytt til dei nye studieretningane i vidaregåande opplæring, at det er tildelt stipend for lærarar i små yrkesfag, og at eit opplegg for kompetanseutvikling i fagopplæringa er starta opp.

Læringscenteret har etablert nettverk med høgskolar, universitet og statens utdanningskontor for å koordinere og utvikle kvalitet på etter- og vidareutdanning for lærarar og skoleleiarar. Læringscenteret har stimulert utviklingstiltak knytte til opplæringa i fådelt skolar.

Prosjekta «Verdi- og samlivslære i vidaregåande skole» og «Mot studie- eller yrkeskompetanse for ungdom med funksjonshemming» er førte vidare og avslutta. Prosjektet «Bevisste utdanningsvalg» er slutført, og prosjektet «Delt

rådgivningstjeneste» er ført vidare. Prosjektet «Elektronisk basert yrkes- og utdanningsinformasjon» (nettstaden YOU) er avslutta. Nettstaden blir utvikla vidare i vanleg drift. Læringscenteret har administrert utvikling av rettleingsmateriell for rådgivarar i skolen.

Utvikling av kriterium for vurdering og utveljing av bonus- og demonstrasjonsskolar er gjennomført.

Dokumentasjon og analyse som grunnlag for systemvurdering

Læringscenteret har i 2002 avslutta evalueringa av skolefritidsordninga. Hovudfokus har vore kvaliteten på det tilbodet som både funksjonsfriske og funksjonshemma barn får, og omfattar både dei kommunale tilboda og tilbod i privat regi.

Læringscenteret har i 2001 hatt ansvar for å føre vidare enkelte forskingsoppdrag etter evalueringa av Reform 94. Læringscenteret har vidare hatt ansvar for å utarbeide tilstandsrapport frå sektoren og å utvikle kartleggingsprøver i lesing.

Læringscenteret har hatt ansvar for oppfølging av norsk deltaking i program under Nordisk Ministerråd sin komite for skolesamarbeid, mellom anna samarbeid om ein nordisk konferanse om skolevurdering og ei undersøking om samfunnet sine haldningar til skolen: Nordisk Attitydundersøkelse.

I 2001 samla Læringscenteret inn data og statistikk knytte til karakterar, rekruttering til dei ulike studieretningane i vidaregåande opplæring, gjennomstrøyming, formidling av lærlingar og oppfølgingstenesta.

Læringscenteret har ført vidare utviklingstiltak i høve til skole- og bedriftsbasert vurdering. Blant desse er prosjekta «Elevinspektorene – elevenes skolevurdering» og «Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid». «Ressursbanken», som vart opna i 2001, er ein nettstad som skal gi skolane og lærebedriftene, kommunane og fylkeskommunane praktisk hjelp med å gjennomføre systematisk eigenvurdering.

Læringscenteret har hatt nasjonalt oppfølgingsansvar for undersøkingane «Programme for International Student Assessment» (PISA) om kunnskapane 15-åringar har i lesing, matematikk og naturfag, «Civic in Education Study» (CIVIC) om kunnskap om og haldningar til demokrati hos ungdom, «Progress in International Reading Literacy Study» (PIRLS) om 9-åringar og lesing, og «Trends in Mathematics and Science Study» (TIMSS) om kva kunnskapar 15-åringar har i matematikk og naturfag. Resultatet frå CIVIC, undersøkinga for 14-åringar, vart lagt fram i 2001.

Læringscenteret tek del saman med departementet og Statistisk sentralbyrå i internasjonalt samarbeid om utvikling av indikatorar for læringsutbytte i OECD. Læringscenteret har teke del i undersøkinga «Methods of evaluating schools» (Eurydice) og har utarbeidd ein nasjonal rapport om vurderingssystem, modellar og metodar for vurdering i grunnskolen.

Utvikling av særskilde læremiddel

Plan for digitale læremiddel 2001-03 er følgt opp, og det er sytt for utvikling slike læremiddel. Det er utvikla læremiddel for små fag i vidaregåande opplæring og teknisk fagskole. Desse er i hovudsak trykte, men nokre har nettbaserte element. Det er utvikla nettbaserte læremiddel på nynorsk i Norsk med samfunnskunnskap for innvandrarar.

Læringscenteret arbeider med utvikling av læremiddel med utgangspunkt i «Handlingsplan for særskilt tilrettelagde læremiddel for barn, unge og vaksne med særskilde behov for perioden 2001–04». Læremiddel for teiknspråklege elevar og læremiddel på punktsskrift er prioritert, jf. kap. 243.

Læringscenteret har initiert utvikling og produksjon av læremiddel for opplæring i morsmål og supplerande læremiddel til tospråkleg opplæring i grunnskolen. Elektronisk katalog for læremiddel for minoritetspråklege elevar er lagd ut på Skole-nettet.

Lærings- og oppvekstmiljø

Læringscenteret har utarbeidd ein heilskapleg strategi for arbeid med lærings- og oppvekstmiljø og har etablert ei felles teneste på nettet.

Læringscenteret har sett i verk eit prosjekt for å styrkje verdiformidling og verdimedvit i skolen.

Læringscenteret har arbeidd med fleire sider ved lærings- og oppvekstmiljøet, med særleg vekt på førebygging av problemåtfærd, mobbing, vald, rus og rasisme. Prosjektet «Skolemekling» er avslutta i grunnskolen og ført vidare i vidaregåande opplæring. Læringscenteret har samarbeidd med Universitetet i Bergen om iverksetjing av Olweus-programmet mot mobbing og antisosial åtfærd, jf. omtale under kategori 07.20.

Læringscenteret har saman med Foreldreutvalet for grunnskolen arbeidd for å styrkje samarbeidet mellom heim og skole gjennom utviklingsprosjekt i eit utval kommunar, og i lærarutdanninga, jf. kap. 204. Læringscenteret har administrert val av skole til Skolebyggprisen og har etablert ei rådgivingsteneste for nybygg og opprusting av skoleanlegg, jf. kategori 07.20.

Læringscenteret har samarbeidd med Trygg Trafikk om vidareføring av prosjektet «Skolebar-nas trafikklubb». Prosjektet blir avslutta i 2004. Miljøhandlingsplanen er følgd opp, nettverk for miljølære er utvikla til å inkludere 42 nye aktivite-tar, og det er sett i verk informasjonskampanjar. Læringscenteret har oppretta ein nettstad for opp-følgning av konferansen om berekraftig utvikling i Johannesburg hausten 2002.

Internasjonalt arbeid

Læringscenteret har teke del i ei rekkje internasjo-nale samarbeidsprosjekt og nettverk med kvalitets-utvikling av opplæringa som formål:

- det nordiske prosjektet «Elevsentrert matema-tikkundervisning» med fokus på eigenvurde-ring. Det er utvikla undervisningsmateriell og eit informasjons- og idéhefte
- nordisk samarbeid om små yrkesfag og om språklege minoritetar
- samarbeid innanfor «Nordisk-baltisk nettverk – Baltic 21» for berekraftig utvikling som tema i opplæringa i skolen
- arbeid med «European Language Portfolio» (ELP), som er eit tiltak under Europarådet for å oppnå godkjenning av utanlandsk kompetanse i framandspråk og for å utvikle gode læringsstra-tegiar
- deltaking i «Det europeiske språkåret» og ansvar for ordninga med reiselektorar og utan-landske språkkonsulentar
- oppfølging av Comenius, der fleire norske sko-lar er med. Comenius er ein del av SOKRATES og støttar prosjektsamarbeid, mobilitet og nett-verk mellom europeiske skolar, samt utvikling av etterutdanningstilbod for lærarar
- «The Environment and School Initiatives Pro-gramme» (ENSI). Det er gjennomført utvi-klingsprogram i ti norske skolar
- «Det europeiske skolenettet» (eSchola) syner pedagogisk innhald og innovativ bruk av nettet, og «Safety awareness on Internet» skal fremme sikrere bruk av Internett for elevar
- koordinering av norsk deltaking i «European Network of Innovative Schools (ENIS)
- koordinering av norsk deltaking i det interna-sjonale miljøprogrammet «Globe», der 96 land er med. Noreg tek del med 70 skolar
- støtte til Elevorganisasjonen sitt arrangement «Internasjonal Uke» og «Operasjon Dagsverk»
- deltaking som «working partner» i «European Agency for Special Needs Education» og samar-beid om ny nettstad for internasjonale utveksling innanfor spesialundervisning

- deltaking i «NordSpes», som er ein felles nor-disk møteplass på nettet innanfor spesialunder-visning

Oppfølging av Handlingsplanen for IKT i norsk utdanning

Læringscenteret har følgd opp arbeidet med plan for IKT i utdanninga 2000-03. Det er utarbeidd ein plan for utvikling av digitale læremiddel, jf. resulta-trapport for Læringscenteret under kap. 248.

Likestilling

Læringscenteret har ansvaret for oppfølging av prosjektet «Operasjon Minerva – jenter og mate-matikk», jf. kap. 248, og har samarbeidd med fag-miljø om å styrkje skoleleiarar og lærarar sin kom-petanse om likestilling.

Andre oppgåver

Læringscenteret har samarbeidd med Norsk Museumsutvikling om utvikling av ein nasjonal plan for «Den kulturelle skolesekken», og har gjen-nomført informasjonstiltak knytte til dette arbei-det.

Resultatmål for 2003

Læringscenteret skal i 2003 i hovudsak ha sentrale oppgåver i tilknytning til kvalitetsutvikling i grunn-skole og vidaregåande opplæring som skissert inn-leiingsvis i kapitlet. I 2003 skal Læringscenteret på oppdrag frå departementet gjennomføre oppgåver, utviklingsprosjekt og andre tiltak knytte til dette kapitlet og til kap. 224, 226, 243 og 248. I 2003 skal Læringscenteret mellom anna:

- arbeide med revisjon av læreplanar og/eller utvikling av nye læreplanar etter oppdrag frå departementet
- koordinere og kvalitetssikre det nasjonale arbeidet med elev- og lærlingvurdering
- føre vidare arbeidet med kartleggingsprøver
- sørge for utvikling, produksjon og distribusjon av læremiddel for ulike opplæringsgrupper, herunder digitale læremiddel, og prioritere udekte område
- ta del i arbeidet med gjennomføringa av hand-lingsplanen «IKT i norsk utdanning – Plan for 2000-2003». Hovudoppgåvene på dette området er knytte til Skolenettet, digitale læremiddel for grunnskolen og vidaregåande opplæring, utvi-klingsarbeid ved bruk av IKT i opplæringa og arbeid med eksamen og ulike former for vurde-ring basert på bruk av IKT

- ivareta nasjonale kompetanseutviklingstiltak etter oppdrag frå departementet, og gi støtte og rettleiing i lokalt utviklingsarbeid
- medverke til at arbeidet med kvalitetsutvikling på det samiske området blir ført vidare
- føre vidare evaluering og forskning med relevans for skoleverket etter oppdrag frå departementet, og informere om resultat
- setje i verk ein heilskapleg strategi for eit godt lærings- og oppvekstmiljø, og vidareføre samarbeid med andre departement om gjennomføringa av ulike handlingsplanar
- følgje opp bilaterale, nordiske og internasjonale aktivitetar innanfor skole og fagopplæring, og levere relevant informasjon og dokumentasjon som kan gi ei samla oversikt over tilstanden i skolesektoren som grunnlag for planlegging og gjennomføring av utdanningspolitiske tiltak lokalt og sentralt
- utføre utgreiingsoppgåver og gi råd, etter oppdrag frå departementet, innanfor dei ulike fagområda senteret har ansvar for
- medverke til å byggje opp kompetanse i den lokale PP-tenesta og stimulere etablering av nettverk mellom desse ved hjelp av Fagleg eining for PP-tenesta

Budsjettforslag for 2003

Løyvinga på post 01 skal dekkje driftsutgiftene ved Læringssenteret. Løyvinga på post 01 kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter på kap. 3202 post 02, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 3202 Læringssenteret (jf. kap. 202)

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
01	Inntekter frå oppdrag	4 855	6 741	7 004
02	Salsinntekter o.a.	10 275	12 762	10 560
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	559		
18	Refusjon av sjukepengar	1 387		
	Sum kap. 3202	17 076	19 503	17 564

I høve til 2002 er det gjort denne tekniske endringa:

- Post 02 er nedjustert med 2,7 mill kroner mot ei parallell nedjustering av kap. 202 post 01.

Løyvinga på post 21 gjeld verksemd som Læringssenteret driv med som oppdrag, i hovudsak frå andre statlege institusjonar. Løyvinga på post 21 kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter frå oppdragsverksemd, jf. forslag til vedtak II nr. 2. I tillegg kan løyvinga på post 21 nyttast under post 70.

Løyvingane blir førte vidare på same nivå som i 2002.

Post 70 Tilskott til læremiddel o.a., kan overførast, kan nyttast under post 21

Det er to tilskottsordningar under denne posten: tilskott til utvikling og produksjon av læremiddel for små elevgrupper og smale fagområde og tilskott til utvikling og produksjon av særskilt tilrettelagde læremiddel og læremiddel for språklege minoritetar. Ordningane blir forvalta av Læringssenteret.

Tilskottsordningane skal medverke til at det blir utvikla og produsert læremiddel til alle elevgrupper, også dei som er så små at det ikkje er grunnlag for kommersiell utvikling.

I 2001 vart det utbetalt i overkant av 29 mill. kroner til utvikling av læremiddel over post 70. Læringssenteret har inngått avtalar med forlaga om produksjon av læremiddel som ikkje enno er ferdigstilte.

Løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2002. Løyvinga må i hovudsak brukast til å dekkje opp kontraktar som alt er inngåtte med forlaga.

Post 01 gjeld oppdragsinntekter. Post 02 gjeld inntekter frå sal av hefte, bøker, video og CDar knytte til grunnopplæringa.

Kap. 203 Statens utdanningskontor (jf. kap. 3203)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
01	Driftsutgifter	118 902	101 927	108 612
21	Særskilde driftsutgifter	4 345	1 200	1 200
	Sum kap. 203	123 247	103 127	109 812

Kapitlet omfattar drift av 18 utdanningskontor. Utdanningskontora er bindeledd mellom departementet og utdanningssektoren i kommunar og fylkeskommunar. Hovudoppgåva er å utføre statlege oppgåver regionalt. Frå 1. januar 2003 vil utdanningskontora bli innlemma i fylkesmannsembetet.

Resultatrapport for 2001–02

Arbeidsoppgåvene til utdanningskontora er m.a.:

- informasjon og rettleiing
- tilsyn, kontroll med at lover blir handheva, og klagehandsaming
- medverke til kvalitetsutvikling i grunnopplæringa
- vurdering, resultatoppfølging og rapportering
- løpande forvaltningsoppgåver, m.a. tilskottsforvaltning

Informasjon og rettleiing frå kontora er avgjerande for ei mest mogleg lik praktisering av lov, forskrift og avtaleverk for det pedagogiske personalet i skolen, og har vore retta mot både skoleeigar, foreldre, elevar og ålmenta. Fleire av kontora har merka eit aukande behov for informasjon og rettleiing grunna nedbygging av skolefagleg kompetanse og kapasitet på kommunenivået.

Utdanningskontora har i 2001 gjennomført tilsyn og ført kontroll med at kommunar og fylkeskommunar overheld regelverk som gjeld opplæring og utdanning. Kontora har handsama svært mange klagesaker som mellom anna gjeld saker om rettane til elevar, lærlingar og lære kandidatlar. I samband med forsøksverksemd etter opplæringslova har kontora handsama ei rekkje søknader.

Kontora har ført tilsyn med private skolar, særleg med faglege og økonomiske tilhøve. Talet på private skolar i fylka varierer, og kontora med flest private skolar har ressursar til å gjennomføre tilsyn med ein relativt liten del av skolane kvart år. Auken i talet private skolar vil krevje auka ressursar til tilsyn.

Kontora har også i 2001 hatt viktige oppgåver i samband med den 4-årige handlingsplanen for

«Kvalitetsutvikling i grunnskolen og vidaregåande opplæring 2000–2003». I tillegg til fordeling av statlege midlar på grunnlag av godkjende kommunale planar omfattar oppgåvene også rettleiing og sakshandsaming knytt til lokalt utviklingsarbeid i kommunar og fylkeskommunar, også i spørsmål som gjeld IKT i utdanninga. I gjennomføringa av SAM-TAK har utdanningskontora i 2001 hatt ei viktig koordinerings- og pådrivarrolle. Kontora har spelt ei viktig rolle i gjennomføringa av handlingsplanen for IKT i norsk utdanning, med særleg vekt på bruk av IKT i opplæringa.

Utdanningskontora har med sin kompetanse medverka til arbeidet i kommunane med vurdering av kvaliteten på opplæringa. Kontora har i 2001 utarbeidd tilstandsrapport for grunnopplæringa i det enkelte fylket. Desse har vore eit viktig grunnlag for den nasjonale tilstandsrapporten for 2001 utarbeidd av Læringssenteret. Utdanningskontora har òg viktige oppgåver i samband med avvikling av eksamen i grunnskolen og i vidaregåande opplæring.

Utdanningskontora har fått delegert ansvar for ei rekkje statlege tilskottsordningar.

Resultatmål for 2003

Som oppfølging av St.meld. nr. 31 (2000–2001) «Kommune, fylke, stat – en bedre oppgavefordeling» vil statens utdanningskontor bli innlemma i fylkesmannsembetet frå 1. januar 2003. I statsbudsjettet for 2002 varsla departementet at ein skulle komme nærare tilbake til spørsmålet om oppgåver i statsbudsjettet for 2003.

Departementet ønskjer å vurdere oppgåvene til utdanningskontora i samanheng med den øvrige statlege utdanningsadministrasjonen, mellom anna i høve til høringsfråsegnene til Kvalitetsutvalet si innstilling og opp mot gjennomgangen av Læringssenteret. Derfor tek departementet sikte på å komme tilbake til dette i samband med Revidert nasjonalbudsjett for 2003. Sjå omtalen av vurderinga av den statlege utdanningsadministrasjonen under kategoriinnleiinga. Departementet legg vekt

på å sikre at den kompetansen som finst i dei statlege utdanningskontora blir ført vidare.

På bakgrunn av dette er det ikkje foreslått overført midlar frå kap. 203 til Arbeids- og administrasjonsdepartementet sitt budsjett i 2003. Midlane på kap. 203 vil bli stilte til disposisjon for fylkesmannsembeta.

Hovudoppgåvene til utdanningskontora blir førte vidare i 2003. Dei viktigaste oppgåvene er:

- informasjon og rettleiing til kommunane, elevar, foreldre og befolkninga generelt
- tilsyn, kontroll med at lover blir handheva og klagehandsaming
- oppgåver i samband med kvalitetsutvikling i grunnskolen og vidaregåande opplæring
- medverke til gjennomføring av handlingsplanen «IKT i norsk utdanning Plan for 2000–2003», jf. kap. 248
- følgje opp kompetanseutviklingsprogrammet for PP-tenesta og skoleleiarar (SAMTAK)
- resultatoppfølging og -rapportering

- ansvar for delegerte forvaltningsoppgåver, m.a. tilskottsforvaltning

I tillegg blir dei nasjonale oppgåvene som er lagde til einsskilde utdanningskontor, førte vidare.

Statens utdanningskontor vart i 2002 tildelt i alt 10 mill. kroner over kap. 226 post 21 til administrasjon av midlane til kvalitetsutvikling i grunnskolen. Desse midlane vil i 2003 bli nytta til kvalitetsutviklingstiltak i grunnopplæringa, jf. kap. 226.

Budsjettforslag for 2003

Løyvinga på post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter er på kap. 3202 postane 02 og 11, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Løyvinga på post 21 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter frå oppdragsverksemd, jf. forslag til vedtak II nr. 2.

Løyvinga under kapitlet blir ført vidare på same nivå som i 2002.

Kap. 3203 Statens utdanningskontor (jf. kap. 203)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
01	Inntekter frå oppdrag	4 249	1 200	1 200
02	Salsinntekter o.a.	2 838	3 688	3 832
11	Kursavgifter	10 141	6 767	7 031
15	Refusjon for arbeidsmarknadstiltak	514		
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	1 256		
17	Refusjon for lærlinger	92		
18	Refusjon av sjukepengar	3 267		
	Sum kap. 3203	22 357	11 655	12 063

Post 01 gjeld oppdragsinntekter, og post 02 gjeld salsinntekter o.a. ved statens utdanningskontor. Post 11 gjeld inntekter i samband med at

utdanningskontora står som teknisk arrangør av kurs og konferansar.

Kap. 204 Foreldreutvalet for grunnskolen (jf. kap. 3204)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
01	Driftsutgifter	5 465	5 395	5 600
	Sum kap. 204	5 465	5 395	5 600

Foreldreutvalet for grunnskolen (FUG) er eit rådgivande organ for departementet og skal arbeide for å styrkje engasjementet til foreldra i grunnskolen gjennom informasjon, skoling og rettleiing.

Nytt FUG vart oppnemnt i januar 2000, med sju medlemmer og to varamedlemmer. Funksjonstida for noverande utval går ut 31. desember 2003.

Resultatrapport for 2001–02

Mellom dei viktigaste tiltaka i skoleåret 2001–02 var informasjon til foreldre, «Foreldreaksjonen 2001», «Grunnskolen si veke», seminar for medlemmer av kommunale foreldreutval, prosjekt om samarbeid mellom heim og skole i Oppland og Nordland, prosjekt om heim-skole-samarbeid i lærarutdanninga, arbeid for barn med særskilde behov, arbeid for språklege minoritetar, samt kontakt med nasjonale og internasjonale organisasjo-

nar, styre og råd. Vidare er det under utvikling eit elektronisk foreldrenettverk som tek sikte på å styrkje arbeidet med informasjon og rettleiing til foreldra i grunnskolen.

Resultatmål for 2003

FUG vil også i 2003 arbeide vidare etter dei retningslinjene som er trekte opp i St.meld. nr. 14 (1997–98), jf. Innst. S. nr. 117 (1997–98). I samsvar med formålsparagrafen i grunnskolen skal FUG medverke til eit godt samarbeid mellom heim og skole, og ta hand om interessene til foreldra og dei føresette i samarbeid med skoleverksemda. Arbeidet med «Grunnskolen si veke» vil bli utvikla og ført vidare. Utviklinga av det elektroniske foreldrenettverket held fram. Eit treårig prosjekt som søker å nytte den ressursen minoritetspråklege foreldre representerer, vart sett i gang hausten 2002.

Budsjettforslag for 2003

Løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2001. Løyvinga på post 01 kan overskridast mot tilsva-

rante meirinntekter på kap. 3204 post 02, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 3204 Foreldreutvalet for grunnskolen (jf. kap. 204)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
02	Salsinntekter o.a.	253	212	220
18	Refusjon av sjukepengar	11		
	Sum kap. 3204	264	212	220

Inntektene på post 02 kjem frå sal av informasjon- og rettleiingsmateriell til foreldre, skolar o.a.

Kap. 206 Samisk utdanningsadministrasjon

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
50	Tilskott til Sametinget	25 938	25 687	26 689
	Sum kap. 206	25 938	25 687	26 689

Kapitlet omfattar:

- driftsutgifter knytte til administrering av opplæringsavdelinga til Sametinget
- utgifter til produksjon og utvikling av læremiddel for samiske elevar, medrekna produksjon av spesialpedagogiske læremiddel i samsvar med godkjend handlingsplan
- råd og rettleiing til lærarar som gir opplæring til samiske elevar i barnehage, grunnskole og vidaregåande opplæring

Resultatrapport for 2001–02

Sametinget har rådgivingsoppgåver overfor kommunar og fylkeskommunar og har vore med på møte departementet har hatt med utdanningskontor og skoleeigarar. Sametinget er også sikra deltaking ved tilsynsbesøk i kommunar innanfor det samiske forvaltningsområdet.

Sametinget har ført vidare arbeidet med informasjon, kompetanseutvikling, rettleiings- og utviklingstiltak i samband med iverksetjinga av L97 Samisk. Prioriterte oppgåver har vore utvikling og produksjon av samiske læremiddel tilpassa nye læreplanar i grunnskolen og i vidaregåande opplæring, samt rettleiing i vaksenopplæring. Det er vidare utvikla elektroniske læremiddel som er tilgjengelege på nettet. Det er utarbeidd læreplan for reindriftsfaget, og arbeidet med rettleiing for bedriftene er sett i gang. Sametinget har vidare sett på behovet for samisk opplæring utanfor forvaltningsområdet for samisk språk, både i grunnskolen og i vidaregåande opplæring. I denne sammenhengen er det peika på problem elevane kan ha med å få slik opplæring.

Resultatmål for 2003

Departementet legg vekt på god kommunikasjon med Sametinget i saker som gjeld opplæring generelt og opplæring i høve til den samiske befolkninga spesielt. Sametinget vil ta del i fellesmøte i statleg utdanningsadministrasjon, og ved høve i møter mellom departementet og andre statlege institusjonar som arbeider med opplærings spørsmål knytte til samisk skole.

Sametinget skal mellom anna føre vidare desse oppgåvene:

- informasjon, kompetanseutvikling, rettleiing og utviklingstiltak i samanheng med iverksetjinga av L97 Samisk
- utvikling, kvalitetssikring og produksjon av samiske læremiddel tilpassa nye læreplanar for grunnskolen og vidaregåande opplæring
- gi faglege råd og støtte til lærarar som underviser samiske elevar i barnehage, i grunnskolen og i vidaregåande opplæring i og utanfor det samiske kjerneområdet
- utvikling av handlingsplanar for spesialpedagogiske læremiddel, samisk del, i samarbeid med Læringssenteret
- samarbeid med kommunane og fylkeskommunane om informasjonsverksemda retta mot vaksne med samisk som morsmål om retten deira til grunnskole og vidaregåande opplæring

Budsjettforslag for 2003

Løyvinga under kapitlet blir ført vidare på same nivå som i 2002.

For løyvingar til andre samiske utdanningsformål, sjå omtale under kategoriane 07.20 og 07.40.

Kap. 210 Tilskott til trdomssamfunn m.m. og privatåtte skole- og kyrkjebygg

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
70	Tilskott til trdomssamfunn og livssynssamfunn, <i>overslagsløyving</i>	86 395		
73	Tilskott til Norges frikirkeråd	6 993		
76	Tilskott til råd for tru og livssyn	971		
77	Norges kristne råd	800		
	Sum kap. 210	95 159		

Kap. 210 Tilskott til trdomssamfunn m.m. og privatåtte skole- og kyrkjebygg er overført til Kultur- og kyrkjedepartementet frå 1. januar 2002.

Programkategori 07.20 Grunnskolen og vidaregåande opplæring

Grunnskolen blir i hovudsak finansiert gjennom dei frie inntektene til kommunane (dvs. rammetilskott og skatteinntekter), mens den vidaregåande opplæringa i hovudsak blir finansiert gjennom dei frie inntektene til fylkeskommunane. Overføringane gjennom inntektssystemet og gebyrinntekter

utgjer over 90 pst. av dei totale inntektene. Dei midlane som blir løyvde over kategori 07.20, går til særskilde tiltak i grunnskolen og i den vidaregåande opplæringa og kjem i tillegg til overføringane gjennom inntektssystemet til kommunesektoren.

Utgifter under programkategori 07.20 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003	Pst. endr. 02/03
0221	Grunnskolen (jf. kap. 3221)	1 340 400	1 887 123	1 475 554	-21,8
0222	Statens grunnskolar og grunnskoleinternat (jf. kap. 3222)	52 484	41 767	43 381	3,9
0223	Vidaregåande opplæring		222 172	262 404	18,1
0224	Fellestiltak i grunnskolen og vidaregåande opplæring		323 906	266 819	-17,6
0226	Kvalitetsutvikling i grunnskolen og vidaregåande opplæring		360 268	381 818	6,0
0228	Kvalitetsutvikling i grunnskolen	312 339			
0229	Andre formål i grunnskolen	617 064			
0232	Statlege skolar med opplæring på vidaregåande nivå (jf. kap. 3232)		103 121	107 697	4,4
	Sum kategori 07.20	2 322 287	2 938 357	2 537 673	-13,6

Budsjettforslaget under kategori 07.20 utgjer om lag 2 538 mill. kroner. Det er ein reduksjon på om lag 400 mill. kroner i høve til saldert budsjett 2002. Av dette skriv om lag 229,5 mill. kroner seg

frå tekniske endringar, jf. omtale under det enkelte kapitlet.

Kapittel- og poststrukturen under programkategori 07.20 vart endra i samband med statsbudsjettet for 2002, sjå St.prp. nr. 1 (2001-2002).

Inntekter under programkategori 07.20 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003	Pst. endr. 02/03
3221	Grunnskolen (jf. kap. 221)	30 095	46 388	41 243	-11,1
3222	Statens grunnskolar og grunn- skoleinternat (jf. kap. 222)	3 463	350	364	4,0
3232	Statlege skolar med opplæring på vidaregåande nivå (jf. kap. 232)		5 951	6 181	3,9
	Sum kategori 07.20	33 558	52 689	47 788	-9,3

Budsjettforslaget for kategori 07.20 utgjør om lag 48 mill. kroner. Det er ein reduksjon på 5 mill. kroner i høve til saldert budsjett 2002.

Kapittel- og poststrukturen under programkategori 07.20 vart endra i samband med statsbudsjettet for 2002, sjå St.prp. nr. 1 (2001-2002).

Mål: Heve kvaliteten i grunnopplæringa og gi alle likeverdige moglegheiter til å utvikle kunnskapar, dugleik, verdiar og haldningar

Det 13-årige opplæringsløpet skal gjere eleven og lærlingen kvalifisert til anten vidare studiar eller utøving av eit yrke, og motivere for vidare læring gjennom heile livet. Løpet består av 10-årig grunn-

skole og 3-årig vidaregåande opplæring, eventuelt to år i skole og to år i bedrift i fagopplæringa.

Tilstandsvurdering

Ressursar

I skoleåret 2001–02 var det registrert 588 521 elevar i ordinære offentlege grunnskolar. Talet på elevar i grunnskolen har stige i dei siste åra, og veksten siste år var på drygt 1,4 pst. Til tross for dette held gjennomsnittleg elevtal per klasse seg stabilt. I fylkeskommunal vidaregåande opplæring var det 153 902 elevar og 29 623 lærlingar skoleåret 2001–02, ein nedgang på 1,0 pst. og 1,1 pst. frå skoleåret før.

Elevar og lærlingar, klassar og skolar i ordinære kommunale og interkommunale grunnskolar og i vidaregåande opplæring, 1998–99 til 2001–02

Nivå	1998–99	1999–00	2000–01	2001–02
<i>Grunnskole</i>				
Elevar	559 523	570 695	580 208	588 521
Klassar	28 106	28 482	28 820	29 074
Skolar ¹⁾	3 203	3 188	3 168	3 147
Elevar per klasse	19,9	20,0	20,1	20,2
<i>Vidaregåande opplæring</i>				
Elevar	164 078	160 244	155 440	153 902
Skolar	560	537	520	503
Lærlingar	32 350	31 446	29 945	29 623

¹⁾ Fylkeskommunale og private skoler

Kjelde: SSB (GSI 2001 og KOSTRA)

I tillegg til dette går 10 500 elevar ved 96 ordinære private grunnskolar. Dette er ein vekst på 6,7 pst. frå året før, og desse elevane utgjer no 1,8 pst. av alle elevane i grunnskolen i Noreg. Det går om lag 8 000 elevar ved ordinære private vidaregåande skolar, og i tillegg 3 000 elevar ved private vidaregåande skolar som ikkje har parallellar i det offentlege skoleverket. Sjå kap. 240 post 70 for meir informasjon om dei private skolane.

Talet på offentlege grunnskolar er redusert i perioden 1997–98 til 2001–02. Dette er fordi fleire små skolar er lagde ned. I 2001 vart det lagt ned 26

skolar og oppretta 11 nye. Om lag halvparten av elevane går i dag i skolar med meir enn 300 elevar, og gjennomsnittleg skolestorleik er stigande. Dei fleste skolenedleggingane er reelle i den forstand at dei ikkje var resultat av samanslåingar eller anna form for samorganisering. Ifølgje utdanningskontora skyldast dei fleste reelle nedleggingane økonomiske og pedagogiske forhold knytte til eit svært lågt elevtal. I mange av tilfella har foreldra sjølve bedt om at elevane blir flytta til ein større skole med eit større sosialt og pedagogisk miljø.

Årsverk per elev i ordinære kommunale og interkommunale grunnskolar og i vidaregåande opplæring, 1998–99 til 2001–02.

Nivå	1998–99	1999–2000	2000–01	2001–02
<i>Grunnskole</i>				
Elevar per lærarårsverk	11,34	11,47	11,56	11,58
Elevar per assistentårsverk	155	144	138	137
<i>Vidaregåande opplæring</i>				
Elevar per lærarårsverk	7,51	7,66	7,40	-

Kjelde: SSB (GSI 2001 og KOSTRA)

Talet på elevar per lærarårsverk i grunnskolen har halde seg stabilt på om lag 11,5 i dei seinare åra, mens bruken av assistentar er utvida. Talet på elevar per lærarårsverk i vidaregåande opplæring

har gått ned. Dette kjem mellom anna av at andelen på yrkesfaglege studieretningar har auka. Det er færre elevar i klassane på yrkesfaglege enn på allmennfaglege studieretningar.

Tilleggstimar i ordinære kommunale og interkommunale grunnskolar, som prosenttillegg til minstetimetale¹⁾

	1998–99	1999–2000	2000–01	2001–02
Spesialundervisning	22,2	22,1	21,9	21,2
Delingstimar	24,2	23,0	23,0	22,9
Andre timar ²⁾	33,6	32,4	32,3	32,7
Tilleggstimar i alt	80,0	77,5	77,2	76,8

¹⁾ Minstetimetale er det undervisningstimetale ein elev etter læreplanen har rett til.

²⁾ Andre timar omfattar mellom anna timar til særskild norskopplæring og morsmålsopplæring, timar til finsk, samisk og avtalebaserte årstimar.

Kjelde: SSB (GSI 2001)

Tilleggstimar seier noko om kor mange lærar-timar kommunane bruker i skolen ut over minstetimetale. I dei seinare åra har minstetimetale i grunnskolen stige fordi talet på klassar har gått opp, særleg på ungdomstrinnet. Bruken av delingstimar og timar til spesialundervisning per

elev har samla gått noko ned. Det er samstundes ein aukande tendens til å flytte ressursar frå spesialundervisning etter enkeltvedtak til fleire delingstimar i klassane. Dette er ei ønskt utvikling.

I OECD-publikasjonen Education at a Glance frå 2001 er ressursinnsatsen per elev i grunnskolen

i ulike land samanlikna. Danmark merkjer seg ut som det landet som bruker mest ressursar på grunnskolen, mens Noreg ligg på femteplass av dei 25 landa som svarte i undersøkinga.

Resultata frå Education at a Glance og forskingsprosjektet PISA (OECD Programme for International Student Assessment) gir ingen indikasjonar på at meir ressursar fører til betre faglege resultat blant elevane. Landa som har dei beste faglege resultata, har fleire eller like mange elevar per lærarårsverk som gjennomsnittet for OECD. Noreg har høgare kostnader per elev enn dei landa som gjer det best i PISA-undersøkinga, samtidig som norske elevar berre presterer gjennomsnittleg i ein del sentrale fag. Kunnskapen om samanhengen mellom resultat og ressursinnsats er generelt for liten. Dette gjeld for både grunnskole og vidaregåande opplæring.

Det har vorte hevda at den høge ressursinnsatsen per elev i Noreg har si årsak i geografiske forhold, og at skoledrifta i grisgrendte kommunar er svært kostbar. Tal frå Statistisk sentralbyrå viser imidlertid at det samla talet på elevar i små kommunar er så lågt at dei høge gjennomsnittskostnadene per elev i Noreg i liten grad kan forklarast med høge utgifter i grisgrendte kommunar. Gjennomsnittskostnaden per grunnskoleelev i dei fem største bykommunane ligg i underkant av 3 pst. under gjennomsnittet på landsbasis. Verken forholda i grisgrendte strøk eller bykommunane kan forklare den høge ressursinnsatsen per elev i Noreg.

Sett samla har ressursinnsatsen per elev og lærling i vidaregåande opplæring auka frå 1990-åra og fram til i dag. Talet på elevar har gått ned med om lag 15 pst. etter 1994, utan at dei utgiftene fylkeskommunane har til vidaregåande opplæring, er redusert tilsvarende.

Læringsutbytte og faglege prestasjonar i grunnskolen

Noreg tek del i fleire internasjonale undersøkingar for å kartleggje elevane sitt utbytte av opplæringa. Karakterane elevane oppnår ved avslutta opplæring, gir i seg sjølv ikkje innsikt i kva for mål i læreplanane elevane har oppnådd. Sidan karakterane tidlegare vart fastsette ut frå ei tilnærma normalfordeling, seier dei heller ikkje noko om kunnskapsnivået i dag, samanlikna med nivået for 5–10 år tilbake.

PISA-prosjektet samanlikna kompetansen til 15-årige elevar innanfor lesing, matematikk og naturfag. Undersøkinga viser at norske barn ligg

rett under OECD-gjennomsnittet når det gjeld lesing, og klart bak Sverige og Finland. Mangel på leseinteresse hos gutar er særleg urovekkjande. Noreg er blant dei landa der lesedugleiken blant elevane varierer mest.

Ei undersøking utført av Senter for leseforskning viser at lesedugleiken blant elevar i 7. klasse er gått ned. Nedgangen er ikkje dramatisk, men det er no både fleire dårlege og færre gode lesarar enn i 1994.

PISA-undersøkinga viser at norske elevar ligg om lag på gjennomsnittet for OECD når det gjeld dugleik i matematikk og naturfag, og bak dei andre nordiske landa, som alle presterer signifikant høgare enn gjennomsnittet.

Ei undersøking blant meir enn 90 000 ungdommar frå 28 land, Civic Education Study, viser at norske 14-åringar i høve til andre land har gode kunnskapar om kor viktig det er med lover, politiske rettar og demokratiske institusjonar, medan elevane i mindre grad ønskjer å engasjere seg politisk. Støtte til politiske rettar for kvinner står særleg sterkt blant norske elevar.

Læringsutbyttet for elevane må sjåast i samanheng med elevane sine læringsstrategiar og med omfang av uro i skolen, jf. omtale under lærings- og oppvekstmiljø. Resultata frå PISA-prosjektet viser også at Noreg ikkje har lykkast med å jamne ut effekten av foreldra sin kulturelle bakgrunn og elevane sine sosiale nettverk på skolerresultata til barna. Dette er noko overraskande sidan tanken om einskapsskolen står sterkt i Noreg. Undersøkinga viser òg at norske elevar i høve til elevar i andre land har dårlege læringsstrategiar. Det vil seie at elevane sine evner til å knytte ny kunnskap til eksisterende kunnskap, og deira evne til å gjere seg bevisst resultata av si eiga læring, er svake.

Skolen er ikkje komme langt nok i å tilpasse opplæringa i høve til det breie spekteret av ulike behov og føresetnader blant elevane. Den er heller ikkje fleksibel nok til å ivareta behova fullt ut verken for elevar som føler at skolen er for teoritung, eller for elevar som treng meir å strekkje seg etter. Vi har mangelfull kunnskap om kva for effektar spesialundervisning har på læringsutbyttet. Det er store lokale variasjonar i omfanget av spesialundervisning. Dette skuldast truleg ulike pedagogiske strategiar og kompetanse i høve til tilpassa opplæring. Frå forskingshald er det peika på at enkeltvedtak om spesialundervisning kan bli brukt strategisk til å skaffe ekstra ressursar. Det har òg vore hevda at skolar har hatt ein tendens til å fokusere på vanskanane til elevane, framfor på deira mestringspotensial.

Faglege resultat, rekruttering, gjennomstrøyming og fråfall i vidaregåande opplæring

Tal frå Statistisk sentralbyrå viser at 95 pst. av dei som avslutta grunnskolen i skoleåret 2001–02, gjekk rett over i vidaregåande opplæring. For minoritetsspråklege elevar er talet 90 pst.

Andelen elevar på yrkesfaglege studieretningar har auka etter 1994 og fram til 2001–02. Søking til yrkesfaglege studieretningar er også høg for skoleåret 2002–03. Om lag halvparten av elevane begynner på yrkesfaglege studieretningar. Dette er god rekruttering i internasjonal samanheng. Dei nye studieretningane medier og kommunikasjonsfag og sal- og servicefag er vorte populære. Samstundes sviktar rekrutteringa til fleire andre yrkesfag. Dette gjeld mellom anna ein del handverksfag, industrifag og helse- og sosialfag. I tillegg er den skeive fordelinga mellom jenter og gutar på dei yrkesfaglege studieretningane eit problem. Mellom anna er 90 pst. av elevane på helse- og sosialfag jenter, medan det eksempelvis er over 95 pst. gutar på byggfag og mekaniske fag.

Eit enkelt uttrykk for at elevane lykkast i vidaregåande opplæring, og at dei finn opplæringa tilstrekkeleg attraktiv, er at dei fullfører. Rapporten «6 år etter» frå Norsk institutt for studier av forskning og utdanning (NIFU 2002) viser at om lag 80 pst. av elevane med rett til vidaregåande opplæring som begynte i vidaregåande opplæring i 1994, fullførte. Av dei som fullførte, var det 55 pst. som oppnådde studiekompetanse og om lag 25 pst. som oppnådde yrkeskompetanse. Dei resterande 20 pst. oppnådde kompetanse på eit lågare nivå, og av desse slutta halvparten før dei hadde vore i vidaregåande opplæring i tre år. Av dei som ikkje hadde rett til vidaregåande opplæring, oppnådde om lag 50 pst. anten studiekompetanse eller yrkeskompetanse i løpet av seks år.

Det er større fråfall på yrkesfaglege enn på allmennfaglege grunnkurs. Våren 2000 fullførte berre 73 pst. av elevane det yrkesfaglege grunnkurset dei hadde starta på (SSB).

Forskning viser at språklege minoritetar i gjennomsnitt har svakare skoleprestasjonar og dårlegare gjennomstrøyming enn det totale gjennomsnittet i vidaregåande opplæring. Blant 21-åringar i 1999 hadde 76 pst. av majoritetsungdommane oppnådd studie- eller yrkeskompetanse, mens dette berre gjaldt 39 pst. av innvandrardom i første generasjon med ikkje-vestleg bakgrunn (NIFU 2001). Elevar med minoritetsspråkleg bakgrunn har framleis vanskelegare for å bli formidla til læreplassar enn dei andre elevane, sjølv når dei har gode karakterar.

Testar frå Norsk Matematikkråd av forkunnskapane til studentane, viser eit kontinuerleg fallande kunnskapsnivå i matematikk sidan 1982. Resultata i 2000 og 2001 viser at det generelt står dårleg til med startgrunnlaget i matematikk til nye studentar i realfaglege studium. Spesielt svak er kompetansen i matematikk hos studentar som tek til i lærarutdanninga. Det kan sjå ut til at generell studiekompetanse frå vidaregåande opplæring ikkje er eit godt nok grunnlag for høgere utdanning. Universitet og høyskolar må arrangere forkurs, sommarkurs o.l. for å bøte på mangelfull kompetanse.

Skoleleiing og lærarar

Fleirtalet av dagens skoleleiarar har ikkje formell leiarutdanning, og det er behov for å styrkje kompetansen og auke handlingsrommet deira. Dette viser ei undersøking om arbeidsforholda til skoleleiarane i grunnskolen som er, utført av Institutt for lærarutdanning og skoleutvikling. Mange institusjonar tilbyr i dag vidareutdanning i leiing, og her er lærarar og leiarar i opplæringssektoren ei sentral målgruppe.

Viktige grunner til dette er auka lærarlønn, endra arbeidstidsavtale for lærarar og mange nyutdanna lærarar. Talet på søkjarar til allmennlærarutdanninga steig med ni pst. frå hausten 2001 til hausten 2002. Det er for få manlege lærarstudentar og lærarar, spesielt i grunnskolen. Vidare er rekrutteringa av allmennlærarar med minoritetsbakgrunn framleis for lav.

Det vil bli fleire elevar i vidaregåande opplæring og eit stigande behov for lærarar i åra som kjem. Samtidig er gjennomsnittsalderen til lærarane høg, og mange vil snart nå pensjonsalderen. Rekrutteringa av lærarar i matematikk, fysikk, det andre framandspråket og i enkelte av yrkesfaga til vidaregåande opplæring er dårleg.

I skoleåret 2001–02 hadde 95 pst. av lærarane i grunnskolen godkjend utdanning.

Tilstandsrapportar frå utdanningssektoren viser at kompetanseutviklinga i grunnskolen i 2001 var meir skolebasert og retta inn mot det daglege arbeidet til lærarane enn tidlegare. Dette er positivt. Skoleeigar har hovudansvaret for kompetanseutviklinga i skolen, i tillegg blir det gitt eit statleg bidrag som ei ekstra støtte til den kommunale satsinga. Rapportar viser at det statlege bidraget til kompetanseutvikling i 2001 i for liten grad har ført til etter- og vidareutdanning i dei prioriterte faga (engelsk, matematikk og naturfag). Framleis er det også svært få lærarar som ved hjelp av statstilskottet, har hatt permisjon for vidareutdanning eller hospitering. Omfanget av kompetanseutvik-

ling i kommunane har med andre ord ikkje auka så mykje som auken i statstilskottet la til rette for. Departementet arbeider med å målrette midlane betre, jf. kap. 226.

Vidareutdanning i pedagogisk bruk av IKT er eit prioritert område. Hausten 2002 startar kurstilbodet LærarIKT. Kurset er retta mot lærarar med liten eller ingen kompetanse i pedagogisk bruk av IKT i opplæringa. Målet for satsinga til departementet er at 40 000 lærarar skal ha gjennomgått grunnleggjande etterutdanning i pedagogisk bruk av IKT. Sommaren 2002 hadde om lag 12 500 lærarar meldt seg på kurset. I tillegg blir det gjennomført andre tilsvarende kurs. 19 høgskolar og universitet medverkar i gjennomføringa av kursa.

I vidaregåande opplæring er prosjektet «Differensiering og tilrettelegging» ført vidare. Prosjektet er sett i gang på alle dei vidaregåande skolane med eit eller fleire prosjekt, og dreier seg primært om å auke kompetansen lærarane har i tilpassa opplæring med varierende arbeidsmåtar og endra strukturar. Prosjektet blir avslutta våren 2003. Det er også gjennomført etterutdanning knytt til innføring av nye studieretningar. Samtidig som det er rapportert behov for kompetanseutvikling på nokre fagområde, er det mindre aktivitet når det gjeld instruktørar.

Lærings- og oppvekstmiljø

Undersøkingar av læringsmiljøet i skolen viser at trivselen til elevane er høg, men at det er mykje bråk og uro i skolekvardagen. I den nettbaserte undersøkinga «Elevinspektørene – elevenes skolevurdering» seier over 75 pst. av elevane i ungdomsskolen og vidaregåande opplæring at dei trivst godt på skolen og i klassen. Samstundes viser PISA-undersøkinga at Noreg er blant dei landa som har minst disiplin og mest uro i ungdomsskolen. Elevane seier i undersøkinga at kvardagen i skolen ofte er prega av støy og manglande respekt for læraren, og at mykje tid går med til å roe ned klassen. Også andre undersøkingar stadfester at uro ofte forstyrrar undervisninga. Dette er ikkje alvorleg som einskilde hendingar, men når uro dominerer, øydelegg det læringsmiljøet. Det er nødvendig å setje i verk tiltak både for å hindre uro og for å motverke meir alvorleg problemåtfærd. Dette er først og fremst ansvaret til skolen og skoleeigaren, men sentrale styresmakter vil også gi bidrag.

Undersøkingar om arbeidsmiljø frå Statistisk sentralbyrå viser at færre lærarar opplever eit dårleg forhold mellom tilsette og elevar i 2000 enn i perioden 1989–96. Samstundes seier fleire lærarar

no enn før at dei er utsette for vald eller truslar om vald.

Tal frå nyare undersøkingar viser ei lita auke i talet på elevar som er involverte i mobbing i grunnskolen (frå 15 til 17 pst.). Talet på elevar som er innblanda i meir alvorleg og hyppig mobbing, har auka meir (Olweus 2001). Det generelle biletet er at det samla omfanget av problemåtfærd i grunnskolen stig svakt med klassetrinna fram til ein topp på ungdomstrinnet, for deretter å gå tilbake i vidaregåande opplæring.

Lærarane og skoleleiarane er den viktigaste ressursen i arbeidet med læringsmiljøet i skolen. Skoleeigarar og skolar ønskjer statleg innsats i arbeidet med å motverke problemåtfærd. Dei ønskjer informasjon og rettleiing om modellar og tiltak som gir positive resultat, og om arenaer for deling av erfaringar og kompetanseutvikling.

Det er nødvendig med tiltak som kan sikre ei betre integrering av foreldre med minoritetsbakgrunn i skolesamfunnet. Tiltaka skal rettast spesielt mot mødre med svake norskkunnskapar. Departementet starta derfor i 2002 det 3-årige prosjektet «Minoritetsspråklige foreldre – en ressurs for elevenes opplæring i skolen» i samarbeid med FUG, jf. kap. 204 Foreldreutvalet for grunnskolen.

Ei nasjonal evaluering av skolefritidsordninga (SFO) vart lagd fram våren 2002. Den viser mellom anna at aktiviteten i SFO i hovudsak er frileik og aktivitetar som barna sjølve har teke initiativ til. Dei fleste foreldra seier at dei er nøgde med tilbodet. Foreldra til barn med særskilde behov er likevel mindre nøgde. Undersøkinga viser også at barna trivst i fritidsordninga.

Det fysiske læringsmiljøet er også ein viktig faktor for at elevane skal få godt utbytte av opplæringa. Dette gjeld skolebygg, inneklima og uteområde. Kommunesektoren har ansvaret for både vedlikehald, opprusting og utbygging av skoleanlegg. For å styrkje dette arbeidet vedtok Stortinget i 2002 ei statleg finansieringsordning der kommunar og fylkeskommunar skal få kompensert renteutgifter knytte til nybygg, rehabilitering, opprusting og utbetring av skoleanlegg. Ordninga gjeld anlegg som er ferdigstilte etter 1. januar 2002. For 2003 er låneramma 1 mrd. kroner. Løyvinga skjer over Kommunal- og regionaldepartementet sitt budsjett. Læringscenteret har etablert ei rådgivingsteneste for nybygg, rehabilitering og opprusting av skoleanlegg. Tenesta skal formidle råd om mellom anna arealplanlegging, inneklima, miljøvennlige bygg, energiøkonomisering, arkitektur/estetikk og pedagogiske løysingar i samarbeid med aktuelle fagmiljø som SINTEF, Byggforsk og Norsk Form.

Undersøkinga «IKT i skolen» som Norsk Galup Institutt AS gjorde for departementet i 2002, viser at infrastruktur, maskinar, tilgang til Internetet og programvare er lagde godt til rette for pedagogisk bruk av IKT i opplæringa. I vidaregåande opplæring er det 3,5 elevar per datamaskin, og 97 pst. av skolane seier at elevane har tilgang til IKT-utstyr i skoletida.

Internasjonalt samarbeid

Noreg har i 2002 formannskapet i Nordisk ministerråd. I det nordiske skolesamarbeidet under Nordisk Ministerråd har formannskapet prioritert fire tema: morgondagens skole, entreprenørskap, livslang læring og verdier i opplæringa. Det er lagt til rette for nordisk erfaringsutveksling og idéutvikling på desse områda gjennom publikasjonar og konferansar.

Noreg tek også aktivt del i dei europeiske utdanningsprogramma SOKRATES og LEONARDO DA VINCI. Comenius er ein del av SOKRATES og støttar prosjektsamarbeid, mobilitet og nettverk mellom europeiske skolar, samt utvikling av etterutdanningstilbod for lærarar, jf. Kap. 281. LEONARDO DA VINCI styrkjer mellom anna mobiliteten innanfor fagopplæringa og utviklingsprosjekt som fremme ny kunnskap. Frå 1. august 2001 har Noreg teke del i EUROPASS, ei ordning tilknytt LEONARDO DA VINCI. EUROPASS gir dokumentasjon av praksis i EØS-området som del av yrkesutdanninga, og er utvikla for å auke mobiliteten innanfor programmet ytterlegare.

I 2002 har departementet styrkt den internasjonale orienteringa innanfor yrkesopplæringa ved å utvikle bilateralt samarbeid med søkjarlanda til EU innanfor tilsvarande rammer som for LEONARDO DA VINCI, jf. kap. 223.

Strategiar

Kvalitetsvurdering

Regjeringa sette hausten 2001 ned eit offentleg utval, «Kvalitetsutvalet for modernisering av rammevilkåra for grunnopplæringa », som har fått i oppdrag å vurdere struktur, innhald og organisering i heile grunnopplæringa. Utvalet skal mellom anna gjere greie for, analysere og vurdere noverande grunnopplæring med omsyn til innhald, kvalitet og organisering. Utvalet skal òg foreslå tiltak som på kort og lang sikt kan medverke til betre samanheng i grunnopplæringa, og at opplæringa ivaretek kompetansebehovet til den enkelte, arbeidslivet og samfunnet. Hovudinnstillinga skal ligge føre i april 2003.

Kvalitetsutvalet la fram ei delinnstilling 14. juni 2002, «Førsteklasses fra første klasse» (NOU 2002:10), med forslag til eit rammeverk for eit nasjonalt kvalitetssystem av norsk grunnopplæring. Utvalet legg vekt på at god kunnskap om både resultat, prosessar og rammefaktorar er føresetnaden for ei kontinuerleg forbetring av kvaliteten i grunnopplæringa. Innstillinga har vore på høring. Departementet tek sikte på ei rask handsaming av forslaga i innstillinga og høringsuttalelsane.

Som ein del av moderniseringsprogrammet til Regjeringa har departementet sett i gang eit arbeid innanfor grunnopplæringa. Dette arbeidet skal mellom anna følge opp forslaga i delinnstillinga til Kvalitetsutvalet. Ein vil mellom anna greie ut og foreslå tiltak som kan gi informasjon om elevane sitt læringsutbytte, læringsmiljø og læringsressursar. Tiltaka skal leggje til rette for informerte avgjersler på alle nivå i skolesystemet, det vil seie å gi informasjon om kvaliteten i opplæringa til foreldre, elevar, lærarar, skoleleiarar, utdanningsadministrasjon og nasjonale styresmakter.

Det er behov for meir systematisk innhenting og bruk av informasjon om læringsutbyttet og læringsmiljøet til elevane, og om bruk av ressursar i skolen. Departementet vil på bakgrunn av m.a. innspill frå høringsinstansane vurdere å utvikle nasjonale prøver. Prøvene vil gi grunnlag for å vurdere utbytte av opplæringa med vekt på kunnskap, dugleik og haldningar. Det er viktig å utvikle verkøy som gjer den einskilde skolen betre i stand til å arbeide med forbetring.

For å oppmuntre til innsats i arbeidet med å auke kvaliteten i opplæringa har departementet i 2002 innført ei prøveordning med påskjøning av skolar som har merkt seg ut. Om lag 900 skolar søkte om å bli bonus- eller demonstrasjonsskole. I 2002 er det oppnemnt 92 bonusskolar og 22 demonstrasjonsskolar. Bonusskolar er skolar som m.a. har drive systematisk utviklingsarbeid og kan vise til gode resultat. Dei som er bonusskolar i 2002, har fått eit tilskott på 50 000 kroner. Demonstrasjonsskolane er skolar som over tid har peika seg ut når det gjeld opplæring i prioriterte fag, betring av læringsmiljøet eller når det gjelder utvikling av skoleanlegg. Dei får 500 000 kroner per år i to år for å informere andre og å ta imot besøk og hospitantar. Midlane skal også kunne brukast til kompetanseutvikling for lærerere. Departementet vil føre vidare ordninga med bonus- og demonstrasjonsskolar i 2003. Departementet vil også vurdere å utvide tilbodet til å omfatte lærebedrifter. Departementet vil også, i samarbeid med Kommunenes Sentralforbund, vurdere ein «kvalitetspris» til gode skoleeigarar. Prisen skal delast ut

til kommunar eller fylkeskommunar som merkjer seg ut som gode arbeidsgivarar og skoleeigarar. Prisen skal stimulere til målretta arbeid for å heve kvaliteten på opplæringa.

Læringsutbytte og faglege prestasjonar

Departementet ser det som viktig å ta del i internasjonalt arbeid med elev- og lærlingvurdering, først og fremst i Europarådet og EU, der det mellom anna blir arbeidd med å utvikle kriteria for språkkompetanse. Desse tiltaka vil vere til stor nytte for språkopplæringa, og tene som ei felles referanseramme for læreplanar, testar og dokumentasjon i Europa.

Noreg vil halde fram med å ta del i PISA-undersøkinga og i den internasjonale studien Progress in International Reading Study (PIRLS), som ser på leseugleiken til 9- og 10-åringar. PIRLS vil vere eit verdifullt supplement til PISA. Undersøkinga vil gjere det mogleg å samanlikne leseugleiken og leseforståinga til 9- og 10-åringar i dag og for 10 år sidan, dvs. før Reform 97 og skolestart for 6-åringar. Dei norske resultatane frå PIRLS skal etter planen vere klare i desember 2002, medan dei internasjonale resultatane blir offentleggjorde våren 2003.

Eit satsingsområde er å stimulere leseinteressa hos elevane. Departementet vil derfor styrkje kompetansen i bruk av skolebiblioteka.

Noreg vil ta del i TIMSS 2003. Undersøkinga rettar seg mot elevar på 4. og 8. klassetrinn og vil gi eit bilete av kunnskapar i matematikk og naturfag, både faktakunnskapar, evne til resonnement, evne til praktisk problemløysing og haldningar til faga. Undersøkinga vil og gi eit bilete av fagleg og metodisk vektlegging i undervisninga og av kva som er kjenneteikn for elevar og klassar med høgt prestasjonsnivå. Deltaking i TIMSS vil utfylle informasjonen frå PISA. Dei internasjonale resultatane blir lagde fram i 2004.

Hausten 2002 vil departementet leggje fram ein strategiplan for styrking av realfaga. Strategien legg opp til ei brei satsing der heile opplæringsløpet, frå grunnskole- til høgskolenivå, skal sjåast samla. Det vil mellom anna bli foreslått at ein utviklar betre innhald og arbeidsmåtar i faga. Departementet vil stimulere til vidareutdanning i matematikk gjennom stipend til lærarar, jf. kap. 226.

Som ein del av planen er «Nasjonalt senter for matematikk i opplæringa» etablert frå 1. august 2002 i tilknytning til Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet (NTNU) i Trondheim. Senteret skal ha som hovudoppgåve å leie og koordinere arbeidet med å utvikle arbeidsmåtar og eksempel på læremateriell, medverke til god progresjon og samanheng i heile utdanningsløpet, medverke til

informasjon og erfaringsspreiing, samt å byggje opp eit tett nordisk samarbeid innanfor forskning og utviklingsarbeid.

Eit tilsvarande Nasjonalt senter for naturfag i opplæringa knytt til Universitetet i Oslo vil bli oppretta 1. januar 2003. Prosjektet RENATE (Rekruttering til naturvitenskaplege og teknologiske fag) ved NTNU blir utvikla til å bli eit nasjonalt senter for kontakt med arbeidslivet om realfag. Senteret skal ha ansvar for kontakten mellom utdanningssektoren og arbeidslivet for å sikre rekruttering til studium i realfag og teknologi, auke talet på kvinner i realfagsstudium og medverke til å dekkje behovet for kompetanse i realfag i arbeidslivet.

Departementet meiner det er behov for å styrkje opplæringa i framande språk. Engelsk er obligatorisk i heile grunnskolen, medan det andre framande språket er tilvalsfag på ungdomssteget. Problemstillingar knytte til opplæringa i det andre framande språket blir mellom anna tekne opp av Kvalitetsutvalet.

Departementet vil utarbeide ein oppdatert kunnskapsstatus når det gjeld tilpassa opplæring, som grunnlag for å vurdere relevante oppfølgings-tiltak frå 2003.

For å auke gjennomstrøyinga og hindre fråfall på dei yrkesfaglege studieretningane vil departementet endre regelverket slik at det blir enklare for elevar å gå ut i eit læreforhold direkte etter grunnskolen. Departementet vil òg leggje til rette for at elevane skal kunne velje alternative løp med meir yrkesorientert opplæring. Departementet har oppfordra fylkeskommunane til å prøve ut alternative modellar for opplæringa. Arbeid for å stimulere jenter og gutar til å ta utradisjonelle val er framleis viktig.

Ungdom som ikkje byrjar eller som fell frå i vidaregåande opplæring, er ei gruppe med stor risiko for svak tilknytning til arbeidslivet og vedvarande problem med lav inntekt. Fleire handlingsplanar, rapportar og meldingar strekar under behovet for å styrkje skolens rettleiingsteneste for å fange opp dei dette gjeld, på eit tidleg tidspunkt, jf. kap. 226.

Departementet vil som ein del av tiltaksplanen mot fattigdom, styrkje dei førebyggjande tiltaka for å hindre fråfall i vidaregåande opplæring, mellom anna gjennom vidareutvikling av oppfølgingstenesta.

Departementet vil vurdere tilbudsstrukturen i vidaregåande opplæring når utgreiinga frå Kvalitetsutvalet ligg føre.

Rekrutteringa av innvandrarungdom til vidaregåande opplæring må aukast, og den delen som gjennomfører og fullfører opplæringa, er altfor låg, både på yrkesfaglege og allmennfaglege studieret-

ningar. Departementet vil arbeide for å styrkje utdannings- og yrkesrettleiinga, og for å betre kompetansen hos lærarar og rådgivarar, både i grunnskolen og i vidaregåande opplæring.

Arbeidet med å betre læremiddelsituasjonen for språklege minoritetar held fram i 2003. Blant anna er nye læremiddel i norsk som andrespråk etter R94 og R97 under utvikling med støtte frå Læringsssenteret.

Skoleleiing og lærarar

Departementet ønskjer eit breitt og variert tilbod i kompetanseutvikling for skoleleiarar og lærarar. For å stimulere til kompetanseutvikling i skoleleiing har departementet gitt eit utval av universitet og høgskolar i oppdrag å utvikle praksisnære og fleksible tilbod. Tilboda skal kunne takast i bruk våren 2003. Departementet vil også etablere mastergradsstudier i skoleleiing, jf. kategori 07.60.

Departementet ser som nemnt behov for i større grad å målrette dei statlege bidraga til kompetanseutvikling. Ein vil derfor gi stipend til lærarar for vidareutdanning i matematikk og norsk.

Sidan rekrutteringa av allmennlærarar med minoritetsbakgrunn er for svak, vil departementet leggje til rette for at fleire minoritetsspråklege som no arbeider i skolen, skal få tilbod om tilpassa grunnutdanning på grunnlag av ei vurdering av realkompetansen og erfaringa deira.

Arbeidet med rekruttering av menn vil ha høg prioritet. Mellom anna vil nettstaden «mennskolen.no» bli ført vidare, og det vil bli utført forskning om kor vidt det er viktig å ha menn i skolen, jf. omtale under kategori 07.10.

Fleire universitet og høgskolar har på oppdrag frå departementet utvikla nasjonale nett- og skolebaserte tilbod om vidareutdanning i engelsk, matematikk og norsk. Desse tilboda kan også fungere som etterutdanning for lærarar. Tilboda blir gitte frå og med hausten 2002. Tilbod i tysk og fransk er også under utvikling, og desse vil kunne bli tekne i bruk i 2003.

Lærings- og oppvekstmiljø

Eit god læringsmiljø er ein føresetnad for god læring. Eit skolemiljø fritt for mobbing, seksuell trakassering, vald, rasisme og anna krenkjande åtferd er ei klar målsetjing for departementet. Skoleeigar og skoleleiing må arbeide systematisk med å skape eit godt læringsmiljø og motverke problemåtferd og mobbing. Foreldre og elevar må vere med i dette arbeidet. Olweus-programmet er ein landsomfattande innsats mot mobbing og antisosial åtferd i skolemiljøet. Alle kommunane i landet

skal i løpet av 2003 få tilbod om å ta del i tiltaksprogrammet til Olweus mot mobbing og antisosial åtferd. Det er også utvikla 7–8 andre program som har vist seg å ha god effekt.

Regjeringa har lagt fram forslag til endringar i opplæringslova om skolemiljøet. Dette forslaget tek sikte på å medverke til å gi elevane eit betre og tryggare psykososialt miljø og eit sterkare vern mot mobbing, vald, diskriminering og rasisme, jf. Ot.prp. nr. 72 (2001–2002).

Departementet vil bidra til å følgje opp handlingsplanen mot kjønnslemlesting og det treårige nasjonale prosjektet «Omsorg og kunnskap mot kvinneleg omskjering», som starta opp hausten 2001. Arbeid for å hindre tvangsekteskap vil òg bli følgt opp i samarbeid med mellom anna Barne- og familiedepartementet. I samarbeid med fleire departement er det utarbeidd to rettleiingar om seksuelle overgrep. Som oppfølgjing av boka «Samliv og seksualitet –ressursbok for lærere», vart det ved skolestart 2002 sendt ut brosjyrar med informasjon til elevar og foreldre.

Departementet ønskjer å kartleggje om det fylkeskommunale skyssansvaret har innverknad på omfanget av nedlegging av grendeskolar i kommunane. Nordlandsforskning har derfor fått i oppdrag å greie ut samanhengen mellom skoleskyss og skolenedleggingar. Resultata frå denne undersøkinga vil bli nærare omtala i Kommuneproposisjonen for 2004. Ansvar for skyss av førskolebarn er overført frå fylkeskommunen til kommunen frå 2003. Sidan kommunen betalar refusjon etter personaktst for førskolebarn som blir skyssa av fylkeskommunen, vil ikkje dette ha større økonomiske konsekvensar for kommunane.

Mål: Organisere grunnopplæringa slik at ho gir rom for mangfald og valfridom

Tilstandsvurdering

Forsøksverksemd

Det er viktig at skoleeigar og skolar tek i bruk den handlingsfridommen som faktisk ligg føre i dag. Mykje talar for at handlingsfridommen i mange tilfelle ikkje blir nytta slik meininga er. Skoleleiarane tek i dag for få av dei avgjerslene som gjeld deira eigen skole. Det er eit behov for å endre regelverket med sikte på regelforenkling og auka lokalt handlingsrom. Det store talet på forsøk som no går føre seg, er ein klar indikasjon på dette.

Lokalinitierte forsøk knytte til alternativ organisering av skoledagen og klassesdeling og alternative vurderings- og prøveformer er sette i gang på ei rekkje grunnskolar og vidaregåande skolar.

Departementet har merkt seg at det er stor lokal interesse for forsøk, og tek dette som eit uttrykk for ønske om større lokalt ansvar for pedagogiske og organisatoriske forhold på skolane.

Per september 2002 var det i gang 343 lokale forsøk, godkjende med heimel i opplæringslova § 1-4. Av desse er 269 grunnskoleforsøk, og 74 er innanfor vidaregåande opplæring. Grunnskoleforsøka fordeler seg på desse hovudområda:

Hovudområde for forsøk i grunnskolen (med heimel i opplæringslova)

Alternative eksamens- og vurderingsformer	3
Fritak for karakterar på ungdomstrinnet	30
Avvik frå reglar om fag- og timefordeling	67
Avvik frå reglane for klasseorganisering	133
Andre forsøk	36
SUM	269

Dei 74 forsøka i vidaregåande opplæring fordelar seg med 58 på alternative eksamens- og vurderingsformer og 16 på strukturforsøk.

Praksis for handsaming av søknader om forsøk er endra. Det blir ikkje gitt avslag på søknader om forsøk på grunn av at forsøket ikkje har nasjonal interesse. Hovudregelen skal vere at brei lokal semje vil bety at forsøk blir innvilga. Frå og med 2002 vart godkjenning i medhald av opplæringslova § 1-4 for dei fleste forsøk i vidaregåande opplæring delegert til Læringssenteret. Godkjenning av grunnskoleforsøk og somme typar forsøk i vidaregåande opplæring er delegert til statens utdanningskontor.

I 2001 inviterte departementet i samarbeid med lærarorganisasjonane kommunar og fylkeskommunar til å gjennomføre forsøk med alternative arbeidstidsordningar. Hovudmålsetjinga med forsøka var å medverke til betre kvalitet på undervisninga. Endra organisering av arbeidstida skulle føre til meir elevkontakt, auka fleksibilitet og betre utnytting av ressursane. Departementet mottok nær 500 søknader om forsøk, og 389 forsøk vart godkjende og sette i gang. Størst interesse var det for ein modell som opphever leseplikta, dvs. talet på timar som den enkelte læraren skal undervise per år. Det var få søknader frå vidaregåande skolar, og spesielt få frå allmennfagleg studieretning. Departementet ønskjer fleire forsøk i vidaregåande opplæring, spesielt i samband med organiseringa av opplæringa.

Mange skolar har både § 1-4 – forsøk og forsøk med alternative arbeidstidsordningar. Særleg gjeld dette ved skolar som har § 1-4 – forsøk med alternative organiseringsmåtar for opplæringa og klassemansetjinga. I evalueringa av forsøka vil desse to forholda bli vurderte i samanheng.

Entreprenørskap er mellom anna kompetanse for nyskaping, kreativitet og etablering. I 2002 vil det 3-årige prosjektet «Entreprenørskap på timeplanen» bli avslutta. I oktober 2002 vil det bli arrangert ein internasjonal konferanse for å fremme arbeidet med entreprenørskap i utdanning, og stimulere til meir forskning. Her vil mellom anna Nordlandsforskning leggje fram ei evaluering av det norske prosjektet. På om lag 10 stader i landet er det tilbod om eit høgskolestudium i arbeidskunnskap med fokus på entreprenørskap. Studiet er verdifullt for å stimulere til lokal utvikling.

Strategiar

Auka handlingsrom og meir brukarval

Forholdet mellom ressursinnsatsen og læringsresultata i norsk skole gjer at ein bør sjå nærare på om organiseringa av opplæringa, arbeidsmåtane og rammevilkåra elles er dei best moglege. Det høge talet på forsøk peiker i same retning. Departementet vil derfor vurdere effektar av gjeldande finansieringsordning i høve til kvalitet og omstillingsevne i skolen. Vidare vil ein vurdere å foreslå endringar i reglar i lov, forskrift og avtaleverk som bind handlefridommen til skoleeigar, skolen og den einskilde læraren. Mykje tyder på at reglane hindrar omstilling på den einskilde skolen som kan gi elevane eit betre læringsutbytte.

Forskningsresultat frå blant anna Sverige har vist at det er ein positiv samanheng mellom konkurranse frå friskolar og elevprestasjonane i offentleg skole.

Ei uheldig side ved privatskolelova i dag er at skolane ikkje har rett til godkjenning, det er opp til den regjeringa som til kvar tid sit, å avgjere om ein skole får godkjenning. Godkjenningsgrunnlaget er

også for snevert ved at tilbudet må vere basert på eit religiøst eller fagleg-pedagogisk alternativ. Regjeringa vil derfor leggje fram ein odelstingsproposisjon med forslag om ei ny friskolelov, som skal erstatte gjeldande lov om private skolar. Lovforslaget vil gi større rom for mangfald og færre avgrensingar enn den lova som gjeld no. Lovforslaget vil innebere:

- at det noverande kravet om formål i lova blir erstatta med eit krav om innhald og kvalitet
- at det blir innført rett til godkjenning for skolar som oppfyller krava i lova

- at retten til godkjenning vil ha som vilkår at godkjenninga ikkje fører med seg vesentlege og langsiktige negative konsekvensar for innbyggjarane i dei kommunane det gjeld

Arbeidet med å fremme entreprenørskap i utdanninga vil bli ført vidare også i 2003. Forsking viser at haldningar til entreprenørskap kjem til i ung alder, og det er viktig med ein strategi for å fremme entreprenørskap i skolen. Fleire departement samarbeider om ei heilskepeleg satsing på entreprenørskap i utdanninga gjennom ein felles handlingsplan.

Kap. 221 Grunnskolen (jf. kap. 3221)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
01	Driftsutgifter	9 902	10 046	5 992
60	Tilskott til verkemiddeltiltak i Nord-Noreg, <i>kan overførast</i>	21 907	17 982	10 870
61	Tilskott til institusjonar	32 618	33 798	35 049
62	Tilskott til Fjellheimen leirskole	3 810	3 802	3 943
63	Tilskott til skolefritidsordningar, <i>kan overførast</i>	430 056	434 915	153 203
64	Tilskott til undervisning i finsk	6 881		
65	Tilskott til opplæring for språklege minoritetar i grunnskolen	691 254	714 609	662 613
66	Tilskott til leirskoleopplæring	24 524	29 790	
67	Tilskott til kommunale musikk- og kulturskolar, <i>overslagsløyving</i>	83 780	88 009	91 059
68	Det samiske utdanningsområdet, <i>kan overførast</i>	28 573		
69	Kompensasjon for investeringskostnader ved grunnskolereforma		546 864	512 825
70	Tilskott til utvikling av musikk- og kulturskolane	7 095	7 308	
	Sum kap. 221	1 340 400	1 887 123	1 475 554

I samband med endringa av kapittel- og poststrukturen under kategori 07.20 i statsbudsjettet for 2002, vart løyvingane under postane 64 og 68 flytta til kap. 224. Post 69 er tidlegare overført frå kap. 229 post 60. For rekneskapstal for denne posten sjå kap. 229. Sjå elles omtale av endringane i St.prp. nr. 1 (2001-2002).

I høve til 2002 er det gjort desse tekniske endringane:

- Post 63 er nedjustert med 116,5 mill. kroner i samband med at tilskottet til skolefritidsordningar er foreslått innlemma i rammetilskottet til kommunane frå 1. august 2003.
- Post 65 er oppjustert med 8 mill. kroner i samband med at midlar til grunnskoleopplæringa

for asylsøkjalar 16–18 år er overført frå kap. 571 post 60.

- Post 65 er nedjustert med 3,9 mill. kroner i samband med forsøk med å gi øyremerkte tilskott som rammetilskott.
- Tilskottet til leirskoleopplæring er foreslått innlemma i rammetilskottet til kommunane frå 1. januar 2003.
- Post 67 er nedjustert med 0,4 mill. kroner i samband med forsøk med å gi øyremerkte tilskott som rammetilskott.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga skal medverke til å utvikle grunnskolen i utsette område i Nord-Noreg, og er ein del av verkemiddelordninga, jf. post 60. Løyvinga har i 2001 gått til 70 tiltak i Nordland, Troms og Finnmark. Den noverande verkemiddelordninga gjeld frå 1. august 1998 til 31. juli 2003. Departementet foreslår å avvike ordninga når perioden er over, jf. omtale på kap. 221 post 60.

Post 60 Tilskott til verkemiddeltiltak i Nord-Noreg, kan overførast

Målsetjing

Verkemiddelordninga har vore retta mot skolar i Nord-Noreg med særskilt stor mangel på kvalifiserte lærarar. Verkemiddelskolar har vore statlege og kommunale grunnskolar i Nordland, Troms og Finnmark der lærarårsverk utførte av lærarar utan godkjend utdanning i gjennomsnitt for dei fire føregåande skoleåra har utgjort 20 pst. eller meir av alle lærarårsverka ved skolen. På verkemiddelskolar har det vore mogleg for lærarar med godkjend utdanning å få eit lønnstillegg på om lag 10 pst., fordi kommunene har fått refundert utlegg til slike lønnstillegg gjennom tilskottsordninga. Verkemiddelordninga kommer i tillegg til dei generelle ordningane med lågare inntektsskatt og nedskriving av studielån for arbeidstakarar i Nord-Troms og Finnmark. Gjeldande ordning vart innført 1. august 1998 for ein periode på 5 år.

Rapport for 2001–02

I skoleåret 2001–02 var 7,1 pst. av alle lærarane i Nord-Noreg utan godkjend utdanning, samanlikna med 5,3 pst. for heile landet. I byrjinga av verkemiddelperioden, i 1998, var delen av ufaglærte lærarar i Nord-Noreg 8,6 pst., medan 5,9 pst. av alle lærarar i heile landet var ufaglærte. Akershus er i skoleåret 2001–02 det fylket som har størst del lærarar utan godkjend utdanning med 9,1 pst. ufag-

lærte. Finnmark er det fylke med nest størst del lærarar utan godkjent utdanning, medan både Buskerud og Oslo har fleire ufaglærte lærarar enn Nordland. Troms har den sjuande høgste delen ufaglærte lærarar. (Kjelde: GSI).

Departementet har evaluert den noverande verkemiddelordninga. Evalueringa konkluderer med at dei særskilde personretta tiltaka i verkemiddelordninga generelt sett har hatt positiv effekt for lærarsituasjonen i Nord-Noreg. Verkemiddelordninga har auka nyrekrutteringa og redusert avgangen av lærarar med godkjend utdanning. Men denne effekten er kortsiktig. Evalueringa viser at lærarar som søker seg til verkemiddelskolar, søker seg bort etter at verkemiddelperioden er avslutta. Mange av lærarane som er knytte til ordninga, har i liten grad lokal forankring, og har låg terskel for å flytte frå verkemiddelområdet etter at dei økonomiske fordelane er tekne bort. Dette gjer at ordninga ikkje har den langsiktige effekten ein kunne ha hatt ved bruk av meir lokalt forankra ressursar.

Budsjettforslag for 2003

Gjeldande verkemiddelperiode går ut 31. juli 2003. Behovet for dei verkemiddla som ordninga har gitt rom for, må sjåast i forhold til at kommunane har hatt avgrensa moglegheiter for å påverke rekrutteringa av lærarar sidan lønna til den einskilde læraren har vore heilt og fullt bestemt i sentrale forhandlingar. Ei viktig endring i lønnsfastsetjinga for lærarane i dei siste åra er innføring av noe lokal fleksibilitet, både ved etablering av lokale forhandlingar og ved moglegheit for høgere lønn ved skolar med rekrutteringsproblem.

Kommunar som klarer å betre lærardekninga gjennom betre lønns- og arbeidsvilkår vil kunne falle utanfor ei statleg ordning der tildeling av midlar er basert på bruk av lærarar utan godkjend utdanning.

Departementet foreslår derfor at den statlege verkemiddelordninga for lærarrekruttering opphører etter utløpet av gjeldande periode.

Post 61 Tilskott til institusjonar

Målet med tilskottsordninga er at elevar i institusjonar med heile landet som inntaksområde skal få grunnskoleopplæring utan at dette fører til arbeidskrevjande oppgjer for gjesteelevane.

I skoleåret 2001–02 vart det gitt tilskott til opplæring ved 8 institusjonar fordelt på 5 fylke.

For 2003 vil ordninga bli ført vidare på same nivå som for 2002.

Post 62 Tilskott til Fjellheimen leirskole

Fjellheimen er ein leirskole for barn, unge og vaksne med psykisk utviklingshemming eller lærevanskar. Leirskolen finansierer drifta ved statstilskott, eigenbetaling frå deltakarane og eit bidrag frå Engerdal kommune. Elevtalet ved leirskolen har vore relativt stabilt på litt under 1 000 dei siste åra. I 2001 hadde skolen 1 004 elevar.

For 2003 vil ordninga bli ført vidare på same nivå som for 2002.

Post 63 Tilskott til skolefritidsordningar, kan overførast

Målsetjing

Tilskottsordninga skal medverke til drift av skolefritidsordningar (SFO), slik at barn kan få eit tilbod om omsorg og aktivitet før og etter skoletid i alle kommunar.

Rapport for 2001–02

Hausten 2001 hadde om lag 128 500 småskolebarn plass i SFO. Om lag 4 pst. av desse (5 100) var barn med særskilde behov, og 5 pst. (6 200) var frå språklege minoritetar. Oslo og Akershus hadde den høgste deltakinga i SFO, med om lag 66 pst. av alle elevane i 1.–4. klasse. Lågast oppslutning er det i Nord-Trøndelag, der 38 pst. av alle elevane i 1.–4. klasse hadde plass i SFO hausten 2001. (Kjelde: GSI).

Budsjettforslag for 2003

Av omsyn til det samla budsjettopplegget er tilskottet foreslått redusert med 217 mill. kroner i 2003. Dette kan føre til høgare brukarbetaling. Da Stortinget behandla Innst. S. nr. 253 (2001–2002), vart det vedteke å innlemme posten i rammetilskottet til kommunane frå 1. august 2003. Midlane er overførte til på kap. 571 post 60 på budsjettet til Kommunal- og regionaldepartementet.

20 kommunar er med i eit forsøk med rammefinansiering av øyremerkte tilskott. Dette er eit av dei tilskotta som er omfatta av forsøket, så det blir løyvd midlar til denne ordninga over budsjettet til Kommunal- og regionaldepartementet, jf. omtale på kap. 571 post 68.

Post 65 Tilskott til opplæring for språklege minoritetar i grunnskolen

Ordninga omfattar tilskott til tre tiltak:

- særskild norskopplæring

- morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring
- opplæring for barn og unge i statlege asylmottak

Målsetjing

Målet med tilskottet til særskild norskopplæring og morsmålsopplæring er å medverke til at elevar frå språklege minoritetar får opplæring i samsvar med sine evner og føresetnader.

Målet med tilskottet til opplæring av barn i statlege asylmottak er å medverke til at desse barna kan få starte på skolen så snart som mogleg etter at dei er komne til landet.

Rapport for 2001–02

Talet på elevar i grunnskolen som får særskild norskopplæring og morsmålsopplæring, har stige i dei seinare åra. I skoleåret 2001–02 fekk om lag 33 000 elevar særskild norskopplæring, og om lag 19 000 elevar fekk morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring. For særskild norskopplæring er dette ein auke på 9 pst., og for morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring er dette ein auke på 1,3 pst. frå skoleåret 2000–01. Talet på barn i statlege asylmottak varierer mykje frå år til år og frå månad til månad ettersom talet på flyktingar endrar seg.

Budsjettforslag for 2003

Budsjettforslaget for 2003 dekkjer tilskott for skoleåret 2002–03. Timesatsen for tilskott til særskild norskopplæring og morsmålsopplæring for språklege minoritetar er for skoleåret 2002–03 kr 243 per undervisningstime.

Frå skoleåret 2001–02 blir tilskottet utbetalt til kommunane på grunnlag av aktivitet registrert i Grunnskolens informasjonssystem (GSI) per 1. september kvart år. Tidlegare blei tilskottet utbetalt på grunnlag av eigne rapportar frå kommunane. Endringa i rutine for utrekning og utbetaling av tilskott er hovudårsaka til at løyvinga er noko redusert i forhold til saldert budsjett 2002.

Tilskottet som blir gitt til opplæring av barn i statlege asylmottak, er for skoleåret 2002–03 kr 53 776 per barn. Tilskottet dekkjer all grunnskoleopplæring, også særskild norskopplæring og morsmålsopplæring for språklege minoritetar. Det er i 2003 behov for å gi tilsegn om utbetaling av tilskott for skoleåret 2003–04, jf. forslag til vedtak III nr. 2. Ein foreslår at tilskottet i 2003 også blir gitt til asylsøklarar 16–18 år, jf. omtale på kap. 254 post 62.

20 kommunar er med i eit forsøk med rammefinansiering av øyremerkte tilskott. Dette er eit av

dei tilskotta som er omfatta av forsøket, så det blir løyvd midlar til denne ordninga over budsjettet til Kommunal- og regionaldepartementet, jf. omtale på kap. 571 post 68.

Post 66 Tilskott til leirskoleopplæring

Målet med tilskottsordninga har vore å stimulere kommunane til å gi alle elevar eit leirskoleopphald i løpet av grunnskoletida.

Tal frå Grunnskolens informasjonssystem (GSI) viser at 3 455 klassar og i alt 60 359 elevar hadde planlagt å reise på leirskole i skoleåret 2001/02. Dette utgjer om lag 11 pst. av alle klassane i grunnskolen, noko som tyder på at dei aller fleste elevane i grunnskolen får tilbod om eit leirskoleopphald i løpet av dei 10 åra grunnskolen varer.

Ved behandlinga av statsbudsjettet for 2002 vedtok Stortinget å leggje inn 25 mill. kroner i ramma til kommunane, for å setje dei i stand til å gjere tilbodet om leirskoleopphald gratis for alle. Tiltaket har ein heilårseffekt på 60 mill. kroner. Ot.prp. nr. 94 (2001–2002) «Om gratisprinsippet i grunnskolen» foreslår at det ikkje skal vere høve til å krevje foreldrebetaling. Dette inneber at dersom kommunen arrangerer leirskole, må kommunen finansiere dette utan eigenbetaling frå foreldra.

Da Stortinget behandla kommuneproposisjonen for 2003, vart det vedteke å innlemme tilskottet til leirskoleopplæring i rammetilskottet til kommunane frå 1. januar 2003. Midlane er overførte til kap. 571 post 60 på budsjettet til Kommunal- og regionaldepartementet.

Post 67 Tilskott til kommunale musikk- og kulturskolar, overslagsløyving

Kommunane har ansvar for tilboda i musikk- og kulturskolane, og for den lokale realiseringa av «Den kulturelle skolesekken». Ein legg også vekt på å knytte kulturtilboda i skolen sterkare saman med aktivitetane i musikk- og kulturskolane. For å realisere «Den kulturelle skolesekken» er det etablert samarbeid mellom skole- og kultursektoren på alle forvaltningsnivå.

Målsetjing

Målet med tilskottet er å stimulere kommunane til å få fleire elevar til å gå i kommunale musikk- og kulturskolar. Etter opplæringslova § 13-6 skal alle kommunar aleine eller i samband med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskoletilbod til barn og unge, organisert i samband med skoleverket og kulturlivet i kommunen.

Rapport for 2001–02

Våren 2002 var det i overkant av 76 000 barn i grunnskolealder som tok del i dette tilbodet, i tillegg til drygt 7 600 førskolebarn og 9 500 over grunnskolealder. Det har vore ein auke i talet på elevar på 8,3 pst. frå 2001.

Budsjettforslag for 2003

Tilskottet blir utbetalt etterskottsvis, dvs. at løyvinga for 2003 dekkjer tilskott for hausten 2002 og våren 2003. Satsen for statstilskottet i skoleåret 2002–03 er kr 74,20 per undervisningstime.

For 2003 vil ordninga bli ført vidare på same nivå som i 2002. Det er i 2003 behov for å gi tilsegn om utbetaling av tilskott for skoleåret 2003–04, jf. forslag til vedtak III nr. 3. Departementet tek sikte på å endre tilskottsordninga frå hausten 2003, slik at den blir meir fleksibel og gir kommunalt handle-rom. Målet med ei slik omlegging er å gi tilbod til fleire elevar. Mellom anna vil ein vurdere å gi kommunane moglegheit til sjølve å fastsetje foreldrebetalinga.

20 kommunar er med i eit forsøk med rammefinansiering av øyremerkte tilskott. Dette er eit av dei tilskotta som er omfatta av forsøket, så det blir løyvd midlar til denne ordninga over budsjettet til Kommunal- og regionaldepartementet, jf. omtale på kap. 571 post 68.

Post 69 Kompensasjon for investeringskostnader ved grunnskolereforma

Tilskottet skal kompensere for meirutgifter kommunane hadde til investeringar i skolebygg i samband med skolestart for seksåringane. Den samla investeringsramma har vorte justert nokre gonger og er fastsett til 5 182,9 mill. kroner.

I St.prp. nr. 1 (1998–99) fekk kommunane siste frist til 31. desember 2000 med å erstatte mellombels lokale med permanente. Departementet har gjennomført ei spørjeundersøking i dei kommunane som hadde elevar i mellombels lokale for å sjekke om desse lokala er erstatta med permanente. Nokre av kommunane hadde ikkje gjennomført tilpassinga som låg til grunn for utrekninga av investeringsramma og har blitt trekte for det. Til saman har desse kommunane fått redusert investeringsramma med 64,9 mill. kroner.

Investeringskompensasjonen for 2003 er basert på ei rente på 7,65 pst. I tråd med tidlegare praksis er den effektive renta på 9–12 månaders statskassesevkslar per 1. juli, tillagd ein margin på 0,5 prosentpoeng, lagd til grunn. Løyvingsforslaget for

2003 er noko redusert som følge av at investeringsramma er redusert.

Post 70 Tilskott til utvikling av musikk- og kulturskolane

Målet med tilskottet har vore å medverke til å utvikle musikk- og kulturskoletilbodet i kommunane.

I 2002 er det gitt tilskott til prosjektet «Positivt skolemiljø» i seks fylke. Prosjekta vart gjennomførte i regi av Norsk kulturskoleråd. Midlane har òg gått til andre prosjekt, mellom anna informasjonsarbeid, leing og kvalitetsutvikling, etterutdanning og utviklingsarbeid, samt norsk musikk-skoleorkester.

Av omsyn til det samla budsjettoplegget er tilskottet foreslått avvika i 2003.

Kap. 3221 Grunnskolen (jf. kap. 221)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter	30 095	46 388	41 243
	Sum kap. 3221	30 095	46 388	41 243

Visse innanlandske utgifter til flyktningar kan i høve til statistikkdirektiva til OECD bli definerte som offentleg utviklingshjelp. Ein legg til grunn at

ein del av løyvinga på kap. 221 post 65 blir innrapportert som utviklingshjelp. Tilsvarende beløp blir foreslått løyvd på kap. 3221 post 04.

Kap. 222 Statens grunnskolar og grunnskoleinternat (jf. kap. 3222)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
01	Driftsutgifter	52 484	41 767	43 381
	Sum kap. 222	52 484	41 767	43 381

Kapitlet omfattar:

- ventelønn for personale ved avvika statsinternat
- drift av skolen og internatet ved Sameskolen i Midt-Noreg, Hattfjelldal
- drift av Longyearbyen skole, Svalbard
- kjøp av undervisnings- og internattenester frå Snåsa og Målselv kommunar

Resultatrapport for 2001–02

Grunnskolar for samiske elevar

I tillegg til dei 6 elevane ved internatet gir skolen i Hattfjelldal fjernundervisningstilbod til elevar som hører til heimeskolane. Skolen samarbeider med og gir undervisning til elevar frå i alt 13 kommunar.

Kostnadene per elev, inkludert internatutgiftene, varierer noko mellom skolane. Gjennomsnittskostnad per elev i skoleåret 2001–02 var om lag kr 330 000.

Elevtal ved skolar for samiske elevar

	1999–2000	2000–01	2001–02
Sameskolen i Midt-Noreg, Hattfjelldal	15	6	6
Sameskolen i Målselv	25	27	24
Sameskolen i Snåsa	29	27	22

Utviklinga i dei seinare åra har vist eit sterkare behov for å sjå verksemda ved desse skolane i samanheng med andre utdanningspolitiske tiltak for den samiske befolkninga. Sjå omtale av dei to samiske vidaregåande skolane under kap. 232.

Longyearbyen skole, Svalbard

I skoleåret 2001–02 hadde skolen 220 elevar, og i det føregåande året 182. Talet inkluderer elevar i vidaregåande opplæring. Skolen har innslag av elevar med framandkulturell bakgrunn og elevar med spesialpedagogiske behov. Skolen har ansvar for leiing av skolefritidsordninga og den lokale kulturskolen.

Auken i elevtalet ved Longyearbyen skole reflekterer aktiviteten i Svalbardsamfunnet som økonomisk sone og forskingsområde. Skolen har behov for nye og utvida lokale, og ei arbeidsgruppe under leiing av Statsbygg har sett nærare på arealbehovet. Byggjeplanane er hausten 2002 til vurdering i departementet.

Resultatmål for 2003*Grunnskolar for samiske elevar*

Dei sørsamiske grunnskolane med internat har samla elevar frå fleire område med spreidd sørsamisk folkesetnad.

Målsetjinga med staten sine kjøp av undervisningstenester her er å gi desse elevane opplæringstilhøve som kan vere med og styrkje samisk språk og identitet.

Longyearbyen skole

Departementet vil i 2003 arbeide med å leggje til rette for ei overføring av skoleverksemda til kommunalt ansvarsområde frå årsskiftet 2005/06.

Budsjettforslag for 2003

Budsjettforslaget inneber at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2002.

Løyvinga kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3222 post 02, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 3222 Statens grunnskolar og grunnskoleinternat (jf. kap. 222)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
02	Salsinntekter o.a.	2 477	350	364
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	250		
18	Refusjon av sjukepengar	736		
	Sum kap. 3222	3 463	350	364

Post 02 gjeld inntekter frå utleige av hyblar til elevar i vidaregåande skole og utleige til skolefritidsordninga.

Kap. 223 Vidaregåande opplæring

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
01	Driftsutgifter		6 925	7 098
60	Tilskott til landslinjer		109 800	144 351
65	Tilskott til opplæring for språklege minoritetar i vidaregåande opplæring		25 244	26 178
70	Tilskott til bedrifter som tek inn lærlingar med særskilde behov		6 700	6 961
71	Tilskott til drift av opplæringsråd		8 039	8 353
72	Tilskott til internasjonale utdanningsprogram		37 400	40 647
73	Tilskott til studieopphald i utlandet		7 044	7 319
74	Tilskott til Røde Kors Nordisk United World College		21 020	21 497
	Sum kap. 223		222 172	262 404

Kap. 223 er tidlegare overført frå kategori 07.30. For rekneskapstal sjå kapitla 231, 234 og 239 under kategori 07.30. Sjå elles omtale av endringane i St.prp. nr. 1 (2001–2002).

I høve til 2002 er det gjort desse tekniske endringane:

- Post 72 er nedjustert med 0,47 mill. kroner i samband med at ansvaret for Aetat utdanning Europa er foreslått overført til Arbeids- og administrasjonsdepartementet.

Post 01 Driftsutgifter

Frå denne posten blir blant anna drifta av Sekretariatet for små og verneverdige fag, møter i opplæringsråda og Rådet for fagopplæring i arbeidslivet finansiert. Andre særlege tiltak knytte til fagopplæringa kan òg finansierast frå denne posten.

Resultatrapport for 2001

Departementet har ein avtale med Håndverksregisteret ved de Sandvigske Samlinger om drift av Sekretariatet for små og verneverdige fag. Sekretariatet vart etablert i 1997. Departementet har vurdert den funksjonen og dei oppgåvene Sekretariatet har hatt. Sekretariatet har mellom anna utarbeidd ein database over det samla utdanningstilbodet for små fag nasjonalt og i Norden og utarbeidd nye kriterium for små og verneverdige fag. Ein viktig del av arbeidet i Sekretariatet er å motivere bedrifter til å ta inn lærlingar, gi råd til lærebe-

drifter og til dei som søker utdanning innanfor dei små og verneverdige faga, samt å finne tiltak for å auke interessa for faga. Departementet meiner at Sekretariatet fungerer etter dei intensjonane Stortinget la til grunn for vedtaket om å etablere Sekretariatet for små og verneverdige fag. I grunngevinga frå komiteen for etablering av Sekretariatet heiter det mellom anna at ein viktig del av arbeidet er å motivere bedrifter til å ta inn lærlingar.

Opplæringsråda er rådgivande for departementet i saker som er knytte til fagopplæring. Aktivitetstilskottet til opplæringsråda var i 2002 på 5,2 mill. kroner.

Resultatmål for 2003

Aktiviteten vil bli ført vidare på om lag same nivå som i 2002. Råda vil leggje særleg vekt på arbeidet med tilbudsstrukturen innanfor yrkesfaglege studieretningar.

Budsjettforslag for 2003

Departementet foreslår at løyvinga på posten blir ført vidare på same nivå som i 2002.

Post 60 Tilskott til landslinjer

Målsetjinga med tilskottsordninga er å sikre elevar eit nasjonalt tilbod i små og/eller kostbare kurs. Det er Stortinget som har fastsett dei kursa som har status som landslinjer.

I skoleåret 2001–02 er kapasiteten 1 423 heil-årselevplassar. Våren 2002 gjekk 1 140 elevar ved landslinjetilboda. Av desse kom 596 elevar frå vertsfylkeskommunen og 544 elevar frå andre fylkeskommunar. Kapasitetsutnyttinga samla for alle landslinjene var på om lag 80 pst.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som budsjettet for 2002 etter handsaminga av Innst. S. nr. 255 (2001–2002).

Post 62 Læremiddel

I 2000 og 2001 ga staten til saman 200 mill. kroner i tilskott til ei utlånsordning for læremiddel i vidaregåande opplæring. Alle midlane skulle komme elevane til gode i form av reduserte utgifter til læremiddel. Med læremiddel forstås ein trykte og elektroniske læremiddel.

I 2001 omfatta ordninga alle elevar på grunnkurs, VKI og VKII. Midlane vart fordelte til fylkeskommunane og dei statlege og private vidaregåande skolane etter talet på elevar.

Ordninga med tilskott til læremiddel vart avvikla i 2002. Ulempene ved ordninga var at den var ressurskrevjande å administrere, og at den på sikt ikkje ville medverke til nødvendig fornying av bokstammen. I 2003 vil det bli innført eit behovsprøvd læremiddelstipend for unge i vidaregåande opplæring, sjå omtale kap. 2410.

Departementet er kjent med at fleire skolar sel lærebøker som dei har investert i gjennom utlånsordninga. Denne praksisen kan vere i strid med føresetnaden om at alle midlane som er løyvde til dette skal komme elevane til gode i form av reduserte utgifter til læremiddel.

Fylkeskommunane og dei statlege og private skolane må sørgje for at så lenge det er verdiar igjen i utlånsordninga, må desse komme elevane til gode i form av reduserte utgifter til læremiddel.

Post 65 Tilskott til opplæring for språklege minoritetar i vidaregåande opplæring

Målsetjinga med tilskottsordninga er å stimulere skoleeigarane til å gi ekstra språkopplæring til språklege minoritetar i vidaregåande opplæring.

Våren 2002 utløyste 4 850 minoritetsspråklege elevar/lærningar tilskott frå denne tilskottsordninga. Av desse var 4 642 elevar ved fylkeskommunale og 80 elevar ved private vidaregåande skolar. I tillegg var 128 elevar ved Statens ressurs- og vaksenopplæringssenter. For fylkeskommunale og private skolar er dette ein auke på 14 pst. frå våren 2001.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2002.

Post 70 Tilskott til bedrifter som tek inn læringar med særskilde behov

Formålet med tilskottsordninga er å kompensere for ekstra arbeid og utgifter bedrifter får med ulike tiltak med tilrettelegging for læringar med særskilde behov, og som fører med seg ekstrakostnader som det ikkje er mogleg å dekkje innanfor ordinære tilskott. Tilskottsordninga gjeld berre læringar og ikkje lærekandidatar. Lærekandidatar har etter opplæringslova § 4-2 rett til spesialundervisning i samsvar med kapittel 5 i opplæringslova.

Det er i 2001 behandla 101 søknader om ekstraordinært tilskott på til saman 13 mill. kroner. 90 søknader vart innvilga med totalt 7 mill. kroner.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2002.

Post 71 Tilskott til drift av opplæringsråd

Målsetjinga med tilskottsordninga er å medverke til drift av opplæringsråda. Opplæringsråda skal gi departementet råd i spørsmål som er knytte til fagopplæring. Opplæringsråda er òg klageinstans for fagleg fatta vedtak i yrkesopplæringsnemndene. I tillegg medverkar opplæringsråda kontinuerleg i det arbeidet departementet gjer med tilbodsstruktur og læreplanar.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2002.

Post 72 Tilskott til internasjonale utdanningsprogram

Løyvinga til internasjonale utdanningsprogram omfattar m.a. kontingent til norsk deltaking i internasjonale organisasjonar. Posten kan òg nyttast til andre internasjonale prosjekt som departementet tek del i.

Etter EØS-avtalen tek Noreg del i alle EU-program og aktivitetar på området utdanning og opplæring, mellom anna SOKRATES, LEONARDO DA VINCI, EUROPASS og aktivitetar som er underlagde CEDEFOP. For nærare omtale av SOKRATES-programmet, sjå kap. 281 post 72. LEONARDO DA VINCI-programmet gjeld yrkes- og profesjonsutdanning på alle nivå.

EUROPASS er ei ordning tilknytt LEONARDO-programmet som gir dokumentasjon av praksis i utlandet som del av yrkesutdanninga og er eit nytt tiltak for å fremme mobilitet innanfor yrkesopplæring mellom land i Europa. Noreg kom formelt med i ordninga i 2000, og ho vart sett i verk i 2001. CEDEFOP er EU sitt utviklings- og informasjons-senter for yrkesopplæring.

Målsetjing

Tilskottet skal gå til deltaking i program og aktivitetar med sikte på å styrkje den internasjonale orienteringa i fagmiljø som gir yrkes- og profesjonsutdanning, stimulere til ein auke i utplassering og fremme mobilitet og utveksling av lærlingar, unge arbeidstakarar med fleire, medverke til betre dokumentasjon av og kvalitet i opphalda og utvikle ny kunnskap.

Rapport for 2001–02

Tiltaka i LEONARDO DA VINCI-programmet er i tråd med norske interesser for å utvikle den internasjonale dimensjonen i yrkes- og profesjonsutdanninga. Den norske deltakinga i LEONARDO DA VINCI har vore god. Den har stimulert til internasjonal aktivitet mellom eit breitt spekter av yrkesopplæringsmiljø og til betre kunnskap i framandspråk.

I 2001 fekk fire prosjekt med norsk koordinator om lag 13 mill. kroner i støtte under LEONARDO DA VINCI-programmet. Noreg tek òg del i prosjekta til andre land. Noreg mottok i tillegg om lag 7,5 mill. kroner frå EU-kommisjonen til utplasserings- og utvekslingsprosjekt. Meir enn 500 personar (unge som tek grunnleggjande utdanning, unge arbeidstakarar, instruktørar, planleggjarar og administratorar) fekk dermed støtte til opphald på frå to veker til tolv månader.

Noreg tek del i EUROPASS og i CEDEFOP på linje med EU-landa. Per 1. august 2002 har det i Noreg blitt skrive ut 318 Europass.

Budsjettforslag for 2003

Den økonomiske ramma for programma blir vedteken av dei styrande organa i EU. Løyving er auka noko i forhold til saldert budsjett for 2002 som følgje av at utgifter til nasjonale ekspertar er inkludert i løyvingsforslaget.

Post 73 Tilskott til studieopphald i utlandet

Ordninga omfattar:

- United World Colleges (UWC)
- franske lycé – eittårig tilbod/treårig tilbod, samt franske hotellfagskolar toårig tilbod
- Trollmidlar (skal gi elevar og lærarar moglegheit til å få kunnskap om Frankrikes kultur og språk ved å leggje til rette for korte studieopphald i landet)
- tyske stipend

Målsetjinga med tilskottet er å leggje til rette for skolegang/studieopphald i utlandet for at ungdom skal få betre kunnskapar om kultur og språk i andre land, og auka forståing for sin eigen og andres identitet.

I 2001 søkte 113 jenter og 25 gutar til dei 36 plassane ved UWC. Søkertala for 2002 er på 81 jenter og 37 gutar.

Til dei treårige franske lycéa kom det i 2001 inn 76 søknader frå jenter og 13 frå gutar. I 2002 søkte 59 jenter og 22 gutar.

Trollstipend blir delte ut to gonger i året. I 2001 vart totalt 1,8 mill. kroner utdelte.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2002.

Post 74 Tilskott til Røde Kors Nordisk United World College

Målet med tilskottsordninga er å medverke til at Røde Kors Nordisk United World College (RKNUWC) i Fjaler kan gi eit tilbod om International Baccalaureate-eksamen (IB-eksamen).

I 2001 hadde RKNUWC 199 elevar frå 878 land. 29 pst. av elevane kom frå nordiske land, 27 pst. frå andre europeiske land, 4 pst. frå Midtausten, 15 pst. frå Amerika, 14 pst. frå Asia og 11 pst. frå Afrika. Den norske staten finansierte i 2001 om lag 63 pst. av drifta ved skolen, medan dei andre nordiske landa finansierte om lag 23 pst.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på om lag same nivå som i saldert budsjett 2002.

Kap. 224 Fellestiltak i grunnskolen og vidaregåande opplæring

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
01	Driftsutgifter		98 238	115 123
61	Tilskott til opplæring innanfor kriminalomsorga		94 702	100 384
62	Tilskott til seniortiltak i grunnskolen		43 000	
63	Tilskott til seniortiltak i vidaregåande opplæring		42 000	
64	Tilskott til opplæring i finsk		7 079	7 341
68	Det samiske utdanningsområdet, <i>kan overførast</i>		30 938	35 712
70	Tilskott		7 949	8 259
	Sum kap. 224		323 906	266 819

Kap. 224 er tidlegare oppretta med midlar overførte frå andre kapittel. For rekneskapstal sjå m.a. kap. 229 under denne kategorien og kapitla 231 og 239 under kategori 07.30. Sjå elles omtale av endringane i St.prp. nr. 1 (2001-2002).

I høve til 2002 er det gjort desse tekniske endringane:

- Tilskotta til seniortiltak i grunnskolen og vidaregåande opplæring er foreslått innlemma i rammetilskottet til kommunane og fylkeskommunane frå 1. januar 2003.

Post 01 Driftsutgifter*Resultatrapport for 2001*

I 2001 var snautt 50 000 elevar i grunnskolen oppe i eit fag til den skriftlege avgangsprøva i grunn-

skolen. Det vart i tillegg avlagt snautt 1 000 skriftlege avgangsprøver for vaksne på grunnskolenivå. Det vart utarbeidd skriftlege avgangsprøver med sensorretteiingar og heldt førehandssensur i dei sentrale faga norsk, norsk som andrespråk, samisk, engelsk og matematikk med eigne prøvesett for vaksne, dessutan avgangsprøve i teiknspråk og morsmål (minoritetsspråk). Til saman vart det utarbeidd oppgavesett i 63 fag, samt ressurshefte til dei sentrale faga. I tillegg vart det gjennomført karakter- og læringsstøtta prøver i norsk, engelsk og matematikk og i tilvalsfaga tysk og fransk.

Tal på avlagde prøver, eksamensoppgåver og klager i vidaregåande opplæring

	1998	1999	2000	2001
Avlagde prøver	190 000	178 000	170 000	151 000
Eksamensoppgåver	677	770	824	841
Klager	8 000	5 200	5 100	6 465

Kjelde: Læringscenteret

Nedgangen i talet på avlagde prøver frå 2000 til 2001 skyldast mellom anna nedgang i elevtalet i vidaregåande opplæring, fleire elevar på studieretninger hvor det ikkje er sentralgitte prøver og nedgang i talet på privatistar.

Endring i prøving av den teoretiske delen av fag- og sveineprøver medverka til ein auke i talet på prøver i lærefaga med 53, frå 198 i 2000 til 251 i 2001. Det blei gjennomført førehandssensur i dei sentrale faga og sensorskolering i om lag 20 fag.

Læringscenteret har dessutan handsama 122 klager i samband med den praktiske del av fagprøva.

Resultatmål for 2003

Departementet vil:

- utarbeide sentrale prøver/sentralt prøvemateriell med vurderingsrettleiingar og skolere fagnemnder
- gjennomføre sentral sensur og klagebehandling og skolere sensorar
- gjennomføre informasjonstiltak overfor statens utdanningskontor, kommunar og fylkeskommunar
- gjennomføre arbeid med utvikling av og forsøk med nye dokumentasjons- og vurderingsformer og alternative vurderingsuttrykk
- utvikle støttmateriell for lokalt vurderingsarbeid inklusive karakter- og læringsstøttande prøver
- gjennomføre analysar av læringsresultat på systemnivå inklusive utarbeiding av statistikkar

Budsjettforslag for 2003

Ved handsaminga av St.prp. nr. 41 (2001–2002) om eksamen i grunnskolen vedtok Stortinget å halde oppe sentralt utarbeidde avgangsprøver i grunnskolen, jf. Innst. S. nr. 158 (2001–2002). Prøveavgifta for privatistar som melder opp seg til eksamen, og kandidatar som melder seg opp til fag- og/eller sveineprøve etter opplæringslova § 3-5, er foreslått ført vidare, sjå forslag til vedtak IV nr. 1.

Post 61 Tilskott til opplæring innanfor kriminalomsorga

Målsetjing

Formålet med tilskottsordninga er å medverke til at innsette/frigitte som ikkje har fullført grunnskolen, kan få undervisning på grunnskolenivå, og at dei som har rett til eller ønskjer det, kan få vidaregåande opplæring. På grunn av at mange har kort soningstid, eller sit i varetekt, er ofte kompetanse-givande kurs i høve til læreplanar ikkje eit reelt tilbod. For å motivere flest mogleg til å ta opplæring, og for at slike fangegrupper skal ha eit reelt opplæringstilbod, er det også eit mål å gi kurs som ikkje er formelt kompetanse-givande.

Rapport for 2001

Det blir gitt opplæring i 34 av 42 anstaltar i Noreg, og det er etablert oppfølgingsklassar ti stader i landet. Talet på elevplassar totalt har stige noko, frå 810 i 1996 til 879 i 2001, men delen elevplassar inn-

anfor grunnskoleopplæringa har gått noko ned i same periode. Det vart avlagt 815 eksamenar i 2001 mot 830 i 2000. Det er fleire som teiknar lærlingkontraktar og som tek teoriundervisning for å få fagbrev som praksiskandidatar i 2001 enn året før. Som i tidlegare år er nesten tre firedelar av elevene i alderen 23–40 år.

Innanfor vidaregåande opplæring har det komme fleire opplæringstilbod i dei siste åra, mellom anna grunnkurs formingsfag, musikk, dans og drama. Samstundes har det blitt etablert fleire korte ikkje-kompetanse-givande kurs. Om lag to tredelar av elevplassane er å finne i studieretning for allmenne, økonomiske og administrative fag.

I 2001 var 290 lærarar på heil- og deltid engasjert på dette feltet. Kapasitetsutnyttinga var 76 pst., om lag det same som føregåande år. Dette skuldast den ustadige elevmassen. Gjennomsnittskostnaden per elevplass ligg på om lag 135 000, men det er stor variasjon frå skole til skole.

Budsjettforslag for 2003

Løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2002.

Post 62 Tilskott til seniortiltak i grunnskolen, og post 63 Tilskott til seniortiltak i vidaregåande opplæring

Hausten 2001 inngjekk departementet ein avtale med lærarorganisasjonane om endringar i arbeidstidsavtalane til lærarane i grunnskolen og i vidaregåande opplæring. Som ein del av denne avtalen er det sett i verk tiltak slik at dei lærarane som er over 58 år, får redusert leseplikt med 6 pst., 1 pst. frå 1. januar 2002 og 5 pst. frå 1. august 2002.

I samband med behandlinga av kommuneproposisjonen for 2003 vedtok Stortinget at tilskotta til seniortiltak skal innlemmast i rammetilskottet til kommunane og fylkeskommunane frå 1. januar 2003. Midlane er overførte til kap. 571 post 60 og kap. 572 post 60 på Kommunal- og regionaldepartementet sitt budsjett.

Post 64 Tilskott til opplæring i finsk

Målet med tilskottsordninga er å stimulere skoleeigarar til å gi elevar og lærlingar med kvensk-finsk bakgrunn opplæring i finsk som andrespråk. Ordninga skal også medverke til å styrkje lærarane sin kompetanse i finsk.

I skoleåret 2001–02 fekk om lag 1 000 elevar i grunnskolen opplæring i finsk. Dette er ein auke på 5 pst. frå skoleåret 2000–01. Det er gitt 2 studieheimlar for å studere finsk i 2002.

I vidaregåande opplæring vart det våren 2002 gitt opplæring i finsk til 30 elevar. Våren 2001 fekk åtte elevar opplæring i finsk.

Budsjettforslaget for 2003 dekkjer tilskott for skoleåret 2002–03. Det er lagt til grunn ein sats på kr 256 per undervisningstime i grunnskolen og kr 306 per time i vidaregåande opplæring. Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2002.

I 2003 er det behov for å gi tilsegn om utbetaling av tilskott for skoleåret 2003–04, jf. forslag til vedtak III nr 4 og 5.

Post 68 Det samiske utdanningsområdet, kan overførast

Målet med tilskottsordninga er å styrkje den økonomiske evna i kommunane til å gi opplæring i og på samisk, i samsvar med dei rettane som går fram av § 6-2 i opplæringslova. Tilskottet går òg til å styrkje kompetansen til lærarane i samisk språk og kultur og til å stimulere fylkeskommunen til å gi ekstra opplæring i samisk i vidaregåande opplæring.

Omfanget av opplæringa i og på samisk i grunnskolen har auka med 3–4 pst. per år i dei siste åra. Talet på studieheimlar har vore om lag på same nivå sidan 1999. Våren 2002 fekk totalt 209 elevar opplæring i samisk i vidaregåande opplæring, mot 203 våren 2001. Dei fleste av desse fekk opplæringa i fylkeskommunale skolar.

Budsjettforslaget for 2003 dekkjer tilskott for skoleåret 2002–03. Det er lagt til grunn ein sats på

kr 256 per undervisningstime i grunnskolen og kr 306 per time i vidaregåande opplæring. Som følge av at undervisninga i og på samisk i grunnskolen har auka, foreslår departementet at løyvinga blir auka noko i 2003.

Post 70 Tilskott

Formålet med tilskottsordninga er å fremme ny kunnskap og nye haldningar i grunnskolen og den vidaregåande opplæringa. Det blir gitt tilskott til landsomfattande tiltak i regi av dei offentlege og frivillige organisasjonane som på ulike måtar medverkar til å nå dei måla som er sette i lova, budsjettet og i læreplanverket.

I 2002 er det gitt tilskott til: Norsk kulturskoleråd, Det norske hageselskap, Landslaget for udelte og fådelt skolar, Noregs Mållag, Kristent pedagogisk forbund, Dissimilis, Rådet for folkemusikk og folkedans, Stiftelsen Arkivet, International Baccalaureat, Yrkes-OL, Fysikk-, Matematikk- og Kjemi-OL, skoleval, Håndverksregisteret på Maihaugen, stipendiatorordning på Maihaugen og ulike andre tiltak.

Budsjettforslaget for 2003 vil dekkje tilskott til dei same mottakarane som i 2002 med desse endringane: tilskott til skoleval går ut, medan tilskott til Den norske bibelbussen AS kjem inn som nytt. Håndverksregisteret på Maihaugen har endra namn til Norsk handverksutvikling. Det blir også gitt tilskott til ulike andre tiltak.

Kap. 226 Kvalitetsutvikling i grunnskolen og vidaregåande opplæring

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap		Forslag 2003
		2001	budsjett 2002	
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>		360 268	381 818
	Sum kap. 226		360 268	381 818

Kap. 226 er tidlegare oppretta med midlar overførte frå kapitla 228 og 238. For rekneskapstal sjå kap. 228 under denne kategorien og kap. 238 under kategori 07.30. Sjå elles omtale av endringa i St.prp. nr. 1 (2001-2002).

Kapitlet finansierer tiltak på mellom anna følgjande område:

- utvikling av læreplanar og elev- og lærlingvurdering
- kompetanseutvikling, utviklingsarbeid

- dokumentasjon og analyse som grunnlag for resultat- og kvalitetsvurdering
- lærings- og oppvekstmiljø
- internasjonalt arbeid
- likestilling

Kapitlet finansierer også prosjektretta stillingar i departementet som er knytt til oppfølging av prosjekt under budsjettkapitlet.

Ansvar for kvalitetsutvikling i grunnskolen og i vidaregåande opplæring ligg i kommunar og

fylkeskommunar. Sentrale verkemiddel i dette arbeidet er mellom anna kompetanseutvikling, utviklingsarbeid, forsøk og vurdering, som skal medverke til:

- å tilpasse innhald, arbeidsformer og vurdering i opplæringa betre til behovet til den enkelte og til utviklinga i arbeids- og samfunnsliv
- å fremme nyskappings- og utviklingsarbeid, mangfald og fleksibilitet i opplæringa
- å flytte meir av verksemda frå sentrale til lokale arenaer
- å styrkje samvirket mellom skole, arbeidsliv og samfunnet elles

Omtalen nedanfor må sjåast i samanheng med kategoriomtalen og omtalen under kapitla 202, 204, 224, 243 og 248.

Den særskilde statlege satsinga på kvalitetsutvikling i grunnskolen og vidaregåande opplæring er retta mot å gi skoleeigarar og skolar betre høve til å ivareta ansvaret sitt. For å gi skoleeigarar og skolar høve til å samanlikne seg med andre og å kunne vurdere si eiga utvikling over tid, blir det utvikla verktøy for standardisert informasjon lokalt, regionalt og nasjonalt. Skolar, bedrifter og skoleeigarar som viser gode resultat når det gjeld læringsutbytte og arbeidsmiljø, blir synt merksemd. Det blir gjennomført ei brei satsing for å betre opplæringa i basisfaga. Eit utval lærarar får stipend for vidareutdanning i matematikk og norsk, ein nasjonal strategi for styrking av realfaga blir følgd opp, kompetansen i bruk av skolebiblioteka blir styrkt og ulike tiltak for å auke leselysta hos elevane blir sette i verk. I samarbeid med andre departement blir arbeidet for å redusere problemåtferd og uro i skolen, rusproblem, rasisme, diskriminering og seksuell trakassering ført vidare. Departementet vil i 2003 i større grad målrette tiltaka innanfor kvalitetsutvikling i grunnskolen, så som vidareføring av bonus- og demonstrasjonsskolar, kompetanseutvikling i bruk av skolebibliotek og stipend til lærarar.

Resultatrapport for 2001–02

Hovuddelen av løyvinga på kap. 226 er nytta til å finansiere tiltak innanfor kompetanseutvikling. Nokre av desse tiltaka er Kvalitetsutvikling i grunnskolen 2000–2003, Differensiering og tilrettelegging i vidaregåande opplæring, Prosjekt Innovasjon i Læring, Organisering og Teknologi (PILOT). Vurdering av utbytte av opplæringa, dokumentasjon og analyse som grunnlag for systemvurdering og lærings- og oppvekstmiljø er andre satsingsområde under kap. 226. Fleire av oppgåvene som er finansierte over kap. 226, blir utførte i Læringscenteret, det visast derfor til resultatrapport under kap. 202.

Fleire av tiltaka er òg nemnde under tilstandsvurderinga i kategoriomtalen (07.20).

Resultatmål for 2003

Utvikling av læreplanar og elev- og lærlingvurdering

Departementet vil mellom anna:

- føre vidare arbeidet med strukturendringar innanfor vidaregåande opplæring
- føre vidare arbeidet med utvikling av nye læreplanar og revisjon av eksisterande planar, samt utvikle rettleiingsmateriell
- føre vidare utviklinga av kartleggingsprøver

Kompetanseutvikling og utviklingsarbeid

Departementet vil mellom anna:

- utvikle ordninga med bonus- og demonstrasjonsskolar vidare, vurdere å etablere slik ordning for lærebedrifter og å gi kvalitetspris til skoleeigarar som har peika seg ut
- medverke til lokalt utviklingsarbeid og kompetanseutvikling av lærarar, skoleleiarar og instruktørar
- gi stipend til inntil 1 000 lærarar for vidareutdanning i matematikk og norsk med vekt på lesing og skrivning
- følgje opp «Strategi for styrking av realfaga»
- styrkje kompetansen i bruk av skolebiblioteka og gjennomføre tiltak for å fremme leselysta hos elevane
- medverke til utvikling av pedagogisk bruk av IKT, jf. kap. 248
- føre vidare prosjektet «Delt rådgivingsteneste» og vurdere erfaringane
- følgje opp opplæringa for språklege minoritetar blant anna gjennom vidareføring av Senter for utvikling av den fleirkulturelle skolen (SEFS) ved Høgskolen i Oslo, og sentralt initiert utviklingsarbeid i samarbeid med Foreldreutvalet for grunnskolen
- føre vidare kvalitetsutvikling på det samiske området
- føre arbeidet med entreprenørskap i skolen vidare
- som del av Regjeringa sin tiltaksplan mot fattigdom betre dei førebyggjande tiltaka for å hindre fråfall i vidaregåande opplæring m.a. gjennom vidareutvikling av oppfølgingstenesta. Oppfølgingstenesta skal sikre at alle ungdommar som fell frå i overgangen frå grunnskole til vidaregåande opplæring, eller i løpet av vidaregåande opplæring, får tilbod om utdanning eller arbeid. Spesielt er det viktig at samarbeidet mellom

oppfølgingstenesta og arbeidsmarknadsetaten blir utvikla vidare.

Dokumentasjon og analyse som grunnlag for resultat- og kvalitetsvurdering

Departementet vil mellom anna:

- vurdere å opprette ein nasjonal kvalitetsportal som skal leggje til rette for meir systematisk analyse og bruk av statistikk, tilstandsrapportering, forskning, internasjonale undersøkingar og nasjonale kartleggingsprøver med særleg fokus på læringsutbytte, læringsmiljø og rammer for opplæringa
- medverke til å styrkje utviklingsarbeidet på området skole- og bedriftsbasert vurdering og føre vidare prosjektet «Elevinspektørene – elevenes skolevurdering»
- føre vidare evalueringa av den ekstra satsinga på kvalitetsutvikling og forsøksverksemda i grunnskolen og vidaregåande opplæring
- utarbeide ein oppdatert kunnskapsstatus når det gjeld differensiert og tilpassa opplæring
- føre vidare deltakinga i internasjonale undersøkingar av læringsutbytte (m.a. PISA, PIRLS, TIMSS)
- utvikle og ta i bruk nasjonale kartleggingsprøver i basisfag
- føre vidare deltakinga i internasjonalt samarbeid om utvikling av indikatorar
- i samarbeid med Noregs forskingsråd initiere ei ny satsing på langsiktig utdanningsforskning som oppfølging av programmet kompetanse, utdanning og verdiskaping (KUV)

Lærings- og oppvekstmiljø

Departementet vil:

- arbeide for å styrkje arbeidet med formidling av verdiar og haldningar i skolen
- arbeide for å førebyggje og hindre vald, mobbing, rusmisbruk, rasisme, etnisk diskriminering og seksuell trakassering, mellom anna som ledd i oppfølginga av handlingsplanar knytte til barn og unge
- støtte kommunar og fylkeskommunar i arbeidet for å førebyggje og hindre problemåtferd i skolen og å styrkje sosiale kompetansen hos elevane gjennom utviklingstiltak og spreining av erfaring
- medverke til at det blir etablert samarbeid mellom skole- og kultursektor på alle forvaltningsnivå for å utvikle «Den kulturelle skolesekken»

Internasjonalt arbeid

Departementet vil:

- føre vidare deltakinga i internasjonalt samarbeid om kvalitetsutvikling av innhald, organisering og gjennomføring av opplæringa
- føre vidare samarbeidet med Elevorganisasjonen og Operasjon Dagsverk om internasjonal solidaritet i opplæringa
- føre vidare arbeidet med å leggje til rette for internasjonal utveksling og mobilitet innanfor vidaregåande opplæring

Likestilling

Departementet vil:

- følgje opp arbeidet med likestilling i grunnopplæringa som nedfelt i «Policynotat om likestilling for utdannings- og forskningsdepartementet 2002-2004»
- bidra til at rådgivingstenesta i skolen kan fremme medvitne val av utdanning og yrke uavhengig av kjønn
- følgje opp «Veiledning i arbeid med likestilling – Kjekkk og pen» med eit prosjekt retta mot å aktualisere og konkretisere likestilling for ungdom, samt gi lærarar enkle verktøy for å inkludere temaet i einskilde fag
- følgje opp prosjektet «Operasjon Minerva – jenter og matematikk», jf. kap. 248

Andre oppgåver

Departementet vil mellom anna:

- vurdere effektar av gjeldande finansieringsordning i høve til kvalitet og omstillingsevne i skolen og opplæringa
- vurdere verknaden av lov, forskrifter og avtaleverk for handlefridommen til skoleeigar, skolen og den einskilde læraren
- følgje opp ulike handlingsplanar i samarbeid med andre departement

Budsjettforslag for 2003

Regjeringa foreslår ein auke i løyvinga på 8 mill. kroner til førebyggjande tiltak retta mot fråfall i vidaregåande opplæring. Det er behov for ei tilsegnfullmakt på 100 mill. kroner, jf. forslag til vedtak III nr. 1.

Kap. 228 Kvalitetsutvikling i grunnskolen

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overføres</i>	312 339		
	Sum kap. 228	312 339		

Sjå omtale under tabellen for kategori 07.20 og under kap. 226.

Kap. 229 Andre formål i grunnskolen

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under kap. 239 post 01</i>	24 806		
60	Kompensasjon for investeringskostnader ved grunnskolereforma	534 852		
62	Kompensasjon for meirutgifter i samband med mellombels lokale, <i>kan overføres</i>	52 888		
70	Tilskott	4 518		
	Sum kap. 229	617 064		

Sjå omtale under tabellen for kategori 07.20 og under kapitla 221 og 224.

Kap. 232 Statlege skolar med opplæring på vidaregåande nivå (jf. kap. 3232)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 60</i>		99 309	103 824
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overføres</i>		3 812	3 873
	Sum kap. 232		103 121	107 697

Kap. 232 er tidlegare overført frå kategori 07.30. For rekneskapstal for 2001, sjå kap. 232 under kategori 07.30.

I høve til 2002 er det gjort denne tekniske endringa:

- Post 01 er nedjustert med 0,15 mill. kroner i samband med at midlar til husleige ved Noregs brannskole er overførte til Arbeids- og administrasjonsdepartementet, kap. 1577 post 01.

Kapitlet omfattar driftsløyvingar og tilskott til:

- Statens dykkarskole, Bergen
- Statens trafikklærarskole, Stjørdal
- Samisk vidaregåande skole, Karasjok
- Samisk vidaregåande skole og reindriftsskole, Kautokeino
- Statens gartnar- og blomsterdekoratørskole Veia, Moelv

Dei to førstnemnde skolane er utanfor opplæringslova.

Resultatrapport for 2001–02

Felles for skolane er at dei har eit nasjonalt og landsdekkjande ansvar for å gi opplæring på sitt område. I skoleåret 2001–02 har skolane gjennomført den kurs- og opplæringsverksemda som var føresett i planane. På nokre av kursa har det likevel ikkje vore full kapasitetsutnytting i perioden.

Noregs brannskole

Noregs brannskole er overført frå tidlegare Kyrkje-, utdannings- og forskningsdepartementet til arbeidsområdet under Arbeids- og administrasjonsdepartementet frå 1. januar 2002.

Aktiviteten ved Brannskolen omfattar ei rekkje kurs av varierende lengd, frå eivekes kurs til nivåkurs og brevkurs. I 2001 omfatta verksemda i alt 3 107 deltakarar fordelte på nærare 100 kurs, inkludert brevkurs.

Etter ein periode med utvikling av nødvendige læremiddel er opplæringa av deltidsbrannpersonell komme i gang som eit pilotprosjekt hausten 2001. For ein nærare omtale av verksemda ved skolen, sjå kap. 1577 og 4577 under Arbeids- og administrasjonsdepartementet.

Statens dykkarskole

I 2001 omfatta verksemda ved Statens dykkarskole grunnkurs, inspeksjonskurs samt diverse kortare kurs – i alt 9 ulike kurs. Kurs for anleggsdykkarar vart ikkje sette i gang i 2001 på grunn av dårleg søking, men kurs vart haldne våren 2002. Kurs for klokkyddarar vart heller ikkje haldne i 2001. Det har vore ein viss nedgang i kursaktiviteten ved skolen i 2001, men interessa for redningsdykkarkurs tok seg vesentleg opp i 2001 i høve til tidlegare. Talet på elevdagar var 4 063 i 2000 mot 3 106 elevdagar i 2001. I alt var det 79 deltakarar ved dei ulike kursa.

Skolen har teke del i utgreiing om utstyr til klokkyddarutdanninga. Eit prosjekt for å prøve ut ein ny utdanningsmodell for anleggsdykkarar er

avslutta. Formålet med prosjektet var å få erfaring med utplassering av elevar i industrien. Prosjektet gav viktige erfaringar i det vidare arbeidet med ny utdanningsmodell og ny læreplan for yrkesdykkarar.

Statens trafikklærarskole

Ved skolen er det desse tre hovudkategoriane av kurs:

- eittårig grunnutdanning for trafikklærarar – kapasitet: 72 elevplassar, utnytta: 67 elevplassar
- sekstenvekers kurs for kjørelærarar for tungtransport – kapasitet: 16 elevplassar, utnytta: 12 elevplassar
- seksvekers kurs for fagleg leiar – kapasitet 120 elevplassar, utnytta: 91 elevplassar

I 2001 var det i alt 420 elevar ved kursa ved skolen, mot 350 elevar i 2000.

Som ledd i oppfølginga av Innst. S. nr 177 (2000–01) og St.meld. nr. 20 (2000–01) har det frå hausten 2001 vore i gang eit prosjekt ved skolen med sikte på å utvide grunnutdanninga ved Statens trafikklærarskole og gradvis byggje den opp til høgskolenivå, jf. resultatmål nedanfor.

Statens samiske vidaregåande skolar

Ved dei to skolane for samisk ungdom er det sett i gang tiltak for å betre elevrekrutteringa, særleg til dei yrkesfaglege studietilboda ved skolane. I skoleåret 2001–02 hadde Samisk vidaregåande skole i Karasjok 107 ordinære elevar og Samisk vidaregåande skole og reindriftsskole i alt 81 ordinære elevar. Det er også sett i gang tiltak for å betre gjennomstrøyminga av elevar ved dei to skolane.

Som ledd i arbeidet med oppfølging av evalueringa av samisk vidaregåande opplæring under Reform 94, sette departementet hausten 2001 ned ei arbeidsgruppe som fekk i oppgåve å vurdere tilknytingsforma for dei to samiske vidaregåande skolane. Arbeidsgruppa la sommaren 2002 fram ein rapport med tilråding om at dei to skolane for framtida blir knytte til Sametinget, som får ansvaret for drift og innhald i skolane. Rapporten er hausten 2002 send på høring.

Departementet har vurdert nærare den samla ressursbruken i skoleverksemda, og har i samarbeid med styret sett i gang tiltak frå hausten 2002 for oppnå betre ressursutnytting ved skolane. Det er framleis behov for betre rekruttering av kvalifiserte lærarar til dei to skolane, særleg i samisk språk og kulturfag. Dei ekstra økonomiske tiltaka for lærarane blir førte vidare i 2003.

Statens vidaregåande skolar i landbruksfag og naturbruk

Talet på heilårselevar ved dei to gjenverande statlege skolane i landbruksfag og naturbruk fordeler seg slik per 1. april 2002:

Talet på heilårselevar fordelt på skolar og fylke

Skole	Fylke	Heilårselevar totalt i 2002	Heilårselevar frå heimfylket i 2002
Statens gartner- og blomsterdekoratørskole Vea	Hedmark	71	29
Ørland meieriskole	Sør-Trøndelag	5	2

Det har vore ført forhandlingar med Sør-Trøndelag fylkeskommune om vidare drift ved Ørland meieriskole, men forhandlingane har ikkje ført fram. Etter dette er verksemda ved Ørland meieriskole lagd ned frå 1. august 2002, jf. omtalen i St.prp. nr. 63 (2001–2002). Ved Statens gartner- og blomsterdekoratørskole er det sett i gang eit prosjekt for å styrkje etter- og vidareutdanningstilboda ved skolen, i eit nært samarbeid med bransjen og aktuelle forskings- og høgskolemiljø.

Resultatmål for 2003

Tilknytingsforma for dei gjenverande skolane på dette kapitlet vil bli nærare vurdert. Retningslinjene for dette arbeidet vart gitt då Stortinget behandla Innst. S. nr. 177 (2000–01) og St.meld. nr. 20 (2000–01) Om korte yrkesretta utdanningar etter vidaregåande opplæring.

Statens dykkarskole

Statens dykkarskole vil gjennomføre kurs etter det same opplegget som tidlegare år, når det gjeld både grunnutdanning og spesialkurs. Det er i samarbeid med bransjen nedsett ei arbeidsgruppe som skal vurdere grunnlaget for ny driftsform for skolen (stiftelse, aksjeselskap e.l.).

Statens trafikk lærarskole

Statens trafikk lærarskole har som hovudoppgåve å gi landsdekkjande tilbod til kjøreskolane, Statens vegvesen og det offentlege skoleverket om lærar- og sensorutdanning. Skolen vil i 2003 føre vidare kursverksemda innanfor skolen sitt hovudområde. I samarbeid med høgskolemiljøet i regionen vil skolen frå hausten 2002 kunne tilby etter- og vida-

reutdanning for kjørelærarar på høgskolenivå. Frå hausten 2003 vil ny toårig utdanning etter planen bli sett i gang i eit samarbeid med Høgskolen i Nord-Trøndelag. Styret vil i perioden greie ut spørsmålet om ei nærare tilknytning for Statens trafikk lærarskole til Høgskolen i Nord-Trøndelag.

Statens samiske vidaregåande skolar

Dei samiske vidaregåande skolane står framleis overfor store oppgåver og utfordringar i samband med omstilling og rasjonalisering av reindriftsnæringa. Skal skolane vere i stand til å løyse desse oppgåvene, er det naudsynt med eit nært samarbeid mellom dei to skolane slik at ein kan gi tenlege opplæringstilbod, så vel til dei unge som til den vaksne delen av befolkninga. Som oppfølging av evalueringa av samisk vidaregåande opplæring under Reform 94 vil departementet i samarbeid med Sametinget vurdere ulike tiltak for å styrkje innhaldet i samisk vidaregåande opplæring. Departementet vil ta stilling til den framtidige tilknytingsforma for dei to samiske vidaregåande skolane etter at høringa av rapporten frå arbeidsgruppa er avslutta, jf. resultatrapport for 2001-2002.

Statens vidaregåande skolar i landbruksfag og naturbruk

Statens gartner- og blomsterdekoratørskole på Vea vil i aukande grad nytte ressursane sine til å gi spesialiserte etter- og vidareutdanningskurs som bransjen etterspør.

Budsjettforslag for 2003

Løyvinga på post 01 blir ført vidare på same nivå som i 2002.

Løyvinga på post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3232 postane 02 og 61, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Løyvinga på post 45 blir ført vidare på same nivå som i 2002 og skal gå til innkjøp av nødvendig utstyr til skolane under dette kapitlet.

Kap. 3232 Statlege skolar med opplæring på vidaregåande nivå (jf. kap. 232)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
02	Salsinntekter o.a.		5 209	5 412
61	Refusjon frå fylkeskommunar		742	769
	Sum kap. 3232		5 951	6 181

Kap. 3232 er overført frå kategori 07.30. For rekneskapstal for 2001, sjå kap. 3232 under kategori 07.30.

Post 02 gjeld inntekter frå kurs ved skolane.

Post 61 gjeld betaling frå fylkeskommunar for kjøp av opplæringsplassar ved Statens gartner- og blomsterdekoratørskole Veia.

Programkategori 07.30 Vidaregåande opplæring

Utgifter under programkategori 07.30 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003	Pst. endr. 02/03
0231	Tilskott til vidaregåande opplæring	279 538			
0232	Statlege skolar med opplæring på vidaregåande nivå (jf. kap. 3232)	162 363			
0234	Tilskott til lærebedrifter m.m.	293 541			
0238	Kvalitetsutvikling i vidaregåande opplæring (jf. kap. 3238)	82 397			
0239	Andre formål i vidaregåande opplæring	260 967			
Sum kategori 07.30		1 078 806			

Programkategori 07.30 er i hovudsak innlemma i programkategori 07.20, sjå St.prp. nr. 1 (2001-2002).

Inntekter under programkategori 07.30 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003	Pst. endr. 02/03
3232	Statlege skolar med opplæring på vidaregåande nivå (jf. kap. 232)	21 296			
3238	Kvalitetsutvikling i vidaregåande opplæring (jf. kap. 238)	473			
Sum kategori 07.30		21 769			

Programkategori 07.30 er i hovudsak innlemma i programkategori 07.20, sjå St.prp. nr. 1 (2001-2002).

Kap. 231 Tilskott til vidaregåande opplæring

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
60	Tilskott til landslinjer	139 203		
61	Tilskott til opplæring innanfor kriminalomsorga	90 921		
65	Tilskott til ekstra opplæring for språklege minoritetar i vidaregåande opplæring	29 414		
66	Tilskott til teknisk undervisningsutstyr og tilpassing av lokale	20 000		
	Sum kap. 231	279 538		

Sjå omtale under tabellen for kategori 07.30.

Kap. 232 Statlege skolar med opplæring på vidaregåande nivå (jf. kap. 3232)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 60</i>	141 817		
21	Tryggleiksoplæring for fiskarar	13 900		
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	6 348		
75	Tilskott til stipend og kurs for tilsette	298		
	Sum kap. 232	162 363		

Sjå omtale under tabellen for kategori 07.30.
Post 21 er innlemma i kap. 249 post 21.

Kap. 3232 Statlege skolar med opplæring på vidaregåande nivå (jf. kap. 232)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
02	Salsinntekter o.a.	16 729		
15	Refusjon for arbeidsmarknadstiltak	172		
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	1 317		
18	Refusjon av sjukepengar	2 365		
61	Refusjon frå fylkeskommunar	713		
	Sum kap. 3232	21 296		

Sjå omtale under tabellen for kategori 07.30.

Kap. 234 Tilskott til lærebedrifter m.m.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
01	Driftsutgifter	7 298		
70	Tilskott til bedrifter som tek inn lærlingar	278 439		
71	Tilskott til drift av opplæringsråd	7 804		
Sum kap. 234		293 541		

Sjå omtale under tabellen for kategori 07.30.

Kap. 238 Kvalitetsutvikling i vidaregåande opplæring (jf. kap. 3238)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
01	Driftsutgifter	82 397		
Sum kap. 238		82 397		

Sjå omtale under tabellen for kategori 07.30.

Kap. 3238 Kvalitetsutvikling i vidaregåande opplæring (jf. kap. 238)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
05	Refusjon frå NORAD	473		
Sum kap. 3238		473		

Sjå omtale under tabellen for kategori 07.30.

Kap. 239 Andre formål i vidaregåande opplæring

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under kap. 229 post 01</i>	83 913		
60	Utlånsordning for skolebøker i vidaregåande skole	99 722		
70	Tilskott til internatdrifta ved Krokeide yrkesskole	15 924		
71	Tilskott til studieopphald i utlandet	6 850		
72	Tilskott til internasjonale utdanningsprogram (LEONARDO mfl.)	28 542		
73	Tilskott til Røde Kors Nordisk United World College	21 451		
75	Tilskott	4 565		
	Sum kap. 239	260 967		

Sjå omtale under tabellen for kategori 07.30.
Post 70 er overført til kap. 249 post 73.

Programkategori 07.40 Andre tiltak i utdanninga

Utgifter under programkategori 07.40 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003	Pst. endr. 02/03
0240	Private skolar mv.	1 193 193	1 319 663	1 775 633	34,6
0243	Kompetansesenter for spesialundervisning (jf. kap. 3243)	842 199	803 150	833 377	3,8
0248	Særskilde IKT-tiltak i utdanninga		182 604	169 226	-7,3
0249	Andre tiltak i utdanninga	146 258	52 349	44 646	-14,7
	Sum kategori 07.40	2 181 650	2 357 766	2 822 882	19,7

Budsjettforslaget for kategori 07.40 utgjer 2 822,9 mill. kroner. Det er ein auke på 465,1 mill. kroner i høve til saldert budsjett 2002. Av dette

skriv om lag 7,6 mill. kroner seg frå tekniske endringar, jf. omtale under det einskilde kapitlet.

Inntekter under programkategori 07.40 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003	Pst. endr. 02/03
3243	Kompetansesenter for spesialundervisning (jf. kap. 243)	92 485	48 505	45 289	-6,6
	Sum kategori 07.40	92 485	48 505	45 289	-6,6

Budsjettforslaget for kategori 07.40 utgjer 45,3 mill. kroner. Det er ein reduksjon på 3,2 mill. kroner i høve til saldert budsjett 2002. Tekniske endringar

utgjer 5,1 mill. kroner, jf. omtale under det einskilde kapitlet.

Kap. 240 Private skolar mv.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
70	Tilskott, <i>overslagsløyving</i>	1 192 738	1 319 194	1 775 146
75	Tilskott til privatskoleorganisasjonar	455	469	487
	Sum kap. 240	1 193 193	1 319 663	1 775 633

Kapitlet dekkjer tilskott til:

- private grunnskolar i Noreg og utlandet
- private vidaregåande skolar i Noreg og utlandet
- elevar ved utanlandske eller internasjonale grunnskolar og vidaregåande skolar i Noreg eller utlandet
- private skoleorganisasjonar

Post 70 Tilskott, overslagsløyving*Målsetjing*

Målet med tilskottet er å medverke til drift av godkjende private skolar.

Rapport for 2001–02

Tabellen under viser korleis elevtalet og talet på private skolar har endra seg frå skoleåret 1999–2000 til skoleåret 2001–02:

Fordeling av elevar i private skolar med rett til tilskott etter tilskottsregel

Tilskottsregel	Skoletype	Skolar 1999– 2000	Skolar 2000– 2001	Skolar 2001– 2002 ¹⁾	Elevar 1999– 2000	Elevar 2000– 2001	Elevar 2001– 2002
1, 2	Skolar for funksjonshemma	10	10	10	403	400	435
3, 6	Andre private skolar	54	55	53	2 626	2 639	3 014
4	Vidaregåande skolar i Noreg	56	57	59	7 325	7 958	8 097
7	Grunnskolar i Noreg	83	90	96	9 435	9 845	10 500
8	Grunnskolar i utlandet	19	20	20	779	818	881
9	Vidaregåande opplæring i utlandet	3	3	3	98	105	107
	Sum	225	235	241	20 666	21 765	23 034

¹⁾ Skolar som er i drift.

I skoleåret 2001–02 gjekk 1,8 pst. av grunnskoleelevane i private skolar. Det har vore ein svak, men jamn auke i talet på elevar som går i private skolar. I skoleåret 1990–91 utgjorde talet til samanlikning 1,3 pst, med andre ord ein auke på 0,5 prosentpoeng i løpet av 10 år.

Departementet sende våren 2002 ut på høring eit forslag til lov om frittståande skolar. Lovforslaget vil erstatte lov av 14. juni 1985 nr. 73 om tilskott til private grunnskolar og private skolar som gjev vidaregåande opplæring (privatskulelova).

Dei mest vesentlege endringsforslaga i forhold til privatskulelova er knytte til grunnskolar. Forslaga har mellom anna til følge at:

- kravet til formål i privatskulelova § 3 blir fjerna og erstatta med krav til innhald og kvalitet
- det blir innført ein rett til godkjenning for søkerar som oppfyller krava i lova
- retten til godkjenning er avhengig av at godkjenninga ikkje fører med seg vesentlege og langsiktige negative konsekvensar for innbyggjarane i dei kommunane det gjeld

Budsjettforslag for 2003

I skoleåret 2002–03 har 15 nye grunnskolar og 3 nye vidaregåande skolar fått rett til tilskott. Departementet har korta ned handsamingstida for søknadar om godkjenning etter privatskolelova og innført ein meir liberal praksis, men søknader blir framleis avslåtte fordi dei fell utanfor lova.

Satsane for tilskottet til dei private skolane er, med unntak av tilskottsordning 1, 2 og 3, baserte på dei gjennomsnittlege utgiftene i den offentlege skolen, jf. privatskolelova. For budsjettåret 2002 er satsane for tilskott rekna ut på grunnlag av kommunale rekneskapstal for 1999. Frå og med 2001 har alle kommunar og fylkeskommunar rapportert om ressursbruk gjennom KOSTRA (Kommune-Stat-Rapportering). Satsane for 2003 er derfor rekna ut på grunnlag av kommunal ressursbruk til skolen som er rapportert gjennom KOSTRA for 2001. Satsane for 2003 er deretter justerte for den faktiske pris- og lønnsauken frå 2001 til 2002, samt for ei venta pris- og lønnsauke frå 2002 til 2003.

Omlegginga til KOSTRA er ei teknisk endring som fører til eit auka løyvingssbehov i 2003. Dette skuldast mellom anna at rapporteringa i KOSTRA blir gjort på eit meir detaljert nivå enn i den gamle kontoplanen for kommunerekneskap. Dette fører til dømes til at utgifter som tidlegare vart førte som generelle utgifter i kommunesektoren, nå vil kunne bli knytte direkte til skolesektoren.

Vidare er det eit meirbehov på posten som følgje av at det har vore ein auke i dei totale utgiftene i den offentlege skolen frå 1999 til 2001. Dette skyldast mellom anna at elevtalet per klasse i vidaregåande skole har gått ned. I tillegg kjem endra organisering i skolesektoren og ein monaleg lønnsauke i dei seinare åra. Frå 1999 til 2001 har lærarane hatt ein gjennomsnittleg lønnsauke på om lag 14 pst. Vidare kjem eit meirbehov som følgje av at lønnsutgiftene utgjer ein større del av dei totale utgiftene i privatskolesektoren enn ein tidlegare har rekna med. Ny rapportering viser at lønn utgjer 70 pst. av dei totale utgiftene. Tidlegare er det føresett at lønn utgjorde 60 pst.

Regjeringa har gjennom «Sem-erklæringa» understreka at den i løpet av ein fireårsperiode vil innføre eit eige tilskott for kapitalkostnader, og vurdere å heve driftstilskottet. I samband med behandlinga av revidert nasjonalbudsjett for 2002 inngjekk regjeringspartia ein avtale med Framstegspartiet der det mellom anna er sagt at tilskottsordninga for private skolar skal bli endra slik at husleige og kapitalutgifter blir tekne inn i utrekningssgrunnlaget. Regjeringa vil komme tilbake til denne saka.

I 2003 er det behov for å gi tilsegn om utbetaling av tilskott for skoleåret 2003–04, jf. forslag til vedtak III nr. 6.

Tilskotta for dei ulike tilskottsreglane blir rekna ut etter følgjande satsar:

Skolar for funksjonshemma elevar (tilskottsregel 1 og 2)

Satsar for tilskottsregel 1 og 2 (i kroner per elev)	2002	2003
Særleg ressurskrevjande elevar	315 500	327 804
Noko ressurskrevjande elevar	195 380	203 000

Skolar for funksjonshemma elevar får 100 pst. statstilskott etter eit fastlagt tilskottsgrunnlag. I tillegg kan skolane etter søknad få tilskott til husleige. I høringsforslaget til lov om frittstående skolar foreslår departementet at tilskottsregel 1 og 2

blir avvikla, og at desse skolane blir innlemma under tilskottsregel 4 og 7. Departementet vil vurdere effekten av lovforslaget for desse skolane på nytt og kjem tilbake til dette i odelstingsproposisjonen om ny friskolelov.

Andre private skolar (tilskottsregel 3 og 6)

Satsar for tilskottsregel 6 (i kroner per elev)	2002	2003
Bibelstudium m.m.	52 663	60 306
Studietilbod utover vidaregåande opplæringsnivå	52 663	60 306
Reklameutdanning		
– 15 til 75 elevar	59 280	69 061
– Over 75 elevar	52 663	60 306
Kunst-, medie- og musikkutdanning		
– 15 til 30 elevar	74 936	108 506
– Over 30 elevar	59 280	69 061

Private sjøaspirantskolar og Noregs Byggskole (tilskottsregel 3) får dekt 85 pst. av tilskottsgrunnlaget i samsvar med godkjende budsjett. I høringsforslaget til lov om frittstående skolar foreslår departementet at tilskottsregel 3 blir avvikla, og at det blir rekna ut normalsatsar per elev for statleg tilskott til dei tre skolane.

Vidaregåande skolar utan parallellar i det offentlege skoleverket (tilskottsregel 6) får 75 pst. av satsane i tabellen over. Satsane for tilskottsregel 6 er knytte til satsane for tilskottsregel 4. Under tilskottsregel 6 gjeld minimumstilskott, slik at skolar

med bibelstudium m.m. med færre enn 20 elevar får tilskott som for 20 elevar. Same minimumstilskott gjeld for studietilbod utover vidaregåande opplæringsnivå. Skolar med reklameutdanning og kunst-, medie- og musikkutdanning med færre enn 15 elevar får tilskott som for 15 elevar. Skolar under tilskottsregel 6 som over ein periode på tre år har eit gjennomsnittleg elevtal på mindre enn ti, mister statstilskottet. Godkjenninga av skolen blir likevel ikkje dregne inn. Skolen kan derfor på nytt få rett til tilskott dersom skolen seinare har fleire enn ti elevar.

Private vidaregåande skolar (tilskottsregel 4)

Satsar for tilskottsregel 4 (i kroner per elev)	2003
Allmenne, økonomiske og administrative fag	60 306
Byggfag	105 866
Elektrofag	109 987
Formgivingsfag	91 444
Helse- og sosialfag	93 044
Hotell- og næringsmiddelfag	106 116
Idrettsfag	69 061
Kjemi- og prosessfag	113 103
Medie- og kommunikasjonsfag	91 761
Mekaniske fag	125 137
Musikk, dans og drama	108 506

Satsar for tilskottsregel 4 (i kroner per elev)	2003
Naturbruk	162 160
Sal- og servicefag	74 995
Tekniske byggfag	105 366
Trearbeidsfag	138 252
Sats for Steinerskolar	73 563

Skolar med parallellar i den offentlege vidaregåande skolen får eit tilskott som svarar til 85 pst. av satsane for tilskottsregel 4. Satsane for tilskott blir frå 2003 fastsette på grunnlag av gjennomsnittleg utgift per elev på dei ulike studieretningane i offentleg skole. Dette blir rapportert i KOSTRA. Grunnlaget er vidare korrigert for salsinntekter og avskrivningar av bygg samt for utgifter som er rapportert i KOSTRA, men som ikkje skal gå inn i grunnlaget for utrekninga av tilskottet. Dette er

utgifter til dei øyremerkte tilskotta til landslinjer, opplæring innanfor kriminalomsorga, ekstra språk-opplæring for spåklege minoritetar og tilskott til teknisk undervisningsutstyr og tilpassing av lokale. Tidlegare har satsen for dei ulike studieretningane vore rekna ut etter kor stor del av dei totale utgiftene til vidaregåande opplæring ein reknar med at kvar studieretning har, og det har vore operert med 5 ulike satsar.

Private grunnskolar (tilskottsregel 7)

Satsar for tilskottsregel 7 (i kroner per elev)	Opptil 40 elevar	40–200 elevar	Over 200 elevar
Barnetrinnet	68 577	36 341	41 258
Ungdomstrinnet	78 491	41 595	47 223

Som grunnlag for utrekninga av satsar til private grunnskolar er det nytta korrigerede brutto driftsutgifter til skolesektoren per kommune henta frå KOSTRA. Grunnlaget er vidare korrigert for utgifter som er rapporterte i KOSTRA, men som ikkje skal gå inn i grunnlaget for utrekninga av tilskottet. Dette er utgifter til skoleskyss, spesialundervisning og det øymerkes tilskott til opplæring for minoritetsspråklege elevar. Avskrivningar av bygg og salsinntekter til skolane er også trekte frå tilskottsgrunnlaget.

For å rekne ut satsane til dei private grunnskolanane har departementet i samarbeid med dei private skoleorganisasjonane utarbeidd ein modell der tilskottssatsen avheng av storleiken på skolane.

For å definere gjennomsnittleg skolestorleik for den einkilde kommunen, er talet på elevar og grunnskolar i kommunen lagt til grunn. Grunnlaget for tilskottssatsen til dei minste skolane tek utgangspunkt i gjennomsnittlege (korrigerede) brutto driftsutgifter for dei 20 kommunane som har dei minste gjennomsnittsskolane. Tilsvarende er satsen til dei største skolane rekna ut med

utgangspunkt i gjennomsnittlege (korrigerede) brutto driftsutgifter for dei 20 kommunane med dei største gjennomsnittsskolane. Grunnlaget for satsen til skolar med middels storleik tek utgangspunkt i dei same utgiftene for 20 kommunar med middels store gjennomsnittsskolar (dvs. rundt 200 elevar). Denne modellen gir tre ulike satsar for tilskott: ein for skolar med inntil 40 elevar, ein for skolar med 40–200 elevar og ein for skolar med meir enn 200 elevar. Ein skole med 50 elevar vil få tilskott tilsvarende små skolar for dei 40 første elevane og tilskott tilsvarende middels store skolar for dei 10 siste.

Alle tilskott blir gitte med 85 pst. av satsen.

Grunnskolar i utlandet (tilskottsregel 8)

Grunnskolar i utlandet får tilskott etter same metode for utrekning som for private grunnskolar i Noreg. Noreg har samarbeidsavtale med Sverige og Finland om dekning av utgifter for barn som får opplæring i skolar i utlandet som er drivne av dei andre landa.

Vidaregåande opplæring i utlandet (tilskottsregel 9)

Private vidaregåande skolar i utlandet får 85 pst. statstilskott etter dei same satsane per elev som gjeld for tilskottsregel 4.

Tilskott til kompletterande undervisning og til delvis dekning av skolepengar (tilskottsregel 10)

Norske statsborgarar som er elevar ved utanlandske eller internasjonale grunnskolar, kan få tilskott til kompletterande undervisning i norsk, kunnskap om det norske samfunnet og kristendoms-kunnskap med religions- og livssynsorientering. Same tilskottet kan i visse tilfelle også bli gitt til EØS-borgarar. Statstilskott blir gitt med 85 pst. av satsen som gjeld for private skolar i Noreg.

Norske statsborgarar som er elevar ved utanlandske eller internasjonale vidaregåande skolar,

og som har rett til støtte frå Statens låne-kasse for utdanning, kan få tilskott til delvis dekning av utgifter til skolepengar. Same tilskottet kan i visse tilfelle også bli gitt til EØS-borgarar.

Post 75 Tilskott til privatskoleorganisasjonar

Formålet med tilskottsordninga er å medverke til at privatskoleorganisasjonane kan utføre samordningsoppgåver på privatskolefeltet, mellom anna hjelpe skolar som søker om godkjenning etter privatskolelova.

I 2001 fekk dei fem privatskoleorganisasjonane tildelt tilskott ut frå at dei til saman hadde 188 godkjende skolar. I 2002 var talet på skolar auka til 193.

Løyvinga blir foreslått ført vidare på same nivå som i 2002.

Kap. 243 Kompetansesenter for spesialundervisning (jf. kap. 3243)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under postane 21 og 60</i>	650 514	672 940	656 029
21	Særskilde driftsutgifter	63 498	38 403	39 901
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	6 347	6 379	6 481
60	Tilskott til kommunar og fylkeskommunar, <i>kan overførast</i>	119 987	82 600	129 056
75	Til disposisjon for departementet	1 853	2 828	1 910
	Sum kap. 243	842 199	803 150	833 377

I høve til 2002 er det gjort desse tekniske endringane:

- Post 01 er nedjustert med 2,5 mill. kroner i samband med at midlar til Fagleg eining for PP-tenesta er overført til kap. 202 post 01.
- Post 01 er nedjustert med 5,1 mill. kroner mot, sjå parallell nedjustering av kap. 3256 postane 02, 11 og 60.
- Post 60 er oppjustert med 46,5 mill. kroner mot ei tilsvarande nedjustering av post 01.

Tilskottspostane 60 og 75 blir gitt eigne omtalar nedanfor.

Kapitlet finansierer m.a.:

- styrings- og sekretariatsfunksjonar
- 15 statlege spesialpedagogiske kompetansesenter og to private senter, under dette den statlege syns- og audiopedagogtenesta på fylkesplanet
- opplæring og kompetansesenterfunksjonar for seks sosiale og medisinske institusjonar med landsdekkjande oppgåver
- ulike spesialpedagogiske tiltak i Nord-Noreg
- forskning og utvikling
- øyremerkte tilskott til kommunar og fylkeskommunar til styrking av PP-tenesta (300 fagårsværk)
- ulike andre spesialpedagogiske tiltak som læremiddelutvikling og produksjon, nasjonalt opp-

læringsprogram i teiknspråk for foreldre, internasjonalt samarbeid m.m.

- kompetansesystem for særskilde grupper funksjonshemma (samarbeid med Sosial- og helsedirektoratet): Nasjonal kompetanseining for ADHD, Tourettes syndrom og narkolepsi, og Autismeprogrammet.
- stillingar i departementet knytt til spesialundervisningsfeltet

Ansvaret for å gi elevane tilpassa opplæring ligg hos kommunar og fylkeskommunar. Hovudoppgåva til det statlege spesialpedagogiske støttesystemet er å gi rettleiing og støtte til dei opplæringsansvarlege instansane lokalt, slik at kvaliteten på tilbodet for dei med særskilde opplæringsbehov blir sikra.

Resultatrapport for 2001–02

Omorganiseringa av Statleg spesialpedagogisk støttesystem er gjennomført i samsvar med mål og retningslinjer i Innst. S. nr. 228 (1997–98), jf. St.meld. nr. 23 (1997–98), St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 10 (1998–99) og St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 6 (1999–2000). Innanfor desse rammene er departementet i store trekk nøgd med det omstillingsarbeidet som har skjedd i regi av styret for Statleg spesialpedagogisk støttesystem og Sektorstyret for hørsel.

I samsvar med måla har det skjedd utvikling på fleire område, m.a.:

- meir direkte brukarretta tenesteproduksjon, betre tenesteyting og ressursutnytting
- større medverknad frå brukarane og klarare ansvars- og oppgåvefordeling mot andre instansar og forvaltningsnivå
- betre informasjon til og kommunikasjon med oppdragsgivarar, brukarar og samarbeidspartnarar
- rettleiing til utdanningskontora og kommunal/fylkeskommunal PP-teneste
- samarbeid med Læringscenteret om utvikling og produksjon av spesialpedagogiske læremiddel
- utvida foreldreopplæring i teiknspråk
- nordisk samarbeid på området cochleaimplantat
- avtalefesta samarbeid med høgskolar og universitet om forskning og utviklingsarbeid
- omstrukturering og samlokalisering av bygningsmassen ved fleire kompetansesenter

Elles har støttesystemet teke del i fleire internasjonale prosjekt (nettverksprosjekt for små grupper funksjonshemma, prosjekt om lærarutdanning i dei baltiske landa («A school for all») i regi av Nor-

disk Ministerråd, prosjekt om integrering i regi av OECD og i European Agency on Special Education).

Det treårige kompetanseutviklingsprogrammet for PP-tenesta og skoleleiarar (SAMTAK) blir avslutta i 2002, og evalueringsrapport om dette opplegget og om styrkinga av PP-tenesta vil liggje føre i 2003. Dei delane av programmet som har god effekt, vil bli førte vidare.

Bueininga i Barlindveien 15c i Holmestrand er seld, og midlane er nytta til kjøp av ny bueining lagd til rette for fysisk funksjonshemma, jf. St.prp. nr. 1 (2001–2002), forslag til vedtak II nr 3.

Styret for verksemda er i gang med ein samla gjennomgang og vurdering av oppgåver og funksjonsdeling i støttesystemet. I dette arbeidet ser ein på erfaringane og på forbetringar av ulike område, som t.d. rutineane for samarbeid med andre aktørar i og utanfor utdanningssystemet, og rasjonalisering av administrasjons- og hjelpetenester. Målet med arbeidet er kvalitetsutvikling og modernisering av tenestetilbodet.

I samarbeid med Helsedepartementet arbeider ein med oppfølging av ei utgreiing om tiltak for dei med språk- og talevanskar (logopedtenester). Departementa vurderer å utvide støttesystemet sitt tilbod på fylkesplanet (syns- og audiopedagogtenesta) til også å omfatte språk- og taleteneste, og å avvikle stønadsordninga i folketrygda (jf. kap. 2750 post 75 om logopedtenester) frå 2004. Vidare arbeider departementet med oppfølging av ei utgreiing om tiltak for døve og tunghørde (Sunnanå-utvalet). Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget med desse spørsmåla i 2003. Når det gjeld styringsordninga for Statleg spesialpedagogisk støttesystem, vil departementet sjå denne i samheng med den framtidige statlege utdanningsadministrasjonen, jf. kategoriomtalen under 07.10.

Resultatmål for 2003

Det statlege spesialpedagogiske støttesystemet har som mål å gi rettleiing og støtte til dei opplæringsansvarlege instansane lokalt, slik at kvaliteten på tilbodet for dei med særskilde opplæringsbehov blir best mogleg. Den utoverretta og systemretta verksemda skal halde fram som før. Dei individretta tilboda frå støttesystemet må prioritere brukarar med dei største og mest samansette vanskaner, der det ikkje er rimeleg å vente at lokalsamfunnet skal ha kompetanse.

Støttesystemet skal i 2003 m.a.:

- kvalitetsutvikle og tilpasse tenestetilbodet sitt til behovet hos brukarane
- gi råd og rettleiing om spesialpedagogiske tiltak til kommunar og fylkeskommunar

- samarbeide med høgskolar/universitet om å utvikle vidare og spreie spesialpedagogisk kompetanse til nytte for elevar med store og særskilde behov, føresette, lærarar og andre fagfolk i skoleverket
- utvikle og produsere spesialpedagogiske læremiddel i samarbeid med Læringssenteret
- gi heilårs skoletilbod for hørselshemma teiknspråkbrukarar når dei ønskjer det, og tilbod om korttidsopphald for dei som ønskjer lokal skolegang
- gi foreldreopplæring i teiknspråk
- føre vidare arbeidet med pedagogisk oppfølging av barn og unge med cochleaimplantat i nært samarbeid med Rikshospitalet
- føre vidare arbeidet med eit felles nasjonalt kompetansesystem for døvblinfødde og døvblindblitte
- føre vidare prosjektet om oppfølging av døvblitte/sterkt tunghørtblitte
- utvikle vidare skoletilbod ved dei seks sosiale og medisinske institusjonane, og gi råd om oppfølgingstilbod i lokalmiljøa og heimeskolane
- leggje til rette for brukarmedverknad i planlegging, gjennomføring og evaluering av tiltak

Elles vil arbeidet i ulike samarbeidsfora halde fram. Departementet tek sikte på å knyte Sentralt brukerforum til Læringssenteret frå 1. januar 2003, men slik at sekretariatsansvaret framleis blir teke hand om av Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon. Autismeprogrammet, Nasjonal kompetanseinnføring for ADHD, Tourettes syndrom og narkolepsi, og det internasjonale samarbeidet skal helde fram.

Budsjettforslag for 2003

Forslaget til løyving på post 01 skal i hovudsak dekkje lønns- og driftsutgifter ved kompetansesentra og kjøp av tenester ved ikkje-statlege kompetansesentre, spesialpedagogiske tyngdepunkt i Nord-Noreg og ved sosiale og medisinske institusjonar. Løyvinga gir høve til å føre vidare aktivitetsnivået frå 2002 på dei fleste område, men dei økonomiske rammene krev at styret nøye prioriterer disponeringa av midlane.

Post 01 kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter på kap. 3243 postane 02, 11 og 60, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 21 gjeld midlar til lønn og drift til oppdrag av ulik art ved sentra. Posten kan overskridast mot

tilsvarande meirinntekter frå oppdragsverksemd, jf. forslag til vedtak II nr. 2.

Forslaget på post 45 gjeld midlar til kjøp av utstyr.

Post 60 Tilskott til kommunar og fylkeskommunar, kan overførast

I Innst.S. nr. 228 (1997–1998) vedtok Stortinget tidsavgrensa øyremerkte tilskott til kommunar/fylkeskommunar for å styrkje PP-tenesta tilsvarande 300 fagårsverk. Tilskottet blir utbetalt av dei statlege utdanningskontora med eit fast beløp per årsverk dersom det har skjedd ei reell styrking av tenesta. Til grunn ligg rapport frå kommunane/fylkeskommunane på fastsett skjema.

Utdanningskontora har meldt at det er tilsett kvalifisert personell i dei fleste nye stillingane i PP-tenesta. Midlane vart nytta om lag fullt ut i 2001. I den generelle tilstandsrapporteringa om skoleverket gir dei statlege utdanningskontora nærare rapportering om og vurdering av PP-tenesta. I 2003 vil det også komme ein evalueringsrapport om denne tilskottsordninga.

Løyvinga er justert med overføring frå post 01 og er på same reelle nivået som i 2002, då post 01 dekkjer differansen, jf. omtale under tekniske endringar.

Departementet legg til grunn at det øyremerkte tilskottet til den utvida PP-tenesta vil bli lagt inn i det ordinære rammetilskottet frå budsjettåret 2004. Tilskottsordninga har då verka i 4½ år i Sør-Noreg og 3½ år i Nord-Noreg.

Post 75 Til disposisjon for departementet

Tilskottsordninga skal fremme ny kunnskap på det spesialpedagogiske området i ein skole for alle. Tilskott blir i hovudsak gitt organisasjonar for funksjonshemma og medlemsorganisasjonane i Sentralt brukerforum. Storleiken på tilskottet blir fastsett etter skjønn ut frå omfang og formål. Tilskottsmottakarane sender rekneskap og prosjektrapport om bruken av midlane. Det er m.a. oppretta eigen nettstad for Sentralt brukerforum. Her er det informasjon om møta, prosjektstøtte til organisasjonane og bladet «Læring for alle» i elektronisk form.

Løyvinga for 2003 er foreslått redusert med om lag 1 mill. kroner.

Kap. 3243 Kompetansesenter for spesialundervisning (jf. kap. 243)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
01	Inntekter frå oppdrag	63 494	38 243	39 734
02	Salsinntekter o.a.	2 819	4 487	2 962
11	Kursavgift ved vaksenopplæring og etterutdanning	2 020	2 117	1 900
15	Refusjon for arbeidsmarknadstiltak	1 014		
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	5 107		
17	Refusjon for lærlingar	92		
18	Refusjon av sjukepengar	17 023		
60	Betaling frå kommunar og fylkeskommunar	916	3 658	693
	Sum kap. 3243	92 485	48 505	45 289

I høve til 2002 er det gjort desse tekniske endringane:

- Post 02 er nedjustert med 1,7 mill. kroner mot ei parallell nedjustering av utgiftspost 21 under kap. 243.
- Post 11 er nedjustert med 0,3 mill. kroner mot ei parallell nedjustering av utgiftspost 21 under kap. 243.
- Post 60 er nedjustert med 3,1 mill. kroner mot ei parallell nedjustering av utgiftspost 21 under kap. 243.

Post 01 gjeld oppdrag som kompetansesentra utfører for kommunar, fylkeskommunar og andre.

Post 02 gjeld sal av læremiddel, sal av elevprodukt, sal frå kantine, utleige av lokale og inntekter frå hjelpemiddeltilpassing.

Post 11 gjeld kursavgifter, sal av kursmateriell til kursa, sal frå kantine og opphaldsutgifter i samband med kurs.

Post 60 gjeld betaling frå kommunar og fylkeskommunar for tenester som ikkje fell inn under post 01.

Kap. 248 Særskilde IKT-tiltak i utdanninga

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 70</i>		179 709	166 218
70	Tilskott til IKT-tiltak, <i>kan nyttast under post 21</i>		2 895	3 008
	Sum kap. 248		182 604	169 226

For rekneskapstal sjå kap. 249 postane 21 og 70.

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under post 70

Hovudmålet for IKT i utdanninga er å ta i bruk og nytte dei moglegheitene informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) gir i undervisning og læring, slik at kompetansebehova til den einskilde

og samfunnet blir tekne i vare. IKT skal medverke til betre former for læring, vurdering, organisering, samarbeid, elev- og lærarroller.

Resultat og mål på desse områda blir nærare omtalte nedanfor. Tiltak som gjeld IKT i utdanninga blir òg omtalte under kategoriane 07.20 og 07.60.

Kapitlet finansierer også prosjektretta stillingar i departementet som er knytte til oppfølging av prosjekt, planar og tiltak under budsjettkapitlet.

Resultatrapport for 2001–02

Det har vore ei brei satsing på ei rad område: kompetanseutvikling for lærarane, IKT i lærarutdanninga, forskning og utvikling, nettinnhald og digitale læremiddel, internasjonalt samarbeid og infrastruktur.

Utviklinga har vore god på fleire av desse områda:

- ei ny undersøking viser at norske lærarar har god kompetanse i bruk av viktige IKT-verktøy
- tilgangen på både datamaskinar og Internett i skolen er betre enn før
- utvikling av digitale læremiddel gir viktige erfaringar og nye tilbod om digitalt innhald
- fleire skolar bruker IKT aktivt i undervisning, læring og vurdering

Departementet har sett i verk tiltak for å utvikle eit Nasjonalt Læringsnett. Læringsnettet er eit omfattande prosjekt for utvikling av mellom anna tekniske og innhaldsmessige fellesløysingar i utdanningssektoren. Uninett har i 2002 teke fatt på arbeidet med utviklinga av infrastruktur og mellomvare i Læringsnettet.

Departementet har i 2002 starta arbeidet med ein nasjonal nettportal for utdanning.

Digitale læremiddel, nettinnhald og læringsformer
Digitale læremiddel er utvikla. I 2001 kom det digitale læremiddel i samfunnslære for vidaregåande opplæring, og i 2002 starta prosjekt for utvikling av digitale læremiddel innanfor mellom anna matematikk og engelsk.

Skolenettet er ein portal på Internett for grunnskole og vidaregåande opplæring. Gjennom Internett får skolar, lærarar og elevar tilfang til ei mengd informasjon og nyhende. Mykje av dette er god og nyttig informasjon, men ikkje alt. Internett er òg eit møte med uønskt og uheldig informasjon. Elevar må derfor utvikle kritiske og analyserande haldningar i møte med Internett. Av di er det mellom anna

etablert ei ressurside om etisk bruk av Internett på Skolenettet.

For elevar med særskilde behov blir nyare språkteknologi (taletenester m.m.) prøvd ut, mellom anna i utviklinga av læremiddel og i tilbod om opplæring. Læringscenteret støtta fleire av prosjekta til Nordisk språkteknologi slik at desse skal vere eigna også for elevane. Digitale multifunksjonelle læremiddel har vorte gitt ut på nytt. Samfunnet Norge har komme ut i ny versjon, og læremiddelbasen har vorte ferdigstilt.

Sentralorganet for fleksibel læring i høgere utdanning (SOFF) har fått i oppdrag å medverke til at funksjonshemma studentar får fleksible og tilpassa studietilbod. Dei har fått prosjektmidlar i både 2001 og 2002 for fordeling til universell tilrettelegging av studietilbod.

Forsøk med IKT i den skriftlege avgangsprøva i grunnskolen og i utvalde eksamensfag i vidaregåande opplæring er gjennomførte. Samstundes er arbeidet med å utvikle kvaliteten i elev- og lærlingvurderinga, mellom anna ved bruk av IKT, ført vidare, jf. kategori 07.20. Rapportar frå skolar som har vore med på forsøk, viser gode resultat.

Det er etablert ein nasjonal nettstad for IKT i lærarutdanninga, og nettressursar mellom anna i naturfag, musikkteknologi og yrkesfag, jf. kap. 281.

Departementet har gitt støtte til Sametinget for å stimulere bruken av IKT i samisk utdanning, særleg med fokus på utvikling av eit samisk skolenett og digitale læremiddel på samisk.

Kjønn og IKT er eit sentralt satsingsområde for likestillingspolitikken. Ei undersøking om elevar og lærarar si eigenvurdering av IKT-kompetanse sett opp mot faktiske IKT-prestasjonar viser mellom anna at gutar bruker meir tid til bruk av PC utanom skoletida enn jenter. Bruken er ofte knytt til skolearbeid. jf. kompetanseutvikling for lærarar.

Både utdanningsinstitusjonar og næringsliv legg i dag auka vekt på deltaking frå jenter på IKT-feltet. Departementet arbeider for å auke interessa for og bruken av denne teknologien blant jenter i skolen. Arbeidet femner om alt frå oppfølging av enkeltstående, lokale tiltak til deltaking og styring av nasjonale utviklingsprosjekt på området. For å styrkje rekrutteringa av jenter til IKT-fag er mellom anna «Operasjon Minerva» ført vidare. Dette prosjektet er leia av Læringscenteret og er eit nasjonalt prosjekt i matematikk som er retta mot jenter i 25 grunnskolar og vidaregåande skolar. Erfaringane frå prosjektet er spreidde via regionale samlingar og gjennom statens utdanningskontor.

Kompetanseutvikling til lærarane

Lærarane er sentrale i arbeidet med å ta i bruk IKT og Internett i undervisninga. Mange lærarar har fått opplæring i bruk av IKT. Ei undersøking syner at lærarar, samanlikna med elevar, har god kompetanse i bruken av IKT-verktøy. Elevar og lærarar på ungdomssteget i grunnskolen og på allmennfagleg studieretning i vidaregåande opplæring vurderte seg sjølve og vart deretter testa. Samanlikninga synte at særleg gutar i grunnskolen vurderer sin eigen kompetanse høgt medan kvinnelege lærarar vurderte sin eigen kompetanse heller lågt i høve til kva dei presterte på testen. Hovudutfordringa nå er å gi lærarane høve til å utvikle sin kompetanse i å bruke IKT pedagogisk.

Kommunane har i dei siste åra fått tilskott til å gjennomføre etter- og vidareutdanning, jf. kategori 07.20. På oppdrag frå departementet er eit nasjonalt etterutdanningstilbod i fagleg og pedagogisk bruk av IKT utvikla. Både offentlege og private aktørar er inviterte til å gi lærarar eit godt og høveleg tilbod om etterutdanning i pedagogisk bruk av IKT. Hausten 2002 får om lag 10 000 lærarar etterutdanning i pedagogisk bruk av IKT.

Alle institusjonar som gir lærarutdanning, tek del i ei 4-årig satsing for å integrere IKT, jf. kap. 281. IKT må inngå som eit gjennomgåande element i lærarutdanninga, bli nytta i ulike læringsprosessar og medverke til å skape varierte arbeids- og undervisningsformer.

Forsking og utvikling

Det har vore satsa på forsking og utvikling om bruk av IKT i fag og opplæring. Forskings- og kompetansenettverk for IT i utdanning (ITU) har utvida verksemda si. ITU tek initiativ til og tek del i ei rekkje nasjonale og internasjonale prosjekt. ITU er i ferd med å byggje opp ein solid kompetanse innanfor IKT i utdanninga.

PILOT (Prosjekt Innovasjon i Læring, Organisasjon og Teknologi) viser god framgang. Dette er eit nasjonalt prosjekt som er knytt til pedagogisk bruk av IKT i grunnskole og vidaregåande opplæring. Prosjektet tek sikte på å utvikle og vinne erfaring med IKT og nye former for læring og organisering og legg særleg vekt på endringar i elev- og lærarrolla.

Prosjektet IKT i fleirkulturelle skolar i Oslo har komme godt i gang. Målet for prosjektet er mellom anna å utforske moglegheiter IKT gir i arbeidet på skolar der det er mange elevar med ulik kulturell og språkleg bakgrunn.

Infrastruktur

Norsk Gallup gjennomførde våren 2002 ei undersøking om stoda i grunnskolen og vidaregåande opplæring når det gjeld tilgang til PC-ar og Internett. Både grunnskolane og vidaregåande opplæring har betra utstyrssituasjonen. Medan det i vidaregåande opplæring no er om lag 3,5 elevar per PC er det i grunnskolen om lag 9 elevar per PC. Dei regionale forskjellane er heller små. Det er små forskjellar mellom dei einskilde vidaregåande skolane medan forskjellane mellom grunnskolane er framleis heller stor.

Mellom 93 og 99 pst. av alle skolane har tilgang til Internett. I vidaregåande opplæring er nær alle skolane tilkopla. Vidaregåande opplæring har Internett-tilkopling med langt betre kapasitet enn grunnskolane, men også dei har for låg kapasitet.

Vidaregåande opplæring har ein god utstyrssituasjon, medan det i grunnskolen er behov for forbetringar. Både skoleslag treng Internett-tilkopling med langt betre kapasitet. Mangel på utstyr, stabil og god infrastruktur med tilstrekkeleg Internett-kapasitet gjer at mange skolar framleis ikkje får nytta fullt ut dei pedagogiske og faglege moglegheitene som nyare teknologi gir. Forskjellar mellom skolar kan føre til at elevar ikkje får likeverdige tilbod.

For å støtte opp om det ansvaret skoleeigar har når det gjeld utstyr og infrastruktur, vart det i 2000 etablert ei ordning for overføring av brukt utstyr frå næringsliv til skole. Denne ordninga er ført vidare. I tillegg er Læringscenteret og Forvaltningsnettets ansvarlege for å forhandle fram avtalar om programvare og utstyr for skoleverket.

Departementet har teke del i arbeid om utgreiing av breiband. Tre kommunar har vore med på å utvikle modellar og retningslinjer for utbygging av breiband i skolar i samarbeid med ein statleg høgskole. Uninett var ansvarleg for prosjektet. Prosjektet har vakt stor interesse, og nabokommunar har søkt samarbeid med kommunane i prosjektet for å få til regionale løysingar for breiband til både skoleverket og andre. Erfaringar frå prosjekta kjem andre kommunar til nytte. I høgare utdanning har Uninett arbeidd med eit nytt forskingsnett, jf. kap. 281.

Departementet har hatt møte med aktørar og verksemdar innanfor e-læringsbransjen. Formålet har vore å etablere møteplassar der representantar frå ulike sektorar kan møtast og drøfte utfordringar som IKT gir utdanninga. Departementet, Læringscenteret og ITU har vore med på fleire internasjonale prosjekt, mellom anna «Second Information Technology in Education Study» (SITES), Euro-

pean Schoolnet, eLearning Summit og Netd@ys 2000.

Resultatmål for 2003

Satsinga på informasjons- og kommunikasjonsteknologi i utdanninga frå 2002-budsjettet blir ført vidare i 2003-budsjettet. I 2003 vil departementet, ut frå handlingsplanen «IKT i norsk utdanning. Plan for 2000–2003», prioritere å føre vidare dei store satsingane og greie ut behovet for nye satsingar på IKT i utdanninga.

Digitale læremiddel, nettinnhald og læringsformer

Regjeringa vil arbeide for at alle elevar skal få tilbod om å utvikle IKT-kunnskapar og IKT-dugleik. Å meistre IKT blir derfor noko elevar må utvikle gjennom heile utdanningsløpet. Til no har læreplanen for grunnskolen hatt føresetnad om gradvis gjennomføring av IKT-måla i faga ut frå det som er økonomisk mogleg for kommunane. Dette er med på å skape skilnader i tilbodet elevane får om bruk av PC og Internett i opplæringa. For å sikre meir likeverdige tilbod har departementet fjerna denne føresetnaden frå august 2002. Kommunane er varsla om dette.

Prosjekt om utvikling av digitale læremiddel blir ført vidare. Prosjektet vil omfatte fag i vidaregåande opplæring og grunnskolen. Strategien reviderast hausten 2002.

Arbeidet med Skolenettet vil bli ført vidare. I tillegg vil departementet arbeide for eit nasjonalt læringsnett for heile utdanningssektoren. Målet er å samordne og auke tilbodet av ressursar på nettet slik at elevar, lærarar og andre aktørar innanfor utdanning får eit betre og meir variert læringstilbod. Læringsnettet vil vere ein møteplass der ulike grupper kan samarbeide og utvikle nasjonale løysingar, tilbod og tenester til beste for utdanningssektoren.

Departementet utviklar ein nasjonal nettportal for utdanning. Han skal vere ein fellesinngang som samordnar utdanningsinformasjon og relevante utdanningstenester på ein og samme stad. Portalen lanserast våren 2003.

Tiltak som er retta mot elevar og studentar med særskilde behov, blir førte vidare. Det same gjeld arbeid som er i gang i samband med uønskt innhald på Internett, mellom anna haldningsskapande arbeid i skolen. I tillegg vil Noreg ta del i EU sin handlingsplan for sikker bruk av Internett.

VOX – Vaksenopplæringsinstituttet skal utvikle tilbod om opplæring for vaksne som manglar kjennskap til IKT, og som ønskjer å lære korleis dei kan bruke PC og Internett.

Kompetanseutvikling til lærarane

Alle lærarar skal få tilbod om etterutdanning i IKT slik at dei i større grad kan bruke IKT i opplæringa. Regjeringa har som mål at 40 000 lærarar over to år skal få tilbod om etterutdanning i pedagogisk bruk av IKT. Tilbod av godkjend kvalitet og omfang skal nyttast til etterutdanning for lærarar.

I tillegg får universitet og høgsckolar i oppdrag å utvikle faglege modular retta mot bruk av IKT i ulike fag. Kommunar vil få statlege midlar til å gjennomføre etterutdanning, jf. kategori 07.20.

Departementet vil følgje opp arbeidet med utvikling av resultatindikatorar for IKT-kompetansen hos elevane og lærarane, både internasjonalt og nasjonalt.

Arbeidet med å integrere IKT i lærarutdanninga blir ført vidare, jf. kategori 07.60.

Forskning og utvikling

Arbeidet med systematisk og omfattande forskning om korleis IKT kan nyttast i utviklinga av utdanning for framtida, held fram.

Nye tiltak retta inn mot kjønn og IKT blir vurderte, mellom anna på bakgrunn av undersøkinga om elevane og lærarane sin IKT-kompetanse. Styrka innsats mot jenter sitt fagval, spesielt teknologirelaterte fagval, vil stå sentralt i satsinga.

Infrastruktur

Tiltak vil bli sett i verk for å støtte innsatsen med å gi grunnskolar og vidaregåande skolar tilgang til breiband og for å stimulere etterspørsel etter breiband. Ekstra tilskott skal i første omgang gå til skolar som på grunn av plassering, storleik eller av andre grunnar ikkje er attraktive for marknadsaktørane, og vidaregåande opplæring vil vere prioritert.

Det vil bli lagt vekt på å skape møteplassar og fora for samarbeid og utveksling av erfaringar på alle nivå i utdanningssektoren. IKT er eit internasjonalt utviklingsområde, og for eit lite land som Noreg er det viktig med samarbeid og internasjonale kontaktar. eNorge-planen vil bli følgd opp på dei aktuelle områda for utdanninga. Ordninga med overføring av brukt utstyr frå næringsliv til skole blir ført vidare.

Budsjettforslag for 2003

Løyvinga for 2003 er redusert med 20 mill. kroner i høve til 2002. Lokalt utviklingsarbeid blir redusert med 10 mill. kroner, og resten av reduksjonen vil bli skjønsmessig fordelt. Ein foreslår å gi tilsegn

om å betale ut inntil 15 mill. kroner i 2004 for avtalar inngått i 2003 om støtte til utvikling, utprøving og produksjon av digitale læremiddel, jf. forslag til vedtak III nr. 1.

Post 70 Tilskott til IKT-tiltak, kan nyttast under post 21

Ramma for ordninga er «IKT i norsk utdanning Plan for 2000–2003» med årlege oppfølgingsplanar, jf. tidlegare omtale.

I 2001 og 2002 er det gitt tilskott til internasjonale prosjekt som SITES og European Schoolnet og fleire tilbod på nett. Prosjekta er i stor grad knytte til vidaregåande opplæring og grunnskolen og har medverka til å auke tilbodet på nett. Skolane får informasjon om prosjekta gjennom mellom anna Skolenettet.

Løyvinga for 2003 er foreslått ført vidare på same nivå som i 2002.

Kap. 249 Andre tiltak i utdanninga

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
01	Driftsutgifter			2 604
21	Særskilde driftsutgifter	108 066	16 626	16 627
61	Tilskott til Nordland kunst- og filmskole	2 000	2 065	2 141
62	Moskvaskolen		1 000	1 037
70	Tilskott til IKT-tiltak, <i>kan nyttast under post 21</i>	22 147		
71	Tilskott til fotokopiering	3 468		
72	Tilskott til den franske og den tyske skolen i Oslo		5 000	5 195
73	Tilskott til internatdrifta ved Krokeide yrkesskole		16 402	17 042
75	Særskilt tilskott til toppidrettsgymnas	10 577	11 256	
	Sum kap. 249	146 258	52 349	44 646

I samband med opprettinga av nytt kapittel 248 Særskilde IKT-tiltak i utdanninga i statsbudsjettet for 2002, vart midlar frå kap. 249 postane 21 og 70 overførte til det nye kapitlet. Sjå elles omtale av endringane i St.prp. nr. 1 (2001-2002).

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga vil bli nytta til utgreiingar, analysar og FoU på heile ansvarsområdet til departementet. Eit hovudmål vil vere å få eit betre kunnskapsgrunnlag for vidare utvikling av utdannings- og forskingspolitikken.

Det blir foreslått å omdisponere 2,6 mill. kroner frå andre kapittel på ansvarsområdet til departementet til denne posten.

Post 21 Særskilde driftsutgifter

Løyvinga på posten gjeld tryggleiksoplæring for fiskarar. Sjøfartsdirektoratet har i forskrift av 10. februar 1989 gitt forskrifter om obligatorisk tryggleiksoplæring for fiskarar. Tryggleiksoplæringa omfattar eit grunnleggjande tryggleikskurs og repetisjonskurs. Repetisjonskursa skal gjennomførast mellom fem og åtte år etter grunn- eller repetisjonskurs. Tryggleiksoplæringa blir administrert av Tromsø maritime skole og blir driven på bakgrunn av avtale mellom departementet og Troms fylkeskommune.

Grunnleggjande tryggleikskurs er normalt gratis for fiskarane. I 2001 gjennomførte i alt 1 170 fiskarar grunnleggjande tryggleiksoplæring. Dette svarer til om lag 90 pst. av kapasiteten, og er ein nedgang på om lag 200 fiskarar samanlikna med året før. Av grunnkursdeltakarane fekk 795 per-

sonar opplæring på kursfartøy. Resten fekk opplæringa på kursentre på land.

I 2001 gjennomførte 380 personar repetisjonskurs, noko som er ein reduksjon med 370 deltakarar frå 2000. Det inneber at 35 pst. av kapasiteten på repetisjonskursane ble nytta. 275 av kursdeltakarane fekk opplæring på kursfartøyet, medan 105 fekk opplæring på sentra. I samband med handsaminga av statsbudsjettet for 2000 vedtok Stortinget å innføre eigendel for deltakarar på repetisjonskurs.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på om lag same nivå som i 2002.

Post 61 Tilskott til Nordland kunst- og filmskole

Formålet med tilskottsordninga er å medverke til at det blir gitt eit tilbod om kunst- og filmutdanning i Nord-Noreg. Nordland kunst- og filmskole er toårig, og er det einaste tilbodet i sitt slag i Nord-Noreg.

Skolen hadde 46 heilårselevar per 1. april 2002, fordelte på tre linjer: biletkunst, kunsthandverk og film.

Departementet foreslår å føre vidare løyvinga på same nivå som i 2002.

Post 62 Moskvaskolen

Målet med tilskottsordninga er å gi norske elevar med kompetanse i russisk moglegheit til å ta vidaregåande kurs II på den norsk-russiske vidaregåande skolen i Moskva. Denne skolen gir både norske og russiske elevar godkjent vitnemål etter norske og russiske reglar.

I skoleåret 2001–02 hadde skolen fire norske elevar, ein auke frå tre elevar i 2000–01.

Departementet foreslår at ordninga blir ført vidare på same nivå som i 2002.

Post 72 Tilskott til den franske og den tyske skolen i Oslo

Regjeringa ønskjer å styrkje samarbeidet med Tyskland og Frankrike samt å styrkje stillinga til det tyske og det franske språket i Noreg, ved å støtte drifta av den tyske og den franske skolen i Oslo.

Noreg har inngått avtale om utdanningssamarbeid med Frankrike som forpliktar Noreg til å gi eit årleg tilskott til den franske skolen i Oslo på 4 mill. kroner, mot at Frankrike legg til rette for eit bestemt tal på norske lærlingar innanfor det franske opplæringssystemet, jf. St.prp. nr. 40 (2001–2002) og Innst.S. nr. 126 (2001–2002).

Regjeringa la 14. juni 2002 fram ei tilråding om samtykke til å inngå ein avtale mellom Noreg og Tyskland om tilskott til den tyske skolen i Noreg, jf. St.prp. nr. 78 (2001–2002). Avtalen forpliktar Noreg til å medverke med eit årleg tilskott på 1 mill. kroner til den tyske skolen i Oslo. Tyskland forpliktar seg til å leggje til rette for 20 praktikantplassar per studieår for norske studentar ved tyske bedrifter.

Det gjekk 204 elevar på barnetrinnet, 166 elevar på ungdomstrinnet og 52 elevar i vidaregåande opplæring på den franske skolen i skoleåret 2001–02.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som 2002.

Post 73 Tilskott til internatdrifta ved Krokeide yrkesskole

Krokeide yrkesskole gir tilbod om attføring og yrkesutdanning til elevar som på grunn av funksjonshemming og høg alder har behov for tilrettelagd opplæring. Eigar av skolen er Landsforeninga for Hjerte- og Lungesyke.

Formålet med tilskottsordninga er å medverke til drift av internatet ved Krokeide yrkesskole og til å oppretthalde det sosialmedisinske hjelpeapparatet ved skolen.

Hausten 2001 var det 130 elevar, og våren 2002 var det 132 elevar ved Krokeide yrkesskole. Elevtalet er på same nivå som tidlegare år.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2002.

Post 75 Særskilt tilskott til toppidrettsgymnas

Formålet med tilskottsordninga har vore å leggje til rette for at mottakarane kan gi tilbod om toppidrett ut over læreplanane. I skoleåret 2001–02 vart det gitt tilskott for 803 elevar ved Norges Toppidrettsgymnas og Wang handelsskole og gymnas. Dette er ein auke på 44 elevar frå skoleåret 2000–01.

Av omsyn til det samla budsjettoplegget foreslår departementet å avvike tilskottet.

Norges Toppidrettsgymnas og Wang handelsskole og gymnas får tilskott etter tilskottsregel 4 og sats for idrettsfag over kap. 240 post 70. Satsane for 2003 er rekna ut på grunnlag av kommunal ressursbruk rapportert i KOSTRA. Omlegginga til KOSTRA og det at dei totale utgiftene i den offentlege skolen har auka fra 1999 til 2001, fører til at m.a. satsen for tilskott til idrettsfagleg studieretning har auka, jf. kap. 240 post 70.

Programkategori 07.50 Vaksenopplæring, folkehøgskolar og fagskoleutdanning

Utgifter under programkategori 07.50 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003	Pst. endr. 02/03
0251	Fagskoleutdanning			110 648	
0253	Folkehøgskolar	398 854	406 993	509 100	25,1
0254	Tilskott til vaksenopplæring (jf. kap. 3254)	993 599	903 707	843 723	-6,6
0256	VOX - Vaksenopplæringsinstituttet (jf. kap. 3256)	63 124	65 260	60 360	-7,5
0258	Forsking, utviklingsarbeid og felles- tiltak i vaksenopplæringa	87 039	80 063	80 585	0,7
0259	Kompetanseutviklingsprogrammet	90 576	100 718	60 718	-39,7
Sum kategori 07.50		1 633 192	1 556 741	1 665 134	7,0

Budsjettforslaget for kategori 07.50 utgjer 1665,1 mill. kroner. Det er ein auke på om lag 108 mill. kroner i høve til saldert budsjett 2002. Av

dette skriv om lag 108 mill. kroner seg frå tekniske endringar, jf. omtale under det einskilde kapitlet.

Inntekter under programkategori 07.50 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003	Pst. endr. 02/03
3254	Tilskott til vaksenopplæring (jf. kap. 254)	53 712	20 074	25 836	28,7
3256	VOX - Vaksenopplæringsinstituttet (jf. kap. 256)	14 362	18 188	10 548	-42,0
Sum kategori 07.50		68 074	38 262	36 384	-4,9

Budsjettforslaget for kategori 07.50 utgjer 36,4 mill. kroner. Det er ein reduksjon på 1,9 mill. kroner i høve til saldert budsjett 2002. Tekniske endringar utgjer 8,4 mill. kroner, jf. omtale under det einskilde kapitlet.

Tilstandsvurdering, strategiar og tiltak

Programkategori 07.50 dekkjer m.a. tilskott til studieforbund, folkehøgskolar, teknisk fagskole, opplæring i norsk med samfunnskunnskap for vaksne innvandrarakar, midlar til drift av VOX og midlar til

forskning, utviklingsarbeid og fellestiltak innanfor vaksenopplæringa. Kompetanseheving i den vaksne befolkninga skjer også innanfor det ordinære utdanningssystemet og i regi av Aetat. Ein stor del av opplæringa som er retta mot vaksne finn elles stad utanfor offentleg regi, til dømes i arbeidslivet, i regi av frivillige organisasjonar og ved sjølvstudium. Mykje av forsøksverksemda innanfor kategorien er retta inn mot å kartlegge opplæringsverksemd utanfor det offentlege utdanningssystemet og å stimulere til kompetanseheving på alternative arenaer.

Mål: Synleggjere, nytte og auke kompetansen i befolkninga

Gjennom Kompetansereforma, som er utforma i samarbeid med partane i arbeidslivet, har vaksne mellom anna fått rett til grunnskole og vidaregåande opplæring og rett til å få realkompetansen sin dokumentert og verdsett. Kompetansereforma har som målsetjing å gi den einskilde høve til å ta del i samfunns- og arbeidsliv på ein fullverdig måte. Læring i den vaksne befolkninga er nær knytt til deltaking i arbeidslivet. Regjeringa ønskjer å kvalifisere personar som av ulike årsaker fell utanfor arbeidsmarknaden, og å sikre verksemd kompetent og omstillingsdyktig arbeidskraft. Oppgradering av kompetanse er også ei investering i arbeidsevna til vaksne arbeidstakarar og medverkar til nyskaping i næringslivet. Departementet vil i 2003 setje i gang ei kartlegging av behov for kompetanse i den vaksne befolkninga. Kartlegginga skal danne grunnlag for best mogleg utforming av politikken. Departementet vil i den samanhengen også starte ein gjennomgang av vaksenopplæringslova.

Kompetansereforma har gitt rettar som betrar tilgangen til opplæring for alle vaksne. Departementet er i gang med å undersøkje om tiltaka i Kompetansereforma har den effekten ein har venta, og kva for vilkår som må liggje til grunn for å nå målet om livslang læring for alle. I 2002 er fleire større prosjekt avslutta. Det har vore eit mål å utvikle nye modellar for læring for vaksne, både når det gjeld grunnskole og vidaregåande opplæring. Fjernundervisning er eit tilbod om læring som er tilpassa behova til den einskilde. Departementet vil i 2003 bruke 5 mill. kroner til å utvikle fleksible former for undervisning. Ein har òg hatt som mål å undersøke korleis vaksne kan bli motiverte til å delta i organisert læring. Fleire av prosjekta syner at vaksne treng rådgiving og rettleiing i samband med opplæring. Godt samarbeid mellom ulike offentlege instansar er derfor naudsynt.

Det er framleis behov for meir kunnskap om grupper av vaksne som treng opplæring, men som det kan vere vanskeleg å nå fram til. Departementet vil føre vidare arbeidet med å kartlegge den kompetansen vaksne har når det gjeld lesing, skriving og talforståing gjennom deltaking i det internasjonale forskingsprosjektet Adult Literacy and Lifeskills survey (ALL). Sjå omtale under kap. 258.

Kompetansepolitikken kan ein ikkje sjå isolert. Regjeringa har oppretta Forum for kompetanse og arbeidsliv våren 2002 for å styrkje samarbeidet mellom ulike fagdepartement og representantar for sentrale institusjonar og organisasjonar innanfor feltet kompetanse og arbeidsliv. OECD har nyleg utført to store gjennomgangar av politikken i Noreg på områda livslang læring og vaksenopplæring. OECD gir positiv omtale for arbeidet med Kompetansereforma, men peikar samtidig på område med behov for meir einsarta politikk og tettare samarbeid mellom ulike politikkkfelt.

Utdannings- og forskningsdepartementet vil styrkje deltakinga i internasjonale prosessar for å leggje til rette for livslang læring. Innanfor høgre utdanning har mobilitet og utveksling vore høgt prioritert dei siste åra. No vil departementet intensivere deltakinga i europeisk samarbeid for å betre mobiliteten mellom land også når det gjeld yrkesutdanning og kvalifikasjonar.

Eit nasjonalt system for dokumentasjon og verdsetjing av realkompetanse

I perioden 1999–2002 har det gjennom eit omfattande prosjektarbeid blitt utvikla ordningar for dokumentasjon og verdsetjing av realkompetansen til vaksne. Å anerkjenne all kompetanse uavhengig av kvar og korleis han er tileigna, er ein føresetnad for å skape eit samfunn som opnar for livslang læring for alle. Hovudmålet med prosjektet har vore å etablere eit nasjonalt system med legitimitet i både arbeidslivet og utdanningssystemet. Målgruppa for prosjektet har vore alle vaksne som ønskjer å få realkompetansen sin vurdert i høve til utdanningssystemet, arbeidslivet og organisasjonsmessig verksemd. Vaksne innvandrarar er ein del av målgruppa.

Det nasjonale systemet for dokumentasjon og verdsetjing av realkompetanse skal opne for kompetanseheving for dei som treng meir eller endra kompetanse. Systemet skal medverke til å gjere den einskilde vaksne betre rusta til aktiv deltaking i arbeids- og samfunnsliv, og føre til meir effektiv bruk av arbeidskraftressursar. Både EU, OECD og dei andre nordiske landa ønskjer å fremme livslang læring, sysselsetjing og verdiskaping. I den samanhengen utviklar andre land også system for real-

kompetanse, og Noreg har arbeidd aktivt for å medverke til samarbeid og erfaringsutveksling på dette feltet.

Systemet blir etablert hausten 2002 og vil omfatte:

- ordningar for dokumentasjon av den kunnskapen og dei erfaringane som den einskilde har tileigna seg i arbeidslivet og gjennom kurs og deltaking i studieforbund, fjernundervisningsinstitusjonar, folkehøgskolar og frivillige organisasjonar
- ordningar for dokumentasjon og verdsetjing av realkompetanse inn mot vidaregåande opplæring, noko som gir grunnlag for inntak, avkorting av og tilpassa opplæring
- realkompetanse som grunnlag for inntak og avkorting av studium i høgre utdanning
- verdsetjing av realkompetanse med sikte på arbeid. Regjeringa vil i den samanhengen fremme ein odelstingsproposisjon hausten 2002 med forslag om endringar i opplæringslova.

Sjå nærare omtale under kap. 258.

Bruk av kompetansen til innvandrarar

Regjeringa har utarbeidd ein handlingsplan mot rasisme og diskriminering. Planen inneber m.a. å byggje ned kunnskaps- og kompetansekløfter. Den nye introduksjonsordninga legg også vekt på å styrkje opplæringstilbodet til nyleg komne innvandrarar for å medverke til raskare og betre integrering av desse, jf programkategori 13.20 for Kommunal- og regionaldepartementet. Skal innvandrarar ha grunnlag for sjølvstendig innsats og samarbeid med andre i yrkes- og samfunnsliv treng dei gode norskkunnskapar. Ordninga med norskopplæring for innvandrarar er i denne samanhengen til vurdering. Det blir foreslått at opplæring i norsk for personar som ventar på behandling av søknaden om asyl, fell bort frå 2003, sjå omtale under kap. 254 post 60.

Forskning viser at å kombinere norskopplæring og arbeid er ein effektiv måte å lære språk på, samstundes som det hjelper til å integrere innvandrarar i arbeidslivet. Regjeringa foreslår å løyve 20 mill. kroner i 2003 for å stimulere verksemdar til å satse på å kombinere norskopplæring og arbeid for innvandrarar. Frå 2003 vil verdsetjing av realkompetanse gjennom yrkesprøving også betre høvet for innvandrarar til å synleggjere kompetansen dei har frå heimlandet sitt.

Mål: Betre samspelet mellom utdanning, arbeidsliv og samfunn og opne for nye læringsarenaer

Regjeringa har som mål å gjere utdanningssystemet meir fleksibelt og betre innretta mot individuelle behov for læring. Det er også eit mål å leggje til rette for læring utanfor det ordinære utdanningssystemet.

Forskning viser at arbeidslivet er den viktigaste læringsarenaen for vaksne. Gjennom Kompetanseutviklingsprogrammet har det gjennom fleire år vore i gang prosjekt som tek arbeidsplassen systematisk i bruk i opplæringssamheng. I 2003 vil det gjennom eit nytt prosjekt bli utarbeidd ein lærevilkårsmonitor som ein reiskap for å måle kor godt den einskilde arbeidsplassen er lagd til rette for opplæring. Sjå omtale under kap. 258.

Forslag til lov om fagskoleutdanning har vore på offentleg høring og vil bli lagt fram for Stortinget hausten 2002. Forslaget inneber at korte praktisk retta utdanningar av god kvalitet kan bli godkjende som fagskoleutdanning gjennom Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT). Ei offentleg godkjenningssystem vil gi både høgre status til dei utdanningane som blir godkjende, og større tryggleik for studentane ved val av utdanning. Lova vil etablere eit nytt felt innanfor det norske utdanningssystemet og synleggjere fagskoleutdanning som eit kortare og meir yrkesretta alternativ til høgre utdanning ved universitet og høgskolar. Desse utdanningane har auka sterkt i omfang dei siste åra, og dei medverkar til å dekkje etterspørsel etter arbeidskraft. Fagskoleutdanning er tilbod som byggjer på vidaregåande opplæring eller tilsvarende realkompetanse. Forslaget omfattar utdanning som har eit omfang på minimum eit halvt år og maksimum to år på heiltid. Forslaget inneber at tekniske fagskolar, vidareutdanningar for helse- og sosialpersonell samt ulike private utdanningstilbod, til dømes innanfor IKT, marknadsføring, administrasjon og reiseliv, vil kunne bli godkjende som fagskoleutdanning. Ved at fagskoleutdanningane blir ein formalisert del av utdanningssystemet, legg ein opp til ein modell som også finst i ei rekkje andre OECD-land.

I samband med lovforslaget blir det i budsjettet for 2003 foreslått å opprette eit nytt kapittel 251. Løyvinga på kapitlet gjeld drift av teknisk fagskole frå hausten 2003, og midlane blir foreslått trekte ut av rammeoverføringane til fylkeskommunane og overførte til oppretting av ei ny statleg tilskottsordning. Sjå nærare omtale under kap. 251.

I 2003 blir tilskottet til fjernundervisningsinstitusjonane foreslått avvika av omsyn til det samla budsjettoplegget, sjå omtale under kap 254.

Det ligg føre forslag til ny lov for folkehøgskolen som vil gi ei enklare forvaltning og større fri-dom og ansvar for den einstilte skolen.

Kap. 251 Fagskoleutdanning

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
70	Teknisk fagskole			110 648
	Sum kap. 251			110 648

I høve til 2002 er det gjort denne tekniske endringa:

- Post 70 er oppretta med eit forslag til løyving på 110,6 mill. kroner i samband med at midlar til teknisk fagskole er foreslått overført frå Kommunal- og regionaldepartementet, med verknad frå 1. august 2003.

Post 70 Teknisk fagskole

Ved handsaminga av Innst. S. nr. 177 (2000–2001) og St.meld. nr. 20 (2000–2001) vedtok Stortinget at det skulle utarbeidast forslag til lov om fagskoleutdanning. Forslaget skulle m.a. innehalde lovreglar om teknisk fagskole. Som oppfølging av vedtaket har Utdannings- og forskningsdepartementet våren 2002 sendt forslag til lov om fagskoleutdanning på offentleg høring. Departementet tek sikte på å fremme ein odelstingsproposisjon hausten 2002. Budsjettkonsekvensane av den delen av forslaget som gjeld teknisk fagskole, blir handsama her, slik at ordninga skal kunne tre i kraft frå skoleåret 2003–04.

Teknisk fagskole skal etter gjeldande lov vere eit etter- og vidareutdanningstilbod. Tilbodet skal gi fagarbeidarar og vaksne høve til å gå djupare inn

i det faglege, og gi kompetanse for vidare utdanning og leiaropplæring. Inntakskravet er normalt fag- eller sveinebrev på fagområdet, samt eit år med yrkespraksis etter det.

Teknisk fagskole er i dag finansiert gjennom rammeoverføringa til fylkeskommunane. Alle fylkeskommunar er pålagde å gi tilbod om teknisk fagskole, men pålegget blir oppfylt i ulik grad. Sidan teknisk fagskole etter innføringa av Reform 94 ikkje lenger er ein del av grunnopplæringa, foreslår departementet i høringsutkastet at den lovpålagde plikta til å gi slikt tilbod skal falle bort når den nye lova om fagskoleutdanning trer i kraft. Samstundes foreslår departementet at midlane som i dag blir nytta til teknisk fagskole i fylkeskommunane, blir trekte ut av rammeoverføringa, og nytta til å etablere ei tilskottsordning basert på studenttal.

Departementet foreslår å opprette ei ny tilskottsordning for teknisk fagskole frå 1. august 2003 ved å overføre midlar frå rammetilskottet til fylkeskommunane til nytt kap. 251 post 70, jf. kap. 572 post 60 under Kommunal- og regionaldepartementet. Fylkeskommunar som vel å tilby teknisk fagskole vil få tilskott basert på studenttal.

Kap. 253 Folkehøgskolar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
21	Særskilde driftsutgifter	2 306	2 390	2 483
60	Tilskott til fylkeskommunale folkehøgskolar, <i>kan nyttast under post 70</i>	43 805	40 475	50 737
70	Tilskott til andre folkehøgskolar, <i>kan nyttast under post 60</i>	352 743	364 128	455 880
	Sum kap. 253	398 854	406 993	509 100

I høve til 2002 er det gjort desse tekniske endringane:

- Post 60 er oppjustert med om lag 7,8 mill. kroner mot tilsvarande reduksjon i rammetilskottet til fylkeskommunane i samband med at heile det offentlege tilskottet kjem til utbetaling direkte frå staten i 2003.
- Post 60 er oppjustert med 1 mill. kroner på grunn av auka pensjonspremie for lærarane ved folkehøgskolane.
- Post 70 er oppjustert med om lag 69,9 mill. kroner mot tilsvarande reduksjon i rammetilskottet til fylkeskommunane i samband med at heile det offentlege tilskottet kjem til utbetaling direkte frå staten i 2003.
- Post 70 er oppjustert med 9 mill. kroner på grunn av auka pensjonspremie for lærarane ved folkehøgskolane.

Kapitlet omfattar tilskott til:

- fylkeskommunale og andre folkehøgskolar
- tre folkehøgskoleliknande tiltak
- meirutgifter til fire folkehøgskolar med høg del av funksjonshemma elevar
- felles pedagogiske utviklingstiltak og prosjekt
- nordiske samarbeidstiltak
- Folkehøgskolerådet og to folkehøgskoleorganisasjonar

Post 21 Særskilde driftsutgifter

Posten omfattar midlar til felles pedagogiske utviklingstiltak, forsøksverksemd, prosjekt, kurs, seminar, utgreiingar, reisestipend og ulike ein-skildtiltak. Folkehøgskolerådet fordeler ein del av desse midlane etter retningslinjer frå departementet.

Post 60 Tilskott til fylkeskommunale folkehøgskolar, kan nyttast under post 70, og post 70 Tilskott til andre folkehøgskolar, kan nyttast under post 60

Målsetjing

Formålet med tilskottsordninga er å medverke til at det kan bli oppretta og drive folkehøgskolar. For m.a. å støtte opp om Kompetansereforma er det eit mål at den erfaringa og kompetansen folkehøgskolen har når det gjeld allmenndanning og folkeopplysning, skal syne seg i breidd og aktualitet i kurs-tilboda.

Rapport for 2001–02

Hausten 2002 er 77 folkehøgskolar i drift. Varna folkehøgskole la ned drifta 1. august 2002 etter to års forsøksverksemd. Tilboda spenner over eit vidt spekter av fag- og emneområde, og varierer frå skole til skole. Samla er søkinga til folkehøgskolen god, men det er til dels store skilnader mellom ulike delar av landet, og mellom ein-skilde skolar.

Elevtal i folkehøgskolane

År	1996	1997	1998	1999	2000	2001
Elevar langkurs (vår og haust) – 16,5–33 veker	10 914	12 259	13 494	12 907	12 302	11 252
Elevar kortkurs – 3 dagar–16 veker	16 964	17 215	14 830	16 685	16 844	19 083
Sum elevar	27 878	29 474	28 324	29 592	29 146	30 335
Årselevar langkurs	5 726	6 354	6 966	6 608	6 358	6 161
Årselevar kortkurs	750	743	611	693	758	897
Sum årselevar	6 476	7 097	7 577	7 301	7 116	7 058
Sum godkjende årselevar/fastsett elevtal	6 421	7 089	7 507	7 247	7 061	6 999
Tilskottselevar	7 753	7 383	7 022	6 969	7 117	7 247

Kjelde: 1996–2000: Departementet sitt informasjonssystem for folkehøgskolen (DIFF), frå 2001: SSB

Om lag 54 pst. av elevane på langkurs i det siste skoleåret var 19-åringar. Aldersgruppene under 19 år utgjer 22 pst. av elevane på langkurs. Det er ein gjennomgåande tendens at elevvalderen blir høgare, og delen av 16- og 17-åringar er redusert. Fleire skolar har innført nedre aldersgrense på 18 år. Kortkursverksemda er i vekst. I 2001 var talet på kortkurselevar det høgste sidan 1992. På kortkurs er det langt større spreiding i alder. Aldersgruppa over 50 år utgjer 53 pst., og berre 8 pst. er under 20 år. Dei norske kortkurselevane kom frå 405 kommunar. I tillegg var det om lag 1200 utanlandske statsborgarar frå 50 ulike land.

Knapt 2/3 av elevane på langkurs er kvinner. Av 19-åringane utgjer kvinnene heile 74 pst. Kvinnene er i klart fleirtal òg på kortkurs.

For å forenkle og gi større fridom og ansvar for den einkilde skolen har Regjeringa foreslått ny lov for folkehøgskolen, jf. Ot.prp. nr. 79 (2001–2002). Forslaget inneber m.a. at tilsynsmannsordninga fell bort, og at skolane får større ansvar for kvalitetsutvikling.

Budsjettforslag for 2003

Postane 60 og 70 må sjåast i samanheng. Dei dekkjer det offentlege tilskottet til ordinær drift ved fol-

kehøgskolane. Post 70 omfattar òg ekstra tilskott til fire folkehøgskolar med høg del funksjonshemma elevar, midlar til felles pedagogiske utviklingstiltak, til arbeidet i råd og organisasjonar i folkehøgskolen og tilskott til felles nordiske folkehøgskoletiltak.

Forslaget inneber også at heile det offentlege tilskottet skal komme frå staten ved at fylkeskommunen sin del av tilskottet (1/6) blir trekt ut av rammetilskottet til fylkeskommunane frå og med 2003, jf. kap. 572 post 60 under Kommunal- og regionaldepartementet. Tilskottet skal framleis vere delt i tre element: tilskott til husleige, basistilskott og tilskott per elev. Folkehøgskolerådet skal fremme innstilling til fordeling mellom skolane når det gjeld tilskott til husleige.

I forslag til løyving er det sett av midlar i samband med seniorpolitiske tiltak og auka pensjonspremie for lærarane ved folkehøgskolane.

Det blir foreslått at elevar på folkehøgskole skal kunne få årleg støtte gjennom Lånekassen på kr 80 000 frå undervisningsåret 2003–04, jf. kap. 2410.

Kap. 254 Tilskott til vaksenopplæring (jf. kap. 3254)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
60	Tilskott til norskopplæring for innvandrarak	657 180	601 835	625 916
62	Tilskott til grunnskoleopplæring for innvandrarak 16-20 år	80 721	48 255	
70	Tilskott til studieforbund	212 948	210 485	201 494
71	Tilskott til fjernundervisning	27 683	28 513	
72	Tilskott til kvinneuniversiteta, Norsk fredssenter og Studiesenteret Finnsnes	6 586	5 884	7 613
73	Tilskott til vaksenopplæringsorganisasjonar	8 481	8 735	8 700
	Sum kap. 254	993 599	903 707	843 723

I høve til 2002 er det gjort desse tekniske endringane:

- Post 60 er nedjustert med 31,1 mill. kroner i samband med forsøk med å gi øyremerkte tilskott som rammetilskott.
- Tilskottet til grunnskoleopplæring for innvandrarak 16-20 år er foreslått innlemma i rammetilskottet til kommunane frå 1. august 2002.

Kapitlet omfattar tilskott til:

- norskopplæring for vaksne innvandrarak
- studieforbund
- kvinneuniversiteta, Norsk fredssenter og Studiesenteret Finnsnes
- vaksenopplæringsorganisasjonar

Post 60 Tilskott til norskopplæring for innvandrarak*Målsetjing*

Formålet med tilskottsordninga er å medverke til at kommunane tilbyr vaksne innvandrarak norskopplæring som gir tilstrekkelege kunnskapar til vidare utdanning, yrkes- og samfunnsdeltaking.

Rapport for 2001

Tilskottsordninga har omfatta innvandrarak, flyktningar og dei som bur i asylmottak, både dei som ventar på å få avgjort søknad om opphald (asylsøkkarak), og dei med positivt vedtak om busetting.

Norsk med samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak 1998–2001

Opplæring	1998	1999	2000	2001
Undervisningstimar	673 653	916 120	1 074 187	1 134 254
Deltakarak (gjennom året)	28 957	37 574	28 101	44 088
Deltakarak (per 01.12.)	17 345	22 796	21 856	26 013
– av desse deltakarak i asylmottak	3 968	7 848	6 151	7 265

Kjelde: FRES

Frå 1998 til 2001 har talet på deltakarak auka med om lag 50 pst., medan talet på undervisningstimar har auka med 68 pst. At undervisningstimalet har auka meir enn deltakartalet, kan mellom anna ha samanheng med at det vart innført nivåbasert opplæring i 1998. Timegrensene vart da utvida

frå 500/750 timar til 850 timar gratis norskopplæring. Det vart samtidig opna for at deltakarak med svak skolebakgrunn kan få inntil 3000 timar opplæring. Nivåbasert opplæring påverkar også deltakartalet ved at deltakarane blir verande lenger i opplæring når dei får fleire undervisningstimar. I den

opplæringa som er lagd til rette for dei med svak grunnutdanning, var det 11 208 deltakarar i 2001, om lag like mange som året før. Dei fekk i alt 545 000 undervisningstimar. Det er om lag like mange menn og kvinner som tek del i norskopplæringa.

Budsjettforslag for 2003

Frå 1991 til 1. august 1996 fekk ikkje asylsøkjjarar tilskott til norskopplæring. Deretter har dei hatt same tilbod som innvandrarakar og flyktingar.

Regjeringa har som mål å redusere lengda på opphald i asylmottak gjennom rask handsaming av søknader om asyl.

Budsjettforslaget inneber å fjerne tilskottet til norskopplæring for asylsøkjjarar. Dei som bor i mottak med positivt vedtak om busetting, skal framleis få norskopplæring.

På bakgrunn av mellom anna ein venta auke i det gjennomsnittlege talet på undervisningstimar per deltakar (ikkje medrekna asylsøkjjarar) og auka arbeidsinnvandring i 2003, er det foreslått å auke løyvinga i høve til 2002. Elles blir løyvinga ført vidare og satsane prisjusterte.

I tillegg er det løyvt midlar til tiltaket over kap. 571 post 68 i budsjettet til Kommunal- og regionaldepartementet.

Det pågår eit tverrdepartementalt arbeid der også tilskottsordninga for norskopplæring for innvandrarakar blir vurdert, sjå omtale under kap. 258.

Post 62 Tilskott til grunnskoleopplæring for innvandrarakar 16–20 år

Formålet med tilskottet har vore å medverke til at kommunar kan gi grunnskoleopplæring til innvandrarakar i alderen 16–20 år som ikkje hadde kunnskapar tilsvarende norsk grunnskole. Tilskottet har gitt innvandrarakane høve til å ta grunnskoleeksamen og dermed nytte retten til vidaregåande opplæring.

I 2001 gav 113 kommunar tilbod om grunnskoleopplæring til innvandrarakar i alderen 16–20 år. Dei

fleste fekk heiltidstilbod på 30 timar i veka. I underkant av 1 900 personar tok del i undervisninga, og om lag 40 pst. av deltakarane var kvinner.

Frå 1. august 2002 fekk alle vaksne rett til grunnskoleopplæring. Retten omfattar også innvandrarakar i alderen 16–20 år. I og med at opplæringa for desse er sikra gjennom lovverket, er tilskottet til grunnskoleopplæring for innvandrarakar 16–20 år lagt inn i rammetilskottet til kommunane frå 1. august 2002.

Rett til grunnskoleopplæring gjeld ikkje asylsøkjjarar 16–18 år. For å sikre desse grunnskoleopplæring foreslår departementet at tilskottsordninga knytt til grunnskoleopplæring for asylsøkjjarar under 16 år blir utvida til også å gjelde asylsøkjjarar 16–18 år, jf. kap. 221 post 65.

Post 70 Tilskott til studieforbund

Målsetjing

Formålet med tilskottsordningane er å medverke til at studieforbunda og medlemsorganisasjonane deira kan tilby opplæring for vaksne. Studieforbunda kan med erfaringa og organisasjonsforma si utvikle fleksible og brukartilpassa opplæringstilbod.

Ei utfordring for frivillige organisasjonar som driv vaksenopplæring, er å motivere og engasjere samfunnsgrupper som elles fell utanfor det offentlege utdanningssystemet til å ta del i kompetanseutvikling. Slik aktivitet kan også medverke til å sikre aktive lokalmiljø og større deltaking i demokratiske prosessar.

Rapport for 2001

I 2001 var det i alt 22 studieforbund som etter lov om vaksenopplæring var godkjende med rett til statstilskott. Med vel 400 medlemsorganisasjonar fannar studieforbunda om eit vidt spekter av interesser og ideologiar. Studieforbunda gir tilbod innanfor dei fleste emneområde og fag. Dei kan òg gi formell kompetansegivande utdanning.

Studieforbund. Deltakarar etter alder 1997–2001

	I alt	29 år og yngre	30–49 år	50 år og eldre	Alder ikkje kjend
1997	711 531	206 587	233 957	139 766	131 221
1998	681 359	187 893	234 112	147 823	111 531
1999	681 845	187 626	240 783	158 793	94 643
2000	666 729	175 534	226 748	166 260	98 187
2001	614 356	150 705	203 440	159 889	100 322

Kjelde: SSB

Talet på deltakarar på kurs i regi av studieforbunda gjekk ned i høve til 2000. Drygt halvparten av deltakarane i 2001 var kvinner. Kvinner var i fleirtal innanfor dei fleste fagområda, medan menn var i fleirtal i realfag, industri- og tekniske fag. Det vart avvikla 54 500 kurs. Studieforbunda rapporterte om nær 1,7 mill. studietimar i 2001.

Det vart gjennomført kurs med tilbod om offentleg eksamen for om lag 17 200 deltakarar. Om lag 10 400 vaksne deltok på kurs tilsvarende nivået i vidaregåande opplæring. Det er nær ei halvering i høve til 2000 når det gjeld både totalt tal på deltakarar og deltakarar på vidaregåande nivå. Av dei på vidaregåande nivå deltok 4 700 på kurs som førte fram til fagprøva etter § 3-5 i opplæringslova. Vel 4 000 personar deltok i studieringar på høgre nivå.

Studieforbunda driv òg opplæring for funksjonshemma, personar med svak førstegongsutdanning og innvandrarar. I 2001 var det 29 900 deltakarar på kurs for særlege målgrupper. Det er ei nedgang på 1 600 i høve til 2000.

Budsjettforslag for 2003

Budsjettforslaget inneber at tilskottet til studieringar på høgre nivå ikkje lenger blir øyremerkt inn-

anfor post 70, men er lagt inn i den generelle ramma på posten. Studieforbunda kan nytte midlar innanfor det generelle tilskottet til formålet. Av omsyn til det samla budsjettopplegget blir det foreslått å redusere løyvinga på post 70 i høve til 2002.

Departementet vil gå gjennom vaksenopplæringslova, jf. kategoriomtalen. I den samanhengen vil ein m.a. sjå nærare på korleis tilskottet til studieforbunda er innretta.

Post 71 Tilskott til fjernundervisning*Målsetjing*

Formålet med tilskottet til dei frittstående fjernundervisningsinstitusjonane har vore å gi vaksne høve til å skaffe seg grunnutdanning eller etter- og vidareutdanning som er tilpassa livssituasjonen deira gjennom tilrettelagd undervisning og tovegs kommunikasjon med lærar.

Rapport for 2001

I 2001 mottok 14 frittstående fjernundervisningsinstitusjonar statstilskott.

Frittstående fjernundervisningsinstitusjonar. Fullførte kurs etter alderen på deltakarane 1997–2001.

	I alt	29 år og yngre	30–59 år	60 år og eldre	Ikkje oppgitt
1997	52 207	10 719	27 575	257	13 656
1998	44 731	8 828	29 141	200	6 562
1999	39 778	8 030	30 015	241	1 492
2000	37 982	6 305	30 316	316	1 045
2001	32 734	6 822	24 715	195	1 002

Kjelder: 1997: KUF, 1998–2001: SSB. På grunn av omlegging av rapporteringa til SSB omfattar tala frå 1998 om lag 95 pst. av totale kursfullføringsar. Tala for 1998 kan derfor ikkje samanliknast direkte med andre år.

Statistikken over fullføringsar syner ein min-kande tendens over fleire år. Fjernundervisningsinstitusjonane rapporterte om lag 5 mill. studietimar i 2001, dvs. 1 mill. færre studietimar enn i 2000. Ordinær brevinnending er den vanlegaste kommunikasjonsforma, og vart nytta av om lag 27 000 deltakarar i 2001. Sju av ti får tilbod om offentleg eksamen. Drygt halvparten av deltakarane var kvinner.

NKI og NKS er dei institusjonane som har størst aktivitet, og som mottar mesteparten av tilskottet på posten.

Budsjettforslag for 2003

Av omsyn til det samla budsjettoppdraget blir det foreslått å avvike tilskottet til fjernundervisning frå og med 2003.

Departementet vil nytte 5 mill. kroner til utvikling av fleksible former for undervisning, jf. kap. 258.

Post 72 Tilskott til kvinneuniversiteta, Norsk fredssenter og Studiesenteret Finnsnes*Målsetjing*

Tilskottet skal medverke til drift av Kvinneuniversitetet på Løten, Kvinneuniversitetet Nord, Norsk fredssenter og Studiesenteret Finnsnes, slik at desse institusjonane kan tilby kurs og andre vaksenopplæringsstiltak som eit alternativ eller supplement til opplæring ved andre institusjonar.

Rapport for 2001

Kvinneuniversiteta har i 2001 hatt tilbod på nivå med vidaregåande opplæring og på høgskolenivå. Dei har òg drive norskopplæring for innvandrarar og gjennomført fleire kurs og prosjekt med kvinneperspektiv. Norsk fredssenter har i 2001 hatt fleire

kurs i konfliktløysing og menneskerettar og samarbeider med organisasjonar, institusjonar og personar for å fremme arbeidet for fred og menneskerettar. Studiesenteret Finnsnes vart etablert som eit femårig prøveprosjekt i 1996 og tilbyr kurs og utdanning på ulike nivå innretta mot behova til industri og næringsliv i regionen.

Budsjettforslag for 2003

Budsjettforslaget for 2003 inneber vidareføring av tilskotta til kvinneuniversiteta og Norsk fredssenter på same nivå som i 2002.

Stortinget vedtok ved handsaminga av Innst. S. nr. 255 (2001–2002) og St.prp. nr. 63 (2001–2002) å løyve midlar til Studiesenteret Finnsnes ut året 2002. Som oppfølging av vedtaket blir det foreslått å føre vidare tilskottet til Studiesenteret Finnsnes i 2003 på same nivå som i 2002.

Post 73 Tilskott til vaksenopplæringsorganisasjonar*Målsetjing*

Formålet med tilskottet er å medverke til finansiering av drifta av fellesorgana for studieforbunda og fjernundervisningsinstitusjonane, Vaksenopplæringsforbundet (Vofo), Norsk forbund for fjernundervisning (NFF) og International Council for Open and Distance Education (ICDE). Organisasjonane skal ta i vare fellesoppgåver for medlemsorganisasjonane i høve til departementet, og fremme kunnskap om og utvikling av fagområda.

Rapport for 2001

Vofo er eit felles interesse- og serviceorgan for studieforbunda og har regionale ledd i alle fylka. Vofo driv eit aktivt informasjonsarbeid og tidsskriftet CV, som er det einaste fagbladet for folkeopplys-

ning og læring for vaksne i Noreg. Vofo driv med nyskappingsarbeid og opplæring av medarbeidarar i vaksenopplæringa, og arbeider med å utvikle vidare studieplanar og kursdokumentasjon som gir grunnlag for verdsetjing i høve til realkompetanse- vurderingane.

NFF er eit felles interesse- og serviceorgan for dei frittstående fjernundervisningsinstitusjonane som m.a. utfører kvalitetssikring av statistikk- og dokumentasjonsordningar og normering av studie-

tilbod. Gjennom «Tunet», som er ein elektronisk møteplass for vaksenopplæring, driv NFF òg informasjonsarbeid og onlineseminar.

Både NFF og Vofo tek del i ulike fora i Kompetansereforma og i ulike samarbeidsprosjekt mellom dei to fellesorgana.

ICDE er ein internasjonal organisasjon for samarbeid, kommunikasjon og utvikling innanfor fjernundervisning og virtuell læring. ICDE har sitt hovudkontor i Noreg.

Budsjettforslag for 2003

Budsjettforslaget inneber at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2002.

Kap. 3254 Tilskott til vaksenopplæring (jf. kap. 254)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter	53 712	20 074	25 836
	Sum kap. 3254	53 712	20 074	25 836

Visse innanlandske utgifter til flyktningar kan i medhald av statistikkdirektivet til OECD definert som offisiell utviklingshjelp. Delar av utgiftene

til norskopplæring for innvandrarak blir derfor ført til inntekt på post 04.

Kap. 256 VOX - Vaksenopplæringsinstituttet (jf. kap. 3256)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
01	Driftsutgifter	51 864	48 906	46 868
21	Særskilde driftsutgifter	11 260	16 354	13 492
	Sum kap. 256	63 124	65 260	60 360

I høve til 2002 er det gjort desse tekniske endringane:

- Post 01 er nedjustert med om lag 4,9 mill. kroner mot ei parallell nedjustering av kap. 3256 post 02.
- Post 21 er nedjustert med 3,5 mill. kroner mot ei parallell nedjustering av kap. 3256 post 01.

Kapitlet inneheld midlar til drift av Vaksenopplæringsinstituttet (VOX).

VOX skal vere ein nasjonal pådrivar for vaksne si læring, med særleg vekt på å realisere Kompetansereforma.

VOX skal forske på, utvikle og formidle kunnskap om vaksne si læring for å møte kompetansebehovet i arbeidslivet og for det einskilde mennesket.

Resultatrapport for 2001–02

Undervisningstilbudet ved VOX vart lagt ned frå 1. august 2002. I Oslo kommune er det lagt til rette for eit tilsvarande tilbod. Oslo kommune har i samarbeid med VOX ført vidare tilbodet for dei deltakarane som var i eit utdanningsløp ved byrjinga av skoleåret 2001–02.

VOX arbeider ut frå ein forskingsprofil der det er lagt særleg vekt på kunnskap som kan medverke til å realisere Kompetansereforma. Forskingsprofilen omfattar m.a. læringsbehov, læringsprosessar og tilrettelegging for læring. Kompetanseutvikling i arbeidslivet er òg eit viktig element i profilen.

Fleire av prosjekta i 2001 har fått finansiering frå EUs rammeprogram. Prosjekta rettar seg mellom anna mot betre forståing av prosessar knytte til deltaking og mangel på deltaking i vaksenopplæring, også blant eldre arbeidstakarar. Innanfor pedagogisk utviklingsarbeid har VOX mellom anna prosjekt som er retta mot norskopplæring for innvandrarar.

VOX har m.a. utarbeidd eit motivasjons- og rettleiingsprogram for vaksne som kvir seg for å ta i bruk IKT. Programmet blir lansert på samisk, nynorsk og bokmål. 145 skolar har meldt seg på opplegget som går ut på at elevane skal lære dei vaksne data.

VOX har ansvaret for drift av større utviklingsprogram som til dømes Kompetanseutviklingsprogrammet, Realkompetanseprosjektet og prosjektet for utvikling av undervisningsmodellar for vaksne i vidaregåande opplæring. Sjå nærare omtale av programma under kap. 258 og 259.

VOX driv informasjonsarbeid retta mot arbeidsliv, opplærings- og forskingsmiljø både i Noreg og i utlandet. VOX har arrangert ei rekkje kurs og konferansar, m.a. nettverkskonferansar i samband med Kompetanseutviklingsprogrammet og Realkompetanseprosjektet. VOX driv grøn linje med informasjon om Kompetansereforma. I internasjonale prosjekt innanfor EU-program eller under Nordisk Ministerråd har det vore arbeidd med å etablere nettverk knytte til tema under ansvarsområdet til VOX, m.a. når det gjeld fleksible læringsmodellar og bruk av IKT.

Organiseringa av den statlege utdanningsadministrasjonen er til vurdering i departementet, jf. omtale under kategori 07.10.

Resultatmål for 2003

Det vil bli lagt særskilt vekt på rolla til VOX som tenesteytande institusjon, og institusjonen skal vere ein ressurs for alle som driv med vaksenopplæring. VOX skal ha fokus på vaksenopplæringa og på behov for kompetanseheving i arbeidslivet.

Institusjonen vil i samarbeid med offentlege og private aktørar gi bistand til arbeidet med å leggje til rette for forskning og utviklingsarbeid når det gjeld alle former for vaksenopplæring.

VOX skal arbeide for å få i gang nye forskingsprosjekt ut frå forskingsprofilen sin og utvikle vidare dialogen med brukarar og forskarnettverk både nasjonalt og internasjonalt.

Av utviklingsarbeid skal VOX m.a. leggje vekt på å:

- utvikle arbeidslivsretta metodar og strategiar for vaksne si læring i og utanfor arbeidslivet. Dette gjeld norskopplæring for minoritetsspråklege, styrking av lese- og skriveugeleik og matematikkunnskapar hos vaksne, og gjennomføring av program som gir vaksne tilgang til IKT
- gjennomføring av program som gir vaksne tilgang til IKT
- utvikle nasjonale og internasjonale nettverk med særleg vekt på evner som er nødvendige for fullgod deltaking i arbeids- og samfunnsliv
- vere med på å verkeleggjere vaksne sin rett til grunnskole- og vidaregåande opplæring

Budsjettforslag for 2003

Budsjettforslaget inneber ei vidareføring av løyvinga frå 2002.

Løyvinga på post 01 kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter på kap. 3256 post 02, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Løyvinga på post 21 kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter frå oppdragsverksemd, jf. forslag til vedtak II nr. 2.

Kap. 3256 VOX - Vaksenopplæringsinstituttet (jf. kap. 256)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
01	Inntekter frå oppdrag	7 376	12 531	9 520
02	Salsinntekter o.a.	4 151	5 657	1 028
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	941		
18	Refusjon av sjukepengar	1 894		
	Sum kap. 3256	14 362	18 188	10 548

I høve til 2002 er det gjort desse tekniske endringane:

- Post 01 er nedjustert med 3,5 mill. kroner mot ei parallell nedjustering av kap. 256 post 21.
- Post 02 er nedjustert med 4,85 mill. kroner mot ei parallell nedjustering av kap. 256 post 01.

Inntektene på post 01 kjem frå oppdragsverksemd ved VOX.

Inntektene på post 02 kjem m.a. frå sal av læremateriell.

Kap. 258 Forsking, utviklingsarbeid og fellestiltak i vaksenopplæringa

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
21	Særskilde driftsutgifter	87 039	80 063	80 585
	Sum kap. 258	87 039	80 063	80 585

I høve til 2002 er det gjort denne tekniske endringa:

- Post 21 er redusert med 2,1 mill. kroner i samband med at språkprøva i norsk for vaksne innvandrarak er overført til Læringssenteret, kap. 202 post 01.

Kapitlet omfattar midlar til:

- prosjekt for å integrere norskopplæring og arbeid for innvandrarak
- prosjekt for å kartleggje behov for kompetanse i den vaksne befolkninga
- utvikling av ein lærevilkårsmonitor for læring i arbeidslivet
- utgreiingar knytte til norskopplæring for vaksne innvandrarak
- utvikling av nye fleksible undervisningsformer
- gjennomføring av Adult Literacy and Lifeskills Survey (ALL)
- prosjektet Dokumentasjon og verdsetjing av realkompetanse

- prosjekt for å auke bruken av IKT i norskopplæringa
- deltaking i internasjonale prosjekt
- dei variable utgiftene til gjennomføring av Språkprøva i norsk for vaksne innvandrarak
- pedagogisk utviklingsarbeid og tiltak for særlege målgrupper
- ankenemnd for utdanningspermisjon
- informasjon om vaksenopplæring og Kompetansereform
- lønnsutgifter i departementet til avgrensa utviklingsprosjekt knytte til budsjettkapitlet

Resultatrapport for 2001–02

Prosjektet Kartlegging av behov og organisering av tilbod om grunnskoleopplæring for vaksne i 37 prosjektkommunar vart avslutta våren 2002. I slutt rapporten kjem det fram at kvinner var i fleirtal (67 pst.) blant dei som ville ta del i grunnskoleopplæring. Ein av fire hadde utanlandsk bakgrunn.

Dei fleste ønske opplæring i engelsk, medan 80 pst. av deltakarane med utanlandsk bakgrunn ønske opplæring i norsk. Opplæringa skulle tilpassast behova til deltakarane, og kursdeltakarane har uttrykt at dei var godt nøgde med opplæringa. Eit system for å kartlegge kompetansen til deltakarar som ønskjer grunnskoleopplæring, blir utarbeidd av VOX og Læringscenteret hausten 2002. Systemet skal vere ei hjelp til kommunar og kurstilbydarar for å finne fram til opplæringstilbod som passar bakgrunnen til deltakarane og opplæringsbehova deira.

Gjennom prosjektet MOVI (Motivasjon, veiledning og informasjon) blir det lagt vekt på å finne fram til metodar for å nå grupper som er lite motiverte for opplæring. Prosjektet blir avslutta innan utgangen av 2002, og sluttevalueringa vil skje våren 2003.

I 2001 var 18 800 personar over 20 år i vidaregåande opplæring. I dei siste tre åra har det vore ein reduksjon i delen vaksne deltakarar på om lag 23 pst. Nedgangen er størst for dei som nyttar tilbod på heiltid. Utdanningsnivået i befolkninga har auka over tid, noko som har medverka til å redusere etterspurnaden etter vidaregåande opplæring. Det er flest registrerte arbeidslause i pst. av arbeidsstyrken og flest vaksne elevar i dei nordlegaste fylka. Situasjonen er omvendt i Akershus, her er arbeidsløysa lågast i landet, samstundes som fylket har den lågaste delen vaksne deltakarar. Det indikerer at nivået på arbeidsløysa også verkar inn på etterspurnaden. Ei anna forklaring på nedgangen i talet på vaksne elevar kan vere at dei eksisterande opplæringstilboda framleis ikkje er tilstrekkeleg tilpassa livssituasjonen til vaksne.

Innanfor Realkompetanseprosjektet har over 150 verksemder vore involverte i perioden 1999–2002, og over 6 000 personar har teke del i prosjekt for å utvikle dokumentasjonsordningar i arbeidslivet. Det er også utvikla ordningar for dokumentasjon av den kunnskapen og dei erfaringane som er tileigna gjennom opplæring i studieforbund, fjernundervisningsinstitusjonar og folkehøgskolar, og gjennom deltaking i frivillige organisasjonar. Gjennom prosjekt i fylkeskommunane har over 15 000 personar fått vurdert og verdsett realkompetansen sin i høve til vidaregåande opplæring, og alle fylkeskommunane har på plass ei organisering for å kunne utføre oppgåva. Ei evaluering viser at det i løpet av prosjektperioden har utvikla seg ein større grad av aksept mellom arbeidsliv, utdanning og frivillig sektor når det gjeld verdsetjing av realkompetanse. Ei undersøking av dei erfaringane høgskolane har med studentar som er tekne opp på grunnlag av realkompetanse gjennom forsøksordningane, viser at studentane er moti-

verte og oppnår gode resultat. I tillegg er dei gjennom å bringe erfaringar frå arbeidslivet også med på å styrkje læringsmiljøet. Utdannings- og forskningsdepartementet arrangerte i samarbeid med EU-kommisjonen ein internasjonal konferanse for utveksling av erfaringar med å utvikle ordningar for dokumentasjon og verdsetjing av kompetanse i mai 2002, og vil fortsatt prioritere internasjonalt samarbeid på dette området. VOX leverte sluttrapporten frå Realkompetanseprosjektet i september 2002. Rapporten tilrår kva for ordningar og modeller for dokumentasjon og verdsetjing av realkompetanse som skal gå inn i eit nasjonalt system, sjå kategoriomtalen.

Satsinga på utvikling av undervisningsmodellar i vidaregåande opplæring som er tilpassa behova og livssituasjonen til vaksne, vart ført vidare i 2002, og sluttrapport frå prosjekta vil ligge føre i løpet av 2002. VOX har det administrative og faglege ansvaret for prosjekta. Sentrale problemstillingar innanfor dei om lag 40 prosjekta har vore:

- overgang mellom grunnskole og vidaregåande opplæring
- opplæring på arbeidsplassen
- minoritetsspråklege og yrkesopplæring
- motivasjon
- realkompetanse
- tilpassa opplæring
- lese-, skrive- og matematikkvanskar
- samarbeid mellom aktørar/etatar (fylkeskommune, studieforbund, fjernundervisningsinstitusjonar, Aetat, trygdekontor og sosialkontor)

VOX har ansvar for fleire prosjekt som er retta mot vaksne innvandrarar, mellom anna å utvikle temahefte for opplæring i norsk med samfunnskunnskap. Samfunnsfaglege emne blir også tekne opp i det multimediebaserte læreprogrammet (Migranorsk) som VOX har fått i oppdrag å utvikle.

Etter gjennomført opplæring i norsk med samfunnskunnskap får deltakarane tilbod om å gå opp til Språkprøva i norsk for vaksne innvandrarar. 2 550 kandidatar var oppe til prøva i 2001, og 87 pst. bestod heile eller delar av prøva. 63 pst. av kandidatane var kvinner.

Det er utarbeidd ein informasjonsplan for å synleggjere satsingar og resultat frå Kompetansereforma, og for å spreie erfaringar. Handlingsplanen for Kompetansereforma er gitt ut i 3. utgåve.

Resultatmål for 2003

Departementet vil setje i gong ei kartlegging av kompetansebehov i den vaksne befolkninga i 2003 som skal danne grunnlag for ei betre politikktutforming på området. Ein vil også kartlegge kor

mange som no nyttar retten til grunnskole og vidaregåande opplæring, kva for fag dei tek, kva for opplæringstilbod dei treng, og kor lang tid dei brukar på opplæringa.

I samarbeid med Forskringsrådet vil departementet setje i gang ei ny satsing på langsiktig utdanningsforskning som ei oppfølging av det 5-årige programmet Kompetanse, utdanning og verdiskaping (KUV). Sjå nærare omtale under kap. 200.

For å betre datagrunnlaget nasjonalt for den læringa som går føre seg i arbeidslivet, vil Utdannings- og forskningsdepartementet gi støtte til eit prosjekt for utvikling av ein lærevilkårsmonitor. Lærevilkårsmonitoren vil vere eit måleinstrument som gir ny og systematisk kunnskap på individnivå om læring i arbeidslivet. Eit sett med indikatorar vil bli utarbeidd som kan nyttast til å måle kor godt den einskilde arbeidsplassen er lagd til rette for opplæring. Data vil bli innhenta i samband med Statistisk sentralbyrå si arbeidskraftsundersøking (AKU). Det vil vere høve til å kople informasjonen til andre relevante datakjelder. Prosjektet må også sjåast i samanheng med departementet sitt arbeid med ein nasjonal kompetanserapport, jf. omtale under hovudinnleiinga.

Departementet vil løyve 20 mill. kroner til utvikling av opplegg i verksemdar som kombinerer språkopplæring og integrering av innvandrarar i arbeidslivet. Målet er at slike demonstrasjonsverksemdar skal medverke til å synleggjere at deltaking i arbeidslivet er ein effektiv måte både til å betre språkkunnskaper og til å integrere innvandrarar.

Som oppfølging av Innst. S. Nr. 197 (2000–2001) og St.meld. nr. 17 (2000–2001) Asyl- og flyktningspolitikken i Noreg skal ein i 2003 setje i gang eit prosjekt for å auke bruken av IKT i norskopplæringa mellom anna for å kunne gi meir fleksible tilbod og betre kvaliteten på opplæringa. VOX får ansvar for å gjennomføre prosjektet, som vil omfatte tilrettelegging av prosjektet og opplæring av lærarar våren 2003. Sjølv prosjektet skal setjast i gang hausten 2003 og avsluttast hausten 2005.

Ei tverrdepartemental arbeidsgruppe har vurdert ordninga med norskopplæring for innvandrarar. Regjeringa vil følgje opp forslaga gjennom nærare utgreingar.

Adult Literacy and Lifeskills Survey (ALL) er ei oppfølging av OECD-prosjektet SIALS. Resultat frå SIALS-undersøkinga viste at 30 pst. av den vaksne befolkninga leste for dårleg til å fungere tilfredsstillande i arbeids- og samfunnsliv, noko som danna grunnlag for å setje ekstra fokus på lese- og skriveopplæring for vaksne i Kompetansereforma. I tillegg til å kartleggje lese- og talforståing vil ein i ALL sjå korleis intervjuobjekta løysar både enkle og meir komplekse problem i kvardagen. ALL vil

gi samanliknbar informasjon om lese- og talforståing og problemløysing som det ikkje er mogleg å oppnå i ei nasjonal undersøking. Noreg har gjennomført pilotprosjektet og vil gå vidare i hovudprosjektet av ALL, og dei internasjonale resultatane vil venteleg liggje føre hausten 2004.

Rapporten «Vurdering av tiltak for personer med språk- og talevansker» vil bli følgt opp i 2003 gjennom oppstart av eit fireårig program om rolla til støttesystemet, verknaden av modellar for samarbeid med helsevesenet og andre habilitetsinstansar, kontroll og kvalitetssikring og logopediske tenester for lærlingar og personar som oppheld seg i utlandet.

Gjennom dei kunnskapane og erfaringane som er tileigna gjennom Realkompetanseprosjektet, ligg det no til rette for at vaksne kan få dokumentert realkompetansen sin utan å gå vegen om tradisjonelle prøveordningar. I 2003 vil ein leggje vekt på å setje i verk og utvikle vidare ordningar for dokumentasjon i arbeidslivet og i frivillig sektor, yrkesprøving og ordningar for verdsetjing og avkorting ved inntak til vidaregåande opplæring på grunnlag av realkompetanse. Ein vil sjå desse prosessane i samanheng med realkompetansevurdering i høgre utdanning. Departementet har delegert ansvaret for den faglege oppfølginga og vidare utviklinga av ordningane til VOX. Arbeidet vil skje i tett samarbeid med dei ulike aktørane.

Eit forslag om endringar i opplæringslova om å styrkje ordninga for realkompetansevurdering mot arbeidslivet har vore på offentleg høring. Forslaget går ut på at vaksne som i dag har rett til vidaregåande opplæring, også får rett til realkompetansevurdering med sikte på direkte kvalifisering for arbeid frå 2003. Innvandrarar og registrerte arbeidssøkjjarar er målgrupper.

Opplæring av vaksne må vere tilpassa situasjonen og behovet til den einskilde, derfor står utvikling av kvalitative og fagleg gode undervisningsmodellar og system for rådgiving, rettleiing og informasjon framleis sentralt i Kompetansereforma.

Det administrative og økonomiske ansvaret for Språkprøva i norsk med samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar vil i 2003 bli overført frå Studieforbundet Folkeuniversitetet til Læringssektoret. Departementet ser det som ei vinning å samle ansvaret for og kompetansen knytt til utvikling og gjennomføring av prøver hos ein aktør.

Budsjettforslag for 2003

Budsjettforslaget inneber at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2002.

I samsvar med lov om vaksenopplæring § 24, første ledd punkt 3 med tilhørende forskrifter er det mogleg å gi tilskott til kurs for representantar

for tilsette i arbeidslivet. Det er frå og med 2003 ikkje foreslått øyremerkte midlar til formålet.

Kap. 259 Kompetanseutviklingsprogrammet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	90 576	100 718	60 718
	Sum kap. 259	90 576	100 718	60 718

VOX har operatøransvaret for Kompetanseutviklingsprogrammet og har også nytta kompetanse frå andre fagmiljø ved vurdering av søknader og innstilling til programstyret. Programstyret er sett saman av representantar frå partane i arbeidslivet, Nærings- og handelsdepartementet og Utdannings- og forskningsdepartementet, og avgjer fordeling av midlane i programmet i høve til målsetjingar og føringar som er fastsette i programdokumentet.


Resultatrapport for 2001–02

I 2002 kom det inn 665 søknader, og det vart løyvd midlar til 195 prosjekt. Enkeltverksemdar, kommunar, tilbydarar av utdanning, nettverk av verksemdar, bransjeorganisasjonar, tariffpartar mv. er blant dei som har teke initiativ til opplæringsprosjekt. Det er løyvd midlar til færre prosjekt i år samanlikna med 2001, men dei einskilde prosjekta har fått større støttebeløp. Kompetanseutviklingsprogrammet har ved tildelinga i år prioritert prosjekt som legg til rette for aktiv bruk av arbeidsplassen som læringsarena, og prosjekt der medverknad frå målgruppa ved utvikling av tiltaka har stått sentralt. I to av tre prosjekt som det vart løyvd midlar

til, blir det lagt opp til å integrere IKT og e-læring i opplæringa.

Undervegsevalueringa av programmet konkluderer med at gjennomføringa av programmet er i tråd med dei overordna målsetjingane. Prosjekta reflekterer i stor grad behov i arbeidslivet og er med på å skape og utvikle samarbeidsarenaer mellom dei som tilbyr og dei som ønskjer utdanning. Nye og meir skreddarsydde opplæringstilbod har vorte etablerte, samstundes som eksisterande kurs og utdanning er gjorde meir tilgjengelege lokalt og på arbeidsplassen. For ein del deltakarar har det også resultert i auka formell kompetanse. Meir enn halvparten av prosjekta har som formål å nytte arbeidsplassen som læringsarena. Evalueringa tyder på at opplæring som er nær knytt til arbeidssituasjonen til den einskilde, fungerer betre enn tradisjonell kursverksemd som blir gjort tilgjengeleg på arbeidsplassen. IKT-baserte opplegg utan fysiske samlingar kan vere lite motiverande. Aktørane er godt nøgde med informasjonen frå og samarbeidet med sekretariatet ved VOX. Neste evalueringsrapport vil bli lagd fram våren 2003.

Figur 7.1 nedanfor syner at interessa for å søkje om midlar har auka i privat sektor frå 2001 til 2002. Om lag halvparten av prosjekta det er løyvd midlar til i 2002, er initierte i privat sektor.



Figur 7.1 Søknader om støtte frå Kompetanseutviklingsprogrammet 2001 og 2002 fordelte etter sektor for prosjektsøklar

Resultatmål for 2003

Kompetanseutviklingsprogrammet har som formål å utvikle marknaden for etter- og vidareutdanning gjennom å gi støtte til utviklingsprosjekt som er tilpassa behov i arbeidslivet. Programmet skal medverke til:

- å gjere private og offentlege verksemdar betre i stand til å identifisere, uttrykkje og oppfylle kompetansebehova sine
- å utvikle vidare arenaer for samarbeid mellom aktørar i arbeidslivet og innanfor utdanningssystemet
- å utvikle etter- og vidareutdanning som i større grad er tilpassa behova i arbeidslivet

Undervegsevalueringa av Kompetanseutviklingsprogrammet konkluderer med at liknande opplegg som i dei pågåande prosjekta kan gjennomførast

og medverke til auka kompetanse også i andre verksemdar, men at gode mekanismar for å spreie kunnskap er naudsynt for å få det til. Ein vil derfor i 2003 leggje særleg vekt på å utvikle vidare nettverk på tvers av bransjar og sektorar, på å samle og spreie kunnskap og på merksemd kring gode arbeidsmåtar og metodar for læring i arbeidslivet og å utvikle databasar over verktøy, metodar og modular.

Budsjettforslag for 2003

Av omsyn til det samla budsjettoppdraget blir det foreslått å redusere løyvinga med 40 mill. kroner. Av løyvinga gjeld 35 mill. kroner faseforskyving, jf. handsaminga i Stortinget av Innst.S. nr. 255 (2001-2002) og St.prp. nr. 63 (2001-2002).

Programkategori 07.60 Høgre utdanning

Utgifter under programkategori 07.60 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003	Pst. endr. 02/03
0260	Universitetet i Oslo	2 645 907	2 554 665	2 778 775	8,8
0261	Universitetet i Bergen	1 544 076	1 552 737	1 623 346	4,5
0262	Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet	2 070 595	2 011 902	2 232 589	11,0
0263	Universitetet i Tromsø	891 935	867 846	984 309	13,4
0264	Noregs handelshøgskole	215 872	184 254	211 905	15,0
0265	Arkitekthøgskolen i Oslo	63 929	51 728	75 726	46,4
0268	Noregs idrettshøgskole	103 575	82 625	99 912	20,9
0269	Noregs musikkhøgskole (jf. kap. 3269)	96 832	98 242	113 617	15,7
0270	Studium i utlandet og sosiale formål for elevlar og studentar	399 113	370 887	337 971	-8,9
0273	Statlege kunsthøgskolar (jf. kap. 3273)	164 736	198 804	223 016	12,2
0274	Statlege høgskolar (jf. kap. 3274)	6 292 731	6 111 811	6 575 053	7,6
0278	Noregs landbrukshøgskole	514 659	339 471	414 007	22,0
0279	Noregs veterinærhøgskole (jf. kap. 3279)	242 928	226 583	264 268	16,6
0281	Fellesutgifter for universitet og høgskolar (jf. kap. 3281)	827 489	650 630	830 258	27,6
0282	Privat høgskoleutdanning	398 976	436 021	503 785	15,5
	Sum kategori 07.60	16 473 353	15 738 206	17 268 537	9,7

Budsjettforslaget for kategori 07.60 utgjer om lag 17,3 mrd. kroner. Det er ein auke på 1,5 mrd. kroner i høve til saldert budsjett 2002. Av dette utgjer om lag 354 mill. kroner tekniske endringar, jf. omtale under det einskilde kapitlet.

Av dei tekniske endringane utgjer overgang til nettobudsjettering for 22 høgskolar ein reduksjon i

utgifts- og inntektsløyvinga på kap. 265 og 274 på om lag 331 mill. kroner.

Av dei tekniske endringane utgjer overgang til direkte innbetaling av pensjonsinnskott til Statens pensjonskasse og justering til ny sats ein auke i utgiftsløyvinga på 688,8 mill. kroner.

Dersom ein ser bort frå tekniske endringar, er det ein auke på om lag 7,5 pst. under kategori 07.60 i forslaget til statsbudsjettet for 2003 samanlikna med saldert budsjett for 2002.

Ei hovudprioritering i forslaget til budsjett er om lag 510 mill. kroner til Kvalitetsreforma, ein auke på 220 mill. kroner i høve til midlar som vart

løyva til kvalitetsreform/omstilling i 2002. Budsjettforslaget for 2003 inneber òg ein auke i løyvingane til forskning ved universitet og høøgskolar på 187 mill. kroner. Av omsyn til det samla budsjett-opplegget har Regjeringa ikkje funne rom for å kunne gi startløyving til nye bygg i universitets- og høøgskolesektoren i 2003.

Inntekter under programkategori 07.60 fordelte på kapittel

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003	Pst. endr. 02/03
3264	Noregs handelshøøgskole (jf. kap. 264)	47 080			
3265	Arkitekthøøgskolen i Oslo (jf. kap. 265)	7 305	4 671		-100,0
3268	Noregs idrettshøøgskole (jf. kap. 268)	27 094			
3269	Noregs musikkhøøgskole (jf. kap. 269)	4 442	1 500	1 512	0,8
3273	Statlege kunsthøøgskolar (jf. kap. 273)	7 516	5 792	5 962	2,9
3274	Statlege høøgskolar (jf. kap. 274)	784 604	325 453	4 081	-98,7
3278	Noregs landsbrukshøøgskole (jf. kap. 278)	191 899			
3279	Noregs veterinærhøøgskole (jf. kap. 279)	104 294	81 999	80 023	-2,4
3281	Fellesutgifter for universitet og høøgskolar (jf. kap. 281)	16 679	1 285	1 335	3,9
Sum kategori 07.60		1 190 913	420 700	92 913	-77,9

Budsjettforslaget for kategori 07.60 utgjer 92,9 mill. kroner. Dette er ein reduksjon på 327,8 mill. kroner i høve til saldert budsjett 2002. Av dette utgjer 333,9 mill. kroner tekniske endringar, jf. omtale under det einskilde kapitlet.

Mål: Studentane skal få ei kvalitativt god utdanning som legg til rette for at dei gjennomfører studia på normert tid

Regjeringa har som mål at Noreg skal vere ein leiande kunnskapsnasjon. Ein føresetnad for dette er at ein har eit utdanningssystem som er prega av kvalitet. Eit godt utdanningssystem er kjenne-teikna ved at studieopplegga fremmar læring, modnad og utvikling. Fagleg innhald og gradar må vere organiserte slik at studentane kjem gjennom studieløpa utan unødige opphald og fråfall.

Betre gjennomføringa i studia

Tidsbrukundersøkingar utarbeidde av Norsk institutt for studier av forskning og utdanning (NIFU) syner at mange studentar nyttar få timar i veka på studia. Få krav til aktiv deltaking under studieløpet kombinert med bruk av store eksamenar stimulerer i liten grad til jamn studieaktivitet gjennom studieåret. Det er eit problem at det er svak gjennomføring og store fråfall frå studia. Kvalitetsreforma legg vekt på å ta i bruk nye former for vurdering av studentane, og at studietiminane blir betre nytta. Det er venta at betre oppfølging av studentane og betre studiekvalitet vil auke gjennomstrøyminga. Departementet har innført eit nytt finansierings-system som premierer dei institusjonane som får studentane gjennom studia. Tabellane nedanfor syner studiepoeng per student ved universitet og høøgskolar.

Avlagde studiepoeng per student ved universiteta¹⁾

Institusjon	Studiepoeng per student 1998	Studiepoeng per student 1999	Studiepoeng per student 2000	Studiepoeng per student 2001
Universitetet i Oslo	31,35	32,37	32,22	30,09
Universitetet i Bergen	35,13	33,54	34,17	34,62
Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet	39,87	35,64	36,84	36,87
Universitetet i Tromsø	33,69	33,90	32,94	32,85

¹⁾ 60 studiepoeng svarer til eit års normert studietid. Det er teke utgangspunkt i talet på studentar i haustsemesteret og produksjonen av studiepoeng på årsbasis. Doktorgradsstudentar er ikkje med i talgrunnlaget.

Kjelde: Database for statistikk om høgre utdanning (DBH).

Universiteta har fleire deltidsstudentar enn høgskolane, og dette gir seg utslag i lågare produksjon av studiepoeng per student. Som ein indikasjon på ulikskap i kor stor del av studentane som studerer på heiltid, kan ein nytte tal frå Statens

lånkasse for utdanning over studentar som tek imot studiestøtte. Dersom ein tar omsyn til dette, vil skilnadene mellom institusjonane i avlagde studiepoeng per student bli monaleg lågare.

Avlagde studiepoeng per student ved dei vitenskaplege høgskolane¹⁾

Institusjon	Studiepoeng per student 2000	Studiepoeng per student 2001
Arkitektthøgskolen i Oslo	39,81	40,53
Noregs handelshøgskole	44,91	43,11
Noregs idrettshøgskole	36,87	45,39
Noregs landbrukshøgskole	44,46	42,81
Noregs musikkhøgskole	45,03	39,87
Noregs veterinærhøgskole	46,62	47,49

¹⁾ 60 studiepoeng svarer til eitt års normert studietid. Det er teke utgangspunkt i talet på studentar i haustsemesteret og produksjonen av studiepoeng på årsbasis.

Kjelde: DBH.

Avlagde studiepoeng per student ved dei statlege høgskolane¹⁾

Institusjon	Studiepoeng per student 2000	Studiepoeng per student 2001
Sámi allaskuvla/Samisk høgskole	46,35	47,25
Høgskolen i Agder	46,44	46,05
Høgskolen i Akershus	52,47	48,90
Høgskolen i Bergen	48,18	47,82
Høgskolen i Bodø	42,30	42,45
Høgskolen i Buskerud	47,07	45,87
Høgskolen i Finnmark	38,91	33,60
Høgskolen i Gjøvik	47,04	48,93
Høgskolen i Harstad	39,69	45,27
Høgskolen i Hedmark	50,52	43,23
Høgskolen i Lillehammer	47,67	47,58
Høgskolen i Molde	43,95	45,69
Høgskolen i Narvik	36,63	40,26
Høgskolen i Nesna	42,30	44,91
Høgskolen i Nord-Trøndelag	50,22	46,14
Høgskolen i Oslo	50,19	45,84
Høgskolen i Sogn og Fjordane	49,11	48,21
Høgskolen i Stavanger	43,98	42,18
Høgskolen Stord/Haugesund	46,23	43,29
Høgskolen i Sør-Trøndelag	49,41	51,39
Høgskolen i Telemark	47,79	48,36
Høgskolen i Tromsø	48,00	49,32
Høgskolen i Vestfold	45,48	46,17
Høgskolen i Volda	45,30	55,71
Høgskolen i Østfold	42,54	45,45
Høgskolen i Ålesund	46,80	51,87

¹⁾ 60 studiepoeng svarer til eit års normert studietid. Det er teke utgangspunkt i talet på studentar i haustsemesteret og produksjonen av studiepoeng på årsbasis.

Kjelde: DBH.

Kvalitetsreforma

Hovudelementa i Kvalitetsreforma skal vere på plass seinast hausten 2003. Utdannings- og for-

skingsdepartementet har følgd opp Stortinget si handsaming av St.meld. nr. 27 (2000–2001) Gjør din plikt – Krev din rett Kvalitetsreform av høyere utdanning, jf. Innst. S. nr. 337 (2000–2001). Som ei

oppfølging av denne har departementet lagt fram for Stortinget:

- St.meld. nr. 11 (2001–2002) Kvalitetsreformen Om vurdering av enkelte unntak fra ny gradsstruktur i høyere utdanning, jf. Innst. S. nr. 188 (2001–2002)
- St.meld. nr. 16 (2001–2002) Kvalitetsreformen Om ny lærerutdanning Mangfoldig – krevende – relevant, jf. Innst. S. nr. 262 (2001–2002)
- St.meld. nr. 18 (2001–2002) Kvalitetsreformen Om høyere kunstutdanning, jf. Innst. S. nr. 214 (2001–2002)
- St.meld. nr. 34 (2001–2002) Kvalitetsreformen Om høyere samisk utdanning og forskning
- St.meld. nr. 35 (2001–2002) Kvalitetsreformen Om rekruttering til undervisnings- og forskerstillinger i universitets- og høyskolesektoren
- Ot.prp. nr. 40 (2001–2001) Om lov om endringer i lov om universiteter og høyskoler og lov av 2. juli 1999 nr. 64 om helsepersonell, jf. Innst. O. nr. 58 (2001–2002)
- Ot.prp. nr. 69 (2001–2002) Om lov om endringer i lov 11. juli 1986 nr. 53 om eksamensrett for og statstilskudd til private høyskoler, jf. Innst. O. nr. 71 (2001–2002).

I 2002 vart 290 mill. kroner løyvde for å førebu innføringa av Kvalitetsreforma. Regjeringa foreslår i budsjettet for 2003 å føre vidare desse løyvingane til tiltak som styrker undervisninga. I tillegg foreslår Regjeringa å løyve 221 mill. kroner i statsbudsjettet for 2003. Samla utgjer dette 511 mill. kroner knytte til Kvalitetsreforma i 2003. Midlane skal nyttast til å gjennomføre Kvalitetsreforma og innføre nye og meir faste studieløp, ny gradsstruktur, meir studentaktiv undervisning, nye vurderingsformer og ei generell heving av kvaliteten på studietilboda. Auken i budsjettmidlane til institusjonane i 2003 er fordelte etter avlagde 60-studiepoengseiningar, men med ei vekting på 1,5 for studium på lågare grad ved universiteta sine allmennfakultet. Det er

desse studia som har dei største utfordringane knytte til Kvalitetsreforma. Av løyvingane til Kvalitetsreforma er 2 mill. kroner foreslått nytta til produksjon av lærebøker for blinde og svaksynte studantar. I løyvinga inngår òg ein auke i løyvinga på 11,3 mill. kroner til Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) i 2003, utover budsjettmidlane som blir overførte frå Noregsnettrådet. Løyvinga til Kvalitetsreforma må ein sjå i samanheng med satsinga på forskning. I 2002 vart løyvinga til strategisk prioritert forskning auka med 350 mill. kroner i høve til saldert budsjett 2001. Regjeringa foreslår i statsbudsjettet for 2003 å føre vidare desse løyvingane. Vidare foreslår Regjeringa å kanalisere 1/3 av den auka avkastninga frå forskingsfondet direkte til universitet og høyskolar. Dette inneber ei styrking av budsjetta til universiteta og høyskolane med 89 mill. kroner. Vidare vil 27 mill. kroner av det midlertidige overskottet frå fondsavkastninga på kap. 286 i samband med omlegginga med tippemidlar bli foreslått løyvde til vitskapleg utstyr i universitets- og høyskolesektoren. Av Regjeringa sitt forslag om auka løyvingar til forskning er ytterlegare 71 mill. kroner foreslått løyvde direkte til universitets- og høyskolesektoren. Dette utgjer ein samla auke på 187 mill. kroner til strategisk prioritert forskning i 2003, sjå nærare omtale nedanfor.

Utdanningskapasitet

Regjeringa har som mål at utdanningssystemet skal ha ein kapasitet som gjer det mogleg for den einskilde å realisere sine evner og talent. Etter ein kraftig vekst i talet på studieplassar i 1990-åra er det no etablert ein utdanningskapasitet som gjer det mogleg for meir enn halvparten av årskulla å ta høgare utdanning. Det er no godt samsvar mellom kapasitet og søking totalt sett. Tabellen nedanfor syner utviklinga i måltal for registrerte studantar.

Utviklinga i studentmåltal frå 1992 til 2002¹⁾

1992	1994	1996	1997	1998	1999	2000	2001	2002
144 996	161 698	168 158	169 842	170 070	171 118	168 780	167 763	164 743

¹⁾ Inkluderer studieplassar som det vart gitt tilskott til ved private høyskolar. Studieplassar ved Noregs landbrukshøgskole og Noregs veterinærhøgskole inngår i tala for heile perioden, sjølv om desse først vart overførte til Kyrkje-, utdannings- og forskningsdepartementet med verknad frå og med 1997. I tillegg til studentmåltala i tabellen kjem måltal for eksternt finansierte studantar. I perioden frå 1990 var dette om lag 3 000 studieplassar. For 1999 vart måltalet auka til 5 000 studieplassar, for år 2000 til 6 500 studieplassar og frå 2001 til 7 000 studieplassar.

Frå 2003 går departementet bort frå tidlegare definisjon av studieplassomgrepet som har vore knytt til tal på registrerte studantar. Med det nye

finansieringssystemet vil det vere avlagde 60-studiepoengseiningar som gir uttelling i budsjett, og

som skal nyttast ved opp- og neddimensjonering av studiekapasitet.

Framlegget til budsjett inneber ein samla reduksjon av budsjettramma for universitet og høgskolar på 11,8 mill. kroner knytt til reduksjon av studieplassar. Denne reduksjonen er fordelt med 5,9 mill. kroner til universiteta, og 5,9 mill. kroner til dei statlege høgskolane. Det er foreslått 11,6 mill. kroner til vidareføring av studieplassar og auke av opptak ved prioriterte utdanningar. Det er vidare foreslått omdisponeringar av kapasitet mellom ulike utdanningar. Totalt gir dette ein netoreduksjon i 2003 på 53 studieplassar (60-studiepoengseiningar) ved universiteta og høgskolane. Netto reduksjonar i studieplassar tilsvarande om lag 1 850 60-studiepoengseiningar som vart fordelt

i budsjettet for 2002 får heilårseffekt i 2003 tilsvarande ein budsjettverknad på 16,1 mill. kroner.

I det nye finansieringssystemet for private høgskolar foreslår departementet å gi utteljing for om lag 8 200 60-studiepoengseiningar. I 2002 gir departementet tilskott til omlag 12 000 studieplassar ved private høgskolar. Tala kan ikkje samanliknast direkte, jf. nærare omtale under kap. 282 av nytt finansieringssystem for private høgskolar.

Regjeringa slo i Revidert nasjonalbudsjett for 2002 fast at kapasiteten i tannlegeutdanninga måtte aukast, og skulle komme tilbake til dette i St.prp. nr. 1 (2002–2003), jf. St.prp. nr. 63 (2001–2002) og Innst. S. nr. 255 (2001–2002). Regjeringa foreslår å førebu etableringa eit nytt tannlegestudium ved Universitetet i Tromsø, jf. nærare omtale under kap. 263.

Nøkkeltal for søkning og opptak ved universitet og høgskolar¹⁾

	1996	1997	1998	1999	2000 ²⁾	2001
Tal for søkjarar	101 288	93 172	86 644	82 818	82 483	85 307
Tal for søkjarar 19–24 år i prosent av totalt tal for søkjarar	74,4	73,0	71,8	71,1	68,8	65,7
Tal for kvalifiserte søkjarar	82 294	75 656	70 043	66 581	66 823	66 000
Av desse kvinner (i prosent)	60,2	60,8	60,2	60,0	59,3	59,9
Tal for kvalifiserte søkjarar utan tilbod	12 433	5 272	3 473	2 262	1 958	2 139
Tal for personar møtt til studiestart	45 501	43 651	43 836	43 684	44 605	46 038
Av desse kvinner (i prosent)	58,9	59,8	61,0	61,0	60,2	60,4

¹⁾ I søkjarstatistikken frå Samordna opptak er ikkje Kunsthøgskolen i Bergen, Noregs musikkhøgskole eller høgskolar under andre departement rekna med. Fleire av dei private høgskolane er heller ikkje med i statistikken, men eit klart fleirtal av søkjarane til private høgskolar er med i statistikken.

²⁾ Samordna opptak har endra definisjonen av ein kvalifisert søkjar. Tala for 2000 er difor forskjellige frå tala som vart presenterte i St.prp. nr. 1 (2001–2002). Tala frå 2001 er lagde inn etter den nye definisjonen.

Førebels søkjartal frå Samordna opptak syner at det i 2002 var ein auke på om lag 7,5 pst. samanlikna med 2001. 5 300 søkjarar bad om vurdering på bakgrunn av realkompetanse. Dette er ein nedgang på 11 pst. frå 2001. Det er verdt å merkje seg at auken i søkjartalet for 2002 ikkje kan forklarast med større kull med nittenåringar. Tal frå Statistisk

sentralbyrå syner at talet på nittenåringar vil halde seg stabilt på om lag 54 000 fram til 2005, og deretter auke med om lag 10 000 i perioden 2005 til 2010. Situasjonen på arbeidsmarknaden har stor innverknad for søkninga til universitet og høgskolar.

Oversikt over studenttal 2000–02

	Registrert 2000	Registrert 2001	Måltal 2001	Måltal 2002
Universitet	74 664 ¹⁾	75 213 ²⁾	72 637	70 734
Vitskaplege høgskolar	7 237 ³⁾	7 223 ⁴⁾	6 903	6 915
Kunsthøgskolar	780	813	707	707
Statlege høgskolar ⁵⁾	74 548	75 056	74 974	73 917
Sum universitet og høgskolar	157 229	158 305	155 221	152 273
Private høgskolar, kap. 282	19 498	21 393	12 542	12 470
Sum	176 727	179 698	167 763	164 743
Eksternt finansierte studentar ⁶⁾	5 263	6 043	7 000	7 000

¹⁾ Det var i tillegg registrert 1 047 personar utan studierett ved universiteta.

²⁾ Det var i tillegg registrert 696 personar utan studierett ved universiteta.

³⁾ Det var i tillegg registrert 40 personar utan studierett ved dei vitskaplege høgskolane.

⁴⁾ Det var i tillegg registrert 45 personar utan studierett ved dei vitskaplege høgskolane.

⁵⁾ Studentar på ulike forkurs er ikkje med i tala.

⁶⁾ Eksternt finansierte heiltidsekvivalentar ved statlege høgskolar.

Tabellen ovanfor syner at institusjonane i 2001 totalt sett nådde måltala.

Gjennomføring av Kvalitetsreforma

Rapportering på etatsstyringsmøta viser at dei statlege institusjonane er godt i gang med å realisere dei faglege, økonomiske og organisatoriske elementa i Kvalitetsreforma. Studieprogram blir utvikla, justerte og tilpassa til ny gradsstruktur. Vidare blir det lagt til rette for nye studentaktive lærings- og vurderingsformer. For studentar som alt er i gang med eit studieløp, blir det arbeidd med overgangsordningar og informasjon om nytt gradssystem.

Kvalitetsreforma inneber at det blir innført eit nytt gradssystem som består av den treårige graden bachelor (lågare grad) og den toårige graden master (høgre grad). Nokre utdanningar er haldne utanfor denne modellen i høve til gradstitlar og med omsyn til studielengd.

Svært mange høgskolar, både statlege og private, har ønskt å gå over til nye gradar frå hausten 2002. Alle dei private høgskolane som har søkt om bachelorgraden anten for ei treårig grunnutdanning eller for ei anna treårig samansetjing av studium med eksamensrett, får rett til graden. Fleire av dei private høgskolane har komme langt i arbeidet med å setje i verk dei andre elementa i Kvalitetsreforma.

Fleire universitet og høgskolar er i gang med å utvikle nye studieløp innanfor bachelorgraden. Det er òg utvikla planar for mange nye masterstudium ved statlege høgskolar. Nokre er godkjende for etablering, nokre har fått avslag på fagleg grunnlag, men dei fleste er framleis under vurdering av fagleg sakkjendige.

Departementet har sett i gang arbeidet med nye rammeplanar for lærarutdanningane i samsvar med Stortinget si handsaming av St.meld. nr. 16 (2001–2002), jf. Innst. S. nr. 262 (2001–2002). Det blir mellom anna lagt vekt på å styrkje yrkesrettinga av utdanningane, jf. omtale under kap. 274. Det er viktig at fleire lærarar får både fagleg og pedagogisk utdanning på høgre grads nivå, og at det blir utvikla yrkesretta mastergradar. Utdanningsinstitusjonane må særleg arbeide for å auke talet på lærarar med realfag, språkfag og enkelte yrkesfag. Departementet vil mellom anna utarbeide eit grunnlag for å komme nærare tilbake til ei ordning med avskrivningar av studielån eller tilsvarende ordning for nyutdanna lærarar som har høgre grads utdanning i visse realfag og språk.

Finansiering av Kvalitetsreforma er prioritert av Regjeringa i forslaget til statsbudsjett for 2003, sjå omtale ovanfor. Studentane ved dei private høgskolane blir òg omfatta av Kvalitetsreforma. Det blir derfor foreslått at budsjettmidlane til Kvalitetsreforma blir fordelte også til private høgskolar.

Nytt finansieringssystem for universitet og høgskolar

Frå og med budsjettåret 2002 er det innført eit nytt finansieringssystem for statlege universitet og høgskolar, med unntak for kunsthøgskolane. Det blir mellom anna lagt meir vekt på resultatbasert finansiering. Modellen skil mellom basisfinansiering, undervisningsfinansiering og forskningsfinansiering, sjå omtale i St.prp. nr. 1 (2001–2002). Forskningsfinansieringa er nærare omtalt nedanfor. Talet på 60-studiepoengseiningar og talet på utvekslingsstudentar er grunnlaget for den resultatbaserte undervisningsfinansieringa. For å fange opp forskjellar i undervisningstilboda er studia fordelte på seks ulike kostnadskategoriar. Dei ulike studia er plasserte i dei ulike kategoriane etter ei nøye vurdering. Det er viktig at det nye finansie-

ringssystemet er pårekeleg, og at ein ser verknevene av systemet før ein gjer større endringar. Departementet vil derfor ikkje endre plassering av studium i kostnadskategori før ein har eit betre erfaringsgrunnlag. Departementet vil komme tilbake til dette i samband med forslag til budsjett for 2004. Frå 2004 legg departementet opp til å prisjustere satsane i resultatbasert undervisningsfinansiering.

Tabellane nedanfor viser samla resultatkrav og budsjetteffekt i den resultatbaserte undervisningsfinansieringa for institusjonane for 2003. Når ein ser universitet og høgskolar under eitt, viser tabellen ein samla reduksjon på om lag 12,9 mill. kroner. Sjå elles oversikt over utteljing i både undervisningsfinansieringa og forskningsfinansieringa nedanfor.

Samla resultatkrav og faktiske resultat i 2001

	Resultatkrav 60-studiepoengs- einingar 2001	Faktisk tal på 60-studiepoengs- einingar 2001	Tal på utvekslings- studentar 2000	Tal på utvekslings- studentar 2001
Universitet	39 102	39 380	3 605	3 080
Vitskaplege høgskolar	4 775	4 760	539	628
Statlege høgskolar	58 251	57 720	1 835	1 687
Totalt	102 129	101 860	5 979	5 395

Samla budsjetteffekt i resultatbasert undervisningsfinansiering

	(beløp i 1 000 kroner)		
	Utteljing avlagde studiepoeng	Utteljing utvekslingsstudentar	Sum
Universitet	7 167	-2 625	4 542
Vitskaplege høgskolar	439	445	884
Statlege høgskolar	-17 545	-740	-18 285
Totalt	-9 939	-2 920	-12 859

Departementet har gjennomgått finansieringsordningane for private høgskolar som ei oppfølging av Budsjett-innst.S. nr. 12 (2001–2002). Departementet har utarbeidd eit nytt finansieringssystem for dei private høgskolane som i hovudsak byggjer på prinsippa i finansieringssystemet for dei statlege institusjonane med ei tredelt finansiering, jf. nærare omtale under kap. 282.

Kvalitetssikring

For å sikre gode læringsmiljø prega av høg kvalitet er institusjonane pålagde å evaluere og utvikle kvaliteten i fagtilboda, gjennomgå studieplanane og utvikle nye studieløp.

Noregsnettrådet har gjennomført eit pilotprosjekt for å utvikle og prøve ut eit kvalitetssikringssystem ved fire institusjonar. Dette omfatta eit universitet, ein vitskapleg høgskole, ein statleg og ein

privat høyskole. Prosjektet er evaluert av ein ekstern komité. Det er viktig at alle institusjonar i sitt vidare arbeid med å innføre eit kvalitetssikringssystem dreg nytte av dei erfaringane som er gjorde gjennom pilotprosjektet.

Noregsnettrådet har avslutta institusjonsevalueringa av alle universiteta. Det blir arbeidd med oppfølgingsplanar ved universiteta, og departementet vil følgje opp desse på etatsstyringsmøta.

Institusjonane har i stor utstrekning fått fridom til å etablere nye studium, og dei er pålagde å innføre system for kvalitetssikring av utdanninga. Den reviderte privathøgskolelova gir større faglege fullmakter til privathøgskolar som får institusjonsakkreditering, sjå nærare omtale under kap. 282.

Regjeringa vil frå 1. januar 2003 etablere eit organ for akkreditering og evaluering. Interimsstyret for dette organet, Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT), er oppnemnt. NOKUT vil få i mandat å evaluere systema for kvalitetssikring ved institusjonane, og skal også evaluere studietilbod. NOKUT skal i tillegg akkreditere institusjonar som søkjer om og fyller vilkåra for å endre status, og skal vurdere studietilbod som institusjonen sjølv ikkje har fridom til å opprette.

Eit heilskapleg læringsmiljø

Institusjonane er pålagde å utarbeide handlingsplanar for funksjonshemma studentar. Våren 2003 blir det lagt fram ei stortingsmelding om mål, strategiar og tiltak for funksjonshemma. Det er naturleg at funksjonshemma i høgre utdanning blir ein del av meldinga.

Departementet legg opp til å halde oppe nivået på studentbarnehageplassane i 2003. Sjå kapittel 270 for nærare omtale. Stortinget gjorde i samband med handsaminga av Ot.prp. nr. 40 (2001–2002), jf. Innst. O. nr. 58 (2001–2002), vedtak om at Regjeringa innan utgangen av 2002 skulle komme tilbake med forslag om ei uavhengig offentleg tilsynsordning med sanksjonsmynde som skal sjå til at institusjonane følgjer opp sitt ansvar for læringsmiljøet til studentane. På bakgrunn av Stortinget sitt vedtak har departementet sett i gang eit utgreiingsarbeid, med tanke på å fremme eiga sak om dette spørsmålet for Stortinget.

Det er sett av 2 mill. kroner til ei styrking av støtta til produksjon av lærebøker for blinde og svaksynte, sjå omtale under kap. 326 i budsjettproposisjonen til Kultur- og kyrkjedepartementet.

Rekruttering av minoritetsspråklege studentar og styrking av flerkultural forståing

Institusjonane må arbeide for å rekruttere fleire studentar med minoritetsspråkleg bakgrunn til høgre utdanning generelt og til lærarutdanning spesielt. Ein må leggje til rette for ulike studieløp som kan tene som vidare kvalifisering av minoritetsspråklege som har erfaring frå arbeid i skole og barnehage. Departementet vil prioritere midlar til desse tiltaka og til utvikling av nye studium om flerkulturelle spørsmål.

Mål: Å utføre forskning og utviklingsarbeid av høg kvalitet

Institusjonane må prioritere forskingsvilkår som fører til kvalitet i forskinga, jf. tilrådingane i St.meld. nr. 35 (2001–2002) i høve til organisering og utvikling av forskinga ved universitet og høyskolar. Der vart det lagt vekt på at leiinga ved institusjonane i større grad må fokusere på strategisk utvikling av forskingsmiljøa. Det er derfor naudsynt at institusjonane går gjennom alle ledd i organisasjonen og vurderer kritisk om han er eigna til å oppfylle dei mål og strategiar som institusjonen har fastsett, og som følgjer av dei overordna sektorpolitiske måla.

I arbeidet med å utvikle profilerte forskingsmiljø vil det vere viktig å styrkje den faglege leiinga. Departementet føreset at institusjonane formulerer mål, krav og forventingar til alle leiarar ved institusjonen, og at dei identifiserer dei verke midla som kvar enkelt leiar rår over. Det er eit fagleg leiaransvar å leggje til rette for at forskinga kan gå føre seg i gode forskingsmiljø med fleire samarbeidande forskarar og eventuelt forskarstudentar. Det er også eit fagleg leiaransvar å følgje opp at tilsette oppfyller både undervisningsplikt og forskingsplikt.

I strategisk utvikling av forskingsmiljø vil ein aktiv rekrutterings- og personalpolitikk ha stor verdi, jf. tilrådingane i St.meld. nr. 35 (2001–2002).

Det nye finansieringssystemet for universitet og høyskolar legg opp til resultatbasert fordeling av budsjettmidlane. Institusjonane bør òg utvikle interne resultatbaserte modellar for budsjettfordeling.

Vekst i talet på doktorgradar og krav om auka kvalitet

I Noreg er talet på avslutta doktorgradar meir enn dobla i 1990-åra. Tal frå NIFU syner likevel at veksten i Noreg er den lågaste av dei nordiske landa. Tabellen nedanfor gir ei oversikt over talet på dok-

torgradar per institusjon i Noreg i perioden 1994–2001.

Talet på doktorgradar per institusjon 1994–2001

Institusjon	Avslutta doktorgradar							
	1994	1995	1996	1997	1998	1999	2000	2001
Universitetet i Oslo	155	192	218	242	224	269	229	232
Universitetet i Bergen	113	136	116	100	129	132	125	130
Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet	181	173	172	185	186	207	187	174
Universitetet i Tromsø	42	45	46	39	59	48	51	62
Noregs handelshøgskole	10	12	11	10	19	9	12	11
Noregs idrettshøgskole	2	1	1	4	5	3	2	9
Arkitektshøgskolen i Oslo	1	1	2	0	2	1	3	3
Noregs landbrukshøgskole	32	27	24	35	41	28	32	36
Noregs veterinærhøgskole	12	14	11	9	7	7	8	12
Det teologiske menighetsfakultet	3	1	1	1	5	2	2	4
Handelshøyskolen BI								3
Høgskolen i Stavanger								2
Sum	551	602	602	625	677	706	651	678
Prosentdel kvinner	28	31	34	32	32	38	35	33

Kjelde: Doktorgradsregisteret, Norsk institutt for forskning om utdanning (NIFU). DBH (Database for statistikk om høgre utdanning) for 1998–2001.

Stortinget vedtok i samband med handsaminga av Innst. S. nr. 110 (1999–2000), jf. St.meld. nr. 39 (1998–99) Forskning ved et tidsskille, at veksten i talet på rekrutteringsstillingar i perioden 2001–05 skal vere på minst 150 i dei to første åra, og hevast til minst 200 i dei neste tre åra. I 2001 vart det løyvd midlar til 258 nye stipendiatstillingar, og i 2002 vart det løyvd midlar til ytterlegare 158 stipendiatstillingar.

Trass i veksten i avslutta doktorgradar i 1990-åra kan det på sikt bli mangel på vitenskapleg personell ved universitet og høgskolar. Naturleg aldersavgang kan saman med auka konkurranse om vitenskapleg kvalifisert personale gi eit erstatningsbehov som overstig talet på dei som avsluttar doktorgradar innanfor fleire fagfelt. Ei naudsynt omstilling til eit meir FoU-intensivt næringsliv tilseier også at det er behov for fleire med doktorgrad i privat næringsliv. For å sikre rekrutteringa

av vitenskapleg personale foreslår Regjeringa i St.meld. nr. 35 (2001–2002) at den gjeldande opptrappingsplanen for doktorstipendiatstillingar blir utvida til 350 nye stipendiatar årleg frå 2004 til 2007. Regjeringa har som mål å utdanne 1 100 doktorandar årleg. For å nå dette målet må gjennomstrøyming og fullføringsgrad i forskarutdanninga betrast samtidig som det vert oppretta fleire stipendiatstillingar. Regjeringa foreslår å opprette 200 nye doktorstipendiatstillingar ved universiteta og høgskolane i 2003, sjå nærare omtale nedanfor. I tillegg er det forventa at auka avkastning frå forskingsfondet òg skal føre til ytterlegare nye stipendiatstillingar, jf. kategori 07.70.

Våren 2002 vart det lagt fram ein evalueringsrapport om norsk forskarutdanning som foreslår endringar og tiltak for å betre utdanninga av doktorgradskandidatar. Rapporten er på høring med frist 1. november 2002. På bakgrunn av funna i rap-

porten må institusjonane setje i gang arbeid for å betre gjennomstrøyminga og fullføringsgraden i forskarutdanninga. I det nye finansieringssystemet for universitet og høgskolar gir talet på doktorgradskandidatar økonomisk utteljing.

For å oppnå betre ressursutnytting i norsk forskarutdanning vil departementet leggje vekt på kor gode resultat institusjonane kan vise til når det gjeld gjennomføring ved tildeling av nye doktorstipendiatstillingar. Ei slik vektlegging vil krevje betre kunnskap om gjennomstrøyming og fullføringsgrad for doktorgradsstudentar enn det som

no er tilgjengeleg. Departementet vil derfor opprette eit doktorstudentregister, i samsvar med forslaget i evalueringsrapporten om norsk forskarutdanning frå Noregs forskingsråd.

Forskningsomfang

Tabellen nedanfor syner det samla talet på vitenskapleg tilsette. Mellombels tal frå NIFU syner at dei totale FoU-utgiftene i universitets- og høgskolesektoren i 2001 var på 6,1 mrd. kroner.

Tal på årsverk i vitenskaplege stillingar 2001 (pst. kvinner i parentes)

	Universitet		Vitenskaplege høgskolar		Statlege høgskolar		Kunst-høgskolar		Sum alle institusjonar	
Professor	1 821	(14)	243	(8)	169	(9)	27	(44)	2 260	(13)
Høgskoledosent					47	(15)			47	(15)
Førsteamanuensis/ førstelektor	1 373	(31)	273	(27)	1 277	(25)	26	(33)	2 949	(28)
Amanuensis/ høgskolelektor/ universitetslektor	459	(38)	81	(32)	2 909	(51)	47	(53)	3 496	(49)
Bistillingar	133	(9)	16	(5)	28	(5)	3	(24)	180	(8)
Stipendiatar	1 850	(43)	212	(49)	141	(44)			2 203	(43)
Andre vitenskaplege stillingar ¹⁾	639	(39)	104	(41)	10	(48)			753	(39)
Sum	6 275	(30)	929	(30)	4 581	(41)	103	(44)	11 888	(35)

¹⁾Andre vitenskaplege stillingar omfattar stillingsnemninga «forskar», samt postdoktor.

Kjelde: DBH. Data per 30. september 2001.

Forskningsfinansiering

I samarbeid med universitet og høgskolar arbeider departementet med å utvikle vidare den resultatbaserte forskningsfinansieringa. Desse endringane i finansieringssystemet skal gi insentiv og premiere gode kvantitativt målbare resultat av forskning, til dømes publikasjonar og avlagde doktorgradar. Ein indikator kan òg vere ekstern finansiering som er oppnådd på bakgrunn av ei vurdering av kvaliteten. Bruk av kvantitative indikatorar, til dømes publikasjonar, i finansieringssystemet gir utfordringar knytte til å fange opp ulike fagtradisjonar og kvalitet ved forskinga. Systemet skal gi grunnlag for at institusjonane kan konkurrere på like vilkår, og medverke til langsiktig forskning. Departe-

mentet vil gjennomføre ei vurdering i nært samarbeid med institusjonane.

I budsjettet for 2003 er det forslag om å auke løyvinga til forskning ved universitet og høgskolar med 187 mill. kroner tillegg til forslag om å føre vidare 350 mill. kroner løyvde i 2002, jf. omtale ovanfor. Til universitet og vitenskaplege høgskolar foreslår departementet å løyve 39,3 mill. kroner til 147 nye doktorstipendiatstillinger og 70 mill. kroner i strategiske forskingsmidlar. I budsjettet for 2002 vart det løyvde 15 mill. kroner til eit nytt forskingsprogram under Noregs forskingsråd for statlege høgskolar, og departementet foreslår ytterlegare 15 mill. kroner til forskingsprogrammet i 2003, slik at dette samla får ein storleik på 30 mill. kroner i 2003. I tillegg foreslår departe-

mentet å løyve 10,7 mill. kroner til 40 nye doktorstipendiattstillinger til dei statlege høgskolane. For å opprette ein forskingskomponent i det nye finansieringssystemet for private høgskolar foreslår departementet 10 mill. kroner til private høgskolar, i tillegg til forslag om 2,4 mill. kroner til 9 nye doktorstipendiattstillinger. Til stipendprogrammet for kunstnarleg utviklingsarbeid og Universitetsstudia på Svalbard er det foreslått til saman 4 nye stipendiattstillinger, sjå nærare omtale nedanfor. Regjeringa ønskjer å styrkje FoU-relatert innovasjon. I budsjettforslaget for universitet og høgskolesektoren er det foreslått å løyve 6 mill. kroner til FORNY-programmet og 1,5 mill. kroner til MOBI-programmet (Mobilisering for FoU-relatert innovasjon). Sjå elles nærare omtale under kategori 07.70. Til Artsdatabanken foreslår departementet å auke løyvinga med 4 mill. kroner slik at samla løyving på budsjettet til Utdannings- og forskingsdepartementet er på 6 mill. kroner.

Departementet foreslår å føre vidare 125 mill. kroner til vitenskapleg utstyr til universiteta frå budsjettet for 2002, og at det blir gitt ein ytterlegare auke på til saman 27 mill. kroner i utstyrsmidlar til Noregs landbrukshøgskole og Noregs veterinærhøgskole. Fordelinga av budsjettmidlar til vitenskapleg utstyr må vurderast i samband med dei årlege budsjettforslaga.

Som ei følgje av auka lønns- og pensjonsutgifter er satsane for nye stillingar i 2003 endra til kr 535 000 for stipendiatar og kr 633 000 for postdoktorstillinger.

Sjå elles oversikt over uttøling i både forskingsfinansieringa og undervisningsfinansieringa nedanfor.

Kvinner i forskinga

Regjeringa har som mål å auke talet på kvinner i vitenskaplege stillingar. Sjølv om kvinner utgjer eit fleirtal av studentane, er talet på kvinner i vitenskap-

lege stillingar framleis lågt, jf. tabellen ovanfor. For å få til ei jamnare fordeling av talet på kvinner og menn i desse stillingane sette departementet av budsjettmidlar til 40 nye postdoktorstillinger og 20 nye professorstillinger særskilt for kvinner i 2001. I 2002 vart 10 nye professorstillinger øyremerkte kvinner. Spørsmålet om øyremerking av stillingar for kvinner er i samsvar med EØS-avtala, vil komme opp for EFTA-domstolen i løpet av hausten 2002.

Det er viktig at institusjonane fører ein medvitnen personalpolitikk for å rekruttere kvinner. Vidare er det viktig å kvalifisere kvinnelege tilsette for opprykk. Kvinner med solid førsteamanuensis-kompetanse kan til dømes i ein overgangsfase bli gitt ekstra gode vilkår for forskning for å opparbeide seg professorkompetanse, og det kan vurderast å opprette mentorordningar for kvinner i rekrutteringsstillinger og for einskilde andre grupper.

Institusjonane er pålagde å utarbeide handlingsplanar for likestilling. Desse skal innehalde måltall for kjønnsfordeling og tiltak for å nå måla.

Departementet vil endre regelverket slik at det framgår at doktorgradsstipendiatar har rett til forlenga åremålstilsetjing ved til dømes svangerskapspermisjon.

Departementet vil arbeide for å betre kunnskapsgrunnlaget for arbeidet med likestilling. Noregs forskingsråd har utarbeidd rapporten «Kvinner i forskning», der den sentrale konklusjonen er at likestillingsperspektiv må integrerast i heile verksemda ved institusjonane. Departementet følgjer opp dette, sjå nærare omtale under kategori 07.70.

Tabellen nedanfor gir ei oversikt over avslutta doktorgradar etter fagområde og kjønn i 1993 og 2001. Tabellen syner ein vekst i kvinneandelen når ein ser alle fagområda under eitt, men frå 2000 til 2001 var det ein mindre nedgang i talet på kvinner som avslutta ein doktorgrad, sjå tabell ovanfor.

Doktorgradar etter fagområde og kjønn 1993 og 2001

	Pst. av alle dr. gradar		Pst. kvinner	
	1993	2001	1993	2001
Humaniora	8	12	26	44
Samfunnsvitenskap	12	16	23	37
Matematikk/naturvitenskap	28	26	21	33
Teknologi	25	17	15	15
Medisin	19	22	38	38
Landbruksvitenskap/veterinærmedisin	8	7	46	38
Sum	100	100	25	33

Kjelde: Doktorgradsregisteret, NIFU.

Stipendprogram for kunstnarleg utviklingsarbeid

Saman med institusjonane har departementet oppretta eit stipendprogram for kunstnarleg utviklingsarbeid i tråd med tilrådingane i St.meld. nr. 18 (2001–2002). Programmet skal føre fram til kompetanse som førsteamanuensis på linje med dei organiserte doktorgradsprogramma, og skal vere ope for alle kunst- og musikkfaglege miljø i Noreg. For 2002 vart det løyvd midlar til fire stipend, og departementet foreslår å løyve midlar til 2 nye stipend utover dette i 2003.

Samisk forskning

St.meld. nr. 34 (2001–2002) er til handsaming i Stortinget. Meldinga inneheld framlegg om ei rekkje tiltak for å styrkje samisk utdanning og forskning. Mellom anna blir det foreslått å auke rekrutteringa til samisk forskning ved universitet og høyskolar gjennom Noregs forskingsråd. Det blir òg gjort framlegg om å styrkje Program for samisk forskning i Noregs forskingsråd, og styrkje samarbeidet mellom relevante forskings- og utdanningsinstitusjonar.

Innovasjon

Regjeringa fremma våren 2002 Ot.prp. nr. 67 (2001–2002) med forslag til endringar i lov av 17. april 1970 nr. 21 om retten til oppfinningar som er gjort av arbeidstakere. Proposisjonen er ei oppfølging av St.meld. nr. 39 (1998–1999). I proposisjonen er det fremma forslag om at universitet og høyskolar kan overta retten til økonomisk utnytting av patenterbare oppfinningar som er gjorde av

tilsette ved institusjonen. Samstundes får dei vitenskapleg tilsette ein lovfesta rett til å publisere forskingsresultata sine, sjølv om dette er til hinder for næringsmessig utnytting. Verdiane frå oppfinningane blir delte mellom forskar og institusjon. Forslaga i proposisjonen inneber at ein legg eit større ansvar på utdanningsinstitusjonane for å medverke til at resultat frå forskinga kjem samfunnslivet til gode gjennom kommersialisering. Arbeidet med oppfølging av proposisjonen vil bli sett i samheng med Regjeringa sitt arbeid med ein heilskapleg norsk innovasjonspolitik. Regjeringa foreslår i statsbudsjettet for 2003 midlar til FoU-basert innovasjon over kategori 07.60, jf. ovanfor. Sjå elles omtale under kategori 07.70.

Museum

Universiteta i Noreg har store natur- og kulturmuseumseiningar. Dei vitenskaplege samlingane dannar basis for forskning, undervisning og formidling innanfor mange fagområde. Samlingane dokumenterer natur, kultur og livskåra til menneska gjennom tidene. Nye funn og undersøkingar inneber stadig tilvekst til samlingane. Universitetsmusea er òg viktige dokumentasjonssentre. Som tverrfaglege kompetansesentra skal dei tene samfunnet og andre museum. Dei har eit særleg ansvar for å opplyse allmenta gjennom utstillingar, forelesingar og ved andre formidlingstiltak. Dei kulturhistoriske avdelingane er viktige aktørar i det arkeologiske forvaltningsarbeidet (utgravingar og ivaretaking av kulturminner), medan dei naturhistoriske einingane har ei viktig rolle å spele som artsbankar og miljøarkiv.

Riksrevisjonen gjer for tida ein analyse av fleire statlege museum, blant dei universitetsmusea. Målet er å undersøkje om musea tek vare på og sikrar dei statlege samlingane i samsvar med Stortinget sine vedtak og føresetnader samt faglege normer og statleg regelverk.

Mål: Å styrkje universitet og høgskolar som sjølvstendige lærestader og forskingsinstitusjonar, og utvikle deira evne til å møte behov i samfunnet

Universitet og høgskolar har i dei siste åra fått auka fagleg, økonomisk og organisatorisk fridom. Dette gir institusjonane større handlingsrom til å møte utfordringane i samfunnet og endra behov for utdanning. Departementet er oppteke av å gi universitet og høgskolar fridom til å møte målsetjingane i Kvalitetsreforma, og har tru på at institusjonane sjølv finn dei rette verkemidla for å nå måla. Departementet vil derfor sette færre resultatmål for den einskilde institusjonen, jf. omtale under institusjonskapitla. Det er og viktig for departementet å gi institusjonane auka fridom til å verne om si faglege sjølvstende.

Departementet tildelte frå midten av 90-åra knutepunktfunksjonar til ein del statlege og private høgskolar. Knutepunktfunksjonane vart gitte anten til fagmiljø som var særskilt sterke, eller til studietilbod som var unike i nasjonal samanheng. Målet med desse prosessane var å styrkje samarbeidet og arbeidsdelinga innanfor Noregsnettet. Noregsnettrådet har gjennomført ei evaluering av knutepunktfunksjonane, jf. St.prp. nr. 1 (2001–2002). I evalueringa kom det fram at ordninga ikkje har hatt den ønskede effekten. På grunn av denne evalueringa og i tråd med den auka fridommen for institusjonane ønskjer ikkje departementet å halde oppe ordninga med å tildele knutepunktfunksjonar. Det er likevel svært viktig at institusjonane held fram arbeidet med å utvikle sin eigen profil og definere særskilde satsingsområde, samstundes som dei styrkjer samarbeidet med andre institusjonar om studietilbod og forskning. Departementet vil ta dette temaet opp på dei årlege etatsstyringsmøta med kvar einskild institusjon.

Ny lov for universitet og høgskolar

Lov om universitet og høgskolar fastset rammene for verksemda til dei høgre statlege utdanningsinstitusjonane. Som eit ledd i Kvalitetsreforma vedtok Stortinget sentrale endringar i lova, jf. Innst. O. nr. 58 (2001–2002) og Ot.prp. nr. 40 (2001–2002).

Styret ved institusjonane får mynde til å fastsetje den interne organiseringa ved institusjonen.

Samstundes er lovkravet om at institusjonen skal ha eit råd fjerna. Endringane vil styrkje styret si strategiske rolle og gjere styret sitt ansvar tydelegare. Talet på styremedlemmer skal vere elleve, og talet på eksterne medlemmar blir utvida til fire. Inga einskild gruppe i styret vil ha fleirtal aleine. Etter framlegg frå styret kan departementet fastsetje at rektor skal tilsetjast på åremål. Leiar for avdeling eller grunneining kan veljast eller tilsetjast på åremål.

Institusjonane får rett til å tilsetje i undervisnings- eller forskarstilling på åremål når tilsett ved institusjonen skal ta del i prosjekt. Institusjonane får dermed vidare fullmakter enn tidlegare, og endringa vil gi institusjonane betre omstillingsevne.

Institusjonane får faglege fullmakter til sjølv å opprette og leggje ned fag, emne og emnegrupper som varer inntil tre år på lågare grads nivå. Innanfor område der institusjonane kan tildele doktorgrad, får dei full fridom til å opprette og leggje ned studietilbod på alle nivå. Endringa vil gi institusjonane betre evne til å justere studietilbod til etterspurnaden.

Ny lov for private høgskolar

Departementet foreslo i Ot.prp. nr. 69 (2001–2002) framlegg om endringar også i lovverket for private høgskolar, jf. Innst. O. nr. 71 (2001–2002).

Det blir innført nye rettar og plikter for studentar ved private høgskolar. Dette gjeld mellom anna nye heimlar om høgskolen sitt ansvar for læringsmiljøet til studentane, om studentane sin rett til å opprette studentorgan, om bortvising og utestenging, om krav om politiattest for opptak til enkelte utdanningar og oppretting av klagenemnd. Søknader om eksamensrett vil frå 1. januar 2003 bli handsama og avgjorde av det nye organet for akkreditering og evaluering (NOKUT), jf. ovanfor. Søknader om nye gradar skal rettast til departementet. Det blir frå 1. januar 2003 innført ei ordning med akkreditering av private høgskolar som legg til rette for at private høgskolar kan få ei fagleg eigenforvaltning som er meir på linje med statlege institusjonar.

Felles lov for statlege og private høgre utdanningsinstitusjonar

Stortinget bad i Innst. S. nr. 337 (2001–2002) Regjeringa om å gjere framlegg om ei felles lov for statlege og private høgre utdanningsinstitusjonar. Departementet tek sikte på å setje i gang arbeidet med eit felles lovverk hausten 2002.

Aktivitetskrav for einskilde utdanningar

For å sikre tilgang på visse yrkesgrupper vil departementet framleis stille krav til studiekapasitet ved nokre utdanningar. Aktivitetskrava er knytte til talet på 60-studiepoengseiningar som skal avleggast første år ved dei aktuelle utdanningane, og erstattar tidlegare måltal for registrerte studentar. Ved universiteta blir det sett aktivitetskrav til medisin, farmasi, odontologi, psykologi, tannpleiarutdanning og lærarutdanning. Ved dei statlege høgskolane blir det sett aktivitetskrav til sjukepleiarutdanninga, fysioterapiutdanninga, ergoterapiutdanninga, reseptarutdanninga, bioingeniørutdanninga, radiografutdanninga, audiografiutdanninga, vernepleiarutdanninga, døvetolkutdanninga, tannpleiarutdanninga, tannteknikarutdanninga og lær-

arutdanninga. Innanfor aktivitetskrava til lærarutdanningane ved dei statlege høgskolane legg departementet til grunn at førskolelærarutdanninga blir halden oppe på minst same nivå som tidlegare. Det er òg lagt føringar på opptaksnivået på ingeniørutdanningane. For dei vitskaplege høgskolane blir det ikkje sett aktivitetskrav knytt til einskilde utdanningar, men fagprofilen vil bli diskutert i dei årlege etatstyringssmøta. For kunsthøgskolane vert det framleis sett måltal for registrerte studentar og kandidatar.

Departementet vil årleg vurdere aktivitetskrava, og dei einskilde aktivitetskrava blir fastsette i dei årlege løyvingsbrevane til institusjonane. Tabellen nedanfor syner aktivitetskrav som er fastsette for universitet og statlege høgskolar.

Aktivitetskrav universitet i 2003

Utdanning	60-studiepoengseiningar som skal avleggjast første årstrinn	Studentar tekne opp og møtt til studiestart, gitt vidareføring av studiepoengproduksjon per student
Medisin	505	545
Farmasi	81	100
Odontologi	99	113
Psykologi	195	232
Lærarutdanning	860	1 270
Tannpleiarutdanning	39	46

Aktivitetskrav statlege høgskolar i 2003

Utdanning	60-studiepoengseiningar som skal avleggjast første årstrinn	Studentar tekne opp og møtt til studiestart, gitt vidareføring av studiepoengproduksjon per student
Sjukepleiarutdanning	3 308	3 794
Fysioterapiutdanning	274	303
Ergoterapiutdanning	175	240
Radiografutdanning	143	184
Reseptarutdanning	61	90
Bioingeniør	202	239
Audiografutdanning	31	40

Utdanning	60-studiepoengseiningar som skal avleggjast første årstrinn	Studentar tekne opp og møtt til studiestart, gitt vidareføring av studiepoengproduksjon per student
Vernepleiarutdanning	614	779
Døvetolkutdanning	32	32
Tannpleiarutdanning	8	12
Tannteknikarutdanning	21	30
Lærarutdanning	3 578	4 212

Nettobudsjettering

I 2001 vart universiteta omdanna til nettobudsjetterte institusjonar, medan Noregs handelshøgskole, Noregs landbrukshøgskole, Noregs idretts-høgskole, Høgskolen i Agder, Høgskolen i Bodø, Høgskolen i Oslo og Høgskolen i Stavanger vart omdanna til nettobudsjetterte institusjonar i 2002. Innføringa av nettobudsjettering har gitt desse institusjonane auka fleksibilitet med omsyn til å disponere eigne midlar. Nettobudsjetterte institusjonar får eit statstilskott som er lik differansen mellom brutto utgifter og inntekter. Økonomireglementet for staten og funksjonelle krav til økonomiforvaltninga i staten vil framleis gjelde for desse institusjonane, med dei unntaka som gjeld for nettobudsjetterte institusjonar. I 2002 oppretta departementet ein prosjektorganisasjon for å førebu innføring av nettobudsjettering frå 1. januar 2003 for resten av høgskolane. Departementet foreslår å leggje om ytterlegare 22 høgskolar til nettobudsjetterte institusjonar 1. januar 2003, sjå forslag til vedtak IV nr. 4 og nr. 5. Departementet vil arbeide vidare med sikte på i å innføre nettobudsjettering for Noregs musikkhøgskole, Kunsthøgskolen i Bergen, Kunsthøgskolen i Oslo, Samisk høgskole og Noregs veterinærhøgskole.

Frå 1. januar 2003 skal alle høgskolane, også bruttobudsjetterte institusjonar, betale pensjonsinnskott direkte til Statens pensjonskasse, sjå nærare omtale under dei einskilde kapitla. Arbeids- og administrasjonsdepartementet har frå same dato endra sats for innbetaling av pensjonsinnskott til ein samla sats på 14 pst. Universitet og høgskolar blir i budsjettet for 2003 kompenserte for dette, sjå nærare omtale under det einskilde kapitlet.

I framlegget til budsjettet for 2003 er universiteta kompensert for forventta pris- og lønnsauke. Høgskolane blir kompensert for faktisk endring i lønnsnivå.

Styringsinformasjon

Auka fridom gir auka behov for styringsinformasjon for både institusjonane og styresmaktene. Frischsenteret for samfunnsøkonomisk analyse la i 2001 fram ein rapport om effektivitets- og produktivitetsstudiar ved statlege høgskolar. Slike analysar vil gi departementet og institusjonane betre styringsinformasjon. Ei arbeidsgruppe nedsett av departementet har utarbeidd indikatorar til bruk i effektivitetsanalysar. For å utarbeide slike analysar er det naudsynt at Database for statistikk om høgere utdanning (DBH) vert utvida til å omfatte forskingsindikatorar.

Departementet vil arbeide vidare med effektivitets- og produktivitetsstudiar for universitet og høgskolar for å betre kunnskapsgrunnlaget på dette feltet.

Det er tidlegare gjort ein gjennomgang av økonomien ved dei statlege høgskolane, jf. St.meld. nr. 26 (1998–99) Økonomien i den statlege høgskolesektoren. Departementet vil i 2003 setje i verk ein gjennomgang av økonomien ved universiteta, herunder også utviklinga i bruk av ressursar til administrative formål ved universiteta.

Randsoneverksemd

Som ei oppfølging av Innst. S. nr. 337 (2001–2002) har departementet utarbeidd eit utkast til nytt regelverk for eksternt finansiert verksemd. Forslaget er sendt på høring. Departementet legg opp til at institusjonane skal få auka fridom til å organisere si eksternt finansierte verksemd. Departementet foreslår mellom anna at institusjonane kan skipe aksjeselskap, nytte overskott frå eksternt finansiert verksemd til kapitalinnskott og kjøp av aksjar i aksjeselskap. Sjø forslag til vedtak IV nr. 6. Det er òg forslag om at institusjonane skal få fullmakt til å forvalte statens eigarinteresser i slike selskap. Departementet tek sikte på at nytt regelverk med tilhørande fullmakter kan tre i kraft frå 1. januar 2003.

Desentralisert utdanning

Desentraliserte studietilbud er eit viktig supplement til den ordinære drifta ved universitet og høgskolar. Regjeringa sitt utgangspunkt er at den statlege finansieringa av desentralisert utdanning skal skje gjennom høgskolane og universiteta. Ein av føresetnadene for desentralisert utdanning er at slike tilbod skal vere mellombels av di det lokale behovet for studietilbud vil variere over tid. Organisering av desentralisert utdanning bør vere gjenstand for forhandlingar mellom lokale eller regionale aktørar og aktuelle universitets- eller høgskoleinstitusjonar. I statsbudsjettet for 2002 vart det fordelt 36,2 mill. kroner, der 6,2 mill. kroner blir stilt til disposisjon frå Helsedepartementet, til delvis dekning av meirkostnadene høgskolane har ved desentraliserte tilbod. Utdannings- og forskningsdepartementet vil føre vidare løyvinga på 30 mill. kroner i 2003. Denne løyvinga omfattar òg studietilbud som høgskolane gir i samarbeid med lokale studiesenter.

Mål: Å leggje til rette for auka internasjonalt samarbeid

Internasjonalt utdannings- og forskningssamarbeid er viktige verkemiddel for å sikre at norsk utdanning og forskning held god kvalitet i internasjonal samanheng. Internasjonalisering av høgere utdanning er òg viktig for å sikre at dei uteksaminerte kandidatane er kvalifiserte for å møte eit stadig meir internasjonalt samfunns- og arbeidsliv. Innanfor utdanningssamarbeidet er studentutveksling det mest brukte verkemidlet. Det er sentralt for å sikre at internasjonal kompetanse skal komme både studentar og institusjon til gode. Gjennom det nye finansieringssystemet vil universitet og høgskolar få kr 5 000 per utvekslingsstudent, for både ut- og innreisande studentar. Det er eit mål at fleire studentar nyttar seg av ordninga med studentutveksling.

Totalt tal på innreisande og utreisande utvekslingsstudentar ved norske lærestader 2001¹⁾

	ERASMUS/ SOKRATES	NORDPLUS	Bilaterale avtalar	Andre program	Totalt
Sum innreisande	918	307	214	567	2 006
Sum utreisande	984	239	564	855	2 642

¹⁾ Kvinner utgjer om lag halvparten av dei innreisande studentane, og om lag 2/3 av dei utreisande studentane.

Kjelde: DBH

Tabellen ovanfor syner at Noreg har fleire utreisande enn innreisande studentar. Det er ønskeleg med fleire innreisande studentar. Institusjonane må bruke utdanningsprogramma SOKRATES, LEONARDO DA VINCI og NORDPLUS meir aktivt. Talet på utreisande SOKRATES-ERASMUS-studentar må auke til om lag 1 500 per år for at Noreg skal komme opp på gjennomsnittleg EUnivå. Dette bør vere ei realistisk målsetjing i 2003.

For å følgje opp ambisjonane om auka internasjonalisering i St.meld. nr. 27 (2000–2001) må universitet og høgskolar utarbeide internasjonale strategiar med mål som kan etterprøvast. I samband med kvalitetsreforma har ei arbeidsgruppe utarbeidd ein rapport om internasjonal strategi i høgere utdanning. Rapporten er no på høring med frist 1. november 2002.

I samband med innføringa av ny gradsstruktur må det på alle studium bli lagt til rette for at eit delstudium i utlandet på minimum tre månader naturleg kan gå inn i graden utan tap av tid for studenten. Alle institusjonane skal tilby studentar som ønskjer

det, eit studieopphald i utlandet som del av eit gradsstudium. Innpassingssystemet ECTS (European Credit Transfer System) skal nyttast. Institusjonane må utarbeide gjensidig bindande utvekslingsavtalar med utanlandske universitet og høgskolar, og bruke eksisterande avtalar meir aktivt.

For å følgje opp Lisboa-konvensjonen om godkjenning av kvalifikasjonar frå høgere utdanning i Europaregionen må institusjonane innføre vitnemålstillegget «Diploma supplement» (DS). Fristen for dette er utgangen av 2002. DS er eit verkemiddel i oppfølginga av Bologna-prosessen.

Gode støtteordningar gjennom Statens lånekasse for utdanning gjer norske studentar attraktive på den internasjonale utdanningsmarknaden, og Noreg har mange studentar som tek heile graden i utlandet samanlikna med andre land. Tabellen nedanfor viser utviklinga i talet på norske studentar som fekk støtte gjennom Statens lånekasse for utdanning for studium i utlandet som gir kompetanse for yrkesutøving eller vidare studium i Noreg, sjå omtale under kategori 07.80.

Tal for norske studentar i utlandet som tek imot støtte gjennom Statens lånekasse for utdanning

	1994/95	1995/96	1996/97	1997/98	1998/99	1999/2000	2000/01	2001/02
Europa	5 999	7 042	8 513	8 704	10 012	10 218	9 574	9 353
USA/Canada	2 126	2 099	2 137	2 209	2 120	1 972	1 848	1 669
Oseania ¹⁾					1 062	2 055	3 168	3 854
Andre land	95	168	396	717	159 ²⁾	190 ³⁾	155 ⁴⁾	162 ⁶⁾
Sum	8 220	9 309	11 046	11 630	13 353	14 435	14 745 ⁵⁾	15 038 ⁷⁾

¹⁾ Frå 1998/99 er Oseania skilt ut i eiga rad.

²⁾ Av desse er det 41 studentar i Sør-Amerika, 71 i Asia og 47 i Afrika.

³⁾ Av desse er det 53 studentar i Sør- og Mellom-Amerika, 87 i Asia og 50 i Afrika.

⁴⁾ Av desse er det 58 studentar i Sør- og Mellom-Amerika, 60 i Asia og 37 i Afrika.

⁵⁾ I tillegg tek 4 673 studentar imot støtte til delstudium.

⁶⁾ Av desse er det 63 studentar i Sør- og Mellom-Amerika, 57 i Asia og 42 i Afrika.

⁷⁾ I tillegg tek 4 700 studentar imot støtte til delstudium.

Kjelde: Statens lånekasse for utdanning

I dag er om lag to tredelar av studentane som tek heile gradsstudium, og rundt halvparten av studentane som tek delstudium i utlandet, ved engelskspråklege institusjonar. Departementet ønskjer spreing av utanlandsstudentane på land, fag og språkområde.

Utveksling av fagleg personale for forskning, undervisning og anna utdanningssamarbeid er også viktige verkemiddel for å styrkje internasjonaliseringa og sikre kvaliteten i det faglege arbeidet ved universiteta og høgskolane. Internasjonalt forskningssamarbeid skjer i stor grad gjennom uformelle kontaktar og nettverk mellom personar og mellom miljø. Det er derfor viktig at institusjonane legg til rette for at unge forskarar tidleg i karrieren knyter internasjonale kontaktar, og at utanlandske forskarar kan opphalde seg på institusjonane i kortare eller lengre periodar.

Institusjonane har eit omfattande samarbeid gjennom internasjonale organisasjonar, større internasjonale fellessatsingar og program, og gjennom bilaterale avtalar. Det har vore jamt over god deltaking frå norske universitet, høgskolar og forskingsinstitutt i EU sitt femte rammeprogram for forskning og utvikling (1999–2002). Norske institusjonar har markert seg særleg innanfor fag som marin forskning, klimaforskning og sosioøkonomiske aktivitetar. EU-kommisjonen tok i januar 2000 initiativet til eit integrert europeisk forskingsområde, European Research Area (ERA). Institusjonane blir oppmoda til å nytte dei opningane som ligg i det europeiske samarbeidet.

Noreg tek del i fleire internasjonale fellessatsingar innanfor grunnforskning, t.d. EMBL, som utfører avansert forskning innanfor molekylærbiologi og bioteknologi, det europeiske synkrotronstrålingsanlegget (ESRF), det europeiske senteret for kjernefysikk (CERN) og det internasjonale byrået for kreftforskning (IARC). Departementet oppfordrar institusjonane til å utnytte slike satsingar betre, jf. omtale under kategori 07.70.

Oppsummering av løyvingforslag til institusjonane

For sektoren samla er storleiken på både basiskomponenten og forskingskomponenten auka samanlikna med fordelinga i budsjettet for 2002. Basisløyvinga til institusjonane er auka som følgje av ei satsing på Kvalitetsreforma i budsjettet for 2003. Til saman er det foreslått løyvd om lag 500 mill. kroner over budsjettet til institusjonane til tiltaket i budsjettet for 2003. Forskingsløyvinga er òg auka som følgje av ein auke i strategiske forskingsmidlar i budsjettet for 2003. Dei strategiske forskingsmidlane som vart løyvd i 2002, er førte vidare. Som følgje av resultatata i den resultatbaserte forskingskomponenten er det gjort ei mindre omfordeling mellom institusjonane. Undervisningskomponenten er noko redusert. Dette har årsak i at institusjonane totalt sett har produsert mindre 60-studiepoengseiningar og har eit lågare tal på utvekslingsstudentar enn resultatkravet for 2001. Satsane er heller ikkje prisjusterte i budsjettet for 2003.

Samla oversikt over budsjettforslag for 2003 fordelt på komponentane i finansieringssystemet

(i 1 000 kroner)

Institusjon	Undervisning		Forskning			Totalt ¹⁾	Tal på 60-studie-poengs-einingar finansiert i basis
	Studie-poeng	Utvekslings-studentar	Strategisk	RBO	Basis-løyving		
Universitetet i Oslo	555 792	3 735	386 733	275 536	1 556 978	2 778 775	15 739
Universitetet i Bergen	349 975	3 550	214 817	160 023	894 982	1 623 346	8 411
Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet	423 101	6 730	229 221	210 775	1 362 763	2 232 589	11 256
Universitetet i Tromsø	134 234	1 385	115 066	79 630	653 993	984 309	3 005
Noregs handelshøgskole	54 986	1 835	28 758	16 973	109 354	211 905	1 880
Arkitekthøgskolen i Oslo	17 705	240	3 965	3 570	50 246	75 726	209
Noregs idrettshøgskole	13 980	140	13 304	6 299	66 189	99 912	437
Noregs musikkhøgskole	23 604	310	4 333	5 248	78 610	112 105	351
Høgskolen i Agder	143 301	1 070	8 145	26 739	373 273	552 527	4 594
Høgskolen i Akershus	53 407	50	1 680	6 341	150 402	211 880	1 739
Høgskolen i Bergen	111 312	395	4 033	16 010	258 952	390 701	3 575
Høgskolen i Bodø	75 330	470	8 650	14 645	189 739	288 834	2 530
Høgskolen i Buskerud	44 322	15	3 798	10 372	120 949	179 456	1 644
Høgskolen i Finnmark	30 825	215	738	7 884	121 552	161 213	993
Høgskolen i Gjøvik	30 292	10	2 150	4 601	88 525	125 579	1 061
Høgskolen i Harstad	21 174	135	1 209	2 579	65 969	91 066	674
Høgskolen i Hedmark	74 059	195	3 359	10 869	187 687	276 169	2 747
Høgskolen i Lillehammer	37 061	190	4 065	12 175	111 953	165 444	1 409
Høgskolen i Molde	29 375	175	2 418	4 162	73 400	109 530	1 053
Høgskolen i Narvik	20 945	505	2 856	5 653	102 647	132 607	598
Høgskolen i Nesna	22 070	40	1 647	2 898	55 949	82 604	600
Høgskolen i Nord-Trøndelag	61 794	0	3 295	10 638	176 828	252 555	2 149
Høgskolen i Oslo	179 742	1 655	5 071	27 989	505 816	720 272	6 757
Høgskolen i Sogn og Fjordane	53 609	85	1 444	9 197	129 333	193 668	1 809
Høgskolen i Stavanger	126 651	325	8 819	28 708	344 842	509 344	4 398

(i 1 000 kroner)

Institusjon	Undervisning		Forskning			Totalt ¹⁾	
	Studie- poeng	Utveks- lings- studentar	Strategisk	RBO	Basis- løyving	Tal på 60- studie- poengs- einingar finansiert i basis	
Høgskolen Stord/ Haugesund	41 524	45	2 150	10 962	120 910	175 591	1 547
Høgskolen i Sør- Trøndelag	141 126	490	3 627	17 935	295 867	459 045	4 802
Høgskolen i Telemark	87 395	425	5 242	16 680	252 124	361 865	3 385
Høgskolen i Tromsø	61 693	340	1 476	7 504	140 110	211 123	1 763
Høgskolen i Vestfold	60 633	215	3 092	11 688	155 782	231 409	2 044
Høgskolen i Volda	50 681	565	3 092	8 302	112 267	174 906	1 686
Høgskolen i Østfold	81 934	640	2 386	12 993	198 810	296 762	2 578
Høgskolen i Ålesund	28 399	155	1 647	3 717	79 644	113 562	863
Samisk høgskole	2 808	30	2 150	1 299	21 766	28 053	93
Noregs landbruks- høgskole	77 377	505	63 766	43 333	229 027	414 008	1 637
Noregs veterinærhøgskole	26 528	110	32 806	17 540	107 260	184 245	273
Sum totalt	3 348 744	26 975	1 181 005	1 111 467	9 544 496	15 212 687	100 287

¹⁾ Innehold postane 01, 21 og 45 korrigerert for inntektsløyving, og post 50.

Kap. 260 Universitetet i Oslo

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap		Forslag 2003
		2001	Saldert budsjett 2002	
50	Statstilskott	2 605 907	2 554 665	2 778 775
70	Tilskott til Senter for studium av Holocaust og livssynsminoritetane si stilling i Noreg	40 000		
	Sum kap. 260	2 645 907	2 554 665	2 778 775

I høve til 2002 er det gjort m.a. desse tekniske endringane:

- Budsjettramma er oppjustert med om lag 52,6 mill. kroner til å dekkje utgifter til Statens pensjonskasse.
- Budsjettramma er oppjustert med 13,2 mill. kroner i samband med at det er foreslått å leggje forvaltninga av tilskottet til Universitetsstudia

på Kjeller (UNIK) til Universitetet i Oslo, sjå omtale under kap. 281.

- Budsjettramma er oppjustert med 2,1 mill. kroner i samband med overføring av driftsmidlar til Senter for universitets- og høgskoleutdanning (Caen) til Universitetet i Oslo, sjå kap. 270 post 71 og kap. 274 post 01.

Resultatrapport for 2001–02*Studentar og kandidatar i 2001*

	Opptak 2001	Registrerte studentar 2001	Uteksaminerte kandidatar 2001		
			Lågare grad ²⁾	Hovudfag/ profesjon	Doktorgrad
Det medisinske fakultet	351	2 342	77	258	69
<i>(Av desse profesjonsstudium medisin)</i>	<i>(209)</i>	<i>(1 064)</i>		<i>(181)</i>	
Det odontologiske fakultet	106	396		47	3
<i>(Av desse profesjonsstudium odontologi)</i>	<i>(69)</i>	<i>(289)</i>		<i>(47)</i>	
Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet	1 868	5 214	1 349	324	80
<i>(Av desse farmasi)</i>	<i>(74)</i>	<i>(281)</i>		<i>(47)</i>	
Det historisk-filosofiske fakultet	2 469	6 471	2 249	357	32
Det samfunnsvitenskapelige fakultet	2 164	5 648	1 654	377	32
<i>(Av desse profesjonsutdanning psykologi)</i>	<i>(78)</i>	<i>(435)</i>		<i>(88)</i>	
Det juridiske fakultet	1 992	3 846	1 068	470	2
Det utdanningsvitenskapelige fakultet	1 486	2 340	662	150	10
<i>(Av desse praktisk-pedagogisk utdanning)</i>	<i>(379)</i>	<i>(360)</i>	<i>(229)</i>		
Det teologiske fakultet	226	385	54	31	4
Examen philosophicum	910	5 226	1 603		
Anna	59	72	12		
Sum	11 631	31 940¹⁾	8 728³⁾	2 014	232

¹⁾ Av desse er det 58,7 pst. kvinner. I tillegg er det registrert 417 personar utan studierett, samt 11 "Andre" studentar (norsk for utanlandske studentar).

²⁾ Avlagde årseksamenar (60-studiepoengseiningar) på lågare grad. Personar som har bestått same eksamen tidlegare (gjentak), og personar utan studierett er ikkje med.

³⁾ I tillegg er det avlagt 204 årseksamenar av personar utan studierett på lågare grad.

Kjelde: DBH.

For 2001 vart det sett måltal for registrerte studentar og kandidatar, jf. St.prp. nr. 1 (2001–2002). Universitetet i Oslo nådde ikkje målalet for regis-

trerte studentar i 2001. For dei spesifiserte måltala for profesjonsutdanningane var det berre psykologistudiet som oppfylte målalet for registrerte stu-

dentar. Gjennomføringsgraden for studentane er framleis låg, og i 2001 var gjennomsnittlege studiepoeng per student 30,09.

Frå og med budsjettet for 2002 vart det innført eit nytt finansieringssystem for universiteta og

høgskolane. Tabellen nedanfor syner resultatkravet og faktisk resultat i 2001 for Universitetet i Oslo i den resultatbaserte undervisningsfinansieringa, sjå omtale av finansieringssystemet under kategoriomtalen.

Resultatkrav og faktiske resultat i 2001

Resultatkrav 60-studiepoengseiningar 2001	Faktisk tal på 60-studiepoengseiningar 2001	Tal på utvekslingsstudentar 2000	Tal på utvekslingsstudentar 2001
16 117	15 182	1 175	747

Forskning

Universitetet i Oslo er ein breiddeinstitusjon med utdanningstilbod og forskingsaktivitet innanfor eit stort spekter av fagområde. Samstundes har universitetet i 2001 prioritert arbeidet med å utvikle ein klar profil med satsing på faglege spissmiljø. Dei store satsingane på forskning innanfor eininga for molekylærbiologi, bioteknologi og bioinformattikk (EMBIO), strategisk samarbeid og nasjonal satsing innanfor funksjonelle materiale (FUNMAT) og den tverrfaglege satsinga på etikkprosjektet vart starta opp i 2001. I tillegg hadde univer-

sitetet frå før følgt opp den nasjonale satsinga på funksjonell genomforskning (FUGE). I 2002 fekk tre forskingsmiljø ved Universitetet i Oslo status som Senter for framifrå forskning. Vidare utvikling av desse miljøa er eit viktig ledd i forskingsstrategien ved universitetet. Fleire av forskarane tek del internasjonalt, gjennom forskingsprosjekt, på konferansar, gjennom publiseringar m.m. I 2001 vart det mellom anna starta opp 12 nye prosjekt innanfor Nasjonalt program for utviklingsrelatert forskning og utdanning (NUFU-programmet) og 24 nye EU-finansierte prosjekt.

Vitskaplege publikasjonar 1997–2001

	1997	1998	1999	2000	2001
Artiklar i internasjonale vitskaplege tidsskrift	2 470	2 226	2 099	2 008	1 883
Artiklar i nasjonale vitskaplege tidsskrift	913	742	682	604	382
Faglege bøker/lærebøker	285	299	257	579	231
Kapittel i faglege bøker/lærebøker	1 021	1 149	799	768	909
Totalt	4 689	4 416	3 837	3 959	3 405

Samla tal på publikasjonar har gått ned i perioden 1997 til 2001 i alle kategoriar. Talet på publikasjonar per vitskapleg årsverk har òg gått ned i perioden.

Undervisning

Universitetet i Oslo er godt i gang med å setje i verk Kvalitetsreforma. Det fakultetsvise arbeidet med å utvikle nye studieprogram og arbeidet med

å finne alternativ organisering av forskning er særleg prioriterte område.

Sluttrapporten frå den sentrale arbeidsgruppa for studie kvalitet ved Universitetet i Oslo vart lagd fram i 2001. Noregsnettrådet har, etter oppdrag frå departementet, gjennomført ei evaluering av universitetet. Universitetet har òg vore gjennom ei intern evaluering som la grunnlaget for ei ekstern evaluering av heile institusjonen. Desse prosessane har vist at universitetet står overfor store

utfordringar når det gjeld kvaliteten på både undervisning og forskning. Vidare kom det fram at universitetet ikkje brukar kompetansen innanfor distanse- og e-læring på ein tilfredsstillande måte, og at randsona må utnyttast betre. Universitetet vil utvikle eit system for kvalitetssikring basert på analysane og tilrådingane som kom fram i den interne evalueringa. Universitetet har eit ambisiøst mål om å bli eit av dei beste universiteta i Europa når det gjeld studiekvalitet og læringsmiljø. For å stimulere dei ulike fagmiljøa til å nå dette målet har universitetet arbeidd med å innføre ein intern resultatbasert finansieringsmodell.

Det medisinske fakultet vann i 2001 departementet sin kvalitetspris for den nye studiemodellen Oslo 96.

Universitetet har prioritert fysisk tilrettelegging for funksjonshemma studentar. Dette har truleg ført til at fleire funksjonshemma søker seg til institusjonen.

Endring i studieplassar i 2002

I statsbudsjettet for 2002 vart det vedteke å redusere talet på studieplassar på lågare grad ved allmennfakulteta med 2 152 studieplassar. Reduksjonen ved Universitetet i Oslo var på 1 115 studieplassar. Det vart lagt inn midlar til å føre vidare det auka opptaket i medisin, psykologi og farmasi på høvesvis 30, 16 og 8 studieplassar. Vidare vart det oppretta ti studieplassar i tolkeutdanninga frå hausten 2002.

Formidling

Universitetet i Oslo legg vekt på å formidle forskingsresultat til ulike interessegrupper og til publikum. Dette skjer på ulike måtar gjennom publisering i vitenskaplege tidsskrift, bøker, populærvitenskaplege forelesingar og opne arrangement, museumsverksemd og utstillingar. Dei vitenskapleg tilsette tek òg del i offentlege debattar i ulike media.

Universitetets kulturhistoriske museer (UKM), med Historisk museum og Vikingskiphuset, er Noregs mest besøkte museum. Dei hadde til saman 472 770 besøkjande i 2001. Samlingane skal tenne som basis for forskning, undervisning og formidling. Innanfor sine fagfelt skal museet ha nasjonal og internasjonal spisskompetanse. UKM har utarbeidd ein langtidsplan for verksemda for 2001–10. Sentralt i arbeidet til museet står bevaring og sikring av samlingane. Dette arbeidet er nedfelt i ein lokal plan for registrering, bevaring og revitalisering av museumssamlingar (REVITA-plan). Denne er planlagt starta opp i 2003.

Universitetets naturhistoriske museer og botaniske hage (UNM) er landets største arkiv for botaniske, zoologiske og geologiske data. Samlinga på om lag 6,2 millionar gjenstandar utgjer om lag 60 pst. av naturhistoriske samlingsmateriale i Noreg. I tillegg kjem dei levande samlingane i botanisk hage. Besøkstalet ved Geologisk og Zoologisk museum auka med 33 000 til 176 000 frå 2000 til 2001. Talet på besøkjande i Botanisk hage er vurdert til å vere omlag 300 000.

Resultatmål for 2003

Universitetet i Oslo skal innan hausten 2003 gjennomføre Kvalitetsreforma. Universitetet må gjere seg nytte av dei fullmaktene som er delegerte til å møte krav til fagleg kvalitet, fleksibilitet og omstilling i ei tid da konkurransen på utdannings- og forskingsområdet blir stadig sterkare, både nasjonalt og internasjonalt.

Institusjonen må føre vidare og auke sitt samarbeid med andre delar av samfunnet, vere lydhør for behov frå arbeids- og næringsliv når det gjeld forskning og halde fram med å utvikle gode etter- og vidareutdanningstilbod i tråd med intensjonane i Kompetansereforma.

Universitetet må styrkje den faglege leiinga av forskingsarbeidet og leggje vekt på rekruttering og kompetanseheving av det faglege personalet, særleg av kvinner. Universitetet bør prioritere ressursar til betring av forskingsvilkår og kvalitet i forskinga. Resultat i forskinga bør leggjast til grunn for tildeling av forskingsmidlar.

Universitetet må styrkje den langsiktige strategiske forskinga og framleis arbeide for å fremme spesialisering og konsentrasjon på område der institusjonen har særlege føresetnader.

Universitetet må halde oppe eit høgt aktivitetsnivå når det gjeld student- og forskarutveksling og anna internasjonalt samarbeid. Fleire gjensidig bindande utvekslingsavtalar med institusjonar i utlandet er nødvendig.

Universitetet må utnytte studiekapasiteten det har løyving for.

Budsjettforslag for 2003

Løyvinga under post 50 skal dekkje driftsutgifter, større utstyrskjøp, bygg og vedlikehald, kjøp av eigedom og refusjon for bruk av sjukehus.

For å styrkje undervisninga ved Universitetet i Oslo i samsvar med tiltaka i Kvalitetsreforma er det i budsjettet for 2003 foreslått 124,3 mill. kroner. Av desse er 89,2 mill. kroner ført vidare frå budsjettet for 2002.

I budsjettet for 2002 vart budsjetttramma til Universitetet i Oslo auka med 23 mill. kroner til strategisk prioritert forskning. Desse midlane er førte vidare i 2003. Regjeringa foreslår ein ytterlegare auke på 24 mill. kroner, totalt 47 mill. kroner, som ein del av den strategiske forskingsløyvinga, jf. kategoriomtalen. Løyvinga skal nyttast til konsentrerte strategiske satsingar innanfor forskings- og utviklingsarbeid i tråd med dei måla og strategiane som gjeld ved universitetet.

I samband med opptrappingsplanen for stipendiatstillingar foreslår Regjeringa å opprette 200 nye doktorgradsstipendiatstillingar i 2003, jf. kategoriomtalen. Midlar til 53 stipendiatstillingar er foreslått lagde inn i budsjetttramma til Universitetet i Oslo med verknad frå hausten 2003.

Regjeringa foreslår ei løyving på 1 mill. kroner til Senter for studium av holocaust- og livssynsminoritetars stilling i Noreg. Midlane til Holocaustsenteret er overførte frå kap. 281 post 01, jf. omtale under denne posten. Regjeringa tek sikte på å gradvis auke tilskottet til Holocaustsenteret fram til stiftelsen kan flytte inn i Villa Grande.

Universitetet i Oslo får ein budsjettreduksjon på 29 mill. kroner etter at talet på avlagde 60-studiepoengseiningar er redusert med 935 i høve til resultatkravet for 2001. Vidare er talet på utvekslingsstudentar redusert med 428 i høve til 2000, jf. tabellen nedanfor. Sjå elles omtale av finansierings-systemet under kategoriomtalen.

Resultatbasert løyving

(i kroner)

Utteljing kategori A	Utteljing kategori B	Utteljing kategori C	Utteljing kategori D	Utteljing kategori E	Utteljing kategori F	Utteljing utvekslingsstudentar	Sum
3 988 320	-1 944 000	-2 179 200	-15 944 220	705 718	-11 631 702	-2 140 000	-29 145 084

I budsjetttramma er det lagt inn til saman 27,7 mill. kroner i samband med gjenoppretting av medisnutdanninga ved Akershus Universitetssykehus. Dette er ein auke på 5,7 mill. kroner frå 2002. I tillegg til midlar til bygg inkluderer dette òg driftsmidlar og midlar til vitenskapleg utstyr.

I budsjettet for 2002 vart talet på studieplassar redusert med 1 115 ved allmennfakulteta på lågare grad ved Universitetet i Oslo. Det er lagt inn heilårsverknad for 2003.

Regjeringa foreslår ein reduksjon av budsjetttramma for universitetet og høgskolar på 11,8 mill. kroner knytt til reduksjon av studieplassar. Denne reduksjonen er fordelt med 5,9 mill. kroner til universiteta og 5,9 mill. kroner til dei statlege høgskolane. Reduksjonen ved Universitetet i Oslo utgjer 120 studieplassar (60-studiepoengseiningar).

I budsjetttramma er det lagt inn midlar til heilårseffekt og vidareføring av auka opptak knytte til 28 studieplassar i medisin og 13 studieplassar i psy-

kologi. Det er òg lagt inn midlar til heilårseffekt av åtte studieplassar i farmasi og ni studieplassar ved tolkeutdanninga.

Det er på kap. 1580 post 31 foreslått å løyve 44,4 mill. kroner og ei risikoavsetjing på 4,3 mill. kroner til vidareføring av byggeprosjektet ved Urbygningen og deler av Midtbygningen i 2003, jf. omtale i budsjettet for Arbeids- og administrasjonsdepartementet. Det er i budsjetttramma foreslått lagt inn til saman 12,7 mill. kroner til utstyrskjøp til bygget. Dette er ein auke på 2,7 mill. kroner frå 2002.

Universitetet i Oslo kan nytte inntekter frå sal av eigedommar til kjøp, vedlikehald og bygging av andre lokale til undervisnings- og forskingsformål ved universitetet, sjå forslag til vedtak II nr. 3.

Utdannings- og forskningsdepartementet kan gi Universitetet i Oslo utvida fullmakter i høve til eksternt finansiert verksemd, sjå forslag til vedtak IV nr. 6.

Kap. 261 Universitetet i Bergen

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
50	Statstilskott	1 544 076	1 552 737	1 623 346
	Sum kap. 261	1 544 076	1 552 737	1 623 346

I høve til 2002 er det gjort m.a. desse tekniske endringane:

- Budsjettramma er oppjustert med om lag 29 mill. kroner til å dekkje utgifter til Statens pensjonskasse.
- Budsjettramma er oppjustert med 4,7 mill. kroner i samband med at det er foreslått å overføre

ansvaret for forvaltninga av tilskottsordningane til Det norske studiesenteret i Storbritannia og Det tysk-norske studiesenteret i Kiel, til Universitetet i Bergen, sjå omtale under kap. 274 post 01 og kap. 270 post 70.

Resultatrapport for 2001–02*Studentar og kandidatar i 2001*

	Opptak 2001	Registrerte studentar 2001	Uteksaminerte kandidatar 2001		
			Lågare grad ²⁾	Hovudfag/ profesjon	Doktor- grad
Det medisinske faktultet	231	1 443	34	176	40
<i>(Av desse profesjonsstudium medisin)</i>	<i>(160)</i>	<i>(972)</i>		<i>(107)</i>	
Det odontologiske fakultet	83	374		60	3
<i>(Av desse profesjonsstudium odontologi)</i>	<i>(55)</i>	<i>(269)</i>		<i>(44)</i>	
Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet	784	2 651	788	215	49
Det historisk-filosofiske fakultet	1 455	4 193	1 694	221	18
Det samfunnsvitenskaplege fakultet	1 606	3 100	1 185	178	9
Det psykologiske fakultet	1 218	2 537	970	60	8
<i>(Av desse profesjonsutdanning psykologi)</i>	<i>(69)</i>	<i>(407)</i>		<i>(57)</i>	
<i>(Av desse praktisk-pedagogisk utdanning)</i>	<i>(122)</i>	<i>(131)</i>	<i>(132)</i>		
Det juridiske fakultet	303	1 959	372	195	3
Examen philosophicum	247	649	411		
Anna		15			
Sum	5 927	16 921¹⁾	5 454³⁾	1 105	130

¹⁾ Av desse er det 56,8 pst. kvinner. I tillegg er det registrert 229 personar utan studierett, samt 55 «Andre» studentar (Norsk for utanlandske studentar).

²⁾ Avlagde årseksamenar (60-studiepoengseiningar) på lågare grad. Personar som har bestått same eksamen tidlegare (gjentak), og personar utan studierett er ikkje med.

³⁾ I tillegg er det avlagt 102 årseksamenar av personar utan studierett på lågare grad og 12 årseksamenar av «Andre» studentar (Norsk for utanlandske studentar).

For 2001 vart det fastsett måltal for registrerte studentar og kandidatar, jf. St.prp. nr. 1 (2001–2002). Universitetet i Bergen oppfylte måltalet for registrerte studentar og dei spesifiserte måltala for registrerte studentar i medisin, odontologi og psykologi. For praktisk-pedagogisk utdanning er det svak måloppnåing. Gjennomføringsgraden for studentane er framleis låg, og i 2001 var gjennomsnittleg studiepoeng per student 34,6.

Frå og med budsjettet for 2002 vart det innført eit nytt finansieringssystem for universitet og høyskolar. Tabellen nedanfor syner resultatkravet og faktisk resultat i 2001 for Universitetet i Bergen i den resultatbaserte undervisningsfinansieringa. Sjå omtale av finansieringssystemet under kategoriomtalen.

Resultatkrav og faktiske resultat i 2001

Resultatkrav 60-studiepoengseiningar 2001	Faktisk tal på 60-studiepoengseiningar 2001	Tal på utvekslingsstudentar 2000	Tal på utvekslingsstudentar 2001
8 540	9 319	1 015	710

Forsking

Vitskaplege publikasjonar 1997–2001

	1997 ¹⁾	1998	1999	2000	2001
Artiklar i internasjonale vitskaplege tidsskrift	1 687	1 383	1 194	1 248	1 259
Artiklar i nasjonale vitskaplege tidsskrift		238	127	228	152
Faglege bøker/lærebøker	138	139	154	125	123
Kapittel i faglege bøker/lærebøker	493	456	373	343	371
Totalt	2 318	2 216	1 848	1 944	1 905
Av desse vitskaplege publikasjonar av stipendiatar/andre		226	129	431	564
Av desse vitskaplege publikasjonar av mellombels tilsette		202	67		

¹⁾ Skil ikkje på internasjonale og nasjonale tidsskrift.

Samla tal på publikasjonar har gått ned i perioden 1997 til 2001 i alle kategoriar. Talet på publikasjonar per vitskapleg årsverk har òg gått ned i perioden.

Mykje av forskinga ved Universitetet i Bergen byggjer på naturgitte føresetnader og faglege tradisjonar som er særmerkte for Bergen (marin forskning/klimaforskning og molekylærbiologi). Andre tyngdepunkt med kortare historie er til dømes internasjonal forskning med fokus på land i den tredje verda, IKT-forskning og kvinne- og kjønnsforskning.

Universitetet har lagt ned eit stort arbeid med å etablere solide forskingsmiljø. Tre av forskingsmiljøa ved universitetet fekk i 2002 status som Senter for framifrå forskning.

Universitetet i Bergen har fordelt strategiske forskingsmidlar til ein skilde fagområde.

Undervisning

Universitetet er godt i gang med å innføre Kvalitetsreforma frå hausten hausten 2003. Mykje av arbeidet er knytt til ny studiestruktur og utarbeiding av heilskaplege studieprogram ved dei tre allmennfakulteta. Mellom anna skal ein få ein gjennomgåande modulbruk i alle studia. Frå hausten 2002 har universitetet starta opp ni ulike bachelorprogram.

Universitetet har erfaring med tett studentoppfølging og nye vurderingsformer. Det er gjennomført svært løfterike forsøk med dette på ex.phil.,

kurs i matematikk og fleire fag på Det historisk-filosofiske fakultetet.

Universitetet i Bergen har eit stort internasjonalt engasjement. Universitetet hadde høg internasjonal studentmobilitet i 2001. Likevel var det ein nedgang i høve til 1999 og 2000. Lærarmobiliteten var god i 2001. Universitetet var òg aktivt med i NUFU- og NORAD-samarbeidet. I 2001 fekk universitetet fire nye kontraktar med Marie Curie Training Sites, det vil seie sentra for doktorgradsstudentar frå EU-land.

Noregsnettrådet har på oppdrag frå departementet gjennomført ei evaluering av universitetet i 2001. Evalueringskomiteen gir i hovudsak positiv vurdering i høve til den sentrale leiinga for både den faglege og den administrative delen. Universitetsstyret har vedteke ein handlingsplan for oppfølging av tilrådingane frå komiteen.

Endring i studieplassar

I statsbudsjettet for 2002 vart det vedteke å redusere talet på studieplassar på lågare grad ved allmennfakulteta med 2 152 studieplassar. Reduksjonen ved Universitetet i Bergen var på 445 studieplassar. Det vart lagt inn midlar til å føre vidare eit auka opptak på tolv studieplassar i psykologi.

Formidling

Etter ei gjennomgripande organisatorisk omstilling er Bergen Museum frå 1. januar 2002 sett saman av to vitskapelege einingar: Dei kulturhistoriske samlingar og Dei naturhistoriske samlingar, samt ein felles teknisk-administrativ stab. Dei største utfordringane for museet er å sikre og utvikle samlingane, og gjere desse meir tilgjengelege, samt å rehabilitere og tilpasse gamle museumsbygningar til moderne utstillings- og formidlingsverksemd. Publikumsbesøket i 2001 var i overkant av 42 000, som er ein nedgang på 8,5 pst. frå 2000.

Universitetet i Bergen hadde i 2001 ei omfattande formidlingsverksemd. Forskingsresultat blir formidla blant anna gjennom deltaking i prosjekt, utval og komitear, publikasjonar, populærvitskapelege foredrag og artiklar, deltaking i samfunnsdebatt, kommersialisering og nyskaping.

Resultatmål for 2003

Universitetet i Bergen skal innan hausten 2003 gjennomføre Kvalitetsreforma. Universitetet må gjere seg nytte av dei fullmaktene som er delegerte til å møte krav til fagleg kvalitet, fleksibilitet og omstilling i ei tid da konkurransen på utdan-

nings- og forskingsområdet blir stadig sterkare, både nasjonalt og internasjonalt.

Institusjonen må føre vidare og auke sitt samarbeid med andre delar av samfunnet, vere lydhør for behov frå arbeids- og næringsliv når det gjeld forskning, og halde fram med å utvikle gode etter- og vidareutdanningstilbod i tråd med intensjonane i Kompetansereforma.

Universitetet må styrkje den faglege leiinga av forskingsarbeidet og leggje vekt på rekruttering og kompetanseheving av det faglege personalet, særleg av kvinner. Universitetet bør prioritere ressursar til betring av forskingsvilkår og kvalitet i forskinga. Resultater i forskinga bør leggjast til grunn for tildeling av forskingsmidlar.

Universitetet må styrkje den langsiktige strategiske forskinga og framleis arbeide for å fremme spesialisering og konsentrasjon på område der institusjonen har særlege føresetnader, til dømes marin forskning.

Universitetet i Bergen må halde fram i arbeidet med å følgje opp tilrådingane som vart gitte i Noregsnettrådet si evaluering av institusjonen.

Universitetet må halde oppe eit høgt aktivitetsnivå når det gjeld student- og forskarutveksling og anna internasjonalt samarbeid. Fleire gjensidig bindande utvekslingsavtalar med institusjonar i utlandet er nødvendig.

Universitetet må utnytte den studiekapasiteten det har løyving for.

Budsjettforslag for 2003

Løyvinga under post 50 skal dekkje driftsutgifter, større utstyrskjøp, bygg og vedlikehald, kjøp av eigedom og refusjon for bruk av sjukehus.

For å styrkje undervisninga ved Universitetet i Bergen i samsvar med tiltaka i Kvalitetsreforma er det i budsjettet for 2003 foreslått 63 mill. kroner. Av desse er 44,6 mill. kroner ført vidare frå budsjettet for 2002.

I budsjettet for 2002 vart budsjetttramma til Universitetet i Bergen auka med 11,4 mill. kroner til strategisk prioritert forskning. Desse midlane er førte vidare i 2003. Departementet foreslår ein ytterlegare auke på 17 mill. kroner, totalt 28,4 mill. kroner, som ein del av den strategiske forskingsløyvinga, jf. kategoriomtalen. Løyvinga skal nyttast til konsentrerte strategiske satsingar innanfor forskning og utviklingsarbeid i tråd med dei måla og strategiane som gjeld ved universitetet. Det er ein føresetnad at denne løyvinga vert nytta mellom anna for vidare drift av Sars internasjonale senter for marin molekylærbiologi.

I samband med opptrappingsplanen for stipendiatstillingar foreslår Regjeringa å opprette 200 nye

doktorgradsstipendiatstillinger i 2003, jf. kategoriomtalen. Det er foreslått midlar til 29 stipendiatstillinger til Universitetet i Bergen med verknad frå hausten 2003.

Universitetet i Bergen får ein auke i budsjett-ramma på 21,6 mill. kroner etter at talet på avlagde

60-studiepoengseiningar er auka med 779 i høve til resultatkravet for 2000. Vidare er talet på utvekslingsstudentar auka med 305 i høve til 2001, jf. tabellen nedanfor. Sjå elles omtale av finansierings-systemet under kategoriomtalen.

Resultatbasert løyving (i kroner)

							(i kroner)	
Utteljing kategori A	Utteljing kategori B	Utteljing kategori C	Utteljing kategori D	Utteljing kategori E	Utteljing kategori F	Utteljing utvekslingsstudentar	Sum	
3 967 200	-556 200	1 867 200	855 000	3 220 542	13 789 334	-1 525 000	21 618 076	

I budsjettet for 2002 vart talet på studieplassar redusert med 445 på allmennfakulteta på lågare grad ved Universitetet i Bergen. Det er lagt inn heilårsverknad for 2003.

Regjeringa foreslår ein reduksjon av budsjett-ramma for universitetet og høgskolar på 11,8 mill. kroner knytt til reduksjon av studieplassar. Denne reduksjonen er fordelt med 5,9 mill. kroner til universiteta og 5,9 mill. kroner til dei statlege høgskolane. Reduksjonen ved Universitetet i Bergen utgjør 60 studieplassar (60-studiepoengseiningar).

I budsjettet er det lagt inn midlar til heilårsverknad av ni studieplassar i psykologi.

Til vidareføring av bygg for biologiske basalfag er det foreslått 156,2 mill. kroner og ei risiko-

avsetjing på 27 mill. kroner på kap. 1580 post 31, jf. omtale i budsjettet for Arbeids- og administrasjonsdepartementet. I budsjett-ramma til Universitetet i Bergen er det lagt inn 20,1 mill. kroner til resterande utstyrløyving for bygget.

Universitetet i Bergen kan nytte inntekter frå sal av eigedommar til kjøp, vedlikehald og bygging av andre lokale til undervisnings- og forskingsformål ved universitetet, sjå forslag til vedtak II nr. 3.

Utdannings- og forskningsdepartementet kan gi Universitetet i Bergen utvida fullmakter i høve til eksterne finansierte verksemd, sjå forslag til vedtak IV nr. 6.

Kap. 262 Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap	Saldert	
		2001	budsjett 2002	Forslag 2003
50	Statstilskott	2 070 595	2 011 902	2 232 589
	Sum kap. 262	2 070 595	2 011 902	2 232 589

I høve til 2002 er det gjort m.a. denne tekniske endringa:

– Budsjett-ramma er oppjustert med om lag 36,8 mill. kroner til å dekkje utgifter til Statens pensjonskasse.

Resultatrapport for 2001–02*Studentar og kandidatar i 2001*

	Opptak 2001	Registrerte studentar 2001	Uteksaminerte kandidatar 2001		
			Lågare grad ⁴⁾	Hovudfag/ profesjon	Doktor- grad
Det medisinske fakultet	128	1 005		56	23
<i>(Av desse profesjonsstudium medisin)¹⁾</i>	<i>(209)</i>	<i>(862)</i>		<i>(56)</i>	
Det historisk-filosofiske fakultet	817	2 811	1 420	137	13
Fakultet for samfunnsvitenskap og teknologileiing	1 634	5 569	2 015	360	9
<i>(Av desse profesjonsutdanning i psykologi)</i>	<i>(24)</i>	<i>(244)</i>		<i>(35)</i>	
<i>(Av desse siv.ing)</i>	<i>(121)</i>	<i>(548)</i>		<i>(98)</i>	
Fakultet for arkitektur, plan og biletkunst	70	479		69	5
<i>(Av desse siv.ark)</i>	<i>(70)</i>	<i>(388)</i>		<i>(54)</i>	<i>(5)</i>
Fakultet med realfag/teknologi ²⁾	2 043	9 192	728	1 289	124
<i>(Av desse siv.ing)</i>	<i>(1 460)</i>	<i>(5 959)</i>		<i>(1 179)</i>	<i>(115)</i>
Examen philosophicum	371	677	603 ⁵⁾		
Anna	185	289			
<i>(Av desse praktisk-pedagogisk utdanning)</i>	<i>(185)</i>	<i>(251)</i>	<i>159</i>		
Sum	5 248	20 022³⁾	4 925⁶⁾	1 911	174

¹⁾ Av desse var det i 2001 teke opp 28 studentar til profesjonsstudiet i medisin i utlandet. Hausten 2001 var det registrert 328 medisinstudentar i utlandet.

²⁾ Her inngår følgjande fakultet: Bygg og miljøteknikk, Elektroteknikk og telekommunikasjon, Fysikk, informatikk og matematikk, Kjemi og biologi, Marin teknikk, Maskinteknikk, Geofag og petroleumsteknologi, samt studentar som er registrerte på institusjonen som heilskap, deriblant 186 på studieprogram «Uplassert» og 190 på studieprogram «Uttevslingsstudentar».

³⁾ Av totaltalet er 46,4 pst. kvinner. I tillegg er det registrert 29 personar utan studierett, samt 17 "andre" studentar (Innføringsprogram for utanlandske studentar).

⁴⁾ Årseksamenar (60-studiepoengseiningar) på lågare grad. Personar som har bestått same eksamen tidlegare (gjentak), og personar utan studierett er ikkje med.

⁵⁾ Av ex.phil.-eksamenar er 62 tekne ved Det historisk-filosofiske fakultet og 161 ved Fakultet for samfunnsvitenskap og teknologileiing.

⁶⁾ I tillegg er det 3 årseksamenar av personar utan studierett på lågare grad.

Kjelde: DBH.

For 2001 vart det sett måltal for registrerte studentar og kandidatar, jf. St.prp. nr. 1 (2001–2002). Måltala for registrerte studentar i 2001 er nådde for alle studia med unntak av profesjonsstudiet i medisin. Universitetet har god måloppnåing i talet på uteksaminerte kandidatar på lågare grad og på dei fleste profesjonsstudia. Unntaket frå dette er profesjonsstudiet i medisin, som over fleire år har hatt færre studentar enn måltalet. Måltalet for doktorgradskandidatar sett under eitt er nådd, men det har likevel vore ein mindre nedgang i talet på

doktorgradskandidatar i teknologifaga. Gjennomføringsgraden for studentane er framleis låg, og i 2001 var gjennomsnittlege studiepoeng per student 36,87.

Frå og med budsjettet for 2002 vart det innført eit nytt finansieringssystem for universitet og høyskolar. Tabellen nedanfor syner resultatkravet og faktisk resultat i 2001 for Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet i den resultatbaserte undervisningsfinansieringa. Sjå omtale av finansieringssystemet under kategoriomtalen.

Resultatkrav og faktiske resultat i 2001

Resultatkrav 60-studiepoengseiningar 2001	Faktisk tal på 60-studiepoengseiningar 2001	Tal på utvekslingsstudentar 2000	Tal på utvekslingsstudentar 2001
11 316	11 667	1 190	1 346

Forskning

Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet har utvida talet på tematiske satsingsområde i den teknisk-naturvitenskaplege hovudprofilen som no omfattar energi og miljø, marin/maritim forskning, medisinsk teknologi, materiale og IKT. Universitetet kan vise til gode resultat innanfor alle desse områda. I 2002 fekk tre forskingsmiljø ved universitetet tildelt status som Senter for framifrå forskning.

Universitetet har prioritert å ta aktivt del i rammeprogramma til EU og var i 2001 med i totalt 75 prosjekt i femte rammeprogram.

Universitetet har komme langt i å profilere og prioritere FoU-satsing for å oppnå auka fagleg spesialisering og konsentrasjon, og har utvikla fleire tverrfaglege program og eitt samarbeidsprosjekt med norsk industri. Denne verksemda har stor fagleg spennvidde. Mange av prosjekta kan vise til gode resultat og har i kraft av dette trekt til seg ekstern finansiering.

Vitenskaplege publikasjonar 1997–2001

	1997	1998	1999	2000	2001
Artiklar i internasjonale vitenskaplege tidsskrift	675	713	879	858	955
Artiklar i nasjonale vitenskaplege tidsskrift	129	172	100	129	119
Faglege bøker/lærebøker	285	121	108	139	136
Kapittel i faglege bøker/lærebøker	207	318	242	267	226
Totalt	1 296	1 324	1 329	1 393	1 436
Av desse er vitenskaplege publikasjonar av stipendiatar/andre	433	244	349	455	426

Det har vore ein auke i talet på publikasjonar i kategorien «Artiklar i internasjonale vitenskaplege tidsskrift» i perioden 1997–2001. I denne kategorien har universitetet færre publikasjonar per vitenskapleg årsverk enn andre universitet. Det same gjeld òg når vi ser på samla tal for alle kategoriane.

Undervisning

NTNU er godt i gang med å førebu Kvalitetsreforma og har oppretta eit prosjekt som koordinerer arbeidet. Universitetet har m.a. arbeidd med ordningar for kvalitetssikring av studia, meir student-sentrerte læreformer og nye vurderingsformer. Prosjektet Ekspertar i team, der studentane får erfaring i å arbeide i tverrfaglege grupper, fekk departementet sin kvalitetspris for 2002.

Den internasjonale aktiviteten ved universitetet er stor, innanfor både forskning og utdanning. Uni-

versitetet har eit godt utbygd nettverk av internasjonale kontaktar og lange samarbeidstradisjonar med institusjonar og forskarar både i den industrialiserte delen av verda og i utviklingsland. I 2001 vedtok universitetet ein internasjonal strategi der hovudmålsetjinga er å auke student- og forskarutvekslinga, auke deltakinga i internasjonale nettverk og fagleg verksemd og auke talet på publikasjonar i internasjonale tidsskrift.

Noregsnettrådet har, etter oppdrag frå departementet, gjennomført ei evaluering av universitetet. Den eksterne evalueringsrapporten blir lagd fram i september 2002.

Endring i talet på studieplassar i 2002

I statsbudsjettet for 2002 vart det vedteke å redusere talet på studieplassar på lågare grad ved allmennfakulteta med 2 152. Reduksjonen for Noregs

teknisk-naturvitenskaplege universitet var på 337 studieplassar. Det vart lagt inn midlar til å føre vidare det auka opptaket knytte til 80 studieplassar i sivilingeniørutdanninga, 55 studieplassar i medisin og åtte studieplassar i psykologi.

Formidling

Universitetet har i 2001 utvikla vidare formidlinga av kunnskap til allmenta, og satsar særleg på å bruke webteknologien til å formidle forskning til publikum og journalistar. I tillegg til dei virtuelle møteplassane er det tydeleg behov for den direkte kontakten mellom forskar og samfunn, og forskarar ved universitetet har vore med på ei rekke slike arrangement, deriblant forskingsdagane, fredagsforelesingar, laurdagsuniversitetet, teknologifacé og Café nordsør.

Forskarar ved universitetet formidlar også forskingsresultata sine gjennom populærvitenskaplege innslag i massemedia, både riksdekkjande radio/tv og aviser, og universitetet hadde i 2001 ein vesentleg vekst i slik forskingsformidling i høve til 2000.

Universitetet kan vise til gode besøkstal både for botanisk hage og for utstillingane ved musea i 2001. Arbeidet med fagleg kvalitetssikring og konservering av dei vitenskaplege samlingane gjennom det nasjonale Museumsprosjektet heldt fram i 2001. Framleis står det att å sikre om lag 70 pst. av dei naturhistoriske samlingane og om lag 75 pst. av dei kulturhistoriske samlingane.

Dei vitenskaplege samlingane er basis for Vitenskapsmuseets verksemd. Fagleg og teknisk kvalitetssikring av materiale og digitalisering av samlingsdata medverkar til enklare tilgang til samlingane. Samlingane er eit resultat av vitenskaplege undersøkingar, og dei skal vere tilgjengelege for brukarar innanfor forskning, forvaltning og samfunnet elles. Vitenskapsmuseet er ein fagleg premissleverandør til både sentral og kommunal forvaltning gjennom forskingsbaserte fagutgreiingar, konsekvensutgreiingar, miljøovervåking mv.

Resultatmål for 2003

Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet skal innan hausten 2003 gjennomføre Kvalitetsreforma. Universitetet må gjere seg nytte av dei fullmaktene som er delegerte, til å møte krav til fagleg kvalitet, fleksibilitet og omstilling i ei tid da konkurransen på utdannings- og forskingsområdet blir stadig sterkare, både nasjonalt og internasjonalt.

Institusjonen må føre vidare og auke sitt samarbeid med andre delar av samfunnet, vere lydhør for behov frå arbeids- og næringsliv når det gjeld forskning og halde fram med å utvikle gode etter- og

vidareutdanningstilbod i tråd med intensjonane i Kompetansereforma.

Universitetet må styrkje den faglege leiinga av forskingsarbeidet og leggje vekt på rekruttering og kompetanseheving av det faglege personalet, særleg kvinner. Universitetet bør prioritere ressursar til betring av forskingsvilkår og kvalitet i forskinga. Resultat i forskinga bør leggjast til grunn for tildeling av forskingsmidlar.

Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet har eit særskilt ansvar for teknologisk grunnforskning. Dette gir institusjonen eit særleg ansvar for forskarutdanninga i teknologiske fag.

Departementet ser positivt på arbeidet universitetet gjer for å auke rekrutteringa av kvinnelege studentar til teknologiske fag og til lærarutdanning i realfag, men dette arbeidet må likevel styrkjast.

Universitetet må halde oppe eit høgt aktivitetsnivå når det gjeld student- og forskarutveksling og anna internasjonalt samarbeid. Fleire gjensidig bindande utvekslingsavtalar med institusjonar i utlandet er nødvendig.

Universitetet må utnytte den studiekapasiteten det har løyving for.

Budsjettforslag for 2003

Løyvinga under post 50 skal dekkje driftsutgifter, større utstyrsinnkjøp, bygg og vedlikehald, kjøp av eigedom og refusjon for bruk av sjukehus. Vidare skal løyvinga dekkje utgifter til realisering av restprosjekta.

I budsjettet for 2002 vart budsjetttramma til Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet auka med 12,6 mill. kroner til strategisk prioritert forskning. Desse midlane er førte vidare i 2003. Regjeringa foreslår ein ytterlegare auke på 14,5 mill. kroner, totalt 27,1 mill. kroner som ein del av den strategiske forskingsløyvinga, jf. kategoriomtalen. Løyvinga skal nyttast til konsentrerte strategiske satsingar innanfor forskings- og utviklingsarbeid i tråd med dei måla og strategiane som gjeld ved universitetet.

I samband med opptrappingsplanen for stipendiatstillingar foreslår Regjeringa å opprette 200 nye stipendiatstillingar i 2003, jf. kategoriomtalen. Det er foreslått midlar til 33 doktorgradsstipendiatstillingar er i budsjetttramma til Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet med verknad frå hausten 2003.

For å styrkje undervisninga ved Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet i samsvar med tiltaka i Kvalitetsreforma er det i budsjettet for 2003 foreslått 72,1 mill. kroner. Av desse er 48,5 mill. kroner ført vidare fra budsjettet for 2002.

Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet får ein auke i budsjetttramma på 5,4 mill. kroner, etter at talet på avlagde 60-studiepoengseiningar er auka med 351 i høve til resultatkravet for 2001. Vidare er

talet på utvekslingsstudentar auka med 156 i høve til 2000 jf. tabellen nedanfor, sjå elles omtale av finansieringssystemet under kategoriomtalen.

Resultatbasert løyving

(i kroner)

Utteljing kategori A	Utteljing kategori B	Utteljing kategori C	Utteljing kategori D	Utteljing kategori E	Utteljing kategori F	Utteljing utvekslingsstudentar	Sum
1 202 400	-1 944 720	-6 536 880	-434 340	300 796	12 070 348	780 000	5 437 604

I budsjettet for 2002 vart talet på studieplassar redusert med 337 på allmennfakulteta på lågare grad ved Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet. Det er lagt inn heilårsverknad for 2003.

Regjeringa foreslår ein reduksjon av budsjetttramma for universitetet og høgskolar på 11,8 mill. kroner knytt til reduksjon av studieplassar. Denne reduksjonen er fordelt med 5,9 mill. kroner til universiteta og 5,9 mill. kroner til dei statlege høgskolane. Reduksjonen ved Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet utgjer 60 studieplassar (60-studiepoengseiningar).

I budsjetttramma er det lagt inn midlar til heilårseffekt knytte til 66 studieplassar i ved sivilingeniørutdanninga og ni studieplassar medisin som vart oppretta i 2002. Det er òg lagt inn vidareføring av auka opptak knytt til 33 studieplassar i sivilingeniørutdanninga og ni studieplassar i medisin.

I samband med vidareføring av auka opptak i medisin ved Universitetet i Tromsø er ordninga med kjøp av studieplassar i utlandet administrert av Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet redusert med 14 studieplassar.

Budsjetttramma er auka med 36 mill. kroner for å føre vidare byggjearbeida i samband med restprosjekta.

Det er lagt inn 9 mill. kroner til utstyr i restprosjekta.

Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet kan nytte inntekter frå sal av eigedommar til kjøp, vedlikehald og bygging av andre lokale til undervisnings- og forskingsformål, sjå forslag til vedtak II nr. 3.

Utdannings- og forskingsdepartementet kan gi Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet utvida fullmakter i høve til eksternt finansiert verksemd, sjå forslag til vedtak IV nr. 6.

Kap. 263 Universitetet i Tromsø

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
50	Statstilskott	891 935	867 846	984 309
	Sum kap. 263	891 935	867 846	984 309

I høve til 2002 er det gjort m.a. denne tekniske endringa:

- Post 50 er oppjustert med om lag 17,4 mill. kroner til å dekkje utgifter til Statens pensjonskasse.

Resultatrapport for 2001–02

	Opptak 2001	Registrerte studentar 2001	Uteksaminerte kandidatar 2001		
			Lågare grad ²⁾	Hovudfag/ profesjon	Doktorgrad
Det medisinske fakultet	281	1 155	136	111	22
<i>(Av desse profesjonsstudium medisin)</i>	<i>(95)</i>	<i>(515)</i>		<i>(59)</i>	
<i>(Av desse farmasi)</i>	<i>(32)</i>	<i>(126)</i>		<i>(24)</i>	
Noregs fiskerihøgskole	186	659	92	56	14
Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet	269	654	267	48	13
Det humanistiske fakultet	361	673	201	20	2
Det samfunnsvitenskaplege fakultet	696	1 805	519	122	10
<i>(Av desse profesjonsutdanning psykologi)</i>	<i>(25)</i>	<i>(127)</i>		<i>(24)</i>	
Det juridiske fakultet	189	535	88	55	1
Examen philosophicum	591	398	172		
Anna	532	451	141		
<i>(Av desse praktisk-pedagogisk utdanning)</i>	<i>(102)</i>	<i>(125)</i>	<i>(80)</i>		
Sum	3 105	6 330 ¹⁾	1 616 ³⁾	412	62

¹⁾ Av desse er det 56,4 pst. kvinner. I tillegg er det registrert 21 personar utan studierett.

²⁾ Avlagde årseksamenar (60-studiepoengseiningar) på lågare grad. Personar som har bestått same eksamen tidlegare (gjentak), og personar utan studierett er ikkje med.

³⁾ I tillegg er det avlagt 6 årseksamenar av personar utan studierett på lågare grad.

Kjelde: DBH.

For 2001 vart det sett måltal for registrerte studentar og kandidatar, jf. St.prp. nr. 1 (2001–2002). Universitetet i Tromsø har ikkje nådd det totale måltalet for registrerte studentar i 2001. Dei spesifiserte måltala innanfor medisin, psykologi og praktisk-pedagogisk utdanning er oppfylte, medan farmasi ikkje har klart å nå måltalet. Frå og med

budsjettet for 2002 vart det innført eit nytt finansieringssystem for universitet og høgskolar. Tabellen nedanfor syner resultatkravet og faktisk resultat i 2001 for Universitetet i Tromsø i den resultatbaserte undervisningsfinansieringa. Sjå omtale av finansieringssystemet under kategoriinnleiinga.

Resultatkrav og faktiske resultat i 2001

Resultatkrav 60-studiepoengseiningar 2001	Faktisk tal på 60-studiepoengseiningar 2001	Tal på utvekslingsstudentar 2000	Tal på utvekslingsstudentar 2001
3 128	3 213	225	277

*Forsking**Vitskaplege publikasjonar 1997–2001*

	1997	1998	1999	2000	2001
Artiklar i internasjonale vitskaplege tidsskrift	645	513	546	522	559
Artiklar i nasjonale vitskaplege tidsskrift	151	176	189	182	133
Faglege bøker/lærebøker	95	37	19	38	13
Kapittel i faglege bøker/lærebøker	115	111	111	126	106
Totalt	1 006	837	865	868	811
Av desse vitskaplege publikasjonar av stipendiatar/andre		81	216	149	176

Talet på publikasjonar i kategorien «Artiklar i internasjonale vitskaplege tidsskrift» har auka frå 2000 til 2001. Talet på publikasjonar i alle andre kategoriar har gått ned, og utviklinga frå tidlegare år held såleis fram. Prosentvis er nedgangen i perioden 1997 til 2001 størst i kategorien «Faglege bøker og lærebøker».

Talet på publikasjonar per vitskapleg årsverk har òg gått ned i perioden. I kategorien «Artiklar i internasjonale vitskaplege tidsskrift» har universitetet færre publikasjonar per vitskapleg årsverk enn andre universitet. Det same gjeld òg når vi ser på samla tal for alle kategoriane.

Universitetet i Tromsø legg vekt på å utvikle ein fagleg profil som speglar at universitetet er lokalisert i nord. Arktisk forsking og undervisning, fiskeriforskning og utdanning innanfor fiskeri, marine fag og forsking og undervisning knytt til urbefolkning/samiske forhold er derfor prioriterte område. Universitetet tek også omsyn til nasjonale prioriteringar, slik at både det marine feltet og aktivitetar knytte til FUGE er styrkte. Universitetet sin handlingsplan for forsking tek utgangspunkt i følgjande satsingsområde:

- nordområdeforskning
- nordlysforskning/romforskning
- samfunnsmedisinsk forsking
- forsking om fleirkulturelle og fleirspråklege tilhøve
- forsking om samiske tilhøve

Fleire fagområde er evaluerte av Forskningsrådet, og desse evalueringane har gitt viktige innspel til den interne strategiutviklinga. Delar av universitetet sitt budsjett blir fordelte med ei strategisk grunngeving, mellom anna midlar til rekrutterings-

stipend og til postdoktorstillingar. I løpet av det siste året har både det marine feltet og FUGE-relaterte aktivitetar vorte styrkte.

Ved tildelinga av departementet sin kvalitetspris for 2001 fekk etter- og vidareutdanning (Uvett) ved universitetet delt andrepris for programmet Lederutviklingsprogrammet for fiskeindustri-bedriftene i Båtsfjord.

Eit av universitetet sine forskingsmiljø fekk i 2002 status som Senter for framifrå forsking.

Universitetet i Tromsø utarbeidde ein eigen strategi for internasjonalisering i 2001 og vil følgje opp med ein konkret handlingsplan i løpet av 2002. Blant dei fagleg tilsette var 122 på utveksling i utlandet i 2001.

Undervisning

Universitetet er godt i gang med å førebu innføring av Kvalitetsreforma frå hausten 2003. Mykje av arbeidet har vore knytt til ny studiestruktur ved allmennfakulteta. Det skal utviklast nye heilskaplege studieprogram også ved dei frie fagstudia, og det vil bli lagt til rette for opphald ved ein utanlandsk lærestad i alle studieprogram.

Universitetet er komme langt i arbeidet med å utvikle system for kvalitetssikring. Systemet tek sikte på å kunne identifisere særlege problemområde i studiet gjennom systematiske analysar og kvantitative data. Handlingsplanar for studiekvalitet skal bli kopla tettare opp mot analysar av resultat.

Universitetet legg vekt på å ha fagleg breidd og profil som i størst mogleg grad møter behovet for akademisk arbeidskraft i landsdelen.

Endring i studieplassar

I statsbudsjettet for 2002 vart det vedteke å redusere talet på studieplassar på lågare grad ved allmennfakulteta med 2 152. Reduksjonen for Universitetet i Tromsø var på 255 studieplassar. Det vart lagt inn midlar til å føre vidare det auka opptaket på 15 studieplassar i medisin og 15 studieplassar i farmasi.

Formidling

Formidling av kunnskap og forskingsresultat frå fagmiljøa til samfunnet omkring skjer på mange ulike måtar, blant anna gjennom utstillingar ved Tromsø museum, gjennom foredrag og populærvitenskaplege artiklar. Hovudoppgåvene for Tromsø museum er ivaretaking av vitenskaplege samlingar, forskning, formidling og forvaltning med særleg ansvar for fagområda botanikk, geologi, zoologi, arkeologi, nyare kulturhistorie og samisk etnografi i Nord-Noreg og nordområda. Tromsø museum legg vekt på å utarbeide eigne vandreutstillingar. Museet hadde i 2001 totalt i 84 550 besøkjande, ein nedgang på 3,5 pst.

Resultatmål for 2003

Universitetet i Tromsø skal innan hausten 2003 gjennomføre Kvalitetsreforma. Universitetet må gjere seg nytte av dei fullmaktene som er delegererte, til å møte krav til fagleg kvalitet, fleksibilitet og omstilling i ei tid da konkurransen på utdannings- og forskingsområdet blir stadig sterkare, både nasjonalt og internasjonalt.

Universitetet må auke samarbeidet med andre delar av samfunnet og vere lydhørt for behov frå arbeids- og næringsliv når det gjeld forskning. Institusjonen må òg halde fram med å utvikle gode etter- og vidareutdanningstilbod i tråd med intensjonane i Kompetansereforma.

Universitetet må styrkje den faglege leiinga av forskingsarbeidet og leggje vekt på rekruttering og kompetanseheving av det faglege personalet, særleg kvinner. Universitetet bør prioritere ressursar til betring av forskingsvilkår og kvalitet i forskinga. Resultat i forskinga bør leggjast til grunn for tildeling av forskingsmidlar.

Universitetet må styrkje den langsiktige strategiske forskinga og framleis arbeide for å fremme

spesialisering og konsentrasjon på område der institusjonen har særlege føresetnader.

Universitetet må halde fram med å prioritere område som er særmerkte og viktige for landsdelen og Noreg, slik som fiskeri, havbruk og marine fag. Universitetet i Tromsø er viktig for høgre utdanning, forskning og næringsliv i Nord-Noreg og har ei avgjerande rolle i arbeidet med å dekkje behova for høgt utdanna helsepersonell i landsdelen.

Universitetet må halde oppe eit høgt aktivitetsnivå når det gjeld student- og forskarutveksling og anna internasjonalt samarbeid. Fleire gjensidig bindande utvekslingsavtalar med institusjonar i utlandet er nødvendig.

Universitetet må utnytte den studiekapasiteten det har løyving for.

Budsjettforslag for 2003

Løyvinga under post 50 skal dekkje driftsutgifter, større utstyrskjøp, vedlikehald, kjøp av eigedom og refusjon for bruk av sjukehus.

For å styrkje undervisninga ved Universitetet i Tromsø i samsvar med tiltaka i Kvalitetsreforma er det i budsjettet for 2003 foreslått 24,2 mill. kroner. Av desse er 17,7 mill. kroner ført vidare frå budsjettet for 2002.

I budsjettet for 2002 vart budsjetttramma til Universitetet i Tromsø auka med 5,1 mill. kroner til strategisk prioritert forskning. Desse midlane er førte vidare i 2003. Regjeringa foreslår ein ytterlegare auke på 7 mill. kroner, totalt 12,1 mill. kroner, som ein del av den strategiske forskingsløyvinga, jf. kategoriomtalen. Løyvinga skal nyttast til konsentrerte strategiske satsingar innanfor forskings- og utviklingsarbeid i tråd med dei måla og strategiane som gjeld ved universitetet.

I samband med opptrappingsplanen for stipendiatstillingar foreslår Regjeringa å opprette 200 nye doktorgradsstipendiatstillingar i 2003, jf. kategoriomtalen. Budsjettmidlar til 16 stipendiatstillingar er lagde inn i budsjetttramma til Universitetet i Tromsø med verknad frå hausten 2003.

Universitetet i Tromsø får ein auke i budsjetttramma på 6,6 mill. kroner etter at talet på avlagde 60-studiepoengseiningar er auka med 55 i høve til resultatkravet for 2000. Vidare er talet på utvekslingsstudentar auka med 52 i høve til 2001, jf. tabellen nedanfor. Sjå elles omtale av finansieringssystemet under kategoriomtalen.

Resultatbasert løyving

(i kroner)

Utteljing kategori A	Utteljing kategori B	Utteljing kategori C	Utteljing kategori D	Utteljing kategori E	Utteljing kategori F	Utteljing utvekslingsstudentar	Sum
6 604 800	75 600	-333 600	-1 310 400	-257 332	1 592 139	260 000	6 631 207

Departementet foreslår ei løyving i 2003 på 1,7 mill. kroner til å førebu eit nytt studietilbod i odontologi i Tromsø. Departementet legg opp til ein integrert modell der den fylkeskommunale tannhelsetenesta i Troms byggjer opp og driv den odontologiske universitetsklinikken. Departementet viser til at tannhelsetenesta i Troms nå byggjer opp eit odontologisk kompetansesenter i Tromsø i samråd med tannhelsetenestene i Nordland og Finnmark. Siktemålet er å byggje opp eit odontologisk fagmiljø for å sikre tilgang på spesialistkompetanse til tannhelsetenestene i Nord-Noreg og fagfolk til universitetsklinikken i Tromsø. Departementet tek sikte på gradvis oppbygging av kapasiteten i studiet frå hausten 2004.

I budsjettet for 2002 vart talet på studieplassar redusert med 255 på allmennfakulteta på lågare grad ved Universitetet i Tromsø. Det er lagt inn heilårsverknad for 2003.

Regjeringa foreslår ein reduksjon av budsjett-ramma for universitetet og høgskolar på 11,8 mill. kroner knytt til reduksjon av studieplassar. Denne reduksjonen er fordelt med 5,9 mill. kroner til universiteta og 5,9 mill. kroner til dei statlege høgskolane. Reduksjonen ved Universitetet i Tromsø utgjør 20 studieplassar (60-studiepoengseiningar).

I budsjettet for 2003 er det lagt inn heilårsverknad av 14 studieplassar i medisin og 7 studieplassar i farmasi oppretta i 2002. Det er òg lagt inn vidareføring av eit auka opptak på åtte plassar i farmasi og 14 plassar i medisin i budsjetttramma for 2003.

Til vidareføring av bygging av Teorifagsbygget er det foreslått løyvd 270,7 mill. kroner på kap. 1580 post 31, jf. omtale i budsjettet for Arbeids- og administrasjonsdepartementet. Departementet foreslår ei utstyrsloyving til Teorifagsbygget på 55 mill. kroner i 2003. Det er ein auke på 35 mill. kroner frå 2002.

Det vart i budsjettet for 2002 lagt inn midlar til etablering av studium i arktisk landbruk frå hausten 2002. Heilårsverknaden i 2003 er foreslått med kr 900 000.

Universitetet i Tromsø kan nytte inntekter frå sal av eigedommar til kjøp, vedlikehald og bygging av andre lokale til undervisnings- og forskingsformål ved universitetet, sjå forslag til vedtak II nr. 3.

Utdannings- og forskningsdepartementet kan gi Universitetet i Tromsø utvida fullmakter i høve til eksternt finansiert verksemd, sjå forslag til vedtak IV nr. 6.

Kap. 264 Noregs handelshøgskole

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
01	Driftsutgifter	189 231		
21	Særskilde driftsutgifter	13 556		
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	13 085		
50	Statstilskott		184 254	211 905
	Sum kap. 264	215 872	184 254	211 905

I høve til 2002 er det gjort m.a. denne tekniske endringa:

- Post 50 er oppjustert med 15,4 mill. kroner i samband med overgang til direkte innbetaling av pensjonsinnskott til Statens pensjonskasse.

Noregs handelshøgskole har eit særleg ansvar for høgre økonomisk-administrativ utdanning og særskilt grunnforskning og forskarutdanning innanfor

desse fagområda. Noregs handelshøgskole har òg det nasjonale ansvaret for translatøreksamen.

Resultatrapport for 2001–02

Studenttalet for dei ulike studietilboda ved Noregs handelshøgskole hausten 2001 går fram av følgjande tabell:

Opptakstal, studenttal og kandidattal for 2001

Studium	Opptak	Registrerte studentar	Uteksaminerte kandidatar
Siviløkonomstudiet	524	2 107	376
Cand. Merc./Cand. Oecon.	51	136	28
Høgre revisorstudium	98	319	90
Master of International Business	27	62	27
Doktorgrad		17	11
Praktisk-pedagogisk utdanning, eittårige studium i språk	73	100	51
Sum	773	2 741 ¹⁾	583

¹⁾ I tillegg er det registrert 22 personar utan studierett.

Kjelde: DBH.

Måltalet for registrerte studentar vart oppfylt med god margin i 2001. Det er registrert høge studenttal på siviløkonomstudiet og høgre revisorstudium. Noko av grunnen til det høge studenttalet på høgre revisorstudium er at kandidatane tek eksamen om igjen om dei ikkje får laudabel karakter, av di dette er kravet for autorisasjon.

Frå og med budsjettet for 2002 vart det innført eit nytt finansieringssystem for universitet og høgskolar. Tabellen nedanfor syner resultatkravet og faktisk resultat i 2001 for Noregs handelshøgskole i den resultatbaserte undervisningsfinansieringa. Sjå omtale av finansieringssystemet under kategoriomtalen.

Resultatkrav og faktiske resultat i 2001

Resultatkrav 60–studiepoengseiningar 2001	Faktisk tal på 60–studiepoengseiningar 2001	Tal på utvekslingsstudentar 2000	Tal på utvekslingsstudentar 2001
1 880	1 821	276	367

Vitskaplege publikasjonar i 1996–2001

Kap. 264 Noregs handelshøgskole	1996	1997 ¹⁾	1998 ²⁾	1999	2000	2001 ³⁾
Artiklar i internasjonale vitskaplege tidsskrift	75	59	52	65	55	47
Artiklar i nasjonale vitskaplege tidsskrift	73	44	37	14	15	7
Faglege bøker/lærebøker	31	25	23	35	19	17
Kapittel i faglege bøker/lærebøker			35	55	33	41
Sum	179	128	147	169	122	112

¹⁾ I tillegg kjem 42 kapittel eller artiklar som tidlegare vart fordelte på høvesvis internasjonale og nasjonale publikasjonar, og 69 vitskaplege arbeid presenterte på nasjonale fagkonferansar.

²⁾ I tillegg kjem 54 vitskaplege arbeid presenterte på fagkonferansar og 25 leiarar, kommentarar publiserte i tidsskrift og dagspresse.

³⁾ I tillegg kjem 57 vitskaplege arbeid av stipendiatar og anna forskingspersonale.

Det er ein nedgang i talet på vitskaplege publikasjonar i perioden.

Resultatmål for 2003

Noregs handelshøgskole må innan hausten 2003 gjennomføre Kvalitetsreforma. Høgskolen må gjere seg nytte av dei fullmaktene som er delegererte til å møte krav til fagleg kvalitet, fleksibilitet og omstilling i ei tid da konkurransen på utdannings- og forskingsområdet blir stadig sterkare, både nasjonalt og internasjonalt.

Høgskolen skal utføre forskning og utviklingsarbeid av høg kvalitet. Som ein del av dette må høgskolen styrkje den faglege leiinga av forskingsarbeidet og leggje vekt på rekruttering og kompetanseheving av det faglege personalet, særleg av kvinner. Høgskolen må gjennomføre tiltak for å betre kvaliteten i forskinga. Noregs handelshøgskole må i tillegg utarbeide strategiske prioriteringar for forskinga og synleggjere desse, og høgskolen må arbeide for å betre rutinar for rapportering av forskingsresultat.

Det faglege samarbeidet mellom Noregs handelshøgskole, universitet, statlege høgskolar og andre, mellom anna om professor II-stillingar, samarbeid om studietilbod og doktorgradsutdanning, må halde fram i 2003.

Noregs handelshøgskole må utvikle gode etter- og vidareutdanningstilbod i tråd med intensjonane i Kompetansereforma.

Høgskolen må halde oppe eit høgt aktivitetsnivå når det gjeld student- og forskarutveksling og anna internasjonalt samarbeid.

Høgskolen må utnytte den studiekapasiteten den har løyving for.

Budsjettforslag for 2003

Løyvinga under post 50 skal dekkje driftsutgifter, større utstyrskjøp og vedlikehald.

For å styrkje undervisninga ved Noregs handelshøgskole i samsvar med tiltaka i Kvalitetsreforma er det i budsjettet for 2003 foreslått 6,8 mill. kroner. Av desse er 3,5 mill. kroner ført vidare frå budsjettet for 2002.

Noregs handelshøgskole får ein reduksjon i budsjetttramma på 2,3 mill. kroner, som følgje av at talet på avlagde 60-studiepoengseiningar er redusert med 59 i høve til resultatkravet for 2001. Vidare er talet på utvekslingsstudentar auka med 91 i høve til 2000, jf. tabellen nedanfor. Sjå elles omtale av finansieringssystemet under kategoriomtalen.

Resultatbasert løyving

(i kroner)

Utteljing kategori A	Utteljing kategori B	Utteljing kategori C	Utteljing kategori D	Utteljing kategori E	Utteljing kategori F	Utteljing utvekslingsstudentar	Sum
0	0	0	-4 504 680	1 082 829	710 059	455 000	-2 256 792

I budsjettet for 2002 vart budsjetttramma til Noregs handelshøgskole auka med 1,4 mill. kroner til strategisk prioritert forskning. Desse midlane er førte vidare i 2003. Departementet foreslår ein ytterlegare auke på kr 500 000, totalt 1,9 mill. kroner, som ein del av strategisk forskingsløyving, jf. kategoriomtalen. Løyvinga skal nyttast til konsentrerte strategiske satsingar innanfor forskning og utviklingsarbeid i tråd med dei måla og strategiar som gjeld ved Noregs handelshøgskole.

Det er lagt inn midlar til to nye doktorgradsstipendiatstillingar ved Noregs handelshøgskole. Rekrutteringsstillingane er lagde inn i budsjetttramma med verknad frå hausten 2003.

Utdannings- og forskningsdepartementet kan gi Noregs handelshøgskole utvida fullmakter i høve til eksternt finansiert verksemd, sjå forslag til vedtak IV nr. 6.

Kap. 3264 Noregs handelshøgskole (jf. kap. 264)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
01	Inntekter frå oppdrag	14 468		
02	Salsinntekter o.a.	29 828		
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	1 227		
17	Refusjon for bruk av lærlingar	15		
18	Refusjon av sjukepengar	1 542		
	Sum kap. 3264	47 080		

For Noregs handelshøgskole er det frå 2002 innført nettobudsjettering.

Kap. 265 Arkitekthøgskolen i Oslo

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
01	Driftsutgifter	43 751	45 646	
21	Særskilde driftsutgifter	5 242	4 478	
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	14 936	1 604	
50	Statstilskott			75 726
	Sum kap. 265	63 929	51 728	75 726

I høve til 2002 er det gjort m.a. desse tekniske endringane:

- I samband med overgang til nettobudsjettering er utgiftsløyvinga samla på ny post 50. Inntektsløyvingane på til saman om lag 4,7 mill. kroner under kap. 3265 er trekte ut, og utgiftsløyvinga er redusert tilsvarende.
- Budsjetttramma er oppjustert med 17,5 mill. kroner i samband med at midlar til husleige er overførte frå kap. 281 post 01.
- Budsjetttramma er oppjustert med om lag 3,7 mill. kroner i samband med overgang til direkte innbetaling av pensjonsinnskott til Statens pensjonskasse.

Resultatrapport for 2001–02

Studenttalet for dei ulike studietilboda ved høgskolen hausten 2001 går fram av følgjande tabell:

Opptakstal, studenttal og kandidattal for 2001

Studium	Opptak	Registrerte studentar	Uteksaminerte kandidatar
Sivilarkitektstudiet	34	246	33
Sivilindustridesignstudiet	24	95	12
Master of Art	0	23	0
Doktorgrad	0	38	3
Sum	58	402	48

Kjelde: DBH.

Det totale studentmålet for Arkitektthøgskolen er oppfylt med god margin. Talet på registrerte studentar har auka på alle studia, med unntak av doktorgrad, samanlikna med 2000.

Frå og med budsjettet for 2002 vart det innført eit nytt finansieringssystem for universitet og høg-

skolar. Tabellen nedanfor syner resultatkravet og faktisk resultat i 2001 for Arkitektthøgskolen i Oslo i den resultatbaserte undervisningsfinansieringa. Sjå omtale av finansieringssystemet under kategoriomtalen.

Resultatkrav og faktiske resultat i 2001

Resultatkrav 60-studiepoengseiningar 2001	Faktisk tal på 60-studiepoengseiningar 2001	Tal på utvekslingsstudentar 2000	Tal på utvekslingsstudentar 2001
200	246	59	48

Arkitektthøgskolen i Oslo gir utdanninga eit internasjonalt perspektiv gjennom hyppig bruk av utanlandske forelesarar og prosjektmedarbeidarar. Likevel har høgskolen hatt ein kraftig reduksjon i talet på utvekslingsstudentar i 2001 i høve til i 1999 og 2000.

Dei fagleg tilsette ved Arkitektthøgskolen i Oslo har i 2001 til saman gitt ut, eller vore bidragsytarar i, 73 artiklar, bøker, kronikkar, foredrag, gjesteforelesinger og intervju med meir. Høgskolen har 13 pågåande FoU-prosjekt.

Resultatmål for 2003

Arkitektthøgskolen i Oslo skal innan hausten 2003 gjennomføre Kvalitetsreforma. Høgskolen må gjere seg nytte av dei fullmaktene som er delegererte til å møte krav til fagleg kvalitet, fleksibilitet og omstilling i ei tid da konkurransen på utdan-

nings- og forskingsområdet blir stadig sterkare, både nasjonalt og internasjonalt.

Høgskolen må styrkje den faglege leiinga av forskingsarbeidet og leggje vekt på rekruttering og kompetanseheving av det faglege personalet, særleg av kvinner. Høgskolen må gjennomføre tiltak for å betre kvaliteten i forkinga. Høgskolen må kvalitetssikre det eksisterande doktorprogrammet. Høgskolen må styrkje rekrutteringa av stipendiatane og utvide formidlinga av FOU-resultata.

Arkitektthøgskolen må auke samarbeidet med andre institusjonar.

Arkitektthøgskolen i Oslo må utvikle gode etter- og vidareutdanningstilbod i tråd med intensjonane i Kompetansereforma.

Høgskolen må halde oppe eit høgt aktivitetsnivå når det gjeld student- og forskarutveksling og anna internasjonalt samarbeid. Fleire gjensidig

bindande utvekslingsavtalar med institusjonar i utlandet er nødvendig.

Høgskolen må utnytte den studiekapasiteten den har løyving for.

Budsjettforslag for 2003

Løyvinga under post 50 skal dekkje driftsutgifter, større utstyrskjøp og vedlikehald.

Departementet foreslår at Arkitektthøgskolen i Oslo går over til nettobudsjettering frå og med 1. januar 2003, sjå forslag til vedtak IV nr. 4 og nr. 5.

For å styrkje undervisninga ved Arkitektthøgskolen i Oslo i samsvar med tiltaka i Kvalitetsreforma er det i budsjettet for 2003 foreslått 1 mill. kroner. Av desse er 0,6 mill. kroner ført vidare frå budsjettet for 2002.

Arkitektthøgskolen i Oslo får ein auke i budsjetttramma på 3,3 mill. kroner i samsvar med at avlagde 60-studiepoengseiningar er auka med 46 i høve til resultatkravet for 2001. Vidare er talet på utvekslingsstudentar redusert med elleve i høve til 2000, jf. tabellen nedanfor. Sjå elles omtale av finansieringssystemet under kategoriomtalen.

Resultatbasert løyving (i kroner)

Utteljing kategori A	Utteljing kategori B	Utteljing kategori C	Utteljing kategori D	Utteljing kategori E	Utteljing kategori F	Utteljing utvekslingsstudentar	Sum
0	3 304 800	0	0	0	7 048	-55 000	3 256 848

I budsjettet for 2002 vart budsjetttramma til Arkitektthøgskolen i Oslo auka med kr 200 000 til strategisk prioritert forskning. Desse midlane er førte vidare i 2003.

Det er lagt inn midlar til heilårsverknad og vidareføring av ni studieplassar i sivilindustridesign ved Arkitektthøgskolen i Oslo.

Utdannings- og forskningsdepartementet kan gi Arkitektthøgskolen i Oslo utvida fullmakter i høve til eksternt finansiert verksemd, sjå forslag til vedtak IV nr. 6.

Kap. 3265 Arkitektthøgskolen i Oslo (jf. kap. 265)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
01	Inntekter frå oppdrag	5 240	4 500	
02	Salsinntekter o.a.	1 610	171	
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	94		
17	Refusjon for lærlingar	28		
18	Refusjon av sjukepengar	333		
	Sum kap. 3265	7 305	4 671	

Sjå omtale av tekniske endringar i samband med overgang til nettobudsjettering under kap. 265.

Kap. 268 Noregs idrettshøgskole

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
01	Driftsutgifter	85 097		
21	Særskilde driftsutgifter	13 682		
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	4 796		
50	Statstilskott		82 625	99 912
	Sum kap. 268	103 575	82 625	99 912

I høve til 2002 er det gjort m.a. denne tekniske endringa:

- Budsjettramma er oppjustert med om lag 8,2 mill. kroner i samband med overgang til direkte innbetaling av pensjonsinnskott til Statens pensjonskasse.

Resultatrapport for 2001–02

Opptak, registrerte studentar og kandidattal for dei ulike studietilboda ved høgskolen går fram av følgjande tabell:

Opptakstal, studenttal og kandidattal for 2001

Studium	Opptak	Registrerte studentar	Uteksaminerte kandidatar
Lågare grad	502	464	365 ²⁾
Hovudfag	52	132	40
Doktorgrad	3	30	9
Sum	557	626 ¹⁾	414 ³⁾

¹⁾ I tillegg er det registrert 16 personar utan studierett.

²⁾ Årseksamenar (60-studiepoengseiningar) på lågare grad.

³⁾ NIH uteksaminerte 13 faglærarar i kroppsøving og 39 cand.mag.-kandidatar.

Kjelde: DBH.

På hovudfag er opptaket redusert samanlikna med 2000. Idrettshøgskolen har ein nedgang i talet på registrerte studentar. For 2001 vart det sett måltal for registrerte studentar og kandidatar. Det samla talet på registrerte studentar var nær måltalet, og det vart uteksaminert fleire kandidatar enn måltalet. Idrettshøgskolen uteksaminerte 18 fleire kandidatar enn i 2000.

Høgskolen arbeidde i 2001 og 2002 med å leggje til rette for innføring av Kvalitetsreforma. Frå hausten 2002 vil høgskolen tilby første året av

bachelorgraden. Etter- og vidareutdanning er eit satsingsområde for høgskolen. I 2001 arrangerte høgskolen til saman 38 kurs av ulikt omfang med i alt 2 388 studentar.

Frå og med budsjettet for 2002 vart det innført eit nytt finansieringssystem for universitet og høgskolar. Tabellen nedanfor syner resultatkravet og faktisk resultat i 2001 for Noregs idrettshøgskole i den resultatbaserte undervisningsfinansieringa. Sjå omtale av finansieringssystemet under kategoriomtalen.

Resultatkrav og faktiske resultat i 2001

Resultatkrav 60-studiepoengseiningar 2001	Faktisk tal på 60-studiepoengseiningar 2001	Tal på utvekslingsstudentar 2000	Tal på utvekslingsstudentar 2001
437	451	44	28

Vitskaplege publikasjonar 1996–2001

Kap. 268 Noregs idrettshøgskole	1996	1997	1998	1999	2000	2001
Artiklar i vitskaplege tidsskrifter	13	34	32	24	34	27
Faglege bøker/lærebøker	2	4	13	14	7	9
Kapittel i faglege bøker og lærebøker	7	7	18	35	20	21
Sum	22 ¹⁾	45 ²⁾	63 ³⁾	73	61 ⁴⁾	57 ⁵⁾

¹⁾ I tillegg har stipendiatar og andre som er knytte til institusjonen, produsert 8 vitskaplege publikasjonar.

²⁾ I tillegg har stipendiatar og andre som er knytte til institusjonen, produsert totalt 9 vitskaplege publikasjonar.

³⁾ I tillegg har stipendiatar og andre som er knytte til institusjonen, produsert totalt 16 vitskaplege publikasjonar.

⁴⁾ I tillegg har stipendiatar og andre som er knytte til institusjonen, produsert totalt 11 vitskaplege publikasjonar.

⁵⁾ I tillegg har stipendiatar og andre som er knytte til institusjonen, produsert totalt 45 vitskaplege publikasjonar. Av desse er det 32 foredrag ved vitskapelege konferansar.

Talet på vitskaplege publikasjonar er samla sett om lag uendra frå 2000 til 2001. Høgskolen har i 2001 oppretta eit senter for oppdragsforskning og kunnskapsbaserte tenester som skal arbeide for å auke den eksterne finansieringa av forskingsprosjekt.

Resultatmål for 2003

Noregs idrettshøgskole skal innan hausten 2003 gjennomføre Kvalitetsreforma. Høgskolen må gjere seg nytte av dei fullmaktene som er delegererte til å møte krav til fagleg kvalitet, fleksibilitet og omstilling i ei tid da konkurransen på utdannings- og forskingsområdet blir stadig sterkare, både nasjonalt og internasjonalt.

Høgskolen må styrkje den faglege leiinga av forskingsarbeidet og leggje vekt på rekruttering og kompetanseheving av det faglege personalet, særleg av kvinner. Høgskolen må gjennomføre tiltak for å betre kvaliteten i forskinga. Noregs idrettshøgskole må utvikle vidare og følgje opp forskingsstrategien sin og halde fram i arbeidet med å spisse innsatsen mot utvalde område.

Idrettshøgskolen har det nasjonale ansvaret for høgre idrettsutdanning og bør utvikle vidare samarbeidet med relevante institusjonar.

Noregs idrettshøgskole må halde fram med å utvikle gode etter- og vidareutdanningstilbod i tråd med intensjonane i Kompetansereforma.

Høgskolen må halde oppe eit høgt aktivitetsnivå når det gjeld student- og forskarutveksling og anna internasjonalt samarbeid. Fleire gjensidig bindande utvekslingsavtalar med institusjonar i utlandet er nødvendig.

Høgskolen må utnytte den studiekapasiteten den har løyving for.

Budsjettforslag for 2003

Løyvinga under post 50 skal dekkje driftsutgifter, større utstyrskjøp og vedlikehald.

For å styrkje undervisninga ved Noregs idrettshøgskole i samsvar med tiltaka i Kvalitetsreforma, er det i budsjettet for 2003 foreslått 1,7 mill. kroner. Av desse er 1 mill. kroner ført vidare frå budsjettet for 2002.

Noregs idrettshøgskole får ein auke i budsjett-ramma på kr 265 300, i samsvar med at talet på avlagde 60-studiepoengseiningar er auka med 14 i høve til resultatkravet for 2001. Vidare er talet på utvekslingsstudentar redusert med 16 i høve til 2000, jf. tabellen nedanfor. Sjå elles omtale av finansieringssystemet under kategoriomtalen.

Resultatbasert løyving

(i kroner)

Utteljing kategori A	Utteljing kategori B	Utteljing kategori C	Utteljing kategori D	Utteljing kategori E	Utteljing kategori F	Utteljing utvekslingsstudentar	Sum
0	0	0	-601 200	1 042 500	-96 000	-80 000	265 300

Det er lagt inn budsjettmidlar til to nye doktorgradsstipendiatstillingar ved Noregs idrettshøgskole. Rekrutteringsstillingane er lagde inn i budsjetttramma med verknad frå hausten 2003.

I budsjettet for 2002 vart budsjetttramma til Noregs idrettshøgskole auka med 0,4 mill. kroner til strategisk prioritert forskning. Desse midlane er førte vidare i 2003. Samstundes foreslår departe-

mentet ein ytterlegare auke på 1 mill. kroner, totalt 1,4 mill. kroner, som ein del av strategisk forskingsløyving, jf. kategoriomtalen.

Utdannings- og forskingsdepartementet kan gi Noregs idrettshøgskole utvida fullmakter i høve til eksternt finansiert verksemd, sjå forslag til vedtak IV nr. 6.

Kap. 3268 Noregs idrettshøgskole (jf. kap. 268)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
01	Inntekter frå oppdrag	13 600		
02	Salsinntekter o.a.	6 953		
05	Refusjon frå Forsvarsdepartementet	2 507		
11	Refusjon av kursavgifter ved vaksenopplæringstiltak	1 673		
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	438		
17	Refusjon for lærlingar	174		
18	Refusjon av sjukepengar	1 749		
	Sum kap. 3268	27 094		

Noregs idrettshøgskole vart frå 2002 nettobudsjettert.

Kap. 269 Noregs musikkhøgskole (jf. kap. 3269)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
01	Driftsutgifter	93 766	94 720	110 058
21	Særskilde driftsutgifter	1 276	1 200	1 200
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overføres</i>	1 790	2 322	2 359
Sum kap. 269		96 832	98 242	113 617

I høve til 2002 er det gjort m.a. desse tekniske endringane:

- Post 01 er oppjustert med om lag 8 mill. kroner i samband med overgang til direkte innbetaling av pensjonsinnskott til Statens pensjonskasse.
- Post 01 er oppjustert med om lag 1,7 mill. kroner i samband med at kostnader knytt til studie-estad Carl Berner er foreslått overført frå kap. 281 post 01.

– Post 01 er oppjustert med om lag 0,3 mill. kroner i samband med at midlar til å finansiere eit halvt professorat i musikk er overført frå Kultur- og kyrkjedepartementet.

Resultatrapport for 2001–02

Opptak, registrerte studentar og kandidatattal for dei ulike studietilboda ved høgskolen går fram av følgjande tabell:

Opptakstal, studenttal og kandidatattal for 2001

Studium	Opptak	Registrerte studentar	Uteksaminerte kandidatar
Kandidatstudiet	78	293	53
Hovudfags-/diplomstudiet	47	135	29
Doktorgrad	2	9	0
Praktisk-pedagogisk utdanning	10	12	5
Faglærerstudiet		0	1
Vidareutdanning	52	66	45 ¹⁾
Sum	189	515	133

¹⁾ Blant dei 45 kandidatane på vidareutdanning er det inkludert 4 studentar på Minoritetskulturer i musikkundervisning, som er lagt på lågare grad ved NMH.

Kjelde: DBH.

Noregs musikkhøgskole har auka studenttalet noko på kandidatstudiet og hovudfags-/diplomstudiet i høve til 2000. På dei andre studia er tala nær uendra. For 2001 vart det sett måltal for registrerte studentar og kandidatar. Noregs musikkhøgskole meir enn oppfylte målalet for registrerte studentar.

Departementet la våren 2002 fram St.meld. nr. 18 Kvalitetsreformen Om høgere kunstutdanning (2001–2002), jf. Innst. S. nr. 214 (2001–2002).

Musikk- og kunstfagutdanningane skal inngå i det nye gradssystemet. Vidare skal gradsnemningane bachelor og master nyttast. Nokre fireårige utdanningar innanfor musikk og biletkunst kan framleis vere fireårige. Dette gjeld utdanningar ved institusjonar som i dag har tilbod om fireårige løp.

Frå og med budsjettet for 2002 vart det innført eit nytt finansieringssystem for universitet og høgskolar. Tabellen nedanfor syner resultatkravet og faktisk resultat i 2001 for Noregs musikkhøgskole i

den resultatbaserte undervisningsfinansieringa. Sjå omtale av finansieringssystemet under kategoriomtalen.

Resultatkrav og faktiske resultat i 2001

Resultatkrav 60-studiepoengseiningar 2001	Faktisk tal på 60-studiepoengseiningar 2001	Tal på utvekslingsstudentar 2000	Tal på utvekslingsstudentar 2001
351	336	43	62

Noregs musikkhøgskole har i dei siste åra styrkt sitt internasjonale engasjement mellom anna gjennom NORDPLUS og SOKRATES.

Noregs musikkhøgskole utdannar skapande og utøvande musistar, komponistar og musikk lærarar med meir. Musikkhøgskolen har eige doktorgradsprogram, og har no rett til å tildele graden ph.d. Dei første doktorgradskandidatane er venta å bli ferdige i 2002. Institusjonen arrangerte blant anna meir enn 200 offentlege konsertar i fjor, og er engasjert i fleire forskingsprosjekt på sitt felt innanfor tradisjonell forskning i tillegg til det kunstnarlege utviklingsarbeidet. Noregs musikkhøgskole har innført differensiert tildeling av FoU-ressursane til sine tilsette avhengig av stillingstype.

Departementet har saman med Noregs musikkhøgskole og dei to kunsthøgskolane oppretta eit stipendprogram for kunstnarleg utviklingsarbeid, i tråd med St.meld. nr. 18 (2001–2002). Programmet skal føre fram til kompetanse som førsteamanuensis på linje med dei organiserte doktorgradsprogramma, og skal vere opne for alle kunst- og musikkfaglege miljø i Noreg. For 2002 vart det løyvd midlar til fire stipendiatstillingar, og departementet foreslår å løyve midlar til to nye stipendiatstillingar i 2003.

Resultatmål for 2003

Noregs musikkhøgskole skal innan hausten 2003 gjennomføre Kvalitetsreforma. Høgskolen må gjere seg nytte av dei fullmaktene som er delegerte til å møte krav til fagleg kvalitet, fleksibilitet og omstilling i ei tid da konkurransen på utdannings- og forskingsområdet blir stadig sterkare, både nasjonalt og internasjonalt.

Høgskolen må styrkje den faglege leiinga av forskingsarbeidet og leggje vekt på rekruttering og kompetanseheving av det faglege personalet, særleg av kvinner. Høgskolen må gjennomføre tiltak for å betre kvaliteten i forskinga.

Musikkhøgskolen har eit nasjonalt ansvar for høgare skapande og utøvande musikkutdanning, og bør auke samarbeidet med andre institusjonar i samfunnet.

Noregs musikkhøgskole må utvikle gode etter- og vidareutdanningstilbod i tråd med intensjonane i Kompetansereforma.

Høgskolen må halde oppe eit høgt aktivitetsnivå når det gjeld student- og forskarutveksling og anna internasjonalt samarbeid. Fleire gjensidig bindande utvekslingsavtalar med institusjonar i utlandet er nødvendig.

Høgskolen må utnytte den studiekapasiteten den har løyving for.

Budsjettforslag for 2003

For å styrkje undervisninga ved Noregs musikkhøgskole i samsvar med tiltaka i Kvalitetsreforma er det i budsjettet for 2003 foreslått 1,4 mill. kroner. Av desse er 0,8 mill. kroner ført vidare frå budsjettet for 2002.

Noregs musikkhøgskole får ein reduksjon i budsjetttramma på 0,9 mill. kroner, i samsvar med at talet på avlagde 60-studiepoengseiningar er redusert med 15 i høve til resultatkravet for 2001. Vidare er talet på utvekslingsstudentar auka med 19 i høve til 2000, jf. tabellen nedanfor. Sjå elles omtale av finansieringssystemet under kategoriomtalen.

Resultatbasert løyving

(i kroner)

Utteljing kategori A	Utteljing kategori B	Utteljing kategori C	Utteljing kategori D	Utteljing kategori E	Utteljing kategori F	Utteljing utvekslingsstudentar	Sum
0	-502 200	-672 000	1 800	-60 000	204 484	95 000	-932 916

Det er lagt inn midlar til ei ny doktorgradsstipendiatstilling ved Noregs musikkhøgskole. Stillinga er lagt inn i budsjetttramma med verknad frå hausten 2003.

Løyvinga på post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekt på kap. 3269 postane 02, 06 og 11, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 21 gjeld lønn (inkl. trygd) og driftsutgifter til oppdragsforskning som blir finansiert på kap. 3269 post 01. Tilsetjing i slike stillingar skal berre gjelde for den perioden som den eksterne finansieringskjelda dekkjer lønnsutgiftene. Løyvinga på

post 21 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter frå oppdragsverksemd, jf. forslag til vedtak II nr. 2.

Post 45 gjeld løyving til vitskapleg utstyr, til kjøp av utstyr og inventar til nybygg samt større vedlikehalds- og ombyggingsarbeid. Løyvinga blir foreslått ført vidare i 2003.

Utdannings- og forskningsdepartementet kan gi Noregs musikkhøgskole utvida fullmakter i høve til eksternt finansiert verksemd, sjå forslag til vedtak IV nr. 6.

Kap. 3269 Noregs musikkhøgskole (jf. kap. 269)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
01	Inntekter frå oppdrag	1 188	1 200	1 200
02	Salsinntekter o.a.	901	300	312
06	Inntekter ved konsertar og tenester	876		
15	Refusjon for arbeidsmarknadstiltak	612		
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	138		
18	Refusjon av sjukepengar	727		
	Sum kap. 3269	4 442	1 500	1 512

På post 02 skal det, i tillegg til inntekter frå sal av materiell til studentar m.m., òg førast leigeinntekter som skal dekkje reinhald, vakthald og andre

utgifter ved tilfeldig leige av lokale. Også faste leigeinntekter kan førast på post 02.

Kap. 270 Studium i utlandet og sosiale formål for elever og studentar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
70	Tilskott til lengre reiser, <i>overslagsløyving</i>	75 776	42 028	
71	Tilrettelegging av studium i utlandet	7 684	7 941	4 537
73	Tilskott til studentbarnehagar	68 979	73 494	76 360
74	Tilskott til velferdsarbeid	53 185	54 971	57 115
75	Tilskott til bygging av studentbustader, <i>kan overførast</i>	193 489	192 453	199 959
	Sum kap. 270	399 113	370 887	337 971

I høve til 2002 er det gjort desse tekniske endringane:

- Post 71 er redusert med om lag 1,4 mill. kroner i samband med at midlar til Studiesenteret i Caen er overførte til Universitetet i Oslo, sjå kap. 260 post 50.
- Post 71 er redusert med om lag 1,4 mill. kroner i samband med at midlar til Det tysk-norske studiesenteret i Kiel og Det norske studiesenteret i Storbritannia er overførte til Universitetet i Bergen, sjå. kap. 261 post 50.
- Post 71 er redusert med om lag 0,9 mill. kroner i samband med at midlar til Noregs Hus i Paris er overførte til kap. 288 post 21.

Post 70 Tilskott til lengre reiser, overslagsløyving

Tilskottsordninga gjeld moderasjon ved lengre reiser for elevar og studentar som nyttar Noregs Statsbaner BA (NSB), Troms Fylkes Dampskibsselskap AS og Nord-Noreg Bussen. Formålet med tilskottsordninga er lågare prisar på lengre reiser for elevar og studentar. I 2001 vart det utbetalt om lag 76 mill. kroner til dei tre selskapa. For 2002 vart løyvinga redusert med 32 mill. kroner i høve til 2001. Innanfor den reduserte løyvingssamma forhandla departementet fram nye avtalar med NSB, Troms Fylkes Dampskibsselskap og Nord-Noreg Bussen for 2002. Avtalane med NSB og Nord-Noreg Bussen gjeld reiser over 150 km. Avtalen med Troms Fylkes Dampskibsselskap gjeld reiser over 80 nautiske mil. For 2003 blir det foreslått å overføre forvaltninga av ordninga til Samferdsledepartementet, sjå omtale under kap. 1330 post 73.

Post 71 Tilrettelegging av studium i utlandet

Tilskottsordninga skal sikre drifta av norske studiesenter i utlandet som gir kurs- og velferdstilbod til norske studentar. Det blir gitt tilskott til studiesentra i York, Kiel og Caen. I tillegg blir det gitt tilskott til Noregs Hus i Paris, som er eit velferdstilbod til norske studentar som studerer der. Departementet gir òg tilskott til Fulbright-programmet. Det er eit stipendprogram som støttar at særleg kvalifiserte søkjarar skal kunne studere i USA på master- og doktorgradsnivå, og tilsvarende for studentar frå USA som vil studere i Noreg. I tillegg blir det gitt stipend til forskarar frå Noreg og USA. I 2001 vart det utbetalt om lag 3,5 mill. kroner til Noregs Hus i Paris og studiesentra i York, Kiel og Caen. Det vart utbetalt om lag 4,2 mill. kroner til Fulbright-programmet. Departementet har vurdert forvaltninga av heile tilskottsordninga. Tilskottet til Fulbright-programmet blir framleis på kap. 270 post 71. Forvaltninga av tilskottet til Noregs Hus i Paris er foreslått overført til kap. 288 post 21 frå 2003. Vidare er det foreslått å leggje forvaltninga av tilskottet til studiesenteret i Caen til Universitetet i Oslo. Forvaltninga av tilskotta til Det norske studiesenteret i Storbritannia og Det tysk-norske studiesenteret i Kiel er foreslått lagde til Universitetet i Bergen. Departementet foreslår å føre vidare løyvinga i 2003, korrigert for dei midlane som blir overførte til andre kapittel.

Post 73 Tilskott til studentbarnehagar

Studentsamskipnadene mottok direkte statstilskott til drift av studentbarnehagane frå departementet. I tillegg mottar dei tilskott frå Barne- og familiedepartementet. Formålet med tilskottsordninga er å medverke til rimelegare prisar i studentbarneha-

gane. Dei skal samstundes vere eit supplement til tilbodet i kommunal og privat sektor. Alle samskipnadene har etablert studentbarnehage. I 2002 er satsane kr 44 968 per plass for barn under tre år og kr 20 882 for barn over tre år. For 2003 foreslår departementet ei vidareføring av løyvingsnivået for 2002. Fastsetjing av satsar for tilskott og fordeling av tilsegn vil bli sett i samband med Regjeringa si satsing på barnehagar generelt, sjå kap. 856 post 60 under budsjettet til Barne- og familiedepartementet.

Post 74 Tilskott til velferdsarbeid

Velferdsarbeidet til studentsamskipnadene skal supplere velferdstilbodet elles i samfunnet. Det skal vere ein integrert del av det heilskaplege læringsmiljøet ved utdanningsinstitusjonane. Målet med tilskottsordninga er å leggje grunnlaget for studentvelferden ved utdanningsinstitusjonane og fremme interesser til elevar og studentar. Samla vært det utbetalt om lag 53 mill. kroner i 2001. Av desse vært det utbetalt 2 mill. kroner til prosjekt i sosialfagleg rådgivingsteneste. Desse prosjekta gjekk over ein periode på tre år og vart avslutta i 2001. 40,6 mill. kroner gjekk til 26 studentsamskipnader med om lag 183 500 medlemmer. I tillegg har landsomfattande interesseorganisasjonar for elevar og studentar teke imot tilskott på om lag 3,9 mill. kroner. Grunntilskottet til studenthelsetenesta utgjorde om lag 6,6 mill. kroner i 2001. For 2003 foreslår departementet å føre vidare løyvingsnivået i 2002.

Post 75 Tilskott til bygging av studentbustader, kan overførast

Målsetjing

Tilskottsordninga skal sikre at ein byggjer studentbustader, og den skal sikre ein rimeleg bustadsituasjon for studentar.

Rapport for 2001–02

Ved utgangen av 2001 disponerte studentsamskipnadene totalt 29 165 hybeleiningar. I 2001 svarar dette til ein gjennomsnittleg dekningsgrad på 16,6 pst. for medlemmene i studentskipnadene. Av desse er det ei stor gruppe som ikkje har studium som hovudaktivitet. Om lag 300 hybeleiningar er lagde til rette for bruk av funksjonshemma studentar. Det svarer til om lag 1 pst. av studentbustadene. I tråd med merknad frå Kyrkje-, utdannings- og forskningskomiteen i Budsjett-innst. S. nr. 12 (2001–02) legg departementet opp til at 10 pst. av

dei nye studentbustadene som blir bygde, skal vere lagde til rette for funksjonshemma. I 2001 vart om lag 650 nye hybeleiningar ferdige. I 2002 gav departementet tilsegn om støtte til om lag 800 nye hybeleiningar fordelte på følgjande stader: Agder, Bergen, Akershus, Oslo, Sunnmøre og Vestfold. Tilskott til bygging av studentbustader utgjør 60 pst. av på førehand godkjende byggjekostnader. Øvre kostnadsgrense er sett til kr 350 000 per hybeleining. Departementet har opna for ei høgre øvre kostnadsramme for bygging av studentbustader i pressområde som Oslo, Bergen og Trondheim, men innanfor tilskottsgrensa på 60 pst.

I Innst. O. nr. 67 (2000–2001) og anmodningsvedtak nr. 383 (2000–2001) bad Stortinget Regjeringa sjå nærare på ei ordning der det blir gitt tilsegn på førehand til bygging av studentbustader innanfor vedtekne kostnadsrammer. Ordninga skulle garantere samskipnadene statsstøtte når dei gir bod på eigedommar. Samskipnadene får på førehand tilsegn om statstilskott til bygging av nye studentbustader og til kjøp og konvertering av eksisterande eigedomsmasse til studentbustader. Departementet legg vekt på å fordele tilsegnene til studentsamskipnadene tidleg på året, slik at det blir meir pårekeleg for samskipnadene når dei skal planleggje og byggje studentbustader. I 2002 vart tilsegnene fordelte i mars månad, og ein legg opp til ei enda tidlegare fordeling i 2003.

Budsjettforslag for 2003

I budsjettavtalen i samband med Revidert nasjonalbudsjett for 2002 heiter det at studentbustader blir lagde inn under husbankfinansieringa, men at dei framleis skal vere ein del av utdanningspolitikken. Departementet er i gang med eit arbeid for å sjå på korleis ein kan leggje om forvaltninga av tilskottsordninga.

Fleire studentbustadprosjekt har problem med å halde seg innanfor dei fastsette kostnadsrammene. Departementet vil sjå nærare på denne kostnadsveksten, og mellom anna vurdere om det er nødvendig med klårare krav til standarder for studentbustadar.

Departementet foreslår å løyve om lag 200 mill. kroner til bygging av studentbustader i 2003. Om lag 1 mill. kroner vil bli nytta til rådgiving i samband med studentbustadbygging. Dette gir ei ramme for nye tilsegn i 2003 på om lag 199 mill. kroner.

Løyvinga på post 75 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3270 post 49, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Løyving og tilsegnfullmakter for studentbustader i 2002–03

(i 1 000 kr)

Tilsegnfullmakt per 31. desember 2002	196 000
Løyving	199 959
Tilsegnfullmakt per 31. desember 2003	196 000

Departementet foreslår ei tilsegnfullmakt på 196 mill. kroner, sjå forslag til vedtak III nr. 1.

Departementet foreslår å nytte inntektene frå sal av hybelhuset i Schultz' gate 7 i Oslo til bygging

av nye studentbustader, sjå forslag til vedtak II nr. 4.

Kap. 273 Statlege kunsthøgskolar (jf. kap. 3273)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
01	Driftsutgifter	157 517	161 900	185 544
21	Særskilde driftsutgifter	637	1 407	1 407
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	6 582	35 497	36 065
	Sum kap. 273	164 736	198 804	223 016

I høve til budsjettet for 2002 er det gjort m.a. denne tekniske endringa:

- Post 01 er oppjustert med om lag 11,9 mill. kroner i samband med overgang til direkte innbetaling av pensjonsinnskott til Statens pensjonskasse.

Kapitlet finansierer drift av:

- Kunsthøgskolen i Oslo
- Kunsthøgskolen i Bergen

Resultatrapport for 2001–02

Kunsthøgskolen i Oslo har studium innanfor metall, tekstil, klede og kostyme, keramikk, innreiingsarkitektur og møbeldesign, grafisk design og biletkunst. Scenekunstavdelingane utdannar skodespelarar, sceneinstruktørar, dansarar, koreografar og pedagogar innanfor ballett, og gir utdanning i operafag.

Kunsthøgskolen i Bergen gir undervisning innanfor biletkunst, fotografi, grafikk, keramikk, tekstil, visuell kommunikasjon, innreiingsarkitektur og møbeldesign.

Studenttal i 2001

Institusjon/avdeling	Opptak	Måltal studentar	Registrerte studentar
<i>Kunsthøgskolen i Oslo</i>			
Avdeling Statens handverks- og kunstindustrihøgskole	112	265	342
Avdeling Statens kunstakademi	31	105	102
Avdeling Statens teaterhøgskole	13	30	30
Avdeling Statens balletthøgskole	18	40	53
Avdeling Statens operahøgskole	4	12	12
Sum Kunsthøgskolen i Oslo	178	452	539
<i>Kunsthøgskolen i Bergen</i>			
Avdeling for design	38	95	101
Avdeling for spesialisert kunst	42	100	114
Avdeling kunstakademiet	14	60	59
Sum Kunsthøgskolen i Bergen	94	255	274
Sum kunsthøgskolar	272	707	813

Kjelde: DBH.

Både Kunsthøgskolen i Oslo og Kunsthøgskolen i Bergen oppfylte i 2001 måлтаlet for studentar samla sett.

Kandidattal i 2001

Institusjon/avdeling	Måltal kandidatar	Uteksaminerte kandidatar
<i>Kunsthøgskolen i Oslo</i>		
Avdeling Statens handverks- og kunstindustrihøgskole	118	101
Avdeling Statens kunstakademi	25	21
Avdeling Statens teaterhøgskole	10	10
Avdeling Statens balletthøgskole	15	11
Avdeling Statens operahøgskole	4	4
Sum Kunsthøgskolen i Oslo	172	147

Institusjon/avdeling	Måltal kandidatar	Uteksaminerte kandidatar
<i>Kunsthøgskolen i Bergen</i>		
Avdeling for design	36	31
Avdeling for spesialisert kunst	38	27
Avdeling kunstakademiet	15	16
Sum Kunsthøgskolen i Bergen	89	74
Sum kunsthøgskolar	261	221 ¹⁾

¹⁾Av desse er 86 hovudfagskandidatar.

Kjelde: Kjelde for uteksaminerte kandidatar: DBH.

Ingen av kunsthøgskolane oppfylte målalet for uteksaminerte kandidatar i 2001. Dette gjeld for dei fleste avdelingane.

Departementet la våren 2002 fram St.meld. nr. 18 Kvalitetsreformen Om høgere kunstutdanning (2001–2002), jf. Innst. S. nr. 214 (2001–2002). Musikk- og kunstfagutdanningane skal inngå i det nye gradssystemet, og gradsnemningane bachelor og master skal nyttast. Nokre fireårige utdanningar innanfor musikk og biletkunst kan framleis vere fireårige. Dette gjeld utdanningar ved institusjonar som i dag har tilbod om fireårige løp.

Stortingsmeldinga omhandlar òg organiseringa av Kunsthøgskolen i Oslo, og slår fast at kunsthøgskolen skal først vidare med dei utdanningane som alt ligg der. Departementet tek sikte på at heile kunsthøgskolen blir samlokalisert i Seilduksfabrikken gjennom eit byggjetrinn 2. Departementet har opsjon på byggjetrinn 2 ut året 2004. Byggjetrinn 1 er rekna å vere ferdig hausten 2003.

Dei tilsette ved Kunsthøgskolen i Oslo har publisert 57 faglege avhandlingar og artiklar, og teke del i produksjon av to fag- og lærebøker. Dei tilsette og studentane driv med både kunstnarleg verksemd, kunstnarleg utviklingsarbeid og meir tradisjonell forskning. Dei tilsette ved denne kunsthøgskolen har hatt fleire innanlandske og utanlandske utstillingar med meir.

Kunsthøgskolen i Oslo held fram med samarbeidet med ein høgskole i Zimbabwe innanfor utdanning i dans.

Kunsthøgskolen i Bergen har inngått ein intensjonsavtale med Universitetet i Bergen om eit samarbeid innanfor dr.art.-programmet ved Det historisk-filosofiske fakultet. Kunsthøgskolen i Bergen har gitt ut til saman 10 publikasjonar i 2000 og 2001. Kunsthøgskolen arbeider for å styrkje FoU-verksemda ved institusjonen. Kunsthøgskolen ønskjer å samordne all si FoU-verksemd i eit felles paraplyprosjekt for alle tilsette.

Kunsthøgskolen i Bergen har ein stor del studentar på utveksling i utlandet, medan talet på innreisande studentar har gått ned det siste året.

Begge kunsthøgskolane bør styrkje arbeidet med å utvikle kriterium for kunstnarleg utviklingsarbeid og finne gode indikatorar for dokumentasjon, slik at forskings- og utviklingsarbeid ikkje kan forvekslast med formidling og ordinære undervisningsoppgåver.

Kunsthøgskolane vil ikkje vere omfatta av det nye finansieringssystemet for universitet og høgskolar i budsjettåret 2003. Kunsthøgskolane må arbeide for å sikre kvaliteten på dei data som inngår i finansieringssystemet.

Departementet har, saman med Noregs musikkhøgskole og dei to kunsthøgskolane, oppretta eit stipendprogram for kunstnarleg utviklingsarbeid i tråd med St.meld. nr. 18 (2001–2002). Programmet skal føre fram til kompetanse som førsteamanuensis på linje med dei organiserte doktorgradsprogramma, og skal vere ope for alle kunst- og musikkfaglege miljø i Noreg. For 2002 vart det løyvd midlar til fire stipendiatstillingar, og departementet foreslår å løyve midlar til 2 nye stipendiatstillingar i 2003.

Resultatmål for 2003

Kunsthøgskolen i Oslo og Kunsthøgskolen i Bergen skal innan hausten 2003 gjennomføre Kvalitetsreforma.

Kunsthøgskolane må, i tråd med intensjonane i Kvalitetsreforma, intensivere arbeidet for å få fleire lærarar og studentar på utvekslingsopphald i utlandet.

Kunsthøgskolane skal vere i front på sine fagområde. På grunn av samorganiseringa av dei tidlegare kunstfaglege høgskolane er det forventa eit breiare og styrkt kunstfagleg miljø ved dei nye

institusjonane. Departementet føreset dessutan at samorganiseringa skal gi effektiviseringsvinstar.

Det er forventet ei opptrapping av utviklingsarbeidet i samband med Stipendprogram for kunstnarleg utviklingsarbeid. Departementet ser det som viktig at stipendiadar blir tilsett i stillingane så snart som mogleg.

Kunsthøgskolane må arbeide vidare med å definere kriterium for og synleggjere utviklingsarbeid

og forskning i utøvande kunstfag. FoU-verksemda må styrkjast.

Departementet føreset at høgskolane held oppe nivået på den oppdragsverksemda som blir rekneskapsført over statsbudsjettet.

Følgjande måltal for registrerte studentar og uteksaminerte kandidatar vil bli lagde til grunn for 2002 og 2003:

Måltal for registrerte studentar og uteksaminerte kandidatar

Institusjon/avdeling	Måltal studentar		Måltal kandidatar	
	2002	2003	2002	2003
<i>Kunsthøgskolen i Oslo</i>				
Avdeling Statens handverks- og kunstindustrihøgskole	265	265	118	118
Avdeling Statens kunstakademi	105	105	25	25
Avdeling Statens teaterhøgskole	30	30	10	10
Avdeling Statens balletthøgskole	40	40	15	15
Avdeling Statens operahøgskole	12	12	4	4
Sum Kunsthøgskolen i Oslo	452	452	172	172
<i>Kunsthøgskolen i Bergen</i>				
Avdeling for design	95	95	36	36
Avdeling for spesialisert kunst	100	100	38	38
Avdeling kunstakademiet	60	60	15	15
Sum Kunsthøgskolen i Bergen	255	255	89	89
Sum kunsthøgskolar	707	707	261	261

Budsjettforslag for 2003

For å styrkje undervisninga ved Kunsthøgskolen i Oslo og Kunsthøgskolen i Bergen i samsvar med tiltaka i Kvalitetsreforma er det i budsjettet for 2003 lagd inn 0,9 mill. kroner.

Budsjetttramma til Kunsthøgskolen i Bergen er auka med 1,5 mill. kroner for å jamne ut skilnaden mellom dei to kunsthøgskolane.

Departementet har i samsvar med merknaden i Budsjett-innst. S. nr. 12 (2000–2001) halde oppe opsjonen for byggjetrinn 2 for Kunsthøgskolen i Oslo. Det er sikra tomt som Kunsthøgskolen i Bergen kan samlokalisera på.

I samband med at Seilduksfabrikken blir teke i bruk av Avdeling Statens teaterhøgskole, Avdeling Statens operahøgskole og Avdeling Statens balletthøgskole frå hausten 2003, er det foreslått ein auke på 13 mill. kroner til husleige. Midlane er lagde inn på kap. 281 post 01.

Ved handsaminga av statsbudsjettet for 2001 og 2002 vart kap. 273 auka med 4 mill. kroner for å styrkje dei to kunsthøgskolane. Midlane er førte vidare i 2003.

Utdannings- og forskningsdepartementet kan gi Kunsthøgskolane i Oslo utvida fullmakter i høve til eksternt finansiert verksemd, sjå forslag til vedtak IV nr. 6.

*Post 01 Driftsutgifter**Fordeling av driftsmidler og inntektsbeløp*

(i 1 000 kroner)

Institusjon	Kap. 273 post 01	Kap. 273 post 21	Kap. 3273 post 01	Kap. 3273 post 02
Kunsthøgskolen i Oslo	122 608	709	725	3 099
Kunsthøgskolen i Bergen	62 936	699	705	1 433
Sum	185 544	1 407	1 430	4 532

Løyvinga på post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3273 postane 02, 06 og 11, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Løyvinga på posten skal dekkje driftsutgifter, større utstyrsinnkjøp og vedlikehald.

Post 21 Særskilde driftsutgifter

Posten gjeld lønn (inkl. trygd) og driftsmidler til oppdragsforskning som blir finansiert av inntekter på kap. 3273 post 01. Tilsetjing i slike stillingar skal berre gjelde for den perioden den eksterne finansieringskjelda dekkjer utgiftene til lønn.

Løyvinga på posten kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter frå oppdragsverksemd, jf. forslag til vedtak II nr. 2.

Post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Posten gjeld løyving til vitskapleg utstyr og til kjøp av utstyr og inventar til bygg, samt større vedlikehalds- og ombyggingsarbeid. I 1999 vart det inngått ein avtale med ein privat utbyggjar om lokal til Kunsthøgskolen i Oslo i Seilduksfabrikken ved Akerselva. Førebels kostnadsramme for prosjektet er om lag 400 mill. kroner. Det vart i budsjettet for 2002 lagt inn 30 mill. kroner i utstyrsmidlar. Det er øyremerkt ytterlegare 30 mill. kroner i utstyrsmidlar til det nye bygget i budsjettet for 2003.

Kap. 3273 Statlege kunsthøgskolar (jf. kap. 273)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
01	Inntekter frå oppdrag	485	1 430	1 430
02	Salsinntekter o.a.	4 230	4 362	4 532
15	Refusjon for arbeidsmarknadstiltak	331		
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	592		
17	Refusjon for lærlingar	30		
18	Refusjon av sjukepengar	1 848		
	Sum kap. 3273	7 516	5 792	5 962

På post 02 skal det, utanom salsinntekter frå sal av materiell til studentar m.m., førast leigeinntekter som skal dekkje reinhald, vakthald og andre

utgifter ved tilfeldig utleige av lokale. Også faste leigeinntekter kan førast på post 02.

Kap. 274 Statlege høgskolar (jf. kap. 3274)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
01	Driftsutgifter	5 704 930	3 973 255	101 834
21	Særskilde driftsutgifter	348 065	192 629	3 321
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	232 620	133 056	798
50	Statstilskott		1 805 542	6 467 690
70	Tilskott	7 116	7 329	1 410
	Sum kap. 274	6 292 731	6 111 811	6 575 053

I høve til statsbudsjettet for 2002 er det gjort m.a. desse tekniske endringane:

- I samband med overgang til nettobudsjettering for høgskolane i Akershus, Bergen, Buskerud, Finnmark, Gjøvik, Harstad, Hedmark, Lillehammer, Molde, Narvik, Nesna, Nord-Trøndelag, Sogn og Fjordane, Stord/Haugesund, Sør-Trøndelag, Telemark, Tromsø, Vestfold, Volda, Østfold og Ålesund er utgiftsløyvingane samla på ny post 50. Inntektsløyvingane under kap. 3274 på om lag 326 mill. kroner er trekte ut for desse institusjonane, og utgiftsløyvingane er reduserte tilsvarende.
- Budsjettramma er oppjustert med om lag 452,6 mill. kroner i samband med overgang til direkte innbetaling av pensjonsinnskott til Statens pensjonskasse.
- Budsjettramma er nedjustert med 66,3 mill. kroner i samband med at midlar til fellestiltak ved dei statlege høgskolane er foreslått løyvd over kap. 281 post 01.
- Budsjettramma er nedjustert med om lag 7 mill. kroner i samband med at midlar til utstyr til dei statlege høgskolane er foreslått løyvd over kap. 281 post 45.
- Budsjettramma er nedjustert med om lag 3 mill. kroner i samband med at midlar til studiar i vernepleie ved Høgskolen i Rogaland er overførte til kap. 282 post 70.
- Budsjettramma er nedjustert med 3,3 mill. kroner i samband med at tilskott til Det norske studiesenteret i Storbritannia er overførte til Universitetet i Bergen, sjå omtale under kap. 261 post 50 og kap. 270 post 71.
- 6,2 mill. kroner er overførte frå kap. 274 post 70 til Høgskolen i Akershus kap. 274 post 50, jf. omtale under post 70.

Tilskottspostane 50 og 70 blir gitt egne omtalar nedanfor.

Kapitlet omfattar:

- drift av 26 statlege høgskolar
- tilskott til Ole Bull Akademiet på Voss

Resultatrapport for 2001–02

Dei 26 statlege høgskolane representerer variasjon i storleik og fagleg profil. Dei største høgskolane har ein brei fagportefølje, medan dei mindre høgskolane har eit smalare utval av studietilbod. Utdanningstilboda ved høgskolane er retta mot ulike fleirårige yrkesretta utdanningar, fagstudium med ei lengd på eit halvt til halvanna år, og ei rekkje vidareutdanningstilbod. Nokre høgskolar har hovudfags- eller mastergradstilbod innanfor særskilde fagfelt, og enkelte har sivilingeniør- eller siviløkonomutdanning. Høgskolane i Agder, Bodø, Molde og Stavanger har rett til å tildele doktorgrad på særskilde fagområde. Den ulike kompetanseprofilen ved høgskolane fører òg med seg at FoU-innsatsen ved dei statlege høgskolane er variert.

Tabellen nedanfor gir ei oversikt over registrerte studentar, kandidatar og årseksamenar ved dei einskilde institusjonane i 2001. Hausten 2001 var det registrert totalt 76 089 studentar ved dei statlege høgskolane. Dette er ein auke på 774 studentar frå året før. Vidare var det i 2001 registrert 16 138 kandidatar og til saman 8 096 årseksamenar innanfor dei ulike studia/faga ved høgskolane. Samanlikna med 2000 er kandidatproduksjonen noko redusert, medan talet på årseksamenar ligg på om lag same nivå.

Oversikt over student- og kandidattal/årseksamenar

Høgskole	Registrerte studentar 2001 ¹⁾	Registrerte kandidattal 2001	Tal på årseksamenar 2001
Sámi allaskuvla/ Samisk høgskole	132	22	56
Agder	6 400	1 261	780
Akershus	2 087	538	445
Bergen	4 635	1 069	209
Bodø	3 817	765	389
Buskerud	2 034	385	357
Finnmark	1 991	332	237
Gjøvik	1 244	266	75
Harstad	1 039	163	128
Hedmark	3 564	848	339
Lillehammer	1 883	318	480
Molde	1 394	352	144
Narvik	979	197	38
Nesna	992	183	123
Nord-Trøndelag	2 800	522	333
Oslo	8 360	2 051	569
Sogn og Fjordane	2 386	444	350
Stavanger	6 140	1 192	635
Stord/Haugesund	1 972	462	67
Sør-Trøndelag	5 594	1 337	289
Telemark	3 809	859	618
Tromsø	2 355	486	132
Vestfold	2 696	575	327
Volda	1 974	437	564
Østfold	3 662	818	328
Ålesund	1 117	256	84
Delsum	75 056	16 138	8 096
Anna ²⁾	1 033		307
Sum	76 089		8 403

¹⁾ Tala representerer statleg finansierte heiltidsekvivalentar. I tillegg hadde dei statlege høgskolane 6 043 heiltidsekvivalentar som er 100 pst. eksternt finansierte, samt 342 personar utan studierett.

²⁾ Omfattar kandidatar på program som ikkje er på høgskolenivå, til dømes kandidatar på forkurs for ingeniørutdanning.

Samla vart det i 2001 teke opp 36 826 studentar til dei ulike tilboda ved høgskolane. I 2000 var det tilsvarande talet 36 117 studentar. Opptaket til dei særskilde prioriterte utdanningane er gjennomgåande høgare enn måлтаlet. Det er ein viss nedgang i rekrutteringa til vernepleiarutdanninga samanlikna med opptaket i 2000. Det er òg svikt i rekrutteringa til faglærarutdanningane, men opptaket til

førskolelærarutdanninga og allmennlærarutdanninga viser ein positiv tendens. Nedgangen i opptaket til ingeniørutdanningane held fram i 2001. Det same gjeld òg for rekrutteringa til maritim utdanning. Søkjerdata viser at dei tendensane som er nemnd over ser ut vil å vare ved. Tabellen nedanfor gir ein oversikt over kandidat- og opptakstal for dei ulike utdanningane.

Oversikt over kandidat- og opptakstal fordelte på kategoriar for utdanning¹⁾

Kategoriar for utdanning	Registrert opptakstal 2001 ²⁾	Registrert kandidattal 2001 ¹¹⁾
Sjukepleiarutdanning	3 913	2 912
Fysioterapiutdanning	328	253
Ergoterapiutdanning	253	163
Bioingeniørutdanning	252	191
Radiografutdanning ⁸⁾	216	111
Reseptarutdanning	91	46
Audiografutdanning	24	17
Vernepleiarutdanning	730	495
Sosionomutdanning	868	582
Ortopediingeniørutdanning ³⁾	12	
Døvetolkutdanning	30	13
Tannpleiarutdanning	17	10
Tannteknikarutdanning ⁴⁾		
Barnevernspedagogutdanning	801	571
Allmennlærarutdanning	3 093	1 847
Førskolelærarutdanning	1 514	1 991
Faglærarutdanning	472	203
Praktisk-pedagogisk utdanning	789	817
Bibliotekarutdanning	149 ¹⁰⁾	97
Journalist-/fotoutdanning	255 ⁹⁾	183
Ingeniørutdanning	3 001	1 928
Maritim utdanning	111	81
Sivilingeniørutdanning	457	234
Siviløkonomutdanning	280	287
Høgskolekandidatutdanning ⁵⁾	5 597	2 940

Kategoriar for utdanning	Registrert opptakstal 2001 ²⁾	Registrert kandidattal 2001 ¹¹⁾
Hovudfag	467	166
Examen philosophicum	1 074	
Årseining/grunnfag/halvårseining/mellomfagstillegg/vidareutdanning ⁶⁾	12 032	8 096
Anna ⁷⁾	792	307

- 1) I tillegg er det registrert studentar ved enkelte av dei nemnde utdanningskategoriane på private høgskeolar, universitet og vitenskaplege høgskeolar.
- 2) Tal for opptak er i tal på heiltidsekvivalentar og ikkje i tal på personar.
- 3) For ortopediingeniørutdanninga er det berre opptak kvart tredje år.
- 4) Høgskolen i Oslo har ikkje opptak i tannteknikarutdanninga i 2001.
- 5) Høgskolekandidatutdanning er to- og treårige utdanningar som gir rett til tittelen høgskolekandidat. Denne kategorien omfattar også fleirårige grunnutdanningar som ikkje gir denne retten, og som elles ikkje er spesifiserte som yrkesutdanningar eller tilhører kategorien vidareutdanning.
- 6) Kandidattal for kategorien årseining/grunnfag m.m. er rekna om til årseksamen (tal på 60-studiepoengseiningar).
- 7) Kategorien «anna» omfattar kandidatar på program som ikkje er på høgskolenivå, forkurs for ingeniørutdanning, etc.
- 8) Talet inkluderer opptak av 20 heiltidsekvivalentar i eit prøveprosjekt med radiografutdanning på Gjøvik.
- 9) Talet inkluderer opptak av tolv studentar på fotojournalistutdanninga ved Høgskolen i Oslo. Samisk høgskeole har ikkje opptak av studentar til journalistutdanninga i 2001.
- 10) Talet omfattar nye studentar på det 2-årige påbyggingsstudiet på grunnfaget.
- 11) Tala for kandidatar omfattar eigenfinansierte kandidatar.

Kjelde: DBH.

Undervisning

Kvalitetsreforma har ført til at statlege høgskeolar har fått mynde til å etablere og leggje ned studietilbod opp til tre års lengd på lågare grads nivå. Dei fleste institusjonane har alt frå hausten 2002 etablert nye bachelorgradar. Departementet vil framleis godkjenne etablering av nye doktor- og mastergradar ved høgskeolane. Høgskeolar som har rett til å tildele doktorgrad, kan sjølv opprette masterstudium på desse områda. Søknadene blir først fagleg vurderte av ein sakkunnig komite som er oppnemnd av sekretariatet for Noregsnettrådet. Frå januar 2003 vil Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) få ansvar for å godkjenne nye masterstudium og doktorgradar.

Dei aller fleste statlege høgskeolane har utarbeidd handlingsplanar for funksjonshemma studentar som institusjonane no følgjer opp.

På bakgrunn av Stortinget si handsaming av Innst. S. nr. 262 (2001–2002) og St.meld. nr. 16 (2001–2002) Om ny lærerutdanning har departementet tildelt midlar til utdanningsinstitusjonane sitt arbeid for å knyte fagpersonalet nærare praksisfeltet og for å starte arbeidet med å etablere ei ny eining på ti studiepoeng i den første lese-, skrive- og matematikkopplæringa.

Arbeidet med å utvikle nye rammeplanar for lærerutdanningane er organisert av sekretariatet

for Noregsnettrådet. Siktemålet er å ta i bruk dei nye rammeplanane frå hausten 2003.

Departementet vil arbeide vidare med ei ordning for rettleiing av nyutdanna lærarar. Det er frivillig for kommunane å ta del i ordninga. Departementet føreset at institusjonane med lærerutdanning samarbeider med barnehage- og skoleeigarar.

Som ein del av oppfølginga av St.meld. nr. 12 (1999–2000) ...og yrke skal båten bera... Handlingsplan for rekruttering til læreryrket har departementet sett av 30 mill. kroner årleg til ei fireårig satsing på IKT i lærerutdanninga. Satsinga blir ført vidare i 2003, sjå omtale under kap. 281.

Departementet tildelte i 2002 midlar til Høgskolen i Oslo slik at høgskeolen kunne halde fram med drifta av senter for kompetanseutvikling i den fleirkulturelle skolen. Senteret er evaluert for å vurdere om det skal halde fram ut over prosjektperioden.

Frå hausten 2003 tek departementet sikte på at det også for helse- og sosialfagutdanningane skal gjerast ei særskild vurdering av om studentane er skikka for utøving av yrket etter same mal som for lærerutdanningane.

Sjukehusreforma legg til grunn eit tett og forpliktande samarbeid mellom dei regionale helseforetaka og høgskeolane, mellom anna om praksisundervisninga. Det vil bli arbeidd med å etablere

samarbeidsorgan og rammeavtalar mellom dei regionale helseforetaka og høgskolane.

For tannpleiarutdanninga er det av fagmiljøet sett ned ei arbeidsgruppe som skal vurdere modell og innhald i utdanninga.

Som oppfølging av Kvalitetsreforma vil departementet i samarbeid med sektoren gå gjennom rammeplanane for helsefagutdanningene for å redusere omfanget og gjere dei mindre detaljerte. Det vil òg bli vurdert om rammeplanar bør avviklast. Rammeplanane for økonomisk-administrative fag og maritim høgskoleutdanning vil bli avvikla.

Det har i fleire år vore problem med å rekruttere studentar til ingeniørutdanninga. Høgskolane held fram med aktiv rekruttering i samarbeid med arbeids- og næringslivet, og ei rekkje høgskolar tilbyr eigne forkurs for søkjarar som ikkje har god nok realfagleg bakgrunn for opptak. I perioden 2000–02 har departementet tildelt 4,5 mill. kroner til Nasjonalt senter for rekruttering til naturvitenskaplege og teknologiske fag (RENATE). Senteret har mellom anna sett i verk tiltak for å betre søkinga til ingeniørutdanninga. Vidareføring av RENATE vil bli vurdert i samband med ein større offensiv for realfag. I 2001 løyvde Stortinget 8 mill. kroner til særskilde rekrutteringstiltak i ingeniørutdanninga. Satsinga vart ført vidare i 2002. Midlane er fordelte til ti nye forkursklassar i tillegg til andre særskilde tiltak.

Søkjartal for studieåret 2002–03 viser at det framleis er vanskeleg å rekruttere studentar til maritim høgskoleutdanning, spesielt innanfor maritim drift. Ei årsak til dette er at høgskolane tilbyr dei same sertifikatutdanningane som teknisk fagskole, og at den samla kapasiteten er for stor i høve til studentsøkinga. I Innst. S. nr. 177 (2000–2001), jf. St.meld. nr. 20 Om korte yrkesrettede utdanninger etter videregående opplæring, vart det slått fast at det skal vere ein rekrutteringsveg frå fagbrev til sertifikatutdanning i teknisk fagskole. Departementet vart bede om å greie ut ei klarare arbeidsdeling mellom høgskolane og teknisk fagskole, med sikte på å sikre og utvikle ei norsk maritim utdanning på topp internasjonalt nivå. Ei breitt samansett arbeidsgruppe tilrådde ikkje funksjonsdeling mellom høgskole og teknisk fagskole, men meinte at det må vere mogleg å ta sertifikatutdanning på begge nivå, m.a. for å halde oppe to alternative rekrutteringsveggar, gjennom både yrkesfag og fagbrev og gjennom allmennfag og generell studiekompetanse. Høgskolane sjølve meiner dessutan at det er vanskeleg å halde vedlike og utvikle nasjonale kompetansmiljø i maritime fag utan ansvar for sertifikatutdanninga.

For å kunne halde oppe eit studietilbod i maritime fag må høgskolane utvikle reelle faglege alternativ til fagskolane, sjølv om dei held på sertifikatutdanningane. Dei må i større grad samarbeide om å utvikle ulike spesialiseringar og studium på masternivå, og dei må etablere samarbeid med den maritime næringa for å auke søkinga til og gjennomføringa av studia. Departementet har oppfordra høgskolane til å lage ein tiltaksplan for dei maritime utdanningane som forpliktar både lærestadene og samarbeidspartnarane.

Studiegjennomføring

Innføring av nytt finansieringssystem for høgskolar og universitet i 2002 inneber ei dreining frå vektlegging av innsatsfaktorar over mot resultat. Vektal som vart produserte i 2001, vil få budsjetteffekt i 2003, jf. St.prp. nr. 1 (2001–2002) for ei nærare omtale av finansieringssystemet.

Studiegjennomføringa ved dei statlege høgskolane varierer frå institusjon til institusjon og mellom ulike fagområde. For omtale av gjennomsnittlege tal på studiepoeng per student, sjå kategoriomtalen.

Fleksible studietilbod

I 2001 er det fordelt 30 mill. kroner til dei statlege høgskolane for å dekkje meirkostnadene ved fjernundervisning og desentraliserte studietilbod. Satsinga på fleksible tilbod har sidan 1999 ført til auke i talet på tilbod og talet på studentar som søker seg til slike tilbod, frå 3 261 heiltidsekvivalentar i 1999 til 5 110 heiltidsekvivalentar i 2001. Fleksible studietilbod er eit viktig supplement til den ordinære drifta ved høgskolane. Desentralisering av studietilbod er eit verkemiddel for å gi studentar som ikkje kan nytte seg av det ordinære studietilbodet, tilgang til høgre utdanning. Erfaringane har vist at etablering av fjernundervisning og desentraliserte studietilbod medverkar til å betre rekrutteringa til prioriterte utdanningar som i lengre tid har hatt låg søking ved ordinær studiestad eller som ordinært studietilbod.

FoU-verksemnd

Dei statlege høgskolane har ei særskilt oppgåve når det gjeld kompetanseutvikling og nyskapande verksemnd i regionane. På enkelte område har høgskolane i tillegg eit nasjonalt ansvar for å utvikle spesialkompetanse av høg standard, til dømes knytt til yrkesutdanningar eller område der dei kan tildele doktorgrad.

Det er store variasjonar i omfanget av FoU-verksemda mellom høgskolane og mellom dei ulike fagområda. Omfanget av FoU-verksemda er størst ved dei økonomisk-administrative faga og samfunnsfaga, medan omfanget er mindre innanfor ingeniørfaga. Dette har mellom anna samanheng med forskjellar mellom høgskolane når det gjeld kompetansenivået til dei fagleg tilsette og høgskolane sine forskingsstrategiar.

Innføring av eit nytt finansieringssystem for universitet og høgskolar inneber eit delvis skilje mellom forskings- og undervisningsløyving. Forskingsløyvinga er delt i ein insentivbasert og ein strategisk del. Storleiken på løyvingane til strategisk forskning heng saman med gjennomføringa av planen for å auke forskingsløyvingane til OECD-gjennomsnittet, jf. omtale av finansieringssystemet under programkategori 07.60. Ein del av løyvingane til strategiske satsingar innanfor forskning og utviklingsarbeid til dei statlege høgskolane er lagte til eit strategisk høgskoleprogram under Noregs forskingsråd som har fått tildelt 15 mill. kroner til formålet i 2002. Programmet vil ta omsyn til den faglege situasjonen i institusjonane, og skal gi statlege høgskolar høve til å byggje opp FoU-verksemd av god kvalitet.

I den strategiske forskingsløyvinga inngår òg finansieringa av rekrutteringsstillingar. For 2002 vart løyvinga til rekrutteringsstillingar auka med 175 mill. kroner til universitet og høgskolar. Av denne satsinga vart dei statlege høgskolane tildelt midlar til 42 nye stipendiatstillingar.

Eksternt finansiert verksemd

Statsrekneskapan for 2001 viser at 5,9 pst. av dei totale driftsutgiftene ved høgskolane er knytte til eksternt finansiert verksemd. Prosentdelen er auka samanlikna med nivået på verksemda i 2000.

For høgskolane under dette kapitlet var det hausten 2001 registrert i alt 6 238 eksternt finansierte kursstudentar, rekna om til heiltidsekvivalentar. Desse kursstudentane er ikkje inkluderte i tabellen med oversikt over student- og kandidat- tal/årseksamen ved dei statlege høgskolane. Talet er auka med om lag 1 000 heiltidsekvivalentar frå året før.

Internasjonalisering

Alle dei statlege høgskolane er i ulik men aukande grad med i internasjonalt utdanningssamarbeid. Dei aller fleste er aktive når det gjeld studentutveksling, sjølv om aktiviteten i det store og heile framleis er låg. Høgskolane sender også ut langt fleire studentar på delstudium i utlandet enn dei

tek imot på utvekslingsopphald ved eigen institusjon. Av denne grunnen er det viktig å arbeide for å få fleire utanlandske studentar på delstudium i Noreg. Det har vore ein auke i lærarutvekslinga i 2001. Høgskolane må arbeide for at denne utviklinga held fram.

Bygg og lokale

Forslag til løyvingar til bygg for statlege høgskolar blir ført på kap. 2445 Statsbygg over budsjettet til Arbeids- og administrasjonsdepartementet.

Det vises til omtale under kap. 281 om at departementet har sett i gang eit arbeid med å skaffe oversikt over og evaluere investeringsbehovet i universitets- og høgskolesektoren.

I 2002 er det sett i gang byggjeverksemd for Høgskolen i Bodø for å flytte Avdeling for lærarutdanning til høgskoleanlegget på Mørkved.

Frå hausten 2002 blir to nybygg tekne i bruk. Det gjeld eit nybygg for Høgskolen i Nord-Trøndelag som er reist i samarbeid med Trøndelag kompetansesenter i Levanger, og eit tilbygg på Hamar til Avdeling for lærarutdanning ved Høgskolen i Hedmark.

Nybygg for Høgskolen i Molde vil stå ferdig hausten 2002.

Idrettsanlegg for Høgskolen i Telemark i Bø vil stå ferdig hausten 2003.

Nybygg for filmutdanninga ved Høgskolen i Lillehammer vil stå ferdig sommaren 2003.

Nybygg for Høgskolen Stord/Haugesund på Rommetveit er planlagt ferdig våren 2004.

Statsbygg har ført vidare detaljprosjekteringa av nybygg og ombygging ved Høgskolen i Østfold. Arbeidet med detaljprosjektet skal vere ferdig i desember 2002. Av omsyn til det samla budsjettopplegget finn Regjeringa ikkje å kunne foreslå startløyving i 2003.

Spørsmålet om lokalisering av Høgskolen i Akershus er omtala under budsjettforslaget for 2003.

Grunnlag for resultatbasert tildeling i nytt finansieringssystem i 2003

Frå og med budsjettet for 2002 vart det innført eit nytt finansieringssystem for universitet og høgskolar. Det vart mellom anna lagt vekt på meir resultatbasert finansiering, og modellen skil mellom basisfinansiering, undervisningsfinansiering og forskningsfinansiering, sjå omtale i St.prp. nr. 1 (2001–2002). I undervisningsfinansieringa i ny finansieringsmodell vil institusjonane sin produksjon av 60-studiepoengseiningar og talet på utvekslingsstudentar vere dei variablane som gir utslag i den

resultatbaserte finansieringa. Tabellen nedanfor syner resultatkravet og faktisk resultat i 2001 for statlege høgskolar:

Resultatkrav og faktiske resultat i 2001

Høgskole	Resultatkrav 60-studiepoengseiningar 2001	Faktiske tal på 60-studiepoengseiningar 2001	Tal på utvekslingsstudentar 2000	Tal på utvekslingsstuentar 2001
Samisk	93	104	0	6
Agder	4 604	4 878	283	214
Akershus	1 697	1 701	5	10
Bergen	3 657	3 694	100	79
Bodø	2 546	2 700	86	94
Buskerud	1 568	1 554	21	3
Finnmark	1 116	1 114	50	43
Gjøvik	1 050	1 019	6	2
Harstad	729	784	23	27
Hedmark	2 908	2 568	55	39
Lillehammer	1 455	1 494	25	38
Molde	1 032	1 061	50	35
Narvik	620	653	74	101
Nesna	652	742	18	8
Nord-Trøndelag	2 197	2 154	22	0
Oslo	6 762	6 387	286	331
Sogn og Fjordane	1 923	1 917	17	17
Stavanger	4 488	4 307	90	65
Stord/Haugesund	1 600	1 423	28	9
Sør-Trøndelag	4 841	4 818	89	98
Telemark	3 506	3 064	77	85
Tromsø	1 883	1 935	59	68
Vestfold	2 070	2 074	70	43
Volda	1 726	1 832	138	113
Østfold	2 600	2 776	127	128
Ålesund	929	967	36	31
Sum	58 252	57 720	1 835	1 687

Resultatmål for 2003

Dei statlege høgskolane har eit særskilt ansvar for yrkesretta utdanningar. Høgskolane har òg eit nasjonalt ansvar for å gi studietilbod og å halde ved lag og utvikle kompetanseprofilen i særskilde fag. Vidare skal høgskolane drive forskning, utviklingsarbeid og anna fagleg verksemd som er særleg relevant for regionen dei høyrer til.

- dei statlege høgskolane skal innan hausten 2003 gjennomføre Kvalitetsreforma.
- dei statlege høgskolane må utnytte den studiekapasiteten dei har løyving for.
- dei statlege høgskolane med lærarutdanning må arbeide for å auke talet på lærarar og lærarstudentar som utdannar seg i sentrale skolefag, særleg realfag, språkfag og enkelte yrkesfag, samt leggje til rette for å rekruttere fleire studentar med minoritetsspråkleg bakgrunn til lærarutdanningane.
- dei statlege høgskolane med lærarutdanning må styrkje arbeidet for å få eit aktivt samarbeid med statens utdanningskontor, kompetansesentra for spesialundervisning og skole-/barnehageigarar om opplegg for FoU-arbeid og etter- og vidareutdanning av lærarar, skoleleiarar og PP-teneste, jf. kap. 243, 226 og 202. Det er nødvendig å leggje til rette for både ei langsiktig og fleksibel organisering av samarbeidet med sikte på å utvikle eit praksisnært tilbod av høg kvalitet i høve til behov for kompetanse i skolen og barnehagen.
- profesjonsutdanningane ved dei statlege høgskolane må styrkje tilknytninga si til yrkesfeltet gjennom meir praksisretta FoU, jf. drøftingane i stortingsmeldingane nr. 16 og nr. 35 (2001–2002).
- dei statlege høgskolane må framleis leggje vekt på å utvikle gode etter- og vidareutdanningstilbod i tråd med intensjonane i Kompetansereforma.
- dei statlege høgskolane må utvikle eigne FoU-strategiar og styrkje FoU-verksemda. Departementet føreset at høgskolane tek på seg oppgåver innanfor både kompetanseutvikling og forskings- og utviklingsverksemd for å styrkje regionane. Det er derfor viktig at FoU-strategiane ved høgskolane blir utvikla i samarbeid med det lokale nærings- og samfunnslivet, mellom fagmiljøa ved høgskolane og med andre lærestader i Noreg og i utlandet.
- dei statlege høgskolane skal leggje vekt på tiltak for å sikre rekrutteringa av vitskapleg personale. Dette gjeld særleg rekrutteringa av kvinner. Høgskolane skal òg leggje til rette for at dei fagleg tilsette kan utvikle kvalifikasjonane sine

vidare gjennom forskning og anna utviklingsarbeid.

- dei statlege høgskolane skal leggje til rette for at høgskolelærarar kan gjennomføre mastergradstilbod på sentrale område som kan ivareta det praktiske aspektet ved yrkesutdanningane. Høgskolane bør òg utvikle førstelektorprogram, i eige regi eller i samarbeid mellom fleire, for å auke talet på førstelektorar blant det faglege personalet.
- dei statlege høgskolane må halde oppe eit høgt aktivitetsnivå når det gjeld student- og forskarutveksling og anna internasjonalt samarbeid. Det er nødvendig med fleire gjensidig bindande utvekslingsavtalar med institusjonar i utlandet.

Budsjettforslag for 2003

Departementet foreslår at 21 høgskolar går over til nettobudsjettering frå og med 1. januar 2003, jf. forslaget til vedtak IV nr. 4 og 5.

15 mill. kroner vart løyvde til eit nytt forskingsprogram for statlege høgskolar i regi av Noregs forskingsråd i 2002. Desse midlane er førte vidare og foreslått auka ytterlegare med 15 mill. kroner til totalt 30 mill. kroner i 2003. I budsjettet for 2002 vart tildelinga frå Utdannings- og forskningsdepartementet til Noregs forskingsråd sitt MOBI-program på 2 mill. kroner. Midlane er førte vidare og foreslått auka med 1,5 mill. kroner til totalt 3,5 mill. kroner i 2003. Forskingsprogrammet KUPP vart tildelt 5 mill. kroner i 2002. Departementet foreslår å føre denne satsinga vidare i 2003.

Departementet foreslår at høgskolane blir tildelte midlar til 40 nye doktorstipendiatstillingar i 2003. Midlane er lagte inn i budsjettamma til høgskolane med verknad frå hausten 2003.

For å styrkje undervisninga ved dei statlege høgskolane i samsvar med tiltaka i Kvalitetsreforma er det i budsjettet for 2003 foreslått 183,9 mill. kroner. Av desse er 82,8 mill. kroner ført vidare frå budsjettet for 2002.

I samband med at det i dei seinare åra har vore ei markant svikt i talet på søkjarar innanfor dei klassiske ingeniørutdanningane gav Stortinget ei løyving på 8 mill. kroner til ekstraordinære rekrutteringstiltak i 2001. Departementet fører denne satsinga vidare i 2003.

Regjeringa foreslår ein reduksjon i budsjettamma for universitetet og høgskolar på 11,8 mill. kroner knytte til en reduksjon i studieplassar. Denne reduksjonen er fordelt med 5,9 mill. kroner til universiteta og 5,9 mill. kroner til dei statlege høgskolane. Utover dette er det fordelt omdisponeringar av kapasitet mellom utdanningar og dei statlege høgskolane. Departementet legg opp til å

auke opptaket til prioriterte grunnutdanningar. Dette gjeld 43 plassar i lærarutdanning, 23 plassar i ingeniørutdanning, 18 plassar i audiografutdanning og 15 plassar i vernepleiarutdanning. Auken i opptaket til lærarutdanninga gjeld mellom anna fleirkulturell lærarutdanning ved Høgskolen i Oslo.

I budsjettet for 2002 vart talet på studieplassar redusert. Det er lagd inn heilårsverknad i budsjettet for 2003.

Dei statlege høgskolane får ein reduksjon i budsjetttramma på 18 mill. kroner i samsvar med at talet på 60-studiepoengseiningar er redusert med 532 i høve til resultatkravet for 2001. Vidare er talet på utvekslingsstudentar reduserte med 148 i høve til 2000, sjå elles omtale av finansieringssystemet under kategoriomtalen.

Resultatbasert løyving

								(i kroner)	
Høgskole	Utteljing A	Utteljing B	Utteljing C	Utteljing D	Utteljing E	Utteljing F	Utteljing utvekslingsstudentar	Sum	
Samisk	0	0	0	0	-1 190 639	1 227 131	30 000	66 492	
Agder	0	-1 710 000	2 478 000	-396 900	7 110 012	464 750	-345 000	7 600 862	
Akershus	0	-1 224 000	0	-945 000	3 159 450	-1 401 360	25 000	-385 910	
Bergen	0	0	0	574 740	1 364 790	-570 792	-105 000	1 263 738	
Bodø	0	0	616 800	338 400	-332 567	3 426 872	40 000	4 089 506	
Buskerud	0	0	0	-19 800	22 222	-339 023	-90 000	-426 600	
Finnmark	0	0	-92 400	165 600	1 529 622	-1 340 654	-35 000	227 168	
Gjøvik	0	0	0	45 000	-543 683	-336 409	-20 000	-855 092	
Harstad	0	0	0	0	-350 534	1 588 672	20 000	1 258 138	
Hedmark	0	0	0	0	-11 603 542	1 118 792	-80 000	-10 564 750	
Lillehammer	-5 376 000	0	0	-864 000	1 961 040	1 282 008	65 000	-2 931 952	
Molde	0	0	0	158 400	2 524 530	-1 437 264	-75 000	1 170 666	
Narvik	0	0	600 480	0	831 676	-159 161	135 000	1 407 994	
Nesna	0	0	0	0	9 962 967	-5 803 414	-50 000	4 109 553	
Nord-Trøndelag	0	0	307 200	37 800	-3 055 527	1 216 329	-110 000	-1 604 197	
Oslo	0	-1 080 000	312 000	4 356 000	-11 341 502	-2 626 801	225 000	-10 155 303	
Sogn og Fjordane	0	0	0	558 000	-562 859	-57 007	0	-61 866	
Stavanger	0	-1 368 000	820 800	998 100	-5 597 978	-482 944	-125 000	-5 755 021	
Stord/Haugesund	0	0	0	0	-3 773 082	-1 243 716	-95 000	-5 111 798	
Sør-Trøndelag	0	0	0	1 436 400	4 168 053	-4 831 322	45 000	818 131	
Telemark	0	0	-844 800	-624 600	-7 124 625	-4 077 413	40 000	-12 631 438	

								(i kroner)
Høgskole	Utteljing A	Utteljing B	Utteljing C	Utteljing D	Utteljing E	Utteljing F	Utteljing utvekslingsstudentar	Sum
Tromsø	0	810 000	28 800	-525 600	2 378 386	-573 529	45 000	2 163 057
Vestfold	0	0	0	0	-1 576 045	1 364 737	-135 000	-346 308
Volda	0	-266 400	0	-522 000	-34 620	3 015 398	-125 000	2 067 378
Østfold	1 248 000	0	103 200	-225 000	3 279 409	1 397 738	5 000	5 808 347
Ålesund	0	0	0	-261 000	-1 482 607	2 263 081	-25 000	494 474
Sum	-4 128 000	-4 838 400	4 330 080	4 284 540	-10 277 650	-6 951 300	-740 000	-18 284 730

På kap. 274 post 01 er det sett av 30 mill. kroner til å dekkje meirkostnader ved desentraliserte studietilbod. Midlar til å dekkje meirkostnader ved desentralisert sjukepleiarutdanning på budsjettkap. 705 er frå 2003 foreslått lagde inn i løyvinga til fylkesmannsembeta. For nærare omtale, sjå tekst under rekrutteringsplanen for helse- og sosialpersonell i budsjettforslaget til Helsedepartementet.

Det er inngått ein kontrakt med ENTRA Egen- dom AS om leige av Telenorbygget på Kjeller. På bakgrunn av ein kostnadsramme på 371 mill. kroner er Høgskolen i Akershus foreslått tildelt 27,9 mill. kroner til utstyr. Vidare er Høgskolen i Akershus tildelt 7,3 mill. kroner til leige av lokala. Bygget er planlagt å stå ferdig sommaren 2003.

Fordeling av utgifts- og inntektsløyving

						(i 1 000 kroner)
Høgskole	Kap. 274 post 01	Kap. 274 post 21	Kap. 274 post 45	Kap. 3274 post 01	Kap. 3274 post 02	
Sámi allaskuvla/Samisk høgskole	28 014	3 321	798	3 366	715	
Statlege høgskolar til seinare tildeling	73 820					

Fordeling av utgifts- og inntektsløyving

		(i 1 000 kroner)
Høgskole	Kap. 274 post 50	
Agder	552 539	
Akershus	211 880	
Bergen	390 701	
Bodø	288 834	
Buskerud	179 456	
Finnmark	161 213	
Gjøvik	125 579	
Harstad	91 066	

	(i 1 1000 kroner)
Høgskole	Kap. 274 post 50
Hedmark	276 169
Lillehammer	165 419
Molde	109 530
Narvik	132 607
Nesna	82 604
Nord-Trøndelag	252 555
Oslo	720 274
Sogn og Fjordane	193 668
Stavanger	509 344
Stord/Haugesund	176 481
Sør-Trøndelag	458 095
Telemark	363 012
Tromsø	209 750
Vestfold	231 649
Volda	174 750
Østfold	296 768
Ålesund	113 747

Utdannings- og forskningsdepartementet kan gi dei statlege høgskolane utvida fullmakter i høve til eksternt finansiert verksemd, sjå forslag til vedtak IV nr. 6.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga til Samisk høgskole på post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3274 postane 02 og 11, sjå forslag til vedtak II nr. 1.

Det er sett av midlar til tiltak på post 01 som vil bli fordelte seinare. Dette gjeld midlar til strategisk forskning, MOBI-programmet, KUPP, dekning av meirkostnader ved fleksible utdanningstilbod og vedlikehaldsavtale av simulatorar ved dei maritime høgskolane.

Post 21 Særskilde driftsutgifter

Posten gjeld lønn (inkl. trygd) og driftsutgifter til oppdragsforskning som vert finansiert under kap. 3274 post 01. Tilsetjing i slike stillingar skal berre

gjelde for den perioden den eksterne finansieringskjelda dekkjer lønnsutgiftene.

Løyvinga på post 21 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter frå oppdragsverksemd, jf. forslag til vedtak II nr. 2.

Post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Posten gjeld løyving til vitskapleg utstyr, og til kjøp av utstyr og inventar til nybygg, samt større vedlikehald og ombyggingsarbeid.

Post 50 Statstilskott

I samband med overgang til nettobudsjettering for høgskolane i Akershus, Bergen, Buskerud, Finnmark, Gjøvik, Harstad, Hedmark, Lillehammer, Molde, Narvik, Nesna, Nord-Trøndelag, Sogn og Fjordane, Stord/Haugesund, Sør-Trøndelag, Telemark, Tromsø, Vestfold, Volda, Østfold og Ålesund er utgiftsløyvingane samla på post 50. Løyvinga gjeld utgifter til drift, lønn, driftsutgifter til opp-

dragsforskning, vitenskapleg utstyr, kjøp av utstyr og inventar til nybygg, samt større vedlikehald og ombyggingsarbeid.

Post 70 Tilskott

Ole Bull Akademiet på Voss vart grunnlagt i 1976. Stiftinga har sidan 1977 mottake årlege tilskott frå Utdannings- og forskningsdepartementet. Tilskottet er nytta til kurs i norsk folkemusikk for studentar og tilsette ved høgskolar og universitet som gir musikkutdanning. I 2002 vart akademiet tildelt 1,4

mill. kroner. Regjeringa foreslår ei løyving til Ole Bull Akademiet på 1,4 mill. kroner i 2003.

Nytt bygg for Høgskolen i Akershus er dimensjonert med utgangspunkt i at den statsfinansierte verksemda ved Høgskolestiftinga på Kjeller blir overført til høgskolen. Partane tar sikte på at overføringa av verksemda skjer frå studieåret 2003-04. Tilskottet til Høgskolestiftinga på Kjeller over kap. 274 post 70 til toårig studium i IKT med eit påbyggingsår og vidareutdanning i miljøretta helsevern er derfor overført til Høgskolen i Akershus i 2003.

Kap. 3274 Statlege høgskolar (jf. kap. 274)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
01	Inntekter frå oppdrag	355 240	198 425	3 366
02	Salsinntekter o.a.	238 979	127 028	715
11	Kursavgift ved vaksenopplæringstiltak	73 056		
15	Refusjon for arbeidsmarknadstiltak	5 819		
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	26 172		
17	Refusjon for lærlingar	1 149		
18	Refusjon av sjukepengar	84 189		
	Sum kap. 274	784 604	325 453	4 081

Kap. 278 Noregs landbrukshøgskole

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
01	Driftsutgifter	353 400		
21	Særskilde driftsutgifter	151 147		
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	10 112		
50	Statstilskott		339 471	414 007
	Sum kap. 278	514 659	339 471	414 007

I høve til 2002 er det gjort m.a. denne tekniske endringa:

- Budsjettramman er oppjustert med om lag 33,6 mill. i samband med overgangen til direkte inn-

betaling av pensjonsinnskott til Statens pensjonskasse.

Noregs landbrukshøgskole (NLH) har eit spesielt ansvar for grunnforskning og forskarutdanning inn-

anfor landbruksrelaterede emne og natur- og arealforvaltning.

Resultatrapport for 2001–02

Tabellen nedanfor syner opptakstal, studenttal og kandidatall for 2001.

Opptakstal, studenttal og kandidatall for 2001

Studium	Opptak	Registrerte studentar	Kandidatar
Profesjon/hovudfag	544	2 127	290 ²⁾
Mastergrad	59	79	41
Doktorgrad	34	247	36
Praktisk-pedagogisk utdanning	34	55	25 ³⁾
Sum	671	2 508 ¹⁾	392 ⁴⁾

¹⁾ I tillegg vart det registrert 1 person utan studierett.

²⁾ Av desse 197 cand.agric., 40 sivilingeniør og 53 cand.scient.

³⁾ I 2001 vart det ikkje knytt måltal til uteksaminerte kandidatar i praktisk-pedagogisk utdanning.

⁴⁾ I tillegg har NLH uteksaminert ti cand.m.ag.-kandidatar.

Kjelde: DBH.

For 2001 vart det sett måltal for registrerte studentar og kandidatar. Noregs landbrukshøgskole oppfylte målalet for registrerte studentar i 2001. Høgskolen oppfylte ikkje målalet for uteksaminerte kandidatar, og ei årsak er svikt i opptak av nye studentar i tidlegare år.

Opptak av nye studentar har auka monaleg frå 2000 til 2001. Noregs landbrukshøgskole har nådd målet om å rekruttere fleire personar til doktor-

gradsprogramma, av desse er om lag halvparten kvinner.

Frå og med budsjettet for 2002 vart det innført eit nytt finansieringssystem for universitet og høgskolar. Tabellen nedanfor syner resultatkravet og faktisk resultat i 2001 for Noregs landbrukshøgskole i den resultatbaserte undervisningsfinansieringa. Sjå omtale av finansieringssystemet under kategoriomtalen.

Resultatkrav og faktiske resultat i 2001

Resultatkrav 60-studiepoengseiningar 2001	Faktisk tal på 60-studiepoengseiningar 2001	Tal på utvekslingsstudentar 2000	Tal på utvekslingsstudentar 2001
1 635	1 621	102	101

NLH har prioritert dei tre områda mat, miljø og bioteknologi i sin FoU-strategi, med akvakultur og næringsutvikling som tverrgående aktiviteter. I 2002 fekk eit forskingsmiljø ved NLH i samarbeid med Akvaforsk status som senter for framifrå for-

sking. NLH fekk tilslag på eit prosjekt innanfor funksjonelle genomforskninga (FUGE).

Tabellen nedanfor syner ein generell nedgang i vitenskapleg publisering i perioden 1996–2001.

Vitskaplege publikasjonar i 1996–2001

Kap. 278 Noregs landbrukshøgskole	1996	1997	1998	1999	2000	2001
Artiklar i vitskaplege tidsskrift	275	249	289	279	187	218
Faglege bøker/lærebøker	48	25	18	8	13	20
Kapittel i faglege bøker/lærebøker	–	75	56	50	45	33
Sum	–	349	363	337	245	271 ¹⁾

¹⁾ I tillegg kjem 241 vitskaplege arbeid av stipendiatar og anna forskingspersonale. Av desse er 123 foredrag ved vitskaplege konferansar.

Landbrukshøgskolen har tradisjonelt vore langt framme når det gjeld internasjonalt samarbeid. Høgskolen er særskild aktiv i internasjonalt forskningssamarbeid, mellom anna i EU sitt rammeprogram for forskning, og NOVA (Nordisk skogbruks-, veterinær- og landbruksuniversitet). NLH treng å auke studentmobiliteten, især med omsyn til rekruttering av utanlandske studentar på utvekslingsopphald. I tillegg må høgskolen leggje til rette for å auke utvekslinga av vitskapleg personale.

NLH og Matforsk gjekk i 2001 inn i ein strategisk allianse «Matalliansen» som sikrar auka samarbeid om både utdanning og forskning. I januar 2002 gjekk NLH og Noregs veterinærhøgskole (NVH) inn i ein strategisk allianse som omfatta kandidatutdanning, forskarutdanning, etter- og vidareutdanning og forskning. Ein allianse mellom NLH, NVH og Universitetet i Oslo på biologiske og medisinske disiplinar er under førebuing.

Noregs landbrukshøgskole har sett i gang eit omfattande omstillingsprogram for perioden 2001–04. Eit sentralt verkemiddel er å frigjere lønnsmidlar til strategiske satsingar. Omstillingsprogrammet held fram.

NLH har arbeidd mykje med å utvikle system for kvalitetssikring av studia i dei siste åra, og dette er no ein del av det interne rapporteringssystemet.

Arbeidet med å innføre ny gradsstruktur er godt i gang, og NLH tilbyr bachelorstudium innanfor økonomisk-administrative fag frå hausten 2002. Dei har òg utvikla fleire nye masterstudium på engelsk i dei siste åra.

Noregs landbrukshøgskole har ei monaleg eksternt finansiert verksemd. I 2001 var det rekneskapsført 149,2 mill. kroner.

Det er sett ned ei arbeidsgruppe som mellom anna skal vurdere framtidig organisering av NVH og NLH for å skape større fagmiljø og næringsutvikling. Det blir ein brei og open prosess, og arbeidsgruppa skal leggje fram endeleg rapport i mai 2003, jf. St.prp. nr. 1 (2002–2003) frå Land-

bruksdepartementet. Sjå nærare omtale under kap. 279.

Resultatmål for 2003

Noregs landbrukshøgskole skal innan hausten 2003 gjennomføre Kvalitetsreforma. Høgskolen må gjere seg nytte av dei fullmaktene som er delegerte til å møte krav til fagleg kvalitet, fleksibilitet og omstilling i ei tid da konkurransen på utdannings- og forskingsområdet blir stadig sterkare, både nasjonalt og internasjonalt.

Høgskolen må styrkje den faglege leiinga av forskingsarbeidet og leggje vekt på rekruttering og kompetanseheving av det faglege personalet, særleg av kvinner. Høgskolen må gjennomføre tiltak for å betre kvaliteten i forskinga. Innanfor forskning skal høgskolen prioritere dei tre områda mat, miljø og bioteknologi, med akvakultur og næringsutvikling som tverrgående aktivitetar. Noregs landbrukshøgskole må i tillegg halde fram med å utvikle samarbeid med andre aktørar, og omstillingsarbeidet ved høgskolen må halde fram.

Noregs landbrukshøgskole må utvikle gode etter- og vidareutdanningsstilbod i tråd med intensjonane i Kompetansereforma.

Høgskolen må halde oppe eit høgt aktivitetsnivå når det gjeld student- og forskarutveksling og anna internasjonalt samarbeid. Fleire gjensidig bindande utvekslingsavtalar med institusjonar i utlandet er nødvendig.

Høgskolen må utnytte den studiekapasiteten den har løyving for.

Budsjettforslag for 2003

Løyvinga under post 50 skal dekkje driftsutgifter, større utstyrskjøp, bygg og vedlikehald og kjøp av eigedom.

For å styrkje undervisninga ved Noregs landbrukshøgskole i samsvar med tiltaka i Kvalitetsreforma er det i budsjettet for 2003 foreslått 6,3 mill.

kroner. Av desse er 3,5 mill. kroner ført vidare frå budsjettet for 2002.

Noregs landbrukshøgskole får ein reduksjon på 0,3 mill. kroner, i samsvar med at avlagde 60-stu-

diepoengseiningar er redusert med 14 i høve til resultatkravet for 2001. Sjå tabellen nedanfor og elles omtale av finansieringssystemet under kategoriomtalen.

Resultatbasert løyving

(i kroner)

Utteljing kategori A	Utteljing kategori B	Utteljing kategori C	Utteljing kategori D	Utteljing kategori E	Utteljing kategori F	Utteljing utvekslingsstudentar	Sum
0	0	261 600	0	-562 500	0	-5000	-305 900

Det er lagt inn budsjettmidlar til sju nye stipendiatstillingar ved Noregs landbrukshøgskole. Rekrutteringsstillingane er lagde inn i budsjett-ramma med verknad frå hausten 2003.

I budsjettet for 2002 vart budsjett-ramma til Noregs landbrukshøgskole auka med 1,8 mill. kroner til strategisk prioritert forskning. Desse midlane er førte vidare i 2003. Departementet foreslår ein ytterlegare auke på 4 mill. kroner, totalt 5,8 mill. kroner, som ein del av strategisk forskingsløyving, jf. kategoriomtalen. Desse løyvingane skal nyttast til konsentrerte strategiske satsingar innanfor forskning og utviklingsarbeid i tråd med dei måla og

strategiane som gjeld ved høgskolen. Det er foreslått å løyve 16,2 mill. kroner til vitskapleg utstyr ved Noregs landbrukshøgskole.

Noregs landbrukshøgskole kan nytte inntekter frå sal av eigedommar ved høgskolen til kjøp, vedlikehald og bygging av andre lokale til undervisnings- og forskingsformål, sjå forslag til vedtak II nr. 3.

Utdannings- og forskningsdepartementet kan gi Noregs landbrukshøgskole utvida fullmakter i høve til eksternt finansiert verksemd, sjå forslag til vedtak IV nr. 6.

Kap. 3278 Noregs landsbrukshøgskole (jf. kap. 278)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
01	Inntekter frå oppdrag	149 236		
02	Salsinntekter o.a.	28 420		
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	5 248		
17	Refusjon for lærlingar	158		
18	Refusjon av sjukepengar	5 494		
49	Sal av eigedom	3 343		
	Sum kap. 3278	191 899		

Noregs landbrukshøgskole vart frå 2002 nettobudsjettert.

Kap. 279 Noregs veterinærhøgskole (jf. kap. 3279)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
01	Driftsutgifter	169 207	165 438	190 761
21	Særskilde driftsutgifter	71 691	59 099	59 099
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	2 030	2 046	14 408
	Sum kap. 279	242 928	226 583	264 268

I høve til 2002 er det gjort m.a. desse tekniske endringane:

- Post 01 er nedjustert med om lag 2,9 mill. kroner, sjå parallell nedjustering av inntektspostane 02 og 04 under kap. 3279.
- Post 01 er oppjustert med om lag 14,5 mill. kroner i samband med overgang til direkte innbetaling av pensjonsinnskott til Statens pensjonskasse.

Noregs veterinærhøgskole (NVH) har eit nasjonalt ansvar for utdanning av veterinærer og dyrepleiarar. Høgskolen har eit spesielt ansvar for grunnforskning og forskarutdanninga på veterinærområdet.

Resultatrapport for 2001–02

Tabellen nedanfor syner opptakstal, studenttal og kandidattal for 2001

Opptakstal, studenttal og kandidattal for 2001

Studium	Opptak	Registrerte studentar	Uteksaminerte kandidatar
Veterinærstudiet (cand.med.vet.)	56	345	55
Dyrepleiarstudiet	14	14	13
Doktorgrad ¹⁾	17	72	12
Sum	87	431	80
Veterinærstudentar i utlandet		45	

¹⁾ Inkluderer titlane dr.med.vet., dr.scient. og dr.philos.
Kjelde: DBH.

For 2001 vart det sett måltal for registrerte studentar og kandidatar. Noregs veterinærhøgskole oppfylte med god margin måltal for registrerte studentar. Når ein ser høgskolen under eitt, oppfylte den òg målalet for uteksaminerte kandidatar.

Frå og med budsjettet for 2002 vart det innført eit nytt finansieringssystem for universitet og høg-

skolar. Tabellen nedanfor syner resultatkravet og faktisk resultat i 2001 for Noregs veterinærhøgskole i den resultatbaserte undervisningsfinansieringa. Sjå omtale av finansieringssystemet under kategoriomtalen.

Resultatkrav og faktiske resultat i 2001

Resultatkrav 60-studiepoengseiningar 2001	Faktisk tal på 60-studiepoengseiningar 2001	Tal på utvekslingsstudentar 2000	Tal på utvekslingsstudentar 2001
273	285	15	22

Den strategiske planen for Noregs veterinærhøgskole inneber liten grad av fagleg prioritering. Noregs forskingsråd sin evaluering av biologi, jf. St.prp. nr. 1 (2001–2002), understrekar at høgskolen må konsentrere seg om færre område. NVH

har derfor valt å prioritere marin forskning/ fiskehelse og matvaretryggleik som si strategiske satsing.

Tabellen nedanfor syner ein generell nedgang i vitenskapleg publisering i perioden 1996–2001.

Vitskaplege publikasjonar i 1996–2001

Kap. 279 Noregs veterinærhøgskole	1996	1997	1998	1999	2000	2001
Artiklar i vitenskaplege tidsskrift	249	184	182	177	192	155
Faglege bøker	3	7	10	5	11	8
Kapittel i faglege bøker og lærebøker	44	21	19	12	20	9
Sum	296 ¹⁾	212 ²⁾	211 ³⁾	194 ⁴⁾	223 ⁵⁾	172 ⁶⁾

¹⁾ I tillegg har stipendiatar og andre som er knytte til institusjonen, produsert 121 vitenskaplege publikasjonar.

²⁾ I tillegg har stipendiatar og andre som er knytte til institusjonen, produsert 100 vitenskaplege publikasjonar.

³⁾ I tillegg har stipendiatar og andre som er knytte til institusjonen, produsert 67 vitenskaplege publikasjonar.

⁴⁾ I tillegg har stipendiatar og andre som er knytte til institusjonen, produsert 35 vitenskaplege publikasjonar.

⁵⁾ I tillegg har stipendiatar og andre som er knytte til institusjonen, produsert 82 vitenskaplege publikasjonar.

⁶⁾ I tillegg har stipendiatar og andre som er knytte til institusjonen, produsert 46 vitenskaplege publikasjonar.

NVH har hatt lite internasjonal utveksling av studentar, og må leggje til rette for at talet på inn- og utreisande studentar kan auke i høve til noverande nivå. Gjennom NOVA (Nordisk skogbruks-, veterinær- og landbruksuniversitet) har dei samordna dei nordiske studieopplegga for å stimulere til nordisk utveksling i eit semester med fordyping. Høgskolen må òg arbeide aktivt for å auke utvekslinga av vitenskapleg personale.

I januar 2002 gjekk NLH og NVH inn i ein strategisk allianse som omfattar kandidatutdanning, forskarutdanning, etter- og vidareutdanning og forskning. Ein allianse mellom Noregs landbrukshøgskole, Noregs veterinærhøgskole og Universitetet i Oslo på biologiske og medisinske disiplinær er under arbeid. NVH har òg inngått ein strategisk allianse med veterinærinstituttet.

NVH har hatt lite verksemd på etter- og vidareutdanning tidlegare. Høgskolen har vedteke å auke engasjementet sitt på dette feltet.

Høgskolen har sett i gang ei systematisert studentevaluering av undervisninga på alle trinn. Resultata har ført til endringar frå hausten 2002 når det gjeld både undervisningsformer og eksamens- og evalueringsformer. Høgskolen har òg gjort investeringar for å ta i bruk IKT i undervisninga.

Noregs veterinærhøgskole har ei monaleg eksternt finansiert verksemd. I 2001 var det rekneskapsført 71,8 mill. kroner. Når ein samanliknar høgskolen med andre institusjonar, er dette talet høgt i høve til den totale budsjettamma.

Utdannings- og forskningsdepartementet har i samarbeid med Landbruksdepartementet sett ned ei arbeidsgruppe som skal vurdere korleis ein på eigna måte kan etablere tilfredsstillande fasilitetar for stasjonær undervisning i klinisk veterinærmedisin på produksjonsdyr i Noreg. Gruppa skal òg vurdere eigna framtidig organisering av NVH og NLH for å skape fagmiljø og næringsutvikling. Det blir ein brei og open prosess, og arbeidsgruppa skal leggje fram endeleg rapport i mai 2003, jf. St.prp. nr. 1 (2002–2003) frå Landbruksdepartementet.

Det er avdekt manglar i rekneskaps- og rutinanane hos NVH i 2001. I 2002 sette høgskolen i verk ei rekkje tiltak for å sikre god økonomiforvaltning. På bakgrunn av dette vil ikkje Noregs veterinærhøgskole bli omdanna til nettobudsjettert institusjon frå 1. januar 2003.

Resultatmål for 2003

Noregs veterinærhøgskole skal innan hausten 2003 gjennomføre Kvalitetsreforma. Høgskolen må gjere seg nytte av dei fullmaktene som er delegerte til å møte krav til fagleg kvalitet, fleksibilitet og omstilling i ei tid da konkurransen på utdannings- og forskingsområdet blir stadig sterkare, både nasjonalt og internasjonalt.

Høgskolen må styrkje den faglege leiinga av forskingsarbeidet og leggje vekt på rekruttering og kompetanseheving av det faglege personalet, særleg av kvinner. Høgskolen må gjennomføre til-

tak for å betre kvaliteten i forskinga. Noregs veterinærhøgskole må utvikle vidare FoU-strategien sin og må prioritere innanfor forskingsområda i tett samarbeid med NOVA-universitetet, med sikte på nordisk arbeidsdeling. Noregs veterinærhøgskole må halde fram med arbeidet med å utvikle alliansane med andre aktørar, og omstillingsarbeidet ved høgskolen må halde fram.

Noregs veterinærhøgskole må òg arbeide for å rekruttere fleire menn til studia.

Noregs veterinærhøgskole må utvikle gode etter- og vidareutdanningstilbod i tråd med intensjonane i Kompetansereforma.

Høgskolen må halde oppe eit høgt aktivitetsnivå når det gjeld student- og forskarutveksling og anna internasjonalt samarbeid. Fleire gjensidig bindande utvekslingsavtalar med institusjonar i utlandet er nødvendig.

Høgskolen må utnytte den studiekapasiteten den har løyving for.

Høgskolen må sikre at økonomiforvaltninga er i samsvar med økonomiregelverket, og at rekneskapen blir avlagd i rett tid og er korrekt.

Budsjettforslag for 2003

For å styrkje undervisninga ved Noregs veterinærhøgskole i samsvar med tiltaka i Kvalitetsreforma er det i budsjettet for 2003 foreslått 1,3 mill. kroner. Av desse er 0,8 mill. kroner ført vidare frå budsjettet for 2002.

Noregs veterinærhøgskole får ei auke i budsjetttramma på 0,9 mill. kroner, i samsvar med at avlagde 60-studiepoengseiningar er auka med tolv i høve til resultatkravet for 2001. Vidare er talet på utvekslingsstudentar auka med sju i høve til 2000 jf. tabellen nedanfor, sjå elles omtale av finansierings-systemet under kategoriomtalen.

Resultatbasert løyving

							(i kroner)	
Utteljing kategori A	Utteljing kategori B	Utteljing kategori C	Utteljing kategori D	Utteljing kategori E	Utteljing kategori F	Utteljing utvekslingsstudentar	Sum	
668 496	0	0	0	144 586	8 915	35 000	856 997	

Det er lagt inn midlar til fire nye stipendiatstillingar ved Noregs veterinærhøgskole. Rekrutteringsstillingane er lagde inn i budsjetttramma med verknad frå hausten 2003.

I budsjettet for 2002 vart budsjetttramma til Noregs veterinærhøgskole auka med 0,8 mill. kroner til strategisk prioritert forskning. Desse midlane er førte vidare i 2003. Departementet foreslår ein ytterlegare auke på 2 mill. kroner, totalt 2,8 mill. kroner, som ein del av strategisk forskingsløyving, jf. kategoriomtalen. Desse løyvingane skal nyttast til konsentrerte strategiske satsingar innanfor forskning og utviklingsarbeid i tråd med dei måla og strategiane som gjeld ved høgskolen. Det er foreslått å løyve 10,8 mill. kroner til vitskapleg utstyr ved Noregs veterinærhøgskole.

Innsparte midlar frå ordninga med kjøp av studieplassar i utlandet i 2003 skal nyttast til tilleggs-kurs for kandidatar med grunnutdanning frå utlandet, slik at dei kan få autorisasjon i Noreg.

Løyvinga på post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3279 postane 02, 04 og 11, sjå forslag til vedtak II nr. 1.

Utdannings- og forskningsdepartementet kan gi Noregs veterinærhøgskole utvida fullmakter i høve til eksternt finansiert verksemd, sjå forslag til vedtak IV nr. 6.

Post 21 gjeld lønn (inkl. trygd) og driftsutgifter til oppdragsforskning som blir finansiert under kap. 3279 post 01. Tilsetjing i slike stillingar skal berre gjelde for den perioden som den eksterne finansieringskjelda dekkjer lønnsutgiftene. Løyvinga på post 21 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter frå oppdragsverksemd, jf. forslag til vedtak II nr. 2.

Post 45 gjeld løyving til vitskapleg utstyr, kjøp av utstyr og inventar til nybygg og større vedlikehalds- og ombyggingsarbeid.

Kap. 3279 Noregs veterinærhøgskole (jf. kap. 279)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
01	Inntekter frå oppdrag	71 866	59 099	59 099
02	Salsinntekter o.a.	26 128	21 692	20 369
04	Refusjon gebyrstipend	1 722	1 208	555
15	Refusjon for arbeidsmarknadstiltak	34		
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	1 463		
17	Refusjon for lærlingar	109		
18	Refusjon av sjukepengar	2 972		
	Sum kap. 3279	104 294	81 999	80 023

I høve til 2002 er det gjort desse tekniske endringane:

- Inntektspost 02 er nedjustert med 2,2 mill. kroner, sjå parallell nedjustering av utgiftspost 01 under kap. 279.
- Inntektspost 04 er nedjustert med om lag 0,7 mill. kroner, sjå parallell nedjustering av utgiftspost 01 under kap. 279.

På post 02 skal det, utanom inntekter frå sal av materiell til studentar m.m., først leigeinntekter som skal dekkje reinhald, vakthald og andre utgifter ved tilfeldig utleige lokale. Også faste leigeinntekter skal først på post 02.

Kap. 281 Fellesutgifter for universitet og høgskolar (jf. kap. 3281)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
01	Driftsutgifter	585 903	342 447	433 965
21	Særskilde driftsutgifter	1 450	1 731	1 299
30	Fellesmidlar, <i>kan overførast</i>	50 611	25 200	25 200
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	31 846	7 997	20 237
60	Tilskott til RiT 2000, <i>kan overførast</i>	65 598		
70	Tilskott til utgiving av lærebøker	6 729	6 938	7 209
71	Tilskott til Stiftelsen for helsetenesteforskning	4 696	4 837	5 026
72	Stipendmidlar for etterutdanning av kunstnarar	1 894	1 951	2 027
73	Tilskott til internasjonale program	43 100	58 500	61 908
75	Tilskott til UNIK	12 360	12 731	
76	Tilskott til NORDUnet, <i>kan overførast</i>	21 052	7 632	22 930

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
77	Tilskott til Falstadsenteret	2 000	2 060	2 140
78	Tilskott til Universitets- og høgskolerådet		6 275	6 520
79	Ny universitetsklinikk i Trondheim, <i>kan overførast</i>		170 923	236 589
90	Kapitalinnskott i forskingsstiftelsar	250	1 408	5 208
	Sum kap. 281	827 489	650 630	830 258

I høve til budsjettet for 2002 er det gjort m.a. desse tekniske endringane:

- Post 01 er oppjustert med om lag 4,9 mill. kroner i samband med overgang til direkte innbetaling av pensjonsinskott til Statens pensjonskasse.
- Post 01 er oppjustert med om lag 66,8 mill. kroner i samband med at midlar til fellestiltak ved dei statlege høgskolane er overførte frå kap. 274 post 01.
- Post 01 er nedjustert med om lag 19,2 mill. kroner i samband med at midlar til husleige er overførte til Arkitekthøgskolen i Oslo og Noregs musikkhøgskole, sjå kapitla 265 post 50 og 269 post 01.
- Post 45 er oppjustert med om lag 7 mill. kroner i samband med at midlar til utstyr ved dei statlege høgskolane, er overførte frå kap. 274 post 45.
- Post 75 er nedjustert med om lag 13,2 mill. kroner i samband med at forvaltninga av tilskottet til Universitetsstudia på Kjeller (UNIK) er overført til Universitetet i Oslo, sjå omtale under kap. 260 post 50

Kapitlet omfattar mellom anna:

- informasjonsteknologisatsingar som mellom anna tungrekning, Uninett AS, IKT i lærarutdanninga og Museumsprosjektet
- utvikling av nye fjernundervisningstiltak og drift av sekretariatet og styret for Sentralorganet for fleksibel læring i høgre utdanning (SOFF)
- driftsmidlar til Universitets- og høgskolerådet
- nordisk avtale om tilgjenge til høgre utdanning
- database for statistikk om høgre utdanning
- utdanningsforskning
- Universitetsstudia på Svalbard (UNIS)
- Samordna opptak (SO)
- ny universitetsklinikk i Trondheim
- internasjonale program

- forskingsprosjekt, utgreiingar, konferansar og informasjonstiltak
- Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT)

Tilskottspostane blir gitt egne omtalar nedanfor.

Resultatrapport for 2001–02

Informasjonsteknologisatsingar

Programmet for tungrekning er ført vidare i 2002. Programmet skal dekkje behovet for tungrekneressursar ved Det norske meteorologiske institutt, og tilby kostnadseffektive tenester innanfor tungrekning til norske universitet og høgskolar.

Uninett AS leverer nett og ulike nettenester til universitet, høgskolar og ikkje-kommersielle forskingsinstitusjonar, og knyter norske forskingsmiljø til utlandet m.a. gjennom det nordiske samarbeidet NORDUnet. Utbygging av forskingsnettet til gigabitkapasitet starta i 2001 og er ført vidare i 2002. Dette er grunnlag for utvikling av neste generasjon nettenester, særleg video- og lydbaserte løysingar.

Satsinga for å få IKT sterkare inn i lærarutdanningane vart ført vidare i 2002. Målet for satsinga er at all grunnutdanning av lærarar skal gi ei grundig innføring i bruk av IKT som fagleg, didaktisk og pedagogisk hjelpemiddel, og gi erfaring med nettbasert undervisning og digitale læremiddel. I 2002 vart det lansert ein nasjonal nettstad for IKT i lærarutdanninga, utvikla nettbaserte ressursar og læremiddel i fleire fag, og arbeid mellom anna med IKT-basert lese- og skriveopplæring og vurderingsformer. Ei formativ evaluering av IKT-arbeidet ved alle institusjonar er sett i gang i 2002. Satsinga på IKT i grunnutdanningane kjem i tillegg til den sterke satsinga på etter- og vidareutdanning i IKT for lærarar, jf. kap. 248 og kap. 226.

Simula-senteret for IKT-forskning på Fornebu vart opna våren 2002. Senteret er eigd av dei fire

universiteta i Noreg, Norsk Reknesentral og SINTEF. Senteret hadde om lag 60 tilsette forskarar ved opninga. Senteret har eit klart mål om å drive grunnforskning på høgt internasjonalt nivå, samt medverke til innovasjon og nyskaping i næringslivet.

Bedriftsuniversitetet vart lansert våren 2002, med oppgåve å skreddarsy etter- og vidareutdanning til bedrifter og bransjar. Etter emisjon hausten 2001 er Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet, Universitetet i Oslo, Handelshøgskolen BI og SINTEF eigarar.

Fjernundervisning

Sentralorganet for fleksibel læring i høgre utdanning (SOFF) hadde i 2001 og 2002 ei grunnløyving på 18 mill. kroner. Midlane finansierer utvikling av fjernundervisning og fleksible studietilbod i høgre utdanning, arbeidet til styret og sekretariatet og ei ekstern evaluering av verksemda til SOFF. I løyvinga for 2002 vart om lag 13 mill. kroner fordelte til prosjekt medan det resterande dekkjer utgifter til ulike fellestiltak som konferansar og utgiving av nye rapportar i SOFF sin eigen rapportserie, utgifter til styret og sekretariatet, samt slutføring av ekstern evaluering. Evalueringa som vart ferdigstilt i juli 2002, syner mellom anna at SOFF-støtte til prosjektutvikling har hatt god effekt ved institusjonane, men at SOFF må arbeide med ein betre strategi når det gjeld utvikling og spreiding av kunnskap.

I 2001 og 2002 fordelte SOFF dessutan midlar til universell tilrettelegging av fleksibel læring, jf. omtale under kap. 248 og midlar til etterutdanning av lærarar, jf. omtale under kap. 226.

Noregsuniversitetet

Noregsuniversitetet er eit samarbeid mellom hovudorganisasjonane i norsk arbeidsliv og høgre utdanning. Samarbeidet skal styrkje etter- og vidareutdanning relatert til arbeidslivet.

Departementet øyremerkte i budsjettet for 2002 3 mill. kroner til drift av Noregsuniversitetet i tildelingsbrev til dei høgre utdanningsinstitusjonane. I tillegg fekk Noregsuniversitetet tildelt 1 mill. kroner på kap. 248, til nye utviklingstiltak retta mot Nasjonalt læringsnett.

Styra i SOFF og Noregsuniversitetet har i 2002 starta ein prosess for å få til eit tettare samarbeid mellom dei to organisasjonane. Det blir òg sett på ei mogleg samanslåing.

Noregsnettrådet

Noregsnettrådet avslutta i 2001 evalueringane av Universitetet i Bergen, av lærarutdanningane og av dei hovudfaga ved statlege høgskolar som ikkje har parallellar på universiteta. Institusjonsevalueringa av Universitetet i Oslo, pilotprosjektet for utvikling av eit kvalitetssystem for høgre utdanning, evaluering av Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet og evaluering av ei prøveordning med mastergradsutdanning blir avslutta i 2002.

Det vart i 2001 handsama sju søknader om rett til å etablere doktorgradsutdanning frå tre private høgskolar og to statlege høgskolar. Talet på søknader om eksamensrett etter privathøgskolelova gjekk ned frå 53 i 2000 til 39 i 2001.

Informasjonssenter for internasjonal utdanning (NAIC) fekk 1 182 søknader om godkjenning i 2001. Dette inneber ein liten reduksjon frå året før. Talet på komplette søknader som ikkje var handsama, var 283, om lag same talet som førre året. Tida for handsaming har gått ned i 2001. NAIC har vore med på utvikling av og fått driftsansvaret for den nyoppretta databasen Nasjonal database for godkjenning av utanlandsk høgre utdanning (NAG). NAIC har på oppdrag frå departementet hatt ansvar for å setje i verk Diploma Supplement ved norske institusjonar, som ledd i oppfølginga av Lisboa-konvensjonen. NAIC tek aktivt del i internasjonale nettverk på området.

Rådsfunksjonen til Noregsnettrådet er ikkje forlengd ut over 2001. Departementet har våren 2002 oppnemnt eit interimsstyre for det nye akkrediteringsorganet Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT). Organet skal vere i drift frå 1. januar 2003. Tilsette i Noregsnettrådet si administrasjonsavdeling og avdeling for kvalitetssikring og evaluering vil bli førte over til NOKUT saman med oppgåvene sine. Oppgåvene som har vore i Noregsnettrådet og som ikkje blir førte over til NOKUT, vil dels bli førte over til andre institusjonar og dels avvikla. Noregsnettrådet sitt sekretariat blir dermed lagt ned frå årsskiftet. Departementet har von om å finne oppgåver for nokre av dei tilsette i andre organ, men det er òg lagt inn midlar til personalpolitiske tiltak i samband med avviklinga.

Statens lærarkurs

Statens lærarkurs blir på bakgrunn av Stortinget si handsaming av St.meld. nr. 16 (2001–2002) Kvalitetsreformen Om ny lærerutdanning avvikla frå 1. januar 2003, jf. Innst. S. nr. 262 (2001–2002). Oppgåver som Statens lærarkurs har hatt innanfor etter- og vidareutdanning, inkludert internasjonale

tilbod, blir ført vidare av Læringscenteret, SOFF, universitet og høgskolar.

Riksbibliotektenesta

Kultur- og kyrkjedepartementet og Utdannings- og forskningsdepartementet har oppretta eit nytt tverrsektorielt og departementsovergripande organ for arkiv, bibliotek og museum for å betre samordning og utvikling på desse områda, jf. Innst. S. nr. 337 (2001–2002). Riksbibliotektenesta har frå 2002 gått inn i det nye organet saman med Statens bibliotektilsyn og Norsk museumsutvikling. Det nye organet skal byggjast opp i løpet av 2002, og skal vere fullt operativt frå 1. januar 2003.

Det nye organet er administrativt lagt under Kultur- og kyrkjedepartementet, jf. nærare omtale på budsjettkap. 325 under Kultur- og kyrkjedepartementet.

Midlar til BIBSYS blir framleis tildelte frå Utdannings- og forskningsdepartementet.

Nordisk avtale om tilgjenge til høgre utdanning

Avtalen mellom dei nordiske landa om tilgjenge til høgre utdanning vart i 2000 forlengd med to år, fram til utgangen av 2003. Avtalen inneber at søkjarar som er busette i eit anna nordisk land, skal ha tilgjenge til offentleg høgre utdanning på same eller likeverdige vilkår som landets egne søkjarar. Partane skal betale ei viss godtgjering for egne studentar i anna land. Avtalen vart inngått for å auke studentmobiliteten innanfor Norden. Det vil bli vurdert om avtalen skal førast vidare. På grunn av det høge talet på norske studentar som søkte seg til enkelte lengre profesjonsutdanningar i Danmark, er det som tidlegare avgrensa opptak av norske studentar på studium i medisin, veterinærmedisin og odontologi ved danske institusjonar.

Statistikk om høgre utdanning

Database for statistikk om høgre utdanning (DBH) er tilgjengeleg i world wide web-format. Institusjonane rapporterer opplysningar om studenttal, stillingar, areal, vektal og økonomi til databasen. Databasen omfattar alle universitet og høgskolar som mottek midlar frå departementet.

Nasjonalt senter for romrelatert opplæring (NAROM)

Nasjonalt senter for romrelatert opplæring (NAROM) på Andøya er tildelt 2,5 mill. kroner over kap. 281 i 2002. I tillegg vart det løyvd 1,3 mill. kroner i samband med Stortinget si handsaming av

Revidert nasjonalbudsjett for 2002. Det vart ved opprettinga av senteret lagt til grunn at det skulle evaluerast etter tre år. Evalueringa konkluderer med at NAROM er eit veldriven opplæringscenter som kjem varierte behov på ulike utdanningsnivå i møte.

Universitetsstudia på Svalbard (UNIS)

Universitetsstudia på Svalbard (UNIS) har gitt gode resultat med omsyn til både undervisning, forskning og bidrag til lokalsamfunnet i Longyearbyen. UNIS har fire studieretningar: arktisk biologi, arktisk geologi, arktisk geofysikk og arktisk teknologi. Studentaktiviteten utgjorde i 2001 118 60-studiepoengseiningar. 58 pst. av studentane var utanlandske. I 2001 var det 31 studentar som arbeidde med hovudfagsoppgåve ved UNIS, og 21 studentar avslutta hovudfags- eller diplomoppgåve. Det vart avlagt to doktorgradar ved UNIS i 2001.

Dei fire nye stipendiatstillingane som vart oppretta ved UNIS i 2001, vart førte vidare i 2002.

Arbeidet med vurderinga av organisasjonsforma for UNIS er no avslutta. Departementet tek sikte på at UNIS vert organisert som eit aksjeselskap i løpet av hausten 2002. Det vil få ein aksjekapital på kr 100 000 og departementet vil vere stiftar.

Samordna opptak

Samordna opptak (SO) koordinerer opptak til høgre utdanningar. Frå 2001 har SO ei fullstendig elektronisk teneste på Internett. SO vart tildelt 19,2 mill. kroner i 2002.

Utdanningsforskning

Forskningsprogrammet «Kompetanse, utdanning og verdiskaping» i regi av Noregs forskingsråd vart ført vidare som planlagt i 2001. Prosjektet vil bli avslutta i 2002.

Prosjektet som har til oppgåve å vurdere arbeidsmarknaden for kandidatar med høgre utdanning, og programmet for å måle gjennomstrøyminga i utdanningssystemet vart førte vidare i 2001 og 2002 av Norsk institutt for studiar av forskning og utdanning (NIFU). Vidare har NIFU hatt ei rekkje mindre oppdrag for departementet.

Holocaustsenteret

Universitetet i Oslo oppretta våren 2001 Holocaustsenteret. Senter for studium av holocaust og livs- synsminoritetar held til i mellombels lokale ved Universitetet i Oslo fram til restaureringa av Villa Grande er gjennomført. Holocaustsenteret vart til-

delt 1 mill. kroner i 2002. Sjå omtale av budsjettforslag under kap. 260.

Museumsprosjektet og artsdatabanken

Museumsprosjektet gir ein nasjonal tilgang til informasjon om kultur- og naturarven vår, gjennom digitaliserte vitenskaplege samlingar ved universiteta. Museumsprosjektet vart tildelt 3 mill. kroner i 2002.

Artsdatabanken skal gi ein elektronisk oversikt med informasjon om biologiske artar i Noreg til bruk i miljøforvaltning, undervisning og forskning. I budsjettet for 2002 vart det sett av 2 mill. kroner til Artsdatabanken.

Budsjettforslag for 2003

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3281 post 02, sjå forslag til vedtak II nr. 1.

Kapitlet finansierer prosjektretta stillingar i departementet som er knyttet til oppfølging av prosjekt under budsjettkapitlet.

Informasjonsteknologisatsingar

Programmet for tungrekning, som har programperiode frå 1999 til 2003, blir foreslått ført vidare med 22 mill. kroner i 2003. Departementet vil vurdere ordninga i løpet av 2003.

Satsinga for å integrere IKT i lærarutdanninga blir foreslått ført vidare med 30 mill. kroner.

Løyvinga til Bedriftsuniversitetet blir ført vidare med 5 mill. kroner.

Uninett AS sin satsing på utbygging av forskingsnettet til gigabitkapasitet blir foreslått ført vidare med 10 mill. kroner i 2003.

Fjernundervisning

Departementet foreslår å føre vidare løyvinga på 18 mill. kroner til Sentralorganet for fleksibel læring i høgre utdanning (SOFF). Midlane skal finansiere utvikling av fjernundervisning og fleksible læringstilbod i høgre utdanning, og arbeidet til styret og sekretariatet.

SOFF vil følgje opp den eksterne evalueringa med ein eigen oppfølgingsplan. Departementet vil, på grunnlag av evalueringa, oppfølgingsplanen og utfallet av den pågåande prosessen for eit tettare samarbeid mellom SOFF og Noregsuniversitetet, vurdere ei justering av oppgåvene til SOFF.

Noregsuniversitetet

Departementet foreslår at det blir øyremerkt 3 mill. kroner til vidare drift av Noregsuniversitetet i tildelinga til institusjonane i høgre utdanning. Departementet legg til grunn at organisasjonane i arbeidslivet betalar sin del.

Departementet ser positivt på eit tettare samarbeid mellom Noregsuniversitetet og SOFF, og vil vurdere eventuelle vidare steg i prosessen i samband med oppfølginga av SOFF-evalueringa og den kommande evalueringa av Noregsuniversitetet.

Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga

Regjeringa vil frå 1. januar 2003 etablere eit organ for akkreditering og evaluering, Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT). Ansvar for å utvikle og sikre kvaliteten i studietilboda er i stor grad lagt på institusjonane. NOKUT vil få i mandat å evaluere institusjonane sine system for kvalitets-sikring og sjå til at dei har gode system for kvalitetssikring.

NOKUT skal også kunne evaluere studietilbod dei meiner det er grunn til å stille spørsmål ved kvaliteten i, og eventuelt trekkje tilbake akkrediteringa for desse dersom kvaliteten ikkje er i tråd med dei krava som er sette. Vidare skal NOKUT akkreditere nye studietilbod som institusjonen sjølv ikkje har fridom til å etablere, og dei skal akkreditere institusjonar som søker om endra status.

Regjeringa foreslår ein auke i løyvinga på 11,3 mill. kroner til Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga i 2003. Dette vil komme i tillegg til dei ressursane som blir førte over frå Noregsnettrådet.

Nordisk avtale om tilgjenge til høgre utdanning

Avtalen mellom dei nordiske landa om tilgjenge til høgre utdanning blir ført vidare i 2003. Talet på norske studentar i andre nordiske land har auka i studieåret 2000–01. Utgiftene i samband med avtalen vil derfor gå noko opp.

Utdanningsforskning

Prosjektet som vurderer arbeidsmarknaden for kandidatar med høgre utdanning, og programmet for å måle gjennomstrøyminga i utdanningssystemet vil bli førte vidare i 2003. Løyvinga vil også bli nytta til å finansiere Kandidatundersøkingane og Akademikerregisteret.

Det er sett av midlar til ei ny langsiktig satsing på utdanningsforskning, sjå nærare omtale under kap. 200.

Nasjonalt senter for romrelatert opplæring (NAROM)

Departementet foreslår å føre vidare tildelinga på 2,5 mill. kroner til NAROM i 2003. Midlane skal nyttast til driftsutgifter i samband med aktivitetar knytte til vidaregåande opplæring, høgre utdanning og forskning ved NAROM.

Universitetsstudia på Svalbard (UNIS)

UNIS skal gi studietilbod på universitetsnivå og drive forskning med utgangspunkt i at Svalbard er geografisk plassert i eit høgarktisk område. Departementet finansierer eit studenttal på 100 heiltidsstudentar ved UNIS. Studia skal ha ein internasjonal profil, og det blir teke sikte på at ein stor del av studentane skal vere utanlandske. Midlar til fire stipendiatstillingar er delt ut til UNIS. For 2003 blir det foreslått midlar til to nye stipendiatstillingar med halvårsverknad i budsjettet for 2003. Løyvinga per stilling er auka, jf. Kategoriomtalen. Departementet foreslår ei tildeling på 42 mill. kroner til UNIS i 2003.

Regjeringa foreslår ei løyving på 30 mill. kroner til nybygg for Forskingsparken i Longyearbyen, jf. omtale under kap. 2445 post 31 under Arbeids- og administrasjonsdepartementet.

Samordna opptak

Departementet foreslår å tildele 19,9 mill. kroner til Samordna opptak i 2003. Midlane skal finansiere koordineringa av opptak til høgre utdanningar.

Bygg og lokale

I ein merknad i Budsjett-innst. S. nr. 12 (2001–2002) bad Stortinget departementet om ei samla oversikt med vurdering av behovet for nødvendige tilbygg og ombyggingar ved universitet og høgskolar. Departementet har sett i gang eit arbeid med sikte på å skaffe oversikt over og evaluere behovet for investeringar i sektoren og vil komme tilbake til Stortinget med saka når arbeidet er fullført. Sjå omtale av byggeprosjekt i St.prp. nr. 1 (1999–2000) og anna omtale under kap. 274.

Museumsprosjekt og artsdatabanken

Utdannings- og forskningsdepartementet foreslår å føre vidare tildelinga til Museumsprosjektet med 3 mill. kroner i 2003.

Artsdatabanken, som skal etablerast ved Noregs teknisk-naturvitskapelege universitet, er ein del av Regjeringa si oppfølging av St.meld. nr. 42 (2000–

2001) Biologisk mangfold. Artsdatabanken skal gi elektronisk oversyn over dei biologiske artane i landet. Finansieringa kjem frå ulike departement. Det blir foreslått å løyve 6 mill. kroner til Artsdatabanken over Utdannings- og forskningsdepartementet sitt budsjett i 2003.

Rekruttering av lærare med minoritetsspråkleg bakgrunn

Det er viktig å rekruttere lærarar og førskolelærarar med innvandrarbakgrunn. I tillegg til å motivere ungdom til å søkje regulære studium skal det satsast på å leggje til rette særskilde tilbod og utvikle studiemodellar, mellom anna slik at minoritetsspråklege som allereie arbeider i skole og barnehage, kan få full kompetanse for tilsetjing. Departementet vil innanfor kapitlet dele ut midlar til tiltaket.

Post 21 Særskilde driftsutgifter

Løyvinga skal dekkje tilskott til internasjonale kongressar som blir haldne her i landet, og tilskott til representantar frå utanlandske lærestader på besøk i Noreg. Utgifter til kurs som blir arrangerte av departementet for tilsette ved universitet og høgskolar, gåveprofessorat og ulike fellestiltak som mellom anna informasjonsbrosjyrar og kunngjeringsar som Informasjonstenesta ikkje tek seg av, skal òg bli dekte innanfor denne løyvinga. Løyvinga på posten kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3281 post 01, sjå forslag til vedtak II nr. 2.

Post 30 Fellesmidlar, kan overførast

Løyvinga vil bli nytta til arbeid utomhus og andre fellestiltak i samband med byggeprosjekt ved universiteta og dei vitskapelege høgskolane.

Post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvinga blir nytta til større utstyrsinnkjøp. Departementet fordeler løyvinga på universitet og høgskolar.

Post 70 Tilskott til utgiving av lærebøker

Lærebokutvalet for høgre utdanning har til oppgåve å fordele midlane som kvart år blir løyvde av Stortinget til utgjeving av lærebøker for høgre utdanning. Utvalet skal medverke til å betre den språklege likestillinga for lærebøker innanfor høgre utdanning ved å prioritere søknader til lære-

bøker som dekkjer eit dokumentert mangelområde, lavopplagsbøker og basisutgåver på nynorsk og samisk. Departementet foreslår ei løyving på 7,2 mill. kroner til utgiving av lærebøker i 2003.

Post 71 Tilskott til Stiftelsen for helsetenesteforskning

Stiftelsen for helsetenesteforskning ved Universitetssjukehuset i Akershus skal drive utgreiings-, forskings- og utviklingsverksemd i helsesektoren og medverke til å fremme kvalitet i pasienthandsaminga og rasjonell bruk av ressursar som blir nytta til helsetenester, med hovudvekt på drift av sjukehus. Vidare skal stiftelsen medverke til å bevare og utvikle vidare fagleg miljø og vitskapleg kompetanse ved Universitetssjukehuset i Akershus. Departementet foreslår ei løyving på 5 mill. kroner til Stiftelsen for helsetenesteforskning i 2003.

Post 72 Stipendmidlar for etterutdanning av kunstnarar

Tilskottsordninga skal skape eit økonomisk grunnlag for eit systematisk etterutdanningstilbod for kunstnarar med forankring i kunsthøgskolane og andre aktuelle fagmiljø. Tilskottet kan bli tildelt kunstnarar som er tekne opp ved kunstfagleg etterutdanningstilbod som er organisert av Kunsthøgskolen i Bergen, Kunsthøgskolen i Oslo og Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet.

Kunsthøgskolen i Oslo fekk i 2000 ansvaret for å forvalte tilskottsordninga. Stipenda blir delte ut etter tilråding frå ein stipendkomité, som er oppnemnd for ein periode på tre år av styret for Kunsthøgskolen i Oslo, etter forslag frå kunstnarorganisasjonane og kunsthøgskolane. Departementet foreslår ei løyving på 2 mill. kroner til stipendmidlar for etterutdanning av kunstnarar.

Rapportar syner at det er knytt store utgifter til å administrere ordninga. Departementet vil vurdere forvaltninga av tilskottet.

Post 73 Tilskott til internasjonale program

Gjennom EØS-avtalen tek Noreg del i alle EU sine gjeldande eller vedtekne program på utdannings-

området, SOKRATES og LEONARDO DA VINCI og nokre mindre tiltak. Forslaget til budsjett på denne posten dekkjer deltakinga i SOKRATES-programmet og andre mindre omfattande aktivitetar på utdanningsområdet, som førebuande tiltak i utdannings- og ungdomspolitikken og Det europeiske året for utdanning gjennom idrett 2004. For omtale av LEONARDO DA VINCI, sjå kap. 223 post 72.

SOKRATES-programmet omfattar samarbeid innanfor allmennutdanning på alle nivå i utdanningssystemet, frå førskole til doktorgrad. Målsetjinga med tilskottet er å leggje til rette for norsk deltaking i forpliktande institusjonssamarbeid med europeiske partnarar, for å oppnå internasjonalisering av norsk utdanning, fagleg utvikling, gjensidig læring og kvalitetssikring. 30 land er med i programmet.

Det norske tilskottet til EU-kontingenten for SOKRATES-programmet var på 32,6 mill. kroner i 2001. I tillegg har det nasjonale SOKRATES-kontoret (Senter for internasjonalt universitetssamarbeid, SIU) blitt tildelt 7,1 mill. kroner.

2001 var det første året for tildeling av midlar til Grundtvig-delen av programmet, som gjeld vaksenopplæring og grupper med særskilde behov. Det var stor søknad til læringspartnarskapa, og av 13 prosjekt der Noreg er med, er tre norskkoordinerte. Gjennom ARION, som gjeld studiebesøk for utdanningsadministratorar og beslutningstakarar i utdanningssystemet, vart det gitt 28 stipend for å reise på studiebesøk i 2001, og arrangert to ARION-kurs i Noreg.

I 2000–2001 tok 42 norske universitet og høgskolar del i ERASMUS-samarbeidet med student- og lærarutveksling. Talet på utveksla ERASMUS-studentar er lågare enn i dei siste to åra. Det var heller ingen norskkoordinerte ERASMUS-prosjekt dette året. Departementet samarbeider i 2002 aktivt med SIU for å auke aktiviteten i ERASMUS, spesielt med tanke på å oppfylle internasjonaliseringskrava i Kvalitetsreforma. Tabellen nedanfor viser talet på inn- og utreisande studentar i perioden 1992/93 til 2000/01:

ERASMUS-studentar

År	Inn	Ut
1992—93	155	474
1993—94	365	784
1994—95	554	980
1995—96	727	1 212
1996—97	776	1 165
1997—98	744	1 071
1998—99	983	1 101
1999—2000	1 008	1 107
2000—2001	980	1 008

2000–2001 var det første året ERASMUS-stipend til universitets- og høgskolelærarar vart delte ut nasjonalt. Det året var 171 norske lærarar på korte undervisningsopphald i utlandet, og 165 utanlandske lærarar var på undervisningsopphald ved norske universitet og høgskolar.

Departementet har på høring ein rapport frå ein arbeidsgruppe som foreslår tiltak for å setje i verk internasjonaliseringaspekta ved Kvalitetsreforma. Eit av forslaga i rapporten er å styrkje koordineringa av internasjonale utdanningsprogram og ordningar og eventuelt etablere SIU i Bergen som eit nasjonalt senter for internasjonalisering. Departementet vil komme tilbake til saka på bakgrunn av høringa.

Departementet foreslår ei løyving på 61,9 mill. kroner i 2003. Løyvinga skal mellom anna dekkje kontingentutgifter til EU og kostnader i Noreg for deltakinga i SOKRATES-programmet.

Post 75 Tilskott til UNIK

Universitetsstudia på Kjeller (UNIK) vart etablert i 1987. Stiftarane var Universitetet i Oslo, Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet og dei tre store institutta på Kjeller: Forsvarets forskingsinstitutt, Institutt for energiteknikk og Telenor Forsking og Utvikling. UNIK er fagleg og undervisningsmessig underlagde Universitetet i Oslo og Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet.

UNIK skal vere ein avansert studiestad innan for norsk universitetsutdanning med fagleg og pedagogisk kvalitet på høgt internasjonalt nivå, og med tyngdepunkt i bruksretta informasjonsteknologi. Stiftinga skal tilby undervisning og rettleiing på hovudfagsnivå for Noregs teknisk-naturvitenskap-

lege universitet sin siv.ing.-grad og Universitetet i Oslo sin cand.scient.- og siv.ing.-grad, samt forskarutdanning til dr.ing.- og dr.scient.-gradane.

I haustsemesteret 2001 var det ved UNIK registrert 43 cand.scient.-studentar, 13 siv.ing.-studentar og 25 stipendiatar. Seks studentar avla cand.scient.-graden og tre siv.ing.-graden. Tre kandidatar avla doktorgraden.

Departementet foreslår å leggje forvaltninga av tilskottet til UNIK til Universitetet i Oslo frå 2003, jf. kap. 260.

Post 76 Tilskott til NORDUnet, kan overførast

NORDUnet AS er ein nordisk nettverksorganisasjon som skal sikre ein felles nettinfrastruktur (NORDUnet) for dei nordiske universitets- og høgskolesektorane og knytte dei til internasjonale nett og nettenester. Siktemålet er å gi nettbrukarane i dei nordiske landa høgare kvalitet og lågare pris på nett og nettenestene enn det dei nasjonale nettverksorganisasjonane kan realisere på eiga hand.

NORDUnet AS er organisert som eit dansk aksjeselskap, eigd av dei nasjonale nettverksorganisasjonane. Uninett AS forvaltar dei norske interessene i selskapet.

Departementet foreslår ei løyving på 22,9 mill. kroner til NORDUnet AS i 2003.

Post 77 Tilskott til Falstadsenteret

Stiftinga Falstadsenteret vart etablert i 2000, etter initiativ frå Levanger kommune og Nord-Trøndelag fylkeskommune. Tilskottet skal nyttast til å skape eit opplærings- og dokumentasjonssenter for

krigens fangehistorie, humanitær folkerett og menneskerettar.

Formålet for stiftinga er av allmenn, ideell karakter. Stiftinga skal ikkje drive økonomisk næringsverksemd med sikte på overskott, men gjennom drifta sørge for vedlikehald av grunnkapitalen.

Departementet vurderer å overføre forvaltninga av tilskottet til Høgskolen i Nord-Trøndelag frå 2004.

Departementet foreslår ei løyving på 2,1 mill. kroner til Falstadsenteret i 2003.

Post 78 Tilskott til Universitets- og høskolerådet

Universitets- og høskolerådet (UHR) er eit fellesorgan for statlege institusjonar innanfor høgre utdanning. Formålet med tilskottet er å utvikle og fremme forskning og høgre utdanning innanfor ein nasjonal forskings- og utdanningspolitikk. UHR skal fremme koordinering og arbeidsdeling innanfor universitets- og høskolesektoren og overfor andre nasjonale aktørar.

Departementet foreslår ei løyving på 6,5 mill. kroner til Universitets- og høskolerådet i 2003.

Post 79 Ny universitetsklinikk i Trondheim, kan overførast

Formålet med tilskottet er å finansiere universitets- og høskoledelen av den nye universitetsklinikken i Trondheim.

Departementet betalte i 2001 ut 65,6 mill. kroner til Sør-Trøndelag fylkeskommune i samband med universitetsdelen av utbygginga. I alt har departementet utbetalt om lag 231,9 mill. kroner til fylkeskommunen i den perioden Sør-Trøndelag fylkeskommune hadde byggherreansvaret for utbygginga. Prosjektrekneskapen for perioden syner at departementet har om lag 31,6 mill. kroner til gode frå fylkeskommunen. For nærare omtale av gjennomførte og igangsette aktivitetar, sjå omtale under kap. 739 post 76.

Løyvingsforslaget for 2003 er på 236,6 mill. kroner.

Post 90 Kapitalinnskott i forskingsstiftelsar o.a.

Løyvinga blir disponert til kapitalinnskott i stiftelsar eller til aksjekjøp dersom det er ønskeleg med slik medverknad frå universitet eller høskolar i stiftelsar og aksjeselskap.

Norsk samfunnsvitskapleg datateneste (NSD) er i dag ein del av Noregs forskingsråd. Regjeringa foreslår å skilje ut NSD frå Forskingsrådet og gjere verksemda om til eit aksjeselskap med ei innbetaling til aksjekapital på 5 mill. kroner. Departementet foreslår derfor å auke løyvinga på kap. 281 post 90 med 5 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 285 post 52.

Posten er reudsert med 1,2 mill. kroner i samband med tilbakeføring av aksjekapital til SIMULA-senteret på Fornebu.

Kap. 3281 Fellesutgifter for universitet og høskolar (jf. kap. 281)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap	Saldert	
		2001	budsjett 2002	Forslag 2003
01	Inntekter frå oppdrag	19	173	180
02	Salsinntekter o.a.	15 894	1 112	1 155
15	Refusjon for arbeidsmarknadstiltak	65		
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	223		
18	Refusjon av sjukepengar	478		
	Sum kap. 3281	16 679	1 285	1 335

Kap. 282 Privat høgskoleutdanning

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
70	Tilskott	398 976	436 021	503 785
	Sum kap. 282	398 976	436 021	503 785

I høve til 2002 er det gjort denne tekniske endringa;

- Budsjettramma er oppjustert med om lag 3,1 mill. kroner i samband med at midlar til studiar i vernepleie er overførte frå kap. 274 post 01.

Kapitlet omfattar tilskott til private høgskolar.

Post 70 Tilskott*Målsetjing*

Tilskottet skal medverke til å sikre drift av ulike utdanningstilbod ved private høgskolar som oppfyller krava til fagleg nivå og øvrige vilkår i privat-høgskolelova.

Vilkår for eksamensrett og statstilskott

Utover at krava for eksamensrett skal vere oppfylte, fastset lov av 11. juli 1986 nr. 53 om private høyskoler mellom anna følgjande vilkår for tildeiling av statstilskott: Høgskolen må anten a) vere oppretta av religiøse eller etiske grunnar, b) vere oppretta som eit fagleg-pedagogisk alternativ eller c) utfylle det offentlege utdanningstilbodet på felt der det er eit udekt behov. I tillegg vil budsjettrammene vere avgjerande for om nye høgskolar/studium kan få tilskott. For nærare informasjon om fastsetjing av statstilskott, sjå omtale under Nytt finansieringssystem for private høgskolar.

1. juli 2002 trådte endringar i privathøgskolelova i kraft. Det vil frå 1. januar 2003 bli innført ei ordning med akkreditering av private høgskolar. Akkrediteringsordninga representerer ei ny og meir generell godkjenningsordning, som legg til rette for at private høgskolar kan få ei fagleg eigenforvaltning meir på linje med den som statlege institusjonar har. Dette gjeld både faglege fullmak-

ter og retten til bruk av institusjonsnemningar. Akkrediterte institusjonar vil få større fagleg fri- dom og større ansvar for kvalitetssikring av institu- sjonar og studium. Desse institusjonane vil få rett til å bruke nemningar som universitet, vitskapleg høgskole og akkreditert høgskole. Det vart òg lov- festa nye reglar om rettar og plikter i høve til stu- dentane. Dette gjeld til dømes reglar om ansvaret institusjonen har for læringsmiljøet til studentane, om retten studentane har til å opprette studentor- gan, nye reglar om bortvising og utestenging, krav om politiattest for opptak til enkelte utdanningar og oppretting av klagenemnd.

1. januar 2003 trer dei siste av dei nye paragra- fane i privathøgskolelova i kraft. Det nye organet for akkreditering og evaluering, NOKUT, vil frå da av sakshandsame søknader og eventuelt tildele eksamensrett etter privathøgskolelova. Fram til endringane i privathøgskolelova trer i kraft, vil Noregsnettrådets sekretariat på oppdrag frå departementet sørge for at søknader om eksamensrett blir fagleg vurderte.

Rapport for 2001–02

I desember 2001 vedtok departementet nye ret- ningslinjer for handsaming av søknader om eksa- mensrett etter privathøgskolelova. Dei private høg- skolane fekk med dette fullmakt til å gjere mindre endringar i studium med eksamensrett utan å søkje departementet om godkjenning. Høgskolar som allereie har eksamensrett for eitt eller fleire studium, kan no sende nye søknader direkte til Noregsnettrådets sekretariat.

Tabellen nedanfor viser total aktivitet ved pri- vate høgskolar på kap. 282 i 2000 og i 2001. Tabel- len er basert på rapportar frå institusjonane:

Privat høgskoleutdanning-- kandidattal og opptakstal

Private høgskolar – utdanningar med statstilskott over kap. 282	Registrerte kandidattal 2000	Registrerte kandidattal 2001	Registrerte opptakstal 2000	Registrerte opptakstal 2001
Sjuepleiarutdanning	403	385	499	501
Vernepleiarutdanning	89	96	124	66
Sosionomutdanning	92	81	88	97
Andre helse- og sosialrelaterte utdanningar	612	776	694	446
Cand.theol:utdanning	63	42	69	64
Allmennlærerutdanning	87	93	163	201
Førskolelærerutdanning	200	208	266	250
Anna utdanning innanfor teologi, pedagogikk og kunst	1 283	1 006	1 486	1 545
Siviløkonomutdanning	316	545	325	421
Sivilmarknadsførarutdanning	139	140	183	315
Revisorutdanning	61	40	55	144
Ingeniørutdanning	10	26	66	65
Andre økonomiske, journalistiske og tekniske utdanningar	2 491	4 196	9 459	9 609
Sum privat høgskoleutdanning	5 846	7 634	13 477	13 724

Det teologiske Menighetsfakultetet fekk i februar 2002 rett til å tildele graden dr.art. avgrensa til kristendomskunnskap. Misjonshøgskolen fekk i mai 2002 rett til å tildele doktorgraden i teologi.

FoU-verksemd er eit prioritert satsingsområde ved fleire av dei private høgskolane. Desse har

FoU-verksemd som i kvalitet ligg langt framme innanfor fagområda deira.

Tabellen nedanfor gir eit oversyn over det økonomiske omfanget av verksemda ved dei private høgskolane med statstilskott i 2001:

Private høgszkolar – statstilskott (kap. 282), totale driftsinntekter og driftskostnader i 2001

(i 1 000 kroner)

Institusjon	Tilskott frå kap. 282	Totale driftsinntekter ¹⁾	Driftskostnader ¹⁾
Diakonhjemmets høgszkole ²⁾	36 378	75 965	77 132
Menighetssøsterhjemmets Høgszkole	16 394	21 071	23 083
Betanien Sykepleierhøgszkole	12 778	17 618	17 865
Lovisenberg diakonale høgszkole ³⁾	30 960	43 278	44 430
Diakonissehjemmets Høgszkole	12 688	14 486	14 435
Rogaland Høgszkole ⁴⁾	14 006	18 598	18 778
Det teologiske Menighetsfakultetet	28 769	39 605	40 938
Misjonshøgszkolen	7 928	19 522	20 928
Norsk Lærerakademi, Lærerhøgszkolen	27 742	34 592	31 037
Norsk Lærerakademi, Vitenskapelig Høgszkole	21 461	27 338	28 636
Dronning Mauds Minne	41 501	44 490	44 205
Rudolf Steinerhøyskolen	5 580	6 785	6 879
Den norske Eurytmihøyskole	1 869	2 111	2 109
Barratt Dues Musikk institutt	9 262	10 455	10 635
Den Norske Balletthøyskole	2 349	3 969	3 747
Bergen Arkitekt Skole	6 636	9 163	9 331
Handelshøyskolen BI	86 051	761 587	738 410
Norges Informasjonsteknologiske Høgszkole ⁵⁾	22 676	104 879	98 745
Mediehøgszkolen	6 797	16 522	16 687

¹⁾ Byggjer på tal rapporterte av institusjonane.

²⁾ Diakonhjemmets høgszkolesenter skifta namn til Diakonhjemmets høgszkole i 2001.

³⁾ 1. januar 2002 endra Høgszkolen for Diakoni og Sykepleie namn til Lovisenberg diakonale høgszkole.

⁴⁾ I 2001 skifta Rogaland Vernepleierhøgszkole namn til Rogaland Høgszkole.

⁵⁾ 1. januar 2002 endra Den Polytekniske Høgszkolen namn til Norges Informasjonsteknologiske Høgszkole.

Tabellen nedanfor viser registrerte studentar hausten 2000 og hausten 2001 ved private høgszkolar på kap. 282 og statstilskott til desse i 2002.

Privathøgskoleutdanning – studenttal 2000 og 2001, samt statstilskott 2002

			(i 1 000 kroner)
Privat høgskoleutdanning	Registrerte studentar hausten 2000 ¹⁾	Registrerte studentar hausten 2001 ¹⁾	Statstilskott 2002 (endeleg brev om tilsegn)
Diakonhjemmets høgskole			41 939
– sjukepleiarutdanning	287	281	
– sosionomutdanning	257	252	
– andre studium	167	331	
Menighetssøsterhjemmets Høgskole	325	272	18 404
Betanien Sykepleierhøgskole	274	262	14 239
Diakonissehjemmets Høgskole	249	277	14 080
Lovisenberg diakonale høgskole	722	692	34 661
Rogaland Høgskole	330	375	15 621
Det teologiske Menighetsfakultetet			29 603
– praktikum	61	27	
– øvrige	710	728	
Misjonshøgskolen			8 159
– praktikum	12	17	
– øvrige	161	144	
Norsk Lærerakademi, Vitenskapelig Høgskole	617	595	22 083
Norsk Lærerakademi, Lærarhøgskolen	413	459	31 288
Dronning Mauds Minne	717	685	48 288
Barratt Dues Musikk institutt	70	69	9 482
Rudolf Steinerhøgskolen	103	99	6 547
Den norske Eurytmihøgskole	18	15	2 079
Den Norske Balletthøgskole	30	30	2 536
Bergen Arkitektskole	117	110	6 678
Handelshøgskolen BI			86 942
– Master of Science	74	90	
– siviløkonomutdanning	1 290	1 346	
– sivilmarknadsførarutdanning	698	727	
– revisorutdanning	175	293	
– ordinære studium NMH	1 616	3 706	

(i 1 000 kroner)

Privat høgskoleutdanning	Registrerte studentar hausten 2000 ¹⁾	Registrerte studentar hausten 2001 ¹⁾	Statstilskott 2002 (endeleg brev om tilsegn)
– internasjonale studium NMH	276	244	
– andre utdanningar	6 456	4 495	
– Norges Varehandelshøyskole	213	205	
Norges Informasjonsteknologiske Høgskole			22 005
– forkurs	142	103	
– dataingeniørutdanning	174	179	
– datautdanning	1 754	1 587	
Mediehøgskolen	120	153	6 994
Norsk reiselivshøyskole	171	299	2 579
Sum	18 799	19 147	424 207
Refusjon av pensjonstilskott			3 970
Stipendiattstillingar			7 844
Sum totalt tilskott 2002			436 021

¹⁾ Tal på heiltidsekvivalentar rapporterte av institusjonane til DBH.

Budsjettforslag for 2003

Nytt finansieringssystem for private høgskolar

I Budsjett-innst. S. nr. 12 (2001–2002) uttaler fleirtalet i kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen at det er behov for å gå gjennom finansieringsordningane for private høgskolar, og at finansieringssystemet for private høgskolar bør byggje på dei same prinsippa som for statlege universitet og høgskolar med ein basiskomponent, ein forskingskomponent og ein resultatbasert undervisningskomponent.

Departementet tek utgangspunkt i fleirtalsmerknaden i Budsjett-innst. S. nr. 12 (2001–2002) om ei tredelt finansiering også for dei private høgskolane. Fleire av trekka ved finansieringsmodellen for dei statlege universiteta og høgskolane vil også gjelde den private høgskoleutdanninga. Den statlege modellen er presentert i St.prp. nr. 1 (2001–2002).

Verksemda ved dei private høgskolane som tek imot statstilskott, varierer mykje både i storleik og når det gjeld fagleg karakter. Det er derfor ei utfordring å utvikle eit system som skal famne alle desse institusjonane. Departementet har òg for dei private høgskolane lagt vekt på å utarbeide eit system som fremmar kvalitet og effektivitet, og som

gir uttelling på bakgrunn av faktisk oppnådde resultat.

I Innst. S. nr. 337 (2000–2001) viser kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen til at offentlege forskingsprogram skal vere opne for relevante fagmiljø, uavhengig av om dei er private eller offentlege. Komiteen peiker vidare på at ein ved dei private høgskolane som gir organsiert forskarutdanning, bør ta omsyn til denne forskarutdanninga når tilskottsramma blir fastlagd. Enkelte private høgskolar har ein omfattande forskingsinnsats med høg standard. Både i St.meld. nr. 39 (1999–2000) og i St.meld. nr. 27 (2000–2001) blir det omtalt som ønskjeleg at forskingsressursar blir konsentrerte om miljø som er prega av kvalitet. Departementet har teke omsyn til desse føringane. Innføring av eit skilje i utrekninga av forskningstilskott og undervisningstilskott er eit viktig element i det nye finansieringssystemet.

Det nye finansieringssystemet vil ikkje ha omfordelende budsjettverknad i 2003. Det er etablert ein utgangsposisjon i 2003, og først i budsjettet for 2004 vil endringar i oppnådde resultat gi utslag i tilskottet til den einskilte høgskolen. Departementet har varsla institusjonane om at rapporteringa av avlagde studiepoeng i 2001 truleg vil

bli nytta ved innføring av nytt finansieringssystem. Departementet har særskilt bede institusjonane om å kvalitetssikre data, men gjer likevel merksam på at det kan vere varierende kvalitet på resultatrapporteringa frå den private høgskolesektoren. Dette inneber ein fare for uheldige verknader og tilpassingar i finansieringsmodellen. Departementet vil vurdere eventuelle justeringar i datamaterialet dersom det viser seg å vere nødvendig som følge av kvaliteten i datarapporteringa. Dei private høgskolane må utvikle gode rutinar for rapportering. Vidare vil departementet sjå krava i samanheng med dei rutinane for rapportering som blir innførte i Statens lånekasse for utdanning i samband med konverteringsordninga frå lån til stipend for studentane på bakgrunn av avlagde studiepoeng.

Det nye finansieringssystemet bør ha legitimitet i den sektoren det skal verke i. Departementet har derfor lagt vekt på å samarbeide med representantar frå Nettverket for Private Høyskoler ved utarbeidinga av systemet. Nedanfor blir det gjort nærare greie for dei ulike komponentane i finansieringssystemet.

Undervisningskomponenten

Variablane som gir utteljing i komponenten, er avlagde 60-studiepoengseiningar, samt inn- og utreisande studentar. Det er definert kva for studium ved dei private høgskolane som er med i finansieringsmodellen. Studiepoeng ved desse studia gir utteljing i modellen. Rapporteringa for resultatata i 2001 ligg til grunn for utgangsposisjonen i 2003. Resultat i forhold til dette nivået avgjer storleiken på det resultatbaserte tilskottet seinare år. Budsjettstorleiken på undervisningskomponenten vil, som i modellen for statlege institusjonar,

varierte ut frå resultatata på variablane i komponenten.

Det er nytta den same kostnadskategoriseringa av studium som i modellen for statlege institusjonar. Satsane i den resultatbaserte undervisningskomponenten er like for private og offentlege høgre utdanningsinstitusjonar. For nærare omtale av denne seksdelte kostnadskategoriseringa, sjå omtale i St.prp. nr. 1 (2001–2002).

For å behandle dei private og statlege institusjonane mest mogleg likt er tilskottsprosenten sett til 100 i den nye finansieringsmodellen. Vidare er det i ein resultatbasert finansieringsmodell naturleg å sjå avlagde 60-studiepoengseiningar som studenttal for støtte, jf. privathøgskolelova.

For dei statlege institusjonane har departementet foreslått å vente med å fase inn utteljinga for kandidatproduksjon til den nye gradsstrukturen er innført, jf. St.prp. nr. 1 (2001–2002). Dette vil også gjelde for dei private institusjonane.

Når ein går over frå å nytte normalkostnader og tilskottsprosenten til bruk av kostnadskategoriar som i modellen for statlege institusjonar, har det innanfor kostnadsramma på kapitlet for 2003 vore nødvendig å løfte nokre studium ut av modellen. Forkurs for ingeniørutdanning ved Norges Informasjonsteknologiske Høgskole vil såleis ikkje motta statstilskott i 2003. Men dette kurset gir heller ikkje studiepoeng. Ved Handelshøyskolen BI har det vore nødvendig å ta studium ut av modellen og presisere tydeleg kva for studium som får statsstøtte. For alle institusjonane på kap. 282 blir no studium for støtte spesifiserte. Tabellen nedanfor viser studium som er inkluderte i modellen og utrekningsgrunnlaget for undervisningskomponenten.

Oversikt over studium for støtte og utrekningsgrunnlaget for undervisningskomponenten

Institusjon	Studium	60-studiepoengs- einingar	Student- utveksling
Diakonhjemmets høgskole	Sjukepleiarutdanning, sosionomutdanning, diakoni, psykisk helsearbeid, familieterapi, aldring og eldreomsorg, organisasjon og leiing.	594	17
Menighetssøsterhjemmets Høgskole	Sjukepleiarutdanning, diakoni, helse-søsterutdanning	259	13
Betanien Sykepleierhøgskole	Sjukepleiarutdanning, aldring og eldreomsorg	201	7
Diakonissehjemmets Høgskole	Sjukepleiarutdanning	203	0
Lovisenberg diakonale høgskole	Sjukepleiarutdanning, diakoni, aldring og eldreomsorg	459	9
Rogaland Høgskole	Vernepleiarutdanning, ergoterapeututdanning	357	2
Det teologiske Menighetsfakultetet	Praktikum, kristendom lågare grad, kristendom høgre grad, teologistudiet	349	25
Misjonshøgskolen	Praktikum, teologistudiet lågare grad, teologistudiet høgre grad	97	13
Norsk Lærerakademi, Vitenskapelig Høgskole	Ex.phil./ex.fac., interkulturell forståing, kristedomskunnskap lågare grad, kristedomskunnskap høgre grad, pedagogikk lågare grad, pedagogikk høgre grad	261	10
Norsk Lærerakademi, Lærerhøgskolen	Allmennlærerutdanning, førskolelærerutdanning	302	8
Dronning Mauds Minne	Førskolelærerutdanning, drama, førskolepedagogikk, spesialpedagogikk, pedagogisk rettleiing, pedagogisk arbeid på småskoletrinnet	638	14
Barratt Dues Musikkinstitt	Musikkutdanning	53	0
Rudolf Steinerhøyskolen	Lærerutdanning, førskolelærerutdanning	94	3
Den norske Eurytmihøgskole	Eurytmiutdanning	15	2
Den Norske Balletthøgskole	Dansepedagogutdanning	30	0

Institusjon	Studium	60-studiepoengs- einingar	Student- utveksling
Bergen Arkitektskole	Sivilarkitektutdanning	107	2
Handelshøyskolen BI	Master of Science, siviløkonomutdanning, høgre revisorstudium, sivilmarknadsførarstudiet, revisorstudium, diplommarknadsførarstudiet i informasjon og samfunnskontakt, diplommarknadsførarstudiet i reiseliv og serviceleing, diplomeksportmarknadsførarstudiet, diplomøkonomstudiet i finans	3 146	433
Norges Informasjonsteknologiske Høgskole	Dataingeniørutdanning, datautdanning	832	0
Mediehøgskolen	Mediekommunikasjon, journalistutdanning	118	0
Norsk reiselivshøgskole	Reiseliv og kommunikasjon	127	0

Løyvinga på kap. 282 er foreslått auka med 2,9 mill. kroner for å styrkje undervisningskomponenten.

Forskningskomponenten

Forskningsaktiviteten i den private høgskolesektoren er av ulikt omfang. For eit fleirtal av høgskolane er det ikkje dokumenterte forskingsresultat som viser at det bør bli oppretta ein forskingskomponent, men det ligg midlar til forskning i basiskomponenten til alle institusjonane. Det vil no bli oppretta ein eigen forskingskomponent for fire private høgskolar.

Ved oppretting av ein forskingskomponent i finansieringsmodellen for private høgskolar er rekrutteringsstillingane ved Handelshøyskolen BI og Det teologiske Menighetsfakultetet ført vidare og lagte inn i forskingskomponenten til dei to institusjonane. For 2003 foreslår departementet å tildele fem nye stipendiatstillingar ved Handelshøyskolen BI, to nye stipendiatstillingar ved Menighetsfakultetet og to stipendiatstillingar ved Misjonshøgskolen. Desse stillingane er lagte inn med halvårsverknad i 2003 og plasserte i forskingskomponenten.

Departementet ønskjer å premiere forskingsresultat ved dei private høgskolane og har fordelt ytterlegare 10 mill. kroner i forskingskomponenten. Departementet har utifrå ei vurdering av vitenskaplege publikasjonar, doktorgradskandidatar og tildelte midlar frå Noregs forskingsråd fordelt

desse midlane på følgjande vis: 6,1 mill. kroner til Handelshøyskolen BI, 2,3 mill. kroner til Det teologiske Menighetsfakultetet, 1,1 mill. kroner til Misjonshøgskolen og 0,5 mill. kroner til Diakonhjemmets høgskole.

Forskningskomponenten for dei private høgskolane inneheld element frå forskingskomponenten i den statlege modellen. Regjeringa vil inkludere dei private institusjonane i same forskingsmodell som dei statlege institusjonane i samband med ei vidare utvikling av denne, sjå kategoriomtalen.

Basiskomponenten

Departementet foreslår å opprette ein basiskomponent i tilskottet til dei private høgskolane. Basiskomponenten vil vere ein stabil og pårekeleg del av statstilskottet. Basiskomponenten utgjer den delen av tilskottsramma til den private høgskolen som står att når undervisningskomponenten og forskingskomponenten er trekte ut. Basisløyvinga inneheld midlar til forskning og undervisning. Basiskomponenten blir rekna ut på tilsvarende måte som for dei statlege institusjonane. Dette fører vidare politiske prioriteringar i budsjetta for tidlegare år. Budsjettendringar i denne ramlestyrte delen av løyvinga til private høgskolar vil i framtida bli handterte som i finansieringsmodellen for statlege institusjonar, ved at 60 pst. av kostnadene ved ein studieplass vil bli lagt til eller trekt ut frå basiskomponenten.

For dei statlege institusjonane utgjorde basis-komponenten i snitt 60 pst. av løyvinga til ein institusjon i utgangsåret. Av omsynet til likebehandling med dei statlege institusjonane og for å ta vare på insentiva i ein resultatbasert finansieringsmodell ønskjer departementet at basiskomponenten for dei private høgskolane ikkje skal overstige 60 pst. av statstilskottet i utgangsposisjonen. Nokre av dei private høgskolane vil likevel ha ein basiskomponent som overstig 60 pst. av statstilskottet for 2003. Det overskytande beløpet vil fungere som eit resultatkrav for institusjonane. Midlane vil gradvis bli

fasa ut over ein fireårsperiode dersom institusjonane ikkje aukar talet på avlagde studiepoeng.

For å styrkje undervisninga ved dei private høgskolane i samsvar med tiltaka i Kvalitetsreforma er det i budsjettet for 2003 lagt inn 14,2 mill. kroner på kap. 282. Midlane er fordelte forholdsvis etter avlagde 60-studiepoengseiningar ved institusjonane og lagte inn i basiskomponenten.

Tabellen nedanfor syner budsjettforslaget for 2003 fordelt på komponentane i finansieringssystemet.

Oversikt over budsjettforslag for 2003 fordelt på komponentane i finansieringssystemet

(i 1 000 kroner)

Institusjon				Samla forslag om statstilskott 2003
	Undervisning	Forsking	Basis	
Diakonhjemmets høgskole	15 997	476	29 532	46 005
Menighetssøsterhjemmets Høgskole	7 745	0	12 610	20 355
Betanien Sykepleierhøgskole	5 981	0	9 517	15 498
Diakonissehjemmets Høgskole	6 090	0	9 305	15 395
Lovisenberg diakonale høgskole	13 683	0	24 010	37 693
Rogaland Høgskole	10 804	0	9 849	20 653
Det teologiske Menighetsfakultetet	10 389	5 694	21 181	37 264
Misjonshøgskolen	3 834	1 685	4 812	10 331
Norsk Lærerakademi, Vitenskapelig høgskole	6 518	0	16 879	23 397
Norsk Lærerakademi, Lærerhøgskolen	9 100	0	24 393	33 493
Dronning Mauds Minne	18 833	0	32 785	51 618
Barratt Dues Musikk institutt	3 816	0	6 128	9 944
Rudolf Steinerhøyskolen	2 835	0	4 130	6 965
Den norske Eurytmihøyskole	730	0	1 456	2 186
Den Norske Balletthøyskole	1 440	0	1 247	2 687
Bergen Arkitekt Skole	7 714	0	1 410	9 124

(i 1 000 kroner)

Institusjon	Undervisning	Forskning	Basis	Samla forslag om statstil- skott 2003
Handelshøyskolen BI	95 173	12 703	13 021	120 897
Norges Informasjonsteknologiske Høgskole	21 072	0	4 736	25 808
Mediehøgskolen	3 615	0	5 356	8 971
Norsk Reiselivshøgskole	3 036	0	2 464	5 500
Sum tildeling	248 405	20 558	234 821	503 784

Programkategori 07.70 Forsking

Utgifter under programkategori 07.70 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003	Pst. endr. 02/03
0283	Meteorologisk institutt (jf. kap. 3283)	364 606	355 882	371 718	4,4
0285	Noregs forskingsråd	812 207	884 413	1 149 486	30,0
0286	Fondet for forskning og nyskaping (jf. kap. 3286)	6 204 227	3 350 462	3 528 821	5,3
0287	Forskningsinstitutt og andre tiltak (jf. kap. 3287)	90 133	295 706	117 353	-60,3
0288	Internasjonale samarbeidstiltak (jf. kap. 3288)	99 987	130 005	151 819	16,8
Sum kategori 07.70		7 571 160	5 016 468	5 319 197	6,0

Budsjettforslaget for kategori 07.70 utgjør 5,32 mrd. kroner. Dette er ein auke på 303 mill. kroner i høve til saldert budsjett 2002. Av dette

skriv om lag 37,3 mill. kroner seg frå tekniske endringar, jf. omtale under det einskilde kapitlet.

Inntekter under programkategori 07.70 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003	Pst. endr. 02/03
3283	Meteorologisk institutt (jf. kap. 283)	163 011	147 214	160 954	9,3
3286	Fondet for forskning og nyskaping (jf. kap. 286)	204 227	525 462	1 251 740	138,2
3287	Forskningsinstitutt og andre tiltak (jf. kap. 287)			12 400	
3288	Internasjonale samarbeidstiltak (jf. kap. 288)			4 865	
Sum kategori 07.70		367 238	672 676	1 429 959	112,6

Budsjettforslaget for kategori 07.70 utgjør 1,43 mrd. kroner. Dette er ein auke på 757 mill. kroner i høve til saldert budsjett 2002. Av dette

skriv om lag 12,9 mill. kroner seg frå tekniske endringar, jf. omtale under det einskilde kapitlet.

Tilstandsvurdering, strategiar og tiltak

For ein omtale av norsk forskning generelt, sjå under del I, kap. 2 Forsking og utvikling i statsbudsjettet.

Mål: Langsiktig og god forskning

Det er eit mål for Regjeringa å styrkje den langsiktige, grunnleggjande forskinga og å forbetre kvaliteten i norsk forskning. Det generelle kvalitetsnivået skal hevast, og fleire norske miljø skal vere i den internasjonale forskingsfronten. Eit aktivt engasjement i internasjonalt samarbeid vil vere viktig for å fremme kvalitet og fagleg fornying og for å betre tilgangen på ny kunnskap.

Styrking av grunnforskninga

Grunnforskning medverker til å gi større innsikt i naturen, oss sjøve og samfunnet, og danner grunnlag for forskingsbasert undervisning. Den offentleg finansierte grunnforskninga sikrar landet ei langsiktig kunnskapsoppbygging, gir oss ein kunnskapsbank på område som vil kunne bli sentrale i framtida, og gjer bedrifter og institusjonar betre i stand til å hente inn ny kunnskap utanfrå. Norsk grunnforskning er dermed også avgjerande for utviklinga av næringsliv og velferd i Noreg.

Samanlikna med andre OECD-land utgjer grunnforskninga i Noreg ein låg del av den totale forskingsinnsatsen (17 pst. i 1999). Noreg har relativt få store, forskningstunge føretak som kan investere i langsiktig grunnleggjande forskning. Samstundes tyder undersøkingar på at delen grunnforskning ved norske universitet har gått ned. I universitetsundersøkinga for 2000 svarte 62 pst. av forskarpersonalet at dei driv med grunnforskning, mot 70 pst. i 1981.

Grunnforskninga i Noreg blir driven først og fremst ved universitet og vitskaplege høgskolar. Mesteparten av dei offentlege forskingsmidlane til institusjonane blir gitt via dei direkte løyvingane til universitet og høgskolar, sjå kategori 07.60. Finansiering gjennom forskingsråd er ei komplementær kjelde for offentleg finansiering av forskning ved universitet og høgskolar, slik tilfellet er i dei fleste land. Ved fordeling gjennom forskingsråd sikrar ein at nasjonale perspektiv og heilskapsvurderingar blir lagde til grunn. Som oppfølging av evalueringa av Noregs forskingsråd vil departementet setje i gang ei brei vurdering av finansieringa av norsk grunnforskning.

Sidan Forskningsfondet vart oppretta i 1999, har avkastninga frå fondet vorte ei viktig kjelde til å finansiere langsiktig forskning og nye kvalitetstiltak,

sjå kap. 286. Per 1. januar 2002 hadde fondet ein kapital på 13 mrd. kroner. Avkastninga frå fondet blir frå og med 2002–budsjettet fordelt med ein tredel direkte til universitet og høgskolar og to tredeler til Noregs forskingsråd. I 2003 vil avkastninga vere 793 mill. kroner. Dermed vil 264 mill. kroner gå til forskinga ved universitet og høgskolar direkte, medan 529 mill. kroner vil bli kanalisert gjennom Forskningsrådet over kap. 286.

Stortinget har nyleg vedteke å endre fordelinga av tippesoverskottet, slik at den tredelen av overskottet som til no har gått til forskning skal gå til formål innan idrett og kultur, jf. Innst. O. nr. 44 (2001–2002). For å vege opp for tapte inntekter til forskning vedtok Stortinget seinare å auke kapitalen i Forskningsfondet med 14 mrd. kroner, jf. Innst. S. nr. 223 (2001–2002). Fleirtalet i familie-, kultur- og administrasjonskomitèen ønskte at omlegginga av systemet ikkje skulle innebere endra fordeling mellom typar av forskning eller typar av institusjonar. Stortinget ba dessutan Regjeringa om at delen grunnforskning av dei totale forskingsmidlane blir halden oppe. Regjeringa vil følgje dette opp. Den delen av fondsavkastninga som erstattar tapte tippesinntekter blir handsama separat frå den ordinære delen av fondsavkastninga, og er derfor plassert på kap. 285 post 52, der tippesinntektene blir trekte ut. Det er gjort eit unntak for 27 mill. kroner, som i 2003 er foreslått nytta til vitskapleg utstyr ved Noregs landbrukshøgskole og Noregs vetrinærhøgskole, jf. kategori 07.60. I 2003 vil avkastninga vere 458,7 mill. kroner. For meir omtale sjå kapitla 285 og 3286. I det følgjande vil desse midlane ikkje bli omtalte som "fondsmidlar", då dei har eit anna formål enn dei ordinære fondsmidlane.

Regjeringa foreslår å auke kapitalen i den ordinære delen av fondet med 3 mrd. kroner i 2003, slik at det ordinære fondet totalt blir på 16 mrd. kroner. Auken vil gi om lag 180 mill. kroner meir avkastning i 2004.

Kvalitet i grunnforskninga

Regjeringa har som mål å auke kvaliteten i norsk forskning, både ved å få fleire forskarar og forskingsmiljø opp i internasjonal toppklasse og ved ei meir generell og brei kvalitetsheving. Styrking av rammevilkåra for forskning er eit viktig verkemiddel. Det er innført eit nytt finansieringssystem for universitet og høgskolar som knyter finansiering til fagleg kvalitet på både institusjons- og individnivå, jf. kategori 07.60.

Over kategori 07.70 vil forskarinitiert grunnforskning gjennom frie prosjekt som er finansierte av Noregs forskingsråd, vere eit av dei viktigaste verkemidla for å sikre kvalitet og fagleg fornying.

Dette verkemidlet har vore prioritert gjennom fleire år, og departementet legg til grunn at Forskingsrådet også i 2003 skal prioritere frie prosjekt, jf. kap. 285 post 52. Kategorien finansierer òg grunnforskningsprogram og i nokon grad anvendte program i Forskningsrådet. Midlane over denne kategorien er ei viktig finansieringskjelde for fagutvikling innanfor disiplinane. Eit nytt, funksjonsdelt forskingsråd med ei eiga avdeling for utvikling av fag og disiplinær vil venteleg medverke til å setje enda sterkare fokus på norsk grunnforskning.

For at forskarar ved norske universitet og høgskolar skal kunne vere i den internasjonale forskingsfronten, må dei ha tilgang til oppdatert vitenskapleg utstyr. Universiteta og høgskolane får midlar til vitenskapleg utstyr både direkte over grunnbudsjetta til institusjonane og gjennom Noregs forskingsråd. Forskingsrådet har eit eige utstyrsutval som i perioden 1996–2001 har fordelt 317 mill. kroner finansiert over kap. 285 og 286. Norsk institutt for studiar av forskning og utdanning (NIFU) har evaluert denne ordninga. Evalueringa viser at ordninga har verka klårt positivt for dei norske forskingsinstitusjonane. Ordninga sikrar ein nasjonal utstyrstrategi og vert viktig i og med den store satsinga på utstyr i 2003.

I tråd med Sem-erklæringa vil Regjeringa sikre ei oppdatering av utstyrsparken gjennom ein monaleg auke av løyvingane både til Forskingsrådet og gjennom grunnløyvingane til institusjonane. Departementet foreslår å styrkje løyvingane til utstyr med 120 mill. kroner i 2003. Av desse vil 93 mill. kroner bli fordelte av Forskingsrådet, jf. kap. 285. Den samla utstyrssatsinga over Utdannings- og forskningsdepartementets budsjett i 2003 blir 265 mill. kroner, jf. også kategori 07.60.

Fagevalueringar skal gi eit bilete av kvaliteten på norsk grunnforskning og skal danne grunnlag for å auke både kvalitet og effektivitet. I samsvar med vedtektene har Forskingsrådet eit særleg ansvar for å gjennomføre og følgje opp evalueringar, og rådet har over fleire år systematisk evaluert dei naturvitenskaplege fagområda. Tilsvarende fagevalueringar er gjennomførde innanfor lingvistik og statsvitenskap. Evalueringane nyttar internasjonal ekspertise. Resultata så langt syner at kvaliteten på norsk forskning er varierende. Nokre miljø held høgt internasjonalt nivå, men det er eit generelt behov for forskingsleiing, konsentrasjon, arbeidsdeling og fornying.

Tilrådingane frå dei internasjonale ekspertkomiteane har verknad på fleire nivå. Dei dannar grunnlag for dei forskingspolitiske vurderingane og prioriteringane til Forskingsrådet og for å setje i verk kvalitetshevande tiltak frå rådet si side. Dessutan er dei sentrale reiskapar for institusjonane i

deira faglege og strategiske utviklingsarbeid. Evalueringane verkar òg inn på det forskingspolitiske arbeidet til departementa og utgjer eit av utgangspunkta for dialogen med dei involverte institusjonane.

Noregs forskingsråd skal halde fram arbeidet med å evaluere norske forskingsmiljø og sørgje for god og systematisk oppfølging. Generelt skal rådet leggje vekt på kvalitetsvurderingar ved fordeling av dei faglege løyvingane, for på denne måten å støtte den beste og mest lovande forskinga i Noreg og for å leggje til rette for fagleg fornying og internasjonalt samarbeid.

Internasjonalt forskingssamarbeid skjer i stor grad gjennom uformelle kontaktar og nettverk mellom personar og mellom miljø. I tillegg kjem eit omfattande samarbeid gjennom internasjonale organisasjonar, større internasjonale fellessatsingar og program, og gjennom bilaterale avtalar. Noreg tek del i fleire internasjonale fellessatsingar innanfor grunnforskning. Stortinget har vurdert det som viktig å føre vidare den norske deltakinga, jf. Innst. S. nr. 110 (1999–2000) og St.meld. nr. 39 (1998–99). Samstundes er det behov for å utnytte samarbeidet betre, og dette skjer mellom anna ved formidlings- og rekrutteringstiltak, jf. kap. 288.

Det har vore jamt over god deltaking frå norske universitet, høgskolar og forskingsinstitutt i EUs femte rammeprogram for forskning og utvikling (1999–2002). EUs sjette rammeprogram (2002–2006) vil starte opp i 2003. For nærare omtale av rammeprogramma, sjå St.prp. nr. 1 (2002–2003) for Nærings- og handelsdepartementet. EU-kommisjonen har teke initiativ til eit europeisk forskingsområde (European Research Area), som er eit vidare samarbeid med vekt på mellom anna betre samspel mellom nasjonale forskingsprogram og utvikling av nettverk for framifrå forskning. Noreg vil ta aktiv del i denne utviklinga.

Stadig fleire land har teke i bruk ordningar for å utvikle senter for framifrå forskning som tiltak for å fremme kvalitet og har gode erfaringar med dette. Ei norsk ordning med senter for framifrå forskning blir forvalta av Forskingsrådet på oppdrag frå departementet. Det er no peika ut 13 senter innanfor ulike fagområde, der mellom anna både medisin, naturvitenskap, samfunnsvitenskap og humaniora er representerte. Dei første sentra vil starte opp hausten 2002. Ordninga blir finansiert gjennom Forskingsrådet med midlar frå avkastninga frå Forskingsfondet, jf. kap. 286. Sentra vil få ei gjennomsnittleg løyving på 10–20 mill. kroner i fem år, og med positiv evaluering vil perioden kunne utvidast med ytterlegare fem år.

Satsinga på funksjonell genomforskning (FUGE) skal bringe Noreg på høgde med den

internasjonale utviklinga innanfor funksjonell genomforskning. Satsinga har støtte frå alle dei aktuelle norske forskingsmiljøa og er forankra i Forskingsrådet. Det er sett av 100 mill. kroner av fondsavkastninga til dette formålet i 2002. Midlane vil i hovudsak bli brukte til innkjøp av utstyr og til rekruttering av forskarar. For 2003 legg Regjeringa opp til å styrkje FUGE-satsinga med 50 mill. kroner over dei ordinære løyvingane til Noregs forskingsråd.

Regjeringa vil auke innsatsen innanfor forskning på nye materialar, som er eit viktig forskingsområde med stort potensial for framtidig næringsutvikling. Forskingsrådet har sett i gang ei satsing innan nanoteknologi og nye material i perioden 2002–2006. Departementet foreslår å nytte 30 mill. kroner til å styrkje dette arbeidet ytterlegare, med særleg vekt på funksjonelle materialar, jf. kap. 285.

Som eit ledd i arbeidet for å auke kvaliteten i norsk forskning, foreslår departementet å setje av 20 mill. kroner til ei ny satsing på «Framifrå unge forskarar» gjennom Noregs forskingsråd. Satsinga skal gje yngre, særskilt talentfulle forskarar ekstra gode rammevilkår for at dei skal kunne nå internasjonal toppklasse. Eit viktig mål med satsinga er å få fram gode framtidige forskingsleiarar. Satsinga skal vere aktuell for alle fagområde.

Av andre kvalitetstiltak som blir finansierte over denne kategorien, kan nemnast Senter for grunnforskning – tidlegare Senter for høgere studier (SHS) – ved Det Norske Videnskaps-Akademi og Simula-senteret på Fornebu, som driv med IKT-forskning. Regjeringa ønskjer å styrkje slike kvalitetsmiljø, og går inn for å auke løyvingane til desse sentra, jf. kap. 285 post 52 og kap. 287 post 71.

Frå 1. januar 2002 er det oppretta eit statleg fond på 200 mill. kroner til minne om matematikaren Niels Henrik Abel, jf. kap. 287. Avkastning av fondet skal gå til å finansiere ein internasjonal matematikkpris og til ulike tiltak for å styrkje matematikkfaget. Abel-prisen skal delast ut første gong i 2003. Departementet har gitt Det Norske Videnskaps-Akademi ansvaret for å forvalte avkastninga og peike ut prisvinnaren.

Mål: Eit velfungerande forskingssystem

Det er eit mål at institusjonane i forskingssystemet blir innretta slik at dei fremmer kvalitet, synergi og effektivitet, og at overordna forskingspolitiske prioriteringar blir gjennomførde. Løyvingane over kategori 07.70 skal medverke til dette.

Eit nytt forskingsråd

Ei omfattande evaluering av Noregs forskingsråd vart overlevert til Utdannings- og forskningsdepartementet ved årsskiftet. Regjeringa vil føre vidare eit system med eitt forskingsråd, men går inn for store forandringar i organiseringa og styringa av Forskingsrådet. Forskingsrådet vil få færre avdelingar og eit sterkare hovudstyre med færre medlemmar enn i dag. Ei funksjonsdeling vil bli lagt til grunn for den interne organiseringa av Forskingsrådet. Avdelingane vil framleis ha styre, men desse vil bli tett kopla opp mot hovudstyret. Forskingsrådet må bli ein meir open arena og vere i dialog med langt fleire enn i dag. Dette gjeld mellom anna i strategiarbeidet. Forskingsrådet vil framleis vere ein viktig rådgjevar for Regjeringa i forskingspolitiske saker, men også andre aktørar vil bli trekte inn. For meir omtale av saka, sjå kap. 3 i hovudinnleiinga.

Andre institusjonar

Gjennom vedtektene har Forskingsrådet fått eit særskilt strategisk ansvar for instituttsektoren. Innsatsen til Forskingsrådet har ført til at grunnlaget for ein meir heilskapleg instituttpolitikk no er lagt. Mellom anna har rådet innført eit systematisk evalueringsarbeid som skal medverke til auka kvalitet i denne sektoren. I 2000 og 2001 gjennomførte Forskingsrådet evalueringar av forskingsinstitutta CICERO, Fafo, ISF, STEP, NIFU og NOVA. Evalueringane ga i hovudsak eit positivt bilete av desse institutta. Tilrådingane var konkrete og førte mellom anna at institutta sjølve sette i verk tiltak for å betre kvaliteten på forskinga. Frå Forskingsrådet si side vart evalueringane lagde til grunn ved tildeilinga av basisløyvingar for 2002.

Departementet vil framleis gi basisløyvingar til forskingsinstitutt via Noregs forskingsråd. Forskingsrådet skal leggje stor vekt på kvalitet ved tildeiling av basisløyvingar og arbeide for å fremme samarbeid og arbeidsdeling mellom institutta, og mellom institutt og universitet/høgskolar. I dei siste ti åra er det gjennomført evalueringar, av dei samfunnsvitskaplege institutta. Forskingsrådet vil no vurdere om det er behov for ein ny runde med evalueringar og korleis dei i så fall skal leggjast opp.

Dei større institusjonane som får midlar direkte over kategori 07.70, er organiserte som forvaltningsorgan med særskilde fullmakter. Unntaket er Meteorologisk institutt, som er eit ordinært statleg forvaltningsorgan. Instituttet arbeider med å skilje marknadsverksemda si frå dei statsfinansierte tenestene. Også organiseringa av flyvørte-

nesta er under vurdering. Departementet vil sjå på ulike modellar for organisering av instituttet.

Norsk samfunnsvitskapleg datateneste (NSD) er ei tverrfagleg infrastrukturteneste for norsk forskning som mellom anna skal syte for tilgang til relevante data av høg kvalitet. Juridisk er NSD del av Noregs forskingsråd. For å sikre ei klårare arbeidsdeling i høve til Forskingsrådet og samstundes sikre nærleiken til brukarar og samarbeidspartnarar foreslår departementet å gjere NSD til eit aksjeselskap frå 1. januar 2003, jf. kap. 285 post 52.

Mål: Fleire forskarrekruftar og fleire kvinner i forskning

Det er ei sentral forskingspolitisk målsetjing å få fram tilstrekkeleg mange gode forskarar. Det er òg eit viktig mål å auke talet på kvinner, både blant rekruftar og i det faste forskarpersonalet. Gjennomsnittsalderen blant forskarar ved institusjonane er høg, og på nokre fagområde er rekrutteringa sviktande. Samstundes er det ein aukande etterspurnad etter forskarkompetanse både i næringslivet og offentleg sektor. Det er derfor ei utfordring å få fram tilstrekkeleg mange gode forskarar dei nærmaste åra. Regjeringa har nyleg lagt fram St.meld. nr. 35 (2001–2002) om rekruttering til universitets- og høgskolesektoren. Der er det foreslått ein utvida opptrappingsplan for doktorstipendiatstillingar i høve til den som Stortinget tidlegare har vedteke, i tillegg til ei rekkje andre tiltak, jf. omtale under kategori 07.60.

Departementet finansierer doktorstipendiatstillingar både direkte over institusjonsbudsjetta, jf. kategori 07.60, og gjennom dei faglege løyvingane til Noregs forskingsråd, jf. kap. 285 post 52. I St.meld. nr. 35 (2001–2002) er det sagt at departementet – i samråd med Noregs forskingsråd – vil vurdere om den vidare opptrappinga i hovudsak skal skje ved å opprette nye stillingar ved institusjonane. Departementet ser det som formålstenleg å nytte begge desse finansieringskanalane. Forskingsrådet skal ha eit nasjonalt ansvar for disiplinutvikling og for mobilitet i forskinga. Doktorstipendiatstillingar er eit viktig verkemiddel for å oppnå dette. Mellom anna har Forskingsrådet sett som mål at alle norske doktorgradskandidatar skal studere ei tid ved eit utanlandsk forskingsmiljø.

Regjeringa foreslår å opprette 200 nye doktorgradsstipend i 2003 under kategori 07.60. I tillegg kjem det midlar til nye stipendiatar over Forskingsrådets budsjett gjennom den auka avkastninga frå Forskingsfondet på kap. 286 post 50 og gjennom forskingsløyvingar frå andre departement. Departementet føreset at alle nye stipendiatar blir fullfinansierte. For meir omtale av doktorgradsstipend, sjå omtalen under del I kap. 2 Forsking og utvikling i statsbudsjettet og kategori 07.60.

Gode tilhøve for vidare kvalifisering etter avlagt doktorgrad og fleksible ordningar for tilsetjing er viktig for å halde på gode doktorgradskandidatar og sikre rekruttering til faste stillingar. Postdoktorstillingar kan lette overgangen frå doktorgrad til fast stilling og sikre at gode forskarar blir i systemet. Slike stillingar kan òg nyttast til å fremme mobilitet blant forskarar, både nasjonalt og internasjonalt. Her spelar Forskingsrådet ei særskild viktig rolle. Forskingsrådet skal derfor halde fram med å prioritere postdoktorstillingar ved oppretting av nye rekrutteringsstillingar.

Talet på kvinner i akademiske stillingar ved universiteta og høgskolane har auka i dei siste åra. Det syner at arbeidet med likestilling har hatt effekt. Framleis er det dårleg kvinnerepresentasjon mellom anna i tekniske fag og nokre realfag, og det er få kvinner i akademiske toppstillingar. På oppdrag frå Utdannings- og forskningsdepartementet leverte Forskingsrådet i mai 2002 rapporten om «Kvinner i forskning». Rapporten tek spesielt føre seg situasjonen ved universitet og høgskolar, og tilrår at ein set i verk ei rekkje tiltak på området. Den sentrale konklusjonen er at likestillingsperspektiv må integrerast i heile verksemda ved institusjonane. Departementet følgjer opp dette.

Forskingsrådet skal framleis medverke til at talet på kvinner i forskningssystemet aukar. Rådet skal styrkje innsatsen både for å heve kvinneprosenten på fagområde med få kvinner, og for å kvalifisere kvinner til faste vitskaplege stillingar, særleg toppstillingar. Rådet bør halde fram gjeldande praksis med moderat kjønnskvolter og arbeide for å få fleire norske kvinner med i internasjonalt forskningssamarbeid, mellom anna gjennom å opne for større fleksibilitet ved støtte til forskaropphald i utlandet. Jf. elles omtale under kategori 07.60.

Kap. 283 Meteorologisk institutt (jf. kap. 3283)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
01	Driftsutgifter	240 387	231 455	251 575
21	Særskilde driftsutgifter	70 714	65 701	68 263
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	8 558	9 597	9 751
70	Den meteorologiske verdsorganisasjonen	2 403		
72	Internasjonale samarbeidsprosjekt, <i>kan overføres</i>	42 544	49 129	42 129
	Sum kap. 283	364 606	355 882	371 718

I høve til 2002 er det gjort desse tekniske endringane:

- Kap. 283 post 01 er oppjustert med 8 mill. kroner mot ei parallell oppjustering av kap. 3283 postane 02 og 05 sett under eitt.

Kapitlet omfattar:

- drift av Meteorologisk institutt (met.no)
- tilskott til internasjonalt meteorologisk samarbeid

Tilskottspost 72 har eigen omtale nedanfor.

Meteorologisk institutt står for den offentlege meteorologiske tenesta for sivile og militære formål. Instituttet har også viktige oppgåver i samband med klimastudium, meteorologifagleg forskning og utvikling og innanfor beredskap. Beredskapstenestene omfattar mellom anna varsling ved atomulykker og ved utslepp til luft eller hav. Instituttet har om lag 465 tilsette. Hovudkontora ligg i Oslo, Bergen og Tromsø. I tillegg er vêrtenestekontor og observasjonsstasjonar spreidde over heile fastlandet og i Arktis.

Resultatrapport for 2001–02

Kvaliteten av lokalvarslinga er auka ved betre tilgang på radarata, utvikling av modellar og tekniske hjelpemiddel i varslinga. Auka tilgang på superdatakraft (tungrekning) har vore viktig, jf. kap. 281 post 01.

Eit omfattande moderniserings- og oppgraderingsarbeid av observasjonsstasjonane til instituttet har teke til. I 2001 vart 15 nye automatiske vêrstasjonar etablerte, og Ørland radiosondeasjon vart automatisert. Gardermoen radiosondeasjon vart lagd ned, medan ein ny stasjon vart oppretta på Blindern. Bygginga av ein ny vêrradar i Rissa vart starta, og byggjemeldinga om ny radar i

Bømlo vart godkjend. Begge radarane vil etter planen bli sette i drift hausten 2002.

Meteorologisk institutt tek del i fleire internasjonale klimaprojekt. Vidare har instituttet bygd opp eit nasjonalt servicesenter for klimamodellering som gir assistanse til andre institusjonar som driv klimaforskning.

Meteorologisk institutt har ei rekkje viktige miljøoppgåver, mellom anna i samband med varsling av luft- og havforureining. Instituttet spelar ei sentral rolle i det europeiske samarbeidet om varsling av langtransportert luftforureining. På lokalt plan har instituttet utvikla nye modellar for å rekne ut luftforureininga i dei største norske byane. Innanfor havforureining har instituttet i samarbeid med Havforskningsinstituttet arbeidd aktivt med å utvikle ein felles nordisk modell for å varsle algevekst og næringssalt.

For betre å kunne skilje den kommersielle verksemda frå kjernetenesta vart det etablert ein separat rekneskap for marknadsavdelinga. Vidare vart det oppretta ein leveranseavtale mellom meteorologidivisjonen og marknadsavdelinga.

Resultatmål for 2003

Viktige mål for instituttet i 2003 vil vere:

- å auke kvaliteten på regionale og lokale varsel og medverke til å betre kunnskapen om klimaet
- å modernisere det nasjonale observasjonsgrunnlaget, samt å føre vidare utbygginga av eit vêrradarnett i Noreg
- å utnytte forskingsressursane betre på satsingsområda varsling, klima og transport av forureining i luft og hav, og å oppnå synergieffektar av oppdragsforskninga og den statsfinansierte forskninga innanfor desse områda
- å effektivisere flyvêrtenesta

- å utnytte internasjonale data og ressursar på ein slik måte at det fører til betre og meir kostnads-effektive meteorologiske tenester
- å følgje opp Regjeringa sitt mål om døgnopen forvaltning
- å sikre at skiljet mellom den offentlege meteorologiske tenesta og den kommersielle verksemda tilfredsstiller internasjonale og nasjonale konkurransereglar
- å vere marknadsleiande og retningsgivande innanfor kommersielle meteorologiske tenester i Noreg, og såleis sikre god lønnsemd i den kommersielle verksemda

Budsjettforslag for 2003

Løyvinga blir ført vidare på dagens nivå. Løyvinga på post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3283 postane 02 og 05, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

På post 21 kan instituttet utføre spesialtenester og oppdrag for offentlege og private institusjonar mot betaling. Utgifter i samband med dei vesteuropeiske meteorologiske tenestene om kommersiell utnytting av data og produkt (ECOMET) vil også bli førde på post 21. Løyvinga på posten kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter frå oppdragsverksemd, jf. forslag til vedtak II nr. 2. Instituttet kan berre tilsetje i oppdragsfinansierte stillingar i den grad eksterne finansieringskjelder dekkjer lønnsutgiftene.

Post 45 gjeld utbygging og modernisering av utstyr, medrekna utbygging av vèrradarnettet. Løyvinga på post 45 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3283 post 02, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 72 Internasjonale samarbeidsprosjekt, kan overførast

Midlane går i hovudsak til kontingentutgifter i samband med norsk deltaking i følgjande interna-

sjonale meteorologiorganisasjonar og samarbeidsprosjekt:

- Den meteorologiske verdsorganisasjonen (WMO)
- Europeisk organisasjon for utnytting av meteorologiske satellittar (EUMETSAT)
- European Centre for Medium Range Weather Forecasts (ECMWF)
- Europeiske samarbeidsprosjekt mellom dei meteorologiske institutta (EUMETNET, EGOS, EuroGOOS og HIRLAM)

Målsetjing

Formålet med tilskottet er at Noreg gjennom si deltaking i organisasjonane skal kunne medverke til og dra nytte av internasjonal utveksling av data, kunnskap og metodar innanfor meteorologi.

Rapport for 2001–02

Meteorologisk institutt er ein aktiv deltakar i fleire internasjonale meteorologiorganisasjonar. Instituttet har mellom anna leidd to av dei åtte tekniske kommisjonane innanfor WMO. Innanfor ECMWF har implementering av ny høgfartsreknekapasitet vore ei sentral oppgåve. I EUMETSAT vart det fatta vedtak om å setje i gang eit program for satellittbaserte målingar av topografien i havet. Ein ny vèrsatellitt frå EUMETSAT vart skote opp i august 2002. Data frå satellitten vil medverke til meir eksakte vèrvarsel i store delar av Europa, inkludert sørlege delar av Noreg. I EUMETNET-regi var instituttet med på å utarbeide eit integrert observasjonssystem for hav- og kystområda.

Budsjettforslag for 2003

Budsjettforslaget byggjer på vedtekne budsjett frå organisasjonane. Forslaget inneber ei vidareføring av aktivitetsnivået for 2002.

Kap. 3283 Meteorologisk institutt (jf. kap. 283)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
01	Inntekter frå oppdrag	65 833	65 585	68 143
02	Salsinntekter o.a.	23 140	11 478	22 926
04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter	59	59	59
05	Refusjon for flyvêrtenester	69 717	70 092	69 826
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	1 031		
17	Refusjon for lærlingar	71		
18	Refusjon av sjukepengar	3 160		
	Sum kap. 3283	163 011	147 214	160 954

I høve til 2002 er det gjort følgjande tekniske endringar:

- Post 02 er oppjustert med 11 mill. kroner, og post 05 er nedjustert med 3 mill. kroner, mot ei parallell oppjustering av kap. 283 post 01.

Post 02 gjeld inntekter frå mindre, særskilde tenester og refusjonar for tenester instituttet utfører for

andre institusjonar i Arktis. Tilskott frå andre land til kjøp av vêr- og miljøskipstenester utførte av vêrskipet «Polarfront» blir også førte på post 02.

Post 04 gjeld refusjon av ODA-godkjende utgifter, dvs. utgifter som kan godkjennast som utviklingshjelp etter OECDs retningslinjer. Post 05 gjeld refusjon frå Luftfartsverket for utgifter som Meteorologisk institutt har til flyvêrtenesta.

Kap. 285 Noregs forskingsråd

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
52	Forskningsformål	639 020	704 605	952 750
55	Administrasjon	173 187	179 808	196 736
	Sum kap. 285	812 207	884 413	1 149 486

I høve til 2002 er det gjort desse tekniske endringane:

- Post 52 er nedjustert med 9 mill. kroner mot ein tilsvarande oppjustering på kap. 287 post 54.
- Post 52 er oppjustert med 14,8 mill. kroner i samband overgang til direkte innbetaling av pensjonsinskott til Statens pensjonskasse

Kapitlet omfattar:

- løyving til forskningsformål gjennom Noregs forskingsråd

- administrasjonskostnader til Noregs forskingsråd

Post 52 Forskningsformål

Løyvingane til Forskningsrådet over post 52 Forskningsformål blir nytta til å finansiere forskning innanfor humaniora, samfunnsvitenskap, medisin og helse, naturvitenskap og teknologi, miljø og utvikling og til forskarrekuttering innanfor fiskeri-, havbruks- og landbrukssektoren. Posten dekkjer òg midlar til vitenskapleg utstyr, forskning knytt til med-

lemskap i internasjonale program og institusjonar (følgjeforskning), strategiske fellesfunksjonar og

informasjon. Formidling av kunnskap er òg eit sentralt krav til dei faglege løyvingane.

Faglege løyvingar til Noregs forskingsråd. Fordeling på fagområde og særskilde formål

Fagområde	(i mill. kroner)			
	2000	2001	2002	Forslag 2003
Humaniora	87	89	96	103
Samfunnsvitskap	79	82	85	83
Medisin og helse	104	106	113	117
Miljø og utvikling	43	45	45	47
Naturvitskap og teknologi ²⁾	211	226	235	291
Industri og energi	–	–	–	6
Rekruttering av forskarar innanfor fiskeri-, havbruks- og landbrukssektoren	18	18	18	19
Strategiske fellesfunksjonar	38	40	41	36
Informasjon	7	10	11	11
FUGE ¹⁾	–	–	–	50
Framifrå unge forskarar	–	–	–	20
Vitskapleg utstyr	25	23	20	113
Kompensasjon for auka pensjonsutgifter	–	–	41	57,35
SUM	612	639	705	953

¹⁾ I tillegg blir 100 mill. kroner av avkastninga frå forskingsfondet nytta til FUGE, jf. kap. 286.

²⁾ Løyvinga til naturvitskap og teknologi inkluderer ei satsing på forskning på nye materialar og auka løyving til Simula-senteret på Fornebu.

Løyvinga til forskingsformål er ei hovudkjelde for fagutvikling i alle disiplinar. Midla blir i stor grad fordelte til forskarinitierte prosjekt. Konkurransen og fagfellevurderingar sikrar at midla fremmer kvalitet. Forskingsrådet har som mål å utvikle beste internasjonale praksis for fagfelleevalueringar på alle fagområde.

Løyvingane blir fordelte på fleire verkemiddel. Dei viktigaste er støtte til frie prosjekt og program.

Forskarinitiert grunnforskning gjennom frie prosjekt er eit hovudverkemiddel for å sikre kvalitet og fornying i grunnforskninga. Fri prosjektstønad kan gå til mange ulike formål, t.d. doktorgradsstipend, postdoktorstipend og utveksling av forskarar. På denne måten vil dei frie prosjekta også støtte opp under andre mål som rekruttering og internasjonalisering.

Del frie prosjekt som prosent av den faglege løyvinga til Forskringsrådet fordelt på fagområde (jf. kap. 285 post 52)

	1999	2000	2001	2002
Humaniora	52 %	51 %	54 %	57 %
Samfunnsvitskap	38 %	37 %	36 %	35 %
Medisin og helse	63 %	63 %	70 %	69 %
Miljø og utvikling	58 %	62 %	58 %	55 %
Naturvitskap og teknologi	54 %	47 %	51 %	50 %

Tabellen over viser at delen frie prosjekt varierer mellom dei ulike fagområda. Den er lågast for samfunnsvitskap og høgast for medisin og helse. Utviklinga over tid viser små endringar, men med ein auke for medisin og helse, som har hatt ein særskild strategi for å auke frie prosjekt. Forskringsrådet skal auke delen frie prosjekt på sikt. Dette er særskilt viktig innanfor samfunnsvitskap.

Programma har som hovudformål å byggje opp kompetanse og utvikle kunnskap på tematisk avgrensa felt der Noreg har særskilde behov eller særskilde føresetnader. Løyvinga frå departementet går dels til grunnforskringsprogram og dels til delfinansiering av handlingsretta program.

Løyvinga på kapitlet skal òg nyttast til å følgje opp fagevalueringar. Fagleg kvalitet og fornying er også her sentrale element. Departementet ber Forskringsrådet halde fram arbeidet med å evaluere norske forskingsmiljø. Forskringsrådet skal òg styrkje arbeidet med oppfølging av evalueringane.

Strategiske program og støtte til avansert vitenskapleg utstyr er tiltak som skal leggje til rette for auka kvalitet i norsk forskning og støtte opp under forskingsstrategiar ved institusjonane. Forskringsrådet gir òg støtte til kontingentar, informasjon, formidling, evalueringsverksemd samt stimuleringsiltak og nettverksbygging.

FUGE

Satsinga på funksjonell genomforskning (FUGE) er basert på ein plan utarbeidd i samarbeid mellom dei sentrale norske forskingsmiljøa på dette feltet. Målet med satsinga er å bringe Noreg på høgda med den internasjonale utviklinga innanfor funksjonell genomforskning i løpet av fem år. Regjeringa har sett av 100 mill. kroner av fondsavkastninga til formålet i 2002. For 2003 legg Regjeringa opp til å styrkje FUGE-satsinga med 50 mill. kroner over dei ordinære løyvingane til Forskringsrådet. For meir omtale av FUGE, sjå kap. 286 post 50.

Framifrå unge forskarar

Som eit ledd i arbeidet for å auke kvaliteten i norsk forskning, er det i 2003 sett av 20 mill. kroner til ei ny satsing på «Framifrå unge forskarar» gjennom Noregs forskingsråd. Satsinga skal gi yngre, særskilt talentfulle forskarar innan alle fagområde ekstra gode rammevilkår for at dei skal kunne nå internasjonal toppklasse. Eit viktig mål med satsinga er å få fram gode framtidige forskingsleiarar.

Vitskapleg utstyr

Forskringsrådet har eit særskilt utstyrsutval med representantar frå universiteta, dei vitenskaplege høgskolane og dei statlege høgskolane. Utvalet har til oppgåve å fordele midlar til vitenskapleg utstyr, leggje opp ein nasjonal utstyrsstrategi og samordne innkjøp av utstyr mellom institusjonane.

Resultatrapport for 2001–02

I 2001 hadde Forskringsrådet i alt 73,7 mill. kroner til fordeling på avansert vitenskapleg utstyr gjennom utstyrsutvalet. Av desse kom 10 mill. kroner frå kap. 285 gjennom området Naturvitskap og teknologi og 40 mill. kroner frå avkastninga frå Fondet for forskning og nyskaping. I løpet av året vart det gitt midlar til i alt 32 nye prosjekt, det høgaste talet sidan 1997.

Det vart mellom anna løyvt midlar til utstyr til eit nasjonalt nettverk for genomforskning, til eit visualiseringslaboratorium ved NTNU, til oseanografiske undervatnriggar ved Universitetsstudia på Svalbard og til ei større utstyrsinvestering knytt til LHC-eksperimentet ved CERN.

Ordninga med utstyrsutval har vorte evaluert og fått god attest. Evalueringa tilrådde at arbeidet bør halde fram. Satsinga har betra utstyrssituasjonen noko, men framleis er det store behov for nytt vitenskapleg utstyr.

Resultatmål for 2003

Departementet foreslår å nytte 113 mill. kroner til vitenskapleg utstyr på dette kapitlet. På bakgrunn av evalueringa av utstyrssatsinga skal Forskingsrådet føre vidare ordninga med eit eige utstyrsutval.

Humanistisk forskning

Resultatrapport for 2001–02

Av løyvinga på posten gjekk 89 mill. kroner til humanistisk forskning i 2001. I 2002 er løyvinga 96 mill. kroner.

For 2001 føresette departementet at nivået på fri prosjektstøtte skulle haldast oppe, og at humanistiske grunnforskningsprogram skulle førast vidare på same nivå som i 2000. Forskingsrådet har følgt opp dette. Noko over halvparten av midlane til humanistisk forskning frå departementet gjekk til fri prosjektstøtte. I fordelinga av fri prosjektstøtte vart det lagt vekt på støtte til større prosjekt som kan fornye fag og fagmiljø, på rekruttering og internasjonaliseringstiltak.

Ein tredel av midlane frå departementet i 2001 gjekk til humanistiske grunnforskningsprogram, likt med året før. Forskingsrådet har òg tverrfaglege program som femner om både humanistiske og samfunnsvitenskaplege problemstillingar. Antikkprogrammet, Program for bibliotekforskning og Etikprogrammet vart avslutta i 2001. Programma har fått fram ein ny generasjon forskarar innanfor klassisk filologi, auka talet på doktorandar og danna møteplassar for fagleg utveksling på deira fagområde.

I 2001 gjennomførte Forskingsrådet ei evaluering av lingvistikk. Evalueringa slo fast at kvaliteten på forskinga innanfor utvalde nøkkelområde generelt held høg kvalitet, men at det er behov for å auke omfanget av publisering i internasjonale fagtidsskrift. Evalueringa tilrår mellom anna å styrkje det nasjonale samarbeidet om fellesprosjekt, forskarutdanning og rettleiing.

Urfolknettverket, som har vore finansiert av Forskingsrådet mellom 1997 og 2001, har styrkt samarbeidet mellom samiske forskingsmiljø ved Universitetet i Tromsø, Samisk høgskole og Nordisk Samisk Institutt.

Program for samisk forskning vart oppretta i 2001. Samstundes har arbeidet med å gjere synleg og inkludere samisk forskning i andre program og tiltak ført fram. I 2001 vart nær 8 mill. kroner løyvde til samiske prosjekt utanom det særskilde programmet. Dei fleste fagområda var representerte i prosjekttildelingane.

For meir informasjon om Forskingsrådet sine satsingar innanfor humanistisk forskning, sjå www.forskingsradet.no/fag/ks

Resultatmål for 2003

Løyvinga til humanistisk forskning skal i 2003 vere om lag 103 mill. kroner. Delen fri prosjektstøtte og grunnforskningsprogram skal førast vidare på same nivå som i 2002. Løyvinga skal òg nyttast til å følgje opp evalueringa av lingvistikk. Kvalitetstiltak skal prioriterast. Program for samisk forskning skal styrkjast med 3 mill. kroner. Det skal særleg leggast vekt på langsiktige problemstillingar, jf. St.meld. nr. 34 (2001–2002) Kvalitetsreformen Om høgere samisk utdanning og forskning.

Samfunnsvitenskapleg forskning

Resultatrapport for 2001–02

Av løyvinga på posten gjekk 82 mill. kroner til samfunnsvitenskapleg forskning i 2001. I 2002 er løyvinga 85 mill. kroner.

For 2001 føresette departementet at nivået på fri prosjektstøtte skulle haldast oppe, og at grunnforskningsprogramma og grunnløyvinga til NSD skulle førast vidare på same nivå som i 2000. 36 pst. av løyvinga gjekk til frie prosjekt i 2001. Det er ein svak nedgang i høve til 2000. Ramma til grunnforskningsprogram utgjorde 33 pst. av løyvinga i 2001. Det er ein liten auke i høve til 2000, som skriv seg frå oppstart av «Program for samisk forskning». Grunnløyvinga til Norsk samfunnsvitenskapleg data-teneste vart ført vidare på same nivå som før.

Løyvinga til grunnforskningsprogram gjekk mellom anna til programma «Offentlig sektor i endring», «Advanced Research on the Europeanisation of the Nation-State» (ARENA) og «Kunnskapsutvikling i profesjonsutdanninga» (KUPP), som alle har hovudfinansieringa si frå Utdannings- og forskningsdepartementet.

Forskingsrådet starta i 2001 ei evaluering av statsvitenskap i Noreg. Evalueringa er venta ferdig i 2002. Det er også starta ei utgreiing om rekrutteringssituasjonen innanfor dei juridiske faga.

For meir informasjon om Forskingsrådet sine satsingar innanfor samfunnsvitenskapleg forskning, sjå www.forskingsraadet.no/fag/ks

Resultatmål for 2003

Løyvinga til samfunnsvitenskapleg forskning skal vere om lag 83 mill. kroner. Løyvinga er redusert med 5 mill. kroner i samband med opprettinga av Norsk samfunnsvitenskapleg datateneste som aksjeselskap. Forskingsrådet skal minst halde oppe nivået på fri

prosjektstøtte. Bygging av internasjonale nettverk og andre kvalitetstiltak skal prioriterast. Evalueringa av statsvitskap skal følgjast opp.

Norsk samfunnsvitskapleg datateneste (NSD) – omdanning til aksjeselskap

Regjeringa foreslår å gjere NSD om til aksjeselskap, jf. omtale i St.prp. nr. 1 (2001–2002).

NSD har som formål å vere eit serviceorgan for norsk forskning, og skal sørge for tilgang til forskingsdata og fremme bruk av data i forskning og undervisning. NSD har også oppdragsverksemd, og tek del i ulike former for internasjonalt samarbeid, mellom anna i forskings- og utviklingsprogram innanfor EU.

NSD er i dag del av Noregs forskingsråd, men fungerer reelt som ei sjølvstendig fagleg verksemd. I tråd med forskingspolitiske intensjonar har det lenge vore ein prosess der underliggjande einingar er skilde ut frå Forskingsrådet, for å få ei klarare arbeidsdeling.

Ei organisering av NSD som sjølvstendig rettssubjekt gjer det tydeleg at Forskingsrådet og NSD fagleg sett har ulike oppgåver og ansvar. Så vel styret i NSD som Forskingsrådet har anbefalt å skilje ut NSD som aksjeselskap. Dei tilsette ved NSD har vore positive til anbefalinga. Departementets gjennomgang syner at eit aksjeselskap er best eigna til å møte dei behova NSD har til fritt å drive verksemda si, og møte dei behova staten har for overordna styring og kontroll.

Departementet legg opp til at tenestetilbodet til NSD skal ha om lag same omfang og innhald som i dag. Omorganiseringa til aksjeselskap inneber derfor berre ei endring av tilknytingsform til staten. Etableringa av NSD som aksjeselskap vil skje ved at alle eigedelar, rettar og plikter som trengst for at NSD skal drive verksemda, blir overførde til det nye selskapet.

Departementet skal inntil vidare forvalte dei statlege eigarinteressene. Ein tek sikte på å overføre dette ansvaret til sentrale brukarar frå universitets- og høgskolesektoren så snart som råd.

Omorganiseringa inneber overføring av verksemd etter arbeidsmiljølova kap. XII A. Det nye selskapet tek over arbeidsgivaransvaret for dei tilsette, som beheld lønns- og arbeidsvilkåra sine.

Departementet foreslår å opprette det nye selskapet frå 1. januar 2003, jf. forslag til vedtak IV nr. 6.

I 2001 hadde NSD ei samla omsetning på nærare 28 mill. kroner. Om lag halvparten kom gjennom Forskingsrådet, medrekna basisløyvinga på 8 mill. kroner frå Utdannings- og forskningsdepartementet. I tillegg får NSD midlar frå departementa

og andre offentlege og private kjelder. Studentar og forskarar betaler normalt ikkje for å bruke tenestene til NSD. Departementet føreset at basisløyvinga til NSD blir ført vidare på om lag same nivå som i dag. Basisløyvinga skal i første rekkje dekkje utgifter for datafagleg sakshandsaming, tenesteyting overfor forskarar og studentar og drift av sentrale databasar.

Departementet legg vekt på at alle inntekter og utgifter som er knytte til sal og oppdrag, blir synleggjorde på ein måte som viser at det ikkje skjer kryssubsidiering av tenester som er konkurransutsette. Overskott frå kommersielle aktivitetar skal som anna inntekt støtte opp under det ideelle formålet med selskapet. Departementet finn det ikkje naturleg å fastsetje krav om avkastning frå verksemda.

Etter aksjelova § 2-8 skal det setjast opp ein opningsbalanse for selskapet etter rekneskapslova. Det inneber at tingsinnskott ikkje kan bli ført i balansen med eit høgare beløp enn marknadsverdien på tidspunktet for omdanninga. Prinsippa for verdifastsetjing og opningsbalanse er baserte på ei tilråding frå eit uavhengig rådgjevarfirma. Etter som det gjeld omdanning av eksisterande verksemd, byggjer vurderinga på kontinuitetsprinsippet. Aksjelova §3-4 set krav om at eigenkapitalen skal vere forsvarleg ut frå risiko og omfang på verksemda. Departementet foreslår at det nye aksjeselskapet får 50 pst. eigenkapitaldel. Den estimerte opningsbalansen per 1. januar 2003 vil etter dette sjå slik ut:

Eigedelar	Kroner
Inventar og kontormaskiner	1 000 000
Kundefordringar og andre fordringar	4 300 000
Likvidar	10 700 000
Sum eigedelar	16 000 000
<hr/>	
Eigenkapital og gjeld	
Eigenkapital	8 000 000
Påløpte lønnsforpliktelser	2 850 000
Leverandørgjeld og anna kortsiktig gjeld	5 150 000
Sum eigenkapital og gjeld	16 000 000

Ettersom det gjeld omorganisering av løpande drift, kan opningsbalansen avvike noko frå den estimerte. NSD har eigne verdiar svarande til 3 mill. kroner. Dette gir ein uforsvarleg låg eigenkapital i selskapet. Departementet foreslår derfor at selskapet får ein kapitaltilførsel på 5 mill. kroner som innbetaling til aksjekapitalen. Departementet foreslår at midlane blir tatt frå eit reservefond som er bygd opp i Forskingsrådet av NSD. Midlane er bygd opp gjennom mange år, mellom anna for å møte andre finansieringsbehov. Samla eigenkapital blir dermed på 8 mill. kroner. Av budsjettekniske grunnar foreslår departementet å ta løyvinga frå kap. 285 Noregs forskingsråd, post 52 Forskingsformål, mot ein tilsvarende auke på kap. 281 Fellesutgifter for universitet og høyskolar, post 90 Kapitalinnskott i forskingsstiftelsar. Departementet føreset at reduksjonen i løyvinga på kap. 285 post 52 blir kompensert frå reservefondet.

Departementet legg til grunn at opningsbalansen er sett opp i samsvar med aksjelova og rekneskapslova. Det blir teke atterhald om at verksamda vil bli nærare gjennomgått etter reglane om statsstøtte i EØS-avtalen.

Departementet føreset at Forskingsrådet nyttar resten av fondsmidlane i samband med tildeling av basisløyving og prosjektmidlar til NSD.

Medisinsk og helsefagleg forskning

Resultatrapport for 2001–02

Av løyvinga på posten gjekk 106 mill. kroner til medisinsk og helsefagleg forskning i 2001. I 2002 er løyvinga 113 mill. kroner.

For 2001 føresette departementet at støtta til frie prosjekt skulle førast vidare på minst same nivå som i 2000, og at grunnforskning og forskingsfelt som ikkje har alternative finansieringskjelder, skulle prioriterast. Departementet føresette òg at tiltak for auka rekruttering av forskarar, særleg innanfor områda medisin, odontologi og psykologi, skulle førast vidare.

I tildelinga til frie prosjekt er det lagt vekt på rekruttering, internasjonalisering og større konsentrasjon av midlar for å fremme kvalitet. Internasjonalt forskningssamarbeid vart høgt prioritert, ved både forskarutveksling og deltaking i EUs rammeprogram.

Det er framleis eit stort problem å rekruttere nok legar, tannlegar og psykologar til medisinsk forskning. For å auka talet på legar til forskning har Forskingsrådet mellom anna auka talet på studentstipend i dei seinare åra. I 2001 var det over 90 studentstipendiatar, meir enn tre gonger så mange som då ordninga vart sett i verk i 1998/1999. Rådet finansierte òg 65 sommarstipend i 2001. I tillegg

gir Forskingsrådet frå hausten 2002 stipend til medisinstudentar ved forskarlinjene i medisin som er oppretta ved dei fire universiteta, jf. omtale under kategori 07.60.

Toppforskningsprogrammet, som tek sikte på å gi særleg talentfulle yngre forskarar best moglege arbeidsvilkår, har eksistert sidan 1996 og skal evaluert våren 2003. Programmet har lykkast med å få monaleg privat finansiering. Forskingsrådet har i 2001 og 2002 òg støtta 18 internasjonalt akta forskingsmiljø ved universiteta med ei rammeløyving kalla miljøstøtte.

For meir informasjon om Forskingsrådet sine satsingar innanfor medisinsk og helsefagleg forskning, sjå www.forskningsradet.no/fag/mh.

Resultatmål for 2003

Løyvinga til medisinsk og helsefagleg forskning skal i 2003 vere 117,2 mill. kroner. Delen frie prosjekt skal førast vidare på same nivå som i 2002. Forskingsrådet skal leggje vekt på nyskapande forskning og internasjonalisering. Biofagevalueringa skal følgjast opp. For å styrkje rekrutteringa av forskarar innanfor medisin, odontologi og psykologi skal talet på studentstipend aukast. Forskingsrådet skal òg finansiere studentstipend til forskarlinjene i medisin ved universiteta.

Miljø- og utviklingsforskning

Resultatrapport for 2001–02

Av løyvinga på posten gjekk 45 mill. kroner til miljø- og utviklingsforskning i 2001. I 2002 er løyvinga ført vidare på same nivå.

For 2001 føresette departementet at aktivitetane skulle førast vidare på same nivå som i 2000, og at prioriteringa av frie prosjekt skulle halde fram, klima- og ozonforskning skulle ha høg prioritet, og utvikling av tverrfagleg kompetanse skulle styrkjast. Forskingsrådet vart spesielt bedt om å følgje opp arbeidet med ein bilateral avtale mellom Noreg og USA om polarforskning. Forskingsrådet har følgd opp føringane. Delen frie prosjekt er nærare 60 pst., og utvikling av faglege nettverk og kontaktar på tvers av disiplinær har vore i fokus. National Science Foundation i USA og Noregs forskingsråd undertekna hausten 2001 ein avtale om polarforskning. Norske fagmiljø har store forventningar til det potensialet avtalen gir for vidare forskning.

Som ledd i arbeidet med å profilere utviklingsforskninga fekk Forskingsrådet utarbeidd rapporten «Norsk utviklingsforskning – utviklingstrekk og utfordringar» i 2001. Forskningsbehov knytte til klimaendringar stod òg sentralt i 2001. Forskningsrå-

det har hatt fokus på tverrfagleg miljøforskning, og har mellom anna utarbeidd ein handlingsplan for handtering av fleire og tverrfaglege problemstillingar innanfor miljø- og utviklingsforskninga.

For meir informasjon om Forskringsrådet sine satsingar innanfor miljø- og utviklingsforskning, sjå <http://www.forskningsradet.no/fag/mu>.

Resultatmål for 2003

Løyvinga til forskning på området miljø og utvikling skal vere om lag 47 mill. kroner i 2003. Aktivitetane skal i hovudsak bli førde vidare på same nivå som i 2002 med hovudvekt på grunnleggjande forskning. Prioritering av frittstående prosjekt, klima- og ozonforskning og opparbeiding av tverrfagleg kompetanse skal halde fram.

Naturvitenskapleg og teknologisk forskning

Resultatrapport for 2001–02

Av løyvinga på posten gjekk 226 mill. kroner til naturvitenskapleg og teknologisk forskning i 2001. I 2002 er løyvinga 235 mill. kroner.

For 2001 føresette departementet at nivået på frie prosjekt skulle vere på same nivå som i 2000, og at grunnforskningsprogramma skulle førast vidare. Departementet bad om at tiltaka for å betre rekrutteringa til naturvitenskaplege og teknologiske fag skulle halde fram. Det same gjeld arbeidet med å rekruttere fleire kvinner til desse faga. 10 mill. kroner av løyvinga vart øyremerkta IKT-forskningscenteret Simula på Fornebu. Ein føresette òg at 10 mill. kroner av løyvinga skulle nyttast til vitenskapleg utstyr.

Forskringsrådet har følgd opp føringane frå departementet. Halvparten av løyvinga gjekk til frie prosjekt. Det var ein svak auke i høve til året før. Naturvitenskapleg og teknologisk forskning var det fagområdet som hadde størst auke i talet på postdoktorstipend.

I 2001 finansierte Utdannings- og forskningsdepartementet følgjande program knytt til internasjonale grunnforskningsorganisasjonar: Kjerne- og partikkelforskning (CERN), Romforskning (European Space Agency) og ESRF-følgjeforskning (European Synchrotron Radiation Facility). I tillegg vart følgjande grunnforskningsprogram finansierte: Berekningsorientert matematikk, Katalyse og organisk kjemi og Marine ressursar, miljø og forvaltning. Desse programma er samfinansierte med andre departement.

Vidare gjekk løyvinga mellom anna til 17 strategiske universitetsprogram, vitenskapleg utstyr, Formidlingsprogrammet, diverse evalueringsaktivitetar og kontingentar til dei internasjonale organisa-

sjonane Ocean Drilling Program, Nordic Optical Telescope og European Incoherent Scatter Radar Facility (EISCAT).

Løyvinga til IKT-senteret Simula på Fornebu vart ført vidare med ei samla ramme på 20 mill. kroner i 2001. Av desse kom 10 mill. kroner frå kap. 285. Simula-senteret var frå starten organisert som eit prosjekt under Universitetet i Oslo, men i juni 2002 vart senteret etablert som aksjeselskap.

Forskringsrådet har gjennomført fleire fagevalueringar sidan 1996. I 2001 vart biofagevalueringa avslutta. Hausten 2002 vart evalueringa av matematikkfaget avslutta. Evalueringa viser at det er høg kvalitet i norsk matematikkforskning. Nokre miljø er i verdsklasse. I framtida vil det vere ei hovudutfordring for matematikkfaget å rekruttere nye kandidatar. Det vil bli lagt fram ein fagplan for matematikkfaget basert på denne evalueringa. Det same er gjort for geofaga, biofaga, fysikkfaga og kjemifaga.

For meir informasjon om Forskringsrådet sine satsingar innanfor naturvitenskapleg og teknologisk forskning, sjå www.forskningsradet.no/fag/nt.

Resultatmål for 2003

Løyvinga til naturvitenskapleg og teknologisk forskning skal vere om lag 291 mill. kroner. Løyvinga er auka med 30 mill. kroner til ei satsing innan nanoteknologi og nye materialar, jf. omtale under kategoriinnleiinga til 07.70. Vidare er løyvinga auka med 9 mill. kroner til opptrapping av basisløyvinga til Simula-senteret. Den vidare drifta av Sars-senteret skal samfinansierast av Universitetet i Bergen og Forskringsrådet. Frie prosjekt skal framleis prioriterast. Forskringsrådet skal halde fram arbeidet med å følgje opp fagevalueringane innan naturvitenskap og teknologi.

Rekruttering av forskarar innanfor fiskeri-, havbruks- og landbrukssektoren

Resultatrapport for 2001–02

Av løyvinga på posten gjekk 18 mill. kroner til rekruttering av forskarar innanfor fiskeri-, havbruks- og landbrukssektoren i 2001. I 2002 er løyvinga ført vidare på same nivå.

I 2001 finansierte departementet i alt 45,2 stipendiatårsverk på desse innsatsområda. Av desse var 24,5 årsverk retta mot fiskeri- og havbrukssektoren og 20,7 retta mot landbrukssektoren. Delen kvinner har auka gjennom fleire år, og var i 2001 på 62 pst.

For meir informasjon om Forskringsrådet sine satsingar innanfor landbruks- og fiskeriforskning, sjå www.forskningsradet.no/fag/bf.

Resultatmål for 2003

Løyvinga til rekruttering av forskarar innanfor fiskeri-, havbruks- og landbrukssektoren skal vere om lag 19 mill. kroner i 2003.

Industri og energi

Regjeringa la i april 2002 fram Ot.prp. nr. 67 (2001-2002) om endringar i lov om retten til oppfinningar som er gjorde av arbeidstakarar. Lovendringane tek sikte på å leggje tilhøva til rette for at universitet og høgskolar kan engasjere seg sterkare i arbeidet med å utnytte forskingsresultat økonomisk, i form av patent. For å følgje opp lova treng institusjonane å byggje opp kompetanse på området. Det er sett av 6 mill. kroner til FORNY-programmet over kap. 285 post 52. Løyvinga skal nyttast til rådgjeving og andre tiltak retta mot universitets- og høgskolesektoren, jf. også omtale under kap. 281.

Strategiske fellesfunksjonar og informasjon

Dei strategiske fellesfunksjonane til Forskningsrådet omfattar mellom anna forskingspolitisk rådgjeving, koordinering av budsjettarbeid og rapportering, arbeid for å styrkje norsk deltaking i internasjonalt forskningssamarbeid og arbeid med å styrkje den rolla Forskningsrådet har som møteplass for aktørane i forskningssystemet.

Resultatrapport for 2001–02

Av løyvinga på posten gjekk 50 mill. kroner til strategiske fellesfunksjonar og informasjon i 2001. I 2002 er løyvinga 52 mill. kroner.

For 2001 føresette departementet mellom anna at Forskningsrådet skulle følgje opp utgreiinga om sentra for framifrå forskning, arbeide for å styrkje utbyttet av norsk innsats i internasjonalt forskings-samarbeid, arbeide vidare med formidlingstiltak retta mot allmenta og utvikle gode elektroniske informasjonstilbod. Forskningsrådet har følgd opp føringane frå departementet.

Ei sentral oppgåve i 2001 har vore å organisere prosessen med å velje ut dei første sentra for framifrå forskning (SFF), sjå omtale på kap. 286 post 50. Forskningsrådet har fortsett arbeidet for å fremme internasjonalisering av norsk forskning gjennom alle verkemidla sine. Ei utgreiing om korleis ein kan fremme at utanlandske forskarar i større grad kjem til Noreg for å forske, er under arbeid. I 2001 har arbeidet med innspel til EUs sjettemprogram for forskning og utvikling vore ei sentral oppgåve (sjå omtale i budsjettproposisjonen til Nærings- og handelsdepartementet). Gjennom EU

Forskningsinfo gir Forskningsrådet informasjon og råd til forskingsmiljø og bedrifter (sjå heimesida www.forskningsradet.no/fag/eu). Forskningsrådet forvaltar òg internasjonale stipend, og i 2001 vart eit nytt tysk-norsk stipendprogram sett i verk.

Forskningsrådet har halde fram med å støtte og samarbeide med dei nasjonale forskningsetiske komiteane, for å stimulere til forskningsetisk debatt. Komiteane skal mellom anna ferdigstille ein rapport om norsk oppdragsforskning hausten 2002. Med grunnlag i ein ekspertrapport og ei brei offentleg høring utarbeidde Forskningsrådet i 2001 ei tilråding om framtidig handtering av uærlegdom i norsk forskning.

Som ein del av arbeidet med nasjonal forskingsstatistikk og indikatorar utarbeider Forskningsrådet kvart anna år rapporten «Det norske forsknings- og innovasjonssystemet – statistikk og indikatorer» i samarbeid med NIFU, STEP-gruppa og Statistisk sentralbyrå. Ein ny rapport var ferdigstilt tidleg i 2002.

Midlane til informasjon delfinansierer felles informasjons- og profileringstiltak i Forskningsrådet. I tillegg til systematisk arbeid med medie- og samfunnskontakt, nyttar Forskningsrådet Internett, publikasjonar, konferansar og diskusjonsmøte for å få merksemd og debatt om norsk forskning. Forskningsdagane 2001 hadde 850 programinnslag på landsbasis. Interesse for Nysgjerrigper-konkurransen, som skal få barn i grunnskolen interesserte i forskning, er aukande. Kvaliteten på dei innsende prosjekta blir òg stadig betre. Det er no teke initiativ til å utarbeide kurs for lærarar i prosjektmetode ved lærarutdanninga ved høgskolane.

Den allmennretta nettstaden «forskning.no», der Forskningsrådet inngår som eigarar saman med forskingsinstitusjonar over heile landet, vart lansert i april 2002. Nabolanda våre har vist stor interesse for satsinga, som har som mål å nå ut til det breie lag av folket med populærvitenskapleg formidling. Ein vil i framtida særleg satse på ungdom frå 15-årsalderen, og ein vil samarbeide med skolen for å auke interessa for forskning i denne målgruppa.

Resultatmål for 2003

Løyvinga til strategiske fellesfunksjonar og informasjon skal vere om lag 47 mill. kroner i 2003. Løyvinga er redusert med 8,9 mill. kroner i samband med flytting av finansieringsansvaret for NIFU og STEP-gruppa. Det er lagt inn ein auke på 1 mill. kroner til å følgje opp stipendordningane under kulturavtalane. Forskningsrådet skal sikre god utnytting av norsk deltaking i dei ulike internasjonale samarbeidsprogramma og -organisasjo-

nane. Det er særleg viktig å styrkje arbeidet med EU Forskingsinfo, i samband med at det nye rammeprogrammet trer i kraft ved årsskiftet 2002–03. Det bilaterale forskingsarbeidet skal halde fram, og den auka løyvinga på 1 mill. kroner i 2002 skal først vidare. Forskingsrådet skal halde fram arbeidet med å utvikle gode formidlingstiltak retta mot allmenta.

Budsjettforslag for 2003

Budsjettforslaget for kap. 285 post 52 viser totalt ein auke på 35 pst. frå 2002 til 2003. Den største delen av auken er kortsiktige midlar som skriv seg frå Stortingets vedtak om å erstatte dei inntektene forskinga har fått frå tippeoverskottet med avkastninga frå 14 nye mrd. kroner i Fondet for forsking og nyskaping, jf. omtale på kap. 3286. Tippemidlane blir trekte ut med ein tredel kvart år frå 2003 til 2005. Omlegginga fører med seg eit kortsiktig overskott til forskinga på 177 mill. kroner i 2003. 150 mill. kroner av dette er førte på kap. 285 post 52. I 2005 vil overskottet falle bort.

Korrigert for det kortsiktige overskottet og for tekniske endringar er auken på posten på 13 pst. I tillegg til løyvingane over post 52 blir tilsegnsmakta ført vidare på same nivå som i 2002, dvs. 37,5 mill. kroner, jf. forslag til vedtak III nr. 1.

Post 55 Administrasjon

Resultatrapport for 2001–02

Utdannings- og forskningsdepartementet finansierer administrasjonsbudsjettet på vegne av alle departementa. Løyvinga skal dekkje den samla administrative verksemda til Forskingsrådet. Løyvinga var på 171,7 mill. kroner i 2001 og 179,8 mill. kroner i 2002. Ved årsskiftet 2001–02 var 280 årsverk knytte til administrasjonen. Det er 10 årsverk færre enn året før.

Administrasjonsbudsjettet til Forskingsrådet har vore stramt i lang tid. I samråd med departe-

mentet reduserte Forskingsrådet derfor bemaninga i 2001. Reduksjonen vart oppnådd gjennom frivillig baserte tiltak, utarbeidd av administrasjonen og fagorganisasjonane i fellesskap.

Ein har i 2001 arbeidd aktivt med å betre utnyttinga av ressursar, mellom anna ved å effektivisere rutinar og forenkle arbeidskrevjande prosessar. I løpet av tre år skal Forskingsrådet etablere heilelektroniske løysingar både for interne rutinar og i høve til FoU-miljøa. Ein har òg arbeidd med å utgreie forenkla rapportering på framdrift av FoU-prosjekt og såkalla «fastpriskontraktar», med tanke på å forenkle administrasjonen og fokusere meir på fagleg oppfølging.

Forskingsrådet administrerer ein stor del av den forskinga som blir finansiert gjennom program. Utgiftene til programadministrasjon er integrerte i programbudsjetta og var på 107,8 mill. kroner i 2001. Det utgjer ca. 5 pst. av det samla disponible programbudsjettet.

Resultatmål for 2003

Den administrative verksemda omfattar oppgåver for alle departementa, og inkluderer forvaltning og fordeling av heile budsjettet til Forskingsrådet. I 2003 skal administrasjonen særleg arbeide med å utvikle organisasjonen i tråd med føringane frå Regjeringa om ny organisasjonsstruktur, jf. omtalen i kap. 3 i hovudinnleiinga.

Budsjettforslag for 2003

Evalueringa av Forskingsrådet slo fast at organisasjonen var underbemanna i høve til dei mange oppgåvene og rollene den skal tene, og anbefalte å auke administrasjonsbudsjettet. I lys av dette og av dei store utfordringane som følgjer med omorganiseringa av Forskingsrådet, vil departementet foreslå å styrkje løyvinga til administrasjon av Noregs forskingsråd med 10 mill. kroner i 2003, i tillegg til prisjustering.

Kap. 286 Fondet for forsking og nyskaping (jf. kap. 3286)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
50	Overføring til Noregs forskingsråd	204 227	350 462	528 821
90	Fondskapital	6 000 000	3 000 000	3 000 000
	Sum kap. 286	6 204 227	3 350 462	3 528 821

Fondet for forskning og nyskaping vart oppretta 1. juli 1999 og har frå januar 2002 ein fondskapital på 13 mrd. kroner. Kapitalen i fondet (jf. kap. 286 post 90) er plassert som kontolån til staten med rente tilsvarende renta på statsobligasjonar med ti års bindingstid. Førre års avkastning frå fondskapitalen blir årleg ført inn på inntektssida i statsbudsjettet (jf. kap. 3286 post 80). Løyvingane til forskning blir førte med same beløp på utgiftssida og inntektssida i statsbudsjettet. Fondet skal medverke til å oppfylle dei overordna forskingspolitiske måla, ved å finansiere langsiktig, grunnleggjande forskning og forskning på tvers av sektorane, jf. Inns. S. nr. 110 (1999–2000). Det skal leggjast sterk vekt på kvalitet.

Frå og med 2002-budsjettet blir ein tredel av fondsavkastninga kanalisert direkte til institusjonane i universitets- og høgskolesektoren, sjå omtale i innleiinga til kategori 07.60, medan to tredelar av avkastninga blir fordelt av Noregs forskingsråd.

Stortinget styrkte kapitalen i fondet med 14 mrd. kroner frå 1. juli 2002. Avkastninga av desse midlane skal erstatte tapet av tippeinntekter til forskning, og blir utgiftsført på kap. 285, jf. omtale under kapitla 285 og 3286.

Post 50 Overføring til Noregs forskingsråd

Resultatrapport for 2001–02

Det er Forskringsrådet som innanfor overordna rammer gitt av storting og regjering er ansvarleg for fordelinga av den delen av avkastninga frå Fondet for forskning og nyskaping som blir løyvd over kap. 286. Avkastninga utgjorde 204,2 mill. kroner i 2001. Forskringsrådet har lagt vekt på å nytte fondsmidlane til langsiktig og grunnleggjande forskning. Ein stor del av satsingane går over fleire år. Dei tematiske satsingane i forskingspolitikken er prioriterte. I perioden 2000 til 2002 er midlane fordelte på prioriterte område som vist i tabellen under:

Midlar frå Fondet for forskning og nyskaping. Fordeling etter prioriterte område (i 1 000 kroner).

Tema	2000	2001	2002
Senter for framifrå forskning	–	–	70 000
FUGE	–	–	100 000
Langsiktig, grunnleggjande forskning generelt	22 500	100 700	110 500
Informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT)	9 500	12 000	5 500
Forskning i skjeringsfeltet mellom energi og miljø	14 000	22 500	10 000
Medisin og helse	16 500	28 000	26 500
Marin forskning	27 500	37 000	18 000
Administrasjon	–	4 000	19 962
Saldering av budsjettet	–	–	-10 000
Sum	90 000	204 200	350 462

Kvalitet er det fremste kriteriet ved tildeling av pengar frå fondet. Forskarutdanning, internasjonal nettverksbygging og vitenskapleg utstyr er sentrale element i satsingane. 43 doktorgradsstipendiatar og 14 postdoktorstipendiatar vart finansierte med midlar frå fondet i 2001. Utanlandsstipend og gjesteforskarstipend medverkar til å styrkje kontakten med leiande forskingsmiljø i utlandet. Ein stor del av midlane går til satsingar som involverer fleire fagområde. Til dømes er det eit stort innslag av IKT-forskning innanfor den marine satsinga. I 2001 vart 40,7 mill. kroner nytta til vitenskapleg utstyr inn-

anfor dei fem prioriteringane. I 2002 går nærare halvparten av fondsavkastninga til to satsingar av stor forskingspolitisk tyding: oppstart av ordninga med senter for framifrå forskning (SFF) og igangsetting av ei ny stor satsing på funksjonell genomforskning (FUGE).

Forskringsrådet har i 2001 og 2002 gjennomført ein omfattande prosess for å velje ut dei første sentra for framifrå forskning. Målet med SFF-ordninga er å heve kvaliteten på norsk forskning ved å etablere tidsavgrensa forskingscenter kjenneteikna ved ein konsentrert, fokusert og langsiktig for-

skingsinnsats på høgt internasjonalt nivå. Forskarutdanning inngår som ein sentral del. 131 miljø søkte om SFF-status i 2001. Etter to rundar med

vurderingar av internasjonale ekspertar, vart namna på dei 13 første sentra offentleggjorde 12. juni 2002:

Vertsinstitusjon	Namn på senteret
Institutt for fredsforskning	Center for the Study of Civil War
Noregs geotekniske institutt	International Centre for Geohazards
Noregs landbrukshøgskole	Aquaculture Protein Centre
Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet	Center for Quantifiable Quality of Service in Communication Systems
Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet	International Centre for the Biology of Memory
Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet	Ships and Ocean Structures
Universitetet i Bergen	Bjerknes Centre for Climate Research
Universitetet i Bergen	Center for Integrated Petroleum Research
Universitetet i Bergen	Periphery and Centre in Medieval Europe
Universitetet i Oslo	Center for Molecular Biology and Neuroscience
Universitetet i Oslo	Mathematics for Applications
Universitetet i Oslo	Physics of Geological Processes
Universitetet i Tromsø	Center for Advanced Study in Theoretical Linguistics

Sentra vil få ei samla løyving på 70 mill. kroner i 2002 og 140 mill. kroner frå 2003. Etter 3 ½ år skal den vitenskaplege kvaliteten ved sentra evaluerast av internasjonale ekspertar. Forskingsrådet skal òg vurdere dei administrative tilhøva ved sentra. På basis av evalueringane vil Forskingsrådet avgjere om eit senter skal avviklast etter fem år eller få løyving i fem år til.

Etter at arvestoffet til mennesket og nokre dyr, planter og mikroorganismar er kartlagt, er det vakse fram eit nytt internasjonalt forskingsområde som kallast funksjonell genomforskning. Funksjonell genomforskning nyttar nye metodar for å finne ut kva for ein funksjon dei einskilde genane og proteina har, og korleis dei verkar inn på kvarandre. Den nye kunnskapen vil gi grunnlag for ei ny forståing av biologiske prosessar. Ein ventar òg at funksjonell genomforskning vil bli ein av dei viktigaste motorane i framtidens næringsliv. Satsinga på funksjonell genomforskning (FUGE) er basert på ein plan som er utarbeidd i samarbeid mellom dei sentrale norske forskingsmiljøa på dette feltet. Målet med satsinga er å bringe Noreg på høgde med den internasjonale utviklinga innanfor funksjonell genomforskning i løpet av fem år. Det er sett av 100 mill. kroner av fondsavkastninga til formålet

i 2002. Midlane skal i oppstartåret i hovudsak nyttast til infrastrukturtiltak, som utstyr, støttefunksjonar, og til kompetanseoppbygging og rekruttering. Forsking på etiske, miljømessige og samfunnsmessige konsekvensar blir sett i gang som ein integrert del av satsinga.

Langsiktig, grunnleggjande forskning generelt gjeld mellom anna tverrfagleg forskning på globalisering og internasjonalisering. Ein har lagt vekt på rekruttering og internasjonalisering. Det er òg sett i gang langsiktige satsingar på materialforskning og petroleumforskning. På desse forskingsområda har fondsmidlane løyst ut monaleg industrifinansiering. I 2002 er det sett av 20 mill. kroner til grunnforskning innan utvalde «Kompetansefelt for næringsutvikling». Tiltaket skal gi ein betre samanheng mellom grunnforskning og anvendt forskning. Vidare blir det sett i gang seks store, langsiktige satsingar. Satsingane gjeld bioprospektering, språkvitenskap og teknologi, polar klimaforskning, nye materialar/nanoteknologi, fornying av offentlig sektor og grunnleggjande sjukdomsmekanismar. Løyvingane til vitenskapleg utstyr er inkludert i tala for langsiktig, grunnleggjande forskning generelt.

Ei av satsingane innanfor marin forskning er biospektering, som er eit lovande verktøy for å finne nye, naturlege substansar som mellom anna kan nyttast til framtidige legemiddel. Innanfor IKT er det mellom anna sett i verk eit prosjekt ved Norsk Regnesentral der ein utviklar eit nytt rammeverk for analyse av jordobservasjonsdata. Rammeverket vil kunne danne basis for nye bruksmåtar av jordobservasjon, til dømes innanfor overvaking av miljøressursar over tid. Midlane til medisin- og helseforskning vart i 2001 mellom anna gitt til fem høgt kvalifiserte forskargrupper (MH-grupper). Ein har òg prioritert unge, lovande forskarar og bygging av internasjonale nettverk ved hjelp av karrierestipend, utanlandsstipend og gjesteforskarstipend. Ei av forskargruppene driv med hjerneforskning, og har oppnådd resultat som medverkar til ny forståing av korleis hugs oppstår og lagrast. Midlane innan skjeringsfeltet energi og miljø har mellom anna gått til forskning på klimaendringar og atmosfærekjemi. Eit anna spennande prosjekt tek føre seg miljøvennleg bruk av naturgass. Ambisjonen er å lage eit effektivt system for å produsere hydrogen frå fossilt brensel om bord i kjøretøy.

Resultatmål for 2003

Avkastninga frå Fondet for forskning og nyskaping skal i 2003 nyttast til å støtte langsiktig, grunnleggjande forskning generelt og langsiktig forskning innanfor dei fire tematiske satsingsområda. Dette

er i samsvar med vedtaket i Stortinget i samband med handsaminga av forskingsmeldinga, jf. Innst. S. nr. 110 (1999–2000) og St.meld. nr. 39 (1998–99).

I samsvar med stortingsvedtaket kan midlane frå fondet også nyttast til nye tiltak for kvalitet. Fondsmidlane skal derfor også nyttast til å følge opp ordninga med senter for framifrå forskning. FUGE-satsinga skal først vidare med minimum same løyving frå fondet som i 2002. I tillegg blir det løyvt 50 mill. kroner til FUGE over kap. 285 post 52, sjå kapittelomtalen.

Budsjettforslag for 2003

Løyvinga på kap. 286 post 50 er auka med om lag 178 mill. kroner i høve til saldert budsjett 2002, i samband med auka avkastning frå Fondet for forskning og nyskaping, jf. kap. 3286.

Post 90 Fondskapital

I statsbudsjettet for 2002 auka Stortinget kapitalen i Fondet for forskning og nyskaping med 3 mrd. kroner til 13 mrd. kroner. Den 14. juni 2002 vedtok Stortinget å styrkje Fondet for forskning og nyskaping med 14 mrd. kroner (jf. Innst. S. nr. 223 (2001–2002)). Bakgrunnen for vedtaket var at dei framtidige inntektene til forskning vart reduserte som følge av at Stortinget i mai vedtok å endre fordelinga av tippeoverskottet (jf. Innst. O. nr. 44 (2001–2002)).

Regjeringa foreslår å auke kapitalen i Fondet for forskning og nyskaping med 3 mrd. kroner i 2003.

Kap. 3286 Fondet for forskning og nyskaping (jf. kap. 286)

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
80	Avkastning	204 227	525 462	1 251 740
	Sum kap. 3286	204 227	525 462	1 251 740

Kapitlet gjeld avkastning frå Fondet for forskning og nyskaping, jf. kap. 286. Fondet for forskning og nyskaping vart oppretta 1. juli 1999 og har frå januar 2002 ein fondskapital på 13 mrd. kroner. Frå og med 2002-budsjettet blir ein tredel av denne fondsavkastninga kanalisert direkte til institusjonane i universitets- og høgskolesektoren, medan to tredelar av avkastninga blir fordelt av Noregs forskingsråd, jf. kap. 286. Den 14. juni 2002 vedtok Stortinget å styrkje Fondet for forskning og nyskaping med 14 mrd. kroner (jf. Innst. S. nr. 223

(2001–2002)). Bakgrunnen for vedtaket var at dei framtidige inntektene til forskning vart reduserte som følge av at Stortinget i mai vedtok å endre fordelinga av tippeoverskottet (jf. Innst. O. nr. 44 (2001–2002)). Avkastninga frå dei 14 mrd. kronene skal erstatte tapet av tippeinntekter til forskning, og blir derfor utgiftsført på kap. 285, der tippemidlane blir trekte ut. Det er gjort eit unntak for 27 mill. kroner, som i 2003 er foreslått nytta til vitenskapleg utstyr ved Noregs landbrukshøgskole og Noregs vetrinærhøgskole, jf. kategori 07.60.

Kap. 287 Forskingsinstitutt og andre tiltak (jf. kap. 3287)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
21	Særskilde driftsutgifter	6 625	5 369	3 503
50	NOVA	19 812	20 872	21 686
52	Norsk Utanrikspolitisk Institutt	14 434	14 931	15 513
54	Forskingsstiftelsar	33 965	36 984	43 516
71	Tilskott til andre private institusjonar	13 131	15 325	18 423
72	Til disposisjon for departementet	2 166	2 225	2 312
73	Niels Henrik Abels matematikkpris			12 400
90	Niels Henrik Abels minnefond		200 000	
	Sum kap. 287	90 133	295 706	117 353

I høve til budsjettet for 2002 er det gjort følgjande tekniske endringar:

- Post 54 er oppjustert med 9 mill. kroner mot ei tilsvarende nedjustering av kap. 285 post 52.

Kapitlet omfattar:

- utgifter til utgreiingar
- Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA)
- Norsk Utanrikspolitisk Institutt (NUPI)
- forskingsinstitutt som får basisløyvingar frå Noregs forskingsråd
- tilskott til andre institusjonar og tiltak
- disposisjonsløyvinga til departementet
- Niels Henrik Abels matematikkpris
- Niels Henrik Abels minnefond

Post 21 Særskilde driftsutgifter

Løyvinga skal brukast til å dekkje utgifter til utgreiingar som vil medverke til å betre kunnskapsgrunnlaget for forskingspolitikken. I 2001 og 2002 er løyvinga i hovudsak nytta til å finansiere evalueringa av Noregs forskingsråd. Oppfølginga av evalueringa er òg dekt med midlar frå posten. Departementet har i 2002 mellom anna òg nytta midlar frå løyvinga til å koste utgreiingar om kommersialisering av forskingsresultat i Noreg og om patentering ved norske forskingsinstitusjonar.

Evalueringa av Noregs forskingsråd vart sluttført i 2001, medan delar av utgiftene først kom til utbetaling i 2002. Desse utgiftene har no falle bort, og posten er foreslått redusert med 2 mill. kroner i budsjettet for 2003.

Post 50 NOVA

Forskinga og utviklingsarbeidet ved Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA) skal føre til auka kunnskap om sosiale tilhøve og endringsprosessar. Instituttet skal fokusere på problemstillingar om livsløp, levekår og livskvalitet samt tenester og tiltak i velferdssammenheng.

NOVA har eit særleg ansvar for å utføre forskning om sosiale problem, offentlege tenester og overføringsordningar. Instituttet skal forske på familien, barn og unge og oppvekstvilkåra deira. NOVA skal vidare drive forskning og utviklingsarbeid med særleg vekt på utsette grupper, og på ulike område knytte til barnevern, samt utvikle vidare den gerontologiske forskinga. Forskinga er organisert i forskargrupper og i strategiske instituttprogram. Instituttet legg stor vekt på å få i stand fagleg samarbeid på tvers av forskingsgruppene.

Resultatrapport for 2001–02

Det vart utført 68 forskarårsverk ved NOVA i 2001, fordelt på 40 kvinner og 28 menn. Fire forskarar avla doktorgraden i 2001. Basisløyvinga frå kap. 287 stod for 36 pst. av dei samla inntektene til NOVA. Det er om lag like mykje som året før. Publiseringa ved instituttet har auka monaleg. I 2001 lanserte NOVA eit nytt tidsskrift, «Tidsskrift for ungdomsforskning». NOVA har i 2001 òg etablert eit nytt strategisk instituttprogram innanfor generell barneforskning.

NOVA har i 2001 arbeidd med oppfølginga av den eksterne evalueringa som Forskingsrådet sette i verk i 2000. Instituttet har merka seg dei tilrådingane evalueringsutvalet kom med, og har grundig gått gjennom den faglege verksemda si og organisasjonsstrukturen sin. På bakgrunn av dette har NOVA utarbeidd ein strategisk plan for perioden 2002 til 2004. Planen trekkjer opp retningslinjene for fagleg utvikling, kompetanse og forskingsprofil for dei kommande åra.

Resultatmål for 2003

NOVA skal halde oppe posisjonen sin som eit leiande forskingsinstitutt innanfor dei faglege kjerneområda sine. Instituttet skal vidare arbeide for å auke den internasjonale innteninga og styrkje kontakten med praksisfeltet.

Budsjettforslag for 2003

Løyvinga for 2003 blir ført vidare på same nivå som i 2002.

Post 52 Norsk Utanrikspolitisk Institutt

Norsk Utanrikspolitisk Institutt (NUPI) har som formål å medverke til auka innsikt i mellomfolkelege spørsmål ved å drive forskning og ved å spreie informasjon om internasjonale tilhøve. Instituttet skal formidle forskingsresultat og forskingsbasert utviklingsarbeid til både særskilde brukargrupper og til allmenta.

Resultatrapport for 2001–02

Forskarane ved NUPI utførte om lag 36 forskarårsverk i 2001, noko som er ein liten auke samanlikna med året før. Kvinner stod for åtte av årsverka.

Basisløyvinga frå kap. 287 utgjorde 38 pst. av dei samla inntektene mot om lag 43 pst. året før. Samanlikna med 2000 har publiseringa, særleg i nasjonale og internasjonale vitskapelege tidsskrift, auka vesentleg.

Det vart fastsett to strategiske instituttprogram i 1998: 1) Kollektiv tryggleik og 2) Europa – integrasjon og suverenitet. Det første programmet dreier seg om innhaldet i konflikhtar, responsen frå det internasjonale samfunnet og verkemåten til det multilaterale systemet. Det andre programmet omfattar politisk integrasjon, internasjonal økonomi, geopolittikk og internasjonal kriminalitet. NUPI har eigne faglege seksjonar for internasjonal økonomi og for utviklingsstudiar. Instituttet har i 2001 oppretta ei ny forskningseining for «Training for Peace»-programmet. NUPI starta i 2001 arbeidet med å gå gjennom

dei strategiske instituttprogramma for å avgjere korleis dei best kan førast vidare.

NUPI gir ut nyheitsbrevet «Hvor hender det?», som i hovudsak er mynta på undervisning i grunnskole og i vidaregåande opplæring. Instituttet gir òg ut tidsskrifta «Internasjonal Politikk» og «Forum for Development Studies». I 2002 tok NUPI over ansvaret for å gi ut tidsskriftet «Nordisk Østforum», som er eit kvartalstidsskrift for studiar om Russland og Aust-Europa.

Resultatmål for 2003

NUPI skal fortsetje å vere eit leiande forskingsinstitutt innanfor dei faglege kjerneområda sine. Instituttet skal styrkje den eksterne innteninga og spesielt frå internasjonale finansieringskjelder. Det skal òg føre vidare arbeidet for å auke talet på kvinner i forskarstaben.

Budsjettforslag for 2003

Løyvinga for 2003 blir ført vidare på same nivå som i 2002.

Post 54 Forskingsstiftelsar

Utdannings- og forskningsdepartementet har ansvaret for basisløyvingane til fem frittstående forskingsinstitutt, sjå nedanfor. Løyvinga på posten blir stilt til rådvelde for Noregs forskingsråd. Forskingsrådet har eit strategisk ansvar for instituttsektoren og har derfor fått ansvaret for å tildele desse løyvingane. Tildelinga skal skje i samsvar med «Retningslinjer for statlig finansiering av forskningsinstitutter». Retningslinjene vart fastsette av Kyrkje-, utdannings- og forskningsdepartementet i 1994. Basisløyvingane skal sikre at forskinga til institutta held høg fagleg kvalitet gjennom oppbygging av langsiktig kompetanse på særskilde område. Dei skal ikkje nyttast til å subsidiere oppdragsforskning. Finansieringsstrukturen for institutta er elles omtala i St.meld. nr. 39 (1998–99).

Resultatrapport for 2001–02

Den årlege tildelinga av basisløyvingar gjer Forskingsrådet i stand til å følgje utviklinga i både sektoren og ved kvart av institutta. Løpande kontakt med instituttleiarane, dialogmøte med institutta, systematiske instituttevalueringar, årleg rapportering frå institutta og tildeling av strategiske instituttprogram er tiltak som gjer det mogleg for Forskingsrådet å fremme kvalitet i forskinga, rekruttering, samarbeidsrelasjonar og ei formålstenleg arbeidsdeling innanfor sektoren.

I 2001 har Forskningsrådet mellom anna på denne måten lagt vekt på å styrkje oppfølginga av det instituttstrategiske ansvaret sitt. I den grad det har vore mogleg, har Forskningsrådet ved tildelinga av basisløyvingar og i 2001 lagt til grunn ei viss utjamning av støttenivået mellom institutta i sektoren.

Dei utanrikspolitiske institutta utfører hovudsakleg forskning på følgjande område: utanriks- og tryggleikspolitikken til statane, borgarkrig, etniske og nasjonalistiske konflikhtar, energi-, miljø- og klimapolitikken, ressursforvaltninga og polar- og djuphavsforskinga. I denne gruppa inngår tre institutt: Senter for klimaforsking (CICERO), Institutt for fredsforsking (PRIO) og Fridtjof Nansens Institutt (FNI). Det samla talet på forskarårsverk var 68 mot 67 året før. Kvinner stod for 25 av årsverka. Forskningsrådet tildelte totalt 19,8 mill. kroner i basisløyvingar til desse institutta i 2001. Av denne summen vart 2 mill. kroner fordelte til strategiske samarbeidsprosjekt mellom institutta og NUPI, og 1,6 mill. kroner fordelte til europaforsking ved FNI, NUPI og PRIO. Utanom basisløyvingane hadde dei fire institutta prosjektinntekter på 12,6 mill. kroner frå Forskningsrådet i 2001. PRIO er frå 2002 vertsinstitusjon for eit av dei nye sentra for framifrå forskning. Institutt for samfunnsforskning (ISF) og Fafo – institutt for arbeidslivs- og velferdsforskning driv hovudsakleg forskning om arbeidsmarknaden, arbeidslivet, velferd og internasjonale tilhøve. Den samla basisløyvinga til desse institutta var på 12,6 mill. kroner i 2001. I tillegg kjem støtte frå Forskningsrådet til prosjekt på 22,3 mill. kroner. Institutta utførte 106 forskarårsverk i 2001. Det er ein auke på to frå året før. 52 av årsverka vart utførte av kvinner.

Forskningsrådet gjennomførte i 2000 og 2001 evalueringar av institutta CICERO, Fafo, ISF og NOVA. (Sjå omtale av alle instituttevalueringane i St.prp. nr. 1 (2001–2002)). Evalueringane gav i all hovudsak eit positivt bilete av institutta. Tilrådingane var konkrete og leidde mellom anna til at institutta sjølve setje i verk tiltak for å betre kvaliteten på forskinga. Frå Forskningsrådet si side vart evalueringane lagt til grunn ved tildelinga av basisløyvingar for 2002. Fleire av funna i evalueringane vil trekkjast inn for å betre metodikk og prosess i Forskningsrådets arbeid med instituttevalueringar generelt.

Forskningsinstitutta NIFU og STEP (Studies in technology, innovation and economic policy) vart òg evaluerte i 2001. Som ei følgje av evalueringane, og i samråd med dei to institutta sjølve, vil dei frå 2003 få finansieringa si frå kap. 287, som dei andre samfunnsvitskaplege institutta. Det vil gi eit klarare skilje mellom Forskningsrådet sine roller som

forvaltar av basisløyvingar og kjøpar av tenester. STEP-gruppa skal inngå i SINTEF som eit nytt senter for innovasjonsforskning.

Resultatmål for 2003

Tildelinga av basisløyvingar frå Forskningsrådet skal sikre oppbygging og vedlikehald av kompetanse ved institutta. Basisfinansieringa skal medverke til konsentrasjon om kjerneaktivitetane til dei einskilde institutta. Vidareutvikling av dei strategiske instituttprogramma er ein sentral del av arbeidet for å fremme kvalitet og høveleg nasjonal arbeidsdeling i sektoren. Forskningsrådet skal i dialog med institutta halde fram med dette arbeidet med sikte på å støtte opp under institutta sine strategiar for langsiktig fagutvikling. Målet er at programma skal utvikle vidare den kompetansen institutta har innanfor dei faglege kjerneområda sine, samstundes som kompetanseprofilen òg blir tilpassa nye faglege utfordringar.

Forskningsrådet har sidan 1997 samla inn årlege nøkkeltal for instituttsektoren. Vidare er alle dei samfunnsvitskaplege institutta evaluerte i løpet av dei siste ti åra. Utviklinga i instituttsektoren viser at kvaliteten i instituttforskninga kan betrast, og at betre basisfinansiering kan medverke til dette. Det er vidare ei utfordring å få institutta til å posisjonere seg betre internasjonalt.

I samsvar med tilråding frå utvalet som evaluerte CICERO, og frå Forskningsrådet foreslår Utdannings- og forskningsdepartementet i samråd med Miljøverndepartementet at ansvaret for basisløyvingane til CICERO blir ført over frå Utdannings- og forskningsdepartementet til Miljøverndepartementet frå 1. januar 2003, jf. omtale i St.prp. nr. 1 (2001–2002).

Budsjettforslag for 2003

Løyvinga på posten er i tillegg til priskompensasjonen auka med 2 mill. kroner i høve til 2002. Instituttevalueringar viser at det er behov for å auke basisløyvingane til institutta slik at den vitenskaplege kvaliteten deira kan styrkjast. Midlane skal derfor nyttast til å fremme den grunnleggjande forskinga og den langsiktige kompetanseoppbygginga gjennom vidare utvikling av faglege kjerneområde.

Innanfor løyvinga til dei utanrikspolitiske institutta skal det framleis stimulerast til strategiske satsingar. Det må leggjast vekt på samarbeid mellom institutta, vedlikehald og bygging av europeiske nettverk og auka innsikt i europeiske spørsmål som har høg relevans for Noreg.

Etter overføringa frå Utdannings- og forskningsdepartementet til Miljøverndepartementet skal CICERO framleis ha høve til å søkje om midlar til strategiske samarbeidsprosjekt med dei utanriks-politiske institutta.

Post 71 Tilskott til andre private institusjonar

Posten dekkjer tilskott til Senter for grunnforskning ved Det Norske Videnskaps-Akademi (tidlegare Senter for høgere studier), Det Norske Videnskaps-Akademi i Oslo, Det Kongelige Norske Videnskabers Selskabs Akademi i Trondheim, vitenskaplege fond, Egede Instituttet, Christian Michelsens Institutt og Vannakademiet.

Målsetjing

Formålet med tilskuddsordninga er å medverke til at institusjonane fører vidare forskning og forskingsrelatert verksemd. Tilskottet til Senter for grunnforskning ved det Norske Videnskaps-Akademi, som får hovuddelen av midlane på posten, skal vere med på å heve kvaliteten i grunnforskninga og skape eit godt miljø for postdoktoral utdanning.

Rapport for 2001

Det Norske Videnskaps-Akademi i Oslo (DNVA) og Det Kongelige Norske Videnskabers Selskabs Akademi i Trondheim (DKNVS Akademi) har til oppgåve å fremme norsk vitenskap, mellom anna ved å gi ut vitenskapleg litteratur, forvalte vitenskaplege fond og skape kontakt med utanlandske miljø og organisasjonar. Akademia i Trondheim fekk i 2001 nye statuttar og felles styre. Som året før hadde akademia i Oslo og Trondheim i 2001 stor aktivitet i form av konferansar og fagseminar. Akademiet i Oslo administrerte dessutan norsk medlemskap i 40 internasjonale organisasjonar. DNVA har prioritert å styrkje det internasjonale kontaktnettet.

Senter for grunnforskning ved Det Norske Videnskaps-Akademi er eit tiltak for å heve kvaliteten i grunnforskninga. Senteret skal vere eit felles miljø for særskild dyktige norske og utanlandske forskarar. I tråd med tilrådinga frå utvalet som evaluerte senteret, er mellom anna samarbeidet med dei fire universiteta styrkt ytterlegare. Samarbeidsav-

talane med universiteta vart fornya i 2001 for ein periode på fem år. Til saman seks internasjonalt samansette forskargrupper var i arbeid ved senteret i 2001. Gruppene forska på ulike fagområde, mellom anna på mellomaldertekster, buddhistiske manuskript og væsker i bergarter. Senteret har søkt å rekruttere forskarar som kan vise til faglege resultat på særskild høgt internasjonalt nivå. Større seminar med brei nasjonal og internasjonal deltaking har vore ein naturleg del av den faglege aktiviteten i gruppene.

Vitenskaplege fond gjeld Nansenfondet, Det vitenskapelige forskningsfond av 1919 og Institutt for sammenlignende kulturforskning.

Egede Instituttet har til oppgåve å drive misjonsforskning og fremme misjonskunnskap. Instituttet gir ut «Norsk tidsskrift for misjon».

Tilskottet til Christian Michelsens Institutt (CMI) går til menneskerettsforskninga ved instituttet, som har eit anvend sikttemål og ein klar u-landsprofil. I 2001 heil- eller delfinansierte departementet m.a. følgjande prosjekt: menneskerettar i demokratiseringsprosessar, menneskerettar i utanrikspolitikk, handel og utvikling og redigering av menneskerettsårboka.

Vannakademiet er ein stiftelse som vart oppretta i 1998. Formålet er m.a. forskning for å førebyggje nasjonale og internasjonale konflikhtar om vatn. Midlane går til generell støtte til verksemda og til internasjonalt universitets- og forskingssamarbeid.

Budsjettforslag for 2003

Løyvinga på posten er i 2003 auka med 2,5 mill. kroner utover prisjusteringa. Løyvinga til akademiet (DNVA) i Oslo er auka med kr 400 000 i tillegg til prisjustering i 2003 for å styrkje norsk grunnforskning og den internasjonale verksemda. Utvalet som evaluerte Senter for høgere studier (no Senter for grunnforskning ved Det Norske Videnskaps-Akademi), tilrådde i 1997 ein monaleg budsjettauke til senteret. Løyvinga er styrkt med 2,1 mill. kroner i tillegg til prisjustering. Løyvinga skal gå til å styrkje kvaliteten på grunnforskninga og skape eit godt miljø for postdoktoral utdanning. Løyvinga til dei andre institusjonane på posten blir ført vidare på same nivå som i 2002.

Løyvingar til private vitenskaplege institusjonar og tiltak

(i 1 000 kroner)

Institusjon	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
Det Norske Videnskaps-Akademi i Oslo	1 081	1 813	2 284
Senter for grunnforskning ved Det Norske Videnskaps-Akademi	8 367	10 618	13 132
Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab i Trondheim	107	160	166
Det Kongelige Norske Videnskabers Selskabs Stiftelse	129	183	190
Vitenskaplege fond	116	120	125
Egede Instituttet	267	275	286
Christian Michelsens Institutt	1 064	1 096	1 139
Vannakademiet	2 000	1 060	1 101
Sum	13 131	15 325	18 423

Post 72 Til disposisjon for departementet

Formålet med tilskottsordninga er å støtte arrangement av og deltaking i forskjellige nasjonale og internasjonale forskingskonferansar, og å støtte andre forskingsrelevante tiltak.

I 2001 vart det gitt tilskott til mellom anna eit svensk-norsk bokprosjekt i samband med 100-årsjubileet for unionsoppløysinga i 1905, arrangement i samband med 200-årsjubileet for Niels Henrik Abel og ein EU-konkurrans for yngre forskarar. I tillegg gjekk løyvinga til husleige til Nordisk forskarutdanningsakademi (NORFA). Løyvinga til posten er foreslått vidareført på same nivå som i 2002. I 2003 vil løyvinga i hovudsak bli brukt til å dekkje utgifter til det svensk-norske bokprosjektet og husleige til NORFA.

Post 73 Niels Henrik Abels matematikkpris

Niels Henrik Abels matematikkpris skal gi matematikkfaget ein internasjonal vitenskapleg pris på nivå med nobelprisane innanfor andre fagområde. Prisen skal òg medverke til å auke interessa for matematikkfaget. Niels Henrik Abels minnefond vart oppretta 1. januar 2002 med ein kapital på 200 mill. kroner, jf. kap. 287 post 90. Avkastninga frå fondet blir ført på inntektskapitlet 3287 post 80. Løyvingane til Niels Henrik Abels matematikkpris blir ført med same beløp på denne utgiftsposten.

Den første Abel-prisen skal delast ut i 2003. Avkastninga frå Niels Henrik Abels minnefond

skal gå til å dekkje prisbeløpet, ulike arrangement i samband med prisutdelinga samt aktivitetar for å auke interessa for matematikk i samfunnet, særskilt blant barn og unge. Utdannings- og forskingsdepartementet har i 2002 fastsett statuttar for forvaltninga av minnefondet. Den årlege avkastninga frå fondet blir disponert av Det Norske Videnskaps-Akademi, som vil vere ansvarleg for å peike ut prisvinnaren og dele ut prisen. Akademiet har oppretta eit styre og er i ferd med å opprette ein fagleg komité for Abel-prisen. Abel-styret vil vere ansvarleg for å disponere avkastninga og for å gjennomføre ulike arrangement og aktivitetar knytte til prisen. Abel-komitéen vil vere ansvarleg for å innstille kandidatar til prisen.

Løyvinga på posten svarar til avkastninga for 2002 av Niels Henrik Abels minnefond og vil vere på 12,4 mill. kroner.

Post 90 Niels Henrik Abels minnefond

Frå 1. januar 2002 er det oppretta eit fond for utdeling av ein ny internasjonal matematikkpris til minne om den norske matematikaren Niels Henrik Abel (1802–29). Fondskapitalen er på 200 mill. kroner, og er plassert som kontolån til staten med rente tilsvarande renta på statsobligasjonar med 10 års bindingstid. Den årlege avkastninga frå fondet skal disponerast etter dei retningslinjene og statuttane som departementet har fastsett for Abel-prisen, sjå omtale på post 73.

Kap. 3287 Forskningsinstitutt og andre tiltak (jf. kap. 287)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
80	Avkastning frå Niels Henrik Abels minnefond			12 400
	Sum kap. 3287			12 400

Kapitlet gjeld avkastning frå Niels Henrik Abels minnefond, jf. kap. 287.

Kap. 288 Internasjonale samarbeidstiltak (jf. kap. 3288)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
21	Særskilde driftsutgifter		2 105	4 442
72	Internasjonale grunnforskningsorganisasjonar	97 742	127 900	129 198
74	Til disposisjon for internasjonalt utdanningssamarbeid	2 245		
75	UNESCO			18 179
	Sum kap. 288	99 987	130 005	151 819

I høve til budsjettet for 2002 er det gjort følgjande tekniske endringar:

- Post 21 er oppjustert med om lag 1,4 mill. kroner mot tilsvarende nedjustering av kap. 301 postane 21 og 75 under Kultur- og kyrkjedepartementet i samband med flyttinga av ansvaret for UNESCO.
- Post 21 er oppjustert med om lag 0,9 mill. kroner til Det norske hus i Paris mot ei tilsvarende nedjustering av kap. 270 post 71.
- Post 75 er foreslått løyvd med om lag 18,2 mill. kroner mot ei tilsvarende nedjustering av kap. 301 post 74 under Kultur- og kyrkjedepartementet i samband med flyttinga av ansvaret for UNESCO.

Post 21 Særskilde driftsutgifter*Resultatrapport for 2002*

Løyvinga har blitt nytta til ulike tiltak innanfor nordisk og internasjonalt utdanningssamarbeid. Midlane har mellom anna dekt kontingenten til Senter for utdanningsforskning (CERI) under OECD, norsk deltaking i den årlege teikne- og stillkonkur-

ransen «Europa i skolen», tilskott til Foreningen Norden og nettverk for skoleutvikling (ASP) under UNESCO.

Resultatmål for 2003

Løyvinga vil som tidlegare bli nytta til ulike tiltak innanfor nordisk og internasjonalt utdanningssamarbeid. I tillegg vil løyvinga gå til tiltak i UNESCO-regi. Den norske UNESCO-kommisjonen er rådgivande organ for Regjeringa i UNESCO-saker og bindeledd mellom UNESCO og norske institusjonar og organisasjonar. Verksemda til den norske UNESCO-kommisjonen er basert på programmet til UNESCO sentralt. Løyvinga vil òg bli nytta til tiltak som ikkje blir gjennomførde i regi av UNESCO-kommisjonen, men som er aktuelle for arbeidet som blir gjort i UNESCO. Delar av løyvinga vil gå som tilskott til frivillige organisasjonar.

Budsjettforslag for 2003

Løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2002.

Post 72 Internasjonale grunnforskningsinstitusjonar

Løyvinga skal dekkje den norske kontingenten for deltaking i:

- Organisation européenne pour la recherche nucléaire (CERN)
- European Molecular Biology Laboratory (EMBL)
- European Molecular Biology Conference (EMBC)
- European Synchrotron Radiation Facility (ESRF)
- International Agency for Research on Cancer (IARC)

CERN er ein av dei største installasjonane i verda for eksperimentelle studium innanfor kjerne- og elementærpartikkelfysikk. EMBL driv avansert forskning innanfor molekylærbiologi og bioteknologi. EMBC gir, i samråd med EMBL, støtte til program for utveksling av forskarar innanfor molekylærbiologi. ESRF er eit laboratorium for forskning der ein nyttar synkrotronstråling innanfor ei rekkje disiplinær, med vekt på materialforskning. IARC driv kreftforskning knytt til Verdas helseorganisasjon (WHO).

Noreg dekkjer mellom 0,56 pst. og 2,16 pst. av budsjetta til dei internasjonale grunnforskningsorganisasjonane, med unntak av IARC, der den norske kontingenten utgjer om lag 5 pst. av budsjettet.

Det er ei viktig oppgåve for Forskningsrådet å sørge for best mogleg fagleg utbytte av medlemskapen i desse organisasjonane. Forskningsrådet gir midlar til norsk forskning i samband med medlemskapen i CERN, EMBL og ESRF, såkalla følgjeforskning. Desse midlane går inn i løyvingane til Forskningsrådet på kap. 285 post 52.

Målsetjing

Målet med satsinga er dels å ta del i forskning som er så ressurskrevjande at det ikkje hadde vore mogleg utan internasjonalt samarbeid, og dels å kunne vere med i utviklinga av nye forskingsområde. Satsinga er eit sentralt verkemiddel for å styrkje kvaliteten på norsk forskning. Det skal satsast på auka utnytting og formidling av samarbeidet, mellom anna for at deltakinga kan medverke til verdiskaping i norsk nærings- og samfunnsliv. I samband med dette skal det satsast vidare på å rekruttere fleire nordmenn til dei internasjonale laboratoria. Samtidig blir det lagt vekt på å få norsk næringsliv til å konkurrere om å levere varer og tenester. Deltakinga i dei internasjonale organisa-

sjonane skal sjåast i samheng med den nasjonale satsinga på tilsvarende område.

Rapport for 2001–02

Arbeidet ved CERN har i seinare tid vore prega av bygginga av den nye partikkelakseleratoren, Large Hadron Collider (LHC). Anlegget vil gjere det mogleg for vitskapen å bringe fram grunnleggjande ny kunnskap om dei grunnpartiklane og fundamentale kreftene som formar materien og universet. Sist haust vart det klart at det nye anlegget blir dyrare enn budsjettert og vil bli ferdigstilt først i 2007, to år seinare enn planlagt. I første omgang skal underskottet dekkjast inn ved innsparingar på andre aktivitetsområde og ved større og forlengte lån. Ein ekstern granskingskomité som vart sett ned sist haust, har levert ein grundig rapport som peikar på manglar ved økonomistyring, organisasjon og leiing ved CERN, og kjem med konkrete forslag til forbedringar. Konklusjonen i rapporten er likevel i hovudsak positiv. Den tekniske basisen for LHC, og staben sin kompetanse og evne til å fullføre prosjektet blir ikkje dregne i tvil. Fleire tiltak er allereie sett i verk for å styrke finansfunksjonen, effektivisere organisasjonen og betre kontakten med og informasjonen til dei styrande organa. Ein revidert framdriftsplan for LHC-prosjektet blir venteleg vedteke av Rådet i september.

Den vitskaplege verksemda som følgjer av norsk medlemskap i CERN, blir finansiert gjennom Forskningsrådet. Dei CERN-relaterte prosjekta (til saman fire etter 2000) blir årleg evaluerte av eit internasjonalt panel. Vidareføring av dei einskilde prosjekta, vil avhenge av resultatane av desse evalueringane. Ekspertpanelet som vurderte prosjekta har hittil konkludert med at kvaliteten på dei norske gruppene generelt var høg. I 2001 vart det likevel tilrådd å trappe ned nokre av aktivitetane. Av dei pågåande prosjekta er to retta mot utvikling av utstyr som vil bli teke i bruk når akseleratoren LHC er ferdigstilt.

Dei totale midlane til følgjeforskning på CERN-relatert verksemd var på 11,25 mill. kroner i 2001. I løpet av året var sju doktorgradsstipendiatar knytte til programmet. Nitten nordmenn arbeidde ved hovudkvarteret i Genève i 2001. Det samla talet på nordmenn ved CERN er framleis lågt dersom ein samanliknar med medlemskontingenten. Det vil truleg vere vanskeleg å auke talet på tilsette nordmenn, fordi CERN er inne i ein prosess der talet på fast tilsette blir redusert. Mange norske forskarar (totalt 45 personar) har likevel reist til CERN for å ta del i forskingsprosjekt i løpet av året takk vere midlane til følgjeforskning.

EMBL har fått styrkt budsjettet sitt for den neste femårsperioden (2001–05) for mellom anna å kunne byggje ut infrastruktur og leggje opp vitenskapleg sterke program som er sentrerte om funksjonell genomforskning ved dei fem forskingssentra under EMBL. EMBL arbeider også med teknologi-overføring og kommersialisering av forskingsresultat gjennom oppstart av nye firma. Følgjeforskningsmidla i 2001 var på om lag 8,4 mill. kroner, fordelte med halvparten på Området for medisin og helse i Forskingsrådet og halvparten på Området for naturvitenskap og teknologi.

EMBL har eit prestisjetungt Ph.D.-program. Noreg hadde i store delar av 2001 fire stipendiatar ved dette programmet. Finansieringa av desse var delt mellom EMBL i og Forskingsrådet. Ein postdoktorstipendiat med lønn frå Kreftforeininga har arbeidd ved EMBL ca. 1½ år. Fleire norske gjesteforskarar har vitja EMBL i 2001, og fleire har teke del på arbeidsseminar, kurs og symposium gjennom året.

Noreg er medlem av det europeiske anlegget for synkrotronstråling ESRF i Grenoble. Medlemskapen er organisert gjennom eit nordisk konsortium: NORDSYNC. ESRF var ferdig utbygd i 1999, og anlegget blir rekna for å vere det beste i sitt slag i verda. Norske forskarar er i tillegg med i eit sveitsisk-norsk samarbeid om ei eiga strålelinje (SNBL). Noverande avtaleperiode for SNBL starta i oktober 1999 og vart forlenga til 30. september 2002. Gjennom medlemskapen i NORDSYNC og SNBL-samarbeidet har norske forskarar god tilgang til å drive materialforskning og bioforskning som krev avansert røntgenstråling. I 2001 var om lag 40 norske forskarar ved ESRF og SNBL ein eller fleire gonger for å gjere eksperiment. Saman med dei andre nordiske partnarane i NORDSYNC har Noreg høg utnytting av ESRF-medlemskapen. Over fleire år har NORDSYNC brukt meir stråletid enn det kontingenten dekkjer. NORDSYNCS medlemsdel er på 4 pst., medan bruken er på rundt 6 pst. Frå 2002 betalar derfor NORDSYNC ei ekstra avgift frå år til år for bruken som overstig 5 pst.

Det er teke initiativ for å utvikle eit europeisk senter for "Structural Genomics" ved ESRF. Samtidig er ein i gang med å opprette eit "Partnership for Structural Biology" (PSB) med naboinstitusjo-

nane ILL (Institut Laue-Langevin) og EMBL-Grenoble, med opning for at andre medlemmer kan tre inn etter kvart. Styringsorgana i alle dei involverte institusjonane har i løpet av sommaren 2002 gitt klarsignal til å skrive under eit «Memorandum of Understanding» om å setje i verk PSB.

Frå 2000 er det avsett eigne midlar til ESRF-relaterte oppgåver etter at programmet for materialforskning vart avslutta i 1999. Midlane, som i 2001 var 3 mill. kroner, blir forvalta av ei programgruppe på tre personar. Midlane går til følgjeforskning, rekruttering, reiseutlegg for norske forskarar til ESRF og SNBL, Forskingsrådet sin del i drifta av Norsk synkrotronforskning AS, samt til norsk deltaking i dei styrande organa i ESRF.

Medlemskapen i IARC er viktig for arbeidet med å førebyggje kreft, og er eit verkemiddel for å heve kompetansen på området. I fokus står forskning og informasjon om kreft, med vekt på studium av omfanget av kreft, årsaker til sjukdomen og korleis ein kan minske talet på sjuke. Med tilknyttinga til Verdas helseorganisasjon (WHO) har IARC tilgang til globale oversikter og kan gi bakgrunn og kunnskap for helsepolitiske avgjerder i landa. I Noreg er det i første rekkje Kreftregisteret, Folkehelsa og Radiumhospitalet som tek del i samarbeidet. På siste møtet i Rådet for IARC vart norske representantar valde både til å ta del i utarbeidinga av Medium Term Strategic Vision og i komiteen som skal finne ny direktør. Det er elles teke initiativ for å stimulere norske forskarar til å ta del i IARC-samarbeidet i større grad. Samtidig er det klart at mykje av samarbeidet som er nyttig for Noreg, foregår kontinuerleg, men utan at ein nødvendigvis har forskarar i Lyon for meir enn korte periodar. Forskingsrådet har nyleg arrangert eit møte der leiarar i organisasjonar som kan påverke og informere om IARC, møttest. Samarbeidet i IARC har medverka til at norske forskarar har vorte med i større EU-prosjekt. Ein har òg fått til samarbeid med det amerikanske kreftinstituttet NCI.

Budsjettforslag for 2003

Under er ei oversikt over budsjetterte kontingentar og faktiske utbetalingar for 2001–02:

Organisasjon	Løyving 2001	Utbetalt 2001	Løyving 2002	Utbetalt 2002 ¹⁾	Forslag 2003
CERN	78 831	77 995	108 392	107 014	109 904
EMBL	7 418	7 561	6 598	6 698	6 843
EMBC	1 203	1 224	1 244	1 185	1 211
ESRF	2 808	2 814	3 423	3 162	3 250
IARC	8 108	8 148	8 243	7 526	7 990
Sum	98 368	97 742	127 900	125 585	129 198

¹⁾Alle kontingentane er utbetalte med unntak av siste innbetaling til ESRF og EMBL. Den samla kontingenten til desse organisasjonane er berekna på grunnlag av valutakursar per august 2002.

Post 75 UNESCO

Målsetjing

UNESCO – særorganisasjonen i FN for utdanning, vitenskap og kultur – er eit samarbeidsorgan for regjeringane i medlemslanda og ein møtestad for fagfolk innanfor dei ulike samarbeidsområda. Hovudoppgåva for UNESCO er å medverke til fred og utvikling ved å fremme internasjonalt samarbeid på fagområda til organisasjonen. Løyvinga skal sikre norsk deltaking i UNESCO gjennom å dekkje den norske medlemskontingenten til UNESCO for 2003. Løyvinga går òg til tilskott til World Heritage Fund, som er eit eige fond under UNESCO.

Tildelingskriterium

Generalkonferansen i UNESCO utarbeider ein bidragsskala som fastsett kontingenten til det einskilde medlemslandet for ein toårsperiode.

Oppfølging og kontroll

Generaldirektøren rapporterer til eksekutivkomiteen i UNESCO to gonger i året om oppfølging av vedtak som er fatta på generalkonferansen, dvs. programmet og budsjettet til UNESCO. Dokumentet blir også sendt til alle medlemslanda. I tillegg blir det utarbeidd særreportar og ein rapport for heile den toårige program- og budsjettperioden.

Budsjettforslag for 2003

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2002.

Kap. 3288 Internasjonale samarbeidstiltak (jf. kap. 288)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
01	Inntekter frå oppdrag			276
04	Refusjon av ODA-godkjente utgifter			4 589
	Sum kap. 3288			4 865

I høve til 2002 er det gjort følgjande tekniske endringar:

- Post 01 er foreslått løyvd med kr 276 000 mot ei tilsvarande nedjustering av kap. 3301 post 02

under Kultur- og kyrkjedepartementet i samband med overføringa av ansvaret for UNESCO.

- Post 04 er foreslått løyvd med 4,6 mill. kroner mot ei tilsvarande nedjustering av kap. 3301 post 01 under Kultur- og kyrkjedepartementet t i samband med overføringa av ansvaret for UNESCO.
- Post 01 gjeld inntekter frå oppdrag i UNESCO-kommisjonen. Post 04 gjeld refusjon av ODA-godkjende utgifter, dvs. utgifter som kan godkjennast som utviklingshjelp etter retningslinjene til OECD.

Programkategori 07.80 Utdanningsfinansiering

Utgifter under programkategori 07.80 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003	Pst. endr. 02/03
2410	Statens lånekasse for utdanning (jf. kap. 5310)	15 850 007	16 439 813	19 582 575	19,1
	Sum kategori 07.80	15 850 007	16 439 813	19 582 575	19,1

Budsjettforslaget for kategori 07.80 utgjør 19,5 mrd. kroner. Det er ein auke på 3,1 mrd. kroner i høve til saldert budsjett 2002. Av dette skriv om lag

609,3 mill. kroner seg frå tekniske endringar, jf. omtale under det einskilde kapitlet.

Inntekter under programkategori 07.80 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003	Pst. endr. 02/03
5310	Statens lånekasse for utdanning (jf. kap. 2410)	5 629 752	5 448 554	6 713 856	23,2
5617	Renter frå Statens lånekasse for utdanning (jf. kap. 2410)	4 767 583	5 377 800	6 033 000	12,2
	Sum kategori 07.80	10 397 335	10 826 354	12 746 856	17,7

Budsjettforslaget for kategori 07.80 utgjør 12,7 mrd. kroner. Det er ein auke på 1,9 mrd. kroner i høve til saldert budsjett 2002.

sjølv. Ei god utdanningsfinansiering kan medverke til å rette opp den skeive rekrutteringa til høgere utdanning.

Tilstandsvurdering, strategiar og tiltak

Mål: Gode støtteordningar tilpassa ulike elev- og studentgrupper

Utdanningsfinansieringa skal medverke til at alle skal ha like sjansar til å ta utdanning, uavhengig av sosiale eller økonomiske tilhøve, alder, kjønn eller geografiske avstandar.

Noreg har ei god utdanningsfinansiering samanlikna med andre europeiske land. Undersøkingar viser likevel at det framleis er skeiv rekruttering til høgere utdanning. Ungdom som har foreldre med høgere utdanning, vel oftare høgere utdanning

Statens lånekasse for utdanning administrerer dei stipend- og låneordningane som er oppretta med heimel i lov om utdanningsstøtte til elevar og studentar. I undervisningsåret 2001–02 var talet på elevar og studentar i utdanning med støtterett i Lånekassen 388 000. Av desse fekk 223 000 støtte frå Lånekassen. Den samla tildelinga av utdanningsstøtte var i undervisningsåret 2001–02 på 11 974 mill. kroner. Av dette vart om lag 5 060 mill. kroner betalte ut som stipend og 6 914 mill. kroner som lån.

Frå undervisningsåret 2002–03 er det innført ei ny støtteordning for elevar og studentar, med unntak av unge elevar i ordinær vidaregåande opplæ-

ring. I den nye støtteordninga er kostnadsnorma (basisstøtta) auka til kr 8 000 per måned. Den nye kostnadsnorma gjeld både for studentar som studerer i Noreg, og for studentar som studerer i utlandet. Frå og med 1. november 2002 aukar stipenddelen frå 30 pst. til 40 pst. 15 pst. blir gjort om frå lån til stipend når utdanninga er gjennomført (konverteringsordninga). Den nye støtteordninga inneber også at støtta blir utbetalt månadleg, med unntak av støtta til studiar i utlandet. Månadleg utbetaling gjeld heller ikkje ved tildeling av lån til skolepengar ved utdanning i Noreg.

Fribeløpet for arbeidsinntekt er auka frå kr 5 200 per måned til kr 100 000 per kalenderår. Frå hausten 2002 er det innført fribeløp også for trygde- og pensjonsytningar. Fribeløpet er på kr 53 500 per kalenderår.

Utdanningsfinansieringa er gjort betre og meir fleksibel for å tilpasse ordningane til ulike elev- og studentgrupper, og for å leggje til rette for livslang læring. Frå hausten 2000 fekk vaksne som var fødd før 1978, rett til vidaregåande opplæring, og frå hausten 2002 har alle vaksne som treng det, rett til grunnskoleopplæring. Vaksne som nyttar desse rettane, har rett til utdanningsstøtte på lik linje med studentar i utdanning.

Forslag til ny lov om fagskoleutdanning har vore på offentleg høring. Lovforslaget gjeld utdanningar som er på nivået over vidaregåande opplæring, men utan å vere ein del av universitets- og høgskolesystemet. Sjå nærare omtale under kategori 07.50. Ei undersøking viser at det finst om lag 14 000 elevar og studentar på dette nivået. Regjeringa foreslår at dei utdanningane som blir godkjende etter lov om fagskoleutdanning, også blir godkjend for støtte frå Lånekassen. Regjeringa foreslår å leggje ei slik godkjenning av utdanninga til Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT).

I forslaget til statsbudsjett for 2002 varsla Regjeringa at departementet ville gjere ein gjennomgang av støtteordninga for unge elevar i ordinær vidaregåande skole. Det er behov for ein slik gjennomgang etter omlegginga av støtteordninga for alle andre elevar og studentar enn unge elevar i ordinær vidaregåande opplæring.

For elevar som har rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3-1 blir dei eksisterande støtteordningane førte vidare i undervisningsåret 2002–03. Desse ordningane er ulike for elevar under og over 19 år (aldersskiljet). Under aldersskiljet blir låntildeling og stipend til heimebuarar behovsprøvd etter økonomien til foreldra. Bortebuarar får eit stipend som ikkje blir behovsprøvd (kr 3 450 per måned i undervisningsåret 2002–03). Elevar over 19 år får støtta behovsprøvd

berre etter eigen økonomi. Heimebuarar får ikkje stipend medan bortebuarar kan få eit stipend på maksimalt kr 1 850 per måned.

Regjeringa foreslår at det frå undervisningsåret 2003–04 blir innført ei støtteordning som omfattar alle unge med rett til vidaregåande opplæring. Avgrensinga av kven som blir omfatta av dei ulike støtteordningane i Lånekassen vil dermed vere knytt til type utdanning, og ikkje til alder som i dag. Retten til støtte frå Lånekassen blir knytt til retten til opplæring. Ei felles ordning for alle unge elevar med rett til vidaregåande opplæring vil gjere det enklare å få oversyn over kva ein kan få i støtte frå Lånekassen.

Unge elevar i vidaregåande opplæring kan i dag søkje om lån frå Lånekassen. For undervisningsåret 2001–02 var det om lag 71 000 søkjarar under 19 år. Av desse valde 9,9 pst. å ta opp lån. Dei fleste elevane i vidaregåande opplæring vel å søkje berre stipend og ikkje lån. Likevel viser tala at 52 pst. av tilbakebetalarane som var under inkassohandsaming i Lånekassen i 2001, berre hadde vidaregåande skole. Etter departementet sitt syn er det problematisk at unge personar kan opparbeide seg gjeld til det offentlege for å ta vidaregåande opplæring. Regjeringa foreslår at lånetilgangen blir fjerna i den nye støtteordninga. Når det gjeld den spesielle tilgangen til å søkje om lån til dekning av skolepengar ved private vidaregåande skolar, foreslår departementet å behalde denne. Lån til dekning av skolepengar skal bli gitt utan behovsprøving.

Ei ny støtteordning for vidaregåande opplæring bør vere retta mot familiar med særleg svak økonomi. Departementet meiner at tilskottet til dekning av levekostnader gjennom Lånekassen for unge elevar i vidaregåande opplæring skal vere eit supplement til finansieringa frå foreldra. Regjeringa foreslår å innføre eit nytt system for behovsprøving slik at elevar i familiar med svak økonomi får eit stipend som er så stort at det kan kompensere for noko av verknaden av bortfall av retten til å ta opp lån.

Om lag 72 pst. av stipendmidlane i dagens støttesystem blir tildelte utan behovsprøving til elevar som må bu borte frå foreldra under vidaregåande opplæring. Undersøkingar viser at mange av desse elevane kjem frå familiar med god økonomi.

Dei som må flytte heimafrå for å ta vidaregåande opplæring, vil i den nye ordninga framleis få tilskott til dekning av utgifter til å bu og til reiser utan behovsprøving. Til forskjell frå i dag skal denne gruppa få delar av det totale stipendbeløpet behovsprøvd mot økonomien til forsørgjarane. Sjå nærare omtale under kap. 2410.

I den nye ordninga vil elevar frå familiar med særleg svak økonomi få eit vesentleg større stipend enn i dag. Den totale ytinga for dei som tidlegare har fått fullt stipend og fullt lån, vil bli noko redusert. Det er likevel få elevar som har teke opp fullt lån i dagens ordning. Dei nye reglane for behovsprøving vil bli innretta slik at ingen som tidlegare har fått behovsprøvd stipend vil komme dårlegare ut enn i dag.

Målrettinga av stipend mot elevar frå familiar med særleg svak økonomi er ein del av Regjeringa sin tiltaksplan mot fattigdom.

Tilskottet til ordninga med utlån av læremiddel til elevar i vidaregåande opplæring vart fjerna hausten 2002, jf. Budsjett-innst.S. nr. 12 (2001–2002) og St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 4 (2001–2002). Det vart varsla at stipend til læremiddel skulle bli vurdert i samband med gjennomgangen av støtteordninga for elevar i vidaregåande opplæring. Regjeringa foreslår at det blir innført eit behovsprøvd stipend til læremiddel i den nye støtteordninga.

Departementet foreslår at ordninga med månadleg utbetaling av støttebeløpet blir ført vidare, med unntak av stipend til læremiddel og lån til dekning av skolepengar ved private vidaregåande skolar, som blir utbetalte ved byrjinga av kvart semester.

Den nye støtteordninga for elevar i vidaregåande opplæring vil også gjelde lærlingar over 19 år som ikkje bur i foreldreheimen. Denne gruppa vil få eit tilskott til dekning av utgifter til å bu og til reiser utan behovsprøving. Dei fleste lærlingar får i dag ikkje slikt stipend på grunn av behovsprøving mot lærlinglønna.

Departementet foreslår at unge elevar som har stifta familie, anten ved å gifte seg eller ved å få barn, ikkje skal få støtta behovsprøvd mot økonomien til forsørgjarane. Det er etter departementet si vurdering ikkje rimeleg at unge med eigen familie skal få støtta behovsprøvd mot økonomien til forsørgjarane. Unge med eigen familie vil få støtta behovsprøvd mot sin eigen økonomi og eventuelt mot ektefellen sin økonomi.

I den nye støtteordninga for andre elevar og studentar er det gamle forsørgjartillegget erstatta med eit forsørgjarstipend. Departementet foreslår tilsvarende endringar for unge elevar i ordinær vidaregåande opplæring. Forsørgjarstipendet skal bli gitt etter same sats som i støtteordninga for andre elevar og studentar.

Mål: Kvalitet og breidde i internasjonaliseringa av studiefinansieringa

Deltaking i internasjonal kunnskapsutveksling utviklar kvaliteten på norsk utdanning. Gjennom

studium i utlandet kan studentane utvide si forståing av språk, kultur og globale spørsmål. Norske studentar og elevar som har studert i utlandet, kan også føre internasjonal kompetanse til norske utdanningsinstitusjonar.

I perioden frå 1980–81 til 1999–2000 har det vore ei tredobling av talet på studentar som har søkt støtte frå Lånekassen til høgre utdanning i utlandet. I undervisningsåret 2001–02 var det 15 800 studentar som tok heile utdanninga i utlandet med støtte frå Lånekassen. I tillegg tok 5 500 studentar og elevar delar av utdanninga i utlandet som del av eit studieløp i Noreg.

Statens utgifter til stipend til delvis dekning av skolepengar ved utdanning i utlandet (gebyr- og tilleggsstipend) har auka sterkt i dei seinare åra. I undervisningsåret 2001–02 var utgiftene til dette formålet om lag 526 mill. kroner. Undersøkingar viser at internasjonaliseringseffekten i høve til dei norske utdanningsinstitusjonane er størst når studentane tek ein del av utdanninga i utlandet, til dømes i samband med utvekslingsavtalar, jf. St.meld. nr. 27 (2000–2001). Veksten i utgiftene til gebyrstipend kjem likevel i stor grad frå studentar som tek heile utdanninga i utlandet. Mange tek utdanning på lågare grad (bachelor) i fag der det er god tilgang på studieplassar i Noreg. Departementet ser eit behov for å greie ut delar av støtteordninga for studiar i utlandet for å oppnå ei meir målretta ordning. I dette arbeidet er det naudsynt å ha fokus på kvalitet og breidde, når det gjeld både fagleg innhald, nivå og rekruttering av studentar. I samband med dette vil også departementet vurdere ei betre ordning for finansiering av førebuande språkopplæring for å setje fleire i stand til å studere i ikkje-engelskspråklege land.

Ordinga med støtte og ettergiving for statsborgarar frå utviklingsland og land i Sentral- og Aust-Europa, den såkalla kvoteordninga, vart evaluert i 2001. Evalueringa gir ordninga gode skussmål. Departementet foreslår derfor å føre ordninga vidare. Departementet har følgd opp nokre av forslaga i rapporten og vil arbeide vidare med oppfølginga.

Forsøksordninga for elevar som tek eit år med vidaregåande opplæring i land utanfor Norden gjennom ein godkjend utvekslingsorganisasjon, vart evaluert våren 2002. Eit av siktemåla med forsøksordninga var å gjere vidaregåande opplæring i utlandet meir tilgjengeleg. Evalueringa viser at ordninga fungerer etter intensjonane, og departementet foreslår at ordninga blir ført vidare i undervisningsåret 2003–04. Departementet ønskjer også å føre vidare dei andre ordningane som gjeld støtte til vidaregåande opplæring i utlandet.

Mål: Fleksibelt og forenkla regelverk og auka service i Lånekassen

Lånekassen administrerer tildelinga av utdanningslån og fleire stipend, samt ulike ordningar for tilbakebetaling av studielån.

Eit omfattande regelverk kan gjere det vanskeleg for kundar og nye søkjarar å få oversyn over rettar og plikter. Innføringa av ny støtteordning for elevar og studentar i all anna utdanning enn ordinær vidaregåande opplæring frå undervisningsåret 2002–03 inneber ei klar forenkling av regelverket for tildeling av utdanningsstøtte. Regjeringa sitt forslag til ny støtteordning for unge elevar i ordinær vidaregåande opplæring vil også medverke til ei forenkling.

Regelverket for tilbakebetaling av studielån inneheld framleis detaljerte og til dels kompliserte reglar og vilkår om rentefritak, betalingsutsetjing, ettergiving med vidare. Reglane er lite fleksible ved fastsetjing av betalingsprofil og terminbeløp, og dei gir lite rom for den einskilde tilbakebetalaren til å kunne tilpasse nedbetalinga til sin eigen økonomiske situasjon. Departementet meiner det framleis er behov for å tilpasse ordningane for tilbakebetaling til dei utfordringane og behova som dagens mangearta låntakargruppe representerer. Departementet meiner mellom anna at den einskilde tilbakebetalaren i større grad skal kunne tilpasse nedbetalinga til utviklinga i si eiga betalings-evne.

Det er etablert sosiale ordningar som gjer det mogleg å få betalingslette for grupper med svak økonomi og med ein vanskeleg sosial situasjon. Noreg er også eit av dei få landa i Europa som gir rentefritak under utdanning.

Om lag 470 000 personar betaler på sine studielån til Lånekassen. Desse hadde i 2001 ei totalgjeld på om lag 50 mrd. kroner i lån og 3 mrd. kroner i renter. For tilbakebetalarar som har fått lån til høgere utdanning, er gjennomsnittleg lån i Lånekassen om lag kr 135 000. Gjennomsnittleg nedbetalingstid er om lag 11 år.

Både innføring av ny gradsstruktur, som fører til nedkorting av den totale studietida for dei fleste studieretningane, og ein auke i stipenddelen til 40 pst. vil medverke til at den einskilde studenten får redusert sin totale gjeldsbyrde ved avslutta utdanning.

Reglane for tilbakebetaling av studielån er heimla i utdanningsstøttelova. Departementet går no gjennom lova, mellom anna for å gjere ho meir fleksibel for endringar i reglane for tilbakebetaling. Lova skal også ta høgde for den nye støtteordninga som gjeld frå og med undervisningsåret 2002–03,

og for ei ny støtteordning for unge elevar i ordinær vidaregåande skole.

Dagens IKT-system i Lånekassen byggjer på teknologi frå 1980-åra. Utan ei modernisering av desse systema kan Lånekassen innan kort tid stå overfor store driftsproblem. Dette kan også svekkje tilgjenge til og kvalitet på dei tenestene som blir tilbydde kundane. Modernisering av IKT-systemet i Lånekassen vil mellom anna gjere det enklare å innføre fleksible ordningar for tilbakebetaling.

I samband med tildeling av støtte for undervisningsåret 2002–03 har Lånekassen innført ei ordning med elektroniske søknader om studiestøtte. Erfaringane så langt viser at søknader over Internett blir tekne godt imot av søkjarane. Innføring av nettsøknad er i tråd med Regjeringa sitt mål om døgnoopen forvaltning.

Sommaren 2001 vart det sett ned ei arbeidsgruppe med deltakarar frå Nærings- og handelsdepartementet, finansnæringa, Lånekassen, studentorganisasjonane og Utdannings- og forskningsdepartementet. Arbeidsgruppa har sett på primære oppgåver og ansvarsområde i Lånekassen, og vurdert korleis desse kan bli organiserte. Lånekassen vart mellom anna vurdert i høve til nye krav som blir stilte til moderne bankdrift og automatisering av oppgåvene som er knytte til utdanningsstøtta.

Arbeidsgruppa meinte at målet for Lånekassen må vere å realisere kvalitetskrav om direkte godkjenning av søknader om studiestøtte og fleksible ordningar for tilbakebetaling, samt at kundane skal kunne orientere seg om støtteordningane gjennom interaktive informasjonstenester. Dette føreset at det blir etablert løysingar der kundane i størst mogleg grad styrer søknadsprosessen sjølve. I rapporten til arbeidsgruppa, «Kvalitet og kostnad i organisering av utdanningsstøtten» (Solberggruppa), blir det trekt opp to moglege strategiar «Lånekassealternativet» inneber ei betring innanfor dagens struktur. «Bankalternativet» inneber stor grad av gjenbruk av system og tenester i bank og finansnæringa.

Det er oppretta eit forprosjekt for modernisering av Lånekassen. Prosjektet skal følgje både gjennomføringa av utgreiinga av «Bankalternativet», og arbeide med konkretisering av «Lånekassealternativet». Prosjektet er ein del av moderniseringsarbeidet til Regjeringa.

Forprosjektet skal ikkje vurdere innhaldet i utdanningsfinansieringa. Dette skal framleis bli vedteke i samband med handsaminga av dei årlege budsjettforslag i Stortinget. Dei sosiale ordningane i dagens utdanningsfinansiering, til dømes ved sjukdom og fødsel, vil bli førte vidare.

Departementet vil komme tilbake til saka.

Kap. 2410 Statens lånekasse for utdanning (jf. kap. 5310)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
01	Driftsutgifter	244 350	255 285	273 570
50	Avsetning til utdanningsstipend, <i>overslagsløyving</i>			1 482 200
70	Utdanningsstipend, <i>overslagsløyving</i>	4 148 332	4 679 800	4 366 500
71	Andre stipend, <i>overslagsløyving</i>	833 584	914 800	751 600
72	Rentestønad, <i>overslagsløyving</i>	1 443 853	1 482 400	1 861 000
73	Avskrivningar, <i>overslagsløyving</i>	433 929	474 000	466 000
74	Tap på utlån	451 772	464 000	456 000
75	Særskilde tilretteleggingstiltak for utdanning i utlandet	4 379	4 528	4 705
90	Lån til Statens lånekasse for utdanning, <i>overslagsløyving</i>	8 289 808	8 165 000	9 921 000
	Sum kap. 2410	15 850 007	16 439 813	19 582 575

I høve til 2002 er det gjort desse tekniske endringane:

- Post 01 er oppjustert med 0,3 mill. kroner mot ein parallell oppjustering av kap. 5310 post 03.
- Post 70 er oppjustert med 70 mill. kroner mot ei tilsvarande nedjustering av post 71.
- Post 70 er nedjustert med 530 mill. kroner og post 50 oppjustert med 477 mill. kroner i samband med innføring av ordning med konvertering av lån til stipend knytt til gjennomføring av studiane.
- Post 90 er oppjustert med 662 mill. kroner.

*Resultatrapport for undervisningsåret 2001–02**Hovudtal for støttetildelinga i dei fire siste undervisningsåra*

Frå støttetildelinga	1998–99	1999–2000	2000–01	2001–02
Tal på elevar/studentar i utdanning med rett til å søkje støtte	385 900	389 200	391 200	388 000
Tal på stipendmottakarar	208 448	208 853	209 560	205 481
Tal på støttemottakarar	228 562	228 065	227 344	222 997
Tal på stipendsøkjarar	255 831	253 639	251 617	246 847
Tal på lånesøkjarar	168 717	168 834	169 106	165 392
Gjennomsnittsstipend (kroner)	21 657	22 942	23 769	24 623

Frå støttetildelinga	1998–99	1999–2000	2000–01	2001–02
Totalt utbetalt stipend og lån (mill. kroner)	10 932	11 450	11 823	11 974
Tal på låntakarar	161 592	162 011	161 891	157 754
Sum stipend (mill. kroner)	4 514	4 781	4 981	5 060
Sum lån (mill. kroner)	6 418	6 668	6 842	6 914
Gjennomsnittslån	39 715	41 160	42 262	43 829

Fordeling av ulike stipendformer i undervisningsåret 2001–02 samanlikna med 2000–01

Stipendform	Tal på stipend		Stipend i mill. kroner	
	2000–01	2001–02	2000–01	2001–02
Utdanningsstipend	203 570	199 557	3 926	3 972
Reisestipend, innland og Norden	68 175	67 520	182	188
Gebyrstipend	11 836	11 891	488	503
Tilleggsstipend	705	670	25	23
Reisestipend utanfor Norden	17 736	18 122	109	118
Flyktningsstipend	333	492	17	25
Kunstfagstipend	1 446	1 324	39	35
Fødselsstipend	3 196	2 950	145	136
Tiltaksstipend	2 624	2 512	15	15
Reisestipend, kvoteprogram	793	789	3	4
Reisestipend i Noreg til utanlands- studentar	12 076	12 594	17	18
Omgjering av lån til stipend ved sjukdom	854	1 059	8	13
Andre stipend	50	3	0,4	0
Språkstipend	508	564	8	8
Totalt	323 902	320 047	4 982,4	5 058

Hovudtal for tilbakebetaling av lån

Frå tilbakebetaling	1997	1998	1999	2000	2001
Talet på tilbakebetalande låntakarar	427 000	439 000	443 500	455 400	468 968
Renteberande lån (i mill. kroner)	39 500	42 365	44 460	47 229	50 064
Renter (i mill. kroner)	2 499	2 300	2 765	2 778	3 035
Avdrag (i mill. kroner)	3 546	3 096	3 666	3 348	3 559
Ettergitt/avskrive (i mill. kroner)	365	377	402	439	434
Frå driftsrekneskapen (i mill. kroner):					
Administrasjonsutgifter	180	183	216	233	243
Rentestønad	2 280	1 999	1 331	1 260	1 444
Uteståande lån	55 003	57 957	60 462	63 336	66 050
Uteståande renter	2 954	2 585	2 975	2 926	3 009

Løyvingane til utdanningsstøtte har effekt på fleire postar. Nedanfor følgjer ein samla gjennomgang av budsjettforslaga for undervisningsåret 2003–04. Administrasjonsbudsjettet i Lånekassen blir handsama under post 01.

Budsjettforslag for 2003

Budsjettforslaget gjeld for budsjettåret 2003, men Lånekassen må gi tilsegn om utdanningsstøtte for undervisningsåret 2003–04. Det er såleis ein føresetnad at Stortinget ved handsaminga av budsjettet for 2003 tek stilling til heile undervisningsåret 2003–04, og at Lånekassen kan gi tilsegn om slik støtte, jf. forslag til vedtak III nr. 6 og 7.

Regjeringa foreslår å innføre ei ny støtteordning for alle unge elevar i ordinær vidaregåande opplæring frå undervisningsåret 2003–04. I den nye ordninga vil det ikkje lenger bli gitt utdanningslån, med unntak av lån til delvis dekning av skolepengar ved private vidaregåande skoler. Stipenddelen kan omfatte inntil fire komponentar: Eit grunnstipend og eit stipend til læremiddel kan bli gitte uavhengig av om søkjaren bur borte eller heime, men stipenda vil bli behovsprøvde mot økonomien til forsørgjarane og elevane sjølve. Dei som må flytte heimifrå for å ta vidaregåande opplæring, kan i tillegg få tilskott til delvis dekning av bu- og levekostnader og tilskott til delvis dekning av reiseutgifter. Bu- og reisetilskott skal bli gitte utan behovsprøving.

I den nye støtteordninga vil ein gjere endringar i inntektsomgrepet for elevane. Dette inneber mellom anna at behovsprøvinga mot kapitalinntekt fell bort.

For unge elevar i ordinær vidaregåande opplæring foreslår departementet å innføre ei øvre grense for maksimalt utbetalt tilskott til reiser på kr 7 000 per undervisningsår. Avgrensinga gjeld stipend til innlandsreiser og reiser i Norden.

I samband med handsaminga av Revidert nasjonalbudsjett 2002 i Stortinget, jf. Innst.S. nr. 255 (2001–2002) og St.prp. nr. 63 (2001–2002), vart det vedteke at det frå 2003 skal bli gitt lik støtte til elevar ved folkehøgskolar som for studentar i høgre utdanning. Departementet foreslår at elevar på folkehøgskole skal få ei årleg støtte på kr 80 000 frå undervisningsåret 2003–04.

Ved utrekning av støttebeløpet blir kostnadsnorma justert slik at ho følgjer den faktiske kostnadsutviklinga i samfunnet. I samband med handsaminga av statsbudsjettet for 2002 vedtok Stortinget at kostnadsnorma (basisstøtta) skulle aukast med om lag kr 1 000 til kr 8 000 per måned frå undervisningsåret 2002–03. I lys av dette og av omsyn til det samla budsjettopplegget foreslår Regjeringa at støtta frå Lånekassen ikkje blir prjustert i undervisningsåret 2003–04.

Frå hausten 2002 får elevar og studentar over 25 år, med unntak av unge elevar i ordinær vidaregåande opplæring, ikkje lenger stipend til dekning av utgifter ved reiser i Noreg og Norden. Studentar under 25 år får framleis stipend til tre reiser tur-

retur mellom heimstaden og lærestaden, men ikkje meir enn 7 000 kroner per undervisningsår. Av omsyn til det samla budsjettopplegget foreslår Regjeringa å avvikle stipend til innlandsreiser og reiser i Norden frå undervisningsåret 2003–04.

Studentar som tek utdanning i utlandet, kan få eit gebyr- og tilleggsstipend til full eller delvis dekning av skolepengar. Av omsyn til det samla budsjettopplegget foreslår departementet at gradsstudium i psykologi og teknologiske fag på lågare grads nivå (bachelor) blir tekne ut av listene som gir rett til gebyr- og tilleggsstipend. Avgrensinga gjeld frå undervisningsåret 2003–04 og vil ikkje gjelde studentar som er inne i et studieløp.

I 2002 blir det kravd inn gebyr ved førstegangs betalingsvarsel på kr 35, gebyr for purring ved andregangs betalingsvarsel på kr 260 og gebyr for oppseiing av lån i samband med innkrevjing av misleghaldne utlån på kr 360. Dei relativt høge purregebyra i Lånekassen må sjåast i samband med at Lånekassen i liten grad har andre sanksjonsmiddel dei kan nytte overfor kundane sine. Av omsyn til det samla budsjettopplegget foreslår departementet å auke gebyra på andre- og tredjegangs betalingsvarsel frå Lånekassen med respektive kr 20 og kr 130.

Ordninga med ekstra lån til studentar som tek eit sommarsemester, blir foreslått ført vidare i 2003, jf. forslag til vedtak III nr. 8.

Post 01 Driftsutgifter

Regjeringa foreslår å styrkje administrasjonsbudsjettet i Lånekassen med 7 mill. kroner i 2003. Auken i administrasjonsbudsjettet er knytt til innføring av ny støtteordning i vidaregåande opplæring og utvikling og drift av IKT-system for innrapportering av eksamensresultat frå alle lærestadene som blir omfatta av konverteringsordninga.

Lånekassen har gjennomført eit forprosjekt som har sett på behovet for modernisering av IKT-systemet i verksemda. Ein av konklusjonane er at utan ei gjennomgripande modernisering av IKT-systemet vil Lånekassen i løpet av få år stå overfor store driftsproblem som kan føre til stans i verksemda på kort varsel. Prosjektet skisserer ei løysing der IKT-systemet blir skifta ut innanfor ein periode på 3–4 år. Departementet vil følgje opp denne saka i samband med forprosjektet for modernisering av Lånekassen, jf. kategoriomtalen.

Ein legg opp til at nokre av midlane på posten skal disponerast av departementet, og mellom anna nyttast til arbeid i samband med forprosjektet for modernisering av Lånekassen. Posten finansierer òg lønnsutgifter i departementet til medarbeidarar på avgrensa utviklingsprosjekt knytt til bud-

sjettkapitlet. Løyvinga på posten kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter på kap. 5310 post 03, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 50 Avsetning til utdanningsstipend, overslagsløyving

Posten vart oppretta i samband med handsaminga av Revidert nasjonalbudsjett for 2002, jf. Innst.S. nr. 255 (2001–2002) og St.prp. nr. 63 (2001–2002). Utdanningsstipendet blir gitt med 40 pst. av kostnadsnorma, der dei siste 15 pst. blir gjort om frå lån til stipend når utdanninga er gjennomført (konverteringsordninga). Løyvinga på posten skal settast av i eit fond med tanke på å dekkje dei framtidige utgiftene til konvertering av lån til stipend for dei elevane og studentane som får studiestøtte i 2003.

Post 70 Utdanningsstipend, overslagsløyving

Løyvinga på posten skal mellom anna dekkje utgifter til utdanningsstipend til elevar og studentar.

Frå undervisningsåret 2002–03 er kostnadsnorma til elevar og studentar i all anna utdanning enn ordinær vidaregåande utdanning auka til kr 8 000 per måned. Utdanningsstipend blir gitt med inntil 40 pst. av kostnadsnorma.

Regjeringa foreslår at dei to støtteordningane som i dag gjeld for elevar med rett til vidaregåande opplæring etter § 3-1 i opplæringslova, blir erstatta av ei felles stipendordning. Den nye ordninga vil innebere at også elevar over 19 år vil få stipendet behovsprøvd mot økonomien til forsørgjarane. Elevar som har stifta familie, vil få stipend utan behovsprøving mot økonomien til foreldra.

Det blir innført eit grunnstipend på inntil kr 1 730 per måned og eit stipend til læremiddel på inntil kr 3 500 per undervisningsår. Stipenda blir behovsprøvde mot økonomien til elevane og forsørgjarane, og dei blir gitte uavhengig av om elevane bur heime hos foreldra, eller om dei bur utanfor foreldreheimen. Stipend til læremiddel blir utbetalte i byrjinga av kvart semester. Elevar frå familiar med ei inntekt under kr 143 000, vil få maksimalt stipend. Det kan bli gitt behovsprøvd stipend til elevar frå familiar med inntekt på inntil kr 289 000.

Elevar som må bu borte frå foreldreheimen under opplæringa, kan i tillegg til grunnstipend og læremiddelstipend få tilskott til delvis dekning av bu- og levekostnader og reiser utan behovsprøving mot økonomien til forsørgjarane. Butilskottet blir gitt med kr 2 215 i 2003–04. Retten til støtte skal gjelde så lenge eleven har rett til opplæring etter opplæringslova § 3-1.

Post 71 Andre stipend, overslagsløyving

Løyvinga på posten gjeld tilskott til reiser (reisestipend), til skolepengar i land utanfor Norden (gebyr- og tilleggsstipend) og til førebuaende språkkurs i utlandet.

Reisestipend

I undervisningsåret 2003–04 blir reisesøtta til elevar og studentar som studerer i utlandet, gitt som 30 pst. lån og 70 pst. stipend for to tur-returreiser mellom Noreg og lærestaden. Elevar som tek ordinær vidaregåande opplæring i utlandet, får berre stipenddelen.

Regjeringa foreslår at det i undervisningsåret 2003–04 blir gitt tilskott til tre tur-returreiser mellom foreldreheimen i Noreg og lærestaden for unge elevar i ordinær vidaregåande opplæring i Noreg eller i Norden, utover ein eigendel på kr 970. Regjeringa foreslår at maksimalt utbetalt tilskott til reiser i eitt undervisningsår blir kr 7 000.

For elevar og studentar, med unntak av unge elevar i ordinær vidaregåande opplæring, foreslår Regjeringa å avvikle stipend til innlandsreiser, reiser i Norden og til innlandsreiser for studentar i utlandet frå undervisningsåret 2003–04.

Løyvinga på posten dekkjer også stipenddelen av utgiftene til ei årleg heimreise, samt til reise ved starten og slutten av studiet for studentar som kjem inn under kvoteordninga for utdanningsstøtte til studentar frå Sentral- og Aust-Europa og utviklingsland.

Gebyr- og tilleggsstipend

Frå undervisningsåret 2003–04 foreslår Regjeringa å avgrense ordninga ved å fjerne gradsstudium i psykologi og teknologiske fag på lågare grads nivå (bachelor) frå lista over fag som gir rett til gebyr- og tilleggsstipend. Avgrensinga gjeld ikkje studentar som er inne i eit studieløp.

I undervisningsåret 2003–04 foreslår Regjeringa at gebyrstipend blir gitt med inntil kr 52 320. Tilleggsstipend blir gitt med inntil kr 55 320. Ved endringar i valutakursen kan gebyr- og tilleggsstipend bli gitte med høgre beløp.

Stipend til førebuaende språkkurs

Departementet foreslår at ein held fram med ordninga med eingongsstipend til førebuaende språkkurs til studentar som vel ei utdanning der det ikkje blir undervist på engelsk.

Post 72 Rentestønad, overslagsløyving

Løyvinga på posten dekkjer differansen mellom renteutgifter og renteinntekter for Lånekassen.

I motsetning til dei fleste andre europeiske land er studielån i Lånekassen rentefrie i utdanningstida. Rentefritaket under utdanning inneber ei subsidiering av låneopptaket til elevar og studentar.

Løyvinga på posten blir justert i samband med endringar i rentesatsar.

Regjeringa foreslår å føre vidare ein rentemargin på eitt prosentpoeng.

Post 73 Avskrivningar, overslagsløyving

Løyvinga på posten dekkjer utgifter i samband med ulike ordningar med avskrivning av utdanningslån i Lånekassen, jf. kap. 5310 post 91.

Utdanningslån er personleg gjeld. Etter lov om utdanningsstøtte blir gjelda ettergitt når låntakaren døyr. Lånet kan også bli ettergitt heilt eller delvis når låntakaren er blitt ufør med uføregrad på minst 50 pst., eller langvarig sjuk. I 2001 vart det ettergitt om lag 126 mill. kroner i samband med uførleik, langvarig sjukdom og død. Dette er ein nedgang på om lag 13 mill. kroner samanlikna med 2000. Vidare kan heile gjelda bli ettergitt på visse vilkår for låntakarar frå utviklingsland og Sentral- og Aust-Europa som har hatt støtte frå Lånekassen som deltakarar i kvoteordninga, og som seinare har busett seg varig i heimlanda sine.

Løyvinga på posten skal også dekkje utgifter i samband med ordninga med ettergiving av delar av utdanningslånet for låntakarar som er busette i, og som utøver eit yrke i Finnmark eller i ein av dei sju verkemiddelkommunane i Nord-Troms. Låntakarar som er yrkesaktive legar i utvalde kommunar utanfor Finnmark eller Nord-Troms, blir også omfatta av ordninga med ettergiving av utdanningslån. Det er for desse ikkje eit vilkår at dei er busette i kommunen.

Studentar som har avslutta utdanninga og avlagt eksamen i einskilde lange studium, kan i dag få ettergitt delar av utdanningslånet. Gjennomføring av Kvalitetsreforma og innføring av ny gradsstruktur ved høgre utdanningsinstitusjonar vil føre til nedkorting av den totale studietida for dei fleste studieretningane. Ordninga med ettergiving av utdanningslån er innretta i høve til studium på fem år eller meir. Ordninga vart innført i 1980-åra for å auke rekrutteringa til høgre utdanning. I dag er rekrutteringa god, og det er mindre behov for ordninga. Departementet foreslår at ordninga med ettergiving av utdanningslån blir avvikla frå 1. august 2003. Avviklinga vil ikkje gjelde studentar som er i gang med langvarige studium som i dag

gir rett til ettergiving i Lånekassen. Avviklinga vil først ha budsjettmessig verknad frå 2005.

Departementet foreslår at dagens satsar for ettergiving ved lange utdanningar blir førte vidare i 2003.

Post 74 Tap på utlån

Ved utgangen av 2001 var 44 700 kundar i Lånekassen under inkassohandsaming, mot 45 100 året før. Låntakarar under inkassohandsaming hadde ei utestående gjeld på 4,5 mrd. kroner ved utgangen av 2001, som var det same som året før. Dette er første gong sidan 1996 at denne gjelda ikkje har auka. Ei forklaring kan vere den sterke satsinga på handsaming av inkassosaker i Lånekassen.

Post 75 Særskilde tilretteleggingstiltak for utdanning i utlandet

Løyvinga blir nytta til informasjonsarbeid retta mot nye studentar i utlandet. Dette inneber informasjon om norsk utdanning som grunnlag for opptak og særskilde ordningar ved utanlandske lærestader der det er norske studentar. Løyvinga skal også dekkje utgifter knytte til tilrettelegging for studium i utlandet. Løyvinga vil bli ført vidare på same nivå som i 2002.

Post 90 Lån til Statens lånekasse for utdanning, overslagsløyving

Løyvinga på posten dekkjer behovet som Lånekassen har for innlån frå staten.

Kap. 5310 Statens lånekasse for utdanning (jf. kap. 2410)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
03	Diverse inntekter	279	54	356
04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter	7 014	9 500	9 500
15	Refusjon for arbeidsmarknadstiltak	47		
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	2 623		
17	Refusjon for lærlingar	55		
18	Refusjon av sjukepengar	3 609		
72	Gebyr	124 538	130 000	143 000
90	Avdrag	4 825 661	4 600 000	5 000 000
91	Tap og avskrivningar	665 926	709 000	689 000
93	Innbetaling fra konverteringsfond			872 000
	Sum kap. 5310	5 629 752	5 448 554	6 713 856

I høve til 2002 er det gjort denne tekniske endringa:

- Post 03 er oppjustert med 0,3 mill. kroner, sjå parallell oppjustering av utgiftspost 01 under kap. 2410.

Post 03 gjeld refusjon av kostnader som Lånekassen har ved oppdrag for andre verksemder. Oppdraga gjeld m.a. utsending av materiell til kundegrupper i Lånekassen på vegne av desse verksemdene.

Visse innanlandske kostnader til flyktningar kan etter OECD sitt statistikkdirektiv bli definert som offentleg utviklingshjelp. Løyvinga på post 04 gjeld ettergiving av studielån for kvotestudentar frå utviklingsland som flyttar til heimlandet og buset seg der varig.

Post 72 gjeld gebyr i Lånekassen, m.a. gebyr per førstegongsvarsel for terminbeløp med forfall per 15. februar, 15. mai, 15. august og 15. november.

Regjeringa foreslår å auke gebyret for andregongsvarsel med kr 20 til kr 280, og for tredjegongsvarsel (varsel om oppseiing) med kr 130 til kr 490. Førstegongsvarselet på kr 35 blir foreslått ført vidare i 2003.

Løyvinga på post 90 gjeld avdrag og renter til Lånekassen.

Løyvinga på post 91 gjeld tap og avskrivning i Lånekassen.

Post 93 omfattar innbetaling til Lånekassen i samband med konverteringsordninga, jf. kap. 2410 post 50.

Kap. 5617 Renter frå Statens lånekasse for utdanning (jf. kap. 2410)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
80	Renter	4 767 583	5 377 800	6 033 000
	Sum kap. 5617	4 767 583	5 377 800	6 033 000

Budsjettforslaget gjeld renter frå Lånekassen, jf. kap. 2410 post 72.

Programkategori 07.90 Den norske kyrkja

Utgifter under programkategori 07.90 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003	Pst. endr. 02/03
0294	Kyrkjeleg administrasjon (jf. kap. 3294)	346 866			
0295	Presteskapet (jf. kap. 3295)	591 439			
0297	Nidaros domkyrkje m.m. (jf. kap. 3297)	30 968			
0299	Opplysningsvesenets fond	52 142			
Sum kategori 07.90		1 021 415			

Programkategori 07.90 er overført til Kultur- og kyrkjedepartementet frå 2002, sjå St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 4 (2001-2002). Sjå budsjettproposisjonen

for Kultur- og kyrkjedepartementet for resultatrapport.

Inntekter under programkategori 07.90 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003	Pst. endr. 02/03
3294	Kyrkjeleg administrasjon (jf. kap. 294)	30 258			
3295	Presteskapet (jf. kap. 295)	45 558			
3297	Nidaros domkyrkje m.m. (jf. kap. 297)	12 274			
3299	Opplysningsvesenets fond (jf. kap. 299)	52 142			
Sum kategori 07.90		140 232			

Programkategori 07.90 er overført til Kultur- og kyrkjedepartementet frå 2002, sjå St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 4 (2001-2002).

Kap. 294 Kyrkjeleg administrasjon (jf. kap. 3294)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
01	Driftsutgifter	106 461		
21	Særskilde driftsutgifter	13 482		
71	Tilskott til kyrkjelege formål	110 924		
72	Tilskott til kyrkjeleg verksemd i kommunane	110 000		
73	Tilskott til verksemda ved Nidaros domkyrkje	1 500		
79	Til disposisjon for departementet, <i>kan overførast</i>	4 499		
	Sum kap. 294	346 866		

Sjå omtale under tabellen for kategori 07.90.

Kap. 3294 Kyrkjeleg administrasjon (jf. kap. 294)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
01	Inntekter frå oppdrag	12 870		
02	Salsinntekter o.a.	4 096		
04	Refusjonar	10 147		
15	Refusjon for arbeidsmarknadstiltak	163		
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	586		
18	Refusjon av sjukepengar	2 085		
60	Tilskott frå kommunar	5		
70	Tilskott frå private	306		
	Sum kap. 3294	30 258		

Sjå omtale under tabellen for kategori 07.90.

Kap. 295 Presteskabet (jf. kap. 3295)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under kap. 294 post 71</i>	588 433		
21	Særskilde driftsutgifter	3 006		
	Sum kap. 295	591 439		

Sjå omtale under tabellen for kategori 07.90.

Kap. 3295 Presteskabet (jf. kap. 295)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
01	Inntekter frå oppdrag	2 344		
04	Husleigeinnbetalingar o.a.	22 450		
05	Mekling	536		
15	Refusjon for arbeidsmarknadstiltak	590		
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	4 378		
18	Refusjon av sjukepengar	15 260		
	Sum kap. 3295	45 558		

Sjå omtale under tabellen for kategori 07.90.

Kap. 297 Nidaros domkyrkje m.m. (jf. kap. 3297)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
01	Driftsutgifter	30 968		
	Sum kap. 297	30 968		

Sjå omtale under tabellen for kategori 07.90.

Kap. 3297 Nidaros domkyrkje m.m. (jf. kap. 297)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
02	Salsinntekter o.a.	9 828		
04	Leigeinntekter o.a.	1 907		
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	78		
18	Refusjon av sjukepengar	461		
	Sum kap. 3297	12 274		

Sjå omtale under tabellen for kategori 07.90.

Kap. 299 Opplysningsvesenets fond

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
01	Driftsutgifter	19 663		
79	Til disposisjon for felleskyrkjelege tiltak, <i>kan overførast</i>	32 479		
	Sum kap. 299	52 142		

Sjå omtale under tabellen for kategori 07.90.

Kap. 3299 Opplysningsvesenets fond (jf. kap. 299)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Forslag 2003
18	Refusjon av sjukepengar	22		
54	Overføring frå Opplysningsvesenets fond	52 120		
	Sum kap. 3299	52 142		

Sjå omtale under tabellen for kategori 07.90.

Utdannings- og forskingsdepartementet

tilrår:

1. I St.prp. nr. 1 om statsbudsjettet for år 2003 blir dei summane førde opp som er nemnde i eit framlagt forslag:
 - a. Sum utgifter under kap. 200–288 og 2410 kr 49 610 342 000
 - b. Sum inntekter under kap. 3200–3288, 5310 og 5617 kr 14 431 634 000

Forslag til vedtak for budsjetterminen 2003, kapitla 200-288 og 2410, 3200-3288, 5310 og 5617

I Utgifter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner
Administrasjon			
0200	Utdannings- og forskningsdepartementet (jf. kap. 3200)		
	01 Driftsutgifter	152 327 000	
	21 Særskilde driftsutgifter	2 146 000	
	45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	2 293 000	156 766 000
0202	Læringssenteret (jf. kap. 3202)		
	01 Driftsutgifter	73 019 000	
	21 Særskilde driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 70</i>	7 326 000	
	70 Tilskott til læremiddel o.a., <i>kan overføres,</i> <i>kan nyttast under post 21</i>	35 132 000	115 477 000
0203	Statens utdanningskontor (jf. kap. 3203)		
	01 Driftsutgifter	108 612 000	
	21 Særskilde driftsutgifter	1 200 000	109 812 000
0204	Foreldreutvalet for grunnskolen (jf. kap. 3204)		
	01 Driftsutgifter	5 600 000	5 600 000
0206	Samisk utdanningsadministrasjon		
	50 Tilskott til Sametinget	26 689 000	26 689 000
	Sum Administrasjon		414 344 000
Grunnskolen og vidaregåande opplæring			
0221	Grunnskolen (jf. kap. 3221)		
	01 Driftsutgifter	5 992 000	
	60 Tilskott til verkemiddeltiltak i Nord-Noreg, <i>kan overføres</i>	10 870 000	
	61 Tilskott til institusjonar	35 049 000	
	62 Tilskott til Fjellheimen leirskole	3 943 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	
	63	Tilskott til skolefritidsordningar, <i>kan overførast</i>	153 203 000	
	65	Tilskott til opplæring for språklege minoritetar i grunnskolen	662 613 000	
	67	Tilskott til kommunale musikk- og kulturskolar, <i>overslagsløyving</i>	91 059 000	
	69	Kompensasjon for investeringskostnader ved grunnskolereforma	512 825 000	1 475 554 000
0222		Statens grunnskolar og grunnskoleinternat (jf. kap. 3222)		
	01	Driftsutgifter	43 381 000	43 381 000
0223		Vidaregåande opplæring		
	01	Driftsutgifter	7 098 000	
	60	Tilskott til landslinjer	144 351 000	
	65	Tilskott til opplæring for språklege minoritetar i vidaregåande opplæring	26 178 000	
	70	Tilskott til bedrifter som tek inn lærlingar med særskilde behov	6 961 000	
	71	Tilskott til drift av opplæringsråd	8 353 000	
	72	Tilskott til internasjonale utdanningsprogram	40 647 000	
	73	Tilskott til studieopphald i utlandet	7 319 000	
	74	Tilskott til Røde Kors Nordisk United World College	21 497 000	262 404 000
0224		Fellestiltak i grunnskolen og vidaregåande opplæring		
	01	Driftsutgifter	115 123 000	
	61	Tilskott til opplæring innanfor kriminalomsorga	100 384 000	
	64	Tilskott til opplæring i finsk	7 341 000	
	68	Det samiske utdanningsområdet, <i>kan overførast</i>	35 712 000	
	70	Tilskott	8 259 000	266 819 000
0226		Kvalitetsutvikling i grunnskolen og vidaregåande opplæring		
	21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	381 818 000	381 818 000
0232		Statlege skolar med opplæring på vidaregåande nivå (jf. kap. 3232)		
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 60</i>	103 824 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner
	45		
	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	3 873 000	107 697 000
	Sum Grunnskolen og vidaregåande opplæring		2 537 673 000
Andre tiltak i utdanninga			
0240	Private skolar mv.		
	70 Tilskott, <i>overslagsløyving</i>	1 775 146 000	
	75 Tilskott til privatskoleorganisasjonar	487 000	1 775 633 000
0243	Kompetansesenter for spesialundervisning (jf. kap. 3243)		
	01 Driftsutgifter, <i>kan nyttast under postane 21 og 60</i>	656 029 000	
	21 Særskilde driftsutgifter	39 901 000	
	45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	6 481 000	
	60 Tilskott til kommunar og fylkeskommunar, <i>kan overføres</i>	129 056 000	
	75 Til disposisjon for departementet	1 910 000	833 377 000
0248	Særskilde IKT-tiltak i utdanninga		
	21 Særskilde driftsutgifter, <i>kan overføres</i> , <i>kan nyttast under post 70</i>	166 218 000	
	70 Tilskott til IKT-tiltak, <i>kan nyttast under post 21</i>	3 008 000	169 226 000
0249	Andre tiltak i utdanninga		
	01 Driftsutgifter	2 604 000	
	21 Særskilde driftsutgifter	16 627 000	
	61 Tilskott til Nordland kunst- og filmskole	2 141 000	
	62 Moskvaskolen	1 037 000	
	72 Tilskott til den franske og den tyske skolen i Oslo	5 195 000	
	73 Tilskott til internatdrifta ved Krokeide yrkesskole	17 042 000	44 646 000
	Sum Andre tiltak i utdanninga		2 822 882 000
Vaksenopplæring, folkehøgskolar og fagskoleutdanning			
0251	Fagskoleutdanning		
	70 Teknisk fagskole	110 648 000	110 648 000
0253	Folkehøgskolar		
	21 Særskilde driftsutgifter	2 483 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	
	60	Tilskott til fylkeskommunale folkehøgskolar, <i>kan nyttast under post 70</i>	50 737 000	
	70	Tilskott til andre folkehøgskolar, <i>kan nyttast under post 60</i>	455 880 000	509 100 000
0254		Tilskott til vaksenopplæring (jf. kap. 3254)		
	60	Tilskott til norskopplæring for innvandrarar	625 916 000	
	70	Tilskott til studieforbund	201 494 000	
	72	Tilskott til kvinneuniversiteta, Norsk fredssenter og Studiesenteret Finnsnes	7 613 000	
	73	Tilskott til vaksenopplæringsorganisasjonar	8 700 000	843 723 000
0256		VOX - Vaksenopplæringsinstituttet (jf. kap. 3256)		
	01	Driftsutgifter	46 868 000	
	21	Særskilde driftsutgifter	13 492 000	60 360 000
0258		Forsking, utviklingsarbeid og fellestiltak i vaksenopplæringa		
	21	Særskilde driftsutgifter	80 585 000	80 585 000
0259		Kompetanseutviklingsprogrammet		
	21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	60 718 000	60 718 000
		Sum Vaksenopplæring, folkehøgskolar og fagskoleutdanning		1 665 134 000
Høgre utdanning				
0260		Universitetet i Oslo		
	50	Statstilskott	2 778 775 000	2 778 775 000
0261		Universitetet i Bergen		
	50	Statstilskott	1 623 346 000	1 623 346 000
0262		Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet		
	50	Statstilskott	2 232 589 000	2 232 589 000
0263		Universitetet i Tromsø		
	50	Statstilskott	984 309 000	984 309 000
0264		Noregs handelshøgskole		
	50	Statstilskott	211 905 000	211 905 000
0265		Arkitekthøgskolen i Oslo		
	50	Statstilskott	75 726 000	75 726 000
0268		Noregs idrettshøgskole		

Kap.	Post	Kroner	Kroner	
	50	Statstilskott	99 912 000	99 912 000
0269		Noregs musikkhøgskole (jf. kap. 3269)		
	01	Driftsutgifter	110 058 000	
	21	Særskilde driftsutgifter	1 200 000	
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	2 359 000	113 617 000
0270		Studium i utlandet og sosiale formål for elever og studenter		
	71	Tilrettelegging av studium i utlandet	4 537 000	
	73	Tilskott til studentbarnehagar	76 360 000	
	74	Tilskott til velferdsarbeid	57 115 000	
	75	Tilskott til bygging av studentbustader, <i>kan overføres</i>	199 959 000	337 971 000
0273		Statlege kunsthøgskolar (jf. kap. 3273)		
	01	Driftsutgifter	185 544 000	
	21	Særskilde driftsutgifter	1 407 000	
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	36 065 000	223 016 000
0274		Statlege høgskolar (jf. kap. 3274)		
	01	Driftsutgifter	101 834 000	
	21	Særskilde driftsutgifter	3 321 000	
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	798 000	
	50	Statstilskott	6 467 690 000	
	70	Tilskott	1 410 000	6 575 053 000
0278		Noregs landbrukshøgskole		
	50	Statstilskott	414 007 000	414 007 000
0279		Noregs veterinærhøgskole (jf. kap. 3279)		
	01	Driftsutgifter	190 761 000	
	21	Særskilde driftsutgifter	59 099 000	
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	14 408 000	264 268 000
0281		Fellesutgifter for universitet og høgskolar (jf. kap. 3281)		
	01	Driftsutgifter	433 965 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	
	21	Særskilde driftsutgifter	1 299 000	
	30	Fellesmidlar, <i>kan overførast</i>	25 200 000	
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	20 237 000	
	70	Tilskott til utgiving av lærebøker	7 209 000	
	71	Tilskott til Stiftelsen for helsetenesteforskning	5 026 000	
	72	Stipendmidlar for etterutdanning av kunstnarar	2 027 000	
	73	Tilskott til internasjonale program	61 908 000	
	76	Tilskott til NORUnet, <i>kan overførast</i>	22 930 000	
	77	Tilskott til Falstadsenteret	2 140 000	
	78	Tilskott til Universitets- og høgskolerådet	6 520 000	
	79	Ny universitetsklinikk i Trondheim, <i>kan overførast</i>	236 589 000	
	90	Kapitalinnskott i forskingsstiftelsar o.a.	5 208 000	830 258 000
0282		Privat høgskoleutdanning		
	70	Tilskott	503 785 000	503 785 000
		Sum Høgre utdanning		17 268 537 000
		Forskning		
0283		Meteorologisk institutt (jf. kap. 3283)		
	01	Driftsutgifter	251 575 000	
	21	Særskilde driftsutgifter	68 263 000	
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	9 751 000	
	72	Internasjonale samarbeidsprosjekt, <i>kan overførast</i>	42 129 000	371 718 000
0285		Noregs forskingsråd		
	52	Forskingsformål	952 750 000	
	55	Administrasjon	196 736 000	1 149 486 000
0286		Fondet for forskning og nyskaping (jf. kap. 3286)		
	50	Overføring til Noregs forskingsråd	528 821 000	
	90	Fondskapital	3 000 000 000	3 528 821 000
0287		Forskingsinstitutt og andre tiltak (jf. kap. 3287)		
	21	Særskilde driftsutgifter	3 503 000	
	50	NOVA	21 686 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	
	52	Norsk Utanrikspolitisk Institutt	15 513 000	
	54	Forskingsstiftelsar	43 516 000	
	71	Tilskott til andre private institusjonar	18 423 000	
	72	Til disposisjon for departementet	2 312 000	
	73	Niels Henrik Abels matematikkpris	12 400 000	117 353 000
0288		Internasjonale samarbeidstiltak (jf. kap. 3288)		
	21	Særskilde driftsutgifter	4 442 000	
	72	Internasjonale grunnforskningsorganisasjonar	129 198 000	
	75	UNESCO	18 179 000	151 819 000
		Sum Forsking		5 319 197 000
Statsbankane				
2410		Statens lånekasse for utdanning (jf. kap. 5310)		
	01	Driftsutgifter	273 570 000	
	50	Avsetning til utdanningsstipend, <i>overslagsløyving</i>	1 482 200 000	
	70	Utdanningsstipend, <i>overslagsløyving</i>	4 366 500 000	
	71	Andre stipend, <i>overslagsløyving</i>	751 600 000	
	72	Rentestønad, <i>overslagsløyving</i>	1 861 000 000	
	73	Avskrivningar, <i>overslagsløyving</i>	466 000 000	
	74	Tap på utlån	456 000 000	
	75	Særskilde tilretteleggingstiltak for utdanning i utlandet	4 705 000	
	90	Lån til Statens lånekasse for utdanning, <i>overslagsløyving</i>	9 921 000 000	19 582 575 000
		Sum Statsbankane		19 582 575 000
Sum departementets utgifter				49 610 342 000

Inntekter

Kap.	Post	Kroner	Kroner
Administrasjon			
3200	Utdannings- og forskingsdepartementet (jf. kap. 200)		
	05 Refusjon utdanningsbistand NORAD o.a.	2 598 000	2 598 000
3202	Læringscenteret (jf. kap. 202)		
	01 Inntekter frå oppdrag	7 004 000	
	02 Salsinntekter o.a.	10 560 000	17 564 000
3203	Statens utdanningskontor (jf. kap. 203)		
	01 Inntekter frå oppdrag	1 200 000	
	02 Salsinntekter o.a.	3 832 000	
	11 Kursavgifter	7 031 000	12 063 000
3204	Foreldreutvalet for grunnskolen (jf. kap. 204)		
	02 Salsinntekter o.a.	220 000	220 000
	Sum Administrasjon		32 445 000
Grunnskolen og vidaregåande opplæring			
3221	Grunnskolen (jf. kap. 221)		
	04 Refusjon av ODA-godkjende utgifter	41 243 000	41 243 000
3222	Statens grunnskolar og grunnskoleinternat (jf. kap. 222)		
	02 Salsinntekter o.a.	364 000	364 000
3232	Statlege skolar med opplæring på vidaregåande nivå (jf. kap. 232)		
	02 Salsinntekter o.a.	5 412 000	
	61 Refusjon frå fylkeskommunar	769 000	6 181 000
	Sum Grunnskolen og vidaregåande opplæring		47 788 000
Andre tiltak i utdanninga			
3243	Kompetansesenter for spesialundervisning (jf. kap. 243)		
	01 Inntekter frå oppdrag	39 734 000	
	02 Salsinntekter o.a.	2 962 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	
	11	Kursavgift ved vaksenopplæring og etterutdanning	1 900 000	
	60	Betaling frå kommunar og fylkeskommunar	693 000	45 289 000
		Sum Andre tiltak i utdanninga		45 289 000
		Vaksenopplæring, folkehøgskolar og fagskoleutdanning		
3254		Tilskott til vaksenopplæring (jf. kap. 254)		
	04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter	25 836 000	25 836 000
3256		VOX - Vaksenopplæringsinstituttet (jf. kap. 256)		
	01	Inntekter frå oppdrag	9 520 000	
	02	Salsinntekter o.a.	1 028 000	10 548 000
		Sum Vaksenopplæring, folkehøgskolar og fagskoleutdanning		36 384 000
		Høgre utdanning		
3269		Noregs musikkhøgskole (jf. kap. 269)		
	01	Inntekter frå oppdrag	1 200 000	
	02	Salsinntekter o.a.	312 000	1 512 000
3273		Statlege kunsthøgskolar (jf. kap. 273)		
	01	Inntekter frå oppdrag	1 430 000	
	02	Salsinntekter o.a.	4 532 000	5 962 000
3274		Statlege høgskolar (jf. kap. 274)		
	01	Inntekter frå oppdrag	3 366 000	
	02	Salsinntekter o.a.	715 000	4 081 000
3279		Noregs veterinærhøgskole (jf. kap. 279)		
	01	Inntekter frå oppdrag	59 099 000	
	02	Salsinntekter o.a.	20 369 000	
	04	Refusjon gebyrstipend	555 000	80 023 000
3281		Fellesutgifter for universitet og høgskolar (jf. kap. 281)		
	01	Inntekter frå oppdrag	180 000	
	02	Salsinntekter o.a.	1 155 000	1 335 000
		Sum Høgre utdanning		92 913 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner
Forskning			
3283	Meteorologisk institutt (jf. kap. 283)		
	01	Inntekter frå oppdrag	68 143 000
	02	Salsinntekter o.a.	22 926 000
	04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter	59 000
	05	Refusjon for flyvêrtenester	69 826 000
			160 954 000
3286	Fondet for forskning og nyskaping (jf. kap. 286)		
	80	Avkastning	1 251 740 000
			1 251 740 000
3287	Forskningsinstitutt og andre tiltak (jf. kap. 287)		
	80	Avkastning frå Niels Henrik Abels minnefond	12 400 000
			12 400 000
3288	Internasjonale samarbeidstiltak (jf. kap. 288)		
	01	Inntekter frå oppdrag	276 000
	04	Refusjon av ODA-godkjente utgifter	4 589 000
			4 865 000
		Sum Forsking	1 429 959 000
Statsbankane			
5310	Statens lånekasse for utdanning (jf. kap. 2410)		
	03	Diverse inntekter	356 000
	04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter	9 500 000
	72	Gebyr	143 000 000
	90	Avdrag	5 000 000 000
	91	Tap og avskrivningar	689 000 000
	93	Innbetaling fra konverteringsfond	872 000 000
			6 713 856 000
5617	Renter frå Statens lånekasse for utdanning (jf. kap. 2410)		
	80	Renter	6 033 000 000
		Sum Statsbankane	12 746 856 000
		Sum departementets inntekter	14 431 634 000

Fullmakter til å overskride gitte løyvingar

II

Meirinntektsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Utdannings- og forskningsdepartementet i 2003 kan:

1.

overskride løyvinga på	mot tilsvarende meirinntekter på
kap. 200 post 01	kap. 3200 post 02
kap. 202 post 01	kap. 3202 post 02
kap. 203 post 01	kap. 3203 postane 02 og 11
kap. 204 post 01	kap. 3204 post 02
kap. 222 post 01	kap. 3222 post 02
kap. 232 post 01	kap. 3232 postane 02 og 61
kap. 243 post 01	kap. 3243 postane 02, 11 og 60
kap. 256 post 01	kap. 3256 post 02
kap. 269 post 01	kap. 3269 postane 02, 06 og 11
kap. 270 post 75	kap. 3270 post 49
kap. 273 post 01	kap. 3273 postane 02, 06 og 11
kap. 274 post 01	kap. 3274 postane 02 og 11
kap. 279 post 01	kap. 3279 postane 02, 04 og 11
kap. 281 post 01	kap. 3281 post 02
kap. 283 post 01	kap. 3283 postane 02 og 05
kap. 283 post 45	kap. 3283 post 02
kap. 2410 post 01	kap. 5310 post 03

2. overskride løyvingane til oppdragsverksemd på postane 21 i 2003 mot tilsvarende meirinntekter.

3. nytte inntekter frå sal av eigedommar ved universiteta og Noregs landbrukshøgskole til kjøp, vedlikehald og bygging av andre lokale til undervisnings- og forskingsformål ved den same institusjonen.

4. nytte inntekter frå sal av hybelhus Schultz' gate til bygging av nye studentbustader, jf. kap. 270 Studium i utlandet og sosiale formål for elevar og studentar, post 75 Tilskott til bygging av studentbustader.

*Fullmakter til å pådra staten forpliktingar utover gitte løyvingar*III
Tilsegnfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Utdannings- og forskningsdepartementet i 2003 kan:

1. gi tilsegn om tilskott utover gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye tilsegner og gammalt ansvar ikkje stig over følgjande beløp:

Kap	Post	Nemning	Samla ramme
202		Læringscenteret	
	70	Tilskott til læremiddel o.a.	20,0 mill. kroner
226		Kvalitetsutvikling i grunnskolen og vidaregåande opplæring	
	21	Særskilde driftsutgifter	100,0 mill. kroner
248		Særskilde IKT-tiltak i utdanninga	
	21	Særskilde driftsutgifter	15,0 mill. kroner
270		Studium i utlandet og sosiale formål for elevar og studentar	
	75	Tilskott til bygging av studentbustader	196,0 mill. kroner
285		Noregs forskingsråd	
	52	Forskningsformål	37,5 mill. kroner

2. gi tilsegn om tilskott til opplæring for elevar med anna morsmål enn norsk og samisk i grunnskolen for 1. halvår 2004 (2. halvdel av skoleåret 2003–04) etter dei satsane som blir fastsette for 2. halvår 2003 (1. halvdel av skoleåret 2003–04), jf. kap. 221 Grunnskolen, post 65 Tilskott til opplæring for språklege minoritetar i grunnskolen.
3. gi tilsegn om tilskott til kommunale musikk- og kulturskolar for 1. halvår 2004 (2. halvdel av skoleåret 2003–04) etter dei satsane som blir fastsette for 2. halvår 2003 (1. halvdel av skoleåret 2003–04), jf. kap. 221 Grunnskolen, post 67 Tilskott til kommunale musikk- og kulturskolar.
4. gi tilsegn om tilskott til opplæring i finsk som andrespråk i grunnskolen for 1. halvår 2004 (2. halvdel av skoleåret 2003–04) etter dei satsane som blir fastsette for 2. halvår 2003 (1. halvdel av skoleåret 2003–04), jf. kap. 224 Fellestiltak i grunnskolen og vidaregåande opplæring, post 64 Tilskott til opplæring i finsk.
5. gi tilsegn om tilskott til vidareutdanning i finsk for lærarar i grunnskolen tilsvarande 2 studiepermisjonar for 1. halvår 2004 (2. halvdel av skoleåret 2003–04) etter gjeldande reglar, jf. kap. 224 Fellestiltak i grunnskolen og vidaregåande opplæring, post 64 Tilskott til opplæring i finsk.
6. gi tilsegn om å utbetale støtte for 1. halvår 2004 (2. halvdel av undervisningsåret 2003–04) etter dei satsane som blir fastsette 2. halvår 2003 (1. halvdel av undervisningsåret 2003–04), jf. kap. 240 Private skolar mv., post 70 Tilskott og kap. 2410 Statens lånekasse for utdanning, post 70 Utdanningsstipend, post 71 Andre stipend, post 72 Rentestønad, post 90 Lån til Statens lånekasse for utdanning og kap. 5617 Renter frå Statens lånekasse for utdanning, post 80 Renter.
7. gi tilsegn om å konvertere lån til stipend 1. halvår 2004 (2. halvdel av undervisningsåret 2003–04) etter dei satsane som blir fastsette for 2. halvår 2003 (1. halvdel av undervisningsåret 2003–04), jf. kap. 2410 Statens lånekasse for utdanning, post 50 Avsetning til utdanningsstipend.
8. gi tilsegn om å utbetale tillegg til utdanningslånet for 2003 med kr 3 575 per måned i opptil 2 månader for studentar som tek del i undervisning som er omfatta av ordninga med sommarundervisning, jf. kap. 2410 Statens lånekasse for utdanning, post 72 Rentestønad, post 90 Lån til Statens lånekasse for utdanning og kap. 5617 Renter frå Statens lånekasse for utdanning, post 80 Renter.

*Andre fullmakter*IV
Diverse fullmakter

Stortinget samtykkjer i at:

1. privatistar som melder seg opp til eksamen, og kandidatar som melder seg opp til fag-/sveinprøver etter opplæringslova § 3-5, skal betale eit gebyr per prøve. Gebyret skal betalast til fylkeskommunen. Privatistar som melder seg opp til eksamen, skal betale kr 280 dersom privatisten ikkje har prøvd seg i faget tidlegare som privatist eller elev, og kr 570 ved forbedringsprøver. Kandidatar som melder seg opp til fag-/sveinprøver etter opplæringslova § 3-5, skal betale kr 570 per prøve dersom kandidaten ikkje har gått opp tidlegare, og kr 1 130 ved seinare forsøk.
2. Utdannings- og forskningsdepartementet kan organisere innkrevjing av Kopinoravgift og utgifter til papir/kopiar frå studentar ved underliggjande institusjonar.
3. institusjonar under lov om universitet og høgskolar etter nærare retningslinjer frå Utdannings- og forskningsdepartementet kan få løyve til å ta eigendelar av kursdeltakarar for studium.
4. kap. 265 Arkitekt-høgskolen i Oslo samt Høgskolen i Akershus, Høgskolen i Bergen, Høgskolen i Buskerud, Høgskolen i Finnmark, Høgskolen i Gjøvik, Høgskolen i Harstad, Høgskolen i Hedmark, Høgskolen i Lillehammer, Høgskolen i Molde, Høgskolen i Narvik, Høgskolen i Nesna, Høgskolen i Nord-Trøndelag, Høgskolen i Sogn og Fjordane, Høgskolen i Sør-Trøndelag, Høgskolen i Telemark, Høgskolen i Tromsø, Høgskolen i Vestfold, Høgskolen i Volda, Høgskolen i Østfold, Høgskolen i Ålesund og Høgskolen Stord/Haugesund under kap. 274 Statlege høgskolar, får unntak frå Bevilgningsreglementets § 4.
5. ubrukte løyvingar for 2002 under kap. 265 Arkitekt-høgskolen i Oslo samt Høgskolen i Akershus, Høgskolen i Bergen, Høgskolen i Buskerud, Høgskolen i Finnmark, Høgskolen i Gjøvik, Høgskolen i Harstad, Høgskolen i Hedmark, Høgskolen i Lillehammer, Høgskolen i Molde, Høgskolen i Narvik, Høgskolen i Nesna, Høgskolen i Nord-Trøndelag, Høgskolen i Sogn og Fjordane, Høgskolen i Sør-Trøndelag, Høgskolen i Telemark, Høgskolen i Tromsø, Høgskolen i Vestfold, Høgskolen i Volda, Høgskolen i Østfold, Høgskolen i Ålesund og Høgskolen Stord/Haugesund under kap. 274 Statlege høgskolar postane 01 Driftsutgifter, 21 Særskilde driftsutgifter og 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald kan overførast i samsvar med vanlege reglar til 2003 til post 50 Statstilskott under høvesvis kap. 265 Arkitekt-høgskolen i Oslo og kap. 274 Statlege høgskolar.
6. Utdannings- og forskningsdepartementet kan gi universitet og høgskolar løyve til å:
 - a) opprette nye selskap eller andre einingar og delta i selskap eller einingar i institusjonen si randsone.
 - b) bruke overskott av eksternt finansiert verksemd ved institusjonen eller i randsona til kapitalinnskott ved oppretting av nye einingar eller deltaking i einingar i institusjonen si randsone.
 - c) bruke utbytte frå selskap eller einingar i institusjonen si randsone som institusjonen etter fullmakt har oppretta eller kjøpt aksjar i. Utbyttet kan nyttast i drifta av institusjonen eller som stiftelseskapital.
 - d) selje aksjar i selskap som institusjonen har oppretta eller kjøpt aksjar i. Salssummen skal førast tilbake til institusjonen sine driftsmidlar.
7. Utdannings- og forskningsdepartementet kan gjere Norsk samfunnsvitskapleg datateneste om til aksjeselskap med verknad frå 1. januar 2003, jf. kap. 281 Fellesutgifter for universitet og høgskolar, post 90 Kapitalinnskott i forskingsstiftelsar o.a.